
- ET UGJENDRIVELIG BEVIS PÅ NAZISTENES BARBARI

Rettsoppgjer, minneproduksjon og gjenreising i Norsk Filmrevy 1945 -1949

Av Idar Flo

I am the Lizard King, I can do anything

J. Morrison

Innhald

Føreord	7
----------------------	----------

Innleiing	9
------------------------	----------

Problemstilling og avgrensing	12
Avhandlingas oppbygging	14
<i>Kontekst</i>	15
Fyrste delproblemstilling: Rettsoppgjeret.....	15
Andre delproblemstilling: Minneproduksjon	22
Tredje delproblemstilling: Moralsk og fysisk gjenreising	24
<i>Teori og metode</i>	25
Filmaviser som medium	25
Norsk filmrevy i eit sjangerperspektiv	32
Teoretisk perspektiv	41
Metode.....	46
Tidlegare forskning på Filmavisa	52

Del 1: Materialet	55
--------------------------------	-----------

<i>Medarbeidarane i Filmavisa</i>	55
<i>Kvantitativ analyse av Filmavisa 1945 - 1949</i>	64
<i>Opptakt – den fyrste utgåva av Filmavisa</i>	71

Del 2: Rettsoppgjeret	81
------------------------------------	-----------

<i>Filmavisas omtale av NS og andre landssvikarar</i>	81
Opning av massegraver	85
Rinnanbanden.....	95
Retts sakene mot Dønnum og Sundlo.....	109
Quisling	113
Tyskarjenter	118
<i>Filmavisas omtale av den tyske fienden</i>	124
Gestapo og gestapister	124
Opprydding etter tyskarane	137
Oppgjer med nazismen	160
Hiltgunt Zassenhaus – eit symbol på eit anna Tyskland.....	163

Under tysk fangenskap og terror	164
<i>Rettsoppgjæret - Hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer</i>	171

Del 3: Minneproduksjon..... 177

Gravferder og avduking av minnesmerke.....	177
Hansteen og Wickstrøm – offer og heltar.....	181
Dei falnes dag	189
Våre falne sjømenn.....	193
Minne om militære offer	196
Militære og sivile offer.....	203
Jødar som offer	213
Kommunistar som offer.....	216
Englandsfarerar	219
Minna etter militær innsats	222
Den militære innsatsen i 1940 og allierte under 2. vkr.	233
Sabotørar	237
Offentlege merkedagar blir til	242
Kongehuset i krig og fred	253
Minne om krigen i kunsten.....	258
<i>Minneproduksjon: Hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer</i>	261

Del 4: Moralsk og fysisk gjenreising..... 268

<i>Moralsk gjenreisning</i>	268
«Drankere er sabotørar»	269
Nøysemd, arbeidsmoral og solidaritet	278
Moralsk plikt til å hjelpe krigens offer	286
<i>Den fysiske gjenreising</i>	291
<i>Gjenreising av infrastrukturen</i>	292
«Restene etter tyskernes herjinger» - Finnmark og utbomba byar	292
Nederland – perspektiv på norsk gjenreising.....	305
Ei moderne og planmessig gjenreising	309
<i>Gjenreisinga av næringslivet</i>	315
Gjenreisinga av eksportnæringar	316
Gjenreising av heimeindustrien	324
Rasjoneringa av forbruksvarer.....	326
Gjenreisinga av kommunikasjonane.....	339
<i>Gjenreisinga av forsvaret</i>	344

Forsvarsevne og forsvarsvilje	344
Nye alliansar	359
<i>Moralsk og fysisk gjenreising - Hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer</i>	<i>363</i>
Konklusjon	366
Litteratur og kjelder	381
Vedlegg:	391
<i>Norsk Filmrevy mai 1945 - mai 1949</i>	

Føreord

Det er ikkje så ofte vi merkar noko til jordskjelv på Vestlandet, men den 1. juni 2000 kunne vi her i Volda merke at det ei kort stund rista godt i veggane. Grunnen til at eg hugsar dette så godt, er at eg då sat å skreiv på ei prosjektskisse som eg skulle sende til Hans Fredrik Dahl. Nokre dagar tidlegare hadde eg nemleg for fyrste gong teke kontakt med han, i håp om han kunne gje faglege innspel til ei skisse som på det stadiet var nokså tynn, men «skulle handle om Filmavisa». Han svarte at dette var interessant, men ville at eg skulle vri skissa slik at den kunne passe inn i eit større forskingsprosjekt som han var med å leie: «Å overkomme fortiden» som dreide seg om rettsoppgjeret etter krigen. Eg fekk gleden av å vere med på dette prosjektet, og sidan blei Hans Fredrik hovudrettleiar for avhandlinga. Etter kvart blei han også min næraste overordna i to større bokprosjekt som eg fekk vere med på. Det eine om norsk kulturpolitikk sidan 1814, og det andre var samleverket «Norsk presses historie, 1660 – 2010». Desse prosjekta gav meg stort fagleg utbytte som eg ikkje ville ha vore forutan, sjølv om det førte til at arbeidet med avhandlinga måtte leggast på is ei stund. I denne tida har eg lært Hans Fredrik å kjenne som svært sjenerøs og inkluderande, både fagleg og menneskleg. Ein stor takk går til han!

Sjølv om ei doktoravhandling på dei aller fleste måtar er eit solo-prosjekt, er ein avhengig av svært mange for å kunne lukkast. Det er derfor mange andre som bør takkast. Her ved avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda er det fyrst og fremst Rolf Werenskjold både som ven og kollega. Med stort tålmod har han lagt ned uttallege timar med nitidig arbeid som bi-rettleiar. Tidlegare dekan, Sverre Liestøl, skal også ha mykje takk for at han opna døra for meg til landets fremste journalistutdanning, og gav meg gode rammer for doktorgradsarbeidet her. Kollegaer ved AMF skal ha stor takk for faglege råd, og at dei har godteke mine vage svar om at «avhandlinga er ferdig når den er ferdig».

Denne avhandlinga har naturlegvis vore avhengig av at eg har fått sett Filmavisa sine reportasjar, og hadde ikkje vore muleg å gjennomføre utan at Tore Helseth hjalp meg til å finne fram hundrevis av bortgøynde reportasjar ved Nasjonalbibliotekets arkiv, og likeeins Tedd Urnes ved NRKs arkiv. Tore er ekspert på Filmavis-området, og eg er svært takksam for at han også stilte opp for ei fagfelle vurdering i siste fase av prosjektet.

Alle desse videokassettane med innslag frå Filmavisa måtte digitaliserast for å bli praktisk handterlege, og her har eg fått uvurderleg hjelp av Bjørn Bjørkedal. Materialet måtte bli systematisert, og eg er svært takksam for at Johann Roppen gav meg ei grundig innføring i Filemaker i ein tidleg fase av arbeidet. Det var også viktig i den fyrste tida at prosjektet blei

anerkjent i form av økonomisk støtte frå Rådet for anvendt medieforskning, Stiftelsen Fritt Ord og Arkitekt Eugen Nielsens fond.

I eit slikt prosjekt vil ein ha perioder der oppgåva kan synest vanskeleg og uoverkommeleg, og for å kome i mål med eit slikt arbeid må ein ha ei form for staheit. Heime på Bryggja står H7 måla på grunnmuren til laden. I følgje familiemyten var det far min, Leif Flo (1931 – 2010), som under krigen tok sjansen på å måle Kong Haakon 7. sitt monogram for å vise ein sta motvilje mot den tyske okkupasjonen. Rett nok er litt vanskar og motstand ein stundom kan føle i arbeidet med ei avhandling ein bagatell i forhold til det han den gong opplevde, men eg håpar eg har arva litt av den staheiten han viste. Saman med mor mi, Helga Sandnes Flo, klarte far min å oppdra ni born, og ein slik prestasjon som langt overgår ei avhandling vil eg uansett vise min djupaste takknemlegheit og respekt for i eit slikt føreord.

Til slutt vil eg rette min største takk til Ellen som har støtta meg i tjukt og tynt i alle desse åra, og som måtte trå til som min sponsor i den tida eg berre hadde halve stillingar. Saman med Selma, Felicia, Aksel og Laura minner du meg dagleg om at det finst langt viktigare ting i livet enn ei avhandling!

Volda, 4. februar 2016

Innleiing

Den 21. mai 1945 strøymde publikum til Palassteatret i Oslo.¹ I løpet av den fyrste tida etter frigjeringsa var det blitt filma frå ulike hendingar frå dei fyrste fredsdagane. Filmklippa blei samla i ein filmrevy som no blei vist for fyrste gong. «Vi er fri! Det er fred!», proklamerte filmkommentatoren, mens publikum fekk såg jublande menneske i Oslos gater glede seg over sin gjenvunne fridom. Men så tok gledesscenene brått slutt, og ein fekk sjå fleire menn stige ut av ein politibil med hendene over hovudet, omringa av væpna menn. Kommentator Wilhelm Bjørset skildra det publikum dei no fekk sjå:

Møllergaten 19. Rettferdigheten skjer fyldest. Den foraktelige håndfull av forrædere som falt sine egne landsmenn i ryggen og gjorde seg til fiendens skjendige håndlangere får nu selv oppleve den skjebnen som er blitt så mange ærlige nordmenn til del.

Dette innslaget viste opptakta til det norske rettsoppgjeret etter krigen, ein omfattande prosess som prega landet i fleire år, og som satte sine djupe spor i det norske samfunnet. Etter denne reportasjen fylgde ei rekke andre innslag med nye gledescener som nådde sitt klimaks då revyen blei avrunda med bilde frå kronprins Olav sin heimkomst til landet etter fem år i eksil.

Revyen blei ein stor publikumssuksess, og i løpet av kort tid bestemte Norsk Film A/S at det skulle stå som produksjonsselskap for ei ny permanent filmavis under tittelen Norsk Filmrevy (i denne avhandlingsa vil den bli kalla Filmavisa).² Denne nye Filmavisa blei fødd i ei tid der særleg to politiske spørsmål var sentrale: Korleis ein skulle ta eit rettsleg oppgjær med dei som hadde svikta landet under krigen, og korleis skulle Noreg bli gjenreist? Denne avhandlingsa skal i fyrste rekkje ta for seg korleis Filmavisa dekkja desse sentrale politiske spørsmål i dei fyrste etterkrigsåra fram til 1949

Utover fredsvåren 1945 viste Filmavisa gjennom nye utgåver kvar veke levande bilde frå fleire historiske augneblink. Eitt av dei var då statsminister Johan Nygaardsvold og resten av den norske eksilregjeringsa, etter fem år i London, steig i land på Oslo hamn den 31. mai. Sentrale norske politikarar frå dei største partia hadde i løpet av dei siste krigsåra utarbeidd planar for korleis landet skulle gjenreisast. Desse planane blei endeleg utforma og lansert som ei felles politisk plattform framfor det fyrste stortingsvalet etter krigen, hausten 1945. Eit sentralt element i dette *Fellesprogrammet* var at ein skulle ta eit rettsleg oppgjær med dei som

¹ Premieren var lagt til 2. pinsedag, noko som kan bidra til å forklare den store publikumstilstrøyminga.

² Rett etter frigjeringsa blei dette produksjonsselskapet reorganisert på gammalt grunnlag. Kristoffer Aamot, som nazistane hadde avsatt i 1940 då Norsk Film A/S blei nazifisert, fekk igjen sin gamle posisjon som styreleiar. Evensmo, 1992:226 og 260.

hadde svikta landet under krigen. I tillegg gav det retningslinjer for korleis Noreg skulle bli gjenreist i fysisk og økonomisk forstand. Landet laut også gjenreisast politisk; det var naturlegvis ei høgt prioritert oppgåve å få re-etablert dei politiske institusjonane som demokratiet bygde på. På same måte blei den militære gjenreisinga vurdert som svært viktig for å kunne hindre ein ny okkupasjon.

I store trekk var det det gamle regimet som i 1945 kom tilbake for å overta makta i landet. Det vil seie det same regimet som i april 1940 hadde svikta sitt viktigaste legimeringsgrunnlag; vern av eigne grenser mot fiendtlige styrkar. Det var difor heilt nødvendig for det re-etablerte demokratiet å gjenvinne legitimitet og konsensus kring og forståing for hovudlinjene i statleg politikk dei komande åra, og såleis også sikre den stabiliteten som var nødvendig for å løyse dei mange presserande oppgåvene – «å vinne freden», som det heitte i Fellesprogrammet.³ Det var difor eit sentralt mål at tilliten til statsmakta skulle bli gjenoppretta, og ein føresetnad var at opinionen oppfatta styresmaktenes politikk på desse sentrale områda som legitim. Eit uttrykk for dette var at regjeringa i august 1945 nedsatte ein «Opplysningskomité for gjenreisning». Samlingsregjeringa var tungt representert med mellom anna Jens Christian Hauge som nestformann i denne komiteen, som elles var samansatt av representantar frå pressa og dei sentrale partane i arbeidslivet.⁴ Under leiing av H. O. (Halfdan Olaus) Christophersen, med bakgrunn i Hjemmefrontens Ledelse (HL), fekk denne komitéen som oppgåve å opplyse om styresmaktenes gjenreisingsarbeid:

Det er liten tvil om at folk i dag trenger bedre opplysning om landets virkelige stilling etter krigs- og okkupasjonsårene, om de tiltak som settes i gang for å reise de krigsherjede byene og bygdene, om folkehelsen, næringslivet og arbeidslivet, kultur- og åndslivet og for å øke samfunnsansvaret og samfølelsen. Etter 5 års åndelig mørklegging har befolkningen ikke bare behov for, men berettiget krav på å bli holdt underrettet om hva både sentrale og lokale myndigheter gjør for å overvinne de vanskeligheter krigen har skapt. Det er på denne bakgrunn opplysningskomiteén er blitt nedsatt. I sin praktiske virksomhet vil den særlig legge vekt på å klargjøre målene for gjenreisingsarbeidet og søke å skape en så positiv og sunn atmosfære rundt oppbyggingen av landet som mulig.⁵

Slik presenterte Aftenposten Opplysningskomitéens mandat i samband med at komitéen i september 1945 hadde hatt møte med sentrale representantar frå presse, kringkastinga og

³ Fellesprogrammet, 1945.

⁴ Dr. philos H. O. Christophersen, (Christian Michelsens institutt) blei utnemnd som formann i *Opplysningskomité for gjenreisingsarbeidet* i statsråd 31. august 1945. Dei andre medlemmane var 2) Jens Christian Hauge (nestformann) sekretær ved Statsministerens kontor, 3) Skogdirektør Sørhuss, Landbruksdepartementet, 4) Sekretær Odd Aukrust, Forsyningsdepartementet, 5) Lærer S. Fossgard, Kirkedepartementet, 6) Redaktør Gunnar Ousland, LO, 7) sekretær A. Andersen, LO, 8) Direktør C. Erlandsen, Norsk Arbeidsgiverforening, og 9) Fabrikkeier C. Schou, Norsk Arbeidsgiverforening. Aftenposten 1. september 1945.

⁵ Også skulane, kyrkja og forsvaret skulle bidra i denne opplysningskampanje. Sjø Aftenposten 28. september 1945.

Filmavisa. Føremålet ved møtet var å diskutere korleis desse media skulle bidra til det ein kalla ein «intens og bredt anlagt opplysningskampanje for å gi det norske folk en reell forståelse av vår stilling og våre problemer i dag, men også for å peke på muligheter og veier til å vinne fram til ny velstand og fremgang for vårt land og folk.»⁶ På møtet kom det fram at «Komiteen legger meget stor vekt på at det hersker et godt forhold mellom den offentlige administrasjon og pressen og at pressen får det materiale om gjenreisningiltakene som publikum har krav på.»⁷ Opplysningskomiteen skulle i arbeidet få hjelp av ei pressenemnd med representantar frå Oslo-avisene, og gjennom Norsk Presseforbund blei det også organisert fleire lokale pressenemnder utover landet.⁸ Pressa skulle sende erfarne journalistar ut til ulike delar av landet og skildre gjenreisingsproblema for lesarane sine, og Filmavisa skulle mellom anna filme øydelagde områder, men også vise «de fremskritt som etter hvert blir gjort.» Aftenposten oppsummerte føremålet med møtet slik: «Hensikten er kort sagt og koordinere kreftene og skape en øket forståelse for dagens og fremtidens problemer i gjenreisningen med det mål for øye å øke arbeidsinnsatsen.»

Filmavisa hadde med andre ord fått tildelt ei viktig rolle for å skape ein opinion kring gjenreisingsarbeidet i vid forstand. Opplysning om og forklaring kring dei tiltaka som styresmaktene sette i verk for å gjenreise landet kunne skape grunnlag for ei forståing for og legitimering av den politikken som blei ført, særleg dersom Filmavisa også kunne vise at det blei gjort *framsteg* i arbeidet med fysisk gjenreisning av landet. Men det re-etablerte demokratiets behov for legitimering gjeld også i høg grad ein annan viktig dimensjonen ved gjenreisingsarbeidet: At ein tok eit oppgjær med fortida og gjennomførte eit *rettsoppgjær* som var rettferdig og innanfor akseptable juridiske rammer.

Eit sentralt spørsmål i denne avhandlinga er: Framstilte Filmavisa rettsoppgjæret som legitimt? Generelt kan Filmavisa og andre media oppfattast å spele ei rolle som «oversetjar» av vanskelege og kompliserte samfunnsprosessar, ved å framstille det på ein måte som kan gjere det heile «forståeleg» for publikum. Difor blir måten Filmavisa formidla desse kompliserte politiske og juridiske spørsmåla knytt til rettsoppgjæret ei sentral problemstilling i denne avhandlinga.

⁶ Aftenposten 28. september 1945.

⁷ Aftenposten 28. september 1945.

⁸ Pressenemnda i Oslo hadde følgjande samansetnad: Leif Bøhn, Aftenposten (formann), Rolf Gerhardsen, Arbeiderbladet, Jørgen Juve, Dagbladet, Erling Helestad, Friheten, Gunnar Kringelebotten, Morgenbladet, Solveig Eriksen, Morgenposten, S.Støland, Nationen, Claes Henrik Jæger, Sjøfartstidende, Yngvar Holbæk-Hansen, Verdens Gang, og Thorleig Andersen (sekretær), NTB. Aftenposten 28. september 1945.

Krigens hendingar var sjølvstags årsaka til både rettsoppgeret og gjenreisinga, og var eit viktig referansepunkt også for mange av Filmavisas reportasjar. Dette gjaldt sjølvstags reportasjar der ein kunne sjå Quisling, Rinnan eller andre bli ført for retten og tiltalt for landssvik, men også der ein kunne følge arbeidet med å få i gang produksjonslivet, planlegging og bygging av nye bustadar, og ei lang rekkje andre innslag der gjenreisinga av landet var sentralt. Men Filmavisas dekning av rettsoppgeret kan også knytast til det ein kan kalle «forteljinga om krigen», der krigens hendingar og den skade dei tiltalte hadde påført sine landsmenn ikkje berre var det juridiske grunnlaget for straffeutmålinga. Det var også ein del av grunnlaget for det som skulle bli nordmenns kollektive førestelling og minne om krigen. Dette kom særleg til uttrykk ved at det straks etter krigen blei satt i gang arbeid med å få reist minnesmerke over krigens falne. Ved avdukingar av slike minnesmerke blei det ofte talt om krigens offer, og den kampen nordmenn hadde ført mot okkupasjonsmakta og deira medløperar. Også slike «forteljingar om krigen» kan til ein viss grad knytast til eit spørsmål om rettsoppgeret i si form og utstrekning kunne bli oppfatta som legitimt: Var det eit samsvar mellom straffeutmålinga og den kollektive førestellinga om kva sorg og lidning dei som skulle straffast hadde påført sine landsmenn? I denne avhandlinga skal vi sjå nærare på det vi kan kalle Filmavisas *minneproduksjon*, og korleis det kom til uttrykk gjennom mellom anna mange reportasjar frå avdukingar av minnesmerke etter krigens falne ulike stadar i landet.

Det sentrale politiske spørsmålet i dei fyrste etterkrigsåra var sjølvstags knytt til *gjenreisinga* av landet. Korleis næringslivet skulle kome i gang igjen, brente byar bli bygd opp att og tiltak for å betre infrastrukturen. Noko skilt i frå det sivile liv skulle det i desse åra også foregå ei gjenreising av forsvaret, noko som kravde store ressursar. Gjenreisinga av landet var også knytt til ein moralsk dimensjon. Fleire peika på at det var nødvendig å vise høg arbeidsmoral dersom ein skulle klare å sikre alle husvære og mat på bordet. Dessutan var solidariske handlingar og humanitære aksjonar for krigens offer ofte moralsk grunngeve. I denne avhandlinga skal vi også sjå om ein kan finne spore etter denne moralske dimensjonen ved gjenreisinga av landet i Filmavisa sine reportasjar.

Problemstilling og avgrensing

Denne avhandlinga har følgjande hovudproblemstilling: *I kva grad bidrog Filmavisa til å legitimere det re-etablerte demokratiet i perioden 1945 - 1949?* For å kunne svare på denne overordna problemstillinga, har avhandlinga også tre delproblemstillingar: 1) *Korleis framstilte*

Filmavisa det norske rettsoppgjeret 2) Kva var Filmavisas minneproduksjon om krigen? 3) Korleis framstilte Filmavisa det ein kan kalle den fysiske og moralske gjenreisninga av landet?

Filmavisa hadde premiere i mai 1945, og sendte deretter ut nye utgåver kvar veke fram til den blei lagt ned i 1963. Kvar revy var på ca. 10 – 12 minutt fordelt på 7-8 forskjellige reportasjar. Det utgjer tilsaman ca. 10 – 12 timar for kvar årgang, eller nærare 200 timar i løpet av heile levetida til Filmavisa. Det er difor innlysande at materialet må avgrensast for at det i det heile skal kunne gjennomførast innanfor rammene av ei avhandling.

Eg har valt å avgrense materialet til å omfatte fire årgangar, frå mai 1945 til mai 1949, men ikkje berre av praktiske årsaker. Avgrensinga er også grunngeven utifrå den historiske konteksten: I nettopp desse fire årgangane kan ein kan studere sentrale sider ved rettsoppgjeret, minneproduksjonen og gjenreisninga, og korleis dette blei framstilt i Filmavisa. I neste delkapittel vil denne konteksten vil bli grundig presentert, og knytt til sine respektive delproblemstillingar. Vi skal her likevel kort grunngeve korfor avhandlinga er avgrensa i tid på denne måten.

Sjølv om rettsoppgjeret enno ikkje var over, var dei fleste domfellingane og andre straffereaksjonar i samband med det rettslege oppgjeret etter krigen gjennomført i 1949. Sjølv om fleire saker enno i nokon år verserte i rettssystemet, mellom anna som ankesaker i Høgsterett, hadde dei mest sentrale og flesteparten av dei ca. 93.000 landssviksakene på dette tidspunktet blitt endeleg avgjort.

Korleis blei det som skjedde under krigen framstilt i Filmavisa i denne perioden? Krigens hendingar låg nær i tid, og i denne perioden blei det ein kan kalle forteljingar om krigen uttrykt på fleire måtar. I desse fyrste etterkrigsåra var det blant anna ei lang rekkje minnehøgtider etter krigens falne. Reportasjar kring slike hendingar utgjorde ein del av det ein kan kalle Filmavisas minneproduksjon. Ved å studere dei fyrste fire årgangane, kan ein truleg finne spor etter opphavet til førestellingar om kva som hendte under krigen.

Det er vanskeleg å tidfeste *når* gjenreisninga av landet innanfor dei ulike sektorane var «over», men arbeidet med å få i gong næringslivet hadde kome langt i 1949. Allereie i 1946 var industriproduksjonen komen opp på 1939-nivå, mens ein på andre sektorar framleis låg eit stykke bak ambisjonane som Fellesprogrammet proklamerte. Dette gjaldt mellom anna husbygging og infrastruktur, og staten fann det nødvendig å fordele ressursane gjennom ein streng rasjoneringspolitikk for å nå målet om gjenreisning av landet. I denne perioden var arbeidet med å gjenreise eit truverdig forsvar etter krigen i sin fyrste fase, og i april 1949 gjorde

landet ei viktig forsvarspolitisk avklaring ved å gå inn i NATO. Dette er hovudgrunnane til at materialet er avgrensa til dei fyrste fire gjenreisingsåra.

Avhandlingas oppbygging

Avhandlinga er organisert i fire hovuddelar pluss ei innleiing og ein konklusjon. Tre av hovuddelane tek for seg kvar av dei tre delproblemstillingane.

I **Innleiinga** skal vi fyrst gjere greie for *konteksten* for dei tre delproblemstillingane som vil vere sentrale element i analysen av Filmavisa. Det norske *rettsoppgeret* vil med utgangspunkt i tidlegare forskning bli satt inn i ein internasjonal og historisk samanheng. Vidare vil det bli utdjupa i kva grad *minneproduksjon* kunne spele ei rolle i nordmenns kollektive førestelling og minne om krigen. I dette delkapittelet skal vi til slutt gjere greie for sentrale trekk ved *gjenreisinga av landet*.

Vi skal vidare presentere ulike *teoretiske perspektiv* på materialet. Filmaviser var eit stort og verdsomspennande medium, men er i dag nokså ukjent for dei fleste. Med utgangspunkt i eit internasjonal forskning skal vi difor fyrst gjere greie for kva filmaviser ein gong var, og kva sjangerkonvensjonar som kan knytast til denne type medium. Deretter skal vi presentere teoretiske perspektiv på korleis dette materialet kan tolkast og val av metode. Til slutt skal vi gjere greie for kva tidlegare forskning som er gjort på norske filmaviser, og kva som er denne avhandlinga sitt bidrag til forskingsfeltet.

I **fyrste hovuddel**, som er kalla ***Materialet***, skal vi kort forklare korleis Filmavisa blei produsert og peike på sentrale produksjonsrammer. Deretter skal vi gje ei kvantitativ oversikt over alle reportasjane som blei produsert av Filmavisa i dei fire årgangane 1945 - 1949. Denne delen blir avslutta med ein presentasjon av den fyrste utgåva av Filmavisa som kom i mai 1945.

Dei neste tre hovuddelane skal gje svar på kvar av dei tre delproblemstillingane. **Andre hovuddel** skal gje svar på korleis Filmavisa dekte *rettsoppgeret*, i **tredje hovuddel** skal vi analysere Filmavisas *minneproduksjon* om krigen, og **fjerde hovuddel** skal gje svar på korleis den fysiske og moralske *gjenreisinga* blei dekt av Filmavisa. Avhandlinga blir avslutta med ein **konklusjon**, kor eg skal svare på den overordna problemstillinga.

Det kan i ei avhandling vere freistande å utføre ei eller anna form for komparasjon. Det kunne sjølvsagt vere interessant å samanlikne Filmavisa med aviser eller andre medier i denne perioden. Likeeins kunne ei samanlikning med filmaviser utanlands bidra til å gje nye perspektiv på materialet. Fire årgangar med Filmavisa er likevel eit så omfattande materiale at ambisjonar om komparasjon må bli lagt til side.

Kontekst

Fyrste delproblemstilling: Rettsoppgjøret

Heimefrontens juridiske avdeling planla eit strengt og omfattande rettsleg oppgjer med dei som hadde svikta landet sitt, og den norske eksil-regjeringa i London førebudde oppgjeret som skulle kome når krigen ein dag var vunnen.⁹ Ein ønskte at rettsoppgjøret skulle iverksetjast så snart som muleg etter at tyskarane var kasta ut, og at ein skulle bli raskt ferdig med det slik at ein kunne gå vidare med å byggje opp landet. Oppgjeret skulle også vere strengt, både med bruk av lange fengselsstraffer og dødsstraff. Dette skulle også vere eit alvorleg signal om at eventuelle forræderar i framtida ville bli straffa hardt. Ein ville gå grundig til verks, slik at eit stort antall medløperar skulle bli straffa. Ein ville også ramme økonomiske kollaboratørar. Det var likevel viktig at oppgjeret blei oppfatta som rettferdig med omsyn til både straffeutmåling, at like brot skulle likt bõtast, og at det ikkje blei gjennomført i strid med allminneleg prosessuell rettssikkerheit. Samtidig var det viktig at rettsapparatet brukte sine knappe ressursar effektivt, særleg med omsyn til det store antallet saker som skulle gjennom rettskverna.¹⁰

Kravet om å gå grundig til verks kom særleg til uttrykk ved at sjølv medlemskap i Nasjonal Samling (NS) blei gjort straffbart. I følgje straffelova kunne medlemmane bli rekna som medverkande til Quislings forfatningsomstyrtelse, og dermed kunne sjølv passive medlemmar bli straffa. Denne lovtolkinga blei stadfesta i den fyrste prinsipielle dommen i juli 1945 som felte Reidar Haaland for mellom anna medlemskap i Nasjonal Samling.¹¹ I dommen blei det slått fast at den 9. april 1940 gjekk NS frå å vere eit vanleg politisk parti til eit parti som «støttet fienden og samarbeidet med ham for at han skulde vinne krigen.»¹² Dette førte til at det norske rettsoppgjøret i høve til folketalet blei blant dei mest omfattande i Europa etter 2. verdskrigen. Det blei etterforska tre ganger fleire saker enn det London-regjeringa hadde lagt til grunn i sitt førebuande arbeid.¹³ Tabellen under viser fordelinga av straffereaksjonar under det norske rettsoppgjeret:

⁹ Vaale 2004:175-176.

¹⁰ Elster 2004:139-140. Opphavelag Dahl 2004

¹¹ Haaland, Reidar (1919-45) var NS-mann, frontkjempar, statspolitimann og torturist. Haaland var den fyrste nordmannen som fekk dødsdom stadfesta i Høgsterett (9.8.1945). Ved at ein viste til saka mot Haaland, heitte det også sidan at NS-medlemskap i seg sjølv var straffbart. Det siste blei hyppig kritisert. Mange meinte at Haalands sak var dårlig egna som prinsippsak nettopp fordi han på éi og same tid var både NS-medlem, frontkjempar og torturist. Sjå artikkel om Reidar Haaland, Norsk Krigsleksikon (1995), signert Hans Fredrik Dahl.

¹² Dahl og Sørensen *Et parti av lovbrytere* i Dahl og Sørensen (red.) 2004:87-117.

¹³ Justisdepartementet i London planla for ca. 30.000 saker. Dahl 2004:14.

Reaksjon	Tal
Dømd til døden	30
Dømd til fribomsstraff	17.000
Dømd til anna straff	3.450
Førelegg fribomsstraff	3.120
Førelegg anna straff	25.180
Frifunnen ved endeleg dom	1.375
Påtaleunnlating	5.500
Henlagd etter bevisets stilling	37.150
Sum	92.805

Tabell 1: Landssviksaker etter andre verdskrigen totalt, etter reaksjon¹⁴

Om lag 93.000 saker blei etterforska under rettsoppgjeret, og bortimot 50.000 nordmenn blei straffa. Argumentet for eit slikt omfattande rettsoppgjer var blant anna at ein ville gjenreise den politiske statsmakta og vise at den fungerte effektivt, slik at ein kunne hindre utstrakt bruk av sjølvtekt frå ein hemngjerrig opinion.¹⁵ Dessutan kunne eit «mildt» oppgjer, med omfattande bruk av amnesti skape ein kjensle av at landssvikarane ikkje hadde gjort opp for seg, og krav om eit nytt og strengare rettsoppgjer kunne bli reist seinere.¹⁶

Det var dei som meinte at eit omfattande rettsleg oppgjer kunne vere eit grunnlag for nasjonal forsoning, og gjenintegrering av landssvikarar når dei hadde sona straffa si. Ein av dei leiande personane i kyrkjekampen, biskop Eivind Berggrav i Oslo, argumenterte såleis for at samtlege NS-medlemmar burde straffast: ”Det er riktig og viktig at grunndommen over NS rammer en moralsk verdi: Tilliten. (...) de har tapt landsmenns tillit som landsmenn.”¹⁷ For biskopen var det ein føresetnad for gjenintegrering at dei vedgjekk skuld, og understreka at desse ikkje måtte bli utstøytt når dei hadde sona straffa si: ”Vårt mål skal være å føre

¹⁴ Oversikta er henta frå Dahl og Sørensen (2004:226) som er basert på «Om landssvikoppgjeret» (1962:110). «Dømd til fribomsstraff» er eit anslag.

¹⁵ Andenæs 1979.

¹⁶ I nyare tid har enkelte statar som har gått frå diktatur til demokrati gjeve amnesti til fleire sentrale personar som har gjort seg skuldige i alvorlege brotsverk. Dette gjeld til dømes under avviklinga av militærdiktatura i Spania og Argentina. Seinere har sterke krefter i opinionen i desse statane pressa på for å oppheve amnesti slik at desse likevel skal bli straffa. Elster 2004.

¹⁷ Berggrav 1945:13. Dette var Berggravs kommentar til regjeringa i London si provisorisk anordning om *Tap av almen tillit* i 1942. Denne nye forma for straff kunne mellom anna innebere tap av røysteretten og forbod mot å inneha offentlege stillingar. Berggrav skreiv *Folkedommen over NS – hva vil være rett av oss?* mens han sat i husarrest på hytta si i Asker frå 1942 til han flykta derifrå i april 1945. «Folkedommen» blei publisert i tidsskriftet «Kirke og kultur» i mai 1945.

rettfærdigheten slik fram at vi kan *gjenvinne for vårt folk alle dem vi hadde tapt* [Berggrav kursiv].¹⁸ Berggrav rørte ved ein moralsk dimensjon ved rettsoppgjøret: Gjennom rettsapparatet skulle ein ta eit oppgjær med dei landssvikarane, slik at ein kunne gå vidare med å byggje landet i fredeleg sameksistens. Også fleire sentrale politikarar tok til ordet for resosialisering av landssvikarane.¹⁹ Likevel synest ikkje eit slikt ønskje om forsoning å vere blant dei mest sentrale motiva for å gjennomføre det norske rettsoppgjøret. Ei streng straff som også skulle verke avskrekkande for mulege landssvik ein gong i framtida synest å ha vore langt viktigare. Mykje tyder også på at mange av dei som blei dømde og sona straffa si som landssvikarar seinare fekk store problem med å bli integrert i samfunnet.²⁰

Andre verdskrig har vore eit sentralt tema i norsk historieforskning så å seie sidan krigen slutta i 1945, og produksjonen av bøker, avhandlingar og studiar om temaet har vore svært stor. I tillegg finst ei lang rekkje meir eller mindre dokumentariske bøker, filmar og andre populærvitskaplege framstillingar av dei fem krigsåra. Derimot finst det relativt lite forskning om det norske rettsoppgjøret, og i endå mindre grad korleis dette blei framstilt i media. I forhold til rettsoppgjørets store betydning og spesielle karakter, både juridisk, historisk og politisk, synest det underleg at det lenge har vore så lite forskning på dette området.

Den fyrste store gjennomgangen av rettsoppgjøret kom i fyrst på 1960-talet. I 1955 nedsatte justisdepartementet eit offentleg utval leia av høgsterettsdommar O. C. Gundersen som sjølv hadde vore justisminister under rettsoppgjøret.²¹ I 1962 kom utvalet med innstillinga «Om landssvikoppgjøret». Dette gav ei kvantitativ og ei tilsynelatande nøytral framstilling av gjennomføringa av rettsoppgjøret, men utan at viktige juridiske og politiske dilemma i nokon særleg grad blei drøfta. Som ansvarleg justisminister under rettsoppgjøret kan ein hevde at O.C. Gundersen mellom anna leia ei gransking av si eiga rolle, og noko liknande kan seiast om professor Johs. Andenæs. Under rettsoppgjøret var Andenæs rådgjevar for Riksadvokaten, og han fungerte også i ei periode som dommar i Høgsterett. Kritikken og ulike synsmåtar oppgjøret hadde møtt blei inngåande drøfta i hans bok «Det vanskelige oppgjøret» i 1979. Andenæs problematiserte heile rettsprosessen frå planlegging til slutføring og hevda at rettsoppgjøret

¹⁸ Berggrav 1945:40.

¹⁹ KrF.s Nils Lavik sa det slik: «Hovudsaka er ikkje å døma 40000 menneske meir eller mindre hardt, det er ikkje hemn eller attergjeld det spørst om i fyrste rekkje, men det er å vinna dei attende til eit nyttig arbeidsliv og menneskeliv» Dette fekk han støtte i frå Venstres Christian Oftedal, som stilte følgjande krav: «Først soning og så forsoning; når de har sonet, da skal vi ta imot dem.» Også representantar frå Høgre og Arbeiderpartiet støtta dette synet om resosialisering. Sjå Brandal 66-67:2004:

²⁰ Sjå til dømes Baard H. Borge (2002).

²¹ Oscar Christian Gundersen, best kjent som O. C. Gundersen, var justisminister i perioden nov. 1945 – okt. 1952 og 1963 – 1965.

hadde to viktige føremål: Det eine var å straffe dei som hadde svike landet og landsmennene sine. Det andre føremålet var å gjenreise den politiske statsmakta og å vise at ho fungerte effektivt.²² Seinare har Dag Ellingsen skrivt om det økonomiske oppgjeret og Baard Borge om dei sosiale etterverknadane av rettsoppgjeret. Borge har hevda at rettsoppgjeret sin harde karakter sletts ikkje førte til at dei dømde gjenvant tillit og respekt i samfunnet etter at dei sona straffa si, men tvertom førte til at den sosiale stigmatiseringa blei hardare og meir langvaring enn det rettsoppgjerets arkitektar hadde førespegla.²³

Det mest omfattande forskingsprosjektet som er gjennomført på området er «Å overkomme fortiden – det norske rettsoppgjøret», som blei leia av Hans Fredrik Dahl, Øystein Sørensen, Stein Uglevik Larsen og Jon Elster. Store delar av denne forskinga blei publisert i ein serie på fire bøker i 2004. Desse bøkene tok for seg ulike sider ved det norske etterkrigsoppgjeret og sette det inn i ein større internasjonal samanheng. I boka *Krigsforbrytelser* skreiv historikaren Berit Nøkleby om den tyske okkupasjonsmakta sin bruk av terror og brot på folkeretten. Då krigen var slutt blei krigsforbrytarane etterforsa og tiltalt. Nesten to hundre utlendinger blei dømde i Noreg for å ha brøte krigens lov og norske straffebod. Nøkleby sette det norske rettsoppgjeret med okkupasjonsmakta i samanheng med dagens internasjonale situasjon og spørsmålet om ein internasjonal krigsforbrytardomstol.²⁴

I ei anna bok i same serien gav historikaren Lars-Erik Vaale ein analyse av korleis dødsstraffa blei praktisert under overgangen til demokrati etter 1945. Vaales bok *Dommen til døden* omhandlar dei ulike sidene ved gjeninnføringa av dødsstraff: Lovgjeving, rettspraksis og opinion.²⁵

Antologien *Et rettferdig oppgjør – Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, redigert av professor Hans Fredrik Dahl og professor Øystein Sørensen, tok mellom anna opp problematikken som var knytt til dei «tilbakeverkande» lovene, dei dømde NS-kvinnene, det økonomiske oppgjeret, dei henlagde sakene, og dei politiske partia si haldning til oppgjeret.²⁶

I den fjerde boka i serien, *Oppgjøret med fortiden*, definerte professor Jon Elster det norske rettsoppgjeret som eit «overgangsoppgjør» prega av ”det kompleks av rettssaker, utrenskningar og erstatningar som opptrer etter en overgang fra et politisk regime til et annet.”²⁷ Elster peika på at såkalla overgangsjustis (transitional justice) er eit stort internasjonalt

²² Andenæs 1979.

²³ Borge 2002 og Ellingsen 1993.

²⁴ Nøkleby 2004.

²⁵ Vaale 2004.

²⁶ Dahl og Sørensen 2004.

²⁷ Elster 2004:11.

forskingfelt, og viste til i alt 36 eksempel på overgangsoppgjær,²⁸ heilt i frå antikken og fram kommunismens fall i Aust-Europa.²⁹ Elster trakk fram motstandsørslar, eksil-styresmakter, dei politiske partia, utøvande styresmakter og folket gjennom referendum som dei viktigaste aktørane ved utforminga av overgangsjustisen ved slike oppgjær. Historikaren Ivo de Figueiredo hevdar at dei ekstraordinære omstenda rundt overgangen frå krig til fred i Noreg, medførte ei breiare politisk sfære enn under normale tider. I tillegg til dei aktørane Elster nemner, vil Figueiredo difor føye til rettsapparatet, pressa og det han kallar ulike pressgrupper blant dei viktige aktørane under det norske overgangsoppgjæret etter andre verdskrigen.³⁰

Det sentrale motivet for slike overgangsoppgjær er å gjere opp for historisk urett, hevda Elster.³¹ Dersom eit nytt regime vil gjennomføre eit overgangsoppgjær, må det definere kva som skal reknast som ugjerningar, og finne ut kven som skal reknast som gjerningsmenn.³² I statar som hadde vore under tysk okkupasjon under andre verdskrigen, måtte ein difor definere kva som var såkalla «utilbørleg økonomisk landssvik», og kriterier for dei nye brotsverka ”nasjonal uverdighet” og ”unasjonal haldning.”³³ Ved slike overgangsoppgjær måtte ein også avgjere kva former for straff som skulle bli brukt. Blant dei mulege straffene var avretting, landsforvising, tvangsarbeid, fengsel, fengsel på vilkår, tap av stemmerett og andre borgalege rettar, konfiskering av eigendom og bøter. Etter overgangen fra diktatur til demokrati i 1945 var Noreg blant dei statane som gjeninnførte dødsstraff, og i alt 30 personar blei dømde til døden under det norske rettsoppgjæret.³⁴

I møte med etterkrigstidas verkelegheit var det vanskeleg å oppfylle alle sider av målsetjingar og ideal under rettsoppgjæret i Noreg. I ei tid der det var knappheit på «alt», var det vanskeleg å kanalisere nok ressursar til ei rask gjennomføring av rettsoppgjæret. Ei målsetjing om at ein skulle vere ferdig i løpet av eitt år synte seg raskt å sprekke. Ei viss form for effektivisering av rettsvesenet for å ta unna sakene blei gjort ved at einskilde domstolar spesialiserte seg på landssviksaker. I tillegg sendte justisdepartementet ut rundskriv med retningslinjer for korleis ulike saker skulle handsamast. Desse to grepa blei gjort for å sikre eit

²⁸ Elster 2004:84-90 og Figueiredo 2004:46-48.

²⁹ Elster peika på tre hovudlinjer nye regimer kan velje for slike overgangsoppgjær; utrensning, rettsoppgjær eller avdekking av brotsverk gjennom sanningkommisjonar. I vest-europeiske statar som hadde vore okkupert under andre verdskrigen blei det gjennomført ulike former for rettsoppgjær for å straffe dei som på ein eller annan måte hadde vore medløperer til den tyske okkupasjonsmakta. Det norske overgangsoppgjæret valgte denne linja. Elster 2004:11-12.

³⁰ Figueiredo 2001.

³¹ Elster 2004:84-85.

³² Elster 2004:92.

³³ Elster 2004:93.

³⁴ Elster 2004:95.

anna viktig juridisk prinsipp, nemleg likebehandling.³⁵ Men trass i desse tiltaka har undersøkingar påvist variasjonar i straffeutmålinga i høve til ulike domsdistrikt, sjølv om straffegrundlaget tilsynelatande var nokon lunde likt.³⁶

Sjølv om prinsippet om likebehandling kan seiast å ha vore eit svært viktig kriterium for at eit rettsoppgjær skulle bli oppfatta som legitimt, så var det under aukande press etter kvart som tida gjekk. Tendensen var at rettsoppgjæret blei mildare praktisert etter kvart som tida gjekk, til dømes ved at tillitstap som straffemåte blei modifisert og at stadig fleire saker blei henlagt.³⁷

I februar 1947 skulle grunnlaget for rettsoppgjæret, ”Lov um straff og økonomisk ansvar for landssvikarar” (Landssviklova) handsamast av Stortinget. Fleirtalet i justiskomiteen stilte seg kritisk til den forma oppgjæret hadde fått, i og med dei provisoriske anordningane. Dei peika på at oppgjæret like godt kunne ha vore fremja på grunnlag av den gamle borgarlege og militære straffelova, og ville no at den borgarlege straffelova måtte følgjast så langt som råd. Dette kunne få praktiske følgjer for eksempel for spørsmålet om erstatningsansvar, der Høgsterett hadde slått fast at også passive medlemmar av NS var ansvarlege for partiet si framferd. Den som er erstatningsansvarleg etter vanleg norsk rett, er ansvarleg med *alt* vedkommande eig, men i lovframlegget heitte det at den enkelte NS-medlem sitt ansvar skulle fastsetjast i samsvar med kva skuld og økonomiske vilkår vedkommande hadde. Dette var utvilsomt i strid med norsk rett, men fleirtalet meinte likevel at reglane burde gjelde til oppgjæret var sluttført, ut frå at likskap for lova måtte vere overordna.³⁸

Prinsippet om likebehandling og at ein skulle dømme like strengt gjennom heile rettsoppgjæret kom også under press i spørsmålet om dødsstraff. Våren 1947 blei Finn Knutinge Kaas og Arne Brænd dømde til døden. Berre eit knapt fleirtal blant dommarane i Høgsterett; tre mot to stemmer, gjekk inn for dødsstraff i denne saka. Det hadde også vore dissens i fleire andre saker der dødsdom hadde blitt utfallet, og det knappe fleirtalet i saka mot Kaas og Brænd kunne gje ny næring til dei som ønskte å avskaffe dødsstraff før rettsoppgjæret var ferdig. Justisminister Gundersen frykta at dissensen i dommen mot Kaas og Brænd kunne føre til at

³⁵ Brandal 2004:53-55.

³⁶ De Figueiredo 2004:43.

³⁷ Dahl 2004:25-27.

³⁸ I lovframlegget skulle den einskilde NS-medlem sitt ansvar fastsetjast i samsvar med kva skuld og økonomiske vilkår vedkommande hadde. Under Stortinget si handsaming av ”Lov um straff og økonomisk ansvar for landssvikarar” heiter det i innstillinga til Odelstinget (O. nr 1, 1947): ”Eit serskilt og på mange måtar avgjerande omsyn i denne saka er at oppgjæret alt er so langt kome. Burtset frå dei reint tekniske og praktiske vanskanane med ei umlegging har ein den grunnsetning å akta på, at like brot skal likt bøtast – at oppgjæret med dei einskilde brotsmennene bør vera like strengt anten det fell tidlegt i oppgjærstida eller seint. Det er det ein kan kalla omsynet til likskap for lova millom landssvikarane innbyrdes.” Sitert i Brandal 2004: 57-58.

opinionen ville bli usikker og vere ei ”hard belastning på den alminnelige rettsbevisshet og på innstillingen til rettsoppgjøret i sin helhet.”³⁹

Justisministeren og alle andre som var sentrale i utforminga og implementeringa av rettsoppgjøret var med andre ord opptekne av kva opinionen meinte. Dette gjaldt både med omsyn til lovgrunnlag og straffeutmåling under utforminga av rettsoppgjøret, og deretter om den rettspraksisen ein fylgde blei oppfatta som legitim av opinionen i samtid. Styresmaktene var også opptatt av at rettsoppgjøret skulle kunne bestå ”historias dom”. Fleire av initiativtakarane til det norske rettsoppgjøret refererte også til ei førestelling om det ein meinte var den allminnelege rettsbevissheten med omsyn til lovgrunnlaget for rettsoppgjøret og den praktiske gjennomføringa av det. Dette gjaldt til dømes biskop Berggrav som frykta at rettssystemet kunne bli pressa til utstrakt bruk av dødsstraff av ein hemngjerrig opinion, og meinte at eit strengt oppgjer ville dempe eit slikt press.⁴⁰ I følgje justisministeren i samlingsregjeringa i 1945, Johan Cappelen, både forventa og forlangte det norske folk eit oppgjer, og han understreka at «en alminnelig rettsfølelse i et folk må man være overordentlig varsom med å krenke, for det kan lede til de alvorligste konsekvenser.»⁴¹

Kva slags linje ein skulle legge seg på når det gjaldt å ta eit oppgjer med landssvikarane kan også knytast til omgrepa «isfront» og «silkefront». Under krigen brukte ein uttrykket «isfront» på ei avvisande og fast haldning mot okkupasjonsmakta og nazifiseringsforsøka i Noreg. Dette kom til uttrykk mellom anna gjennom den såkalla idrettsboikotten, kor ein ikkje deltok på konkurransar i regi av NS sine organisasjonar. Etter krigen kravde «isfronten» eit strengt og mest mulig omfattande landssvikoppgjer; dvs. både mot dei «passive» NS-medlemmane og mot alle former for økonomisk samarbeid med fienden. Den leiande avisa i «isfronten» etter 1945 var Dagbladet som markerte ei ekstremt uforsonleg linje mot alle som hadde hatt det minste med NS eller okkupasjonsmakta å gjere. Isfronten stod i motsetning til «silkefronten». Omgrepet hadde sin bakgrunn i uttrykket «ta på med silkehanskar» dvs. vere mild mot dei som har gjort noko gale. Silkefronten var uttrykket som blei brukt som ein karakteristikk på aviser (mellom anna Nationen), personar og grupper som meinte at ein ikkje skulle gå for hardt fram i landssvikoppgjøret. Haldninga var at ein skulle straffe dei verste brotsverka og dei personane som hadde ansvaret for ugjerningane under krigen, men ikkje utvide oppgjøret til for eksempel passive NS-medlemmar.⁴²

³⁹ Ot.prp. nr. 84 (1947) sitert i Brandal 2004:58-59.

⁴⁰ ”Nettopp ved å holde på et gjennomført strengt oppgjer for alle, muliggjør vi en rettsbevisshet som er sterk nok til ikke å behøve dødsstraffen. Berggrav 1945:37.

⁴¹ Johan Cappelen i frå det fyrste debattinnlegget om rettsoppgjøret i Stortinget i 1945, sitert i Brandal 2004:65.

⁴² Reinaas 1980.

Også Jon Elster peikte på gjengjelding og straff som sentrale motiv i overgangsjustisen utifrå ei oppfatning av at den allmenne rettsbevisstheten kravde ei form for hemn for den urett og dei ugjerningar som var blitt gjort under det totalitære eller autoritære regime. Elster har hevda at ønsket om gjengjelding blir svakare dess lengre tid det gjekk mellom ugjerningane og overgangen, og viss det er eit langt opphald mellom overgangen og rettsoppgjæret. «Tid» er ein av faktorane som har innverknad på kor sterkt kravet om gjengjelding er, ifølgje Elster. Med utgangspunkt i Nino⁴³, listar Elster opp dei faktorane som styrkar kravet (markert med [+]), og dei som reduserer kravet (markert med [-]) om hemn:.

1) Forbrytelsens grovhet [+]; 2) overgrepene absolute og relative omfang [+]; 3) sosial identifisering med ofrene for overgrepene [+]; 4) sosial identifisering med overgripene [-] og 5) spredning av ansvar [-]. Til disse ville jeg legge 6) om det førdemokratiske regimet er pålagt av en fremmed makt [+]; 7) utbredelse av kunnskap om overgrepene [+]; 8) gjerningsmennenes absolute og relative rikdom etter overgangen [+] og 9) tidsforløpet mellom overgang og rettsoppgjær [-].

Fleire av desse punkta er relevante for spørsmålet om korleis Filmavisa framstilte rettsoppgjæret. Både «forbrytelsens grovhet», «overgrepene absolute og relative omfang», «sosial identifisering med ofrene for overgrepene», og «utbredelse av kunnskap om overgrepene» er alle faktorar som Elster hevdar styrker kravet om hemn. Som medium hadde Filmavis mulegheit til å formidle til opinionen *sin* versjon av mellom anna kva som hende under krigen av overgrep og kven som var offer ulike former for ugjerningar.

Andre delproblemstilling: Minneproduksjon

Hendingar frå tida mellom 9. april 1940 og 8. mai 1945 danna grunnlaget for individuelle og kollektive minner og «forteljingar om krigen». Krigen var slutt, men forteljinga om den levde vidare og har i dag ein særskild plass i den kollektive erindringa til det norske folket. Historier om store og små hendingar gjekk frå munn til munn både før og etter kapitulasjonen, og blei etter kvart delt av mange. Etter 8. mai 1945 bidrog også media til å spreie slike historier. Som ved eit slag var krigssensuren blitt borte, og i tillegg til å formidle nyheiter, kunne aviser no tilsynelatande fritt skrive om krigens hendingar, om overgrep og terror, og om angjeverar og brakkebaronar. Krigen sine offer stod fram og vitna om liding og sorg over tap av sine næraste. På den andre sida kunne krigsheltar sine bragder kome fram i lyset. Seinare kom utstillingar om «illegalt arbeid», kunst med referansar til krigen, bøker og filmar som henta sitt meir eller

⁴³ Elster 2004:152-153. Sjå også Nino 1996:126-127.

mindre dokumentariske materiale frå dramatiske hendingar under krigen. Desse fortalde om modige menn som reiste frå landet for å drive motstandskamp frå utlandet, om ”gutta på skauen” og sabotasjeaksjonar retta mot dei tyske inntrengarane. Filmavisa var ein del av denne straumen av media som på ulikt vis bidrog til at trådar av individuelle skjebner, store og små hendingar blei vevd saman til ei forteljing om krigen. Reportasjar med tydeleg referanse til krigens hendingar kan vi difor sjå på som ei form for *minneproduksjon*.

Minna om krigen materialiserte seg også i ei lang rekkje monument som var tileigna krigens offer, og Filmavisa hadde reportasjar frå fleire ulike minneseremoniar. Sentrale datoar som 9. april, 8. mai og 17. mai blei brukt for å minnest dei som falt under krigen gjennom ulike ritual rundt om i landet. Slike ritual er ein del av det etnologen Anne Eriksen har kalla ”Forteljinga om krigen”, der kunnskap og kollektiv erindring kring krigen blir helde levande.⁴⁴ Eriksen hevda at eit element som ein ved slike seremoniar la vekt på var at vår felles nasjonale kamp under krigen var eit minne som skulle førast vidare til komande generasjonar:

Videreføring av kollektivtradisjonen til barn og unge fungerer som en innvielse: En ny generasjon blir gjort til fullverdige medlemmer av det nasjonale fellesskapet. Dette aspektet er også til stede ved markeringene av årsdager, fem- og tiårsjubileer for okkupasjonstidens begivenheter. Ved slike anledninger blir videreføring av kunnskap og opplæring av de unge ofte fremhevet som helt vesentlig. I tillegg kan disse markeringene også betraktes som en type ritualer der samfunnet minnes sin historie ved å fremkalle viktige deler av den på nytt. Utover opplæringsaspektet har slike markeringer et konserverende aspekt. De innebærer en feiring og en bekreftelse av de verdiene som kollektivtradisjonen kan fortelle at ligger i historien. Gjennom de ritualene minnemarkeringene er, blir det både direkte og indirekte uttrykt at samfunnet ser det som viktig å opprettholde og viderføre disse verdiene i det norske samfunnet. Dette innebærer at markeringene både bidrar til en mytologisering av historien og at de selv er en del av denne prosessen.⁴⁵

Eriksen peikte på at slike årlege markeringar har i hovudsak blitt knytt til 8. og 17. mai. Slike markeringar dekte Filmavisa i rikt monn, og saman med reportasjar som fortalte om ulike hendingar under krigen kunne ein slik minneproduksjon på kort sikt også utgjere eit arsenal av argument som legitimerte måten rettsoppgjeret og gjenreisinga blei gjennomført. Samtidig hadde forteljinga om krigen ein verknad også på lang sikt. Eriksen hevda at: «Nasjonalt har fortellingen om krigen fungert byggende og integrerende, den har skapt en nasjonal konsensus og et verdigrunnlag for gjenreisingen og dermed for det moderne etterkrigssamfunnet.»⁴⁶ I dei fyrste åra etter krigen er vi i tid i nærleiken av *opphavet* av denne forteljinga. Analysen i tredje hovuddel har difor som siktemål å finne spor etter Filmavisa sin minneproduksjon knytt til forteljinga om krigen i denne overgangsfasen mellom diktatur og gjeninnføring av demokrati.

⁴⁴ Eriksen 1995:83.

⁴⁵ Eriksen, Anne: 1995:120.

⁴⁶ Eriksen, 1995:173.

Tredje delproblemstilling: Moralsk og fysisk gjenreising

Rettsoppgjæret dreide seg i hovudsak om kva slags handlingar som ein definerte som landssvik og som ein kunne straffast for, og kva som falt utanfor. Kva som var rett eller rangt å gjere med dei som blei dømde for å ha svikta landet blei av mange knytt til eit spørsmål om moral. Dette gjaldt mellom anna biskop Berggrav som var oppteken av korleis vi som nasjon skulle leve saman etter at dei som blei dømde hadde sona straffa si. For Berggrav var det ”riktig og viktig at grunndommen over NS rammer en moralsk verdi: Tilliten. (...) de har tapt landsmenns tillit som landsmenn,»⁴⁷ og at omfanget av rettsoppgjæret og straffenivået var «rett» slik at det skulle bane vei for ein fredeleg sameksistens når det heile var over.

Spørsmålet om moral blei også knytt til den fysiske gjenreisinga av landet. Då freden kom låg næringslivet nede, det var bustadmangel og vareknappheit. Styresmaktene gjorde det klart at ei form for rasjonering som ein hadde hatt under krigen måtte halde fram, dersom ein skulle kunne klare å bygge opp att landet. Gjenreisinga av landet ville krevje både flid og forsaking, og difor peikte mange på at ein måtte gjenreise arbeidsmoralen utifrå ei førestelling om at den var blitt svekka under okkupasjonen.

Den fysiske gjenreisinga av landet var ei sentral målsetjing i Fellesprogrammet. Brente byar skulle gjenoppbyggast og ein skulle «skaffe gode og tilstrekkelig rommelige boliger for alle». ⁴⁸ Infrastrukturen skulle gjenreisast, mellom anna for å kunne vere teneleg for eit næringsliv som måtte på fote igjen. I 1945 låg industriproduksjonen på om lag 50 % av 1939-nivået, og i Fellesprogrammet blei det lagt vekt på at ein skulle utnytte sine komparative fortrinn og satse på næringar som kunne skaffe landet valuta, mellom anna rikeleg tilgang til naturressursar som malm, skog og relativt billeg elektrisk kraft. ⁴⁹ Fellesprogrammet la difor opp til sterk statleg styring for å fordele dei knappe ressursane inn mot prioriterte gjenreisingsoppgåver. Rasjonering av forbruksvarer og statleg regulering på ei lang rekkje felt var sett på som nødvendige middel for å nå dei djerve målsetjinga.

Noko skilt i frå det sivile liv føregjekk også ei gjenreising av forsvaret, som kravde store ressursar. Ei grunnleggande førestelling var at forsvaret i 1940 hadde vore for svakt til å kunne verje landet mot ein invasjon, og «aldri meir 9. april» blei brukt som eit slagord for gjenreising av eit sterkt forsvar. Årsaka til at Noreg i denne perioden gjekk gjennom eit stort rettsleg oppgjær og ei gjenreising av landet var enkelt sagt at forsvaret ikkje hadde makta å hindre den

⁴⁷ Berggrav 1945:40.

⁴⁸ Fellesprogrammet 1945.

⁴⁹ Fellesprogrammet 1945.

tyske invasjonen i 1940. Gjenreising av eit militært forsvar som skulle syte for at noko liknande aldri skulle kunne skje igjen stod difor sentralt i dei fyrste etterkrigsåra. Samtidig foregjeikk politiske sonderingar utifrå tankegangen om at landet ville ha behov for hjelp frå andre statar dersom ein ny krig trua. Etter at forhandlingar om eit nordisk forsvarssamarbeid stranda, valde Noreg istaden å gå inn i ein vestleg forsvarsallianse då Atlanterhavspakta blei underskriven 4. april 1949.

Gjenreisninga av landet i alle sine ulike former var eit sentralt tema for Filmavisa dei fyrste etterkrigsåra. I denne avhandlinga vil vi i fyrste rekkje vurdere i kva grad Filmavisa identifiserte problem knytt til gjenreisninga av landet, og om ho skisserte mulege løysingar. Tok ho til orde for statleg regulering? Burde ein akseptere rasjonering på vanlege forbruksvarer? Kunne Filmavisas reportasjar gje grunnlag for optimisme og auka oppslutnad kring gjenreisingspolitikken? Dette er nokon av dei spørsmåla som vil bli stilt i fjerde hovuddel som skal gje svar på korleis Filmavisa dekkja den moralske og fysiske gjenreisninga av landet.

Teori og metode

«Newsreel» er det engelske ordet for denne typen medium som Filmavisa var. På norsk er det blitt oversatt til «nyheitsfilm» eller «aktualitetsfilm».⁵⁰ Vi skal her drøfte ulike teoriar om kva slags medium filmaviser var, og kva sjangerkonvensjonar som kan knytast til denne type medium. Korleis kombinerte dette mediet levande bilde og lyd, og kan ein gje ein karakteristikk av innhaldet? Var det verkeleg «nyheiter» og «aktualitetar»? Kva kunne publikum forvente å få sjå då dei gjekk på premieren av Filmavisa i mai 1945? Vi skal i det følgjande teikne eit historisk riss over dette særeigne mediet i ein internasjonal kontekst med særleg vekt på å forklare kva som kjenneteiknar filmaviser som sjanger. Deretter skal vi sjå nærare på norske forhold med utgangspunkt i tidlegare forskning på området. Vi skal til slutt presentere teoretiske perspektiv på korleis dette materialet kan tolkast og val av metode.

Filmaviser som medium

På verdsbasis hadde filmaviser vore eit utbreidd medium sidan lenge før andre verdskrigen. I Noreg var det frå 1941 og fram til krigens slutt blitt produsert ei NS-styrt filmavis under tittelen

⁵⁰ Sjå til dømes Helseth 2000:33.

Norsk Films revy. Etterkrigspublikumet var difor til ein viss grad kjent med filmavis som medium då Filmavisa hadde premiere i mai 1945.

Like etter andre verdskrigen gav Unesco filmeksperten Peter Baechlin og filmhistorikaren Maurice Muller-Strauss oppdraget med å lage ein rapport om filmaviser.⁵¹ Førmålet for dette oppdraget var mellom anna å vurdere om dette var eit medium som kunne fremje Unescos målsettingar om "the free flow of ideas by word and image" [in order to further] "mutual understanding among peoples." Beachlin og Muller-Strauss meinte at:

"The news film, however, is a universal means of mass communication and one of the most powerful. Pictures can be understood by every spectator, who sees for himself the news events the portray. Hence the importance of news films in enabling men and women to acquire information, as they are entitled to do, and to participate in all the developments of their time. Hence also the importance of news films as a potential aid – or threat – to understanding between men and between nations."⁵²

Beachlin og Muller-Strauss sin rapport, *Newsreel Across the World*, kan reknast som eit standardverk i høve til studiar av filmavissjangeren, og vil vere utgangspunktet når vi no skal teikne eit historisk riss kring framveksten av filmaviser. Rapporten viste korleis filmmediet svært tidleg blei brukt til å formidle nyheiter internasjonalt, og etter kvart vaks filmaviser fram som ein stor industri med eit omfattande produksjons- og distribusjonsapparat. Filmen som nyheitsmedium hadde allereie eksistert ei stund då den fyrste regulære filmavisa blei vist i Paris i 1908, då filmselskapet Pathé lanserte «Pathé Journal».⁵³ Etter kvart blei Pathé eit internasjonalt nettverk av nasjonale selskap som alle produserte nyheitsinnslag frå sitt land. Med utgangspunkt i nasjonalt og internasjonalt stoff kunne det enkelte Pathé-selskap setje saman sin nasjonale Pathé-revy, og på den måten kunne dei same revyinnslaga brukast fleire gongar, fyrst nasjonalt og deretter i andre land. Pathé blei ein stor suksess, og ein føregongsmodell for andre konkurrerande filmselskap, mellom andre Gaumont. Den fyrste tida dominerte fransk-eigde filmaviser marknaden i Vest-Europa og USA, men fyrste verdskrig førte til store problem og endringar som forrykka marknaden. Kinoar blei stengde og Pathé og andre europeiske filmstudio blei tappa for arbeidskraft. Både Pathé og Gaumont måtte selje produksjonsdelen av sine filmimperium. Store amerikanske filmselskap som Hearst, (amerikanske) Pathé, Universal, Fox og Paramount tok over store delar av marknaden, også i

⁵¹ Sveitsaren Peter Baechlin var direktør for *International Cinema Congress* i Basel i 1945, grunnleggar av det sveitsiske filmarkivet og hadde skrive bøker om filmøkonomi. Maurice Muller-Strauss var fransk forfattar og filmhistorikar. Forord i Baechlin og Muller-Strauss, 1952.

⁵² Baechlin og Muller-Strauss 1952:9.

⁵³ Filmopptak frå den spansk-amerikanske krigen i 1898 og frå Boerkrigen som starta året etter blei vist på kinoar. Med dette var filmen blitt eit nyheitsmedium som blei ein viktig del av kinoprogrammet. Helseth 2000:33.

Europa. Eit nytt og viktig omskifte kom i 1927 då Fox Movietone News hadde premiere med den fyrste regulere filmavisa med *lyd*. For å henge med i konkurransen, måtte dei andre revyprodusentane konvertere til lyd. Kostadane for ei slik omlegging var store, og førte til ytterlegare avskaling og konsentrasjon i bransjen.⁵⁴

På denne måten førte ny teknologi til at *marknaden* blei endra. Men også lenge før introduksjonen av lyd satte teknologien rammer som sterkt påverka *innhaldet* i desse filmavisene. Det hendte ofte at det ikkje var praktisk muleg å bringe levande bilde av nyheiter til publikum. Dette gjaldt mellom anna ved dekninga av krigshendingar, kor levande bilde av krigen som regel ikkje fantes. Eit alternativ var å rekonstruere hendingane framfor kamera, men det vanlegaste blei å filme paradar og seremoniar og la desse bilda representere krigen, supplert med forklarande tekstplakatar. Filmavisene valde difor å satse på å lage reportasjar der filminga kunne planleggast på førehand. Tungt filmutstyr og korte filmrullar bidrog også til at reportasjane helst burde vere nøye planlagt. Dette blei også eit typisk trekk ved alle seinare revyar, som i stor grad viste reportasjar frå annonserte sportshendingar, taler, skipsanløp osv.⁵⁵

Nyheitselementet i innhaldet har ført til at fleire forskarar har definert filmaviser innanfor dokumentarfilmsjangeren. John Grierson er blitt ståande som opphavsmannen til omgrepet ”dokumentarfilm” som han brukte i ei vidkjend filmmelding om Robert Flaherty sin film “Moana” som handla om dagleglivet på ei polynesisk øy frå 1926.⁵⁶ Seinare skreiv Grierson artikkelserien “First principles of documentary” som som blei publisert i Cinema Quarterly i perioden 1932 til 1934. Grierson hevda at dokumentarfilmen ikkje berre skulle vere ein «spegel» som verkelegheita skulle reflekterast i, men burde i staden vere ein reiskap med kraft nok til å endre samfunnet. Dokumentarfilmen måtte difor skape ei fortolking av røyndomen ved hjelp av ei dramaturgisk handsaming av bildematerialet gjennom ”a creative treatment of actuality”, for å oppnå den overtydande effekten på publikum.⁵⁷ Dokumentarfilmen sitt tema skulle gjevast ei dramatisk kjerne, og skulle utspelast over ein aristotelisk struktur der ein fann ein markert start, midtparti og slutt.⁵⁸ Denne typen dokumentarfilm karakteriserte Grierson som *forteljande* (“narrative”). Den skilde seg frå

⁵⁴ Helseth 2000:33-36.

⁵⁵ Helseth 2000:22-34. Fotograf Jan Alfred Løvstedt arbeidde som freelance for Filmavisa tidleg på 1950-talet for å dekke hendingar med utgangspunkt i Bergen. Løvstedt pleide å bruke 16 mm film, men Filmavisa utstyrte han med eit EYMO 35 mm kamera som berre brukte 30-meters filmrullar. Ein kunne då berre filme drygt eitt minutt før ein måtte bytte filmrull, noko som kravde både nøye planlegging av filminga og raskt skifte av filmrull. Løvstedt 1996:42-43.

⁵⁶ Grierson si filmmelding om *Moana – A Romance of the Gloden Age* stod i the *New York Sun* i 1926. Sjå Robert Fulford i The National Post (Canada), 3.10.2000.

⁵⁷ Brinch og Iversen, 2001:15-16.

⁵⁸ Brinch 2001:15.

såkalla *skildrande* (descriptive) dokumentarfilm, viss hovudfunksjon berre var å formidle bildet av det kameraet si linse var retta mot for å tene eit informerande føremål. Grierson meinte at filmaviser, aktualitetsinnslag og foredragsfilmar tidleg på 1930-talet var innanfor denne typen skildrande dokumentarfilm. Dette var i ei tid då filmaviser frå fleire hald blei kritisert for å vere overfladiske og mest opptekne av sensasjonar og lettare underhaldning. Grierson var blant dei fremste kritikarane, og felte følgjende knusande dom over filmavisene:

The peacetime newsreel is just a speedy snip-snap of some utterly unimportant ceremony. Its skill is in the speed in which the babblings of a politician (gazing sternly into the camera) are transferred to fifty million relatively unwilling ears in a couple of days or so.⁵⁹

Det var fleire redaksjonelle og forretningsmessige forklaringar på at dette var ein nokså treffande karakteristikk for mange av 1930-talets filmaviser. Til dømes praktiserte dei store britiske filmavis-selskapa ein form for streng sjølvensur for å unngå at styresmaktene skulle finne grunn til å gripe inn med sensur. Sjølvensuren blei gjennomført mellom anna ved at redaktørane i dei ulike filmavisene stadig møttest for å diskutere felles redaksjonell linje med omsyn til kontroversielle saker. Etter slike møter endte ein ofte opp med ei felles haldning om å ikkje dekke konkrete saker som kunne vekke politisk strid.⁶⁰

Filmavisenes tilbøyelegheit til å unngå kontroversielle saker kan også forklarast utifrå marknaden. Filmavisprodusentane var avhengige av å selje filmavisene til kinoane for å tene pengar, men måtte tilby eit produkt som kinoeigarane kunne vise publikum. Kinoeigarane hadde nemleg sine førestellingar om kva publikum likte, og ikkje minst mislikte. Kinoeigarane såg på seg sjølve som ein del av underhaldningsbransjen, og ønskte ikkje at kinoen skulle bli arena for politiske spørsmål. Publikum gjekk på kino fyrst og fremst på kino for å slappe av og bli underhaldne. Ein kino-eigar uttrykte det slik:

It is not the job of the newsreels to show customers where they are wrong and put them right. There is room for such "propaganda-" films but not on the cinema screens. It cannot be too strongly stressed that the cinema's primary buisness is to entertain.⁶¹

Balansegangen mellom å formidle nyheiter og frykta for å misse kinoane som kundar kunne difor vere vanskeleg filmavisprodusentane. Det var ikkje lett å leve opp til journalistiske ideal

⁵⁹ Grierson «First principles of documentary» sitert i Hardy 1979:35.

⁶⁰ McKernan 2002:150.

⁶¹ McKernan 2002:152.

om å formidle viktige nyheiter i møte med forretningsmessige krav. Redaktøren for britisk Paramount, G.T. Cummins uttrykte dilemmaet slik i 1934:

The Daily life of the whole civilized world is to be told in pictures, nothing must be omitted. But nothing must be included which the average man will not like. We do not hope to satisfy these conditions – they represent an ideal – but we have got to get as near as possible.⁶²

Dette kan forklare korfor til dømes britiske filmaviser stort sett la mest vekt på å vere politisk nøytrale og underholdande. Dette gjaldt vel og merke mest i fredstid, men etter kvart som den politiske spenninga tiltok i styrke fram mot andre verdskrigen endra dette seg. Skiftet i den britiske filmavisindustrien synest å ha skjedd nokså brått, som ein følgje av det lagnadstunge München-forliket i september 1938. Faren for krig syntest overhengande, og britiske filmaviser la om den redaksjonelle linja og førebudde landet på krig. Dei neste sju åra blei det trivielle stoffet lagt til side til fordel for krigspropaganda.⁶³

Baechlin og Muller-Strauss sin studie av amerikanske filmaviser under andre verdskrigen viste sameleis at det var eit svært tøyeleg medium når det gjeld innhald. Før USA gjekk inn i andre verdskrigen, utgjorde det ein kan kalle trivielt stoff ein stor del, og med sport som den største kategorien. Sport utgjorde 26 % av innhaldet i filmavisene til dei fem største produksjonsselskapa i 1941, men to år seinare hadde denne andelen sunke til om lag ni prosent. Krigen som tema overtok fullstendig, og utgjorde om lag 2/3 delar av innhaldet i desse filmavisene i 1944.⁶⁴ Dei amerikanske filmavis-produsentane var dessutan ein del av styresmaktene sin krigspropaganda, som i USA var organisert gjennom *Office of War Information* (OWI). I samarbeid med OWI laga dei fem store filmavisselskapa *United Newsreel* i 1942.⁶⁵ Denne filmavisa blei distribuert til dei militære styrkane, og heldt fram til 15. desember 1945.

Men etter at andre verdskrigen var slutt, endra dei ordinære amerikanske filmavisene igjen karakter, og i perioden 1945 - 1949 var igjen sport den største kategorien med om lag ¼

⁶² McKernan:2002:149. G. Clement Cave gjentok sine påstandar også etter krigen. Sjå til dømes i *Penguin Film Review* nr. 8:1949, London.

⁶³ McKernan 2002:153.

⁶⁴ Baechlin og Muller-Strauss 1952:36.

⁶⁵ Dei fem filmselskapa var *United Newsreel*, *Fox Movietone*, *Paramount News*, *Pathè News* (forandra til *Warner-Pathè News* i august 1947), *Hearst International-News of the Day*, og *Universal News*. Baechlin og Muller-Strauss 1952:60. Også andre delar av filmindustrien stilte villig opp for å styresmaktene sin krigspropaganda. Frank Capra regisserte *Why We Fight*, som var ein serie av åtte filmar finansiert gjennom OWI, og var retta mot det amerikanske heimepublikumet. Til liks med filmaviser brukte Capra ein kombinasjon av ferske autentiske bilde og arkivmateriale. Saman med ein pålagd kommentar, skulle dette overtyde publikum om å støtte til amerikansk krigføring.

av alle innslag.⁶⁶ Også ei undersøking av fire filmaviser i små statar som i Sveits, Sverige og Uruguay frå hausten 1949 tyder på det same. Sport var den suverent største kategorien i desse filmavisene, og dersom ein legg til kategoriane mote, sensasjonar og kjendisar, forsterkar det inntrykket av at filmaviser i fredstid la vekt på underhaldningsaspektet.⁶⁷

Krig og andre ytre omstende kunne med andre ord føre til store variasjonar med omsyn til innhaldet i filmaviser, men også framstillingsforma eller *formidlingsmodus* (sjå nedanfor) kunne variere. Eit viktig element i formidlinga i filmaviser var bruken av ei forteljarstemme, «voice-over», der den amerikanske *March of Time* på mange måtar var ein inspirasjon og eit føredøme for andre filmaviser. *March of Time* eksisterte i perioden 1935 – 1951, men kunne strekke sine anar tilbake til *Time Magazine*, som blei starta i 1923. *Time Magazine* blei snart eit populært nyheitsmagasin, og i 1931 blei verksemda utvida til eit radioprogram, *March of Time*, som i fyrste rekkje skulle reklamere for *Time Magazine*. Det nye radioprogrammet dramatiserte nyheiter ved hjelp av profesjonelle skodespelarar med innøvd manus. *March of Time* blei straks populært, og i 1935 blei dette konseptet under same namn overført til kinolerretet. På same måte som i radioprogrammet, ønskte redaktør Louis de Rochemont å provosere publikum ved å legge vekt på at sakene skulle ha ei subjektiv framstilling. *March of Time* gav ei dramatisert tolking av nyheiter, skapt gjennom ei blanding av autentiske levande bilde av kjende politikarar og celebritetar, og dersom ein mangla slike bilde blei nyheitene dramatisert av profesjonelle skodespelarar.⁶⁸

Raymond Fielding har studert dei framstillingstekniske sidene ved *March of Time*, med særleg vekt på vekt på korleis kommentarar, musikk og utval kunne påverke publikum.⁶⁹ Fielding hevda *March of Time* sin bruk av kommentatorar var eit viktig middel for å fange publikums interesse. Den dramatiske «dommedagsstemme» til kommentatoren Westbrook Van Horhis saman med hans allvitande forteljarstil er blitt karakterisert som ”Voice of God.”

⁶⁶ Tala frå Unesco byggjer på undersøking av innhaldet i filmaviser frå *Fox Movietone*, *Paramount News*, *Werner-Pathé News*, *Hearst International-News of the Day* og *Universal News* i 1949. Desse amerikanske selskapa hadde også ressursar til ein nokså brei dekning av utanriksnyheiter (25 %). Dette kan mellom anna forklarast med USA sitt breie engasjement i utlandet, både politisk og militært, og at amerikanske filmaviser også var eksportvare til land som knapt hadde ressursar til noko form for utanlandsdekning. Baechlin og Muller-Strauss, 1952.

⁶⁷ Innhaldet i *Svensk Filmindustri* (Sverige), *Urugua Al Dia* (Uruguay) samt to dei to sveitsiske filmavisene *Fox Movietone* og *Ciné-Journal* er gjennomgått for eit tidsrom hausten 1949. Undersøkinga omfattar tilsaman 415 innslag som er plassert i 17 innhaldskategoriar. Sport stod for mellom 18 og 26 prosent av innhaldet. Baechlin og Muller-Strauss, 1952.

⁶⁸ *March of Time* kom ut med nye nummer kvar månad på 20 – 30 minutt, fordelt på fem innslag. Dette var langt færre saker enn i andre amerikanske filmaviser. Mens andre filmaviser gjennomsnittleg kosta 10.000 dollar å produsere, brukte *March of Time* 50.000 dollar på sin langt meir ambisiøs produksjon. Fielding, 1978.

⁶⁹ Fielding, 1978. Sjå elles Pronay og Spring, 1982, Pronay, og Wilson, (eds.) 1985.

Fielding hevda at denne forma for forteljarstemma skulle påverke publikum til å tolke det dei såg og høyrde som dokumentarisk fakta.

March of Time var dyr å produsere, men fekk betalt for dei høge kostnadane i form av stor publikumstilstrøyming. Allereie i 1937 blei March of Time distribuert til 9.800 kinoar og nådde eit publikum på 26 millionar. March of Time fell utanfor Beahlin og Muller-Strauss sin definisjon av kva som er ei filmavis, men har likevel truleg vore ein inspirasjon for filmavisbransjen.⁷⁰ Filmaviser var i det heile eit stort medium både før og i dei fyrste åra etter andre verdskrigen. Som ein del av arbeidet med rapporten, gjennomførte Baechlin og Muller-Strauss ein omfattande survey over filmaviser i ulike delar av verda. Denne surveyen viste at det blei produsert filmaviser i meir enn 50 ulike land i dei fyrste åra etter andre verdskrig, både for ein heimleg marknad, men enkelte filmaviser blei også eksportert. Dette gjaldt i fyrste rekkje store filmaviser frå USA, Storbritannia og Frankrike som blei distribuert utover heile verda, også til koloniar som ikkje hadde eigen produksjon av filmaviser. Sovjet eksporterte i fyrste rekkje til sine satellitt-statar i Aust-Europa. På slutten av 1940-talet var det vanleg å vise filmaviser som forfilm på kinoane i dei fleste land i verda. Kvar veke var dei om lag 100.000 kinoane rundt om i verda fylt av 215 millionar tilskodarar, filmaviser kunne difor nå eit svært stort publikum. I Noreg blei den norske filmavisa sett av om lag 600.000 kvar veke. Denne utrulege publikumstilslutnaden må sjåast i samanheng med at nordmenn den gang gjekk på kino gjennomsnittleg ti gongar årleg.⁷¹ I våre dagar nøyar vi oss med to til tre kinobesøk kvart år i gjennomsnitt.⁷²

I sin gjennomgang av filmavisenes brokete historie vedgår Baechlin og Muller-Strauss at det er vanskeleg å gje ein presis definisjon av filmavissjangeren berre basert på kva slags emne/saker dei pleide å innehalde, og hevda at filmaviser ”resemble certain types of documentary film containing general information and propaganda.”⁷³ I rapporten gav Beachlin og Muller-Strauss følgjande definisjonen av filmavis som fenomen:

⁷⁰ Baechlin og Muller-Strauss 1952:9.

⁷¹ Gjennom denne surveyen blei det mellom anna innhenta opplysingar om publikumstilstrøyming per år, kven som eigde produksjonsselskapa, gjennomsnittleg lengde per nummer og talet på kopiar, om filmavisene blei vist som forfilm til vanlege kinoframsyingar, import og eksport av filmaviser og om sensur. Desse opplysingane har forfattarane innhenta gjennom ”direct contact with experts and well-known people in the cinema world and with local correspondents, whom Unesco is indebted for their invaluable help in the preparation of this work.” Forord i Baechlin og Muller-Strauss, 1952.

⁷² I 2013 gjekk nordmenn i gjennomsnitt 2,3 gongar på kino. Kulturstatistikk 2013, (2014) Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

⁷³ Baechlin og Muller-Strauss syner korleis filmaviser har vore utsatt for sensur i ulike perioder, både i fredstid og i krigstid, og dokumenterar korleis styresmaktene i fleire statar lot seg freiste til å bruke filmaviser i propaganda. Sjå til dømes Baechlin og Muller-Strauss 1952:11.

a) They appear regularly, at relatively short intervals, being issued monthly, fortnightly, weekly or even bi-weekly, according to the country in which they appear. b) Each of these issues includes several topics which are not directly related. c) In principle, each of the topics presented relates to current events of general interest at the time of presentation. The films are generally of a standard length. d) The presentation is straightforward, whereas that of screen magazines and documentaries is interpretative or didactic.⁷⁴

Baechlin og Muller-Strauss definerte filmavissjangeren ved hjelp av kategoriane regularitet, samansetning, aktualitet, lengde og formidlingsmodus. Utifrå denne definisjonen var filmaviser eit stort medium i verdsmålestokk då Filmavisa blei etablert i 1945. Definisjonen er likevel noko vag til å kunne gje svar på spørsmålet som blei stilt i innleiinga av dette kapittelet: Kva kunne publikum forvente å få sjå då dei gjekk på premieren av Filmavisa? Vi skal difor forsøke finne eit noko meir konkret svar på dette spørsmålet ved å vurdere Filmavisa i forhold til Baechlin og Muller-Strauss sin definisjonen.

Norsk filmrevy i eit sjangerperspektiv

Ovanfor har vi teikna vi eit riss over den internasjonale historiske utviklinga av filmaviser, og har forsøkt å definere kva som karakteriserer filmavissjangeren. Det skal vi bruke som utgangspunkt når vi skal sjå nærmare på den norske Filmavisa ved hjelp av Baechlin og Muller-Strauss sine kategoriar; regularitet, samansetning, aktualitet, innhald, lengde og formidlingsmodus.

Regularitet

Dei økonomiske rammene til Filmavisa påverka regulariteten, for trass i høg publikumtilstrøyming så var økonomien vanskeleg og framtidsutsiktene usikre. Sidan starten kom Filmavisa med ei ny utgåve kvar veke, bortsett frå ein sju veker lang sommarferie i 1947, frå og med veke nr 27 til 33. Denne lange sommarferien skuldast mellom anna eit forsøk på å spare utgifter. Som eit tiltak for å gjere den endå meir populær blei premieredagen frå den 6. mars 1947 endra frå måndag til torsdag. Med denne omlegginga kunne ein mellom anna få med ferskare sportshendingar, som for ein stor del føregjekk i helgene.⁷⁵ Kristoffer Aamot var direktør i Norsk Film A/S og sat elles i andre sentrale posisjonar i kinobransjen. Han var arbeiderparti-politikar og lobbyerte for betre økonomiske kår i norsk film- og kinobransje. Sjølv

⁷⁴ Baechlin og Muller-Strauss, 1952:9.

⁷⁵ Aftenposten 6. mars 1947.

om staten dei fyrste åra refunderte storparten av den såkalla luksusskatten, kjempa Aamot lenge for å bli kvitt avgifta i det heile.⁷⁶ «Skal vi miste de norske uke-revyene?» spurte Aamot i eit avisinnlegg i Aftenposten i 1946:

Alle er sikkert enige om at ukerevyen har sin overmåte store betydning og vil også få det i fremtiden. Det er ikke bare diktaturene som har bruk for ukerevyene, demokratiene burde ha enda mere bruk for dem. Men den norske stat er ikke enig. Finansdepartementet vil ikke engang anerkjenne den norske ukerevyen som norsk, men fikk blankt avslag. Og så står vi overfor det kjedelige faktum at den norske ukerevyen må gi opp. I over et år har Norsk Film A/S drevet dette arbeid i det forfengelige håp at statsmyndighetene må bli klar over dets betydning. Ikke minst nu under landets gjenreising. Vi har skrevet til departementet og bedt om å få slippe å betale Staten hver gang vi vil fortelle det norske folk om gjenoppbyggingen. Nei, vi ba bare om å få lov til å slippe å betale så meget som vi gjør i dag. Nei, sa departementet. (...) Den norske filmrevyen har i de fire første måneden av 1946 – januar, februar, mars og april – hatt en samlet inntekt av omkring kr. 51.000. I denne tiden er det sendt ut 16 ukerevyer. For å få lov å vise det norske folk disse 16 ukerevyer har vi betalt den norske stat omkring 113.000 kroner. Som før nevnt søkte vi Finansdepartementet om å få den norske ukerevyen anerkjent som norsk film og få den behandling som Stortinget har villet gi norsk film. Filmleien ville dermed automatisk ha gå opp til vel 85.000 kroner. Finansdepartementet sa nei. (...) For at ikke kua skal dø mens graset gror må Staten i alle fall frafalle luksusskatten på de norske ukerevyer. Norsk Film skal fortsette arbeidet på samme måte som hittil inntil spørsmålet blir løst på en måte som sikrer både opplysningsfilmen og ukerevyen.⁷⁷

Aamot sin kamp førte endeleg fram, og i 1949 blei Filmavisa skattefri.⁷⁸ Staten tok etter kvart større ansvar for at vekerevyen skulle bli vidareført, og gjekk i 1948 inn som aksjeeigar i Norsk Film A/S, i byrjinga berre med B-aksjar.⁷⁹

Filmavisa hadde åtte faste premierebyar: Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Tromsø, Drammen, Ålesund og Hamar. Etter at Filmavisa var blitt vist i desse byane, blei kopiar distribuert til kinoar på mindre stadar. Det vanlege var å vise Filmavisa som forfilm til vanlege kinoframsyingar, men i enkelte større byar blei den sett saman med utanlandske filmrevyar til eigne framsyingar. I Palassteatret i Oslo blei slike filmavisframsyingar vist fleire gongar dagleg frå tidleg på føremiddagen til langt på kveld. Dersom vi går ut i frå at Palassteatret beholdt sin kopi, gjenstår det sju kopiar til distribusjon. Bergen og fleire av dei andre byane viste truleg Filmavisa over fleire dagar, før den blei distribuert vidare. Ifølgje Statistisk sentralbyrå var det 364 kinoar i landet i 1946, og av desse var 160 kommunale.⁸⁰ Dersom dei sju kopiane skulle bli distribuert likt til alle landets kinoar, ville dei i gjennomsnitt vere innom 52 kinoar. Sjølv om det i praksis var ein del av dei aller minste kinoane kinoar som ikkje var

⁷⁶ Sellereite 1984:39.

⁷⁷ Aftenposten 21. juni 1946.

⁷⁸ Sellereite 1984:39.

⁷⁹ Lunde 2013:15.

⁸⁰ Statistisk sentralbyrå: Norsk kulturbarometer 2012:13.

på distribusjonslista, ville Filmavisa likevel bruke fleire veker frå premieredato til den var ferdig med visningsrunda.⁸¹

Tore Helseth sine studiar viste at den NS-kontrollerte filmavisa under krigen også hadde langvarige distribusjonsrunder. Der blei seks kopiar sendt rundt for å dekke dei 100 største kinoane i landet i løpet av åtte veker.⁸² Publikum som sokna til kinoar langt nede på distribusjonslista måtte difor tåle å bli servert filmaviser som kunne vere fleire veker gamle, og dette gjaldt også etterkrigstidas filmavis. Dette kunne påverke stoffval med omsyn til om Filmavisa skulle satse på nyheitar eller stoff som kunne tåle å vere nokre veker gammalt utan at det av den grunn skulle vere uinteressant for publikum. Likevel, dei åtte premierebyane stod for ein stor del av publikum, og halvparten av dei samla billett-inntektene kom i frå Oslo åleine.⁸³ Det kunne difor tale for at Filmavisa burde forsøke å bringe nokså ferske nyheiter til publikum.

Aktualitet

I følgje Baechlin og Muller-Strauss sin definisjon prøvde filmavisene å vise aktuelle saker. Oppfylte Filmavisa kravet om å bringe nyheiter? Kor fersk skal nyheiter vere for å kunne kallast, nettopp nyheiter? Ei hending som blir gjort kjent for fyrste gong kan vere ein definisjon som er på linje med publikums alminneleg oppfatning av kva som var ein nyheit. Utifrå denne definisjonen kan ikkje ”nyheit” seiast å vere ei treffande skildring for store delar av tilfanget i Filmavisa. I den perioden då premieredagen var måndag, var det svært vanskeleg å få med det som hadde skjedd innan idrett i løpet av helga. Dermed måtte publikum vente over ei veke for å sjå levande bilde av hopprenn og andre konkurransar der resultatane allereie hadde stått i avisene. Dette blei noko betre då premieredagen blei flytta til torsdag i mars 1947, men sjølv då var mykje stoff langt på veg i ferd med å bli gammalt nytt for den idrettsinteresserte avislesaren. Her bør det tilleggast at også oslo-aviser kunne bruke fleire dagar på å nå ut til abonnentar utanfor byen. Den relativt seine distribusjon gjorde at nyheitspulsene slo seint på

⁸¹ Stikkprøver i Aftenpostens kinoannonser for mai og juni 1945 tyder på at Filmavisa hadde lang distribusjonstid. Den 18. juni 1945 blei tre forskjellige filmaviser vist på kinoar i Oslo: Palassteatret viste nummer 5 som var den nyaste utgåva, Victoria kino viste nummer 3, mens Kinopaléet Majorstua framleis viste Filmavisa sitt fyrste nummer. Aftenposten 18. juni 1945.

⁸² I følgje ein distribusjonsplan frå 1944 skulle Oslo ha seks kopiar, mens seks andre større byar skulle ha premiere same dagen som Oslo, og visast i éi veke før dei blei sendt vidare rundt i landet. Enkelte kinostyrarar gjorde heller ikkje sitt ytterste for å følgje opp denne planen, noko som resulterte at filmaviser rett og slett ikkje blei vist, og at åttevekers-turnusen sprakk. Fleire kinostyrarar argumenterte med at denne nazistiske filmavisa var svært upopulær blant publikum, og at dei helst ikkje ville følgje Filmdirektoratets pålegg om å vise revyen. Helseth. 96-98:2000.

⁸³ Sellereite 1984:72.

slutten av 40-talet, men publikum forventet heller ikkje at nyheiter skulle vere så ferske som vi gjer i våre dagar.

Vi må difor legge andre parameter til grunn for å vurdere om Filmavisa serverte nyheiter. Filmavisa opererte i eit medielandskap der både radio og aviser oftast var fyrst ute med nyheiter, mens Filmavisa utnytta sitt tekniske føremon ved å kunne publisere *levande bilde* av hendingar som allereie kunne vere kjent. Filmavisa var difor den fyrste, og einaste, som viste levande bilde av til dels kjende saker, noko som kan sjåast på som nyheit i seg sjølv.

Det er sjølvsagt vanskeleg å vite presist kva som er ”kjent” blant publikum utan å foreta ei gransking av aviser og radio. Ein kan likevel med stor grad av sikkerheit gå utifrå at Filmavisa arbeidde ut i frå ei slik uformell arbeidsdeling mellom dei ulike mediekanalane. I tillegg til å dekke nyheiter hadde ho også med saker som kan karakteriserast som ”sesongaktuelle”, (årvisse hendingar som påsketraffikk, innhausting, sildefiske, julefeiring) og ”tidsaktuelle” (bustadbygging generelt, bygging av vegar ol.). Slike innslag kunne ha ein lenger haldbarheitsdato enn nyheitsinnslag, og tok på den måten bort noko av ulempen ved den relativt lange distribusjonstida. Dermed kunne ein nokså gamal reportasje om sildefiske ha ”general interest at the time of presentation”, sjølv fleire veker etter premieren.

Innhald

Baechlin og Muller-Strauss har hevda at kvar filmavis inneheld ”several topics which are not directly related.” Dei slo fast at filmaviser hadde eit svært variert innhald, mellom anna ved å vise til undersøkinga frå dei fire filmavisene frå Sveits, Sverige og Uruguay kor innhaldet blei delt inn i 17 tematiske kategoriar med reportasjar frå sport, politikk og samfunnsliv i vid forstand.⁸⁴

Også Filmavisa kan vi dele inn i fleire tematiske kategoriar som spanner over eit like vidt spekter. Til dømes kan ei utgåve av Filmavisa starte med eit innslag som viser korleis soldatar gjennomfører ei militærøving, og denne reportasjen kan plasserast under kategorien «forsvar». Ein anna reportasje handlar om ei ny jernbanebru blir bygd, og det innslaget kan plasserast i kategorien «infrastruktur.» Eit tredje innslag viser høgdepunkta frå det fyrste holmennkollrennet etter krigen, som ein kan definere innanfor kategorien «sport.» Eit fjerde innslag viser korleis Freia igjen har fått sjokoladeproduksjonen i gang igjen etter krigen, og

⁸⁴ Kategoriane var sport, mote, sensasjon, katastrofe, folklore, sosiale problem, økonomi, utdanning, vitenskap, kultur, religion, innanrikspolitikk, utanrikspolitikk, forsvar, kjendisar, FN, og diverse. Baechlin og Muller-Strauss 1952:41-43.

denne reportasjen kan plasserast i kategorien «næringsliv.» I hovuddel 1 vil eg dele inn Filmavisa i kategoriar for å gje eit noko meir detaljert oversyn over den tematiske breidda.

Samansetnad

Korleis var dei ulike revyane satt saman, og korleis fungerte dei ulike revyinnsloga i høve til kvarandre? I følgje Baechlin og Muller-Strauss sin sjangerdefinisjon var det typiske at dei ulike innsloga ikkje hadde noko med kvarandre å gjere. Amerikanske filmaviser plasserte gjerne innslog som var viktige og skulle fange merksemda fyrst, mens nazi-Tysklands *Deutsche Wochenschau* i sin målretta propaganda bygde opp revyane til eit høgdepunkt til slutt, i den trua at siste innslaget var det publikum ville hugse best.⁸⁵

I Charles Musser sine studiar av dei fyrste amerikanske filmavisene, viste han at ein svært tidleg sette saman filmaviser etter visse assosieringsprinsipp. Element frå eitt innslog skulle kunne "gjenkjennast" gjennom eit liknande element i det etterfylgjande innslaget. Tilsynelatande svært ulike revyinnslog blei redigert saman ved at element frå eitt innslog kunne «gjenkjennast» ved at eit liknande element også var med i det neste, hevda Musser.⁸⁶

Den norske Filmavisa synes imidlertid å ha lagt andre kriterier til grunn for redigeringa. I gjennomsnitt var det sju-åtte innslog per filmrevy, og rekkefølga på desse innsloga synest å vere nokså tilfeldig.⁸⁷ Det var få glidande overgangar der det eine innslaget var relatert til det neste. Sigurd Tønsberg, som i ei årrekke på 1950-talet arbeidde som kommentator i Filmavisa, meiner at revyens fyrste innslog burde vere av ein karakter som fanga publikums interesse, mens det siste innslaget burde danne ei roleg avslutning.⁸⁸ I hovuddel 1 vil eg vise ei oversikt over fyrste og siste innslog i Filmavisa.

Lengde

Baechlin og Muller-Strauss hevda at eit kjenneteikn for filmaviser var at dei hadde ei standard lengde. Dette gjeld i stor grad også den norske Filmavisa, kor dei fleste utgåvene fekk plass på ein filmrull på rundt 300 meter (ca. 11 minutt). Enkelte lange reportasjar kring store hendingar kunne likevel gjere ei utgåve av Filmavisa monaleg lengre, slik som til dømes ved dekninga av 17. mai.

⁸⁵ Fielding 1978:229.

⁸⁶ Til dømes kunne «vatn» vere eit element som ein kunne identifisere i to påfølgjande revyinnslog om båtanløp og flaumkatastrofer. Musser:1990.

⁸⁷ 1453 innslog fordelt på 192 revyar = 7,57 innslog per revy i gjennomsnitt.

⁸⁸ Intervju med Sigurd Tønsberg 19.10.2004.

Formidlingsmodus

Vi skal vie litt ekstra plass til den siste kategorien i Baechlin og Muller-Strauss sin sjangerdefinisjon, og knytte det dei kallar *formidlingsmodus* tett opp til filmteori. Levande bilde, musikk, kommentarar er nokon av ei lang rekkje element som utgjer det ein kan kalle Filmavisas formidlingsmodus. I denne avhandlinga skal vi forsøke å finne ut kva *mening* ein kan lese ut av Filmavisa sine reportasjar, og kombinasjonen av fleire ulike element gjer Filmavisa til ein svært samansett tekst som er krevjande å analysere. Vi skal difor sjå nærare på det ein kan kalle Filmavisas formidlingsmodus, og skal fyrst ta utgangspunkt i filmteoretikarane David Bordwell og Kristin Thompson som introduserte omgrepa referensiell, eksplisitt, implisitt og symptomatisk mening.⁸⁹

Med *referensiell* mening meinte Bordwell og Thompson ei konkret «overfladisk» skildring av det bildet tilskodaren ser som får si mening ved at det refererer til den verkelege verda. Det kan til dømes vere ved at bildet av mannen vi ser på filmen refererer til den mannen som finst i den verkelege verda.

Neste steg er å finne ut kva som er filmen si *eksplisitte* mening. Det kan til dømes vere at kommentatoren i ein tenkt reportasje seier «sjå kor flinke og driftige desse karane er i arbeidet med å byggje nye hus.» Denne kommentaren uttrykker ei eksplisitt mening om «kor flinke» desse karane er, og vi kan gå vidare til eit meir abstrakt meningsnivå og spørje kva den *implisitte*, ikkje uttalte meninga er. I denne reportasjen kan den implisitte meninga vere at vi bør like desse mennene og det dei gjere, og gjerne følgje deira gode eksempel og bidra med vår skjerv i gjenreisinga av landet.

Eit fjerde steg er å finne kva den eksplisitte og implisitte meninga kan vere eit symptom på. Her brukast omgrepet *Symptomatisk* mening som eit «ufrivillig» uttrykk for tidsand og ideologi, for kulturelle og sosiale verdiar frå den tida dei levande bilda stammar i frå.⁹⁰ I vår tenkte reportasje kan karane som arbeider så flittig med husbygging vere eit symptomatisk uttrykk for ei tidsand prega av gjenreising og kor ein «løfter i flokk.»

Desse fire kategoriane er mest av alt tolkningsreiskap, og ikkje faste meningkategoriar. I vår tolking av reportasjane si mening bevegar vi oss frå eit konkret meningsnivå (referensiell og eksplisitt mening) i retning av eit meir abstrakt meningsnivå, der den symptomale meninga er den som gjev mest rom for tolkingar

⁸⁹ Bordwell og Thompson brukar «The Wizard of Oz» (Trollmannen frå Oz) som døme på dei fire meningkategoriane. Sjølv om dette er ein fiksjonsfilm, vil eg likevel hevde at det er nyttige tolkningsreiskap i ein non-fiction sjanger som Filmavisa tilhøyrer. Bordwell og Thompson 2013:57-60.

⁹⁰ Bordwell og Thompson 1997:75-76.

Tekstar kan tolkast på fleire måtar, og det éin sjåar meiner er den implisitte meininga, kan andre oppfatte som den eksplisitte meininga, som atter andre kan kategorisere som den symptomatiske meininga. Sjølv om dette tilsynelatande tyder på at det finst ei uendeleg rekkje mulege tolkingar, understrekar Bordwell og Thompson at det er ein nær samanheng mellom meining og måten reportasjen fortel si historie på, og dei stilistiske verkemidla den tek i bruk.⁹¹ I ein analyse av Filmavisa må vi difor ha ein viss kjennskap til narrativ teori, og billedmedienes stilistiske grunnelement: *mis-en-scene* (det som foregår framfor kamera), kinematografi (det som gjerast med og i kameraet), lydbruk, (musikk, stemmer, effektar) og redigering. Slike element utgjer det ein kan kalle Filmavisas *formidlingsmodus*.

Blant alle desse elementa, spelar kommentator-stemma gjennom sin «forklarande stil» ei sentral rolle. På denne måten kan vi plassere Filmavisa innanfor det dokumentarteoretikaren Bill Nichols kallar den *ekspositoriske modi*, der forteljarposisjonen er forklarande i høve til det vi som publikum ser og høyrer. Nichols har delt forteljarposisjonen i dokumentarfilmsjangeren inn i tre andre modi: Den observerande (der forteljaren er «taus» og berre er «fluga på veggen»), den parcipatoriske (der publikum kan sjå intervjuaren/forteljaren), og den refleksive (der forteljaren gjerne vender seg til kamera for å minne publikum om at dette «berre» er ein dokumentarfilm).⁹² Ein dokumentarfilm kan vere samansett av fleire modi, til dømes kan ein reportasje i Filmavisa ha tause passasjar der bildet kan «tale for seg sjølv», altså utan forklarande kommentarar, der forteljarposisjonen er «observerande». Men vanlegvis er det overvekt av ekspositoriske modi i Filmavisa.

Forteljarposisjonen har med andre ord monaleg innverknad på vår fortolking av kva meining ein reportasje i Filmavisa kan seiast å ha. «Films have meaning because we attribute meanings to them,» hevdar Bordwell og Thompson.⁹³ Ein reportasje i Filmavisa har mange meiningsberande element, og kvart element kan ha fleire funksjonar. Når vi analyserer kommentator-stemma eller andre element må vi difor ikkje spørje: «How did this element get there, but rather «What is this element *doing* there?» and «How does it cue us to respond?»⁹⁴ I vår analyse av skal vi difor leite etter meiningsberande element i Filmavisa som gav publikum ei viss førestelling om rettsoppgjeret, gjenreisninga og minne etter krigen.

⁹¹ Sjå også Stuart Hall 1973.

⁹² Nichols, Bill «Representing Reality» 1991:32. Ti år seinare føyde Nichols til ytterlegare to modi; the performative (performativ) og the poetic (poetisk) Nichols 2001:99. Introduction to documentary. Ein dokumentarfilm har ofte berre éin forteljarposisjon, men kan i teorien vere ei blanding av alle desse modi. (vis belegg for denne merknaden).

⁹³ Bordwell og Thompson 2013:60.

⁹⁴ Bordwell og Thompson 2013:60.

Beachlin og Muller-Strauss hevda at eit karakteristisk trekk ved filmaviser var at: «The presentation is straightfoward, whereas that of screen magazines and documentaries is interpretative or didactic.» Med dette meinte dei nok ikkje at filmaviser gav ei objektiv framstilling av verkelegheita. Uttrykket «straightforward» er nok fyrst og fremst med tanke på *stil*. Det vil seie at filmaviser framstilte verkelegheita på ein nokså ukomplisert og likefram måte i høve til den typen dokumentarfilm som framstilte verkelegheita på ein måte som Grierson skildra som «a creative treatment of actuality.»

Ein gjennomgang av Filmavisa tyder på at det er kommentarane som var det elementet som fyrst og fremst skapte mening. Forholdet mellom forteljarstemma og bilde varierte. I nokon innslag var kommentarane eksplisitt knytt til det vi såg, til dømes ved å fortelje namnet på personar vi såg. I andre innslag synest derimot dei levande bilda meir å vere illustrasjonar til det som blei sagt i kommentarane. Felles for alle innslag var likevel at kommentarane var forklarande, i den forstand at kommentatoren synest å vere allvitande og på den måten avgrensa tolkningsrommet.

Redaktøren var lite involvert i utforminga av manus til kommentarane. Ragnar Ulstein, som var redaktør i Filmavisa i tida 1951 til 1954, fortel at han drøfta opplegget med kommentatoren mens dei to såg gjennom det fotografen hadde filma. Deretter blei det overlatt til kommentatoren å skrive sjølv manuset som også tok utgangspunkt i fotografens rapportering av det han hadde filma. Det kan også sjå ut til at kommentatorane henta opplysingar frå mellom anna Aftenposten som grunnlag for kommentarane. Ettersom Filmavisa berre unntaksvis brukte synkron lyd, var kommentarane skrivne i form av eit referat. Det var viktig å tilpasse rytmen i innlesinga av manus til bilda og innslaget lengde. Manus blei difor lest inn samtidig som kommentatoren såg det ferdig klypte innslaget.⁹⁵

Den mest brukte kommentatoren i Filmavisa i dei fyrste etterkrigsåra var Wilhelm Bjørset. Etter at Bjørset slutta i 1948 kom fleire andre, mellom anna Rolf Kirkvaag, Knut Jørgen Erichsen, Jan Frydenlund, Sigurd Tønsberg. Eit viktig kriterium for å få jobben som kommentator var at ein kunne formidle teksten på eit klart og tydeleg riksmål.⁹⁶ Kommentarene

⁹⁵ Opplysningane er basert på intervju Ragnar Ulstein og kommentatorane Knut-Jørgen Erichsen, Halfdan Hegtun, Rolf Kirkvaag og Sigurd Tønsberg. Kirkvaag fortel at han fekk 75 kroner veka då han byrja å arbeide i Filmavisa om lag i 1948. Arbeidstida hans var kvar tysdag kveld/natt, og Kirkvaag sjølv rekna dette honoraret som ei god betaling. I følgje Kirkvaag var det lita tid til rådvelde for å utforme manus, som han skreiv etter å ha sett gjennom råfilmen saman med fotografen og filmklipparen. Intervju med Kirkvaag 23. november 2000.

⁹⁶ I følgje Ragnar Ulstein måtte han ein gong i sin redaktørperiode finne ein som kunne steppe inn på kort varsel som kommentator. Valet falt på nynorsk-mannen Hartvig Kiran, som hadde arbeidd ved den norske avdelinga til BBC under krigen. Dette førte til at Ulstein blei kalt inn på teppet til styreformann i Norsk Film A/S, Kristoffer Aamot, som i klare ordelag gav uttrykk for at dette måtte bli fyrste og siste gong Filmavisa blei kommentert på

hadde ein kjapp stil og eit relativt optimistisk tonefall. Ragnar Ulstein hevdar at denne stilen var inspirert av kommentatorane i BBC. Fleire av dei som blei medarbeidarar i Filmavisa skal også ha vore tilknytt den norske avdelinga i BBC og Statens Informasjonskontor i London under krigen. Ulstein hadde bakgrunn som motstandsmann, og hadde under krigen reist over til England der han blei med i kompani Linge. Der hadde han i 1942 vore med eit åtte-månaders kurs i psykologisk krigføring. I følgje Ulstein var grunnsetninga på kurset at ein aldri skulle framstille situasjonen som noko vanskeleg, ein skulle alltid ha ein sterkt optimistisk tone når ein skulle drive det han kalla informasjonsarbeid og propaganda. I si redaktørtid i Filmavisa tok Ulstein utgangspunkt i denne haldninga, og sa at det var «eit medivite redaksjonelt val å gje folk håp, mot og tru på at det skal gå framover med oss. Sjølv om det til dømes var husnaud og dårleg standard på kaféar, blei det ikkje ført nokon kritisk journalistikk mot dei ansvarlege styresmaktene.»⁹⁷

På same lydspor som kommentaren la ein også musikk som komponisten Jolly Kramer-Johansen plukka ut frå noko som synest å vere eit lite platearkiv.⁹⁸ Musikken var stadig tilbakevendande og repertoaret var nokså smalt, og synest å vere meint som ei musikalsk understreking av innslaget ”sinnstemning”, det vere seg munter, sorgtung, alvorleg eller dramatisk. Musikken var klipt til, slik at slutten av musikk-stykket skulle falle synkront med slutten av innslaget. Dette grepet var det einaste som kan seiast å vere eit nyskapande element i høve til andre filmaviser. Elles var Filmavisas bruk av ei «allvitande» kommentator-stemme og eit stemningsskapande tonefølgje godt innanfor Baechlin og Muller-Strauss sin filmavisdefinisjon med omsyn til formidlingsmodus.

Det ein kan kalle Filmavisa sin sjanger var på mange måtar ei slags uskriven lesarkontrakt med publikum som var retningsgjevande for korleis ein kunne tolke det ein såg og høyrde. Sjangeren gav også rammer for redaksjonen sine vurderingar av sitt publikum, om kva saker ein meinte etterkrigstidas publikum burde eller ville ha var også retningsgjevande for Filmavisa sine redaksjonelle val, både med omsyn til innhald og formidlingsmodus.⁹⁹

nynorsk. Ulstein repliserte med å vise til redaktøransvaret og at han var blitt nøydd til å finne ein vikar på kort varsel. Nynorsk blei berre brukt i Filmavisa denne eine gongen. Intervju med Ulstein 15. mars og 6. april, 2000.

⁹⁷ Intervju med Ragnar Ulstein, 15. mars og 6. april 2000.

⁹⁸ Jolly Kramer-Johansen komponerte musikk til fleire norske filmar, mellom anna *Tante Pose* og *En herre med bart*. Kramer-Johansen var aktiv fagforeningsmann og sette tone også til fleire av Arbeiderpartiets valkampfilmar frå 1930-åra. www.ballade.no (besøkt 25.6.07)

⁹⁹ Sjå også Stuart Hall (1973). I drøftinga av Hall sin kommunikasjonsmodell (som fyrst og fremst var mynta på fjernsynsprogram) hevdar han mellom anna at «assumptions about the audience» er blant dei faktorane som i stor grad påverkar Sendar si «encoding».

Sjølv om vi kan definere Filmavisa innanfor filmavis-sjangeren med omsyn til regularitet, samansetning, aktualitet, lengde, innhald og formidlingsmodus, så viste Baechlin og Muller-Strauss sine undersøkingar at dette var ein nokså vid sjanger. Dette gjaldt mellom anna med omsyn til innhald, der den politiske konteksten kunne spele ei viktig rolle, til dømes om det var fred eller krig. I Noreg var landet i desse etterkrigsåra prega av gjenreisingspolitikk og rettsoppgjeret. Vi skal nedanfor gå vidare med å forklare kva slags vidare teoretisk perspektiv som ligg til grunn for analysen av Filmavisas reportasjar kring desse sentrale politiske spørsmåla.

Teoretisk perspektiv

Ein reportasje i Filmavisa har mange meiningsberande element, og kvart element kan ha fleire funksjonar. Vi skal difor leite etter element i Filmavisa som kunne gje publikum ei førestelling om mellom anna rettsoppgjeret og ulike sider ved gjenreisinga. Innan såkalla *framingteori* blir det lagt vekt på at saker blir framstilt innanfor visse *tolkingsrammer*, og at publikum kan ha ein tendens til å *tolke* desse sakene innanfor slike tolkingsrammer.¹⁰⁰ Vi skal sjå nærare på framingteori, og korleis denne kan brukast som grunnlag for ein analyse av Filmavisa.

Innanfor moderne kommunikasjonsforskning er framingteori blitt eit av dei viktigaste områda. Omgrepet framing er i lengre tid blitt brukt innanfor ei lang rekkje fagområder, slik som psykologi, økonomi, lingvistikk, statsvitskap, Public Relations-forskning og altså medieforskning.¹⁰¹ I denne samanheng kan omgrepet *framing* oversetjast til *rammer for forståing*, eller *tolkingsrammer*, slik enkelte norske medieforskarar i nyare tid har brukt.¹⁰² Eg vil difor bruke uttrykka *tolkingsrammer* og *framing* i mi analyse av Filmavisa.

I denne avhandlinga er vi fyrst og fremst opptatt av korleis vi skal tolke *teksten*, men det bør likevel nemnast at framingteori ikkje berre handlar om berre korleis mediene framstiller saker, men også dei interne redaksjonsprosessane og dei samfunnrelasjonene som mediene inngår i.¹⁰³ Den såkalla *framebyggingprosessen* (*frame-building*) omfattar faktorar som både er utanfor og innanfor nyheitsredaksjonen, og som er med på å avgjere korleis mediene plasserer saker innanfor ein framing. Framebyggingprosessen skjer kontinuerleg gjennom

¹⁰⁰ Liknande teoriar tok Walter Lippmann i bruk allereie i 1920-årene då han hevda at journalistane gjennom «the pictures in their heads» hadde ein tendens til å generalisere på grunnlag av bestemte førestellingar eller framingar. Lippmann 1922:19.

¹⁰¹ Presentasjonen av framingteori bygger i stor grad på Werenskjold 38-47:2012. I avhandlinga om mediene si rolle i proteståret 1968 tek Werenskjold utgangspunkt i framingteori.

¹⁰² Sjå til dømes Eide og Rasmussen 1985:3.

¹⁰³ For ein gjennomgang av framingteori, sjå Werenskjold 38-47:2012.

samhandling mellom journalister og eksterne elitepersonar eller grupper som ønskjer å påverke korleis saker blir utforma og framet i mediene.¹⁰⁴ I denne avhandlinga gjaldt dette blant anna *Opplysningskomiteén for gjenreisning* som forsøkte å påverke korleis Filmavisa og andre media framstilte gjenreisingsarbeidet etter andre verdskrigen.

Resultatet av framebyggingprosessen er dei *frames* som fins i den manifeste teksten i mediene, som grovt kan delast i to hovudkategoriar; *generiske (episodiske)* og *tematiske frames*.¹⁰⁵ Mens generiske frames legg vekt på å rapportere episodar som framhevar det unike aspektet ved ei hending, bidreg tematiske frames med dei breie perspektiva og plasserer hendinga inn i ein vidare samanheng, som eit eksempel på ein meir generell tendens. I Filmavisa kan til dømes ein reportasje frå husbygging bli knytt til *gjenreising* som tematisk frame.

«Frames» er med andre ord dei leide trådane i teksten som bidreg til å skape ei forståinga av hendingar og som ordnar inntrykka våre slik at verda framstår som forståeleg. Det er viktig å understreke at også avsendar av teksten er eit «produkt» av og blir påverka av visse tolkingsrammer. Den amerikanske sosiologen Todd Gitlin har gjeve følgjande definisjon av framingomgrepet. «Frames make the world beyond direct experience look natural. (...) Frame bring order to events by making them something that can be told about; they have power because they make the world make sense.»¹⁰⁶

I nyare framingteori har Robert Entman stått sentralt for å forklare korleis fenomen fyrst blir konstruert av mediene, slik at det i neste omgang kan påverke publikums oppfatningar.¹⁰⁷ Entman har oppsummert mange av dei tidlige definisjonane av framingomgrepet slik: «Selecting and highlighting some facets of events or issues, and making connections among them so as to promote a particular interpretation, evaluation, and or solution.»¹⁰⁸ Entman har hevda at alle tolkingsrammer bidrar til å 1) definere og avgrense problemet, 2) identifisere årsaka til problemet, 3) gje grunnlag for moralske vurderingar, og 4) antyde løysingar og tiltak.¹⁰⁹ Entman sin definisjon av framingteori vil vere eit sentralt utgangspunkt for analysen av Filmavisa sine tolkingsrammer.

I ein studie om nyheitsdekninga i belgiske aviser kring etableringa av eit asylmottak i Antwerpen har den belgiske medieforskaren Baldwin Van Gorp gjeve eit døme på korleis ein kan operasjonalisere framingteori. Van Gorp viser i denne analysen korleis ulike verkemiddel

¹⁰⁴ Tankard 2003:24.

¹⁰⁵ de Vreese 2005:52.

¹⁰⁶ Gitlin 2003:27-28.

¹⁰⁷ Entman 2003 og 2007.

¹⁰⁸ Entman 2003:5.

¹⁰⁹ Entman 1993:52.

i ein tekst kan underbygge visse tolkningsrammer.¹¹⁰ Eit tema som *korleis skal Noreg fysisk gjenreise landet* kan tene som illustrasjon for korleis Entman og Van Gorp si tilnærming til framingteori vil bli brukt i analysen av Filmavisa:

I corpuset av reportasjar som omhandlar gjenreisinga skal vi fyrst forsøke å identifisere korleis Filmavisa *definerar* og *avgrensar* gjenreising som problem. Det kan til dømes vere definert og avgrensa til bustadmangel i storbyane og i Nord-Noreg. Deretter bør vi finne ut kva Filmavisa identifiserar som *årsaka* til dette problemet. Dette kan vere tysk bombing av norske byar og den brente jords taktikk i nord under krigen, samt mangel på arbeidskraft til å utføre gjenreisingsarbeidet. I desse reportasjane skal vi også finne ut om Filmavisa gjev ei førestelling om kva tiltak som kan *løyse* dette problemet. Vi bør difor analysere om Filmavisa sine reportasjar til dømes kan tolkast som ein appell om auka arbeidsinnsats som eigna tiltak for å løyse problemet. Filmavisa kan også ynte om kven som bør ha *ansvaret* for at problemet blir løyst, og det kan i dette tilfelle vere både styresmaktene og den jamne kvinne og mann. Tilsaman utgjer dette det ein kan kalle Filmavisa sine grunngevnne «meiningar» om korleis ein bør tolke og forstå dette problemet.

Dette blir underbygd med forskjellige «verkemiddel» som vi kan lese ut av teksten. Desse verkemidla er 1) ei *moralsk vurdering* av problemet, til dømes at teksten uttrykker at det ein har ei moralsk plikt til å hjelpe sine landsmenn som er i husnaud. Den neste kategorien verkemiddel er 2) den *kjenslemessige basisen* vi kan lese ut av teksten, til dømes ei kjensle av «solidaritet» med sine hardt råka landsmenn. Eit tredje verkemiddel på eit noko meir abstrakt nivå er at dei 3) *kulturelle motiv* teksten refererer til, som til dømes at måten dei som har mista hus og heim blir framstilt på kan refere til arketypen av «offer». Bruken av 4) *metaforar/stereotypiar*, slik som «hjelpplause offer» er eit fjerde verkemiddel i som Van Gorp trekker fram. Kva slags ord ein veljer å bruke i teksten er sjølvsagt eit verkemiddel som underbygger tolkingsramma for «problem», og særleg skal ein vere merksam på kva 5) *leksikalske val* som ofte blir føretrekt i omtalen av gjenreisingsproblematikken. Eit sjette verkemiddel, er kva slags *visuelt bilde* som er (ofte) brukt. Denne kategorien vil også vere særleg viktig når det gjeld analysen av Filmavisa, som kan vise levande bilde som eit sterkt verkemiddel. Van Gorp analyserte avistekstar, men med tanke på Filmavisa sin mulegheit til å la bilde og kommentarar vere akkompagnert av «sørgmodig», «dramatisk» eller annan type musikk er vi difor nøydd til å føye til 7) *musikalsk bilde* som den siste kategorien verkemiddel.

¹¹⁰ Van Gorp har brukt nyheitsdekninga kring etableringa av eit asylmottak i Antwerpen som case. Sjå Baldwin Van Gorp, Culture and Protest in Media Frames (2014:75-90) i *Media and Revolt – Strategies and performances from the 1960s to the Present*. Kathrin Fahlenbrach, Erling Sviertsen and Rolf Werenskjold (eds.).

Denne forma for analyse treng naturlegvis ikkje berre vere retta mot eit tema som eit «problem», slik som i Van Gorp sitt døme. Det kan også vere om andre tema som sletts ikkje framstår som noko problem i det heile. Dette kan til dømes vere ein analyse av kva tolkingsrammer motstandsørsla under krigen blir framstilt i, der det tilsynelatande ikkje er noko problem som Filmavisa antydar ei løysing på, men kor ho likevel gjev ei førestelling om kva slags tolkingsrammer motstandsørsla bør forståast innanfor.

Det som blir framet og framheva, kan i samspel med publikums predisisjonar og tidlegere kunnskapar bidra til å forsterke eller endre korleis nye hendingar og saker i nyheitsoppslaga blir tolka.¹¹¹ Studiar kan tyde på at frames kan påverke publikum både individuelt og på eit samfunnsnivå, og bidra til prosessar som stimulerer til politisk sosialisering, politiske avgjerder, eller kollektive aksjonar.¹¹² I kva grad media har effekt på publikum er ei problemstilling som medieforskninga alltid har vore opptatt av, og det hadde sjølvsagt vore interessant å vurdere kva slags *effekt* Filmavisa sine reportasjar kunne ha på publikums haldningar til både rettsoppgjeret og gjenreisninga. Sjølv om denne avhandlinga fyrst og fremst vil legge vekt på å analysere sjølve *teksten*, vil vi i følge framingteori kunne vurdere korleis dei ulike reportasjane truleg kunne ha ein tendens til å bli *tolka* av publikum. Dette skil framingteori frå *dagsordenteori* som fyrst og fremst hevdar at det er ein sterk korrelasjon mellom medias vektlegging og omfang av dekninga av ei sak, og kva saker som publikum oppfattar som viktige, men at medias påverkingskraft er noko avgrensa; altså at media fortel kva publikum skal meine noko om, men at media ikkje fortel kva meiningar folk skal ha. I studiar kor ein brukar framingteori er ein ikkje berre opptatt av omfanget, men også *korleis* mediene rapportar om saker, blant anna korleis ein framhevar enkelte aspekt ved medieinnhaldet framfor andre.¹¹³

Kvar i teksten kan ein identifisere dei frames som blir brukt i nyheitsmediene? Fleire forskarar har gjennom empiriske studiar peikt på ei rekkje element i teksten kor det er muleg å identifisere frames – slike som fråveret eller nærværet av spesielle nøkkelord i teksten, ofte gjentekne kjernesetningar, stereotypiske bilde osv.¹¹⁴ Tankard og Reese har sammenfatta dei mange forsøka i forskingslitteraturen på å identifisere kvar i medietekstene ein kan finne dei

¹¹¹ I denne konteksten inngår kulturen som eit lager for tidlegare brukte frames. Slike felles skjema kan til dømes vere den gamle kald-krigs-framingen som dannar grunnlaget for reaksjonane på den kommunikasjonsprosessen som nye framingar inngår i. Werenskjold 2010:40. Sjå også Entman, Matthes et al. 2009:176. Denne delen av framingprosessen har blitt definert som *frame-setting*. de Vreese 2005:52.

¹¹² de Vreese 2005:52.

¹¹³ Scheufele og Tewksbury 2007:11-15.

¹¹⁴ De Vreese 2005:54.

frames som er brukt, og listar opp følgjande element: Overskrifter, ingressar, foto, fototekstar, leiarar, val av kjelder, val av sitat, utheva sitat, logoar, statistikk, figurar og illustrasjonar, samt avsluttande utsegn og avsnitt.¹¹⁵

Tankard og Reese si liste er i fyrste rekke mynta på skriftlege medier, men fleire er relevante ved ein analyse av Filmavisa. Forutan at vi bør analysere det totale corpus av reportasjar med omsyn til å finne eit mønster i kva saker/hendingar Filmavisa valde å prioritere, må vi også analysere den enkelte reportasje. Fyrst og fremst skal vi ta omsyn til dette mediets spesielle formidlingmodus, og analysere korleis kombinasjonen av levande bilde med kommentarar og musikk kunne forsterke reportasjen si meining.

Levande bilde var eit sentralt element i Filmavisa sin formidlingsmodus, og Paul Messaris og Linus Abraham har drøfta kva rolle bilde kan ha i framinga av nyheiter.¹¹⁶ Dei konkluderer med at visuell framing kan fremje meiningar som kunne vere meir kontroversielle og møtt meir motstand frå publikum dersom dei hadde vore sagt verbalt. Messaris og Abraham argumenterer med utgangspunkt i tre distinktive sider ved bilde [visual images]; dei analoge kvalitetane til bilde, deira indeksikalitet og bilda sin mangel av eksplisitt symmetrisk (propositional) syntaks.

Bilde sine analoge kvalitetar blir sett i forhold til verbal kommunikasjon. Tolkinga av *ord* sitt meiningsinnhald er vanlegvis basert på sosiale konvensjonar, mens forholdet mellom *bilde* og meiningsinnhald er basert på likskap eller analogi. Fordi bilde framstår som naturlege og nærare knytt til verkelegheiten enn ord, kan publikum forledast til å oversjå det faktum at alle bilde eigentleg er menneskapt kunstige konstruksjonar. Dette er ein grunn til at visuell framing lettare blir tatt for gitt enn verbal framing, hevdar Messaris og Abraham.

Bilda sin indeksikalitet dreiar seg mellom anna om i kva grad dei kan bli sett på som autentiske. Messaris og Abraham peikar på at fotografi er eit automatisk produkt, og eit resultat av samspelet mellom linse, lys og film. Det har difor ein kvalitet som skil det frå andre type bilde, til dømes maleri. Sambandet mellom fotografi og verkelegheit har difor ein autensitet som menneskeskapt bilde aldri kan ha. På grunn av denne «indexicality», har fotografi ein implisitt garanti for å vere nærare sanninga enn andre former for kommunikasjon. Difor vil bruken av fotografiske media, levande bilde inkludert, i framing-prosessen minske sannsynlegheita for at publikum stiller kritiske spørsmål til det dei ser, fordi det kan bli oppfatta som autentisk, meiner Messaris og Abraham.

¹¹⁵ Reese, Gandy et al. 2001:101.

¹¹⁶ Messaris og Abraham 2001. Sjå også Werenskjold 2010:47.

Det tredje punktet Messaris og Abraham trekk fram er at visuell non-verbal kommunikasjon ikkje har eit eksplisitt sett av syntaktiske konvensjonar. Derimot er det ein distinkt eigenskap ved verbal kommunikasjon at den har eit utvikla og eksplisitt syntaktisk system som er grunnlaget for tolking. I forhold til verbalspråket er bilde difor meir avhengig av publikums evne til å skape ei intuitiv tyding av implisitt meiningar på grunnlag av bildets kontekst. Det er med andre ord eit langt større rom for fleire tolkingar for bilde/levande bilde, enn ved verbal kommunikasjon. Av den grunn kan sendar få fram ei meining gjennom det usagte, levande bilde, som kunne vore meir kontroversielt og møtt meir motstand frå publikum dersom dei hadde vore sagt verbalt. I Filmavisa blir mykje av tolkinga av det vi ser i stor grad styrt av kommentarane gjennom ein nesten samanhengande ordflaum. Men i enkelte reportasjar er det også eit tydeleg opphald i kommentarane, og bilde så og seie «talar for seg sjølv.» I slike reportasjar bør vi vere ekstra merksame i tolkinga av det vi ser.

Sjølv om denne avhandlinga ikkje har ambisjonar om å analysere kva effekt Filmavisas reportasjar hadde på publikum, kan vi likevel førestelle oss korleis publikum kan ha reagert. Det er truleg at *levande* bilde i si samtid gav publikum eit sterkere inntrykk enn det som kunne formidlast i aviser og andre trykte medier.¹¹⁷ I si samtid kunne innslaget fra opninga av massegraver på Håøya og Trandum (sjå nedanfor) brukast som ei form for bevisførsel for ugjerninger under krigen. Andre innslag viste utan omsvøp korleis Rinnan-banden hadde teke i bruk forskjellige torturinstrument, illustrert av ein som sjølv hadde blitt torturert av banden. Det er grunn til å tru at reportasjar som avdekte slike alvorlege brotsverk bidrog til å legitimere eit strengt oppgjer. Likeeins kan reportasjar kring gjenreisinga ha påverka publikums oppfatning av *korleis* dette viktige politiske spørsmålet burde løysast. Med utgangspunkt i framingteori skal vi difor analysere korleis slike sentrale tema blei framstilt for Filmavisas publikum i dei fyrste etterkrigsåra.

Metode

Materialet i denne avhandlinga er Filmavisas reportasjar frå mai 1945 til mai 1949. Kvar utgåve av Filmavisa starta med ein vignett som var delt i to klipp med ein kort «kjenningsmelodi» som tonefølge. Det fyrste klippet viste «Norsk Filmrevy» med det norske flagget vaiande i bakgrunnen, og deretter eit bilde som viste årstal og revynummer på svart bakgrunn. Deretter

¹¹⁷ Det vi har av levande bilde frå rettsoppgjeret og gjenreisinga er det stort sett Filmavisa som har produsert. Filmavisa sine reportasjer er difor vore det einaste arkivmateriale NRK eller andre har kunne bruke for å illustrere td. rettsakene mot Quisling og Rinnanbanden.

kom innslaga forløpande som ein revy utan tittelplakatar mellom reportasjene. Norsk Film AS har ein katalog kor dei har gjeve kvar reportasje ein tittel. På grunnlag av denne katalogen veit vi at det i perioden mai 1945 til mai 1949 blei vist 1453 reportasjar, samt kor lange dei var. Kopiar av desse reportasjane er henta frå Nasjonalbibliotekets arkiv i Mo i Rana og NRK. Dessverre er det enkelte lakuner i desse arkiva. Cirka 300 innslag har ikkje vore muleg å spore opp, slik at det rett og slett ikkje har vore muleg å få sett alle innslag som Filmavisa sendte i denne perioden. Likevel utgjer det materialet som har vore tilgjengeleg ein så stor del (ca. 80 prosent) at det kan seiast å vere representativt.

Analysen av Filmavisa vil vere ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ metode. Vi skal fyrst forsøke å gje eit oversyn over Filmavisas totale tilfang i denne perioden, og til eit så stort materiale er kvantitativ metode best eigna. Østbye m.fl. skriv at «Kvantitativ analyse innebærer analyse av et materiale som lar seg behandle som tall, eller som kan telles. Minimumskravet er at enhetene kan plasseres i entydige kategorier.»¹¹⁸ I mitt materiale er kodingseininga det enkelte revyinnslag, og kodinga er basert på ei registrering av det ein kan kalle eksplisitt innhald, altså det tema som revyinnslaget handlar om, og ved å plassere kvart revyinnslag i ein av dei gjensidig utelukkande kategoriane. Dette er ein veikskap med denne metoden, fordi ein er tvinga til å plassere det enkelte innslag i berre ein kategori, sjølv om eit og same revyinnslag kan handle om fleire forskjellige tema. Dette er likevel nødvendig for å kunne gje eit talmessig uttrykk for alt det som blei vist for publikum i denne perioden.

Denne delen av analysen har som siktemål å plassere Filmavisa innanfor ein internasjonal filmavistradisjon, og vil ha likskapstrekk med Baechlin og Muller-Strauss sine undersøkingar der revyinnslaga blei kategorisert og plassert innanfor 17 ulike samfunnsområder (sjå ovanfor).¹¹⁹ Mitt materiale er noko annleis enn dei filmavisene som Baechlin og Muller-Strauss undersøkte. Eg har difor valt å dele inn innhaldet i Filmavisa i 21 kategoriar som av den grunn skil seg litt frå Baehlin og Muller-Strauss si inndeling. I dette fyrste steget vil til dømes ein reportasje frå eit idrettsarrangement, til dømes eit orienteringsløp i Nordmarka, bli plassert i kategorien «sport», ei vegopning bli kategorisert under «infrastruktur», og så vidare. I figur 1 nedanfor er Filmavisa er delt inn i følgjande innhaldskategoriar:

¹¹⁸ Østbye m.fl. 2007:154-155.

¹¹⁹ Innhaldet i *Svensk Filmindustri* (Sverige), *Urugua Al Dia* (Uruguay) samt to dei to sveitsiske filmavisene *Fox Movietone* og *Ciné-Journal* er gjennomgått for eit tidsrom hausten 1949. Undersøkinga omfattar tilsaman 415 innslag som er plassert i 17 innhaldskategoriar: Sport, mote, sensasjon, katastrofe, sosiale spørsmål, økonomi, utdanning, vitenskap, kultur, religion, folklore, innanrikspolitik, utanrikspolitik, militære spørsmål, kjendisar, Sameinte Nasjonar og diverse. Baechlin og Muller-Strauss 1952:42-43

Kategori	Innhald
Krigen	Hendingar under okkupasjonen av Noreg. Avduking av krigsmonument, minnesstunder, rettslege oppgjer, gjenoppretting av styresettet før krigen, frigjering av fangar, militære aksjonar knytt til krigsoppgjeret.
Politikk	Stortingsval og andre politiske hendingar. Politiske møter.
Infrastruktur:	Hamner, vegar, flyplassar kommunikasjonsanlegg, anlegg for kraftforsyning og liknande. Lansering eller bruk av transportruter.
Bustadbygging	Bygging av husvere, gjenreising av byar, byfornyng.
Industri	Næringsverksemd som går ut på organisert omlaging av råemne til ferdige varer med hjelp av maskinar.
Primærnæring:	Landbruk, fiskeri og fangst.
Servicenæring:	Tenesteytande næring unntatt transport av varer og personar.
Forsvaret	Militært forsvar av Noreg i framtida.
Folkeopplysing, offentlig informasjon	Opplysningsverksemd der det breie lag av opinionen er målgruppa.
Frivillig/humanitært arbeid:	Humanitært hjelpearbeid gjennom organisasjonar. Frivillige organisasjonar.
Andre offentlege tenester	Renovasjon, helsestell, politi, brannvesen ol.
Byjubileum/hystemner	Feiring av byjubileum, lokale og nasjonale festdagar. Besøk frå Kongehuset
Utdanning/vitskap	Skule og fagleg opplæring for yrkeslivet, vitskap.
Kunst og Kultur	Høgkultur og lågkultur, produksjon og framvisning. Td. film, kunstutstillingar ol
Kyrkje/religiøst liv	Innslag knytt til kyrkja og anna religiøst liv.
Fritid/Friluftsliv:	Rekreasjon og fritidssyslar utan monaleg konkurranseelement.
Sport/idrett	Fysisk fostring der konkurranse-elementet er knytt til idrett.
Ulykker	Ulykker, naturkatastrofer og liknande
Utland	Hendingar utanfor Noregs grenser. Innslag med særskild norsk vinkling, vil bli plassert i andre kategoriar avhenging av tematisk tyngdepunkt.
Kuriosa	Hundeutstillingar, misseshow og liknande.
Anna	Uklart tema,

Figur 1: Innhaldskategoriar for Filmavisa mai 1945 – mai 1949

Det neste steget av den kvantitative analysen er retta mot å finne dei innslaga som spesifikt kan gje svar på hovudproblemstillinga. Enkelte innslag handlar til dømes om ei hundeutstilling, mens andre innslag kan vise isbading eller cupfinalen i fotball. Dette er reportasjar som i liten eller ingen grad er relevante for å gje svar på hovudproblemstillinga, og vil berre bli registrert men ikkje vidare analysert. Berre dei innslaga som ein tematisk kan knytte til rettsoppgjeret,

minneproduksjon og den moralske og fysiske gjenreisinga vil bli analysert. Vi skal difor særskild sjå etter ein anna type innhald: Eit sentralt element i ein «sportsreportasje» frå det nemnde orienteringsløpet i Nordmarka var at deltakarane var «gutta fra skauen» som no konkurrerte i dei same skogane der dei hadde drive motstandsarbeid. Likeeins inneheld ein «politikkreportasje» frå det fyrste stortingsvalet etter krigen eit sterk markering av kor viktig dette var for gjeninnføringa av demokratiet. Ein annan reportasje som i den fyrste kvantitative undersøkinga blei plassert i kategorien «krigen» gjev ei inngåande skildring av korleis eit av Rinnan-banden sine offer blei torturert. I dette steget skal vi difor finne dei innslaga som dreier seg om gjenreisinga av landet, korleis re-etableringa av demokratiet og rettsoppgjeret blei gjennomført, og kor til dømes seremoniar knytt til hendingar under krigen er eit sentralt tema.

Den fyrste kategorien, *Rettsoppgjeret*, inneheld innslag som er knytt til re-etablering av dei demokratiske institusjonane, det juridisk oppgjeret etter krigen, og det ein kan kalle ei militær og sivil opprydding.

Minneproduksjon er den andre kategorien som inneheld reportasjar om konkrete hendingar og symbol knytt til krigen. Her vil vi også finne korleis Filmavisa framstilte dei mange seremoniane som tok utgangspunkt i krigen. Dette gjeld mellom anna avduking av krigsminnesmerke, og omtale av kjente personar som gjorde seg særmerkte i tilknytning til krigen. Omtale av krigsfilmar og andre kunstnariske uttrykk med referanse til krigshendingar vil også vere med i denne kategorien

Den tredje kategorien, *Gjenreisinga*, dreiar seg fyrst og fremst om det som føregjekk i notid; korleis næringslivet kom i gang igjen, brente byar blei bygd opp att og tiltak for å betre infrastrukturen. Noko skilt i frå det sivile liv føregjekk også ei gjenreising av forsvaret, som kravde store ressursar. Gjenreisinga er både omfattande og mangslungen og vil difor vere ein hovudkategori som eg vil dele inn i underkategoriar; den fysiske gjenreising av a) Infrastrukturen, b) Næringslivet c) Forsvaret.

Gjenreising av infrastrukturen er knytt til bygging av nye vegar, hus og liknande konkrete investeringar. I tillegg vil etablering av nye flyruter eller liknande også bli sett på som ei form for gjenreising av infrastrukturen. Innan næringslivet kan det vere vanskeleg å skilje mellom produksjon av varer og tenester som er ”normal”, i den forstand at den går sin vante gang utan at den er monaleg påverka av krigsherjingar, og produksjon som er attreist. Det er difor ikkje forsøkt å lage eit skilje her, og denne underkategorien kan dermed innehalde ein del innslag der gjenreising ikkje er det mest presise uttrykket for det vi ser.

Store delar av den militære aktiviteten var i den aller fyrste tida etter krigen retta inn mot rydding av minefelt, sikring av fiendtleg militært materiell og heimsending av tyske

soldatar. Innslag som viser den militære oppryddinga som gjekk føre seg rett etter krigen, er kategorisert under Rettsoppgjeret, mens dei innslaga som vektlegg forsvarsevne og vilje i framtida, er kategorisert under *Forsvarsgjenreising*. Det vil nok kunne overraske noko at også innslag frå idrettar som orientering og turn er plassert her. I vid forstand er det noko militært preg over idrett, mellom anna sett i lys av ”kampen mellom nasjonane” og anna retorikk knytt til OL i Berlin og liknande idrettsarrangement i mellomkrigstida. Eldsjelene bak dei fyrste idrettslaga i Noreg hadde ofte ein militær bakgrunn, og knytte landets forsvarsevne til fysisk fostring. Idretten fekk også i ein periode løyvingar over forsvarsbudsjettet. Orientering (stundom også kalla Commandos-løp) legg vekt på eigenskapar som er sentrale under militære manøvrar. Turn og linjegymnastikk har med sin vektlegging av kombinasjonen disiplin og fysisk styrke eit relativt sterk militært preg. Det same resonnementet er lagt til grunn når også ulike former for speidaraktivitet er lagt til denne kategorien. Speidarrørsla har med uniformering, disiplinering og si vektlegging av fysisk fostring også eit militært preg over seg. Gjenreisinga av landet hadde også ein moralsk dimensjon. Fleire peika på at det var nødvendig å oppvise høg arbeidsmoral dersom ein skulle klare å sikre alle husvære og mat på bordet. Dessutan var solidariske handlingar og humanitære aksjonar for krigens offer slik som Nasjonalhjelpen stod for moralsk grunngeve. Eg vil difor skilje ut *moralsk gjenreising* som ein fjerde underkategori under Gjenreisinga.

Eit neste steg vil vere å analysere kva slags *meining* ein kan lese ut av desse innslaga ved å sjå nærare på meiningsberande element som kommentarar, bilde, musikk og ei rekkje andre stilistiske grep. Her vil eg ta utgangspunkt i Van Gorp si operasjonalisering av framing (sjå ovanfor), som skjematisk kan framstillast som i denne tabellen:

Reasoning devices (Argumentasjon)						Framing devices, selection/ Framing (Verkemiddel)						
Frame	Problem definisjon	Tema	Årsak til problemet	Ansvar	Løysing	Moralsk grunnlag	Kjenslemessig grunnlag	Kulturelt motiv	Metafor/ stereotyp	Leksikalske val	Visuelt bilde	Musikalsk bilde

Tabell 2: Operasjonalisering av framing (sjå Van Gorp 2014)

Van Gorp peikte på at i analysen av ein medietekst vil ein finne at meininga blei understøtta med ulike verkemiddel, mellom anna leksikalske val. I min analyse vil leksikalske val som Filmavisa gjer vere sentrale. I praksis vil eg trekke ut delar av kommentatorteksten og peike på ordval, og korleis det kan knytast til stereotypiar eller andre kategoriar med verkemiddel som Van Gorp peikte på. Dersom eit ord i teksten til dømes underbyggjer ei kjensle av «solidaritet», vil dette bli framheva i analysen, men sjølv om dette kan knytast det Van Gorp kallar den

kjenslemessige basis, vil eg ikkje alltid referere til «kjenslemessig basis» i analysen av kvar reportasje. Eit anna sentralt verkemiddel er det *musikalske bilde*, altså musikken som er lagt til den enkelte reportasjen. Her vil eg som regel ikkje kunne identifisere kva musikk-stykket heiter. I staden vil eg tolke kva type musikkjanger som er blitt brukt i dei ulike reportasjene, og om den gjev konnotasjonar som «sørgmodig», «dramatisk», «munter» eller liknande.

Ein slik *kvalitativ* metode har som mål å avdekke ein tendens i materialet, samtidig som ein også kan fange opp det unike ved eit innslag. I denne avhandlingsa vil det vere eit sentralt mål å avdekke om ein kan finne ein tendens i Filmavisa sine *tolkingsrammer*. Ved å gå gjennom materialet fyrst i breidda så i djupna skal den kvantitative og kvalitative metoden utfylle kvarandre.

I analysen vil det bli referert til enkelte innslag. Desse er nummerert slik at det fyrste talet i dømes revy nr. 49/1948/08 gjeld eit innslag som blei vist i utgåve nummer 49, og det neste talet viser at dette var i året 1948. Det siste talet viser at dette innslag var nummer 8 i denne utgåva. Det vil også bli vist kva tittel Filmavisa sjølv gav innslaget og kor langt det var, i dette tilfellet var tittelen «Avduking over falne offiserar på den Gamle Krigsskolen i Oslo» (25 meter). 10 meter film er om lag 22 sekund. I eit vedlegg er det laga ei oversikt over alle innslag som Filmavisa viste i denne perioden.

Nokon reportasjar vil bli grundig presentert gjennom ein transkripsjon av kommentarane og ei skildring av det publikum ser, så objektivt som råd. I andre reportasjar er berre kommentarane transkriperert, mens bilda er skildra i mindre detaljert grad fordi dei etter mitt syn betyr noko mindre for analysen av reportasjen. Ein liknande framgangsmåte er brukt på enkelte innslag på grunn av at dei er svært lange, der dei mest sentrale kommentarane er transkriperert. Atter andre innslag vil det bli referert til i mindre detalj, og stundom berre ved tittel og revynummer.

Andre kjelder

I gjennomgangen av materialet vil det også bli brukt andre kjelder for å hente inn fleire opplysingar kring hendingar som Filmavisa dekte. Dette kan dreie seg om kva personar som var til stades og større utdrag av taler som Filmavisa refererer til i sine reportasjar. Dette gjeld i fyrste rekkje Aftenposten der den digitale utgåva av avisa er gjennomgått frå mai 1945 til mai 1949. Dessutan har eg søkt i dette arkivet etter sentrale personar eller liknande som er omtalt i avisa utanfor denne perioda.

Norsk Film A/S har svært lite relevant arkivmateriale, og kan i liten grad gi opplysninger om produksjonen av Filmavisa. Dette er delvis blitt kompensert ved at eg har intervjuet personer som har vore medarbeiderar i Filmavisa. Dei fleste av desse var engasjert i produksjonen *etter* 1949, men likevel er det grunn til å tru at produksjonsrutinene desse kan informere om er nokså lik den som var i «min» periode på slutten av 1940-talet.

Desse informantane fekk på førehand vite om tema for intervjuet som blei gjennomført ansikt til ansikt. Østbye et.al. skriv at ein gjennom slike kvalitative intervju kan få tilgang til informasjon som elles er vanskeleg tilgjengeleg, og at ein kan få stadfesta eller avkrefta data frå andre kjelder.¹²⁰ Metoden var eit såkalla semistrukturert intervju med utgangspunkt i ein intervju-guide med vekt på produksjonsrutiner og opplysningar om sentrale personar. Nettopp for å sjekke data frå andre informantar eller kjelder fekk informantane dei same spørsmåla, men også oppfølgingsspørsmål for å kunne forfølge overraskande innspel.¹²¹ Intervjua blei gjennomført i 2000, altså lenge etter at informantane hadde arbeid i Filmavisa. Vi må difor ta høgde for at detaljar kan vere gløymt, til dømes kva år ein starta i Filmavisa, eller at ein rett og slett hugsar feil om enkelte fakta. Likevel er det grunn til å tru at intervjuet samla sett gjev eit nyttig bidrag til å forstå produksjonsforholda i Filmavisa.

Tidlegare forskning på Filmavisa

Filmavisa har lenge vore eit vanskeleg tilgjengeleg materiale, og dette kan vere ei viktig årsak til at dette ikkje har vore noko omfattande forskingsområde. Likevel finst noko forskning. Bjørn Sørenssen har gått gjennom eit mindre utval reportasjar frå alle Filmavisas årgangar fram til nedlegginga.¹²² Sørenssen har studert det han kalla Filmavisas sitt retoriske grep, og har funne likskapstrekk med framstillingsforma til andre Filmaviser.¹²³ Dette gjaldt i fyrste rekkje *March of Time* si allvitande forteljarstemme, den såkalla "Voice of God". No var nok ikkje kommentatorane i den norske filmavisa så dramatiske i tonen som Westbrook Van Voorhis si malmfulle dommedagsrøyst, men Sørenssen hevda at til liks med *March of Time* rettleia

¹²⁰ Østbye et. al. 2000:98.

¹²¹ Østbye 2007:99-100.

¹²² Sørenssen har gått gjennom eit redigert utval, om lag 90 minutt per årgang, av Filmavisas reportasjer, 1945 – 1963. Dette utgjer mellom 10 og 15 prosent av alt Filmavisa sendte. Utvalget er sannsynligvis gjort av NRK, og blei utgjeve på ti VHS-kassetter av A/S Video Cassette Marketing Norge i 1993. (epost frå Bjørn Sørenssen 06.11.2013). Det same utvalget ser ut til å ligge til grunn for Nasjonalbiblioteket/Storyline Studio sin DVD-utgave "Norge i bilder. Filmavisen 1941-1963" (2011).

¹²³ Sørenssen legg vekt på framstillingsform meir enn innhald. Sjølvom konteksten i norsk etterkrigstid forandra seg mykje i perioden 1945 -1963, var Filmavisa si framstillingsform nokså uforandra gjennom heile si levetid, meiner Sørenssen. Sørenssen, 1996.

Filmavisas kommentatorstemme publikum si tolking av det dei ”såg” og ”hørde” på ein nokså autorativ måte. Sørenssen hevda vidare at Filmavisa hadde ein gjennomgåande optimistisk tone knytt til gjenreisinga, og fremja ei stolt nasjonal sjølvforståing ved hjelp av slike framstillingseffektar.

Jan Åsmunds Jacobsen har i si magisteravhandling studert Filmavisa sin 1949-årgang, og hevda at den historiske konteksten blei gjenspegla i dei mange innslaga som omhandlar gjenreisinga av Noreg, moderniseringa av landet, industrireising, framveksten av ein nasjonal konsensus og eit forbrukarsamfunn.¹²⁴ Dette samsvarar med Bente Sellereite sine funn i hennar hovudoppgåve om Filmavisa frå 1945 – 1963. Sellereite har intervjuet Erik Hurum som var redaktør i Filmavisa frå 1954 til 1963. Hurum sa at målet for Filmavisa var å gjenspegle gjenoppbygginga og framveksten av det moderne Noreg, og Sellereite hevda at denne målsetjinga blei oppfylt basert på hennar studiar av Filmavisa si oversikt over innslag.¹²⁵ Sellereite sin konklusjon er ikkje basert på ein systematisk gjennomgang av det publikum fekk sjå, men berre titlane Filmavisa gav på innslaga sine.

Ein mykje meir grundig studie der alle innslag publikum fekk sjå ligg til grunn, er Tore Helseth si doktoravhandling om den NS-kontrollerte Norsk Films Revy (1941 -1945). Rett nok har Helseth studert ei anna filmavis som var produsert under eit heilt anna regime, men den har likevel trekk som gjer den særleg interessant med omsyn til Filmavisa.

Helseth har gjort greie for korleis NS-regimet overtok kontrollen over Norsk Film AS og starta produksjonen av *Norsk Films revy*, ei filmavis som var tiltenkt rolla som propagandareiskap for NS og nasjonalsosialismen. Frå starten i august 1941 og fram til krigsslutt blei det produsert 141 slike filmrevyar. Desse blei laga i mellom seks og tolv kopiar, som fyrst blei vist i dei største byane før dei blei distribuert vidare utover landet. Frå januar 1944 blei Norsk Films Revy slått saman med den tyske filmavisa *Deutsche Wochenschau* ved visningane i Noreg. Kvar revy var på om lag 12 -15 minutt og inneheldt sju til åtte innslag i frå forskjellige deler av samfunnslivet. Desse innslaga hadde ei allvitande, konstaterande kommentarstemme, og musikken som var lagt til kunne tene til å understreke stemninga i reportasjen.¹²⁶

Sjølv om det blei brukt nokså store ressursar på Norsk Films revy, konkluderte Helseth med at ein ikkje lukkast med å vinne tilhengarar til NS og oppslutnad om nyordninga: ”Som filmrevy fungerte den kanskje for flere, men som propaganda bare i forhold til dem som allerede

¹²⁴ Jacobsen 1993.

¹²⁵ Sellereite 1984:62.

¹²⁶ Helseth, 2000:96-111.

var sympatisk innstilt til nyordningen, eller som allerede hadde sagt ja til Nasjonal Samling.”¹²⁷ Dersom ein ser på den forskinga som har vore gjort på norske filmaviser, er nok Helseths avhandling den grundigaste.

Denne oversikta over tidlegare forskning viser at mykje er ugjort på dette området. Denne avhandlinga byggjer på ein langt breiare empiri og tek utgangspunkt i andre problemstillingar enn eksisterande forskning kring Filmavisa.

¹²⁷ Helseth, 2000:277.

Del 1: Materialet

I denne delen skal vi sjå noko nærare på kva slags produksjonsrammer Filmavisa hadde, og deretter skal vi gje ein presentasjon av den aller fyrste utgåva frå mai 1945. Til slutt skal vi gje eit kvantitativt oversyn over innhaldet i Filmavisas fire fyrste årgangar.

På grunn av mangelfulle arkiv i Norsk Film er det vanskeleg å gje eit detaljert bilde av Filmavisas produksjonsrammer, både med omsyn til økonomi, teknikk og redaksjonelle prosessar. Ein viktig produksjonsfaktor som vi likevel kan finne opplysingar om er dei som stod for filminga, klippinga og skreiv kommentarane til dei ulike reportasjane, altså dei «forfattarene» som skapte Filmavisa. Det har vore ein lang tradisjon i historiefaget å sjå på sambandet mellom forfattar og tekst (i dette tilfellet Filmavisa). Professor Francis Bull stod for den retninga som la vekt på forfattaren sin biografi når ein skulle tolke teksten. Denne retninga dominerte litteraturforskinga på 1920- og 30-talet, men blei kritisert i si samtid og endeleg forkasta av litteraturforskarar på 1950- og 60-talet. Den såkalla nykritikken vaks fram og la mykje vekt på ei nærlesing av sjølve teksten. Seinare har andre forskarar tillagt forfattaren noko meir betydning i høve til korleis ein kan tolke teksten, mellom anna Pierre Bourdieu, som gjennom teorien om ”det journalistiske feltet” spør kva som har forma forfattaren.¹ Det er difor svært interessant om ein kan finne opplysingar om medarbeidarane, som er ein sentral del av Filmavisa sine produksjonsrammer.

Medarbeidarane i Filmavisa

Dei som laga den fyrste utgåva av Filmavisa, starta ikkje med blanke ark. Fleire hadde erfaringar frå journalistisk arbeid på oppdrag for Statens informasjonsteneste i Sverige, Storbritannia og USA. Eit anna interessant og noko overraskande trekk er at mange av dei som laga Norsk Films revy, også er dei same som blei kameramenn og redaktørar i Filmavisa. Kan desse erfaringane ha påverka måten Filmavisa blei laga på? Kjeldene om medarbeidarane i Filmavisa er for tynt til å kunne gje eit fullgodt og eintydig svar på kva som ”forma” dei. Likevel kan det tilgjengelege materialet gje ein peikepinn på erfaringar som kan ha påverka arbeidet deira i Filmavisa. Vi skal difor gje eit oversyn over sentrale personar som var knytt til

¹ Werenskjold, Rolf ”Ingebrigt Løberg” i Pressehistoriske skrifter. Nr. 6, 2006:123-124.

produksjonen av Filmavisa for å forsøke å finne fellestrekk, og startar med den fyrste redaktøren.

Wilhelm² Bjørset (1904 – 1980) var redaktør i Filmavisa frå fyrste nummer i 1945 og fram til 1948, og han kommenterte dei fleste innslaga i den same perioden. Frå slutten av 1920-talet leverte Bjørset i perioder utanriksstoff til Aftenposten, og dekte mellom anna dei mange uløyste grensespørsmåla etter oppdelinga av Austerrike-Ungarn, med særleg vekt på danninga av Jugoslavia og ministaten Ungarn. I delar av 1939 var Bjørset stasjonert i Paris, og skreiv fleire artiklar om krigshandlingane i Frankrike for Aftenposten.³

Bjørset hadde også bakgrunn som reklamesjef for Askim Gummivarefabrikk, og var mellom anna ansvarleg for verdas største billøp ved markeringa av fabrikkens sitt 20-års jubileum i 1939. Over 1000 bilar deltok, og gav fabrikkens god reklame.⁴ Det har dessverre ikkje vore muleg å finne ut kor lenge Bjørset var engasjert hos Askim Gummivarefabrikk. Under krigen blei fabrikkens betegna som krigsviktig, og tyskarane gjerda den inn med piggråd i 1942.⁵ Arbeidarane saboterte ved lågt arbeidstempo og laga dårlege produkt til tyskarane. I løpet av krigen blei over hundre av dei tilsette arrestert og sendt til Victoria Terrasse, Grini eller Tyskland. Under andre verdskrigen skal Bjørset ha blitt arrestert og sat på Grini.⁶ Etter at Bjørset forlèt Filmavisa i 1948 arbeidde han i reiselivsbransjen.⁷

Erik Kristian Hurum (f. 21.09.1922) var fotograf i Filmavisa frå fyrste utgåve i mai 1945. I eit intervju i Aftenposten Magasinet i 1985 fortalde Erik Hurum om sitt eige motstandsarbeid under krigen og produksjonen av den fyrste filmavisa etter frigjeringskrigen. Erik Hurum var ein av dei som hadde arbeidd i den nazifiserte «Norsk Films Revy» under krigen. Den 1. juni 1943 vedtok styret for Norsk Film A/S å tilsette Erik Hurum som kamera- og klippassistent for Norsk Films revy.⁸ Dette arbeidet måtte truleg vente, ettersom Hurum like

² Namnet hans er i enkelte kjelder skriva med enkelt-v.

³ Telefonintervju med Bjørset si dotter, Kari Mette Bjørset Ringen (f. 1935), 1.10.2010.

⁴ Middelthun, Kari "Svidd gummi", 1992:69.

⁵ Fabrikkeigar Røwde sa opp den populære soussjefen Johan Lippestad etter at han hadde vore på Quislings møte i Askim kino i november 1940. Mange av arbeidarane visste ikkje at Lippestad var blitt hirdmann og protesterte mot oppseiinga. Røwde svarte med at: «Det er dessverre oppstått en meningsforskjell vedrørende landets nye styrelse mellom soussjef Lippestad og fabrikkens styre.» Like etterpå ble Lippestad sosialminister i Quislings regjering. Arbeidarane ved fabrikkens saboterte ved å laga dårlege produkt til tyskarane og låg arbeidsmoral. Då Quisling seinare besøkte fabrikkens, blei dette filma og vist som forfilm på kinoane. Dette skapte opphisselse blant arbeidarane, som demonstrerte mot Lippestads hus. Middelthun 1992:75-77.

⁶ Melding frå Håvard Oppøyen (Nasjonalbiblioteket) 28.9.10: «Det vi har i vår database er: Wilhelm Bjørset: Ble arrestert og satt på Grini under 2. verdenskrig. Redaktør i Filmavisen etter krigen, og en berømt kommentatorstemme i samme sammenheng. Hadde reklamebakgrunn. (kilde: negativklipper Thor Jonny Johannessen).» Bjørset er ikkje registrert som fange i boka om Grini fangeleir.

⁷ Telefonintervju med Kari Mette Bjørset Ringen. Iflg. Ringen hadde Bjørset kontor i Drammensveien (truleg nr 20), i same bygning som fotograf Wilse.

⁸ Helseth 2000:65-66.

etter blei arrestert for illegal avisverksemd.⁹ I følge Norsk Fangeleksikon satt Hurum på Bredtveit i perioden 7. juni til 9. juli 1943. Bakgrunnen for arrestasjonen var Hurums arbeid i den illegale avisa Foto-nytt som kom ut i Oslo i 1942-43. I juni 1943 klarte Gestapo ved hjelp av ein snikmeldar å rulle opp motstandsgruppa som gav ut avisa. Snikmeldaren var av ein av gruppas opphavslege medlemmar som var blitt arrestert utan at gruppa var blitt merksame på det, og han hadde blitt pressa til å la seg verve som Sipoagent. I følge Hans Luihn var Foto-nytt ei av dei mest betydningsfulle illegale avisene, og tyskarane slo hardt ned på dei arresterte. Eit par av dei arresterte var nær ved å bli avretta, og fleire blei sendt til tyske konsentrasjonsleirar.¹⁰ Erik Hurum slapp lettare frå det, og blei slept fri etter kort tid på Bredtveit.

Hausten 1944 blei Hurum igjen arrestert, og i følge fangeprotokollen på Grini skulle grunnen til dette vere ei ”kommunistsak”, sannsynlegvis ein nokså vid kategori. Hurum satt på Grini frå 25. november til 12. desember 1944. Det kan synest rart at Hurum kunne få arbeide for Norsk Films revy etter å ha vore arrestert for illegalt arbeid. Det kan tenkast at Gestapo ikkje hadde bevis mot Hurum i desse to sakene, og at han difor slapp fri etter kort tid med «reint rulleblad» og kunne arbeide for Norsk Films revy. I 1944 hadde Hurum saman med kollegaer ved Kommunenes Filmcentrals laboratorium byrja å stele råfilm frå arbeidsgjevaren sin, for at ein skulle vere førebudd til å filme frigjeringa når den måtte kome.¹¹

Som filmfotograf i den nazifiserte Norsk Films revy prøvde Hurum å fotografere slik at bilda viste låg oppslutnad kring nazismen og NS: ”Ved sportsbegivenheter la vi vekt på å vise de tomme tribunene og tok nærbilder av dem som var tilstede som bevis på deres holdning”.¹² Lydingeniør Carsten Wilschow tok vare på alt som blei filma, og sendte det som dei allierte kunne ha nytte av vidare med kurèr til Stockholm. Hurum heldt fram å bruke kameraet til å registrere dei menneska som tona flagg for tyskarane og nazistane, sjølv etter at han hadde vore i fangenskap: ”Det nyttet ikke siden å påstå at de ikke hadde vært med (...) Jeg fotograferte illegalt også Fornebu og andre områder som hadde vært utsatt for spengningsaksjoner for å vise virkningene.” Då freden kom greip Hurum kameraet og filma så mykje han kunne:

”De første dagene var vi ikke så mange fotografer, selv om flere medarbeidere grep sine kameraer same dag de slapp ut av fangenskap, både den kjente spillefilmfotograf ”Boy” Bergstrøm og lydmann

⁹ Aftenposten magasinet 5.11.1985. Hurum tok råfilm frå Norsk Film sitt lager i Kirkeveien 59 og frå eit anna lager i Nerligården i Tollbodgaten. For at vekta skulle vere den same, la Hurum og hans medsamansvorne tilbake boksar med gamle kopiar og tapet igjen. I april 1945 fekk Hurum fatt i den siste og største fangsten av råfilm. Denne gongen var det eit stort parti råfilm som nettopp var importert frå Tyskland.

¹⁰ Luihn, Hans 1999:53 og 185.

¹¹ Helseth 2000:69.

¹² Aftenposten magasinet 5.11.1985.

Per Hernæs var med. Men så kom Per G. Jonson, Bredo Lind, Finn Bergan og Ragnar Sørensen, henholdsvis fra England og Sverige. Og vi filmet og filmet, hadde knapt nok tid til å spise og sove. Det hersket en eventyrlig glede stemning som vi forøkte å formidle i den første filmavisen ”Vi er fri”.¹³

Hurum var fotograf i Filmavisa frå 1945 og i heile perioden denne avhandlinga omhandlar. Han var den siste redaktøren i Filmavisa frå 1954 og fram til avviklinga i 1963.

Ved opninga av filmateljéet på Jar midt på 1930-talet byrja lydingeniør Carsten N. Wilskow (1903 – 1975) si karriere i Norsk Film AS. Wilskow hadde under krigen vore med i Norsk Films revy heilt frå starten i august 1941.¹⁴ Der var han i ein nøkkelposisjon som klippar og sendte regelmessig stoff som dei allierte kunne ha nytte av med kurér til Stockholm. Dette heldt Wilskow fram med under agentnamnet «X16» heilt til han blei arrestert i mars/april 1944, og sat sidan i fangenskap på Bredtvedt fram til frigjeringa.¹⁵ Etter krigen var han med frå fyrste nummer av Filmavisa i mai 1945 kor han var både fotograf, lydingeniør og klippar. Wilskow var redaktør av Norsk Filmrevy frå 1948 til 1951.¹⁶ I midten av 1950-åra trappa han ned, og tidleg på 1960-talet kom Wilskow til NRK fjernsynet, fyrst som fotograf, og seinare i filmproduksjonsavdelinga.¹⁷

(Karl) Sigurd Agnell (1901 - 1976) byrja som filmfotograf i 1919, og var engasjert som frilansfotograf for Norsk Films revy frå 1944.¹⁸ Agnell var ein sentral fotograf i Filmavisa dei fyrste åra etter krigen. I Aftenposten 2. august 1945 kunne redaktør Wilhelm Bjørset meddele at Sigurd Agnell skulle reise til Nord-Noreg for å filme for Filmavisa, slik at resultatet av tyskarane sine herjingar i vår nordlegaste landsdel skulle bli kjent for heile folket. Ved dette høve opplyste Aftenposten at ”Sigurd Agnell har i over to år vært en av hjemmestyrkenes fotografer.”¹⁹ Agnell var tilknytt Norsk Film A/S fram til han slutta i 1971, og då hadde han over 50 kortfilmar bak seg og ca. 2.000 filmreportasjar.²⁰ Agnell er mest kjend som regissøren til dokumentarfilmen om Havråtunet (1952), og regisserte også oslo-filmen ”Oslofjorden og småbåtene” (1961).

Per Gunnar Jonson (1910 – 1975) var i si tid ein av landets beste skihopparar, og hadde bakkerekorden i Planica i 1934. Etter ingeniørstudiar utanlands blei han i 1933 hopptrenar for det polske skihopplandslaget. Jonson laga kortfilmar om skiløping i Karpantane, og kvaliteten

¹³ Aftenposten magasinet 5.11.1985.

¹⁴ Helseth 2000:65. Sjå også intervju med Wilskow i Aftenposten, 15. mai 1945.

¹⁵ Aftenposten, magasinet 5.11.1985. Sjå også Helseth 2000:68-69.

¹⁶ Aftenposten magasinet 5.11.1985.

¹⁷ Nekrolog i Aftenposten 9.5.1975.

¹⁸ Iflg. Erik Hurum i intervju, referert i Helseth 2000:66. Aftenposten 31. august 1976.

¹⁹ Aftenposten 2. august 1945.

²⁰ Aftenposten 8. mai 1971.

var så god at han blei hyra inn som assistent då Leni Rifenstahl laga dokumentarfilm om dei olympiske leikane i Garmisch-Partenkirchen i 1936. Jonson blei sjefs fotograf for Norsk Film A/S i 1938. Under krigen blei han teknisk leiar ved informasjonsavdelinga i London, og i 1943 filmsjef for Forsvarets Overkommando. Jonson var også utdanna commandosoldat (løytnant), og blei satt til å dokumentere den norske krigsinnsatsen, mellom anna var han med og filma Atlanterhavs-konvoiane. 1. november 1944 filma han landgangen på den nederlandske øya Walcheren der også 71 norske soldatar deltok.²¹ Jonson var i fremste stridslinje og filma både allierte og tyske styrker under kampane.²² Jonson sitt materiale var ein viktig del av dokumentarfilmen om den norske krigsinnsatsen ”5 år – som vi så den” som hadde premiere i 1947.

I 1950 var Jonson også regissør i Oslo-filmen ”Oslo – 24 timer av byens liv”. Jonson var i tillegg til arbeidet i Filmavisa også ein av dei mest brukte filmfotografane etter krigen, og blei mellom anna kjent for sitt arbeid med spelefilmene ”Englandsfarere”, ”Shetlands-gjengen. Jonson var produsent for ”Ugler i mosen” som var ein kunstnarisk suksess, men som han tapte pengar på.²³ Pengeproblem skal ha vore grunnen til at Jonson forsøkte å rane Postgiro-kontoret i Tollbugata i Oslo, i oktober 1960. For dette måtte han sone fem månadar i fengsel. I sine seinare år mottok Jonson krigsinvalid-pensjon.

Då krigen kom til Noreg, meldte Finn Bergan (1918 -1986) seg til teneste, og deltok i kampane i 1940. Seinare drog han over til Sverige og gjennom ei lang reise som mellom anna gjekk gjennom Sovjet og rundt Afrika endte han til slutt i den norske treningsleiren ”Little Norway” i Canada. Sjefen for denne leiren, oberst Ole Reistad, sendte Bergan vidare til New York for at han skulle bli utdanna som filmfotograf. Seinare kom Bergan til Storbritannia, der han tidleg i 1943 blei opptatt i R.A.F.²⁴ og var med på ei lang rekkje bombetokt over Tyskland. Bergans oppdrag var mellom anna å filme fiendens skjulte krigsindustri.²⁵ På eit av desse tokta blei flyet skøte i brann, og kapteinen gav beskjed om at alle måtte hoppe ut. Bergan var blitt skada, og hadde ikkje fått festa fallskjermen skikkeleg idet flyet eksploderte. Bergan falt fleire tusen meter før han fekk trekt i utløysar-mekanismen i siste liten. Bergan blei teken til fange av tyske soldatar. Etter eit kort sjukehusopphald venta 18 månaders krigsfangenskap i nærleiken av Breslau. Då russarane nærma seg i januar 1945, blei leiren evakuert og fangane sendt på

²¹ Artikkel om Per G. Jonson i wikipedia

²² Finn Bergan i intervju, Aftenposten 10.11.1984

²³ Jonson filma dei to fyrste kinofilmene i fargar; Smuglere i smoking» (1957) og «Ugler i Mosen.» (1959). Han hadde også ansvaret for foto på bl.a. *Gjest Baardsen* (1939) og *Tante Pose* (1940).

²⁴ Oslo kameraklubb 25 år. (1947)

²⁵ Nekrolog om Finn Bergan skriven av Jan P. Jansen, Aftenposten 7. april 1986.

marsj vestover. Saman med fire britiske soldatar klarte Bergan å rømme, og blei etter kvart teken hand om av allierte styrkar.²⁶ 31. mai 1945 kom Bergan heim til Noreg på skipet "Andes" saman med medfangar og delar av den norske eksil-regjeringa. Etter krigen arbeidde Bergan som filmfotograf for Filmavisa den fyrste tida.²⁷ Han arbeidde også med dokumentarfilmar, reklame, spelefilmar og dukkefilmar med Ivo Caprino. Bergan debuterte i 1948 som B-filmfotograf i filmen "Kampen om tungtvannet".

Ragnar Sørensen (1915 – 1998) var knytt til Filmavisa som fotograf frå 1945, i følgje Erik Hurum.²⁸ Sørensen debuterte som assistent i 1941 i "Den forsvundne pølseemaker" og som B-fotograf i "En herre med bart" året etter. I 1946 var han sjeffotograf for Nils R. Müller i filmen "Så møtes vi i morgon". Sørensen blei snart ein av landets leiande filmfotografar med store oppgåver for fleire regissørar, blant anna Kåre Bergstrøm og Rados Novakovic i filmen "Blodveien" (1955) og Bergstrøms "De dødes tjern" (1958). Sørensen var i løpet av karrieren fotograf på 26 spelefilmer, og hadde i tillegg regioppdrag for to «Oslofilmer». I 1961 blei Sørensen tildelt Aamot-statuetten.

I følgje Erik Hurum var Kåre Bergstrøm (1911 -1976) knytt til Filmavisa som filmfotograf frå starten i 1945. Bergstrøm blei tilsett i Norsk Film A/S i 1933, og frå 1936 arbeidde han også ei tid som maskinist på Sinsen kino. I Norsk Film arbeidde han med lys, lyd, klipp og på laboratoriet, men lærte seg fyrst og fremst filmfotograffaget. Bergstrøms fyrste oppgåve som spelefilmfotograf var Tancred Ibsens «Tørres Snørtevold» (1940), kor han samarbeidde med Ulf Greber og Per G. Jonson. Sidan fotograferte han "Den forsvundne pølseemaker" (1941), "Den farlige leken" (1942), "Trysil-Knut" (1942) og "En herre med bart" (1942). Dei to siste månadane av okkupasjonen tilbrakte Bergstrøm i tysk fangenskap for ulovlig fotografering. Etter krigen var Bergstrøm også regissør for ei rekkje filmar, mellom anna okkupasjonsfilmen "Blodveien" (1955)

Den siste av medarbeidarane i Filmavisa som vi også skal vie litt ekstra plass er Bredo Lind (1905 – 1977). Då krigen braut ut var han fotograf i Aftenposten, inntil han drog over grensa til Sverige saman med Per G. Jonson ein gong i 1941.²⁹ Under krigen var han tilknytt marinen som fotograf og filmfotograf. I desse åra var han med på utallige tokt i Atlanterhavet, på Jan Mayen og langs med norskekysten. Mykje av dette materialet blei brukt i filmen "5 år – som vi så dem" som Bredo Lind regisserte saman med fotograf Per G. Jonson, og som blei

²⁶ Intervju med Bergan, Aftenposten 11. februar 1960.

²⁷ Erik Hurum, Aftenposten Magasinet 5. november 1986

²⁸ Erik Hurum, Aftenposten Magasinet 5. november 1986.

²⁹ Bildet Lever Oslo kameraklubb 25 år. 1946.

utgitt i 1947.³⁰ Like etter krigen blei Bredo Lind knytt til Filmavisa som fotograf, og var også engasjert i annan film-produksjon, blant anna dei såkalla Oslo-filmene.

Bredo Lind er særleg interessant fordi han også gav uttrykk for sine refleksjonar kring kva truverd ein dokumentarfilm kunne ha, og korleis ein kunne bruke dette mediet til opplysing. Lind hadde stor tru på bruken av fotografi og at levande bilde kunne ha stor effekt på publikum, både i si samtid og på lengre sikt. I 1946 skreiv Lind om ”Fotografiet som psykologisk dokument i krig og fred”, med utgangspunkt i hans egne erfaringar som krigsfotograf. For Lind var det viktig å filme den norske krigsinnsatsen,³¹ og han meinte at nyheitsfotografane kunne bringe «tilbake et dokument som får historisk verdi»:

Med fare for sitt eget liv brakte de tilbake fra frontene bilder du ikke hadde sett før. Du kan nå sitte rolig i din lenestol og oppleve det altsammen nå etterpå. Du har god tid – det har de også, gutta på bildene. De løper ikke vekk, de har tålmodighet med deg (...) Kanskje du vil oppdage noe – og etterpå gjøre noen refleksjoner. Eller du går på Lydfilmavisen [Filmavisa] og opplever det hele i levende bilder.

Lind meinte at slike reportasjar kunne ha denne effekten fordi kameraet i seg sjølv var objektivt, men hevda at tilliten til dette mediet også kunne utnyttast til løgnaktig propaganda:

Men om denne reportasjen kanskje ikke hadde direkte militær betydning, så ble den av begge de krigførende parter tillagt den aller største propagandamessige betydning. Her gjaldt ikke regelen at kameraet ikke kan lyve. Et klassisk eksempel på dette var tyskernes fotografier av massegravene i Katynskogen. Ja, egentlig var det jo ikke kameraet som løy heller, men fotografiene fikk gale underskrifter.

Fotografia av massegravene i Katynskogen blei brukt av tyskarane som dokumentasjon på påstanden om sovjetiske krigsbrotverk. Lind og mange med han trudde at dette var feil, og at det eigentleg var tyskarane sjølve som stod bak avrettinga av 4.400 polske offiserar.³² Poenget til Lind er at fotografi og levande bilde har ei overtydande kraft:

³⁰ Bredo Lind og Per G. Jonson sine filmar om norske soldatar som var blitt laga på vegner av Norsk Informasjonskontor blei stilt til disposisjon for Statens Filmarkiv like etter krigen, sjå Aftenposten 15.5.1945.

³¹ «Den spesielle hensikt med den norske fotograferingen og filmingen var at vi etter krigen skulle lage en historisk bildebok i fotografier og levende bilder om *vår* [Linds kursiv] innsats: om våre sjøfolk i handelsmarinen, vår lille, men gode krigsmarine, våre berømte unge flyvere og om hæren de ganger den var i aksjon. Helt er dette ikke lykkes, men skylden ligger ikke hos fotografene. Vi fikk dog opptatt så mye materiale at det kan kaste streiflys over denne innsatsen vår i verdensoppgjøret” Lind 1946:161,

³² Det har seinare har vist seg at det verkeleg var sovjetiske styrkar som stod bak desse ugjerningane i Katynskogen.

Det er nettopp det virkelighetsnære som er kameraets styrke. Vi tror best det vi ser med våre egne øyne, og et fotografi er noe vi ser. Det var først da vi fikk se bilder og filmer av alle redslene fra Belsen og de andre helvetene at vi riktig skjønnte hvor jævlie tyskerne hadde vært.”

På denne måten meinte Lind at det levande bilde kunne bli brukt i «det godes» teneste, ved at dei kunne opplyse publikum:

Når det levande bilde er ledsaget av det talte ord samt musikk- og lyd-effekter, vil den på sitt beste nå en suggestiv slagkraft som er uten sidestykke i noen annen kunstart. Et godt eksempel på dette er den engelske filmen ”Seier i ørkenen” – ”Desert Victory”. Vi husker den ulidelige spenningen i nattetillheten før stormen ved El Alamein – mennene som så på armbåndsuret – svetten som silte i den tropiske natten – som så plutselig ble utløst i et pandemonium da signalet ”Fire” ble gitt. Filmen når alle mennesker, dens språk forstår alle, den trenger inn i de mørkeste avkroker. En opplysningsfilm uten sidestykke, et ypperlig våpen mot mørk uvitenhet.

Lind si sterke tiltru til media, og særleg lydfilmavisene, sin evne til å kunne påvirke publikum bygger truleg på hans egne erfaringar med korleis styresmaktene i mange krigførande land brukte lydfilmaviser og andre massemedia for å styrke forsvars- og nasjonalkjensla. Lind var ein av mange som i denne tida meinte at media hadde stor makt. Den såkalla «injeksjonsmodellen» var den rådande retninga innan medieteori i denne tida, kor ein meinte at publikum som blei utsett for meiningspåverknad frå massemedia, ukritisk overtok dei same meiningane. Mange meinte at dei kunne forklare framveksten av fascimen og nazismen med den effektive bruken av film og radio.³³

Lind meinte at kombinasjonen av levande bilde, lyd og musikk kunne gje lydfilmavisa ei suggestiv slagkraft nettopp fordi den som dokumentarfilm «er bygd på fakta uten tilsetning av «fiction»». ³⁴ Denne framstillingsforma skapte ein tillit blant publikum som Lind meinte ein burde bruke til noko positivt, både for å forstå nazismen³⁵, men at ein også kunne bruke filmavis

³³ Østbye, Helge og Schwebs, Ture 2007:208-209.

³⁴ «Det råder en viss ukklarhet over hva dokumentarisk film egentlig er for noe. Ordet stammer opprinnelig fra engelsk. Vi kan dele filmproduksjonen i to kategorier: Underholdnings- og opplysningsfilm. Det utelukker ikke at underholdningsfilmen kan være opplysende og opplysningsfilmen underholdende. Men dokumentarisk regner vi den filmen for å være som er bygd på fakta uten tilsetning av ”fiction”. Lind 162:1946.

³⁵ «Til slutt vil jeg nevne vår fiendtlige kollega: ”Der bildberichterstatter der PK (Propaganda-Kompagnie)”, hvis produkter Goebbels misbrukte under krigen. Når alt kommer til alt, har han i grunnen arbeidet for oss. Nå når denne krigen endelig er brakt til avslutning, overtar vi på den andre siden alle nazienes bilde- og filmarkiver som er i behold. Jeg er sikker på at disse arkivene vil være særdeles interessante og gi og et ”innside view” av hele nazisystemet. Det er blitt gjort interessante forsøk med dette under Nürnberg-prosessen, og sammen med etterkrigs-dokumentasjonen fra alle redselsleirene m. v. vil det i framtiden tjene sannheten, slik som det er fotografiens [sic] sanne vesen. Det blir en stor oppgave for filmmontører, psykologer, lærere og andre å vise våre forhenværende fienders og våre egne barn hva som skjer når galskap og mindreverdighet parres med brutalitet og uvitenhet og blir gitt all makt ihende. Fotografien *kan* [Linds uth.] fylle denne misjonen.» Lind 165:1946.

og anna opplysningsfilm som eit verkemiddel for å byggje landet.³⁶ Om dei andre medarbeidarane delte Lind sitt syn på medias sterke påverkingskraft er vanskeleg å dokumentere. Likevel kan utsegner til redaktørane Hurum og Ulstein tyde på at dei meinte at Filmavisa kunne i stor grad påverke publikum. Både Hurum og Ulstein meinte at Filmavisa kunne bidra til gjenreisninga ved å halde ein optimistisk tone. Ei slik førestelling om medias makt kan difor ha påverka korleis Filmavisa laga sine reportasjar.

Aktiv motstandskamp under andre verdskrigen er fellesnemnaren for dei fleste av dei som var involvert i produksjonen av Filmavisa dei fyrste etterkrigsåra. Erik Hurum, Carsten N. Wilschow og Wilhelm Bjørset sat alle ei tid fengsla i løpet av krigen. Sigurd Agnell skal ha vore ein av heimestyrykane sine fotografar, og alle desse fire var knytt til Filmavisa i mange år. Kåre Bergstrøm blei fengsla for ulovleg filming mot slutten av krigen. Bredo Lind og Per G. Jonson filma for utefronten, likeeins Finn Bergan som også sat som krigsfange i Tyskland. Desse fire sistnemnde var med i Filmavisa den fyrste tida, men synest etter kvart å ha glidd over i spelefilmproduksjon, mellom anna fleire okkupasjonsdrama.³⁷

Det er grunn til å tru at slike krigserfaringar må ha vore med på å forme personlegdomane til desse åtte. Det faktum at så godt som alle som var med å laga Filmavisa hadde bakgrunn i motstandsarbeid, har truleg påverka det journalistiske produktet. To av dei mest sentrale personane i Norsk Film AS, styreformann Kristoffer Aamot og styremedlem Rolf Hofmo, hadde også vore fengsla på grunn av motstandsarbeid under krigen. Aamot hadde sete eit halvt år på Bredtvedt i 1942, og Rolf Hofmo blei arrestert i desember 1940, og sat mellom anna på Grini og i Sachsenhausen fram til frigjeringsdagen i 1945. Sjølv om verken Aamot eller Hofmo sjeldan var innblanda i den daglege produksjonen, styrkar det likevel bilde av at motstandsørsla sin sterke posisjon i Filmavisa. Vi skal no gå frå å vurdere medarbeidarane i Filmavisa til å analysere det dei laga som blei vist for publikum.


³⁶ «Det bør opprettes et statsunderstøttet institutt for produksjon av opplysnings- og undervisningsfilm. Denne produksjon vil vanskelig bli direkte lønnsom med en gang, derfor ville det være naturlig om den ble tilgodesett av overskuddet fra underholdningsfilmene.» Lind 165:1946.

³⁷ Iflg. Sellereite hadde Sixten Andersen eit fotograf-opppdrag i 1947 for å dekke ”diplomaterferden til Lofoten”. Andersen hadde truleg fleire oppdrag for Filmavisa. Sjå redaktør Wilhelm Bjørset sitt brev til direktør Kristoffer Aamot, dagsett 27.3.1947. Sellereite 1983:57-58.) Sixten Andersen var også sjefsfotograf i «Unge Viljer», Denne filmen var regissert av Walter Fürst og kan karakteriserast som utslørt NS-propaganda.


Kvantitativ analyse av Filmavisa 1945 - 1949

Analysen av Filmavisa vil vere ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ metode. Den kvantitative analyse vil bli delt i to trinn. I det fyrste steget er Filmavisa delt inn i 21 innhaldskategoriar (sjå Figur 1 ovanfor) for å vise den tematiske bredden i det totale tilfanget av Filmavisa sine reportasjar.

Av Figur 2 ser vi at *Sport/idrett* er den kategorien med breiast dekning i Filmavisa i løpet av dei fyrste fire etterkrigsåra. Denne prioriteringa er også på lik linje med Baechlin og Muller-Strauss sine undersøkingar av utanlandske filmaviser. Stofftilfanget kan gje ein peikepinn på kva redaksjonen oppfatta som si oppgåve å dekke, kva som var ”viktig” og kva som kunne trekke publikum. Sport/idrett var den kategorien som fekk mest dekning, og det kan vere ulike årsaker til det. Sport blei i Dagbladet og andre aviser oppfatta som godt stoff som publikum ville ha, og den same tankegangen kan ha gjort seg gjeldande i Filmavisa også.³⁸



³⁸ Sjø Dahl m.fl., 1993.



Filmavisa si samansetnad endra seg iløpet av desse fire åra. 1945/46 skil seg ut frå dei andre årgangane ved den sterke vektlegginga av krigen. Figur 3 viser at i det fyrste etterkrigsåret var meir enn kvart fjerde innslag knytt til hendingar under krigen. Dette var om lag dobbelt så mange som i kategorien sport/idrett, men allereie i den neste årgangen var det fotballkampar og andre idrettsarrangement som fekk breiast dekning.

I 1946/47-årgangen var kategorien *Krigen* minka til berre ti prosent av innslaga, og denne synkende tendensen heldt også fram i dei neste årgangane. Det er nærliggande å forklare denne utviklinga med at krigen blei stadig fjernare i tid, noko som førte til ei gradvis normalisering og at stoff-valet blei meir prega av fredstid. Det var difor fleire kategoriar som fekk betre plass i Filmavisa. Den største endringa gjaldt *Sport/idrett* som auka frå 15 prosent til over 20 prosent av alle innslag frå og med 1946/47-årgangen.


Ei liknande utvikling finn i dekninga av næringslivet (kategoriane *industri*, *primærnæring* og *servicenæring*) som samla auka frå sju prosent i 1945/46 til kring ti prosent i dei neste årgangane. Motsatt utvikling finn vi for byjubileum/bystemner, der dekninga av ei lang rekkje merkedagar som blei feira for fyrste gong etter fem års fråver førte til at 1945/46 blei toppåret for denne kategorien. Kategorien *Utland* var særdeles stor i dei siste to siste årgangane, noko som skuldast fleire lange reportasjar i samband med kuppet i Tsjekkoslovakia våren 1948 og dronning Wilhelmina av Nederland som abdiserte hausten 1948. Andre

kategoriar heldt seg nokså stabilt eller innanfor det ein kan rekne som mindre statistiske variasjonar.

I følgje Baechlin og Muller-Strauss inneheld kvar filmavis ”serveral topics which are not directly related,” og dette synest også å gjelde for Filmavisa. Den tematiske bredden kan vere eit uttrykk for at ein oppfatta seg som eit medium, der ein hadde som oppgåve å produsere noko for ein kvar smak. For eit riksdekkande medium burde saker ha ”nasjonal interesse” i eit visst mon, til dømes nasjonale idrettsarrangement, for å kunne kome med i revyen. Dei tekniske avgrensingane for produksjonen påverka også kva type saker Filmavisa kunne dekke. Det kunne vere tidkrevjande å rigge på plass det tunge filmutstyret, og det var lite høve til opptak som ikkje var nøye planlagt. Difor var dei fleste innslag knytt til hendingar som var blitt førehandsannonsert, slik som sportsarrangement, avdukingar, båtavløp og så vidare. Elles var det ein stor del reportasjar frå næringslivet, skular og liknande, der nyheitsfaktoren spelte ein lita rolle.

Sigurd Tønsberg, som var ein av kommentatorane til Filmavisa på 1950-talet, meiner at revyens fyrste innslag burde vere av ein karakter som fanga publikums interesse, mens det siste innslaget burde danne ei roleg avslutning.³⁹ Det er til ein viss grad muleg å spore eit slikt mønster i korleis Filmavisa satte saman reportasjene sine til ei utgåve av revyen. Figur 4 viser at talet på fyrsteinnslag langt på veg også gjenspeglar det totale tilfanget, men ein kategori skil seg likevel ut ved ei slik samanlikning. ”Byjubileum/bystemner” står for 12 prosent av alle fyrsteinnslag, men berre sju prosent av det totale tilfanget. Svært ofte var kongefamilien representert i denne kategorien, så difor blei nok desse innslaga rekna som noko som var effektivt for å fange publikums interesse, og ei «toppsak» som Filmavisa ville framheve fordi det var den viktigaste saka denne aktuelle veka.

³⁹ Jmf. intervju med Sigurd Tønsberg, sjå ovanfor.



Som Figur 4 viser ser den rolege avslutninga ut til å vere best ivareteken med *Sport og idrett*, som står for siste innslaget i meir enn kvar tredje Filmavisa, sjølv om denne kategorien berre står for omlag 18 prosent av det totale tilfanget. Dei fleste innslag i frå utlandet, blei ofte lagt til Filmavisa som ”tillegg” og sendt som siste innslag. Dette er grunnen til den relativt store andelen av sisteinnslag frå kategorien *Utland*. I det heile ser samansetnaden ut til å vere nokså tilfeldig, men skal ein likevel forsøke å trekkje ut noko mønster, ser det ut som at publikum ofte kunne forvente eit ”sportsbilag” mot slutten av kvar filmavis.

Vi har no gjennomført fyrste steg av den kvantitative analysen som har vist at Filmavisa hadde reportasjar innanfor eit breidd spekter som høver innanfor Baechlin og Muller-Strauss sin filmrevydefinisjon. Analysen gjev derimot ikkje svar på hovudproblemstillinga, så difor skal vi gå eit steg vidare og skilje ut dei reportasjane som kan gje svar på i kva grad Filmavisa bidrog til å legitimere det re-etablerte demokratiets gjenreisingspolitikk? Dette spørsmålet kan delast inn i ei lang rekkje underspørsmål. Kva bilde gav Filmavisa av ”gutta på skauen”? Korleis brukte ho referansar til ulike konkrete krigshendingar? På kva måte blei minneseremoniar om krigens offer framstilt? Korleis blei ulike moralske aspekt ved gjenreisninga handsama i Filmavisa? Vi skal difor skilje ut dei reportasjane som kan vise korleis Filmavisa framstilte rettsoppgeret, gjenreisninga av landet, og minneproduksjonen etter krigen. Nedanfor er

resultatet av denne kvantitative analysen presentert både per årgang og for dei fire årgangane samla:





Fig. 7: Innhold i Filmavisa 1947/48 i prosent
N = 328




Fig. 8: Innhold i Filmavisa 1948/49 i prosent
N = 363





Fig. 9 Innhald i Filmavisa 1945- 49 i prosent
N= 1453



Figur 5 viser at både rettsoppgjæret (18 %) og minneproduksjonen (29 %) var sentrale kategoriar i den fyrste årgangen. Innslag som var knytt til det juridisk oppgjæret etter krigen og gjeninnføring av det demokratiske styresettet var det langt færre av allereie i den andre årgangen, og rettsoppgjæret blei ganske raskt ein liten kategori. I løpet av den fyrste årgangen viste Filmavisa 80 innslag i denne kategorien, mens det i dei neste tre årgangane berre blei vist til saman 20 rettsoppgjæreportasjar

Derimot viser Figur 9 at Filmavisa heldt fast på ei relativt brei dekning av minneproduksjonen, som utgjorde 15 prosent av tilfanget i desse fire årgangane. I den fyrste årgangen hadde Filmavisa minst eitt innslag som vi kan kategorisere som minneproduksjon i kvar utgåve. Sjølvom denne frekvensen minka noko i dei neste årgangane, hadde gjennomsnittleg annakvar utgåve av Filmavisa i perioden mellom mai 1946 til mai 1949 minst eitt innslag om minneproduksjonen om krigen. Det kan synest som at Filmavisa si dekning gjenspeglar ein nokså rask overgang til demokratisk styresett, mens minnet om krigen blei holdt levande gjennom heile undersøkingsperioden. Dette kan skuldast ein kombinasjon av redaksjonelle vurderingar og det ein kan kalle reint praktiske årsaker, ettersom det tok det tid å lage krigsmonument, filmar og liknande, slik at avdukingar av minnesmerke og andre slike markeringar også fordelte seg utover heile undersøkingsperioden.

Gjenreisinga av hus, vegar og annan infrastruktur hadde ei stabilt brei dekning i Filmavisa frå fyrste stund med omkring ti prosent av alle innslag. Arbeidet med å få hjula i gang igjen i næringslivet var relativt lite dekt den fyrste årgangen, men fekk seinare ein meir sentral plass i Filmavisa. Opprustinga av forsvaret og alliansebygging blei dekt nokså jamt gjennom heile perioden og utgjorde mellom tre til fem prosent av alle innslag, som var om lag på linje med kategorien for moralgjenreising.

Perioden sett under eitt syner at rettsoppgjeret, minneproduksjonen og gjenreisinga sette sitt klare preg på Filmavisa, og Figur 5 viser at i det fyrste året etter krigen var faktisk om lag 2/3 av tilfanget frå desse kategoriane. For kategorien Rettsoppgjeret skuldast denne høge andelen truleg nærheit i tid til krigen, kor saker som fell under denne kategorien sjølvsagt var sentrale samfunnsspørsmål. Minneproduksjonen hadde også sitt toppår rett etter krigen, men held seg som eit nokså sentralt tema også i dei komande åra. Minneproduksjonen sin andel søkk frå nær 30 prosent av alle innslag i 1945/46 til berre åtte prosent i 1948/49, men då var kanskje det Anne Eriksen kalla ”forteljinga om krigen” allereie blitt godt etablert? Gjenreisinga heldt seg stabilt som tema gjennom heile perioden, og med rundt 1/4 av tilfanget var spørsmålet om korleis ein skulle få landet på fote igjen ei problemstilling som ein møtte på i kvar einaste utgåve av Filmavisa. Dette er det talmessige uttrykket for innhaldet i det Filmavisa viste for publikumet sitt i desse fire åra. I hovuddel 2, 3 og 4 skal vi gjere ei kvalitativ analyse som skal gje svar på *korleis* Filmavisa framstilte rettsoppgjeret, minneproduksjonen og gjenreisinga etter krigen. Men fyrst skal vi gje ein presentasjon av det Filmavisa viste publikum då det heile starta i mai 1945.

Opptakt – den fyrste utgåva av Filmavisa

Vi skal no ta for oss den fyrste utgåva av Filmavisa, både fordi det er særleg viktig å dokumentere korleis det heile starta, men også for å sjå om ein kan spore nokon hovudtendensar i materialet allereie her. Nokon av dei tilsaman ni innslaga i denne utgåva vil bli nøye presentert her, mens enkelte av dei andre reportasjane vil bli grundigare analysert i dei neste hovuddelane. Både frå denne fyrste utgåva og i resten av dei fire årgangane vil enkelte reportasjar også bli illustrert med stillbilde (skjermdump).



Opningsbilde til den fyrste utgåva av Filmavisa (Revy nr. 01/1945/01).

Det fyrste publikum fekk sjå var ein tekstplakat, "Vi er fri!" med lyden av klokkeklang og jublande menneske i bakgrunnen. "Vi er fri! Det er fred! Et Norge i tindrende glede har feiret sin gjenfødte frihet i disse hektiske dagene. Vi har jublet ut i den gryende vår alle lengsler og håp hver norske kvinne og mann har båret i sitt hjerte," var kommentator Wilhelm Bjørset sine opningsord. Bilde viste norske flagg som vaia i vinden og eit bølgjande folkehav som jubla i Karl Johans gate. Men midt i jubelen var oppgjeret med fortida allereie i gang:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>To soldatar frå heimestyrkane med båthuer og armband sparkar ned skilt frå taket av haldeplass. Skiltet har påskrifta: "Wir wunshen alle Kameraden einen Frohen Urlaub" og "Militärrampe Oslo" (ved Loenga stasjon?). Fot trampar i stykker portrett av Adolf Hitler. Skilt med påskrift "Kein Eingang f. Wehrmacht. Nur durch die Bahnhalde" rivast ned (ved Østbanestasjonen?). Skilt med "Zur Wehrm. Sperre" kastast utfor bryggje ned i sjøen. Utanfor den tyske bokhandelen (Frontbuchhandlung) på Stortingsplassen ved Karl Johans gate med ma. eit par politikonstablar på vakt utanfor. Propagandamatriell strødd utanfor på gata, og ligg i store haugar.</p>	<p>(Filmavisas vignett-musikk) (...) «Undertrykkelsens endeløse år er forbi. De forhatte bildene om nazistvelde i Norges hovedstad slettes ut med velrettede spark. Storrensjøringen har begynt etter herrefolkets skamløse maktbrynde. Vekk med tyske skilter og veivisere, nu er det vi som skal fortelle dem hvor vei vi skal ta hen. Den tyske bokhandelen på Karl Johan fikk hard medfart. Tonnevis av nazipropaganda havnet på gaten og videre på søppelhaugen.»</p>

Revy nr 01/1945/01 "Vi er fri og det er fred" (37 meter).

I frå oppryddinga frå den tyske bokhandelen, fekk publikum vidare sjå eit bilde av lastebilar fullasta med soldatar frå Heimestyrkane som blei møtt av den jublande folkemengda:

Vi ser:	Vi hører:
Lastebilar fullasta med soldatar frå Heimestyrkane på vei opp Karl Johans gate. Mannskap frå Det Sivile luftvern og politikonstablar prøver å halde den oppglødde folkemengda tilbake. Oversyn, improviserte tog av mennesker opp Karl Johans gate.	«De norske hjemmestyrkene kommer. Gutta fra skauen! En fulltrenet hær i vindjakke og nikkere, bygget opp i krigens Norge på tross av Gestapos terror og vold. Improviserte 17-mai-tog dukker frem overalt. Syngende, jublende, med tindrende øyne og strålende smil.»

Revy nr 01/1945/01 "Vi er fri og det er fred" (forts)

Uttrykket "gutta på skauen" skulle Filmavisa bruke i mange samanhengar i dei komande årgangane. Kontrasten frå desse bejubla mennene til det neste innslaget frå "Møllergata 19" var stor:

Vi ser:	Vi hører:
<p>Sekvens 1: Norsk flagg vaiar i vinden på toppen av Møllergaten 19. Politibil med to politimenn som står på kvar side av bilen køyrer gjennom ei stor folkemengde. Med hendene over hovudet forast arresterte menn til varetektsfengslet i Oslo politi sin hovudstasjon i Møllergata 19, vakta av fleire væpna menn om har på seg heimestyrkane sitt armband. Vi ser oversiktsbilde over ein vegg med gittervindaug i Møllergata 19.</p> <p>Sekvens 2: Fleire arresterte menn, og ei kvinne på veg inn mot Møllergata 19. Politimann kjem berande med det som ser ut til å vere arkivkasser. Bakruta til ein bil med påklistra plakat med påskrifta «Hjemmevernet.» Tre arresterte gestapo-offiserar.</p>	<p>(Filmavisas vignett-musikk) Sekvens 1: «Møllergaten 19. Rettferdigheten skjer fyldest. Den foraktelige håndfull av forrædere som falt sine egne landsmenn i ryggen og gjorde seg til fiendens skjendige håndlangere får nu selv oppleve den skjebnen som er blitt så mange ærlige nordmenn til del.</p> <p>Sekvens 2: Ingen slipper unna. NS egne arkiver er i hjemmestyrkenes besittelse og danner grunnlaget for den utrenkningsaksjon som i denne tid pågår dag og natt, uten stans. Å nei, de er nok ikke så kjekke nå lenger. Se på disse en gang så brautende frontkjemperne som svarte-maja nettopp har hentet og brakt hit til samlingsentralen på nummer 19. Spillet er endt. Det er slutt på lovløshetens terrormetoder i Norge.»</p>

Revy nr 01/1945/02 "Møllergata 19" (25 meter)

Eit sentralt punkt i denne reportasjen var at publikum fekk sjå at heimestyrkane hadde sikra seg viktig bevismateriale til det komande rettsoppgjeret. Denne reportasjen vil bli grundigare analysert i houddel 3.

I det tredje innslaget vende Filmavisa tilbake til Karl Johans gate.⁴⁰ Denne gongen fekk publikum sjå at den militære delegasjonen som kom til Oslo 8. mai for å drøfte avvæpninga av dei tyske troppene blei mottekne med hyllest frå jublande menneskemasser. I den fjerde

⁴⁰ Revy nr 01/1945/03 «Delegasjonen» (44 meter).

reportasjen vende Filmavisa tilbake til førebuingane til det rettslege oppgjeret, og publikum fekk sjå arrestasjonen av Førargarden ved Gimle:

Vi ser:	Vi høyrer:
Oversiktsbilde av Gimle. To menn i politiuniform held vakt framfor inngangen til Gimle, som er ein portal med søyler, og med naziørn på Solkors over portalen. Fleire menn samlar inn våpen. Førargarden, delvis i uniform oppstilt på rekke mens dei blir ransaka av sivilkleddede menn. Førargarden blir ført inn i buss. Buss køyrer bort frå Gimle.	«Folket jubler, men på Gimle gård er det tyst. Quislings festningspalass på Bygdøy står i dag som et dystert monument over storhets vanviddets forgjengelighet. Den en gang så stolte må vandre forsmedelsens vei til en ny og uvant tilværelse.»

Revy nr 01/1945/04 "Gimle " (15 meter)

I det femte innslaget følgde vi luftbårne britiske og norske styrker som hadde landa på Gardermoen, og som kom med tog til Østbanestasjonen. Derfrå marsjerte dei til sine forlegningar gjennom Oslos hovudgater:

Vi ser:	Vi høyrer:
Soldatar marsjerar på perrongen, og får overrekt blomar. Soldatane marsjerar oppover Karl Johans gate. Store jublande menneskemasser viftande med norske flagg langs med marsjruta, må haldast tilbake av politi og sivile.	(Bakgrunnsmusikk – "It`s a long way to Tipperary" i marsjtakt) «(...) Guttene våre er kommet fra England, her er de, lys levende hjemme igjen, mens ansiktene lyser strålende av et eneste stort smil. Hjemme igjen! Hjemme i Norge! Krigen er slutt! Det er fred! Fred! For en dag, for et eventyr! Overalt like fullt av folk. Overalt den samme overstrømmende begeistring. Denne gang kan man vel bruke uttrykket, hele byen på benene, uten å være redd for å overdrive. Det kunne kanskje være sunt for visse herrer å se hvordan en parademarsj i Oslo arter seg under det angelsaksiske åk, i motsetning til visse såkalte oppmarsjer som i de siste år fra tid til annen forstyrret den vanlige trafikken i gatene.»

Revy nr 01/1945/05 «Flybårne tropper» (55 meter)

Kommentatoren brukte sarkasme når okkupasjonsmakta med sine støttespelarar skulle bli omtalt, og dette var eit forteljargrep Filmavisa skulle kome til å nytte ved fleire slike høve. Ei viktig brikke i gjenninnføringa av demokratiet fell på plass i den neste reportasjen, då politistyrkane som hadde vore optrent i Sverige kom til Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
Ein kortesje av lastebilar fylt av uniformkleddede menn svingar inn på Youngstorget i Oslo. Jublande menneskemengde ikring. To menn i politiuniform og	(militær marsj) «Men, det er ikke bare fra England de kommer tilbake, guttene våre. Fra Sverige rullet avdelinger av de norske politistyrker i en stadig strøm innover mot Oslo. På Youngstorget ble de mottatt av

soldatuniform handhelsar. Oversiktsbilde over stor tropp med politi oppstilt på rekker på Youngstorget.	sine norske kolleger som ønsket dem velkommen hjem til felles innsats i gjenoppbyggingen av den norske rettsstat.»
---	--

Revy nr 01/1945/06 «Rikspolitiet» (18 meter)

Desse jublende scenene blei avløyst av eit panorama over fangeleiren Grini. Også kommentatorstemma endra karakter frå glødande entusiastisk glede til kjensleladd sorgtung tale om krigens offer:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Fjernt hovudbygninga på Grini fangeleir. Panorama oversyn leiren med fangebrakkene. Norsk flagg til topps på flaggstong.	Sekvens 1: (kommentator med patos i stemma, romantisk klassisk musikk i bakgrunnen) «Grini. Hvilken avgrunn av sorg og lidelser innebærer ikke dette navnet for titusener av norske familier. Men en dag skulle komme da det frie norske flagg heistes over dette arnested for umenneskelig råskap og grusomhet.
Panorama oversyn fangane oppstilt under den siste appellen (11.5.1945 kl. 12.00).	Den siste appell. Her er noen av de tusen gode nordmenn, hvis eneste forbrytelse var at de elsket sitt fedreland.
Halvnært eldre kvinne bak nettinggjerde. Kvinnelege fangar arm i arm. Utdeling av kort til mannlege fangar. Kvinneleg fange sit på båre, gjer muntre teikn med fingrane.	Men Grinis dystre historie kan også fortelle at Norges kvinner kjempet med i denne kampen. Fryktløse, sterke ukuelige, stod de ved mennenes side, og gjorde sin ærerike innsats i fedrelandets skjebneår.
Halvnært fange nr. 15431 Halvnært fange nr. 19062. Halvnært eldre fange tek avskjed med yngre fange. Lausletne fangar stig inn i bussar. Halvnært fange nr. 6500 omfamnar kvinne. Buss køyrer gjennom hovudinngangen og bort.	Her har vi Grinis eldste og yngste fange den dag frihetens time slo. Grini. Ærens mark! I dag står portene åpne ut til friheten. Fredens signende sysler tar atter plass i tilværelsens høysete. Med helteglorien om sin panne, vender disse tusener av norske kvinner og menn til sin daglige gjerning i et fritt og lykkelig Norge.
Sekvens 2: Buss med fangar køyrer inn på Universitetsplassen i Oslo, kor det er oppretta en registreringsentral der fangane må oppgje alle sine data før dei dreg heim. Oversynbilde av jublende folkemengde med norske flagg. ⁴¹	Sekvens 2: (pålagt jublende stemmer)Ved Universitetets Aula hadde Røde Kors opprettet en mottagerstasjon for Grinifangene, hvor de på beste måte ble hjulpet til rette. Slik gikk det på Grini, men like gripende var de scener som ble utspilt på Bredtvedt, Berg, Falstad, Mysen og hva de nå alle heter disse uhyggelige interneringsleirene rundt omkring i vårt land.»

Revy nr 01/1945/07 «Grini» (51 meter)

Grini-fangar og andre som på ulike måtar var blitt offer under krigen var eit tema som Filmavisa vendte tilbake til, mellom anna i reportasjar frå ”Bredtvedt, Berg, Falstad, Mysen og hva de nå

⁴¹ Fangane som ein kan identifisere med fangenummer i innslaget var i følge Grini fangebok: Fange nr. 15431: Lars Oscar Larsen, mekanikar frå Oslo, fødd 18.11.1889, arrestert 30.10.1944. På Grini sidan 30.10.1944, (Tyskfiendtlig verksemd). Yngste fange i leiren, nr. 19062: Frank Alfred Hagen, hjelpearbeidar frå Oslo, fødd 30.9.1916. Arrestert 28.3.1945 i Fredrikstad. På Grini sidan 7.4.1945. Fluktforsøk. Fange nr. 6500: Rolf Høgset, kontorist fra Molde, fødd 15.12.1908. Arrestert 9.4.1942. På Grini sidan 18.2.1943. Eksportorganisasjon.

alle heter disse uhyggelige interneringsleirene rundt omkring i vårt land.” Filmavisa meinte namnet Grini symboliserte ein ”avgrunn av sorg og lidelser” for «titusener av norske familier». Grini var den største og i ettertid truleg også den mest kjende interneringsleiren i Noreg. Denne reportasjen skal blir grundigare analysert i hovuddel 4.

I reportasjen frå Grini blei ofra også omtalt som heltar, og dermed var to sentrale roller i forteljinga om krigen introdusert. Kombinasjonen av desse to rollene møter vi igjen i den neste reportasjen, som viste rektor Didrik Arup Seip tale ved Universitetsplassen den 13. mai 1945. Seip var blitt avsatt som universitetsrektor og arrestert i 1941, og sat som fange på Grini og i Sachsenhausen det meste av tida under krigen. Som rektor ved Universitetet blei Seip ”en av forgrunnsskikkelsene i vår nasjonale front da tyskerne hærsette landet; han var medlem av Administrasjonsrådet. Han var en av nasjonens store ukuelighetssymboler, og ”den seipske ånd” ved Universitetet var en vederstyggelighet for Terboven,” som det stod i ein nekrolog då Seip døydde i 1963.⁴²

Mot slutten av reportasjen fekk publikum også sjå Oslo-biskop Eivind Berggrav, som hadde delteke i Riksrådsforhandlingane fram til 17. juni 1940. Etter kvart inntok biskopen ei kompromisslaus haldning til Quisling-regimet, og blei den leiande skapnaden mot den nazistiske kyrkjeordninga. I 1944 blei Berggrav arrestert av Gestapo, og satt i husarrest inntil han blei fridd av Milorg-styrkar i april 1945. Desse to symboltunge mennene fekk publikum sjå i denne reportasjen:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Stor folkemengde på Universitetsplassen, jublande med norske flagg. Open bil med mellom andre rektor Seip svingar inn og parkerer. Rektor Seip stig ut og blir motteken med blomar av Francis Bull. Rektor Seip talar. Deretter talar biskop Berggrav.</p>	<p>(ikkje musikk) «Så er vi kommet til søndag den 13. mai. Universitetets rektor, professor Didrik Arup Seip vender hjem fra fangenskap i Tyskland. Vi har hatt fred i nesten en uke, men hver dag gir stadig nye vindunderlige opplevelser som til sammen vil danne det største kapittel i Norges historie ved siden av Eidsvoll 1814.</p> <p>Rektor Seip blir mottatt ved en gripende høytidelighet på Universitetsplassen hvor han ønskes velkommen av professor Francis Bull, en av de høyt fortjente grini-fanger.</p> <p>Didrik Arup Seip talar (synkron lyd): ”(uklar lyd ...) og spurte om jeg i få ord kunne si hva jeg følte ved å være hjemme igjen. Nei, det er ganske umulig, svarte jeg. Og det er også ganske umulig og si med mange ord. Men la meg si, at jeg var glad. Og at denne mottagelsen har gjort meg enda mer glad. Jeg har nådd, jeg har kommet hit, og har nådd det som jeg har lengtet etter i alle disse årene. Kanskje mest sterkt og mest intenst de første dagene i Møllergaten. Det var</p>

⁴² Nekrolog i Aftenposten 4.5.1963, skriven av Trygve Knudsen.

	<p>så uvant den gang å være i fengsel. Men, nå har jeg kommet hit, og jeg finner at vi har plassen som før. Byen er vakrere en da jeg reiste fra den, vi ser jo ikke en tysker her.” Latter og jubel.</p> <p>Kommentator: Og så kom biskop Berggrav.</p> <p>Biskop Berggrav taler (synkron lyd): ”Det norske universitet leve, hipp, hipp, hurra (x 9)”</p>
--	---

Revy nr 01/1945/08 «Rektor Seip» (55 meter)

Både Seip og Berggrav personifiserte det ein kan kalle krigens offer, gjennom sine fangenskap, og dei blei her mottekne som heltar slik som grini-fangane i den førre reportasjen. Rektor Seip sin merknad om at ”byen er vakrere en da jeg reiste fra den, vi ser jo ikke en tysker her,” føyar seg inn i rekkja av sarkasme og ironi retta mot okkupasjonsmakta.

Ironi som forteljargrep er derimot heilt fråverande i den neste reportasjen som viste Kronprinsens ankomst til landet den 13. mai. Etter fem år i eksil blei Kronprinsen motteken på Honnørbyggen av sentrale representantar innan den sivile og militære Heimefronten. Fleire av desse var i ferd med å få sentrale maktposisjonar i det re-etablerte demokratiske Noreg. På mange måtar markerte difor innslaget eit viktig steg i gjeninnføringa av den gamle orden:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Stemningsbilde med norske og britiske krigsskip på veg mot Oslo. Panorama over Rådhusplassen full av menneske. I bakgrunnen mellom anna Rådhuset. Kronprins Olav på dekket av den britiske kryssaren ”Apollo” som har ført ham til Noreg. Apollo har ankra opp nedanfor Akershus Festning. Kronprins Olav går langs rekka og tek avskjed med manskapet. Går ned lederen og ombord i sjaluppen som skal føre han inn til Honnørbygga. Sjaluppen på veg innover, passerar småbåtar og krigsskip. Kronprins Olav står i sjaluppen, helser til hua og gjer honnør til alle kantar. Ved sida hans står adjutanten, oberstløytnant Nikolai Ramm Østgaard i offisersuniform. Vinkande born og vaksne med små norske flagg framfor Vestbanestasjonen og ved statua av Peter Wessel Tordenskiold.</p> <p>Sekvens 2: Fjernt oversyn kronprins Olav går i land på løparen på Honnørbygga, fylgt ma. Østgaard. Helsar fyrst på sjefen for Oslo Hamn, hamnerrådmann Yngvar Kjelstrup. Oslo Brannvesens musikkorps spelar Nasjonalsongen. Halvnært kronprins Olav, politimannen Kjelstrup, frå dei norske polititroppene utdanna i Sverige, m.fl. Kronprinsen gjer honnør. Oversiktsbilde av Rådhusplassen. I framgrunnen divisjonsjefen, generalmajor Robert E. Urquhart. Fjernt, ved sidan av talarstolen som er innhylla i norsk flagg, dei heimvende statsrådene frå eksilregjeringa i London, forsvarsminister Sven Nielsen,</p>	<p>(militær marsj) Sekvens 1: «Britiske og norske krigsfartøy stevner inn mot Oslo for første gang på fem lange år. Flåtebesøk! Også det skal vi i dag oppleve. Men, det er nok ikke bare et flåtebesøk denne gangen. Kronprinsen er om bord! Og nettopp slik måtte han komme. Barkassen er gått fra bordet og så bærer det innover mot Honnørbyggen, mellom flaggsmykkede båter av alle slags.</p> <p>Sekvens 2: Kronprins Olav atter på norsk jord, og straks toner fedrelandssangen mot ham i en jublende velkomsthilsen. (nasjonalsongen spelast).</p>

finansminister Paul Hartmann, justisminister Terje Wold m.fl. Oversynsbilde Honnørbrygga. Ytst på Honnørbrygga vaiar eit norsk flagg med lauv og blomar rundt flaggstong. Det norske og britiske orlogsflagget på eit krigsskip. Oversynsbilde ma. avdeling frå Heimestyrkane (HS) oppstilt på den eine sida av bryggja.

Sekvens 3: Kronprins Olav går bortover løparen. I bakgrunnen ma. varaordførar i Oslo, Rolf Stranger, og oppstilt avdeling av Heimestyrkane, som dannar espalier frå bryggjekanten innover til Rådhusplassen. Halvnært kronprins Olav i offiserbattleuniform og baskarhue, inspiserer avdelinga fra HS i turklede og med gevær over herdane. Helsar på to representantar frå landets heimeverande styresmakert. Ståande i bakgrunnen; medlem av leiinga i Heimefronten og øvste sjef for Milorg, Jens Christan Hauge, ordføraren i Oslo, Einar Gerhadsen, biskopen i Oslo, Eivind Berggrav, medlem av HL, direktør Gunnar Jahn og sjef for HL, høgesterettsjustitiarius Paal Berg, m.fl. Olav handhelser på den nyutnemnde sjefen for Distrikstkommando Østlandet og overadjutant hos Hans Majestet Kongen, oberst Osvald Nordlie. Ståande i bakgrunnen bl.a. sjefen for Marinen, kontreadmiral Elias Corneliussen og norsk medlem av den allierte miltærkommisjonen, kommandør Per Askim. Halvnært Olav helsar på marineoffiserer.

Kronprins Olav inspiserer soldatar frå Heimestyrkane. Går smilane mellom rekkjene, halvnært. Handhelsar på generalmajor Urquhart. Inspiserer soldatar frå fallskjemkompaniet i Den norske Brigade i Storbritannia. Inspiserer soldatar frå 1. britiske flyborne divisjon. I bakgrunnen polititroppsoldatar utdanna i Sverige. Disse syter for vakthald og avsperring av jublande menneske.

Sekvens 4: Kronprins Olav gjer honnør og går fram til talarstolen. Oversiktsbilde mens han talar. Gjer honnør frå talarstolen. Ståande i bakgrunnen ma. Berggrav. Halvnært Kronprins Olav går smilande over Rådhusplassen fylgd av ma. Østgaard og fungerande politimester i Oslo, Heinrisch Meyer, m.fl.

Sekvens 5: Open bil, en Buick Road Master. Olav sit bak på den nedrulla kalesjen. På veg bortover Rådhusgaten til Jernbanetorget. I framsetet, sjåføren soldat frå Milorg, ved sidan av sjåføren ein annan soldat fra Milorg, ein av livvaktene løytnant Max Manus, med maskinpistol. Eindel av kortesjen på veg mot Jernbanetorget med fire britiske motorsyklistar i spissen. Framfor folkemengda står polititroppsoldater med gevær og stålhjelmar vende mot gata. Bilen med Kronprins Olav med stort norsk flagg på panseret.

Sekvens 3: Landets og byens høyeste myndigheter er møtt fram for å bringe kronprinsen en dypfølt og inderlig hyllest i dette historiske øyeblikk. Avdelinger av hjemmestyrkene står oppstilt i stram giv akt og Kronprinsen hilser på dem og takker dem for deres strålende innsats. Siden følger inspeksjonen av de britiske og norske militære styrker som paraderer i snorrette geledder.

Sekvens 4: Kronprins Olav taler (synkron lyd): ”Norske kvinner og menn. Det er som fortropp for denne frigjøring at jeg i egenskap som formann i regjeringsdelegasjonen, sammen med den, og som øverste forsvarssjef for de norske forsvarsstyrker er kommet her for å delta (jubel) sammen, sammen med dere. I frigjøringsverket føler jeg det slik at Kongen snart kan komme tilbake til et fritt og selvstendig Norge.”

Sekvens 5: Og så begynner triumftoget igjennom byen og opp til slottet. For et triumftog ble det, som verken Kronprinsen eller Oslos befolkning noensinne vil kunne glemme. Hjemme på gamle tomter. På slottsplassen står oppstilt flere avdelinger av hjemmestyrkene, og norsk militær, og ellers er den fylt av en sydende og kokende menneskemasse.

<p>Oversyn, bilen k�yrer inn p� Slottsplassen, mens Olav gjer honn�r. Soldatar fr� det norske fallskjemkompaniet gjer honn�r. Soldatar fr� HS med armband. Studentsongarar utanfor inngangen til slottet, vinkar med studenthuer. Olav g�r ut av bilen, mens Manus held bild�ra open. Inspiserer soldatar fr� det norske kommandokompaniet i Storbritannia som deltok i kampene i Nederland, ma. om Walcheren, fr� november 1944 til februar 1945.</p>	
<p>Sekvens 6: Kronprins Olav talar fr� Slottsbalkongen. Panorama over soldatar p� Slottsplassen lyttar til talen. Olav helsar til folkemengda. Panorama over den vinkande folkemengda. Det kongelege l�vebanner vaier fr� taket p� Slottet. Innimellom, halvn�rt ma. Kronprins Olav, representantar for norske og britiske sivile og milit�re styresmakter og jublande og vinkande tilskoderar.</p>	<p>Sekvens 6: Og der st�r han atter p� slottsbalkongen, mens jubelen stiger mot ham som ingen ende vil ta. Kronprins Olav talar: «Jeg bringer, hver enkelt av dere, en personlig takk og hilsen fra Hans Majestet Kongen for en innsats, for den utholdende trofaste fedrelandskj�rlighet dere har vist gjennom fem lange og tunge �r. Det er kj�rligheten til landet som har b�ret oss gjennom disse �rene. Vi samler oss i det gamle �nsket; M� Gud bevare Kongen og fedrelandet.»</p>

Revy nr 01/1945/09 «Kronprinsens ankomst» (168 meter)

Kronprinsens taler, inspisering av milit re tropper, triumfferd gjennom gatene til slottet og liknande rituelle handlingar akkompagnert av ei stor folkemengd gjev reportasjen eit gjennomg ande h gtideleg preg. Det er som publikum kan sj  alt det gode blir f rt saman i ei h gare nasjonal eining, der det kollektive ”Vi” saman med det institusjonelle Noreg kan feire seieren over det vonde. Kronprinsen er den sentrale skapnaden i denne reportasjen, slik han ogs  ofte skulle bli i dei komande  rgangane av Filmavis, s rleg n r krigen skulle minnast.

Denne fyrste utg va av Filmavisa skil seg noko ut i h ve til dei som skulle kome seinare. Den var med sine ca 25 minutt mykje lenger enn det filmavisene skulle kome til   vere. Fleire reportasjar var ogs  utstyrt med synkron lyd, noko som seinare var sv rt sjeldsynt. Sj lv om ein kunne sj  likskapstrekk ved den gamle nazi-styrte filmavisa sin formidlingsmodus, var det ingen tvil om at innhaldet var markert annleis.

Den nye Filmavisa blei f dd i fredsrus, og skulle i dei komande  rgangane gje sin versjon av okkupasjonen og det arbeidet som blei gjort for   f  landet p  fote igjen. Det som skulle bli sentrale element i Filmavisa sine tolkingsrammer av krigen, rettsoppgjeret og gjenreisinga blei introdusert i denne fyrste filmavisa og peika framover mot det som skulle kome i dei neste  rgangane. Publikum fekk blant anna sj  personar som blei framstilt som krigens offer og heltar, og dessutan dei fyrste reportasjane om det rettslege oppgjeret med okkupasjonsmakta sine medl parar som no var i emning.

Etter premieren i Oslo var Norsk Film opptatt av at Filmavisa skulle n  utover landet, og sendte dagen etter brev til landets kinosjefar med oppmoding om rask visning og distribusjon: ”Sett den opp straks og behold den ikkje lenger enn n dvendig. Send den p 

hurtigst mulig måte til neste kino.”⁴³ Den 29. mai var ein kopi av den fyrste filmavisa sendt frå Oslo og klar for visning i Trondheim, og sidan blei det produsert fleire hundrede nye filmaviser heilt fram til nedlegginga i 1963.

⁴³ Brev frå Norsk Film til Trondheim kinematografer, sitert i Sellereite 1984:22.

Del 2: Rettsoppgjeret

Som vi såg i den fyrste hovuddelen utgjorde innslaga om rettsoppgjeret ein stor del av Filmavisa sine reportasjar i åra 1945 – 1949. Vi skal i denne hovuddelen analysere korleis Filmavisa framstilte det juridiske oppgjeret etter krigen, re-etablering av dei demokratiske institusjonane, og det ein kan kalle ei militær og sivil opprydding. Den tyske okkupasjonsmakta skulle kastast ut, og deira norske medløperar skulle gjennom eit juridisk oppgjer. Fleire stortingsrepresentantar og andre sentrale aktørar hadde ei førestelling om at den allmenne rettsbevisstheten kravde ei form for hemn for dei ugjerningane som var blitt gjort. Som nemnt ovanfor peika professor Jon Elster på at gjengjelding er eit sentralt motiv ved overgangsoppgjer, og at eit krav om hemn kunne bli styrka dersom det blei kjent at det før-demokratiske regimet var skuld i grove brotsverk. Vi skal difor forsøke å få svar på følgjande problemstillingar: Kva brotsverk gjorde Filmavisa kjent for sitt publikum? På kva måte blei dei som var anklaga og offera for desse brotsverka framstilt? Rettsoppgjeret var også eit sentralt element i re-etableringa av dei demokratiske institusjonane. I kva grad framstilte Filmavisa rettsoppgjeret som ein prosess som legitimerte det nye regimet?

Filmavisas omtale av NS og andre landssvikarar

NS-folk fekk ei sentral rolle under det juridiske rettsoppgjeret, mellom anna på grunn av at det nokså tidleg i prosessen blei slått fast at sjølv medlemskap i partiet var straffbart. Det at samtlege NS-folk juridisk blei definert som landssvikarar, var eit faktum som truleg la ein viktig premiss for kva slags forståelsesramme Filmavisa satte NS-medlemmar i. Det at eit land som Noreg hadde blitt angripne av Tyskland var historisk sett ikkje noko spesielt. Ei framand makt har alltid vore ein potensiell fiende. Men at nordmenn i eit slikt omfang skulle gå i ledtog med okkupanten må ha kome svært uventa på mange. «Alle» kjente nokon som på ulikt vis hadde støtta okkupanten under krigen; ein bror, ein ven eller ein kjenning. Kjenslene mot desse som hadde svikta sine eigne landsmenn kunne vere mange og sterke, prega av sorg, hemnlyst, eller at ein ikkje kunne forstå motivet til dei mange som svikta landet sitt. I vår analyse av korleis medlemmar av Nasjonal Samling blei framstilt i Filmavisa skal vi blant anna undersøkje om vi kan finne spor etter slike kjensler.

Det var ikkje mange innslag som omtalte partiet Nasjonal Samling, men til gjengjeld var Vidkun Quisling og fleire andre av krigens kjente namn via lange reportasjar, særleg i

Filmavisas fyrste årgang. Medlemmar frå Nasjonal Samling blei vist allereie i fyrste utgåve. Etter dei fyrste jubelscenene, viste Filmavisa at no skulle dei som hadde stått i ledtog med fienden stå til rette for sine gjerningar:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Norsk flagg vaier i vinden på toppen av Møllergaten 19. Politibil med to politimenn som står på kvar side av bilen køyrer gjennom ei stor folkemengde. Med hendene over hovudet først arresterte menn til varetektsfengslet i Oslo politi sin hovudstasjon i Møllergata 19, vakta av fleire væpna menn om har på seg heimestyrkane sitt armband. Vi ser oversiktsbilde over ein vegg med gittervindaug Møllergata 19.</p> <p>Sekvens 2: Fleire arresterte menn, og ei kvinne på veg inn mot Møllergata 19. Politimann kjem berande med det som ser ut til å vere arkivkasser. Bakruta til ein bil med påklistra plakat med påskrifta «Hjemmevernet.» Tre arresterte gestapo-offiserar.</p>	<p>(Filmavisas vignett-musikk) Sekvens 1: «Møllergaten 19. Rettferdigheten skjer fyldest. Den foraktelige håndfull av forrædere som falt sine egne landsmenn i ryggen og gjorde seg til fiendens skjendige håndlangere får nu selv oppleve den skjebnen som er blitt så mange ærlige nordmenn til del.</p> <p>Sekvens 2: Ingen slipper unna. NS egne arkiver er i hjemmestyrkenes besittelse og danner grunnlaget for den utrenskningsaksjon som i denne tid pågår dag og natt, uten stans. Å nei, de er nok ikke så kjekke nå lenger. Se på disse en gang så brautende frontkjemperne som svarte-maja nettopp har hentet og brakt hit til samlingscentralen på nummer 19. Spillet er endt. Det er slutt på lovløshetens terrormetoder i Norge.»</p>

Revy nr 01/1945/02 "Møllergata 19" (25 meter)

Under krigen hadde okkupasjonsmakta brukt Møllergata 19 som politistasjon og fengsel for motstanderar av det nasjonalsosialistiske styret. No fekk publikum sjå at rollene var blitt ombytt, og kommentatoren innleia med å gje ei tydeleg forståelsesramme for det ein fekk sjå: «Rettferdigheten skjer fyllest». Dette gamle uttrykket brukte Filmavisa også seinare i fleire andre reportasjar.¹ Utsegnet er ein variant av keisar Augustins: «Fiat justitia, pereat mundus», la rettferdigheten skje fyllest, selv om verden skal gå under.»² Vi kan finne det innanfor både teologi og jus, og det tyder at skuld skal sonast, i primitiv form «auge for auge, tann for tann», slik det står i Det gamle testamentet. Uttrykket har ei gramatikalsk form som er tilstivna og uvanleg i moderne norsk, og kan tolkast som kommentatorens forklaring på det publikum ser no, men kan også vere ein spådom om den rettslege prosessen som var *i ferd med* å skje. På den

¹ Utsegna "rettferdighet skjer fyldest" er eit uttrykk som Filmavisa også brukte i seinare reportasjar i høve til det juridiske oppgjeret. Sjå mellom anna innslaget "Grinibødlene for Lagmannsretten" (48/1946/8) som omhandla rettssaka mot Kurt Kuntze, Alfred Seidler, Karl Schlegel og Wilhelm Hellmann. Kommentarene til innslaget blir avslutta slik: "Tre av Grinibødlene erkjente seg delvis skyldige. Kuntze mener han ikke har gjort noe galt, men rettferdigheten skal skje fyldest."

² Store Norske Leksikon.

måten gjev kommentaren ei forståelsesramme som også peikte utover dette innslaget; det rettslege oppgjeret vil føre til at dei skuldige vil få ei *rettferdig* straff.³

I den fyrste sekvensen viste Filmavisa fleire arresterte menn, og kommentarane seinare i innslaget tyda på at dette i fyrste rekkje var medlemmar av NS. Dei arresterte karakteriserte kommentatoren som: ”Den foraktelige *håndfull* [mi uth.] av forredære...”. Utsegnet er det grunn til å sjå nærare på. For det fyrste uttrykker ordet «forakt» ikkje berre eit hat, men er også ei kjensle retta mot det ein betraktar som eit lavareståande menneske.⁴ Utsegnet var mynta på dei NS-folka publikum kunne sjå i dette innslaget, men var truleg også retta mot heile Nasjonal Samling. Men meinte verkeleg Filmavisa at ein berre stod overfor eit *lite* antall forrædarar? Det står i så fall i grell kontrast til dei mange som blei straffa og etterforska for landssvik. Vi kan derimot finne ein parallell til meldingar som blei kringkasta frå London under krigen, kor ein hevda at det var svært få som hadde slutta seg til NS, trass i at sentrale personar i London-regjeringa visste at ca. 30- 40.000 var NS-medlemmar.⁵ Kommentarane om at dette var forrædarar som «falt sine egne landsmenn i ryggen» framstilte dette som eit svik som til liks med mange historiske svik blei gjort på ein feig måte. Gjennom dette sviket gjekk dei inn i ei underordna rolle som ein tarveleg reiskap for fienden.



I den fyrste utgåva viste Filmavisa at Heimestyrkane gjennomførte arrestasjonar (revy nr 01/1945/02).

³ Innanfor jus byggjer dei såkalla absolutte strafferettsteoriane på gjengjeldingsprinsippet, der det skal vere ei likevekt mellom ugjerning og straff. Denne bør sjåast i samanheng med dei såkalla *relative strafferettsteoriane som i mindre grad ser på straff ikkje fyrst og fremst som rettferdig gjengjelding, men fyrst og fremst som sosialt forsvar ved å førebygge kriminalitet. Andenæs, Johs. 9-20:1994, Straffen som problem.*

⁴ Robert C. Solomon 1993:233-235.

⁵ Kunnskapen om det høge talet på NS-medlemmar blei handsama som fortruleg informasjon blant innvidde i London. Dahl og Sørensen: ”Et rettferdig oppgjør?” 2004:14-15.



Saman med kommentarane tyda slike bilde på at heimestyrkane hadde fått hand om NS sitt arkiv (revy nr 01/1945/02:

I den andre sekvensen viste Filmavisa at heimestyrkane fekk hand om Nasjonal Samling sine arkiv. Utsegnet "Ingen slipper unna" gjaldt truleg mellom anna alle dei som hadde vore medlemmar i Nasjonal Samling under krigen. I dette arkivet fant ein seinare ofte det fellande beviset på partimedlemskap.⁶ Filmavisa viste altså at styresmaktene hadde dokument som stetta prosessuelle juridisk krav til bevis og kunne danne grunnlag for eit rettferdig oppgjer.

Filmavisa omtalte også dei såkalla frontkjemparane. Omlag 5000 – 6000 nordmenn deltok frivillig på tysk side under krigen.⁷ Totalt 4.272 av dei blei straffa, det store fleirtalet med tvangsarbeid. I fleire av desse sakene blei både motiv og kor gamle dei hadde vore då dei verva seg til krigsteneste for Tyskland tillagt vekt ved straffeutmålinga. Under den rettslege prosessen blei det avdekkja at fleire av frontkjemparane hadde verva seg for å kjempe mot kommunismen og Sovjet, og mange var berre i tenåra då dei hadde verva seg.⁸ Det relativt store antallet frontkjemparar burde tilseie at redaksjonen kunne ha hatt ei viss oppfatning av

⁶ Bentsen 2004:193-221.

⁷ Det var ikkje lov å verve seg til krigsteneste for ei framand makt. Grunnlova § 53 b gav heimel for tap av stemmerett ved å gå i ei fremand makts tjeneste utan samtykke frå regjeringa.

⁸ Sjå Brazier 2004:118-135. Under oversikta over kva "gjerningstype" som førte til strafferettslege reaksjonar under rettsoppgjeret gjeld "frontkjemparar, frontsøstre" 4.894 saker (Dahl, Sørensen (red.) 2004:228.

frontkjemparane sine motiv for å kjempe på tysk side, sjølv om den rettslege prosessen enno ikkje var komen i gang. Likevel blei det ikkje spekulert i verken motiv eller andre aspekt ved den rettslege prosessen mot frontkjemparane i Filmavisa, som berre karakteriserte dei som ”en gang så brautende”. Dette ca. eitt minutt lange innslaget frå Møllergata 19 hadde ein summarisk stil som til ein viss grad kan bli forklart utifrå Filmavisas uklare produksjonsrammer. Redaksjonen visste ikkje om dei skulle få høve til å lage fleire revyar enn denne, og kunne difor føle at dei berre hadde denne sjansen til å formidle desse historiske hendinga innanfor eit kort format som gav lite rom for refleksjon og nyansar.

Denne framstillinga av korleis landssvikarar blei arrestert kan setjast inn ei forståelsesramme kor ein gav inntrykk av at det norske folket hadde stått samla mot nokon få utskot som hadde svikta fedrelandet. Filmavisa underslo det faktum at det faktisk var relativt mange som var NS-medlemmar. Det er sjølv sagt muleg at redaksjonen i Filmavisa i dei fyrste uoversiktlege dagane etter frigjeringa ikkje hadde fått truverdig informasjon om kor mange medlemmar NS hadde.⁹ Likevel er det grunn til å hevde at Filmavisa burde ha visst at talet på NS-medlemmar var høgare enn ho gav inntrykk av.

Opning av massegraver

Nasjonal Samling sine medlemmar blei også kopla til fleire alvorlege krigsbrotverk. Få veker etter frigjeringa starta utgravingar av massegraver på Håøya og Trandum. Gravingane skjedde på bakgrunn av opplysningar frå SS-Hauptsturmführer Oscar Hans. I følgje tiltalen mot han etter krigen, hadde Hans som leiar for Sipo sin eksekusjonspeletong eksekvert dødsdommar mot minst 312 nordmenn. Av desse var 78 nordmenn som ikkje hadde blitt framstilt for nokon domstol. Dei mange tyske avrettingane blei innleia av skytinga av Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm i september 1941.¹⁰ I innslaget ”Utgravningene på Håøya og Trandum” fekk publikum mellom anna sjå likrestar ved opninga av massegraver. Vi skal no sjå nærare på detaljene i innslaga:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Håøya, Akershus. Lika av seks avretta nordmenn gravast fram av landssvikfangar frå fangeleiren Børnebekk. Mann held hendene framfor	Sekvens 1: (sørgmodig klassisk musikk, truleg Johan Halvorsen eller noko anna norsk) «Nazismens vanvittige voldsherredømme avsløres i disse dager i

⁹ I Folkedommen over NS som kom ut like etter frigjeringa, brukar Eivind Berggrav eit langt høgare tal enn det Filmavisa ga uttrykk for: ”Det ville jo også være en overvettes skam for vårt folk om der skulle vært 40.000 bevisste og villedede forrædere.”

¹⁰ Artikkelen om Oscar Hans i Norsk krigsleksikon (1995), signert Bernt Hagtvedt.

<p>andletet for å skjule det. Den tyske tolken på Oscarsborg blir forhøyrert av politifolk. Haakon Mørk, lagfører Styri. Lika er nummerert, og er gått meir eller mindre i oppløysning. Mann undersøker eit av lika. Lika berast på bårer ned til sjøen av landssvikfangane med eit stort følgje av menneske bak seg.</p> <p>Sekvens 2: Trandum, Akershus. Menn utstyrt med spadar, truleg landssvikfangar, på veg til massegravene ved den tyske tankskyttarlassen på Trandum. Oscar Hans i SS-uniform førast til gravene under strengt vakthald. Ei lita busk blir lett dradd opp med torva. Halvnært bilde av Hans som forklarar seg. Trestamme med merke etter skót. Lika gravast fram av landssvikfangar. Halvnært rittmester Arthur Quist. Lik med hendene bunde bak på ryggen. Lik som er gått i oppløysning, gravast fram og leggest på bårer. Bårene berast vekk av NS-folk. Panorering retta mot fleire bårer med lik. Ved Patologisk institutt er professor Georg Waaler i arbeid med å identifiser lik saman med assistentar.</p>	<p>all sin gru. Overalt i landet oppdager man henrettelsesplasser og massegraver. På Håøya utenfor Drøbak fant man således de jordiske levninger av seks sivile nordmenn som ble ført dit ut og drept en natt i februar 1942. Politifullmektig Lindboe Nordtømme ledet den makabre avdekking av gravene og forhører her tyskernes folk på Oscarsborg festning. Det var landssvikfanger fra Bjørnebekkleiren som ble satt til å grave, og de følte seg tydelig ille berørt. Her har vi således den tidligere ordfører Mørk i Drøbak, og den velernærte unge mannen på bilde her er den beryktede Styri fra Ås. Her er kommandant Eriksen på Oscarsborg og politilege doktor Larson. De seks bårene ble ført med båt til Drøbak og videre til patologisk institutt i Oslo.</p> <p>Sekvens 2: Ennu forferdeligere var imidlertid de massegraver man fant i skogen mellom Gardermoen og Trandum i nærheten av den såkalte Tankskytterlassen. Etter opplysninger fra oberststurmfører Oscar Hans, ble det satt i gang gravningsarbeider, og den kyniske bøddel, som har tilstått og ha ledet selv de sadistiske eksekusjonspeletonger forklarar seg her for politimester Schei og politifullmektig Nordtømme som også ledet disse undersøkelsene. Man kan tydelig se merker etter skudd i trestammene. Også her var det NS-folk som ble satt til å grave. Blant dem var rittmester Quist. Det syn som møtte en etterhvert som gravene ble åpnet var så opprørende og gruffullt, at det ikke er til å beskrive. Hendene var bakkbundet på samtlige lik man fant. Disse bildene er av en art som kan få den sterkeste til å vende ansiktet bort. Vi har likevel funnet det riktig å la det norske folk å få se dem som et ugjendrivelig bevis på nazistenes barbari. Over 100 lik av nordmenn ble funnet i disse gravene, og ført derfra til patologisk institutt hvor professor Waaler ledet forsøket på å identifisere de mishandlede legemene».</p>
---	---

Revy nr 06/1945/03 "Utgravningene på Håøya og Trandum" (76 m).

Filmklippa frå Håøya var truleg frå 8. juni. Aftenposten rapporterte om massegravene på Håøya fyrste gongen den 8. juni, og i aftennummeret dagen etter refererte avisa frå hendinga: "En tropp forhenværende frontkjempere foretok den første utgravning, og i går fikk "ordførerne" Mørk, Styri og Østebø, sammen med lagfører Styri, arbeid med å bringe likene opp av graven, bære dem den siste vei ned til Oslofjorden, og frakte de døde inn til Drøbak". Også utgravningane på Trandum var omtalt av dagspressa, og bilda derifrå er truleg frå laurdag 16. juni.¹¹ Nyheiten om massegravene var difor kjent på førehand for publikum då denne Filmavisa hadde premiere den 25. juni 1945.

¹¹ Sjå Aftenposten, morgenutg. 18. juni 1945.



Kommentatoren fortalte at ein av dei som var med på utgravingane var «den velernærte unge mannen på bildet her er den beryktede Styri frå Ås» (revy nr 06/1945/03).



Mange av lika var gått i oppløysing (revy nr 06/1945/03).



Oberststurmführer Oscar Hans gav opplysingar om kvar ein kunne finne massegravene på Trandum (revy nr 06/1945/03).

Innslaget om gravopningane var delt i to hovuddelar. Fyrste sekvens viste utgravingane på Håøya. I den andre sekvensen såg publikum at Oscar Hans peikte ut kor massegravene på Trandum låg. Reportasjen viste bilde av fleire som var med på utgravingane ved høvesvis Håøya og Trandum. Desse var nok så mange at det ikkje var råd til å namngje alle i ein slik reportasje. Men ved at dei fleste av desse berre blei omtalt som ”landssvikfanger frå Bjørnebekkleiren” og ”NS-folk”, kunne dei synest som at dei representerte dei mange meinige NS-medlemmane.

Likevel var enkelte så prominente at dei blei namngjevne i reportasjen. Filmavisa viste bilde av Mørk og Styri, og valde å skildre dei med ord som uttrykte forakt for dei to. Publikum fekk sjå ein noko overvektig Styri hjelpe til med å lyfte ei bære opp frå massegrava, og han karakteriserte Filmavisa sarkastisk som «velernært». Mørk blei karakterisert som «berykta». Den avbilda [Hans Jacob] Styri var Nasjonal Samling sin kretsfører i Follo.¹² I sekvensen frå Trandum forklarte Filmavisa at det var ”NS-folk som ble satt til å grave. Blant dem rittmester [Arthur] Quist.”¹³ Desse blei truleg omtalt særskild i Filmavisa i kraft av sine posisjonar nokså

¹² Må ikkje forvekslast med ordføraren i Ås, Erling Styri, som også skal ha vore til stades i følge Aftenposten 9. juni 1945, Aftennummer.

¹³ Rittmester Arthur Quist var den siste kommandanten i Den norske legionen, og ein av få nordmenn som hadde motteke Jernkorset.

høgt oppe i NS-hierakiet. Sjølv om desse blei omtalte ved namn, kunne dei også representere dei mange hundrede NS-ordførarane og krinsførarane rundt om i landet.

Den personen som fekk mest merksemd i dette innslaget var SS-Oberststurmführer Oscar Hans. Aftenposten gav ein utførleg bakgrunn for korfor han var henta til Trandum:

For en tid siden fikk politiet rede på at den av dem som hadde vært med på voldshandlingene skulde befinne seg i en tysk leir i Lyngdal, og det varte ikke lenge før mannen satt bak lås og slå på Akershus, hvor han under et forhør for noen dager siden medgav at han hadde god greie på forholdene der oppe. Han tegnet i fengslet en skisse over de forskjellige gravers beliggenhet i forhold til tankskyteplassen, og da han lørdag formiddag ble ”utlånt” fra fengslet for å bistå politiet i dets arbeid, kunde han straks påpeke i alt seks graver. Politiet var da allerede i fullt arbeid med to andre, og i begge disse, som da tyskeren kom allerede var nesten utgravde, lå det mange lik.¹⁴

Filmavisa viste Oscar Hans som blei ført rundt på Trandum under væpna vakthald, både av menn i sivil og i politiuniform. Eit nærbilde viste Hans mens han snakka, tilsynelatande forklarte kvar ein kunne finne gravene. Publikum fekk også sjå NS-menn som held på å grave. Litt seinare viste Filmavisa lik med hendene bundne på ryggen, noko som også kommentaren la vekt på. Det var med andre ord ei tett visuell kopling til Hans og resultatet av dei ordrane han hadde gjeve under krigen. SS-offiseren blei omtalt i sterke ordelag som ”den kyniske bøddel som har tilstått og ha ledet selv de sadistiske eksekusjonspeletonger.” Med omsyn til val av ord, var det visse likskapar mellom framstillinga i Filmavisa og Aftenposten. Oscar Hans blei i begge medium karakterisert som ”bøddel”, og massegravene blir sett på som eit uttrykk for eit ”voldsherredømme”.¹⁵ Det kan tyde på at kommentarane Wilhelm Bjørset skreiv til innslaget tok utgangspunkt i både det Filmavisas kameramann hadde filma og det Aftenposten skreiv om saka.

Filmavisa forklarte at det var ”landssvikfanger” og ”NS-folk” som blei kommandert til arbeidet med utgravingane ved Håøya og Trandum. Valget av gravemannskap tente fleire føremål. For det fyrste var det ei straff for det landssvik dei skulle ha gjort under krigen, sjølv om det enno ikkje låg føre nokon rettsleg dom. Det andre eksplisitte føremålet var at dei skulle få sjå massegravene med eigne auge, og dermed erkjenne at dei gjennom si støtte til tyskarane var medskuldige. Aftenposten rapporterte det slik:

Arbeidet i skogen ved Trandum hadde i dag for øvrig flere nye innslag. Nede i bygda er det nemlig i det siste dager spredt rykter fra nazister som ennu ikke er tatt i forvaring, om at det hele bare var engelsk propaganda. Hjemmestyrkene besluttet derfor å ta affære, og i dag samlet de sammen en del

¹⁴ Aftenposten, 18. juni 1945.

¹⁵ ”Ettersom arbeidet med de tidligere omtalte graver på Trandum fortsatte utover formiddagen lørdag, ble det etter hvert tydeligere at man her stod overfor et av de grusomste eksempler på Gestapos virksomhet under det tyske voldsherredømme i Norge.” Aftenposten 18. juni 1945.

av ”ryktesprederne” og sendte dem opp til Trandum. Fulgt av en anselig mengde andre tilskuere måtte de vandre fra grav til grav og se på sine store ”åndsbrødre”s innsats for Norge. Hos flere av nazistene var reaksjonen kraftig, og de vil nok sikkert aldri benekte fakta lenger. Det var sikker sunt for dem å se ”dødsskogen” ved Trandum. De fleste av dem reiste bleke og stumme fra stedet igjen, og enkelte gav høylytt sin fordømmelse til kjenne.¹⁶

Aftenposten rapporterte vidare at etterpå blei dette arbeidslaget avløyst av nye fangar frå forlegninga på Jessheim, mellom andre rittmester Quist, og ei gruppe fangar frå Ila:

Etter at begge lagene hadde tatt oppstilling på plassen, gav politifullmektig Nordtømme fangene de siste instruksjoner. Han uttalte bl.a. at de fangene som nu reiser tilbake til Ila, var brakt opp til Trandum for at de med egne øyne skulde se tyskernes herjinger i Norge. Det er hensikten at dere fullt ut skal få øynene opp for det meningsløse dere har vært med på, uttalte han. Vi ber dere også fortelle deres medfanger på Ila om det dere har sett, slik at de også får øynene opp.¹⁷

Også meir framstående medlemmar av Nasjonal Samling ble tvinga til å delta i denne prosessen. NS-ministrane Fuglesang, Lippestad og Stang blei frakta til Rettsmedisinsk institutt for å bære lika frå Trandum inn på instituttet om kvelden den 18. juni. Dagen etter var det ministrane Fretheim og Riisnæs samt Orvar Sæther som fekk arbeidet med å bære inn fleire lik til obduksjonssalen.¹⁸ Under framstillinga i forhørsretten, hevda Riisnæs at han ikkje hadde hatt kjennskap til at det var brukt vald mot fanga nordmenn av eit slikt omfang:

”Nu har jeg jo selv vært oppe på Trandum og sett hvordan de har båret seg og det har gjort et voldsomt inntrykk på meg. Det er jo ikke stort vi hører i fengselscellene, men så meget har jeg hørt at jeg nu er glad for at vi, som trodde vi stod på den riktige siden i kampen, ikke seiret. Det er jo selve djevelen vi har vært i pakt med. Det er det største bedrag historien kjenner.”¹⁹

Den 19. juni blei Vidkun Quisling frakta frå fengslet til Trandum. Quisling skal ikkje ha blitt orientert om føremålet ved turen på førehand. Berre nokon få innvigde på Trandum visste at han skulle kome. Hemmeleghaldet kan vere årsaka til at Filmavisa ikkje var på plass då Quisling kom til Trandum for å vere vitne til utgravingane. Etter at ministerpresidenten hadde gått gjennom skogen og sett gravene, blei han spurt av Aftenposten om: ”Kunde De ha tenkt Dem noe slikt? – Nei, jeg hadde aldri ventet dette, sa Quisling og sukket dypt.”²⁰ Quislings svar samsvarte med den linja han også fulgte i sitt forsvar under rettssaka mot han; han visste ikkje om dei mange krigsbrotverka som hans støttespearar hadde gjort.²¹

¹⁶ Aftenposten 18. juni 1945.

¹⁷ Aftenposten 18. juni 1945.

¹⁸ Sjå Aftenposten 18. og 20. juni 1945.

¹⁹ Aftenposten aftennummer 25. juni 1945.

²⁰ Aftenposten 20. juni 1945.

²¹ Sjå om Quisling sitt forsvar i Hans Fredrik Dahl 2004:436-445. *Quisling – en norsk tragedie*.

Her er vi ved eit sentralt eksplisitt føremål ved Filmavisas reportasje frå utgravingane på Trandum og Håøya: Publikum skulle med eigne auge få dokumentert tyskarane sine ugjerningar. Ikkje minst gjaldt det å dokumentere dette overfor dei som hadde slutta opp om den nye orden, for å avskjere dei frå mulegheiten til å påstå at massegravene var eit falsum, ”engelsk propaganda” eller liknande. Sjølv om Filmavisa uttrykte motførestellingar i høve til å vise bilde av lik som var gått i oppløysing, vog dette føremålet tyngre:

Hendene var bakkbundet på samtlige lik man fant. Disse bildene er av en art som kan få den sterkeste til å vende ansiktet bort. Vi har likevel funnet det riktig å la det norske folk å få se dem som et ugjengrivelig bevis på nazistenes barbari. Over 100 lik av nordmenn ble funnet i disse gravene.

Kven framstilte Filmavisa som skuldige i desse ugjerningane? Oscar Hans, omtalt som den kyniske bøddel, blei heilt klart framstilt som skuldig. Også dei som var sett til å grave blei framstilte som skuldige, eller i det minste medskuldige. Dette gjaldt både ”den beryktede Styri frå Ås” og ”rittmeister Quist”, i tillegg til anonyme ”landssvikfangar” og ”NS-folk”. Rettsoppgjeret la opp til eit kollektivt ansvar ved at mellom anna medlemskap i Nasjonal Samling i seg sjølv var straffbart. Langt på veg synest det som at Filmavisa legitimerte denne juridiske linja i dette innslaget ved at også desse anonyme blei satt i same bås, og såleis framstilt som ansvarlege og medskuldige i det ho kalla ”nazistenes barbari”.

Truleg kunne opninga og dokumentasjonen av massegraver påverke publikum og den alminnelege rettsoppfatninga der eit ønskje om hemn for brotsverka kunne bli styrka. Også den lovgjevande forsamlinga og den dømmende makta måtte ta stilling til kva som kunne vere rettferdig straff for slike grusomme misgjerningar. I debattane om rettsoppgjeret på Stortinget, var det mange representantar som viste nettopp til det dei *førestelte seg* var den alminnelege rettsoppfatninga, og argumenterte for at ein måtte dømme i samsvar med denne.²² Dei sterke bildene som Filmavisa viste kunne såleis tene som argument for dei kreftene som talte for strenge straffer under rettsoppgjeret.

Då Aftenposten meldte denne utgåva av Filmavisa, blei det understreka at innslaga dokumenterte dei overgrep som fann stad under krigen, og som ingen måtte gløyme:

Den norske ukerevy viser Kronprinsen på inspeksjon i ”Sleipner”, vedinnsamling til danskene, syklingens dag, sangermønstring på Slottsplassen og dødsskogene på Håøya og Trandum. De siste bildene er så mettet med uhygge og gru at bare den som har sterke nerver og godt sovehjerte, må se dem. Og ingen som har slekt eller venner, myrdet av tyske udyr, må sette sine bein i salen. Det er

²² Figueiredo, Et rettferdig oppgjør? I Dahl, Sørensen: 46:2004.

ikke meget man får se. Men det er nok. Man glemmer det aldri og man **må** [Aftenpostens uth.] aldri glemme det. Det er den eneste hensikt med å vise dem.²³

Filmavisa viste også seinare reportasjar som refererte til hendingane ved Trandum, mellom anna ved dekninga av ulike seremoniar til minne for dei som blei avretta der. På den måten bidrog Filmavisa til at ”Trandum” blei eit omgrep knytt til krigen.²⁴

Aftenposten hadde også ei brei dekning av utgravingane ved Trandum. Mange av ofra blei gravlagt på sine heimstadar, og Aftenposten hadde fleire reportasjar frå slike minneseremoniar frå ulike delar av landet. I perioden 1941 – 1944 var ”Trandum” blitt nemnt berre sju gongar i Aftenposten, men i 1945 og 1946 blei Trandum nemnt heile 121 gonger i denne avisa. Dette skjedde mellom anna den 10. juli 1945 då Aftenposten anmeldte dei utanlandske og den norske filmavisa som hadde hatt premiere dagen før. På programmet var det mellom anna ein kortfilm frå konsentrasjonsleirane Bergen-Belsen og Buchenwald:

Kortfilmen frå Bergen-Belzen og Buchenwald er bare en del av den store filmen som de allierte nu arbeider med – filmen som skal vise oss alle de tyske konsentrasjonsleirene, helt ned til Natzweiler som kanskje er den største skamlett i menneskehetens historie. Men disse bildene er mere enn nok til å fortelle oss sannheten om de grusomheter norske nazister nekter å tro på – inntil de kommer til Trandumskogen og får se litt av hva det de trodde ”var umulig for et kulturfolk som tyskerne”! La dem få kjøpe denne filmen på Ilebu – kjøp den morgen, middag og aften, og pass godt på at ingen snur seg eller lukker øynene, når kamera viser oss restene av det som en gang var et ungt menneske, kanskje et geni, kanskje en frihetskjemper, kanskje en virkelig kulturbærer – menneskevraket som dør, mens man står hjelpeløs og ser på! Dør fordi han elsket friheten.²⁵

Denne filmmeldinga er interessant på fleire måtar. For det fyrste blei denne kortfilmen framstilt som eit bevis på dei overgrepa som hendte i konsentrasjonsleirane, og dette blir sett i nær samanheng med det som skjedde i Trandum-skogen. Dersom vi samanliknar filmmeldinga med Filmavisas kommentarar til utgravingane på Trandum og Håøya, er det eit visst samanfall i høve til korleis norske nazistar blei karakterisert. Filmavisa kopla NS-medlemmar til ugjerningane som i fyrste rekkje Gestapo hadde stått for på Trandum og Håøya, mens Aftenposten gjekk endå lenger, og held norske nazistar langt på veg medansvarlege for dei overgrepa som hadde skjedd i tyske konsentrasjonsleirar. Denne filmmeldinga kan tyde på at

²³ Filmmelding Aftenposten 26.6.1945, signert Unn.

²⁴ Aftenposten har også ei brei dekning av utgravingane ved Trandum. Mange av ofra blei gravlagt på sine heimstadar og Aftenposten hadde fleire reportasjar frå desse minneseremoniar frå ulike delar av landet. Under perioden 1941 – 1944 var ”Trandum” nemnt berre sju gongar i Aftenposten. I 1945 og 1946 var Trandum nemnt 79 og 42 gonger.

²⁵ Filmmelding Aftenposten 10. juli 1945, signert Rey. (Reidar Lunde). På programmet for Palassteatret stod denne 1) Norsk filmrevy nr. 8, 2) Bergen-Belzen og Buchenwald fangeleir, 3) Veien til Russland, 4) Engelsk ukerevy nr. 7. Aftenposten, kinoannonse 10. juli 1945.

Filmavisas karakteristikk av NS-medlemmane si rolle blei oppfatta som relevant og rett, i alle fall av Aftenpostens filmmeldar, og kanskje blei denne oppfatninga også blei delt av Filmavisas publikum.

Fem veker seinare viste Filmavisa åstaden for nok eit krigsbrotverk. I innslaget ”Gravene på Falstad” får publikum sjå endå ei opning av massegraver. I 1942–43 blei mellom 220 og 300 fangar avretta i skogen ved SS Strafgefengenenlager Falstad. Blant ofra var 43 nordmenn, 74 jugoslavar og over 100 sovjetiske borgarar:²⁶ Både Trandumskogen og Falstad fekk seinare status som nasjonalt minnesmerke.

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Panorama oversyn fangeleiren på Falstad. Porten til leiren med stort skilt over ”STRAFGEFANGENENLAGER”. På kvar side av porten ein soldat med stålhjelm. Bilde av kommandantbustaden.</p> <p>Sekvens 2: Ein politimann og to menn i sivil på vegen frå Falstad til ”Dødsskogen”. Ein politimann i skogen, fleire kvite kors. Nærbilde av kors med påskrifta ”Norske Majavatn”, med sifferet ”29” og to små norske flagg.</p> <p>Sekvens 3: Om lag ti tyske soldatar under vakthald grev fram lik. Det blir peika på merker i trestammar etter geværkuler. Tilbake til bilde av menn i tyske uniformer som grev i fellesgraver. Fleire menn i sivil og uniform står og ser på. Bilde av bakbunde lik som ligg i gjørmete grav. Nærbilde av to menn som er i gang med gravearbeidet, der mannen til venstre skal vere den tidligare kommandanten på Falstad. Dei to mennene legg eit lik over på ei bære. Fleire av lika er gått meir eller mindre i oppløysing. Alle lika har bakbunde hender. Menn i kvite ”laboratoriumfrakkar” klipper opp kleida på lika. Stablar av kister i bakgrunnen.</p>	<p>Sekvens 1: (Same dramatiske musikk som i reportasjane frå domsavseingane mot Quisling og Rinnan-banden) «Østlandet har sitt Grini og Bredtvedt. I Trøndelag har man Falstad, hvis dystre historie markeres av en rekke massehenrettelser, like uhyggelige og omfattende i sin brutale råhet som det man oppdaget i Trandum-skogen. Her er kommandantboligen, en elegant innredet villa.</p> <p>Sekvens 2: Via Dolorosa, smertens vei, fra Falstad opp til myrene i dødsskogen. De mange korsene som er satt opp etter kapitulasjonen, viser massegravene hvor hundrevis av frihetskjemper fra Norge og andre land ble skutt og gravlagt av Gestapo.</p> <p>Sekvens 3: Verden vil ha bevis. Her avdekkes de tyske grusomhetene. Trærne på henrettelsesplassen viser tydelige merker etter skudd. Her åpnes to fellesgraver som gjemmer heltene fra Majavatn. Det er tyske Gestapo-folk som graver, mannen til venstre er den tidligere kommandanten på Falstad. Kjente NS-størrelser er medhjelpere og vitner. Ofrene var alle bakbundet, og hadde bind for øynene. Flere var også bundet sammen to og tre. Arbeidet med identifisering begynner allerede på stedet og gjennomføres forholdsvis raskt, i alle fall for disse gravenes vedkommende da man i det store og hele vet hvem som ligger her. Og dermed så går et nytt kapittel fra Norges skjebnear over i historien.»</p>

Revy nr 11/1945/03 ”Gravene på Falstad” (58 m).

Opninga av massegravene på Falstad byrja den 18. juli 1945,²⁷ og blei vist i Filmavisa som hadde premiere den 30. juli. Innslaget var på mange måtar likt reportasjen frå Håøya og

²⁶ Tala på offer er usikre, og andre nasjonalitetar kan også vere blant dei avretta. Sommaren 1945 blei nesten alle de norske gravene opna. Ofra blei identifiserte og gravlagde på heimstadane sine eller på Domkirkegården i Trondheim. Austeuropeiske offer blei på byrjinga av 1950-talet flytta til krigskyrkjegarder i Trondheim. Ein reknar med at det framleis er uopna graver i Falstadskogen. Henta frå www.falstadsenteret.no besøkt 30.11.2010.

²⁷ Aftenposten 19. juli 1945.

Trandum, og plasserte det som blei avdekt på Falstad på lik linje med det ein oppdaga i Trandum-skogen. Også her blei ”kjente NS-størrelser” trekt fram og plassert skulder ved skulder med gravande gestapo-folk, men i reportasjen frå Falstad blei ingen namngjevne.

På dette tidspunktet visste ein ikkje det totale omfanget av massegravene, og ein konsentrerte seg om å grave fram dei norske ofra.²⁸ Blant desse var ”heltene frå Majavatn.” Kommentaren refererte til den tyske aksjonen mot norske motstandsfolk hausten 1942. Etter å ha blitt angjeven av Rinnan-agentar, blei ein motstandsmann arrestert og tvinga til å avsløre eit våpenlager norske motstandsmenn hadde etablert i Majavatn i Nordland. Fangen kom seg fri, og styresmaktene sette i verk harde represaliar mot lokalbefolkninga. Det blei innført unntakstilstand, og dei fleste menn frå Majavatn blei arresterte. Då det heile var over tre dagar seinare, var 34 menneske blitt avretta, mellom anna 23 personar frå Majavatn.²⁹ Det er med andre ord svært konkrete brotsverk som dei kjende NS-mennene som blei vist i reportasjen implisitt blei skulda for.



Kommentatoren fortalde at det var tyske Gestapo-folk som gravde (revy nr 11/1945/03)

²⁸ Dei fyrste undersøkingane i Falstadskogen etter krigen skjedde 12. mai 1945. I juni starta sjølve oppgravingane. Ein av tannlegene som arbeidde med identifisering av lik, fortalte seinare: "Det første teiknet på at gravarane nærma seg ned til dei døde, var flugene og deretter den ubeskrivelige stanken, som ein prøvde døyve med å tenne ein sigarett. Likevel var det verste igjen, synet av mishandla menneske, særleg i fellesgraver [...] Vi arbeidde i kvite drakter med dobbelt sett gummihanskar på hendene, for ikkje å bli skadd av giften fra likene, som nå var i oppløsning". I alt blei det sommeren 1945, seinere også i 1947, 1948 og 1952, påvist 49 gravstadar. Alle gravene blei denne gangen merka med trekors. Kjelde: www.kildenett.no/artikler/2007/Falstad

²⁹ Norsk krigsleksikon (1995), artikkelen «Majavatn» signert Ivar Kraglund.



Filmavisa viste lik som var bakbunde (revy nr 11/1945/03)

Filmavisa viste like sterke bilde som i reportasjen frå Håøya og Trandum, men også her vovde dei ønsket om å dokumentere kva som hadde skjedd tyngre enn tanken om å skåne publikum. ”Verden vil ha bevis”, hevda kommentatoren, og publikum fekk sjå bakbunde lik og merker i trestammene etter avrettingane av sivile. Reportasjen hadde også fleire religiøse konnotasjonar. ”Via Dolarosa” (Smertas veg) er det latinske namnet på den vegen Jesus bar korset. Dermed blei dei som var blitt avretta og gravlagt i Falstad-skogen framstilt i ein religiøs kontekst, kor dei ofra sitt liv for at andre skulle gå fri, altså eit fritt Noreg. Liknande religiøse konnotasjonar finn ein i fleire andre av Filmavisas reportasjar, særleg frå minneseremoniar etter krigens falne.

Rinnanbanden

Filmavisas reportasjar frå utgravingane ved Håøya, Trandum og Falstad kopla Nasjonal Samling og partiets medlemmar til alvorlege krigsbrotverk. Samtidig blei saka mot Henry Rinnan og hans bande rulla opp. Henry Rinnan var ein av okkupasjonsmakta sine mest farlege og frykta menn, som i stor skala infiltrerte motstandsørsla, for sidan å arrestere dei han meinte var sentrale medlemmar. Desse blei overletne til tyske styresmakter, men gjerne fyrst etter å ha vore gjennom forhøyr og tortur av Rinnan og hans menn. Banden var operativt underlagt

Gestapo i Trondheim, og gjekk under navnet *Sonderabteilung Lola*. Under rettssaka blei fleire av medlemmane i banden dømde for bruk av tortur, angjevare og samarbeid med Gestapo som hadde ført mange nordmenn i døden under krigen

Filmavisa refererte til rettssaka mot Rinnan-banden gjennom tre uvanleg lange reportasjar: «Reportasje frå den beryktede Rinnanbanden» (ca. 3 min og 40 sekund) (revy nr. 14/1945/09), «Rinnanbanden stilles for retten i Trondheim» (ca. 7 minutt) (17/1946/09) og «Siste akt i Rinnansaken. Fra retten» (ca. 3 min og 40 sekund) (37/1946/05).

Saka mot Rinnanbanden fekk fyldig dekning i dagspressa. Den 22. mai 1945 publiserte Aftenposten under overskrifta ”Slik ser angiveren Henry Rinnan ut (...) et av de første fotografier som ble tatt av Trøndelags forhatte angiver, Rinnan, etter at jakten på ham var slutt.”³⁰ Fotografiet viste Rinnan i Gestapo-uniform med ein blåveis på kvart auge. Aftenposten forklarte blåveisane med at: ”Angiveren forsøkte å sette seg til motverge, med det resultat at en ærlig norsk neve gav uttrykk for litt av den stemning som trønderne preges av i dag.» I revyen som hadde premiere 20. august 1945 viste også Filmavisa fram Rinnan med blåveis, og i full Gestapo-uniform: ”Denne vakre unge mannen er Rinnan, leder av den uhyggeligste terrorbande Gestapo har hatt som sine håndlangere i Norge,” kommenterte Filmavisa sarkastisk.³¹



Filmavisa presenterte Rinnan sarkastisk som «denne vakre unge mannen» og som «den motbydelige rotten» (revy nr 14/1945/09).

³⁰ Aftenposten 22. mai 1945.

³¹ Revy nr. 14/1945/9 ”Reportasje frå den beryktede Rinnanbanden» (107 meter)

Rinnan sine foreldre var medlemmar i NS, men det var uklart om Rinnan sjølv var medlem. I reportasjane om Rinnan-banden var heller ikkje medlemskapet i NS sentralt. Rett nok var fleire av dei som Rinnan rekrutterte til sitt angevarnettverk henta frå NS-miljø, men samarbeidet med Gestapo var nok meir sentralt for denne banden enn partitilhøyrsløse. Eit visst samband til Nasjonal Samling er det likevel muleg å spore i den fyrste reportasjen om Rinnan-banden, som i fyrste rekkje dreide seg om ulike tortur-metodar banden brukte mot norske motstandsfolk:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Frå utsida av Tinghuset og Misjonshotellet i Trondheim.</p> <p>Sekvens 2: Innanfrå eit rom med ope vindaug i hotellet der ung student skal ha kasta seg ut. Kontoret kor norske patriotar skal ha blitt forhøyrte og torturerte.</p> <p>Sekvens 3: Intr. kjellar i hotellet. Dørene til mørkeceller og torturceller opnast av Arne Tømmerås og annan mann. Intr. celle. Ekstr. korridoren med celledører.</p> <p>Sekvens 4: Panorama og oversyn av området rundt hotellet der tyskarane jamna bygningane med jorda og bygde fengselsgard med ein høg mur rundt.</p> <p>Sekvens 5: Halvnært Henry Rinnan med blått auge.</p> <p>Sekvens 6: Ulike torturinstrument vist fram og demonstrert, ma. piskar, toteschlagere, lærreimar, stålkøller, samanbundne kjettingstumpar, beinklemmer, tommeskruer, knipetenger til å trekke ut negler med og kneblar.</p>	<p>Sekvens 1: (dramatisk musikk) «I Trondhjems nye tinghus førest nu rettsforhandlinger mot medlemmer av den beryktede Rinnan-banden.</p> <p>Sekvens 2: I umiddelbar nærhet av Tinghuset ligger Misjonshotellet hvor Gestapo hadde sitt hovedkvarter. En ung student kastet seg ut av dette vinduet i kontoret her hvor norske patrioter ble forhørt og underkastet torturen.</p> <p>Sekvens 3: Her er vi nede Misjonshotellets kjeller, hvor tyskerne hadde innredet sine torturkammerer og mørkeceller. Mannen til venstre som viser frem ett av torturkammerene er kjent nok i disse uhyggelige omgivelser. Det er Arne Tømmerås som Gestapo utstedte dødsattest for og sendte asken til hans familie. Hvor etter fylkesfører Rogstad noen tid senere fremviste Tømmerås for et stort NS-møte for å komme jøssingenes løgnpropaganda til livs, som Rogstad uttrykte det.</p> <p>Sekvens 4: Tyskerne beslagla etter hvert samtlige hus i det kvartal hvor misjonshotellet ligger, og jevnet det med jorden. Så ble det bygget opp en veldig mur rundt hele tomten som skulle bli fengselsgård.</p> <p>Sekvens 5: Denne vakre unge mannen er Rinnan. Leder av den uhyggeligste terrorbande Gestapo har hatt som sine håndlangere i Norge.</p> <p>Sekvens 6: Vi viser her frem en del av de torturredskaper som har vært flittigst brukt av Rinnan og hans folk, og som nu fremlegges i retten som ugjendrivelige bevis for de ufattelige mishandlinger som disse mennesker på det mest brutale og kyniske måte har gjort seg skyldig i. Det er stokker, lærremmer, stålkøller, sammenbundne kjettingstumper, i det hele tatt en samling som man ikke har sett verre siden inkvisisjonens mørkeste middelalder. Benklemmer var et meget anvendt redskap som ble skrudd til så hardt at leggebenet ofte brakk. Disse håndjernene ble tvunget til så hardt om håndleddet at armen etter hvert ble fullstendig følelsesløs. Tommeskruen var også stadig i bruk. Neglene på ofrene ble trukket ut med en vanlig knipetang, eller man benyttet dette lille spesialinstrumentet for mere raffinerte og om mulig mere smertefulle metoder. Denne formen for knebling</p>

Sekvens 7: Ekstr. villa kor Rinnan og hans folk heldt til. Piggtrådsperringar rundt villaen. Teikningar og plakatar laga av bandemedlemmane.

Sekvens 8: Døme på tortur. Mann med samanbundne hender og føter opphengd etter jarnstang piskast på den berre enden. Svibrent hakekross på eine låret. Brannsåar på legg.

Sekvens 9: Tyskarane sin avrettingsplass på Kongsten Festning. To menn, med bakkbundne hender og med bind for augene, viser korleis fangane ble oppstilt før avrettinga.

Sekvens 10: Rinnan, halvnært, med blått auge, lenka til politimann.

ble av sadistene ansett som særleg effektiv for å få ofrene til å tie.

Sekvens 7: I denne idylliske villaen hadde Rinnan og hans bande sitt hovedkvarter. Huset var inngjerdet med flere rader piggtrådsperringer. Veggene i villaen er dekket av "morsomme" tegninger av husets herre. Og på døren som fører ned i husets kjeller står denne uhyggelige plakaten. Og slik var det Rinnan og hans drabanter moret seg nede i kjelleren når de hadde turet og drukket oppe i villaen, og skulle gå over til litt kraftigere spesialforlystelser etterpå.

Sekvens 8: Denne mannen som her blir bundet på hender og føtter har selv opplevd den samme behandlingen i virkeligheten kort tid før kapitulasjonen. Det er sikkert ikke nødvendig med noen forklaring av den fremgangsmåten sadistene her anvendte. Bildene taler sikkert for seg selv. Den dagen Rinnan og hans folk rømte til skogs, tok de denne mannen med seg som et slags gissel. "Det er fordi du har hakekorset på deg, at vi tar deg med," sa Rinnan til han. "Så ekspederer vi deg, når vi kommer utenfor byen" Her ser vi hvordan hakekorset er blitt brent inn i låret med glødende jern.

Sekvens 9: Og her er til slutt noen bilder fra tyskernes henrettelsesplass på Kongsten festning. Merkene i de tykke plankene som er satt opp mot muren forteller at plassen er blitt flittig brukt. Nakkeskudd var den vanlige henrettelsesmetoden.

Sekvens 10: Og her har vi igjen denne motbydelige rotten som heter Rinnan. Det var slike overmennesker som skulle herske i det nazistiske paradiset.»

Revy nr 14/1945/09 "Reportasje fra den beryktede Rinnanbanden" (107 m)



Filmvisa demonstrerte ein del av torturinstrumenta Rinnan-banden skal ha brukt, blant anna tomme skruer (revy nr 14/1945/09)



Filmavisa viste fram ei heil rekkje av torturinstrumenta Rinnan-banden skal ha brukt (revy nr 14/1945/09)

Også i denne reportasjen var Filmavisa oppteken av å legge fram bevis for publikum: "(...) og som nu fremleggest i retten som ugjendrivelige bevis for de ufattelige mishandlinger som disse mennesker på det mest brutale og kyniske måte har gjort seg skyldig i." Ikkje berre fekk publikum sjå korleis torturreiskapane kunne bli brukt, men ved å vise fram torturofferet Tømmerås blei framstillinga både sterkare og meir troverdig. Tømmerås sin demonstrasjon av torturen han var utsett for står i skarp kontrast til det løgnaktige bilde NS-førar Rogstad hadde forsøkt å skape under det store NS-møtet i Handelstandens hus i Trondheim som Filmavisa refererte til. Dette møtet hadde blitt fylldig dekket av Aftenposten den 6. februar 1945 under tittelen "Fylkesfører Rogstad framfører i frihet et av Gestapos "offer"":

"(...) Jeg [Rogstad] skal i kveld gi noen eksempler på hvordan den svenske jødepressen har drevet sin løgnpropaganda, sa fylkesføreren. Den beskeftiget seg meget med det store møtet vi holdt her i byen den 19. januar i år. Avisene forteller at da dette møtet ble holdt, var en av heimefrontens ledere, Arne Tømmerås, pint i hjel av det tyske sikkerhetspoliti. For at det hele skulde virke mer troverdig, var det også beskrevet på hvilken måte Tømmerås var pint i hjel. Man fortalte at neglene var revet ut på ham og ville hunder var sloppet løs på ham. Rykter ble også satt ut her i byen om hvordan Tømmerås hadde tatt livet av seg på grunn av pinslene. Alle tilstedeværende her i dag skal få se hvordan selv de svarteste løgner serveres i den jødiske agitasjon, sa fylkesføreren. Det er sikker flere her i dag som kjenne Arne Tømmerås av utseende, og for å få avlivet ryktene har jeg bedt det tyske sikkerhetspoliti om å få Tømmerås utlevert til møtet. I dette øyeblikk kommer Arne Tømmerås inn gjennom en sidedør til hele forsamlingens åpenbare forundring. (...) Og så avvikles under forsamlingens intense årvåkenhet og interesse følgende gemyttlige og helt naturlige samtale mellom Tømmerås og fylkesfører Rogstad: (...) (Rogstad): - Som De allerede vet har den svenske presse skrevet side opp og side ned om de pinsler De har vært utsatt for. For å nevne en av de verste løgnhistoriene påstår man at neglene Deres er revet løs, og at ville hunder har jaget Dem. Ble De

utsatt for mishandling av det tyske sikkerhetspoliti på Misjonshotellet! – Jeg har ikke vært utsatt for noen ville hunder, og neglene mine har jeg, det kan De selv se. Behandlingen har vært bra, jeg kan ikke beklage meg. (Tømmerås rekker fram sine hender og viser at neglene er i orden).»

Innslaget i Filmavisa viste derimot at det var NS-fylkesfører Henrik Rogstad³² som for med løgn. I reportasjen blei Tømmerås si framstilling underbygd ved at publikum fekk sjå ein anonym mann som demonstrerte korleis han blei torturert like før kapitulasjon, og ein fekk mellom anna sjå eit hakekors som var brent inn i låret hans.³³

Filmavisa brukte også kontraster i kombinasjonen av bilde og kommentarar. Bilde viste ein forslått Rinnan i gestapo-uniform der han blei karakterisert som ei «motbydelig rotte». Ei samanlikning med eit slikt lågareståande skadedyr stod i kontrast med «slike overmennesker som skulle herske i det nazistiske paradiset». Gjennom slike leksikalske val latterleggjorde Filmavisa på denne måten to viktige element i nazismen; teorien om «overmenneske» og ideen om eit paradisisk framtidssamfunn. I reportasjen kunne ein også spore ein parallell mellom det ein kan kalle ei ideologisk forblinding under nazismen, og ei samanlikning med den religiøse forblindinga som resulterte i inkvisisjonen med mellom anna sin bruk av tortur i middelalderen.

Gjennom å filme og vise bilde frå åstadar for overgrep, ser det ut som at Filmavisa forsøkte å bevise kva ugjerningar Rinnanbanden og okkupasjonsmakta var skuldige i. Misjonshotellet, som under krigen var omgjort til ei festning med høge murar, blei på denne måten opna opp for publikum. Likeeins fekk ein sjå villaen der Rinnan og hans bande hadde sitt hovudkvarter, der mellom anna detaljar som morbide teikningar på veggane i kjellaren kan tolkast som eit uttrykk for at enkelte bandemedlemmar var i ein sjuk mental tilstand. På Kongsten festning blei skothol framheva som bevis på tyskarane sine mange avrettingar av nordmenn.

No var ei slik åstadssynfaring ikkje noko bevis i seg sjølv om at ”slik var det”, men rekonstruksjonen blei understøtta av to vitne som kunne demonstrere korleis torturen blei utført og framvise eit hakekors som skulle ha blitt brent inn i låret med glødande jarn. Det er difor truleg at publikum fann liten grunn til å tvile på dei påstandane som kom fram i reportasjen. På denne måten medverka reportasjen også til å gje publikum ei forståelsesramme for korleis

³² Henrik Rogstad (1916 – 1945) var blant dei mest tyskvenlege i Nasjonal Samling, og hjalp mellom anna tyskarane med å setje opp gisselliste under unntakstilstanden i Trondheim i 1942. Han tilhøyrdde den mest stridslystne fløyen i partiet, og nekta å overgje seg då krigen var slutt. Rogstad tok sjølv mord 10. mai 1945 på Skallum gård, etter at han hadde forskansa seg der saman med ministrane Sverre Riisnæs og Jonas Lie. http://www.strindahistorielag.no/wiki/index.php?title=Henrik_Rogstad

³³ Reportasjen var ein del av Lyder Selvigs dokumentarfilm om motstandsørsla i Trondheim, *Det grodde fram* frå 1947. I denne filmen blei den anonyme mannen namngjeven.

rettsreferat og avisartiklar om Rinnanbanden skulle tolkast. For fyrste gong kunne publikum sjå levande bilde av Rinnan. For Aftenpostens anmeldar var godt nøgd med reportasjen, og meinte at synet av Rinnans ansikt var bevis nok:

Den norske revyens beste opptagelser denne uken er en rundtur i Gestapos høykvarter i Trondheim hvor man blant annet får se den meget omtalte Arne Tømmeraas selv vise sitt fengsel – og en annen patriot vise hvordan han ble pint og pisket. Den motbydelige rotten Rinnan får man også se nærbilde av. Den mann kan da ikke være annet enn sadist. Jeg har ikke sett et så uhyggelig ansikt før.³⁴

Reportasjen om Rinnan-banden avslutta Filmavis nr. 14/1945 som blei innleia med eit innslag kring førebuingane til rettssaka mot Quisling som starta i Lagmannsretten den 20. august 1945. Det var nok ein viktig grunn til at Oslo og Akershus samorganisasjon valde denne datoen for å arrangere ein stor demonstrasjon som retta sterk kritikk mot måten rettsoppgeret blei gjennomført på. Ein parole refererte direkte til ein av medlemmane i Rinnanbanden; Hans Birger Egeberg som overraskande for mange ikkje hadde hadde fått dødsstraff, men var blitt dømd til livsvarig fengsel av lagmannsretten fem dagar tidlegare: ”Vi krever dødsdom over Ekeberg og Oppegaard.”³⁵ Etterforskinga og rettergangen mot Rinnanbanden var omfattande og langvarig, og den 30. april 1946 starta rettssaka. I ”Rinnanbanden stilles for retten i Trondheim” presenterte Filmavisa dei tiltalte:

Vi ser:	Vi hører:
<p>Sekvens 1: Tinghuset framside mot gata, bakside. To politimenn går mot kamera. Større menneskemengde eit stykke bak. To politimenn i profil, eine er væpna. Stor menneskemengde utanfor tinghuset. To politimenn går langs tinghuset. Mange menneske strøymmer til mot tinghuset. Buss køyrer inn i bakgarden. Væpna politi står ved bussen idet dei tiltalte går ut. Mann med fotoapparat retta mot dei som kjem ut av bussen. Menn lenka saman to og to går ut av bussen. Kvinner går ut av ein buss. Politi, væpna.</p>	<p>Sekvens 1: (dramatisk musikk) «Vi er i Trondheim, hvor det i det nye tinghuset i disse uker er skueplass for den uhyggeligste sak i norsk rettshistorie. Oppgjøret med Henry Rinnan og hans bande. Det er forferdelige anklager som reises mot disse menneskene. Ved sin forbryterske, samvittighetsløse virksomhet har de brakt over tusen gode nordmenn i tyske fengsler. Flere hundre av dem ble torturert, og over 80 mistet livet. Saken omfattes, som rimelig kan være, av en kolossal interesse av Trondheims befolkning. Utenfor Tinghuset, hvor bevæpnet politi patruljerer, har folk samlet seg for om mulig å få et glimt av forbryterne. Det er det imidlertid liten sjanse til, busser med de anklagede kjøres like inn i Tinghusets bakgård, og herfra blir den uhyggelige forsamling ført inn i rettssalen. Mannfolkene er lenket sammen to og to, men for kvinnenes vedkommende</p>

³⁴ Aftenposten 21. august 1945, signert «Rey». Det er truleg at Filmavisa og aviser som Aftenposten henta sine bilde av Rinnan ved same pressevisning frå mai 1945.

³⁵ Blant parolane var: «Vi krever slutt på korrupsjon i landssviksakene hvis selvtekt skal unngås», ”London-nytt: Jeg betaler ingen skatt før landssvikkerne er på Bjørnøya”, ”Slipp dem ut, vi kan straffe dem”. I følgje Aftenposten var demonstrasjonen retta «mot de milde straffene og rettergangen i det hele i landssviksakene». Aftenposten 21. august 1945. Demonstrasjonen blei dekkja av Filmavisa veka etter i samband i samband med at rettssaka mot Quisling starta. (15/1945/08; Quisling for retten. Protestdemonstrasjoner).

<p>Sekvens 2: Mann, innandørs, som snur ryggen til kamera tre gongar, tre klipp. Vi kan såvidt få eit glimt av ansiktet hans. Mann sit på tiltalebenken, (nr 14), smiler mot kamera. Dame med hatt kjem inn i tiltalebenkbåsen, har passert rekkje med politimenn. Fleire andre tiltalte er allereie på plass. Kvinna tek handa opp mot ansiktet for å skjule det. Bøyer seg og snur seg bort frå kameraet når ho går til plassen sin. Andre kvinner følgjer etter.</p> <p>Sekvens 3: Vi ser at handjarn blir tekne av, berre hender/armar synest. Vi ser ein vaier blir festa til ein fot.</p> <p>Sekvens 4: Vi ser to menn feste nummerlappar på brystet, nr. 27 og 28. Menn på veg inn mot tiltalebenken. Vi ser to menn, nr. 2 og 3. Kitty Grande og Inga Lerfall smiler mot kamera. Tiltalte menn sit bak desse. Harry Rønning ser ned, held handa over munnen.</p> <p>Sekvens 5: Rinnan i uniform (utandørs) lenka i handjarn til sivilkledd mann og blir ført inn i huset. Fleire sivilt kledde og politi følgjer etter. Rinnan mot tiltalebenken, smilande. Bilde av ein fullsatt tiltalebenk, nesten alle ser mot Rinnan idet han blir ført til plassen sin, fremst til venstre, nærast dommarbordet. Nærbilde av Rinnan som ser fram. Skeivt smil. Fleire klipp. Rinnan får festa nummerlapp 1 på brystet. Rinnan bøyer hovudet og tar på lappen og ser nærare på den. Rinnan. Slipper lappen og snur seg mot venstre, smilande. Nikkar (for å helse). Rinnan blinkar med venstre auge, truleg mot nokon andre på tiltalebenken.</p> <p>Sekvens 6: Gunnlaug Dundas iført slips. To menn i forgrunnen. Bjarne Jenshus festar nummerlappen. Fire andre menn i bakgrunnen, Ragnhild Strøm ved sidan. Nytt klipp. Ingvard Aalberg, tre andre tiltalte i bakgrunnen. Nytt klipp, Jenshus og Aalberg. Tiltalte Ragnhild Strøm og Aksel Mæhre. Nr. 13 med solbriller i bakgrunnen. Grande i bildekanten ved sidan av Mæhre, snur seg til nokon på andre rekkje og smiler. Nytt klipp. Grande og Lerfall snakkar saman. Johannes Karlsen på fremste rekkje, ser framfor seg. Andre tiltalte menn bak han pratar saman. Karlsen i framgrunnen, Olga Sørensen (nr 8) dukker opp bak han med ryggen til kamera. Grande og Lerfall i bakgrunnen ser på Sørensen og ler. Nummer 8 dukker ned igjen. Gitter på sida av tiltalebenken som er inndelt i tre rekkjer. Mann i uniform bak gitteret. Vi ser ni av dei tiltalte. Sørensen bøyar seg ned. Kamera sveiper over tiltalebenken. Nr 25 og 26 er snudd bort.</p>	<p>har man ikke funnet det nødvendig å ha en slik forhåndsregel.</p> <p>Sekvens 2: Etter hvert som arrestantene kommer inn, setter vi søkelyset på dem. Denne uskyldigheten, Per Wiik, vil absolutt ikke la seg fotografere. Mens Odd Urstrømmen smiler blekt. Så kommer kvinnene inn i samlet tropp. Legg merke til henne med den sorte hatten. Det er en av Rinnans lokkeduer, Olga Marie Sørensen, som hele tiden gjør sitt ytterste for ikke å få sine skjønne trekk foreviget.</p> <p>Sekvens 3: Etter hvert som arrestantene kommer inn i buret, blir håndjernene tatt av. Til gjengjeld får alle mannfolkene enn vire om den ene foten som forankres godt i gulvet. De 30 tiltalte, som er første pulje i denne vidløftige saken, får utlevert nummerlapper som de selv setter på seg.</p> <p>Sekvens 4: La oss nu, før rettens forhandlinger tar til, forsøke å gi et virkelig inntrykk av hvordan de ser ut disse menneskene som har gjort seg skyldig i slike hårreisende ugjerninger. Kitty Grande og Inga Lerfall later ikke til å være særlig ille berørt ved kameras nærgåenhet. Harry Rønning ser betenkt ut, og det har han vel god grunn til.</p> <p>Sekvens 5: Så blir sakens hovedperson ført inn. Henry Oliver Rinnan, den forsagte vesle skomakersønnen fra Levanger som tyskeren hadde utsett til gestaposjef i Norden etter krigens seierrike avslutning. Gjensynet med de trofaste medarbeidere arter seg som et riktig rørende intermezzo. Det er tydelig at Rinnan nyter situasjonen, der han med et skjevt smil som lyser av ondskap tar et overblikk over de uvante omgivelser. Med synlig stolthet tar Rinnan i mot nummerlappen med 1-tallet på, som kjennetegner hans rang i det uhyggelige kompaniet.</p> <p>Sekvens 6: Her har vi Rinnans elskerinne, Gunnlaug Dundas, som også er kalt den norske Irma Grese. Nummer to og tre er Yngvar Aalberg og Bjarne Jenshus, kanskje de mest beryktede etter Rinnan selv. Nummer fire er Ragnhild Strøm og nummer fem, Aksel Mære, som har flere liv på sin samvittighet. Her har vi igjen to av Rinnans lokkeduer. Nummer åtte er borte, mens nummer ni, den gamle voldtektsforbryter Johannes Karlsen skuler olmt omkring seg. Her ser vi hvor det er blitt av nummer åtte, Olga Sørensen, som fremdeles er like redd for å bli fotografert. Vi går videre i galleriet, og fester oss ved nummer 17, Birger Rudolf Olsen og nummer 18, Per Fredrik Bergeen. Han og sidemannen Harry Hofstad er de eneste som foreløpig erklærer seg straffskyldige. Kristian Randal og særlig Harald Grøtte, som har nummer 23 og 24, er anklaget for en uendelig rekke av tortureringer. Til slutt lar vi atter kameraet en gang stoppe ved Rinnan</p>
--	--

<p>Nummer 17, Birger Rudolf Olsen ser fram (nr 27 sit bøygde med handa for ansiktet, bak nr. 17), nytt klipp, Bergeen ser framfor seg. Heile tiltalebenken, sett i frå dommarbordet. Vi ser Kristian Randal og Harald Grøtte. Kamera sveipar igjen over tiltalebenken, nr. 15 og 16 snur seg mot nr. 26 som har bøygde seg ned og er knapt synleg. Rinnan sit litt for seg sjølv og ser på forsamlinga, smilande. Kamera retta mot nummerskilt 1, glir så oppover til Rinnans ansikt. Pressefolk sit langs tre bordrekkjer midt i rommet, tiltalebenken i bakgrunnen. Forsvararbenken framfor dei tiltalte. Nærbilde av fleire av desse, nokre i samtale med kvarander, andre blar i sine papir.</p> <p>Sekvens 7: Retten (sju-åtte menn) kjem inn i lokalet, går mot dommarbenkjen, to kvinner og to menn som sit framfor reiser seg opp og står ved sitt bord. Nytt klipp, (fire-fem dommarar sett i frå dommarbordets venstre side. Aktor Lyng og hans fullmektig sit ved sitt bord. Pressebenken. Fugleperspektiv over publikum og rettssalen (lyskasterar hengt opp i taket). Kamera glir over dommarbenken, forsvararane i framgrunnen.</p> <p>Sekvens 8: Utandørs, gestaposjef i Trondheim, Flech i uniform, eskortert av to menn i politiform. Dei tre går på veg mot rettslokalet, Flech held venstre handa framfor ansiktet, vinkande. Rinnan ført ut lenka i handjern til sivilkledd mann., to politimenn går bak. Går mot fengslet i bakgården, fire politimenn står langs veggen mot døra, vi ser ryggane til fire menn med fotoapparat.</p> <p>Sekvens 9: Rinnan og hans følgje stoppar framfor inngangsdøra og snur seg mot pressefolket. Buss på veg ut av bakgården. Fulgt av ein personbil (politi?). Bilane kjem ut på gata utanfor tinghuset, menneskemengde spring etter.</p>	<p>som følger intenst med alt som foregår, og som fremdeles synes å ha en merkelig makt over sine disipler. Her har vi pressens representanter fra inn og utland. Dette er forsvarerne, som sitter like foran buret med de tiltalte.</p> <p>Sekvens 7: Retten kommer. De menn som skal dømme i denne store og kompliserte sak som man venter vil strekke seg over nærmere tre måneder før den endelige avgjørelse kan falle. I midten ser vi administrator, lagmann Nissen, til venstre for ham lagdommerne Stensrud og Midelfart, og til høyre lagfører Sverdrup Thygesen. Aktor, statsadvokat Lyng og hans fullmektig. Endelig har vi her den lille håndfull av publikum som får anledning til å være tilstede. Det skal føres over 500 vitner i saken.</p> <p>Sekvens 8: Blant dem er gestaposjefen i Trondheim, Flech, som var Rinnans nærmeste arbeidsgiver, og som her blir ført til lokalet.</p> <p>Sekvens 9: Første dags møte er slutt, og Rinnan blir ført ut av salen igjen. Så lenge rettssaken pågår, holdes han i forvaring i Trondheim kretsfengsel som ligger vegg i vegg med tinghuset. Også noen av hans farligste drabanter sitter fengslet her, mens de øvrige blir anbrakt i bilen igjen, og kjørt av sted til andre fengsler. Og atter stormer folk på for å få et glimt av de forhatte banditter.»</p>
--	---

Revy nr 17/1946/09 «Rinnanbanden stilles for retten i Trondheim» (191 meter)

Denne sju minutt lange reportasjen starta med eit bilde av Tinghuset i Trondheim, og Filmavisa etterlot ingen tvil med omsyn til skuldspørsmålet og kva alvorlege brotsverk dei hadde gjort seg skuldige i det ho kalla ”den uhyggeligste sak i norsk rettshistorie”. Deretter fekk publikum sjå fleire av bandemedlemmane bli ført inn i rettssalen. Enkelte av dei tiltalte forsøkte å skjule ansiktet sitt, mens andre tvert om smilte blidt mot kamera. Inne i rettssalen var dei tiltalte fordelt på tre benkerader, og bilda varierte mellom oversiktsbilde og nærbilde av bandemedlemmane. Filmavisa erklærte at ho ville «forsøke å gi et virkelig inntrykk av hvordan de ser ut disse menneskene som har gjort seg skyldig i slike hårreisende ugjerninger”, og nøyde seg ikkje med

å informere om kva dei var tiltalt for, men gav i tillegg krasse karakteristikkar av dei tiltalte etter kvart som dei blei fanga inn av kamera.

Det var eit visst skilje mellom måten Filmavisa karakteriserte dei kvinnelege og mannelege bandemedlemmane. Publikum fekk sjå at mennene var lenka til golvet med fotlenkjer, noko som understreka dei alvorlege brotsverka desse var tiltalt for: Yngvar Ålberg og Bjarne Jenshus blei omtalt som «kanskje de mest beryktede efter Rinnan selv». Johannes Karlsen blei omtalt som ein valdtektsforbrytar som skula «olmt» rundt seg, sjølvom bilde viste Karlsen som eigentleg såg nokså uttrykkslaust kring seg. Filmavisa fortalde at Aksel Mære hadde fleire liv på samvitet, sjølv om Filmavisa hevda at heile banden var ”samvittighetsløse”. Sjøarane fekk også vite at Kristian Ravndal og Harald Grøtte var anklaga for ei «uendeleg rekke tortureringer». Kommentaranne viste til at dei einaste som erklærte seg straffeskuldige var Per Fredrik Bergeen og Harry Hofstad. Implisitt tyder dette på at dei andre bandemedlemmane ikkje meinte dei har gjort noko galt eller ikkje angra på at dei har gjort alvorlege brotsverk.

Dette fråveret anger blei endå sterkare i omtalen av kvinnene. Verken Kitty Grande eller Inga Lerfall syntes å uttrykke noko form for anger, og deira smilande oppsyn var vel eigna til å provosere publikum. I følgje Filmavisa hadde kvinnene hatt ein annan funksjon enn mennene i banden, fyrst og fremst som elskerinner eller «lokkeduer». Kvinnene blei ikkje knytt til konkrete brotsverk, bortsett frå Gunnlaug Dundas som Filmavisa karakteriserte som ”den norske Irma Grese.” Dette var ei noko grov samanlikning. Grese var kjent som sadist og torturist i fleire av dei tyske konsentrasjonsleirane, og blei dømd til døden for grove krigsbrótverk. Dundas blei derimot dømd til berre 2 ½ års fengsel. Det er uvisst om ”lokkedua” Olga Sørensen sitt forsøk på å skjule sin identitet kunne vere uttrykk for noko form for anger. Det same gjeld Per Wiik som hadde drege jakka over hovudet. Det er også uklart om Harry Hofstad og Per Fredrik Bergeens erklæring om straffeskuld var grunngjeve i anger, eller om det blei gjort i håp om at det kunne føre til ein mildare dom. Både Hofstad og Bergeen blei seinare dømde til døden og avretta.

Derimot fantes det ikkje spor av anger å lese i Henry Rinnans ansikt. Hovudpersonens smil ”lyser av ondskap” kommenterte Filmavisa, som meinte at Rinnan synest å nyte situasjonen. Kommentatoren fant ikkje belegg for påstanden om at Rinnan var utpeikt til å bli gestaposjef i Norden, og det var heller ikkje sannsynleg at tyskarane hadde slike planar for Rinnan. Filmavisa understreka hans suverene leiarrolle i “det uhyggelige kompaniet”, noko som også blei grundig dokumentert i rettssaka.³⁶

³⁶ Sjå dommen mot Rinnan i fulltekst: www.rinnanbanden.no.



Filmavisa viste Rinnan blunke til dei øvrige tiltalte (revy nr 17/1946/09).



Kitty Grande og Inga Lerfall smilte mot kamera (revy nr 17/1946/09).



Kommentatoren hevda at Rinnan hadde et smil som «lyste av ondskap» (revy nr 17/1946/09).

Denne Filmavisa hadde premiere to dagar før nordmenn kunne feire eitt-årsdagen for den tyske kapitulasjonen. Aftenposten si filmmelding kan gje ein peikepinn på publikums reaksjon:

Reportasjen fra Rinnan-saken er naturlig nok det mest interessante i alt hva de fire ukerevyene har å by på. Disse korte glimt fra opptakten til en av Europas største krigsforbryterprosesser er blitt ypperlige illustrasjoner til hva avisenes utsendte medarbeidere gir oss av levende inntrykk fra rettsforhandlingene. (avsn). Detaljene i disse bilder er gode rent teknisk sett, og sammen med rettsreferatene utdyper de hele den psykologiske bakgrunn for Rinnan-bandens operasjoner under krigen. Man har kanskje hatt en viss følelse av at verdenspressen overdrev sine skildringer av disse banditters første dag i retten, men den norske ukerevyen viser at fargeleggingen ikke er for sterk. Det er uhyggelig å se hvordan den ene etter den annen av dem tar hele det høytidelige rettsapparat nærmest som en munter formiddagsunderholdning – og det forbauser en ikke at hele salen gisper når den motbydelige lille rotten, Henry Rinnan, kommer inn i tiltaleburet, setter seg på det som for ham er hedersplassen – og får festet anklagenummer 1 på sitt bryst. Han ser på det som om det var et nytt jernkors av første klasse. (avns). Motbydelig er smilet, motbydelig er mannen – grotesk er hele bildet der han blunker fortrolig til sine medsammensvorne og smiler som om han presiderer ved en tyskerfest i velmaktssdagene. (avsn) Nærbildene av hans kvinnelige medhjelpere og av de fysiske svært forskjellige håndlangere er også ypperlige illustrasjoner til rettsreferatene.³⁷

Denne filmmeldinga forsøkte å gje ei psykologisk forklaring på Rinnan-bandens sine illgjerningar under krigen. Aftenpostens medarbeidar synest også det var uhyggeleg at dei tiltalte ikkje syntes å ta rettssaka alvorleg, og journalisten fann hovudpersonen sjølv motbydeleg.

³⁷ Aftenposten 7. mai 1946, signert ”Rey”.

Alle dei tiltalte blei underkasta psykiatrisk observasjon av tre sakkunnige under hovudforhandlingane, og hos enkelte blei det også gjort undersøkingar mellom rettsmøta. Dei sakkunninge erklærte at ingen av dei tiltalte var sinnsjuke, og ingen av dei var sinnsjuke då dei gjorde dei handlingane dei var tiltalte for. Berre hos Yngvar Aalberg fann dei sakkunninge det dei kalla «mentale defektar.»³⁸

Filmavisas publikum møtte Rinnan-banden ein siste gong då dommen falt, hausten 1946. Dagen før dommen falt forsøkte Aftenposten å oppsummere det avisa kalla norsk rettshistories største kriminalprosess, ei rettssak som omfatta omkring 400 vitne frå alle kantar av landet. Avisa samanlikna rettssaka med Nürnbergprosessen:

Rinnansaken har imidlertid vært noe mer enn en vanlig kriminalprosess. En av forsvarerne har karakterisert den som en kavalkade over motstandsbevegelsens kamp og nazistenes forsøk på å bryte den. Rinnansaken gir på den ene side et konsentrert bilde av alle de redsler og all den ulykke som fulgte i tyskernes kjølvann, da de den 9. april 1940 vendte sine lanser mot nord og dro Norge inn i sin vanvittige heksedans. På den annen side har forhandlingene gjennom nøkterne vitneprov bekreftet en uendelig rekke helteepos om gode nordmenns uselviske innsats i kampen for sitt land. For all fremtid vil disse eksempler på fedrelandssinn på den ene side og forræderi på den annen være et særskilt kapittel i Norgeshistorien. Selv om Rinnansaken først og fremst forteller om alle motstandsbevegelsens tapte slag, gir den allikevel et fullgodt uttrykk for selvoppholdelsestrangen og rettferdighetssansen i et sunt og motstandsdyktig folk.³⁹

I september 1946 var Filmavisa på plass i Trondheim tinghus, og laga denne reportasjen då dommen mot Rinnanbanden falt:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Eldre dame på veg inn i rettssalen, blir kontrollert av tre politimenn. Politibilar køyrer opp og parkerar. To politimenn, bevæpna. Dei kvinnelege tiltalte kjem ut av politibilane og ført inn mot Tinghusets inngang på baksida av bygninga, bevokta av politi.</p>	<p>Sekvens 1: (dramatisk musikk) «Siste akt i Rinnansaken. Publikum strømmer inn i Tinghuset i Trondheim for å overvære avslutningen av det uhyggeligste kapittel i norsk rettshistorie. Det er en grå, regntung morgen. Først kommer de kvinnelige tiltalte i politibiler fra fengslet på Vollan.</p>
<p>Sekvens 2: Inne i Tinghusets foaje. Dei kvinnelege tiltalte blir ført inn mot rettssalen. Bevokta av politi. Dei mannlege tiltalte på veg ut av Kretsfengselet på baksida av Tinghuset, lenka saman to og to med handjarn, bevokta av politi. Einskilde vinkar til kamera, andre forsøker å skjule ansiktet med handa eller eit stykke papir. Inne i Tinghusets foaje. Dei kvinnelege tiltalte blir ført inn mot rettssalen. Dei mannlege tiltalte blir ført inn mot rettssalen. Bevokta av bevæpna politi. To kvinnelege tiltalte går sist i toget, den eine dekker ansiktet med eit stykke papir.</p>	<p>Sekvens 2: Det er ikke stor forandring på dem siden åpningen av rettsforhandlingene for fire og en halv måned siden. Selvsikre og arrogante passerer de forbi filmkameraet og synes å være ganske uberørt av den skjebne som venter dem. Så kommer mennene, som for størsteparten er anbrakt i fengselsbygningen som støter like opp til baksiden av Tinghuset.</p>

³⁸ Frå dommen mot Rinnan-banden. Aftenposten, 20. og 21. september 1946.

³⁹ Aftenposten 19. september 1946.

<p>Sekvens 3: Yngvar Aalberg i Tinghusets foaje blir ført inn i rettssalen, lenka i handjarn til ein politimann. Aalberg går krumbøygd med jakka delvis dregen over hovudet. Henry Rinnan i gestapo-uniform blir ført inn mot rettsbygninga, lenka til førstebetjent Gjeving. Rinnan og Gjeving i Tinghusets foaje, på veg mot rettssalen, fylgt etter av politimann.</p> <p>Sekvens 4: Skriblerier på ein vegg, tal og bokstavar.</p> <p>Sekvens 5: Teikning av ein motorliknande gjenstand på ein vegg.</p> <p>Sekvens 6: Teikning på vegg. Flagg med kors. Hakekorset med ring rundt midt i flagget.</p> <p>Sekvens 7: Teikning på vegg, (skal vere krematorium hevdar kommentator).</p> <p>Sekvens 8: Teikning på vegg. Diverse hestar med vogn, båtar, bygningar.</p> <p>Sekvens 9: Person les "Arbeider-Avisas framside. Hovudoppslag: "11 dødsdommer i Rinnan-saka".</p> <p>Sekvens 10: Dei mannlege dømde i Tinghusets foaje, på veg ut av rettssalen. Einskilde skjuler ansiktet med papir. Aalberg har drege opp jakka for å skjule ansiktet. Andre tiltalte smiler mot kamera. Dei tiltalte er lenka saman med handjern, to og to. Vakta av væpna politi. Dei kvinnelege dømde i Tinghusets foaje, på veg ut av rettssalen. Kitty Grande og Inga Lerfald smiler mot kamera. Dei mannlege dømde i Tinghusets foaje, på veg ut av rettssalen. Utanfor Tinghuset, i bakgården. Dei kvinnelege dømde på veg opp den vesle trappa til Kretsfengselet. Ei kvinne skjuler ansiktet. Dei mannlege dømde på veg opp den vesle trappa til Kretsfengselet. Fleire smiler mot kamera. Kvinnelege dømde på veg inn i politibil. Vakta av væpna politi.</p> <p>Sekvens 11: Henry Rinnan i Tinghusets foaje, på veg ut av rettssalen, lenka til førstebetjent Gjeving. Utanfor Tinghuset, i bakgården. Rinnan på veg opp den vesle trappa til Kretsfengselet.</p>	<p>Sekvens 3: Den eneste som virkelig er brutt sammen, er Yngvar Aalberg, som nesten må slepes opp i rettssalen. Til slutt kommer Rinnan selv, lenket til førstebetjent Gjeving, som har hatt bandesjefen i sin spesielle varetekt.</p> <p>Sekvens 4: Tiden har falt lang under de endelige rettsforhandlinger. Noen av de tiltalte som satt i første rekke har til tidsfordriv brukt blyanten flittig på veggen foran seg; Kitty Grande har kynisk tippet hvordan dommen vil bli for bandens forskjellige medlemmer.</p> <p>Sekvens 5: Ingebrigt Østness er tydeligvis motorinteressert og liker seg åpenbart ikke der han sitter.</p> <p>Sekvens 6: Harald Grøtte har laget en slags kombinasjon av hakekorset og noe som vel skal bety et norsk flagg.</p> <p>Sekvens 7: Yngvar Aalbergs tanker avspeiler seg tydelig i et dystert krematorium,</p> <p>Sekvens 8: og endelig har vi Bjarne Jenshus' forunderlige kunstverk.</p> <p>Sekvens 9: Retten har talt. 11 dødsdommer – 8 deriblant 2 kvinner, dømt til tvangsarbeid på livstid, og resten til tvangsarbeid i 2 1/2 til 20 år.</p> <p>Sekvens 10: Det makabre tog forlater atter rettslokalet for å føres tilbake til fengslet.</p> <p>Sekvens 11: Og her kommer endelig Rinnan, Levangergutten, som Berlin hadde utsett til Nordens Himmler, den farligste, den mest samvittighetsløse og også den mest degenererte av Gestapos håndlangere i vårt land. Dommen er falt. Regnskapet er gjort opp.»</p>
---	---

Revy nr 37/1946/09 «Siste akt i Rinnansaken. Fra retten» (108 meter)

Gjennomgangstenen i dette innslaget likna dei andre reportasjane om Rinnan-banden. I kommentarane blei dei framstilte som kyniske, sjølvsikre og arrogante, og med ein ytre

framtoning som ikkje synte teikn til anger. Bruken av uttrykk som ”makabre tog” understrekar det uhyggelege i saka, og vekker tankar om døden som for fleire av bandemedlemmane også var blitt ”den skjebne som venter dem”.

Filmavisa gjentok påstanden om at Rinnan var tiltenkt ei framtrekande rolle i Gestapo og ”utsett til Nordens Himmler,” sjølvom det var lite truleg at Rinnan var tiltenkt nokon leiande rolle i det tyske systemet. Merknaden om at han var «degenerert» var nok ikkje eit tilfeldig skjellsord, men kan ha vore meint nokså bokstaveleg. Uttrykket gav assosiasjonar til både ein moralsk forfallen person og fysiologiske skader.⁴⁰ Det kunne vere eit ymt om at ein kanskje kunne finne ei rasjonell forklaring på Rinnans handlingar. Hadde Rinnan gener som skilde han frå andre «gode nordmenn»? For korleis kunne ein elles forklare at ein nordmann kunne gjere slike umenneskelege og forræderiske handlingar mot sine eigne landsmenn? Dødsdommen mot Rinnan blei fullbyrda 1. februar 1947.

Rettsakene mot Dønnum og Sundlo

Noko av det mest skakande som blei dokumentert under rettsaka mot Rinnan-bandene, var den systematiske bruken av tortur. Også i rettsaka mot Einar Dønnum (1897 – 1947) i januar 1947 var tortur eit sentralt element i tiltalen. Dønnum var avdelingsleiar i Statspolitiet (Stapo) med ansvar for etterforsking av motstandsarbeid. Han var kjend for brutale forhør, og namnet hans blei i siste del av krigen eit synonym for tortur. Hans dårlige rykte i motstandskrinsar var legendarisk, og det blei forsøkt fleire attentat mot Dønnum, men alle mislukkast.

Same dagen som rettsaka starta gav Aftenposten ei fyldig dekning av den alvorlege tiltalen mot Dønnum, som avisa meinte var ”ved siden av Henry Rinnan vel den mest beryktede av alle Gestapos lakeier i Norge.”⁴¹ I følgje tiltalen var Dønnum organisasjonsleiar i Lysaker lag av Nasjonal Samling i november 1940. Som reservekonstabel i Oslo politi kom han i mars 1941 inn i overvakingstenesta, og då denne i juli same året blei omorganisert under nemninga Statspolitiet, blei han tilsett som konstabel. 1. januar 1942 blei han forfremja til politibetjent. Etter å ha gjennomgått eit kurs ved Sipos ”førarskule” i Berlin kom Dønnum 1. juli 1943 tilbake til Statspolitiet, og steig raskt i gradene til avdelingsleiar: ”Parallelt med sitt avansement

⁴⁰ I dommen frå Frostating lagmannsrett blir Rinnan skildra på følgjande måte: ”Han er utstyrt med en intelligens over gjennomsnittet, med sterk viljekraft og usedvanlig sluhet. Han må karakteriseres som en følelseskald psykopat uten sans for moralske verdier (...) Med fullt overlegg har han utført eller latt utføre umenneskelig tortur og drapshandlinger hvis formål har vært å tjene fienden og dermed sin egen ærgjerrighet (...)” Sjå dommen mot Rinnan i fulltekst: www.rinnanbanden.no

⁴¹ Aftenposten 14. januar 1947.

perfeksjonerte han seg i Sipometodene, og han drev iherdig på som angiver, torturist og drapsmann helt til kapitulasjonen, da han plutselig skiftet ham og dro til Sverige som legpredikant. Han ble snart arrestert og anbrakt på sin rette plass,” skreiv Aftenposten.⁴²

I tiltalen blei det peikt på at Dønnum hadde eit nært samarbeid med Gestopo, særleg etter at han sommaren 1944 blei kjent med Ernst Weiner som var sjef for Sipos avdeling for kontraspionasje. Som angjevar og torturist gjorde Dønnum seg skuldig i at mange nordmenn blei arrestert og drept, og han var også ved fleire høve sjølv til stades under avrettingar.

Dei aller fleste som var med i Statspolitiet, var også medlemmar i Nasjonal Samling til liks med Dønnum.⁴³ Under rettssaka hevda Dønnum at han hadde meldt seg inn i Nasjonal Samling fordi han var imot tyskarane, og i det heile var engelskvenleg. Retten fann ikkje denne mildt sagt besynderlege forklaringa truverdig. Vidare hevda Dønnum at han hjelpte mange patriotar, og at Weiner hadde kjennskap til dette og kunne difor presse Dønnum til å samarbeide med Sipo. Det som skjedde i 1945 hugsa Dønnum praktisk talt ingen ting om i følgje eige utsegn.⁴⁴ Retten kunne ikkje finne at Dønnum hadde vore i ein slik tvangssituasjon som kunne forklare dei alvorlege brotsverka. Han meldte seg ikkje inn i NS av ideelle grunnar, men fordi han meinte at det kunne betre hans økonomiske kår, og av same grunn var det at han søkte og fekk stilling i Statspolitiet. Retten meinte vidare at Dønnum gav inntrykk av å vere svært feig og forfengeleg av natur. Han hadde ytt bistand til okkupasjonsmakta med størst muleg nidkjærheit, og påført sine landsmenn så stor skade at han ikkje kunne unngå lovas strengaste straff, meinte retten. Filmavisa viste bilde frå dei fyrste dagane av rettssaka mot Dønnum:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Einar Dønnum kjem til Lagmannsretten. Nærbilde av Dønnum. Tørkar nasa med lømmetørkle. Går inn i tiltaleboksen. Snur seg bort frå kamera når han tek av ytterjakka.	Sekvens 1: (dramatisk musikk) «Så har turen kommet til Einar Olav Christiansen Dønnum, en av de ufyseligste og mest forhatte representanter for Den Nye Tid. Til å begynne med liker han ikke riktig filmfotografen der han tar plass i tiltaleboksen i Lagmannsretten, men den sjenertheten går snart over.
Sekvens 2: Dønnum konferer med advokat Horn.	Sekvens 2: Her konfererer han ivrig med sin forsvarer. Det er overrettssakfører Ragnar Horn som har den lite misunnelsesverdige oppgave.
Sekvens 3: Lærrem og andre torturreiskap på eit bord.	Sekvens 3: På rettens bord ligger et av de uhyggelige torturredskaper tidligere skraphandler og søndagsskolelærer benyttet seg av.

⁴² Aftenposten 14. januar 1947.

⁴³ Norsk krigsleksikon (1995), artikkel om Einar Dønnum, signert Nils Johan Ringdal.

⁴⁴ Aftenposten 15. januar 1947.

<p>Sekvens 4: Akteur, statsadvokat K.J. Wiese jr. administrator, lagmann Solem, og andre medlemmar av retten. Innimellom bilde av Dønnum.</p>	<p>Sekens 4: Akteur i saken er statsadvokat K. J. Wiese jr. Som rimelig kan være, var det stor tilstrømning av publikum, men det var bare et fåtall som fikk plass. Retten kommer. Den administreres av lagmann Solem. Og så begynner saken mot den misforståtte og baktalte uskyldigheten som ingenting husker og intet galt har gjort.»</p>
---	---

Revy nr 3/1947/03 «Einar Dønnum for Lagmannsretten» (38 meter)

Denne Filmavisa hadde premiere den 20. januar 1947, same dagen som dommen mot Dønnum falt. Filmavis starta med å gje ei tolkningsramme for resten av reportasjen: Dønnum var en ufyseleg og forhatt nazist. På veg inn i rettslokalet pussa Dønnum nasa med eit lommetørkle, og snudde ryggen til kamera då han tok av ytterjakka. Ingenting av dette var påfallande, men likevel hevda Filmavisa at dette var eit uttrykk for «sjenerthet», som nok var eit ironisk uttrykk for at Dønnum skjulte noko. Denne antydninga om at Dønnum hadde noko å skjule, gjekk så over til eit bilde av Dønnum som snakka med advokaten sin, og Filmavisa slo fast at det som måtte vere av sjenerthet, var no borte. Tvertom tyda kommentarane på at det var ein sjølvssikker mann som sat på tiltaleplassen, noko som tyda på at han var utan anger for det han hadde gjort. For Filmavisa slo fast at Dønnum var skuldig, og viste torturreiskap som Dønnum «benyttet seg av.» Filmavisa avslutta reportasjen med å ironisere og latterleggjere Dønnum sine underlege forklaringar. Den 22. april 1947 blei Dønnum avretta på Akershus festning.

Den 14. april 1947 byrja krigsrettssaka mot oberst Konrad Sundlo (1881 – 1965) ved den militære lagmannsretten i Oslo, og Filmavisa viste ein reportasje frå forhandlingane i revyen som hadde premiere den 24. april.⁴⁵ Saka mot Sundlo verserte lenge i rettsapparatet, og fekk si endelege avgjer i Høgsterett den 5. oktober 1948. Prosessen mot Sundlo er interessant på fleire måtar. Sundlo blei uteksaminert frå Krigsskolens øvste avdeling i 1902. Politisk stod han langt til høgre, og i 1933 blei han medlem i Nasjonal Samling. Då tyskarane angreip Noreg 9. april 1940, var han oberst i infanteriet og forsvarssjef i Narvik. Under sitt besøk i Tyskland i 1939 viste Quisling fram et personleg brev frå partifellen Sundlo, og gav tyskarne inntrykk av at forsvarssjefen i Narvik var tyskvenleg. Den tyske marinesjefen Raeder skreiv difor eit direktiv til marinen dagsett 6.3.1940 kor han hevda at marinen ikkje ville få nokon vanskar frå Sundlos side ved okkupasjonen av Narvik.⁴⁶

Dette brevet blei eit viktig punkt i tiltalen som blei retta mot Sundlo etter krigen. I april 1940 hadde Sundlo klar ordre om å forsvare Narvik mot alle angrep, men i følgje tiltalen gjorde

⁴⁵ Revy nr. 17/1947/09 «Oberst Sundlo for lagmannsretten» (55 meter).

⁴⁶ Norsk krigsleksikon (1995) artikkel om Konrad Sundlo signert Baard Borge.

han ikkje dei nødvendige disposisjonane då han utover kvelden den 8. april fekk meldingar om at tyske sjøstridskrefter var på veg. Etter at tyske tropper var gått i land utan å bli skotne på, inngjekk Sundlo avtale med tyskarane om våpenkvile som gav invasjonstyrkene høve til å omringe dei norske styrkene og besette Narvik. Noko seinare på dagen den 9. april overgav Sundlo Narvik til tyskarane.

Eit anna sentralt element i tiltalen var Sundlos aktive NS-verksemd og hans arbeid for norsk mobilisering på tysk side. I 1941-42 fungerte han som partiets rikstalar og retta sterke angrep mot kongehuset og regjeringa. Vidare hadde han vore krinsfører i Oslo og sjef for Hirten og underteikna opprop om tilslutning til ”Den norske legionen”. I 1942 blei han sosialsjef i Oslo, i september 1943 blei han utnemnd som fylkesmann i Oslo og Akershus, og i juli 1944 blei han fylkesmann i Sogn og Fjordane. I følgje tiltalen hadde Sundlo gjort seg skuldig i ein lang rekke anmeldingar og angjevni mot norske motstandsfolk.

Etter den norske overgjevinga av Narvik den 9. april 1940 blei Sundlo stempla som krigsforrædar i eit kommuniké frå hans eigen divisjonssjef, general Carl August Fleischer. Likevel blei Sundlo frikjend for anklaga om landsforræderi i samband med overgjevinga av Narvik.⁴⁷ Retten fann heller ikkje bevis for at Sundlo hadde kjent til Quislings bruk av hans personlege korrespondanse i Tyskland. Derimot blei han funnen skuldig i å ha forsøkt å verve frivillige til Den Norske Legion. Sundlo hadde dessuten gått inn for å tvangsmobilisere norske ungdomar til teneste som soldatar. Innslaget om Sundlo i Filmavisa var langt meir forsiktig enn i reportasjane i Rinnan-saka og Dønnum-saka:

«Etter en grundig saksforberedelse, har oberst Konrad Sundlo i disse dager sittet på tiltalebenken i Oslo lagmannsrett. Han føres her inn i rettssalen under mannsterk politieskorte. Høyesterettsadvokat Follestad var aktor i saken. Forsvarer var høyesterettsadvokat Henrik Berg. Norsk Films reportasje ble tatt en av de siste dager av forhandlingene. Publikum fulgte, som rimelig kan være, saken med spent interesse. Vi ser rettens medlemmer innta sine plasser. Lagmann Hjelm-Larsen var rettens formann. Den besto videre av lagmann Gulbrandsen, general Roche Nilsen, oberst Johannes Schøtz, oberst Refsum, konstituert lagdommer Meyer, byrettsdommer Juel, oberst Gunnar Just og oberstløytnant Reidar Møller. Dagens behandling tok sin begynnelse. Aktor innledet eksaminasjonen, mens Sundlo drakk et glass vann, før han tok fatt på sin forklaring om hvorfor han var blitt medlem av NS. Forsvareren fulgte nøye med. Rettsoppgjøret går sin gang. Rettferden skjer fyldest.»⁴⁸

⁴⁷ ”Retten finner at tiltaltes forhold m.h.t. overgivelsen under de givne forhold ikkje kan ansees straffbart. Utviklingen var på det tidspunkt bragt til det stadium at tiltalte og hans tropper var omringet av en helt overlegen fiende. Alle midler til forsvar var å anse uttømt i lovens forstand (...).» Sitat frå domspremissane, henta frå Aftenposten 19. august 1980.

⁴⁸ Revy nr 17/1947/09 «Oberst Sundlo for Lagmannsretten» (55 meter)

Reportasjen viste bilde frå rettsalen mens kommentatoren gav ein kort presentasjon av personane publikum i korte glimt fekk sjå. Filmavisa innleia reportasjen med å slå fast sitt syn på at rettergangen mot Sundlo hadde vore grundig førebudd. Men i motsetning til reportasjen mot Dønnum var dei fordømmende og førehandsdømmende karakteristikkane borte. Ei forklaring på denne reserverte tonen kan vere at det var knytt usikkerheit til delar av skuldspørsmålet. Likevel tyder kommentarane på at Filmavisa meinte Sundlo sitt medlemskap i NS og andre brotsverk var tilstrekkeleg til å bli dømd, og at «rettferden skjer fyllest», slik ho avslutta reportasjen. Sundlo ble dømd til fengsel på livstid. Tre av åtte dommarar gjekk inn for dødsstraff. Han blei benåda og lauslaten i 1952.⁴⁹

Quisling

Rettsoppgjereis mest vidgjetne sak var utan tvil prosessen mot Nasjonal Samlings førar Vidkun Quisling. Dagen etter kapitulasjonen meldte han seg for politiet, og 26. mai møtte Quisling for forhørsretten. Den 20. august starta hovudforhandlingane i Lagmannsretten, og varte i ti dagar. Den 10. september blei dommen kunngjort; døden ved skyting. Quislings anke blei forkasta av Høgsterett den 13. oktober, og likeeins blei søknaden om benådning avvist av statsråd den 23. oktober. Neste natt blei Quisling avretta. Filmavisa fylgde saka gjennom seks reportasjar fram til kunngjeringa av dommen i revy nr. 36/1945.⁵⁰ Den 26. mai 1945 blei Quisling stilt for forhørsretten og Filmavisa brakte i sitt andre nummer bilde av en slagen «fører» som blei stilt til ansvar:

Vi ser:	Vi høyrer:
(mørke bilde) Quisling i frakk, hatten i hendene, på veg inn i forhørsrettens tiltalebenk (blitzlys), fulgt av væpna politi. Quisling på plass, legg frå seg hatten og tek av seg frakken. Gulbrandsen kjem inn i retten, dei som var til stades reiser seg. Aktor ved aktorbordet. Quislings forsvarar, høgsterettsadvokat Berg, går mot Quisling, dei to i samtale ved tiltalebenken, lyskastar i bakgrunnen. Dommer Gulbrandsen på sin plass, blar i papir, rettsvitnet (Jensen) likedan, i bakgrunnen. Quisling står i tiltalebenken, to militærpoliti bak han, blitzlys, mennesker sit langs veggane i bakgrunnen. Publikum, berre menn. Quisling. Fleire titals pressefolk, ei kvinne, kamera glir vidare til Quisling. Riksadvokat Arntsen, to andre menn. Vi ser Quisling frå midjen og opp, snakkar frå tiltalebenken.	(dramatisk musikk) «Vidkun Quisling ble den 26. mai fremstilt for Oslo forhørsrett, etter begjæring fra [utydeleg lyd] om avsigelse av fengslingskjennelse. Den historiske scene fant sted i byrettssal nummer 6 i den gamle tinghus, og dannet innledningen til det store rettsoppgjør med landsforræderne. Byrettsdommer Gulbrandsen ledet forhandlingene og leste opp den foreløpige siktelse som av aktor førsteadvokat Anneus Schjødt var forelagt retten. Som Quislings foreløpige forsvarer, hadde retten oppnevnt høyesterettsadvokat Henrik Bergh. Rettsvitne var fru Aagot Bakke Ryen. Møtet var omfattet med voldsom interesse, og vil bli stående som et av de dramatiske høydepunkt i de begivenheter det norske folk i denne tid gjennomlever. Det var reservert plasser for ikke mindre enn 50

⁴⁹ Artikkell i Norsk krigsleksikon (1995), signert Baard Borge.

⁵⁰ Det var ikkje fyrste gong publikum hadde høve til å sjå levande bilde av Quisling. I løpet av den nazifiserte Norsk Films revy si levetid var Quisling synleg i heile 94 innslag. Helseth 2000:104

<p>Gulbrandsen, militærpoliti bak han. Qusling, noko nærmare, snakkar. Gulbrandsen. Quisling, ser opp i taket, senker blikket og snakkar. Publikum. Dommarane. Quisling, snakkar. Gulbrandsen i nærbylde, blar i bok. Quisling ført ut av rettslokalet.</p>	<p>pressesfolk, hvorav de fleste fra utlandet. På tilhørerbenkene forøvrig så man omtrent alle Oslos dommere, og en hel del andre embetsfolk og jurister. Riksadvokat Sven Arntsen fulgte saken fra sin plass bak dommersete. Quisling erklærte seg ikke straffskyldig, og protesterte mot fengslingskjennelsen som ble avsagt av dommeren for et tidsrom av tre måneder til 25. august klokken 12 middag. Etter rettsmøtets slutt, ble Quisling under eskorte av to politisoldater ført tilbake til sin celle på Møllergaten 19.»</p>
---	--

Revy nr 02/1945/08 «Quisling i retten» (54 meter)

I denne reportasjen la Filmavisa vekt på den historiske augneblinken dette var i denne saka som ”dannet innledningen til det store rettsoppgjør med landsforræderne”. Ordbruken var langt frå så hatsk som i innslaga om Rinnan-banden. Ei muleg årsak til den nøkterne tonen kan vere at fleire alvorlege krigsbrotverk enno ikkje var komne for ein dag. Til dømes føregjekk fengslingsmøtet fleire veker før massegravene på Håøya og Trandum var blitt avdekkja, med mellom anna Quisling som vitne. I mot denne forklaringa talar sjølvstakt det faktum at Quislings statskupp og fem år med okkupasjon gav rikeleg med grunnar til ein mykje meir krass ordlyd. Ei meir sannsynleg forklaring kan vere at Filmavisa la vekt på at rettsprosessen skulle skje med verdigheit, og at det blei gjenspegla i ein noko nøktern ordval. Innslaget hadde ein klassisk referatstil, med objektive fakta om kven, kva og kor, og svært få karakteristikkar av det publikum fekk sjå.

Denne stramme referatstilen blei lausna på i seinare reportasjar om Quisling. Den 27. august hadde retten synfaring på Quislings residens Gimle på Bygdøy og den relativt store hytta hans i Asker, som Filmavisa samanlikna med Hitlers «Ørnerede». Synfaringa blei fulgt av eit stort pressekorps. Omkring fem millionar kroner var gått med til og setje i stand Gimle, og Aftenposten fann det naturleg at ”en slik omgang med pengar til personlig bruk” var ein god grunn å gjere ei synfaring. I ein fyldig reportasje opplyste Aftenposten at mykje av det prangande interiøret var ”lånte fjær⁵¹” frå både Frimurerlosjen og Det norske Selskap. Dessutan fantes det ein del møblar som Quisling truleg hadde hatt med seg frå si tid i Russland.⁵² Aftenposten meinte at Gimle på mange måtar var eit uttrykk for at Quisling levde i si eiga draumeverd: ”At denne drømmeverden har meget til felles med Napoleons er imidlertid ikke vanskelig å skjønne. Overalt finner man noe som minner om Napoleon, enten bilder, malerier,

⁵¹ Aftenpostens uttrykk: ”Men her er nok av lånte fjær.” Aftenposten 28. august 1945.

⁵² ”I det hele tatt er det meget som minner meg om et russisk fyrstehjem i tsar-tiden, uttaler en av de utanlandske journalistene.” Aftenposten 28. august 1945.

statuer og bøker. I et av de såkalte ”kontorene” er det således et eget Napoleons-bibliotek”. Avisreportasjen gjekk vidare frå Gimle til «Ørneredet», kor også Filmavisa kunne vise bilde. Det er uvisst kva som var grunnen til at Filmavisa ikkje rapporterte frå Gimle. Ei muleg forklaring kan vere at Filmavisa ikkje hadde kapasitet til å frakte og rigge til tungt filmutstyr to stadar på kort tid:

Vi ser:	Vi høyrer
<p>Bilde utanfrå sommerhytta til Vidkun Quisling, Ørneredet, på Volden i Asker, Rettsmedlemmane kjem til staden. Oversyn frå hytta over fjorden. Medlemmane samla rundt kikkert. Intr. stovene bygd av tømmer, ikkje ferdig innreia. Fleire klipp av enkelte møblar og gjenstandar, ma. vikingskip. Vi ser ein person blade i ”Den gyldne bok” frå oktober 1941 med berre blanke sider.</p>	<p>(munter musikk) «Hitler hadde sitt Ørnerede i Berchtesgaden. Quisling måtte selvfølgelig også ha sitt ørnerede, og det ligger ved Holmen i Asker ett par mils vei fra Oslo. I forbindelse med forhandlingene i Quisling-saken, var rettens medlemmer på befarings på dette berømmelige sted forleden dag. Quisling fikk aldri bygget ferdig sitt ørnerede. Mange av stuenene står enda tomme, men en del utstyr var det da kommet hit, og det var for så vidt ikke dårlige saker. Dette er Ørneredets "Gyldne bok", hvor vennene som var på besøk skulle skrive sitt navn. Boken er helt fra oktober 1941, men merkelig nok er det bare blanke blader i den.”</p>

Revy nr 16/1945/05 ”Ørneredet. Quislingsaken” (26 meter).

Innslaget frå Quislings uferdige sommarhytte gav ikkje det same luksuriøse inntrykket som ein reportasje frå Gimle kunne ha gjeve. Det meste av reportasjen blei filma utandørs, der ein kunne sjå rettens medlemmar vandre rundt på hyttetomta. Modellar av vikingskip og andre gjenstandar som blei filma innandørs bragte tankane til norsk «storheitstid» som Nasjonal Samling var særleg opptekne av. Saman med dei blanke sidene i ”Den gyldne bok” som blei vist, gav reportasjen eit bilde av ein verkelegheitsfjern, venelaus og stormannsgal Quisling.

Dekninga av sjølve rettsforhandlingane møtte på uventa problem. Dei fleste hadde nok forventet at ei slik viktig hending som rettssaka mot Vidkun Quisling skulle bli filma, men Eidsivating Lagstol ville det annleis. Redaktør Bjørset var sjølv sagt skuffa:

«Vi har for anledningen skaffet oss et absolutt lydløst kamera og vi har erklært oss villig til ikke å benytte flomlys eller lyskaster, men bare forsterke lampene i de allerede eksisterende lyspunkter. Men forgjeves. Det har vært ført forhandlinger om saken i lengre tid, men retten har nu skriftlig nektet oss disse verdifulle opptagelser.”

Kaptein Bjørset nevner også at man av politimyndighetene hadde fått en generell tillatelse til å filme i de fengsler hvor landssvikerne sitter, men da opptagelsen skulle begynne, grep fengselsstyret inn og nektet ethvert optak.”⁵³

⁵³ Aftenposten 15. august 1945. Aftennummer.

Dette var truleg årsaka til at Filmavisa i liten grad viste Quisling for retten, med unntak av bilde henta frå sjølve kunngjeringa av dommen som fann stad i Store sal i Gamle Logen (revy nr. 17/1945/11). Reportasjene ”Quisling for lagmannsretten” (14/1945/08) og ”Quisling i retten” (15/1945/8) viste berre Quisling på veg inn og ut av rettslokala, supplert med ”Pressefolkene i arbeidet med Quislingsaken” (15/1945/09) og reportasjen frå Ørneredet (sjå ovanfor). 10. september 1945 falt dommen mot Quisling. Teknisk skilde dette innslaget seg i frå dei fleste andre innslag ved at delar av det også hadde direkte lyd:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Lang kø av publikum, politi ved køen. Politi kontrollerer ID-papir. Pressesjefen kaptein Bøen og to andre offiserar. Fullpakka rettssal, sett i fugleperspektiv. Quisling kjem inn eskortert av fem militærpoliti. Rettssalen sett ovanfrå. Quisling i samtale med forsvarar. Rettssalen sett ovanfrå. Retten kjem og inntar sine plassar, sett ovanfrå. Rekke med militærpoliti mellom dommarbordet og øvrige i rettssalen. Dommarbordets sju menn sett ovanfrå. Quisling og forsvarar står ved forsvarsbenken, militærpoliti bak Quisling, filma ovanfrå. Quisling og forsvarar sit seg ned. Dommarbordet, fire dommarar. Rettens administrator bankar i klubba (bakgrunnsmusikken stansar) og alle reiser seg.</p>	<p>Sekvens 1 (dramatisk musikk): Siste akt i Quislingsaken. Allerede lenge før møtet skulle begynne stod publikum i lang kø utenfor rettslokalet for å sikre seg de beste plassene. Kontrollen var strengere enn noensinne. Alle papirer måtte være i orden, ellers så ble man ubønnhørlig avvist. Pressesjefen, kaptein Bøen, som står til høyre, meddeler de utenlandske journalistene om dommerens siste instruksjer. Klokken nærmer seg 14, og i den fullpakkede sal er stemningen preget av en viss opphisset nervøsitet. Quisling blir ført inn under enda sterkere eskorte enn vanlig. Det er tydelig at man har forberedt seg på alle eventualiteter. Fotografene fyrer løs like utrettelig som noensinne. Retten kommer. Det dramatiske høydepunkt i norgeshistoriens mest sensasjonelle rettergang er nådd. Den kloke og verdige måte hvorpå saken har vært ført har avtunget beundring og respekt i alle leire. Øyeblikket er inne da forræderen skal få sin dom. Den skamplett Quislingnavnet har satt på det norske folk skal endelig vaskes av.</p>
<p>Sekvens 2: Rettsadministrator held eit ark, og avseier dommen.</p>	<p>(Bakgrunnsmusikken stansar) Sekvens 2: (Autentisk lyd): Lagmann: «Det avsie dom ved domslutning. Tiltalte (kremtar), Vidkun Abraham Lauritz Quisling, dømmes til døden</p>
<p>Sekvens 3: Kamera sveipar frå dommarbordet til Quisling som står ved tiltalebenken. Quisling sett i profil, forsvarar og ein av dommarane i bakgrunnen, militærpoliti i billedkanten.</p>	<p>Sekvens 3: «for forbrytelse mot den militære straffelovs paragraf 80 nummer en, to og tre. Og mot</p>
<p>Sekvens 4: Fugleperspektiv, sveip over rettssalen. Quisling.</p>	<p>Sekvens 4: «den borgerlige straffelovs paragrafer 83, 84, 86, 98, 233, 239, 255 jevnført 256, 257, 275 og 317 jevnført 318».</p>
<p>Sekvens 5: Kamera frå Quisling via forsvarar og til administrator.</p>	<p>Sekvens 5: «Og de provisoriske anordninger av 3. oktober 1941.»</p>
<p>Sekvens 6: Fugleperspektiv, rettssalen.</p>	<p>Sekvens 6: «og 22. januar 1942 jevnfør lov av 6. juli 1945. Alt sammenholdt med straffelovens paragraf 62. Tiltalte frifinnes for tiltalebeslutningens punkter 1d, 5c, 6g, 8, og tilleggstiltalebeslutningens punkt 1g.»</p>

<p>Sekvens 7: Quisling, deretter fire av dommarane.</p>	<p>Sekvens 7: «Hos tiltalte inndras, etter straffelovens paragraf 36, 1.040.000 kroner. I erstatning for saksomkostninger betaler tiltalte til statskassen kroner 1.500.»</p>
<p>Sekvens 8: Retten setter seg. Sveip over rettssalen, fugleperspektiv. Quisling.</p>	<p>Sekvens 8: «Etter opplesningen av premissen, som tok over en time, henvender lagmannen seg til slutt til Quisling med spørsmål om han har forstått dommen. Han gjør videre Quisling oppmerksom på, at han har anledning til å appellere til Høyesterett i det han tilføyer:»</p>
<p>Sekvens 9: Kamera, retta mot dommerbordet, forsvarsbenk i venstre kant, aktorat i høgre kant, publikum i framgrunnen. Quisling står, forsvarar og militærpoliti sit. Administrator.</p>	<p>Sekvens 9 (lagmannen autentisk, svak lyd) "Hvis du mener at straffen er for streng, eller at saksbehandlingen er ulovlig, eller at loven er (?) og hvis de erklærer med en gang at de ønsker prøvet for Høyesterett, eller de kan ta betenkningstid (Quisling: "Ja". (lavmælt samtale mellom Quisling og advokat, Advokat: "nærmere begrunnelse kan du sende senere". Quisling: "Jeg ønsker saken prøvet for Høyesterett. Nærmere begrunnelse skal jeg sende senere.</p> <p>Uklar autentisk lyd: lagmann "Da vil jeg informere forsvarer om (...) "saken vil bli prøvet for Høyesterett så snart det er anledning. (...) Dermed er saken ferdig. Retten hevet."</p>
<p>Sekvens 10: Quisling ved forsvararbenken.</p>	<p>Sekvens 10: Speaker: «Dommen er falt. Man kan knapt si at den var imøtesett med særlig spenning. Det var vel ikke noen som ventet seg noe annet resultat en det retten kom til. Quislings sak er endt, og dermed det mest fornedrende kapittel i vårt folks historie. Quisling spilte det høye spill, og tapte.»</p>

Revy nr 17/1945/11 "Domsavgjørelse over Quisling" (100 meter)

Rettsaken mot Quisling danna grunnlaget for det store rettsoppgjeret med landssvikarane. For å sikre legitimiteten til rettsoppgjeret, var det var difor viktig at rettsaken blei avvika i pakt med rettsstatlege prinsipp. Filmavisa la også vekt at Quisling hadde fått ei rettferdig handsaming i denne historiske rettsaken: "Den kloke og verdige måte hvorpå saken har vært ført har avtvunget beundring og respekt i alle leire." Filmavisa meinte at Quisling hadde påført ei skam over det norske folk. Følgjeleg måtte dette også gjelde alle dei som meir eller mindre hadde støtta Quislingregimet; desse hadde også påført skam over det norske folk som dei bar eit kollektivt moralsk ansvar for. Dommen mot Reidar Haaland i juli 1945 (sjå ovanfor) gjorde det også klart at mange av desse blei tillagt ei kollektivt juridisk straffeansvar som dei no måtte gjere bot for i rettsapparatet.⁵⁴

⁵⁴ Dahl og Sørensen 2004:93-98.

Bortsett fra ein kort referanse til Quisling i samband med valget i 1945 var domsavseiinga nestsiste gong Filmavisa refererte til Quisling. Siste gongen var i ein kort reportasje i 1946, der Filmavisa besøkte det ho kalla ”Quislings gamle domene, Gimle”. Bygninga var då blitt overtatt av den franske ambassaden. Filmavisa kunne då melde: ”Og i dag hersker da fransk ånd og vidd i det luksuriøse palass, hvor Quislings storgermanske drøm falt i grus.”⁵⁵

Tyskarjenter

Filmavisa var langt i frå åleine om å hevde at Quisling, Rinnan og dei som Filmavisa omtalte som andre ”kjente NS-størrelser” hadde påført det norske folk skam, og som burde bøte for det. Ein liknande fordømande haldning blei også dei mange kvinnene som hadde hatt eit forhold til tyske soldatar utsatt for. I fleire aviser kunne ein finne lesarbreve og leiarartiklar som gav uttrykk for at dei kvinnene som hadde hatt eit forhold til tyske soldatar hadde gjort seg skuldig i eit skammeleg seksualisert landssvik.⁵⁶ Mot desse kvinnene gjekk det føre seg eit slags utanomrettsleg oppgjær etter krigen. Det er berekna at mellom 40.000 og 50.000 norske kvinner hadde hatt eit forhold til ein tysk soldat eller offiser. Mange av desse fekk merkelappen ”tyskartøs” hengande på seg, eit uttrykk som gjev assosiasjonar til prostitusjon og lausaktig livsførsel, noko som berre kan seiast å ha karakterisert ein liten del av forholda. Variasjonen i forholda var stor, alt i frå kortvarig flørt til langvarige forhold og giftemål. Minst 9.000 born blei resultatet av desse forholda.⁵⁷ Mellom anna Aftenposten meinte at desse borna var uønskete, og burde sendast ut av landet. Under overskrifta: «Har «herrefolket» etterlatt seg 6000 barn?» skreiv avisa i ein kommentar mellom anna at:

(...) Det er ikke nok at vi har tyskerpiker som har skjendet nasjonen og som moralsk og økonomisk er en tung byrde for samfunnet. «Herrefolket» har også etterlatt seg et større antall tyskerbarn som med sine «germanske» arveanlegg i sin tid kan komme til å volde atskillige bekymringer.(...) kan vi på en eller annen måte bli kvitt disse uønskede barn? Send dem dit de rettelig hører hjemme – til Tyskland for eksempel?⁵⁸

⁵⁵ Kommentar til Revy nr. 34/1946/04 «Franske journalister besøker Gimle» (19 m)

⁵⁶ Gjennomgang av Sunnmørsposten og Bergens Tidende, 8. mai – 1. juli 1945.

⁵⁷ Norsk krigsleksikon (1995), artikkelen «tyskertøs» signert Dag Ellingsen.

⁵⁸ Aftenposten 2. juni 1945. Avisa peika vidare på mulege hinder for å sende borna ut av landet: «Skal vi stå på rettens grunn, kan vi ikke eksportere dem. Er moren norsk og ugift, er nemlig barna norske, de har hennes statsborgerskap. Blir hun gift med mannen etter at barnet er født, blir sannsynligvis barnet tysk (spørsmålet er ikke helt klarlagt ennå) er derimot piken blitt gift før barnet kom, er saken klar. Hustruen følger sin mann og barnet blir tysk.»

Andre media teikna også eit svært negativt bilde av desse jentene. Dagen etter at nordmenn igjen kunne feire sin nasjonaldag i fridom, hadde Sunnmørsposten ein leiarartikkel med ei opplisting av dei kalla dei ”verste type svikerar”. I følgje avisa var dette mellom anna: ”NS-folk og opportunistar. (...) Endelig kan nevnes den skam og skade som er påført landet ved moralsk forkomne og erotisk abnorme kvinnfolk. Tildels har disse rekruttert angivergjengen – de farligste og mest foraktelige av våre nazistiske elementer (...).”⁵⁹ Til liks med andre aviser, understreka Sunnmørsposten på redaksjonell plass at rettsoppgjeret måtte følgje sunne rettslege prinsipp: ”Enhver må få sin straff etter norsk lov og rett i forhold til sin skyld. Tanken på hevn og gjengjeldelse må vi se å komme bort fra. Verst vilde det vere om uskyldige ble innblandet.” Men når det gjaldt si eiga dekning av saker for retten var ikkje avisa så bekymra for korleis dette kunne føre til førehandsdom i opinionen. Dette gjaldt til dømes referat frå forhørsretten som kunne ha overskrifter som ”Ålesund forhørsrett: En bukett med tyske-tøser og angiversker som opptre med stor frekkhet og sjølvsgatt er uskyldige.”⁶⁰ I dette referatet er det lista opp namn, adresse og kva desse jentene kunne vere skuldige i, til dømes ”NN (mi anonymisering) har hatt selskapeleg omgang med tyskerne, gått på kino med tyskerne (...) mistenkt for angiveri.” Berre i denne artikkelen var det referert til ni jenter som var under myndig alder (21 år i 1945), og av desse var fire berre 18 år.

Denne typen omtale av slike jenter synest å ha vore regelen snarare enn unntaket, viser ein gjennomgang av Sunnmørsposten og Bergens Tidende dei fyrste månadane etter krigen.⁶¹ Bergens Tidende skreiv i ein kommentar at ”Med hver post mottar vi mer eller mindre indignerte inserater om tyskerjentene. De fleste av dem må vi av plasshensyn la gå i papirkurven, men det er i enkelte innlegg også fornuftige forslag, som f.eks. et om å sende dem til fyrstikkfabrikken.” Så følgde lesarinnlegget:

Da vi bare her i Bergen har hundrevis som de siste 5 årene så å si ikke har hatt annen beskjeftigelse enn å holde tyskerne med selskap, dag som natt, kan muligens en tvangsutskrivning til fyrstikkfabrikkene bli en oppdragelsesanstalt for disse jentene. Man kan vel gå ut fra at deres foreldre vil være gla [sic] over at deres datter var i et ærlig arbeid, og at deres fritid sto under oppsikt under dertil skikkede damer. Utgiftene med dette måtte delvis kunne dekkes ved at politiet realiserte disse jentenes pels, sølvrevskinn, sykler og radioapparat. Under enhver omstendighet måtte de iallefall bli ilagt stuearrest og ikke som nå ha rett til å være ute dag som natt.⁶²

⁵⁹ Sunnmørsposten, 18. mai 1945.

⁶⁰ Sunnmørsposten, 26. juni 1945.

⁶¹ Gjennomgang av Sunnmørsposten og Bergens Tidende, 8. mai – 1. juli 1945.

⁶² Bergens Tidende, 5. juni 1945.

I frigjeringsdagane blei mange av kvinnene som hadde hatt eit forhold til tyske soldatar utsatt for skamklipping av håret og andre overgrep. Historikaren Terje Andreas Pedersen har studert korleis kvinner som hadde hatt sosialt eller seksuelt samkvem med tyske soldatar blei handsama etter krigen. Han hevda at talet på snauklipte kan ha vore omkring 4000 av alle tyskerjenter.

Ei provisorisk anordning av 12. juni 1945 var lovgrunnlaget for internering og tvangsundersøking av personar som det kunne vere grunn til å tru kunne spreie kjønnsjukdommare. Mistanke var tilstrekkeleg for å gripe inn. Anordninga blei hurtig døypt «smitteanordninga», og var også motivert for å beskytte allierte og norske soldatar mot kjønssjukdom. Den blei brukt saman med ei anna provisorisk anordning, «beskyttelsesanordninga», som var vedteken av regjeringa i London i 1943. Den skulle syte for sikkerheiten til personar som på grunn av haldinga si under krigen kunne risikere å bli utsett for folkets vreide når freden kom.

Sjølv om den offisielle grunngjevinga for interneringa var trongen for å unngå smitte av kjønssjukdomar og for å verje kvinnene frå publikums hemnaksjonar, opplevde truleg mange interneringa som ei straff utan lov og dom.⁶³ Historikaren Kåre Olsen har også funne fleire tilfelle der lokale styresmakter brukte smitteanordninga og beskyttelsesanordninga som påskot for å internere kvinner som dei ønskte å straffe for si «unasjonale» åtferd under krigen.⁶⁴ Då interneringsleiren på Hovedøya blei avvikla, blei jentene spreidd til ulike delar av landet. Aftenposten spurde då Dr. Schreiner i Helsedirektoratet om kva han meinte om jentene: «For en del av pikenes vedkommende er det ikke tvil om at det har vært *en lærepeng* [min uth.], og at de er kommet på andre tanker.»⁶⁵

Det er difor ikkje urimeleg å hevde at interneringsleirane var ei form for straff utan lov og dom, sjølv om det ikkje var kriminalisert som landssvik å ha forhold til ein tysk mann. Likevel blei mellom 3.000 og 5.000 av kvinnene internert i eigne leirar frå frigjeringa og heilt fram til leirane blei stengde.⁶⁶ Våren 1946 besøkte sosialminister Sven Oftedal leiren på Hovedøya. Der fekk han assosiasjonar til dei konsentrasjonsleirane han sjølv hadde vore fange i under krigen, og avgjorde at den skulle leggest ned straks.

⁶³ Terje Pedersen 90-91:2012.

⁶⁴ Kåre Olsen: 1998:286 og 301. Kåre Olsen har i sitt arbeid som fyrstearkivar ved Riksarkivet i Oslo hatt ansvaret for handsaminga av førespurnader frå krigsbarn som vil ha opplysingar om opphavet sitt. I 1998 gav han ut boka «Krigens barn: De norske krigsbarna og deres mødre».

⁶⁵ Aftenposten rapporterte at «En del [tyskerjenter] er sendt til sine hjem, en del anbrakt i arbeid som hushjelper på fabrikk, og de 15 verste er overført til Ullevål for fortsatt behandling.» Aftenposten spurte også om intelligensnivået til tyskerjentene, og Dr. Schreiner viste til Dr. Rasmussen si undersøking. Aftenposten Aften 27. april 1946 under overskrifta: «3000 tyskerjenter har gått gjennom leirene. Intelligensnivået lavt. Gruppen 21- 25 år sterkest representert».

⁶⁶ Artikkell i Norsk krigsleksikon (1995), signert Dag Ellingsen.

Den 27. september 1945 blei Filmavisa saman med ei rekkje andre pressefolk invitert til synfaring ved ein av desse interneringsleirane for kvinner, som låg på Hovedøya ved Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Stort følgje av menn og kvinner kledd i sivil går langs ei brakke med ryggen mot kamera. Politiinspektør Muhle i spissen. Muhle står i midten og orienterer forsamlinga. Nærbilde av mann som noterer på blokk.</p> <p>Sekvens 2: Oversiktsbilde av brakkeleiren. Nærbilde av skrot utanfor ei brakke. Fjernt med ryggen til ser vi kvinner med ryggen til i hardt arbeid med skuring av senger og andre møblar på den store plassen mellom brakkene. Oversiktsbilde over mange møblar utanfor brakkene. Følget som er på befaring på veg ut av brakke og inn i ein skog. Muhle i midten blant tre menn i samtale.</p>	<p>Sekvens 1 (munter musikk): «Representanter for presse, film, og kringkasting var forleden på befaring av den store interneringsleiren for kvinner på Hovedøya. Det er Helsedirektoratet i samarbeid med Oslo Helseråd som har satt seg i spissen for dette utmerkede tiltak. Politiinspektør Muhle ledet befaringsen og gav en orientering om planleggelsen av leiren.</p> <p>Sekvens 2: Det er meningen å anbringe godt og vel 2.000 tyskerjenter av alle kategorier i denne leiren. Foreløpig er det bare kommet et par hundre jenter, som i første omgang er satt til å rydde og gjøre rent etter herrefolket, som også her har griset til noe ganske utrolig. Tiltaket må først og fremst sees som et ledd i kampen mot kjønnsykdommene, i det man regner at ca. 75 % av jentene her ute er smittefarlige.»</p>

Revy nr. 21/1945/03 «Interneringsleir for kvinner» (25 meter)

Filmavisas kommentarar synest i stor grad å vere bygd på Aftenpostens artikkel »Interneringsleir for tyskertøser på Hovedøya» frå 28. september 1945.⁶⁷ I Filmavisas innslag «Interneringsleir for kvinner» tener ho som eit mikrofonstativ for den offisielle forklaringa på desse interneringsleirane. Påstanden om at nær 75 % av 2000 «tyskerjenter» var smittefarlege

⁶⁷ Aftenposten (Aftennr.): 28. september 1945: »Interneringsleir for tyskertøser på Hovedøya» Den eldste er 60 år. I alt er det plass til 2000 piker. Av tyskertøser er ca. 1200 – 1500 smittefarlige. Interneringsleiren et ledd i kampen mot kjønnsykdommene. (ingress slutt)

(Brødtekst:) Representanter for Oslo-pressen var i går innbudt til befaring av interneringsleiren for kvinner på Hovedøya. Det er Helsedirektoratet i samarbeid med Oslo Helseråd og politiet som har satt seg i spissen for dette utmerkede tiltak. (...) Politiinspektør Muhle, som ledet befaringsen, ga en orientering til pressen. Leiren har plass til 2000 piker, men bare en brakke er forløbbig tatt i bruk, forteller han. 100 piker er allerede kommet og ca. 150 kommer i løpet av de nærmeste dager. Dette er i første rekke piker som står på politiets sedelighetsliste. Pikene vil komme til leiren etterhvert som de blir arrestert og sikret, stadig kommer man over piker som er blitt igjen i de tyske forlegninger, og disse blir straks sendt avsted. Leiren blir tilholdssted for alle kategorier av tyskerpiker, uttalte politiinspektøren videre, og ikke bare for syke som mange tror. Av disse pikene er det merkelig få som var gatepiker før, mange er meget unge, men deres holdning under krigen har gjort det nødvendig med sikring for å hindre overlast. Pikene er mellom 16 og 60 år, mange også fra gode jøssinghjem. Den største fare for samfunnet er disse pikene, som har pådradd seg sykdommer, og interneringsleiren må i første rekke regnes som et ledd i kampen mot kjønnsykdommene, som har blusset veldig opp under krigen. Ikke alle er tyskertøser, det er også en del landssvikere. Mange av dem er helt asosiale individer, som er likeglad med alt, og de representerer den største fare for samfunnet. Av tyskerpikene kan man regne med at 12 – 1500 er smittefarlige. I leiren skal der opprettes et midlertidig lasarett med 100 senger hvor disse piker vil få behandling. (...) Alle brakkene er blitt rengjort og utgasset med svovel og blåsyre for å få vekk veggedyr og lus. Overalt er pikene i full sving med opprydningsarbeidet, senger og alt bohove skures og det lukter rent overalt. (...) leiren er meget komfortabelt innrettet med klosetter, dusjrum og badstue, i det hele tatt har men gjort alt for at pikene skal «like seg» leiren blir således ikke noe fengsel, pikene blir ikke behandlet som straff-fanger, men det skal heller ikke være noe sanatorieopphold. Det er meningene etterhvert å sysselsette pikene på forskjellig vis, og skape litt interesse for å ta fatt på et skikkelig arbeid når de kommer ut igjen. (...) Alle pikene vil bli underkastet den nødvendige lægeundersøkelse når de kommer inn, og senere vil de også bli mentalundersøkt.»

bygde opp om førestellinga om at dette var kvinner som hadde fått kjønnsjukdomar gjennom lausaktig omgang med tyske soldatar. Derimot har undersøkingar vist at det reelle talet truleg har vore langt lågare, og at berre kring 20 prosent av dei internerte på Hovedøya hadde veneriske sjukdomar.⁶⁸ Også Aftenposten viste til denne smittefaren, og skreiv også at leiren ikkje på nokon måte kan sjåast på som noko fengsel. Avisa hevda at leiren var komfortabelt utstyrt, og kvinnene skulle bli sysselsatt for å «skape litt interesse for å ta fatt på et skikkelig arbeid når de kommer ut igjen.» Aftenposten viste også til at alle ville bli «mentalundersøkt», eit interessant aspekt som Filmavisa ikkje nemner i det heile. Dette refererte truleg undersøkingar av intelligensnivået som mellom anna skulepsykiater dr. Augusta Rasmussen gjennomførte. Ho undersøkte 310 internerte kvinner på Hovedøya, og konkluderte med at drygt halvparten av dei var «svakt begava», og berre åtte prosent var normalt intelligente. Rasmussen sine funn stod i sterk kontrast til resultatane etter Grethe Hartmann sine undersøkingar av københavnske tyskarjenter. Hartmann konkluderte med at berre eit fåtal av dei tyskarjentene ho hadde undersøkt var «svakt begava».⁶⁹

Berre det faktum at kvinnene på Hovedøya skulle gå gjennom ei mentalundersøking, bygde opp om eit bilde av at det truleg måtte vere noko mentalt galt med desse kvinnene, og at det kunne vere ei forståeleg forklaring på at dei hadde hatt eit forhold til fienden. I følgje historikaren Terje A. Pedersen var det truleg også ei nokså utbreidd førestelling blant mange nordmenn at tyskarjenter hadde lågare intelligens enn andre, og var både utkropne og moralsk forkvakla. I ein gjennomgang av mellom anna lesarinnlegg i aviser frå våren 1945 og politirapportar kunne Pedersen ikkje finne nokon påstandar om at forhold mellom norske kvinner og tyskarar var basert på kjærleik.⁷⁰ Dersom ein hadde hevda at slike forhold kunne vere basert på forelskelse, ville det normalisere både kvinnene og tyskararane, og dermed ville det bli vanskelegare å fordøme slike forhold. Ei slik «normalisering» av forholdet mellom

⁶⁸ Litt over 20 % av dei som var internert på Hovedøya var venerisk sjuke. Årsaka til at talet ikkje var høgare kan skuldast at mange av dei allereie hadde fått medisinsk behandling, i følgje Gjestland og Gundersen 1990:13-14. Gjestland, Trygve og Gundersen, Thor. *Internert da freden kom, «tyskertøser» på Hovedøya*. St. Hallvard 90, sitert i Terje A. Pedersen *Tyskerjenter i Norge. Reaksjoner og klippeaksjoner, 1940 – 1946*, 2006. På interneringsleiren Hovelåsen hadde berre 11 prosent av dei internerte hatt kjønnsjukdomar i løpet av det siste året, iflg. ein rapport som blei skriven i samband med at interneringsleiren på Hovedøya skulle avviklast (intervju med Pedersen i Ny Tid nr. 22/2012 side 44-46).

⁶⁹ Pedersen, Terje A. 2006:25-26. Sjå også Senje, Sigurd (1986) *Dømte kvinner: tyskerjenter og frontsøstre 1940 – 1945* for ei drøfting kring dei såkalla tyskerjentene.

⁷⁰ Pedersen har gått gjennom lesarinnlegg, avisartiklar (frå mai og juni 1945 i Adresseavisen, Aftenposten, Arbeiderbladet, Dagbladet og Finnmarkposten), diverse skriv frå ulike utval mellom departement i tillegg til omtrent 1.000 politirapportar frå arkiva etter interneringsleirane Hovelåsen ved Hamar og Hovedøya. Pedersen 2006.

norske jenter/kvinner og tyske menn ville vere i strid med fiendebilde av tyskarane, hevda Pedersen.



Filmavisa viste internerte kvinner i hardt arbeid med å «gjøre rent etter herrefolket», som kommentatoren uttrykte det (revy nr. 21/1945/03).

Filmavisa kommenterte at det skulle kome 2.000 tyskerjenter av «alle kategorier» til interneringsleiren. Det er uklart kva som ligg i uttrykket «alle kategorier», men i følge Aftenposten skulle leiren vere «ikke bare for syke som mange tror. Av disse pikene er det merkelig få som var gatepiker før, mange er meget unge, men deres holdning under krigen har gjort det nødvendig med sikring for å hindre overlast.» Derimot la Filmavisa einssidig vekta på at leiren var eit tiltak mot kjønnsjukdomane, og at dei aller fleste av desse kvinnene var smittefarlege. Dette byggjer opp om førstellingar om at tyskerjenter var lausaktige, og utsegnen kan ha blitt styrka ved at det attpåtil kom frå representantar frå styresmaktene som publikum kunne sjå vise fram leiren på det som kan kallast ei offisiell synfaring. På denne måten blei denne framstillinga tillagt ein autoritet og eit offisielt stempel.

Under krigen hadde dette vore ein tysk brakkeleir, og Filmavisa kunne vise ei lang rekkje unge kvinner i hardt arbeid med vasking, skuring og generell opprydding for å gjere leiren i stand. Denne forma for opprydding etter tyskarane likna på den forma for arbeid som mange landssvikfangar blei satt til før dei fekk ein rettsleg dom, sjølv om det frå offisielt hald blei hevda at interneringsleiraen ikkje skulle vere noko form for straff for det desse kvinnene

hadde gjort. Filmavisa reflekterte ikkje i det heile om dette arbeidet kunne oppfattast som audmjukande straff, men la vekt på at kvinnene gjorde dette fordi tyskarane hadde «griset noe alldeles forferdelig». Denne stillestående kommentaren styrkar førestellinga om at desse kvinnene hadde gjort noko galt, og at det var rett og rimeleg at slike «tyskertøser» gjorde slikt oppryddingsarbeid.

Filmavisas omtale av den tyske fienden

”Storrengrjøringa har begynt etter herrefolkets skamløse maktbrynde,” slo Filmavisa fast i sitt fyrste nummer. Det ho kalte ”Herrefolket”, var den tyske okkupasjonsmakta som hadde hatt 400.000 soldatar i landet. Rettssaker mot krigsbrotsmenn og ulike former for opprydding etter øydeleggingar under krigen skulle bli sentrale element av Filmavisas omtale av den tyske fienden.

Gestapo og gestapister

Allereie i fyrste nummer blei Gestapo tildelt ei sentral rolle i denne delen av forteljinga om krigen. ”De norske hjemmestyrkene kommer. Gutta fra skauen! En fulltrenet hær i vindjakke og nikkars, bygget opp i krigens Norge på tross av Gestapos terror og vold.”⁷¹ Gestapo var talmessig beskjedne i høve til den enorme militærmakta som Tyskland hadde ståande i Noreg. Om lag 750 mann var Gestapos styrke, dessutan sorterte polititropper på ca 4000 mann under Gestapo.⁷² Organisasjonen skulle i fyrste rekkje knekke alle former for motstandsarbeid, blant anna gjennom å rekruttere eit stort nettverk av agentar (angjevarar). Wolfgang Fehmer var leiar for Gestapos hovudkvarteret på Victoria Terrasse (frå 1. februar 1945 på Furulund) i Oslo. Organisasjonen hadde innsatskommandoar stasjonert i dei største byane i landet, mellom anna i Misjonshotellet i Trondheim under Gerhard Flesch si leiing. Flesch var Henry Rinnans næraste kontaktperson for hans agentverksemd i Midt-Noreg.

Både Flesch og Fehmer var døme på framstående Gestapo-menn som var representert i Filmavisas reportasjar etter krigen. I ”Rinnanbanden stilles for retten i Trondheim” fekk publikum eit glimt av Gerhard Flesch:

⁷¹ Kommentartekst: Vi er fri ”Revy nr. 01/1945/01.

⁷² SNL-artikkel, signert Magne Skodvin.

Vi ser:	Vi høyrer:
(...) Sekvens 2: Fleire shots frå rettssalen. Sjefen for Gestapo i Trondheim, Gerhard Flesch, utandørs i det han blir ført inn i rettssalen. Smilar, vinkar og gjer muntre grimaser til fotografen (....)	(...) Sekvens 2: Endelig har vi her den lille håndfull av publikum som får anledning til å være tilstede. Det skal føres over 500 vitner i saken. Blant dem er gestaposjefen i Trondheim, Flesch, som var Rinnans nærmeste arbeidsgiver, og som her blir ført til lokalet. (...)

Revy nr 17/1946/09 "Rinnanbanden stilles for retten i Trondheim" (191 meter)

I denne reportasjen var det Rinnan-bandens medlemmar som fekk mest merksemd (sjå også ovanfor). Fleire dei tiltalte provoserte truleg publikum med sitt smilande oppsyn retta mot kamera. Gerhard Flesch føyde seg inn i denne framstillinga, der han smilte og vinka til kamera i det klippet Filmavisa valde å ta med i reportasjen. Dette kunne tolkast som at han ikkje angra på sine mange ugjerningar. Flesch var kjend som ein brutal Gestapo-sjef, og gav ordre om tortur og avretting av norske motstandsmenn utan lov og dom. Sett i høve til dette rullebladet må hans grimasar og muntre smil ha verka støytande på publikum. Flech blei dømd til døden for fleire tilfelle av drap, tortur og mishandling i Frostating lagmannsrett i desember 1946. Dommen blei stadfesta i Høgsterett og fullbyrda den 28. februar 1948.⁷³

Retts-saka mot gestapo-mannen Karl-Hans Herman Klinge i 1945/46 var eit døme på at rettsoppgeret kunne by på juridiske problem. Klinge blei i lagmannsretten dømd til døden for tortur i heimel med anordninga av 4. mai 1945 om straff for tyske krigsforbrytarar. I følgje den tidlegare straffebestemmelsen kunne Klinge ikkje få dødsstraff etter anordninga som blei gjeven 22. januar 1942. Fyrst etter anordninga av 4. mai 1945 kunne han få dødsstraff, men overgrepa hans hadde blitt gjort før. Ankesaka i Høgsterett gjaldt om denne anordninga kunne gjevast tilbakeverkande kraft for tida før 4. mai 1945, noko som var i strid med Grunnlova. Høgsterett kom 19. februar 1946 med ni mot fire røyster til at anordninga likevel kunne brukast og Klinge dømmast til døden, ut frå den konstruksjon at det ikkje var norsk lov, men Folkeretten, som måtte vere avgjerande. Dette var i strid med prinsippet om at ein i det norske rettsoppgeret skulle bruke *norsk* lov. Folkeretten sine reglar gjaldt elles aldri i Noreg utan at det var uttrykkeleg innsatt i norsk lovgjeving. Denne avgjera reknast difor som ein av dei mest tvilsame frå Høgsterett nokon gong.⁷⁴

⁷³ Flesch hadde meldt seg inn i NSDAP allereie i 1933 og blei medlem av SS i 1934. Etter juridikum i 1936 gjekk han inn i Gestapo. Flesch var Oberregierungsrat og SS-Obersturmbannführer. Han kom til Noreg i april 1940, fyrst som Kommandeur der Sipo und des SD (KdS) i Bergen, frå 11.10.1941 til 8.5-45 som KdS i Trondheim. Artikkel i Norsk krigsleksikon (1995) om Gerhard Flesch, signert Berit Nøkleby.

⁷⁴ Nøkleby, 64-66:2004. Sjå også omtale av Klingsaka i Norsk krigsleksikon, signert Hans Fredrik Dahl. Sjå også Andenæs, J. (1987) *Et liv blant paragrafer*.

Under ankesaka i Høgsterett var dommar Anton C.S. Holmboe talsmann for mindretalet som stemte for at norske domstolar berre kunne straffe etter *norsk* lov, sjølv om han visste det kunne få følgjer som han syntest var urettferdig. Holmboe var nemleg klar over at det kunne vere urimeleg at utanlandske torturistar som Klinge kunne få ei maksimumsstraff på 13 år og seks månader, mens norske torturistar kunne bli dømd til døden. Det ville vere resultatet dersom hans rettstolking hadde vunne fram. Høgsterettsjustisiarius Paal Berg tilhørte fleirtalet som ville at Folkeretten skulle gjelde: ”Fiender som bryter inn i landet vårt og overfaller folket, står utenfor det norske rettssamfunnet. Vi har ingen andre rettsplikter mot dem en de som følger av Folkeretten.” Det var ikkje tvil om at Klinge var skuldig etter tiltalen, spørsmålet var derimot om han kunne få dødsstraff. I desember 1945 viste Filmavisa frå starten av rettssaka:

Vi ser:	Vi høyrer:
Dommarane sit seg ved dommarbordet. Klinge på tiltalebenken. Klinge, kledd i sivil, i samtale med advokat. Nærbilde av lagdommar Solem i dommarstolen og meddommarane. Klinge på tiltalebenken. Dommarane står, Solem les domsavseiinga. Nærbilde av Klinge som står ved tiltalebenken, to politimenn bak han. Dommar Solem ved dommarbordet. Nærbilde av Klinge som snakkar med advokat Hjort. Klinge blir ført ut av rettssalen.	(dramatisk musikk) «Retten kommer. Enda en gang skal en tysk gestapo stilles til regnskap for sine brutale voldshandlinger mot gode nordmenn. Det er Karl-Hans Hermann Klinge, viss navn er uløselig knyttet til de uhyggeligste kapitler i Victoria Terrasses historie. Retten administreres av lagdommer Solem, med advokatene Meyer og Cappelen som meddommere. En samvittighetsfull rettergang har klarlagt saken i alle detaljer, og enstemmig lyder dommen: Tiltalte dømmes til døden. Den dømte konfererer til slutt med sin forsvarer, advokat Hjort.»

Revy nr 30/1945/06 «Klingesaken. Gestipisten Karl-Hans Herman Klinge dømmes til døden» (22 meter)

Sjølv om prinsippet om at ei lov ikkje skal ha tilbakeverkande kraft tilsynelatande er enkelt nok, reiste det kompliserte juridiske spørsmål i denne saka. Dei juridiske implikasjonane i saka var alminneleg kjent allereie under rettsforhandlingane i lagmannsretten, men dette blei ikkje kommentert i Filmavisa sitt innslag om rettssaka mot Karl-Hans Hermann Klinge. Der understreka Filmavisa tvert om at det var ingenting å utsetje på rettergangen. I denne saka refererte Filmavisa berre til ein viss grad til ”kven og kva” men ikkje ”korfor”. Denne journalistiske stilen var nok eit forsøk på å leve opp til det Filmavisa truleg oppfatta som sitt journalistiske oppdrag, nemleg å berre referere hendingar på ein tilsynelatande nøytral måte. Valet Filmavisa må ha tatt, kan forklarast med at redaksjonen meinte at det ikkje var plass for å gå noko særleg i djupna i denne type korte reportasjar. Likevel, ”i denne saken har det vært strid om det juridiske grunnlaget, og om en lov kunne ha tilbakevirkende kraft,” kunne ha vore ein kommentar som ein kunne tenkje seg at det var plass innanfor Filmavis-formatet. Filmavisa kommenterte ikkje denne sida av rettssaka, men valde i staden å legge vekt på at ”En samvittighetsfull rettergang har klarlagt saken i alle detaljer, og enstemmig lyder dommen:

Tiltalte dømmes til døden.” Dommen mot Klinge blei fullbyrda 28. mars 1946 på Akershus festning.

Alle dei 12 tyskarane som blei avretta etter rettsoppgjeret var torturistar og drapsmenn frå Gestapo. Dette gjaldt også i rettssaka mot Kurt Kuntze, Alfred Zeidler, Karl Schlegel og Eugen Wilhelm Hellmann sjølv om desse slapp dødsstraff. Desse fire hadde hatt sitt virke på Grini, og var i følgje Aftenposten tiltalt for ”mishandlingar i utallige tilfeller, i et par tilfelle med døden til følge. Meget ofte er mishandlingene begått i beruset tilstand.”⁷⁵ Rettssaka var også ein konfrontasjon mellom offer og gjerningsmenn. Aftenposten kunne melde om at ”en mannsterk konstabelstyrke forsøker å stagge de mange som forsøker å sikre seg en tilhørerplass”, under overskrifta ”Tre av Grinibødlene erkjenner seg delvis skyldig.” Aktor la ned påstand om dødsstraff mot leirkommandant Zeidler, men retten fann ikkje tilstrekkeleg bevis for å kunne følgje denne påstanden. Den 6. januar 1947 blei Zeidler og Kuntze dømde til livsvarig tvangsarbeid, mens Hellmann og Schlegel fekk 15 år.⁷⁶ Alle fire blei seinare benåda, Zeidler og Kuntze den 22. mai 1953, og Hellmann og Schlegel 7. september 1951.⁷⁷ I november 1946 viste Filmavisa frå rettssaka mot dei fire gestapistane:

Vi ser:	Vi hører:
<p>Dør med skilt: »Byretten Rettsal 6». Publikum blir visitert og sit seg på plass på tilhøyrar plassane. Kvinner og menn blant publikum. Dei tiltalte sit seg på tiltalebenken. Uniformerte politimenn. Dei tiltalte. Nærbilde av ein og ein av dei tiltalte. Kuntze i samtale med forsvarar. Zeidler og Schlegel i samtale med advokat. Dei to norske forsvararane, og deretter dei to tyske forsvararane blar i papir. Aktor. Tilhøyrarbenkane. Dommarane kjem inn. Pressebenken. Nærbilde av lagdommar Cappelen og meddommarane. Dommarane ved dommarbenken</p>	<p>(sørgmodig og dramatisk musikk) «I det gamle tinghus var det atter en av de store saker oppe til behandling, og et stort og interessert publikum strømmer inn på tilhøyrar plassene, mange av dem har vært tidligere Grinifanger, og de ønsket nå å være til stede for å høre at deres plageånder endelig får sin velfortjente straff. Med sterk politiskorte blir bødlene ført til sin plass på tiltalebenken. Her har vi gestapist Kurt Kuntze, Alfred Zeidler, Karl Schlegel, og Wilhelm Hellmann. Disse fire har brutalt tyrannisert og mishandlet sine vergeløse ofre på Grini. De tiltalte konfererer med sine tyske forsvarere. De norske forsvarere, høyesterettssakfører Torstensen, og overrettssakfører Rolf Foss, bistås av to tyske advokater, major Fischer og dr. jur. Jungbruth. Aktor er Statsadvokat Harald Sund. Dommerne kommer inn. Administrator er lagmann Cappelen, med dommer Stensvold og dommer Breien som meddommere. Tre av Grinibødlene erkjente seg delvis skyldige. Kuntze</p>

⁷⁵ ”Det er helt på det rene at f. eks. Kuntze brukte straffemetoder som langt overskred det tillatte. Det er også på det rene at tre fanger, nemlig pastor Thu, Leif Odvar Larwen og skreddermester Ose, avgikk ved døden som følge av skader de pådro seg under straffeeksersis.” Aftenposten, 3. desember 1946.

⁷⁶ I følgje Aftenposten var grunngevinga for at retten ikkje fylgde aktors påstand om dødsstraff for Zeidler at ”han måtte anses for å være et redskap i andre og sterkere hender, det nazistiske system viss elitetropper fantes på Victoria Terrasse og som hadde satt en mann uten noen som helst forutgående utdanning til den oppgave han fikk på Grini og krevet blind lydighet av ham.” Aftenposten 7. januar 1947.

⁷⁷ Nøkleby 2004: 174.

	mener han ikke har gjort noe galt, men rettferdigheten skal skje fyldest.»
--	--

Revy nr 48/1946/08 «Grinibødlene for lagmannsretten» (37 meter)

Terror og vald var gjennomgangstonen i Filmavisas omtale av rettssaker mot tyske krigsforbrytarar, og slik var det også i denne reportasjen. Filmavisas innslag frå starten av rettssaka etterlét ingen tvil om at dei tiltalte var skuldige, og at ”rettferdigheten skal skje fyldest” ved at gestapistane ”får sin velfortjente straff.” Filmavisa sine leksikalske val gav ein kontrast som understreka dei ujamne maktilhøva som hadde vore mellom dei tiltalte og fangane på Grini, og korleis dei tiltalte hadde brukt denne makta til å vere ”brutale” mens ofra var ”vergelaue”.

Det var ein viktig del av oppgjeret etter krigen at ingen skulle slippe unna, og det gjaldt også medlemmar av Gestapo. Difor gjennomførte dei allierte og heimstyrkane razzia i fangeleirar for tyske fangar sommaren 1945 for å finne forsvunne gestapistar. Ved to høve fekk Filmavisa løyve til å filme slike razziaer:

Vi ser:	Vi hører:
Sekvens 1: Heimstyrkar og allierte stiller opp og gjer seg klar til razzia. Britisk offiser i samtale med tysk offiser (leirkommandanten). Stor gruppe menn i springmarsj utanfor brakkene, sivilt kledde. Ein person barføtt og berre i pyssjamas forsøker å kle på seg ei bukse, mens ein britisk soldat siktar på han med gevær. Spring vidare, jaga av den britiske soldaten.	Sekvens 1: (musikk, munter marsj) «I de mange fangeleirene rundt omkring i landet frister tyskerne en temmelig ensformig tilværelse i påvente av transporten hjem til Tyskland. Men det forekommer da ganske avvekslende episoder iblant, som når for eksempel de allierte og hjemmestyrkene foretar en slik nattlig razzia etter forsvunne gestapister som den vi her er med på et sted i Norge. Alle mannskapene stiller om senest 20 minutter, lyder ordren. Og fra alle kanter vrimler karene frem i mildest talt ureglementert antrekk. Her nytter det ikke å mukke, bare marsj av sted.»
Sekvens 2: Tysk offiser (leirkommandanten) igjen i samtale med britisk offiser, blir vifta unna av den britiske offiseren. Tyske soldatar går (ikkje marsjerer) på to rekker, utan lue.	Sekvens 2: «Leirkommandanten prøver en liten innvending, men det skulle han helst ikke gjort.»
Sekvens 3: Tyske soldatar på geledd. Rekke med tyske soldatar står oppstilt på rekke ved ein brakkevegg, ubarbert og i ustelte uniformer. Blir ransaka av britisk soldat. Tysk soldat kjem springane og sluttar seg til.	Sekvens 3: «Luene må av, det gjelder menige så vel som offiserer. Og så begynner finsiktingen av de to-tre tusen mann som er samlet her. Her har vi en del av nattens fangst som står oppstilt, gestapister forkledd i allminnelige wehrmacht-uniformer.»
Sekvens 4: Tysk soldat ber kasser med flasker opp frå ein bunkers. Fleire kasser med kasser, nærbylde av kasse full av flasker, merka ”Lafontana”.	Sekvens 4: «En undersøkelse av et uskyldig utseende tilfluktsrom ga store resultater. Det viste nemlig å inneholde uttallige kasser konjakk, whiskey og champagne av fineste merke.»

Revy nr 08/1945/06 «Razzia i tysk fangeleir» (35 meter)

Til tonane av ein munter marsj viste Filmavisa korleis allierte styrker i samarbeid med heimstyrkane gjennomførte ein nattleg razzia, på jakt etter forsvunne gestapistar i ein tysk

fangeleir. Filmavisa viste korleis rollene frå krigens dagar var ombytt, der publikum fekk sjå dei tyske soldatane bli rivne ut av nattesøvnen og jaga rundt på ein nedverdige måte, enkelte berre i pysjamasen.



Til munter musikk viste Filmavisa at dei tyske fangane blei jaga til oppstilling under ein nattleg razzia (revy nr 08/1945/06)

I mot slutten av reportasjen fekk publikum sjå at eit skjult stort lager av brennevin blei avdekket. I motsetning til filmavispublikummet som framleis måtte leve med rasjonering på brennevin og ei rekkje andre varer, fekk ein sjå at tyskarane hadde sikra seg alkohol av dyraste sort. Denne dokumentasjonen på at tyskarane kunne nyte eit gode som den jamne nordmenn ikkje hadde tilgang til, fell inn i eit mønster som ein kan kjenne igjen frå andre reportasjar, til dømes den luksusen som ein kunne sjå Quisling og Terboven var omgjevne av i ”Ørneredet. Quislingsaken” og ”Kjempebunkeren på Skaugum”.⁷⁸ Dessutan knytta Filmavisa i fleire andre reportasjar all omgang med alkohol til noko eintydig negativt (sjå kapittel om moralgjenreising).

Bilda kunne også dokumentere at medlemmar av Gestapo var så feige at dei forsøkte å sleppe unna ved å gøyme seg blant meinige tyske soldatar. Veka etter presenterte Filmavisa ein liknande reportasje, denne gongen frå Terningmoen:

⁷⁸ Sjå ”Ørneredet. Quislingsaken» (16/1945/05) og ”Kjempebunkeren på Skaugum» (25/1945/06).

Vi ser:	Vi hører:
<p>Sekvens 1: Lang rekke med løpende soldatar. Fleire tusen mann står på rekker, panorering.</p> <p>Sekvens 2: Britisk soldat med gevær jagar tysk offiser. Britisk soldat med gevær jagar tysk offiser, skubbar han framover. Endå ein tysk offiser på springmarsj, jaga av britisk soldat. Nok ein tysk offiser på springmarsj, jaga av britisk soldat. Ein fjerde tysk soldat på springmarsj mens han held hendene på nakken, jaga av britisk soldat.</p> <p>Sekvens 3: Fleire offiserar og soldatar på jeep som køyrer langs med rekka av tyske soldatar. Britisk soldat med gevær jagar tysk offiser som spring med henda på nakken.</p> <p>Sekvens 4: Stor flokk av tyske soldatar/offiserar på springmarsj.</p>	<p>(munter marsj) Sekvens 1: «Ukerevyen brakte i forrige nummer noen bilder fra enn razzia etter forsvunne gestapister. Det blir derfor på en måte dobbelt opp når vi avslutter revyen med enda en reportasje fra en slik begivenhet med disse bildene fra en kjemperazzia fra Terningmoen utenfor Elverum hvor 2000 mann ble finsiktet synes vi likevel at vi ikke kan nekte oss gleden av å ta med.»</p> <p>Sekvens 2: «Det skal sies at engelskmennene gikk til oppgaven med liv og lyst. Her hjalp det ikke om de høye herrer hadde aldri så mange snorer, stjerner og ordener på seg. Det var full fart og springmarsj for generaler såvel som for menige. Nettopp slik som vi har gått og drømt om i alle disse årene. Et deilig syn.»</p> <p>Sekvens 3: «Så begynte undersøkelsene som foregikk per bil og resulterte i en rik storfangst av krigsforbrytere. Over 50 norske og tyske gestapobanditter ble funnet. I inspeksjonen av brakkene viste deg seg at noen av de tyske offiserer hadde funnet det under sin verdighet og innfinne seg til appellen, men det skulle de helst ikke ha gjort, for de ble hentet i triumf og måtte være med og leke sisten på den aller forsmeligste måte.»</p> <p>Sekvens 4: «Etter endt undersøkelse var det litt frisk springmarsj igjen, og så var fornøyelsen slutt for denne gangen.»</p>

Revy nr. 09/ 1945/08 «Razzia i tyske fangeleir (Terningmoen)» (47 meter)



To veker seinare viste Filmavisa bilde frå ein ny razzia, der mellom anna tyske offiserar blei sendt på ufrivillig springmarsj midt på natta. (revy nr. 09/1945/08)

Også i denne reportasjen blei Gestapo og dei tyske militære gjort narr av, og Filmavisa kunne vise bilde av kjeppjaga generalar ”nettopp slik som vi har gått å drømt om i alle disse årene. Et deilig syn.” Kommentaraner har ein undertone av hemnlyst retta mot dei som ”ble hentet i triumf og måtte være med og leke sisten på den aller forsmedeligste måte.” Den nedverdiggande måten krigsfangane blei handsama på blei ikkje problematisert, men fyrst og fremst framstilt som ein rettferdig hemn. Reportasjen blei godt mottatt av Aftenpostens filmanmeldar:

Men ukens beste opptagelse er allikevel bildene fra Terningmoen hvor tyskerne blir stilt til parade en tidlig morgenstund. De som forsøker å stikke seg unna – eller som ikke er kjappe nok i vendingen – blir med et smil jaget over plassen med bajonetten i ryggen. Disse bildene vil gå verden over, sikker fulgt av den samme spontane latteren og de begeistrede klappsalvene som hilste dem på Palassteatret i går.⁷⁹

Langt meir alvorleg var bilda som var henta frå rettssaka mot Gestapos mest vidgjetne medhjelparar, Rinnan-banden. I ”Reportage fra den beryktede Rinnan-banden”⁸⁰ rekonstruerte Filmavisa kva bestialske handlingar som Gestapo hadde late gå føre seg i hovudkvarteret sitt i Trondheim. Endå fleire alvorlege krigsbrotverk fekk publikum sjå gjennom reportasjar frå opning av massegraver fleire stadar i landet. Filmavisa viste at tyske gestapistar var satt til å opne massegravene ved Falstad fangeleir, og publikum fekk sjå dei hente sine offer opp av gravene.⁸¹ Hovudpersonen i reportasjen frå opninga av massegraver på Håøya og Trandum i juni 1945 (sjå ovanfor) var SS-Hauptsturmführer Oscar Hans, og to veker seinare var Hans igjen sentral. I denne reportasjen var Filmavisa med på politiets synfaring i Oslofjorden der Hans skulle vise kor kistene etter avretta nordmenn var blitt senka.⁸²

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Akershusbryggen. Pent vèr. Oscar Hans i uniform og hendene på ryggen blir geleida av uniformerte politimenn. Går om bord i liten båt (merka Oslo havnepoliti). Max Sørensen blir på same vis geleida om bord. Havnepolitibåten på vei utover fjorden med Oslo i bakgrunnen, fem-seks politimenn er blant passasjerane.	Sekvens 1: (sørgmodig musikk) «Med de beryktede tyske bødler Oscar Hans og Max Sørensen som kjentfolk, har Oslo politi med fullmektig Nordtømme i spissen forleden ute på åstedsbefaring. Denne gangen gjaldt det ikke graver på landjorden, det var de kistene som var senket i sjøen man var ute etter.»
Sekvens 2: Oscar Hans, Max Sørensen og politimann studerer sjøkartet. Nærbilde av sjøkartet.	Sekvens 2: «De to tyskerne viste på draftet hvor de mente kistene var senket, det ene stedet på vestsiden

⁷⁹ Aftenposten 17. juli 1945.

⁸⁰ Revy nr. 14/1945/09.

⁸¹ Revy nr. 11/1945/03 (58 m) ”Gravene på Falstad”. Det er berre den siste leirkommandanten ved Falstad som til ein viss grad blei identifisert, dei andre som opna massegravene framstod som anonyme representantar for Gestapo og NS.

⁸² Oscar Hans forklarte at kistene låg på mellom 50 og 60 meters djup, og det var absolutt nødvendig at dei ikkje var senka djupare, då kistene i motsatt fall ville bli klemt i stykke av vasstrykket, slik at ugjerninga kunne bli røpa. Sjå Aftenposten 30. juni 1945.

Nærbilde av markør i fjorden med talet 14 påmalt. Oversiktsbilde av fjorden. Oscar Hans peikar utover fjorden med samanbundne hender. Bilde av Max Sørensen.	og det annet på østsiden av Nesoddtangen, et kort stykke utenfor Oslos havneområde. Kistene ligger her etter det tyskerne oppgir på 50 – 60 meters dyp og inneholder de jordiske levninger av i alt 40 myrdede nordmenn.»
--	---

Revy nr 08/1945/05 "Sokning ved Nesodden" (32 meter).

Denne reportasjen var bygd rundt same lest som "Utgravningene på Håøya og Trandum" der Oscar Hans viste kvar ein kunne finne lik etter nordmenn som var blitt avretta. Sjølv om det i dette innslaget ikkje blei vist like sterke bilde, kunne det for publikum vere ubehageleg nok å sjå gjerningsmannen på nært hald. Det kunne difor vere ekstra tilfredstillande å sjå gestapistar bli jaga rundt i under ein nattleg razzia i det neste innslaget (sjå ovanfor) i denne filmrevyen.⁸³

Nokre veker seinare var Filmavisa og pressa igjen invitert til å vere med politiet. Reportasjen viste korleis mannskapet i bergingsfartøyet "Herkules" arbeidde i sokninga etter avretta nordmenn i Oslofjorden. Sokninga var resultatlaus, publikum fekk dermed ikkje sjå anna enn nøkterne bilde frå dette arbeidet. Sjølv om innslaget ikkje inneheldt så sterke bilde, var det ei påminning om ugjerningane som okkupasjonsmakta var ansvarleg for, men som også var sentrale anklagepunkt i rettssaka mot Quisling. Neste innslag i denne utgåva av Filmavisa var nettopp frå starten av rettssaka mot Quisling.⁸⁴

Siste gongen Filmavisa omtala Oscar Hans var då rettssaka mot han starta i Eidsivating Lagmannsrett i januar 1947. I "Trandumbøddelen Oscar Hans for lagmannsretten" viste Filmavisa ein sivilkledd Oscar Hans kome til lagmannsretten. Ved dette innslaget er lydsporet dessverre ikkje tilgjengeleg.⁸⁵

I alle reportasjar blei Hans omtalt som "bøddel", eit uttrykk som også er brukt i til dømes Aftenposten, blant anna då det låg føre "dom i saken mot bøddelen Oscar Hans".⁸⁶ Det er særleg interessant at Oscar Hans sin forsvarar, høgsterettsadvokat Adam Hjorth, trakk fram opinionen si rolle i rettsoppgjeret. Hjort meinte at retten ikkje måtte la seg presse av ein opinion som ønskte hemn, og kravde full frifinjing av Hans. Hjorth hevda at dei verkeleg skuldige i denne saka var Hans sine overordna. Oscar Hans hadde berre lydlig utført dei ordrene han hadde fått.

⁸³ 27/1946/06 Razzia i tysk fangeleir

⁸⁴ Revy nr 15/1945/07 "Sokning i Oslofjorden etter likene av nordmenn" etterfylgd av «Quisling i retten» (15/1945/08). Aftenposten skreiv dette om synfaringa: "Sokningen etter de tre kassene med de jordiske levninger etter de norske patrioter som Gestapo myrdet og senket i Oslofjorden, er begynt i disse dager. I går fikk pressen anledning til å bli med politiet ut til stedet hvor det makabre arbeidet pågår. (...) I dag fortsetter sokningen og det er utkommandert en del landsvikfanger til å delta i arbeidet. De skal fortrinnsvis brukes til å hale "Herkules" over feltet." Aftenposten 22. august 1945, Aftennummer.

⁸⁵ Revy nr. 02/1947/06 (40 m) "Trandumbøddelen Oscar Hans for lagmannsretten".

⁸⁶ Aftenposten 18. januar 1947. Andre døme i Aftenposten: "Tre kister med henrettede nordmenn senket i Oslofjorden og Bunnefjorden. Bøddelene Oscar Hans og hans nærmeste hjelper påpeker stedene." (Aftenposten 30. juni 1945). "Oscar Hans likte ikke å være bøddel" (Aftenposten 8. januar 1947)

Hans ”var rett og slett en dødens håndverker under kommando av Fehlis”, hevda Hjort.⁸⁷ Trass i Hjort sitt iherdige forsvar, dømde Lagmannsretten Hans til døden, og i domsvilkåra stod det mellom anna at:

”(...) det at Hans handlet etter en overordneds ordre ikke kunne føre til noen straffenedsettelse for ham. Hans forbrytelser, som har kostet så mange gode nordmenn livet, kunne bare sones med lovens høyeste straff. Hans handlemåte kan bare forklares med den avstumpede mentalitet og ideologi han var oppdratt i som medlem av SS. Han måtte karakteriseres som en rendyrket nazist.”⁸⁸

Hans blei derfor dømd til døden, men dommen blei seinare omgjort av Høgsterett. I desember 1947 blei Oscar Hans deportert til Tyskland.⁸⁹

Gestapo si verksemd i Noreg blei trekt fram også på andre måtar enn i reportasjar som var retta mot konkrete rettssaker. I ein reportasje frå august 1945, som i hovudsak handla om markeringa av Kongens fødselsdag, blei det referert til Gestapos sin terror:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Bryggearbeidarar og marinegastar med blomar i knappholet. Trafikkkonstabel med blome i knappeholet. Norske flagg heng over gatene.	Sekvens 1: (munter musikk) Tenk om Gestapo fremdeles øvet sin terror i Norge. Da ville de fått det travelt på Kongens fødselsdag. I Oslo ville det i alle fall knapt nok bli igjen folk i det hele tatt, hvis alle blomsterbærerne skulle bli anbrakt innenfor murene. Men gudskjelov, gestapisten sitter selv bak lås og slå. Og derfor kunne vi fritt hylle vår Konge ved å bære en blomst til hans ære den 3. august, mens flaggene farget byen i rødt, blått og hvitt.
Sekvens 2: Ulike kvinner og menn som kjøper blomar på blomstertorg. Nærbilde av blome i knapphol. Kvinner og menn i bybildet med blome i knappholet. Nærbilde av to små jenter med blome, oppstilt framfor kamera. Ung kvinne med blome, oppstilt framfor kamera.	Sekvens 2: På torvet og i blomsterbutikkene gikk handelen som aldri før. Alt tidlig på formiddagen ble det meldt utsolgt over hele byen. Først gikk naturligvis de kongelige yndlingsblomster nummer en og to, nelliker og rosenknopper, men det var ikke så nøye med blomstens utseende, bare det var en blomst. Kongen skjønte nok at meningen var god allikevel selv om det bare var en beskjedne liten markblomst som prydet knapphullet.

Revy nr 13/1945/02 "Hele landet bærer blomster på Kongens fødselsdag" (22 meter)

⁸⁷ ”Opinionen krever hevn for våre drepte patrioter, og når man ikke har noen andre så får redskapet Oscar Hans unngjelde! Jeg føler meg overbevist om at dersom vi i dag kunne stille de virkelig skyldige i disse ulykkene for retten, nemlig Terboven, Rediess og Fehlis, så ville vi ikkje sette hans ved siden av dem. Hans er ingen sadist, han har vært håndverkeren. De virkelig skyldige har fått sin straff, de lever ikke lenger, og vi må [Aftenpostens uth.] derfor avstå fra vår trang til gjengjeldelse. Ingen gjengjeldelse kan allikevel gi oss våre tapte gutter tilbake igjen.” Frå forsvarar Hjort sin prosedyreinnlegg, sitert i Aftenposten 11. januar 1947, aftennr.

⁸⁸ Aftenposten 18. januar 1947.

⁸⁹ To av dei juridiske dommarane stemte for frifinning i lagmannsretten.

Ein blomster i knappholet var ikkje berre ein hyllest til Kongen, men også eit teikn på lojalitet, og at ein hadde vore på «den rette» sida under krigen. Denne reportasjen bygde fyrst og fremst opp under ei førestelling om at dei fleste nordmenn var «gode nordmenn» som slutta unisont opp om Kongen og kongehuset. Dersom den jamne mann eller kvinne på denne måten hadde uttrykt sympati for det norske kongehuset på liknande måte under krigen, hadde ein nok kunne rekne med sanksjonar frå den tyske okkupasjonsmakta.⁹⁰ Men det var nok ikkje blant kjerneoppgåvene til Gestapo å reagere på slike symbolhandlingar som ein kunne sjå i denne elles så muntre reportasjen. Til det var Gestapo både talmessige for få, og arbeidde utifrå heilt andre instruksar. I kommentarane til denne reportasjen synest det som at Filmavisa satte likskapsteikn mellom Gestapo og den tyske okkupasjonsmakta. Terrororganisasjonen Gestapo blei på den måten brukt av Filmavisa som eit samleomgrep for heile den tyske okkupasjonsmakta som talte om lag 400.000 soldatar.



Filmavisa viste at mange bar ein knappholsblome til ære for kongen på hans fødselsdag 3. august 1945 (revy nr 13/1945/02)

⁹⁰ Ein knappholsblome blei boren til ære for kong Haakons 70-årsdag 3. august 1942. Demonstrasjonen resulterte i arrestasjonar mange stadar i landet, men i okkupasjonslitteraturen er antallet svært overdrive. Sipo's Meldungen aus Norwegen meinte likevel at demonstrasjonen viste kor sterk motstandsviljen var. I fleire byar bar mange, særlig kvinner, blommar festa til kledene, og ved ein storinnsats av tysk og norsk politi blei omtrent 275 demonstrantar arrestert i Oslo. 130 av desse var kvinner. I Trondheim blei det arrestert 53 personer, i Bergen 82, i Kristiansand 50, på Lillehammer 8 og i Larvik 70 av same grunn. Norsk krigsleksikon (1995), signert Berit Nøkleby.

Filmavisa gav ein noko indirekte omtale av Gestapo i reportasjen ”Gøteborgs Luciaprinsesse med sine terner kommer til Oslo”.⁹¹ I desember 1945 var Filmavisa til stades då Norsk Folkehjelp arrangerte ein festkveld for politiske fangar. Blant dei innbodne var også ein større delegasjon frå Gøteborg, som hadde samla inn midlar som skulle kome dei politiske fangane til gode. Ingrid Haugen var blant dei som hadde ei sentral rolle under festkvelden. Under krigen hadde Haugen vore med i den sosialdemokratiske arbeidarrørsla si viktigaste illegale avis, Fri Fagbevegelse (FF). I februar 1942 blei FF rulla opp for fyrste gong av Gestapo, og mange av medarbeidarane blei arrestert.⁹² Haugen blei arrestert for andre gong i juli 1942, og sendt til kvinnekonsentrasjonsleiren Ravensbrück åtte mil nord for Berlin.⁹³ Etter krigen engasjerte Haugen seg i arbeidet for dei politiske fangane, og var mellom anna delaktig i innsamlinga av dei midlane som blei markert ved denne festkvelden.

Reportasjen starta på perrongen på Østbanestasjonen der gjestane frå Gøteborg blei mottatt med overrekking av blomar, musikk, song og taler. Gøteborgs Lucia-prinsesse med sine terner var også blant dei innbodne:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: «Lucia» med lyskrans i håret og blomekrans i hendene i følgje med sine «terner». Alle i lyse kleder. Mannskor syng, mann gjev blomar til Lucia. Nærbilde av politimester von Tell. Nærbilde av Lucia.</p> <p>Sekvens 2: Colloseum. Full satt sal. Scena, dekorert med store norske og svenske flagg. Von Tell talar. Publikum klappar. Von Tell gjev julepakke til ordførar Vik. Egelund får overrakt innsamlingstønne.</p>	<p>Sekvens 1: (munter musikk) ”Det var et underlig følge, som forleden kveld toget bortover perrongen på Østbanestasjonen. Gøteborgs Lucia, med lyskrans i håret, og ledsaget av sine terner og stort følge kommer til Oslo for å kaste øket glans over den vakre gestbefolkningen i denne Norges andre hovedstad har vist nettopp dem av oss som har lidd mest under krigen; våre politiske fanger. Alle er vel umulig å overkomme ved en slik anledning, så det er fangene fra Oslo som denne gang blir tilgodesett. Det er storstilet mottagelse med blomsteroverrekkelse, musikk, sang og taler. Gøteborgfolkets leder, politimester von Tell hilser Oslo med noen varme ord.</p> <p>Sekvens 2: Deretter går turen til Colosseum hvor Norsk Folkehjelp har arrangert stor festaften med bare politiske fanger som gjester. Etter innledning av Grini-orkesteret, forteller politimester von Tell om betydningen av den svenske luciafest, lysets symbolske seier over mørket (pålagt applaus). Deretter overrekker han til Oslos ordfører, Arnfinn Vik, den første av de 5.500 julepakker gøteborgutsendingene har med fra sin by til fordeling av like mange av dem som har vært i Gestapos klør. Ordføreren takker, hvoretter Egelund i Norsk Folkehjelp blir overrakt en nøyaktig kopi av en spesiell innsamlingstønne som en</p>

⁹¹ Revy nr. 31/1945/06 (75 m).

⁹² Artikkel om Fri Fagbevegelse (FF) i Norsk krigsleksikon (1995), signert Tore Pryser.

⁹³ www.frifagbevegelse.no Artikkel signert Stig H. Christensen i Fri Fagbevegelse, publisert 02.11.2013. Sett den 11. januar 2015.

<p>Sekvens 3: Luciafølge på veg oppover midtgangen i salen og tek oppstilling på scena. Nærbilde av Ingrid Haugen ved sidan av Lucia. Publikum applauderer. Nærbilde av Haugen og Lucia. Nærbilde av Dalquist, Persson og Särnström på scena. Luciafølget tek plass blant publikum. Publikum applauderer.</p>	<p>gøteborgsk avisselger har fått fylt av klingende mynt til det gode formål.</p> <p>Sekvens 3: Og så kommer Lucia og hennes terner, kledd i skinnende hvit silke inn i salen. En av dem som følger henne er forøvrig en norsk kvinnelig politisk fange, Ingrid Haugen, hun står her til venstre for Lucia, som har deltatt i innsamlingsarbeidet (pålagt applaus). Redaktør Persson fra Gøteborg presenterer de unge damene. Her har vi herrerne Dalquist, Persson og Särnström, tre av initiativtagerne til innsamlingen. Så tar Lucia og hennes følge plass nede i salen og deretter begynner den kunstneriske underholdning som varer til langt på natt.” (pålagt applaus)</p>
---	--

Revy nr. 31/1945/06 «Gøteborgs Luciaprinsesse med sine terner kommer til Oslo» (75 meter)

Det var politiske fangar som i fyrste rekkje blei offer for Gestapo si verksemd under krigen. Til denne festkvelden i Colosseum var det politiske fangar frå Oslo som var invitert, mellom anna personifisert ved Ingrid Haugen som hadde vore i ”Gestapos klør.” Om enn så forunderleg det kan synes å innby ei Lucia-prinsesse til ei slik markering, så hadde det både ei logisk og symbolsk forklaring. Feiringa av Luciadagen den 13. desember var ein sterk tradisjon i Sverige, samtidig som den også markerte ”lysets symbolske seier over mørket.” Kontrasten mellom lys og mørke var eit nokså enkelt og lettfatteleg språkleg verkemiddel som Filmavisa også brukte i andre innslag.⁹⁴ Mørkret symboliserte Gestapo og dei andre vonde kreftene som nordmenn måtte leve under gjennom krigens år, mens lyset symboliserte dei gode kreftene som vann til slutt. Liknande symbolbruk kunne ein også finne i dei fyrste etterkrigsromanane.⁹⁵

Filmavisas framstilling av Gestapo var nokså einseitig; det var ein terrororganisasjon som brukte bestialske metodar for å nå sine mål. I enkelte reportasjar blei Gestapo også kopla til Henry Rinnan og andre meir anonyme norske medløperar, og desse hadde ein tendens til å bli framstilt i same dårlege lys. Som hemmeleg politi utgjorde Gestapo berre ein liten del av det den tyskarane hadde til rådvelde for å kontrollere Noreg. Korleis blei resten av den tyske okkupasjonsmakta framstilt i Filmavisa?

⁹⁴ Sjå mellom anna kommentar til revy nr. 12/1946/05 «Solfesten i Rjukan»: (...) i disse marsdagene er det den aller første solstråle finner veien helt ned til bunnen av dalen, og da feirer Rjukan sin tradisjonelle solfest. Under krigen sløyfet man enhver festligholdelse av denne store begivenhet i Norges mørkeste by, men i år tok borgerne igjen det forsømte.(...)

⁹⁵ Til dømes kan romanen ”Huset i mørkret”, av Tarjei Vesaas (1945) lesast som ein allegori til det okkuperte Noregs kamp mot det vonde, der Noreg blei symbolisert ved eit stort hus, og mørkret symboliserte krigen.

Opprydding etter tyskarane

Som vi allereie har sett, viste Filmavisa fotografi av Hitler bli trampa på og tyske skilt bli rivne ned, og gjorde det frå fyrste nummer klart for publikum at oppryddinga etter den tyske okkupasjonsmakta var i gang. Filmavisa kalte det for «storrengjøringa etter herrefolket», og i dei følgjande utgåvene fekk publikum sjå militære installasjonar som blei fjerna, heimsending av tyske soldatar, fjerning av miner og ei lang rekkje andre tiltak.

Den tyske okkupasjonsmakta greip inn i kvardagslivet til nordmenn på mange måtar under krigen, mellom anna ved å konfiskere over ein halv million radioapparat. Kor var det blitt av desse, og når kunne publikum få dei tilbake, spurde Filmavisa kort tid etter kapitulasjonen:

Vi ser:	Vi høyrer:
Fleire meter stor haug med tusenvis av radioapparat. Fleire klipp. Nærbilde av haugen. Mann held eit øydelagt radioapparat. Haugen med radioapparat frå fleire vinklar	(Trist musikk) «Hvor er det blitt av radioen min, spør i dag tusener og atter tusener landet over som utålmodig venter på å få eterbølgene inn i stuen igjen. Kanskje det ligger i denne haugen av radiolik som ble funnet i et tysk lager på Sjursøya ved Oslo hvor det ligger 15- til 20.000 apparater fra de flotteste typer til de billigste. Det ser ut som man ganske enkelt har revet ut hele innmaten for å finne en eller annen del man har bruk for, og etterpå kastet resten på søppelhaugen. Radioeksperter mener at det ikke er et eneste av disse apparatene som lar seg reparere.»

Revy nr. 07/1945/06 «Radioapparatene» (21 meter)



Filmavisa viste store haugar av radioapparat som tyskarane hadde øydelagt (revy 07/1945/06).

Trist musikk akkompagnerte det sørgjelege synet av ein stor haug av øydelagde radioapparat. Kommentaranane fortalde korleis tyskarane hadde slakta radioane for delar, og vi fekk sjå fleire nærbilde kor ein mann viste fram kor skjødeslaust dei hadde fare fram med desse dyre apparata. Ein fleire meter høg haug av såkalla «radiolik» illustrerte omfanget. Reportasjen frå Sjursøya kunne passe inn i førestellinga om tyskarane som «barbarar», og blei fulgt opp av eit liknande innslag to veker seinare. Denne gongen hadde Filmavisa fått innpass ved Frydenlund bryggerier kor politiet hadde funne endå eit stort lager av kversette radioapparat:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>(Solfylt dag) Frydenlund bryggerier. Fleire menn i arbeid med å fylle eit lasteplan med øydelagde radioar. Nærbilde av mann på lasteplanet som tek imot radio. Nærbilde av politimann som noterer i ein protokoll. Oversikt over gårdsplassen til bryggeriet, fleire lastbilar fullasta med radioapparat. Fire lastebilar i kolonne ut porten til bryggeriet. Kolonnen med lastebilar på veg nedover Karl Johans gate. Halvnært, fire unge gutar peikar, (mot lastebilane). Gamal dame og mann ser lastebilane forsvinne nedover Karl Johan.</p>	<p>(trist musikk) «Politiet kommer fra tid til anna over små og store lager av beslaglagde radioapparater, men elendigheten viser seg å være like stor hver gang. Det er bare kassene man finner, innmaten er enten vekk eller så ødelagt at apparatene er helt ubrukelige. Her kjører politiet bort noen billass med noen triste radiolik som tyskerne hadde lagret på Frydenlund bryggerier i Oslo. Ruten gjennom byen gikk via Karl Johan, byens flaggsmykkede festgate, og det ble også en slags parade som publikum fulgte med stor interesse, men utvilsomt også med temmelig blandede følelser.»</p>

Revy nr. 09/1945/04 «Ødelagte radioapparat» (22 meter)

Reportasjen liknar mykje på den som blei sendt to veker tidlegare, men denne gongen blei den avslutta med bilde av kolonnen av lastebilar som køyrde bort tusenvis av øydelagde radioapparat nedover Karl Johans gate. Det er uvisst korfor politiet valde å legge ruta innom landets hovudgate gjennom Oslo sentrum, og kva som var det endelege målet for denne «paraden». Men det kan sjå ut som at det var eit sterkt ønskje om å vise for publikum kva ugjerningar tyskarane hadde gjort. I reportasjen blei også denne mulege effekten på publikum kommentert, mens Filmavisa viste gamle og unge som peikte interessert mot kolonnen som køyrde nedover Karl Johans gate. Det såg i det heile ut som at Filmavisas også ville legge fram for publikum eksempel på kva tyskarane hadde gjort av udådar, og denne utgåva av Filmavisa også ein slags parade over tyske illgjerningar. For etter at publikum hadde fått sett paraden med øydelagde radioapparat, fekk ein sjå tyskarane sitt tjuvgods på Furulund (09/1945/06), opprydding av piggrådsperringar i Oslo (09/1945/07) og razzia i tysk fangeleir (09/1945/08):

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Stort lokale med bord og hyller fullt av tallerkar og liknande. Menn og kvinner går rundt og ser på gjenstandane. Møblar stabla rundt omkring, og veggane fulle av maleri. Nærbilde av tallerkar, møblar og maleri. To kvinner ser ut til å ha funne igjen dekketøy som dei har sakna</p>	<p>(munter musikk) «I tre store brakker ved Gestapos meget omtalte hovedkvarter ved Furulund utenfor Oslo, har Akers oppgjørskontor laget en utstilling som må siest å være temmelig enestående. Her er nemlig samlet, møbler, malerier, gulvtepper og annet løsøre av enhver art som herrefolket hadde stjålet rundt i</p>

	beslaglagte norske hjem for å utstyre de 40 villaene på Furulund hvor gestapobanden holdt til huse. Som rimelig kan være, var det stor valfart til utstillingen, og mange var det som her fant igjen sine savnede eiendeler i mer eller mindre ramponert stand.»
--	--

Revy nr. 09/1945/06 «Utstilling av tyvegods på Furulund» (24 meter)

Også i denne reportasjen fekk publikum vite at omfanget av dei tyske ugjerningane var stort, heile tre brakker fulle av tjuvgods var utstilt på Furulund. Vi fekk sjå bilde frå ei brakke kor flotte møblar, dekketøy og anna lausøyre var stabla opp for at ein i det heile skulle få plass. Kvinner og menn gjekk rundt for å finne igjen sine egne eigendelar. Også i denne reportasjen fortalde kommentatoren at tyskarane, i dette tilfelle Gestapo, hadde øydelagt mykje, men utan at ein eigentleg fekk sjå dømer på det. Den muntre tonen heldt fram i neste innslag, kor ein fekk sjå tyske fangar fjerne piggrådsperringar i Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
Tyske soldatar i området rundt Karl Johans gate fjernar piggråd ved hjelp av knipetang. Mange buntar av piggråd blir lagt bak på eit lasteplan.	(munter musikk) «Disse hyggelige bildene forteller om en avvepning som også er et viktig ledd i opprydningen etter herrefolket. Det er tyske fanger som demonterer de forhatte piggrådsperringene som særlig den siste tiden før kapitulasjonen stod på nær sagt hvert eneste gatehjørne og ved hvert veikryss. Noen ny produksjon av piggråd ser foreløpig ut til å bli nokså overflødig, iallefall for en menneskealder fremover.»

Revy nr. 09/1945/07 «Tyskerne avvepner piggrådsperringar» (11 meter)

Dei tyske soldatane synest å vere i godt humør. Tonefølgjet var framleis muntert, og kommentarane var også relativt lettbeinte, ispedd ironiske spark mot det såkalla «herrefolket». Kommentarane til reportasjen «Minefeltene renses» var like muntre, sjølv om innslaget dreide seg om langt farlegare arbeid:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Solrik dag. Fire menn i bar overkropp sit på huk på eit jorde. Mann med soldathue ser på kart over minefelt. Nærbilde av alliert soldat med militærhjelme. Mann sit på huk og stikk ca 50 cm lang «nål» ned i bakken. Mann tenner på lunte. Dynamitten går av, røyk stig opp, fire smell.	Sekvens 1: (munter musikk) «Over hele Norge har tyskerne omgitt sine befestninger og andre militære anlegg med vidstrakte minefelter. De er alle kartlagt, og tyskerne har av alliert kommando fått ordre om selv å gå i gang med å renske opp feltene. Her ser vi pionersoldater i ferd med dette mindre hyggelige arbeide. Minene er gravet ned i jorden, og med en lang nål må pionerene først lokalisere hvor de ligger. Så puttes det ned en dynamittpatron med en lunte like om minen. Luntten tennes, og ett minutt etter går minen i været med et brak. (Vi høyrer pålagt fire smell)
Sekvens 2: Mann tek opp restar av ei mine. Fire soldatar på huk på eit jorde, reiser seg og går bort. Nye smell og røyk.	Sekvens 2: Dette er restene av en mine etter sprengningen. Langsamt arbeider pionerene seg frem. (Vi høyrer pålagt fire smell)

Sekvens 3: Sju soldatar i full uniform går i «gåsegang» med lange kjeppar med spiss som dei stikk systematisk i jorda.

Sekvens 3: Når de omsider melder fra at alt er klart blir en annen avdeling soldater sendt av gårde innover feltet for at man skal kunne være sikker på at ikke en eneste mine er glemt igjen. Det må også være en oppbyggelig jobb.»

Revy nr. 07/1945/04 «Minefeltene renses» (39 meter)



Filmavisa viste korleis tyske soldatar stakk lange nåler ned i jorda for å undersøke om der var miner (revy nr. 07/1945/04).

Det var i stor grad tyske militære som blei satt til minerydding i Noreg. Inntil 21. juni 1945 var det registrert 119 døde og 163 såra tyskarar samt fire britiske og to norske soldatar på grunn av minerydding i Norge. To månader seinara var talet på døde og såra blitt meir enn fordobla, noko som førte til at arbeidet med å fjerne miner for ein periode blei innskrenka.⁹⁶ På ein konferanse i mai 1946 protesterte den gjenværande tyske overkommando mot at tyske krigsfangar var blitt pålagt å gjere dette arbeidet. I følgje den gjeldande Folkeretten kunne heller ikkje krigsfangar tvingast til slikt arbeid. Den norske overkommandoen avviste dette kravet, og hevda at tyskarane ikkje var krigsfangar, men definerte dei som avvæpna styrkar som hadde overgjeve seg utan vilkår. Ein kunne difor kommandere dei til å rydde miner. Derimot kalla

⁹⁶ Professor eremitus Anders Chr. Gogstad har skrivne om mineryddinga i Finnmark etter krigen i boka «Men seier'n var vår» (2003). Mineryddinga var svært farleg. Den 24. juli 1945 hadde talet stege til 179 døde og 292 såra, og den 29. august til 275 døde og 392 såra. Deretter blei det førebels innskrenkingar i mineryddinga, truleg etter initiativ frå alliert hald etter avtale med den tyske Armeeovertkommando for dei kapitulerte tyskere. Intervju med Gogstad i Verdens Gang 8.4.2006.

Forsvarsdepartementet tyskarane for «krigsfangar» i sammenheng med anna arbeidsverksemd.⁹⁷

Desse alvorlege konsekvensane av dette farefulle arbeidet var truleg kjent for Filmavis-redaksjonen då dette nummeret av Filmavisa hadde premiere den 16. juli 1945. I reportasjen blei det kommentert at mineryddinga var beordra av dei allierte, men utover dette var begge desse alvorlege aspekta ved mineryddingsarbeidet ikkje problematisert. Tvert om satte Filmavisa denne reportasjen inn i ei tolkingsramme som tyda på at tyske liv var lite verdt, og avslutta reportasjen med ein sarkastisk merknad om at dei tyske soldatane stod i fare for å bli sprengt i filler. Det er vanskeleg å førestelle seg at Filmavisa kunne ha brukt ein liknande kommentar dersom det hadde vore nordmenn som hadde utført dette arbeidet.

Også til sjøs utgjorde miner ei stor fare, og meir enn 50.000 miner blei uskadeleggjort langs norskekysten frå krigens slutt og fram til sommaren 1946. Mange liv gjekk tapt under dette farlege arbeidet, dei aller fleste av dei var tyske, men også ein del norske. Filmavisa viste bilde frå minesveipinga i Skagerak sommaren 1946:

Tidlig i grålysningen står en norsk minesveiperflotille til sjøs ut fra Kristiansand. Den skal kontrollsvেipe et felt i Skagerak, hvor det gjennom lengre tid har pågått en omfattende sveiping. Under krigen la tyskerne ut store minesperringe i farvannet her. Over 11.000 forankrede hornminer i en dybde av 8 til 50 fot under havflaten skal fjernes, og det er ikke mere enn rimelig at tyskerne selv må besørge dette arbeidet. En hel minesveiperdivisjon på 23400 mann under norsk befal har drevet med dette i adskillige måneder. Når tyskerne erklærer et område for ferdigsveipet, går den norske marines egne båter ut på kontrollsvেiping. (...) Et spennende og farlig arbeidet er det, men det må til for atter å sikre den normale skipsfart på verdenshavene.⁹⁸

Også i denne reportasjen kommenterte Filmavisa at dette var eit farleg arbeid som det berre var rett og rimeleg at tyskarar utførte, ettersom det var tyskarane sjølve som hadde lagt ut minene under krigen.⁹⁹ Heller ikkje i dette innslaget blei det kommentert at det var eit brót på

⁹⁷ Den 2. mai 1946 var det ein konferanse i Oslo mellom Hærens overkommando (HOK) og den gjenværande tyske overkommando om ein mineryddingsplan. Eit tysk pionerkompani på 600 frivillige blei oppretta for å fjerne, senke, tilintetgjere og lagre ammunisjon på sikker plass. 30 «Feuerwerker» og åtte offiserar blei knytt til kompaniet. I tillegg blei to pionerkompani oppretta for å fjerne landminer og ammunisjon, fyrst og fremst i Finnmark. Det hadde her meldt seg for få frivillige, og det måtte suppleres ved pålegg. Den tyske overkommando innvendte at det å bli satt inn i minerydding var i strid mot internasjonal lov – særlig mot artikkel 32 i overeinskomsten om behandling av krigsfangar av 27/7 1929 ledd 1: «Det er forbudt å bruke krigsfanger til skadelige eller farlige arbeider». Odd Bull i Hærens overkommando svarte at tyskarne ikkje var krigsfangar, men avvæpna styrkar som hadde overgjeve seg utan vilkår. Genevekonvensjonen, meinte HOK, «hadde intet å gjøre med denne saken». Intervju med Anders Chr. Gogstad i Verdens Gang 8.4.2006

⁹⁸ Revy nr. 30/1946/04 «Minesveiping i Skagerak» (103 meter)

⁹⁹ I Aftenposten 4. juli 1945 kunne avisa rapportere at 23 tyskerar var drept under minesveiping utanfor Værlandet i Sunnfjord. Den 13. september 1946 oppsummerer Aftenposten arbeidet med minesveipinga etter krigen, samtidig som avisa oppmoda lesarane om å slutte opp om «Sjømannsuka» som Nasjonalhjelpen starta denne dagen. I artikkelen «Våre sjøfolks kamp mot minene» viser Aftenposten til at 24 norske sjømenn har mista livet under minesveipinga etter krigen.

Folkeretten å tvinge tyske krigsfangar til å gjere dette arbeidet. Begge reportasjane om minerydding blei satt inn i ei tolkingsramme som tyda på at tyske soldatars liv ikkje var så mykje verdt, og noko av den same meininga kunne ein sjå i reportasjen «Ekspløsjonsulykken på Grønli». Filmavisa sendte innslaget i revyen som hadde premieredato den 27. august, ti dagar etter ulukka:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: (Solrik dag). Soldatar på kai i arbeid med å laste ammunisjon på lekter.</p>	<p>Sekvens 1: (same dramatiske musikk som reportasjen frå utgravingane ved Håøya) «For kort tid siden brakte Filmrevyen disse bildene av tyske soldater i ferd med å laste ammunisjon av alle kaliber om bord i en lekter på Oslo havn. Etterpå ble lekteren slept ut til Færder hvor ammunisjonen ble senket på havets bunn. De som hadde sin gang på kaien, syntest ikke det så særlig betryggende ut den måten tyskerne behandlet uhyggelige saker på. En dag får vi vel et nytt Filipstad, sa de, og tenkte på den forferdelige katastrofen som rammet Oslo den 19. desember 1943.</p>
<p>Sekvens 2: Ruinar av lagerbygning, berre reisverket står att. Fleire sjukebilar. Soldatar i uniform. Nærbilde av soldat med bandasje kring hovudet, blodig ansikt. Skadde soldatar på bårer blir borne bort.</p>	<p>Sekvens 2: Og den dag skulle komme. Fredag den 17. august ved middagstider ble Oslo atter rystet av en voldsom eksplosjon og på få sekunder var store deler av havneområdet ved Grønli i utkanten av byen, lagt i ruiner. Og årsaken var nettopp tyskernes skjødesløshet under innlastingen av ammunisjonen. Ulykken gikk verst utover tyskerne selv. Over 100 soldater ble mer eller mindre hardt såret, og måtte i all hast førest til sykehus, etter å ha fått en foreløpig forbindelse på stedet.</p>
<p>Sekvens 3: Tysk tropp marsjerer i bakgrunnen av ruinar.</p>	<p>Sekvens 3: I mens marsjerer ett par tusen tyske krigsfanger gjennom eksplosjonsområde på vei til en av de store båtene som besørger hjemtransporten til Tyskland. Deres kamerater hadde i sannhet gitt dem en avskjedshilsen som de ikke glemmer fort.</p>
<p>Sekvens 4: Sløkkingsarbeid, røyk. Graving med hender i ruinane. Lik tildekka med teppe blir boren bort på båre. Sløkkingsarbeid.</p>	<p>Sekvens 4: I ruinene i den store tre-etasjes lagerbygningen arbeidet brannvesenet og norske og allierte redningsmannskaper på spreng for å grave fram ofrene fra katastrofen. Man regner at cirka 50 mennesker mistet livet, men derav var bare en tre-fire norske, resten tyskere. (opphald i kommentarane)</p>
<p>Sekvens 5: Fleire husfasader som har øydelagde vindaug. Innvendig, øydelagde møblar. Kvinne med bandasje. Øydelagt interiør, fleire klipp.</p>	<p>Sekvens 5: Eksplosjonen anrettet svære skader på husene rundt omkring ulykkesstedet. Tusenvis av vinduer rundt omkring i byen ble blåst ut. Møbler ble kastet hulter til bulter og delvis knust, og flere steder ble til og med selve husveggen trykket inn. Dette var et hyggelig hjem. Nå er det håpløst kaos hvor alt er ødelagt og ramponert.</p>
<p>Sekvens 6: Oslo sjømannskole, fasade med øydelagde vindaug. Øydelagt interiør.</p>	<p>Sekvens 6: Oslo sjømannsskole på Ekeberg var en av de bygninger det gikk verst utover. Det var nettopp ferdig oppusset etter tyskernes herjinger der oppe. Og</p>

Sekvens 7: Overiktsbilde over Grønolia.	<p>nå blir det å begynne på nytt, i praktisk talt hvert eneste rom i hele huset.</p> <p>Sekvens 7: Dette bilde over eksplosjonsområdet er tatt fra Sjømannsskolen, og gir et inntrykk av hvor omfattende skadene er.»</p>
---	---

Revy nr. 15/1945/02 «Eksplosjonsulykken ved Grønolia» (75 meter)

Fyrst langt ut i reportasjen fortel kommentatoren at mange menneske mista livet i denne ulykka, dei aller fleste tyskarar. I vår eiga tid ville nok talet på omkomne etter ulykka kome fyrst i ein reportasje om ei slik hending som eksplosjonen ved Grønolia. Derimot var kronologisk referering av hendingar ei nokså vanleg form for journalistikk på slutten av 1940-talet både i aviser og i medium som Filmavisa, og at viktige nyheitselement kunne kome langt ut i reportasjen.¹⁰⁰ Ein skal difor vere forsiktig med å hevde at denne forma for dramaturgi var eit uttrykk for bagatellisering av at så mange tyskarar omkom i denne ulykka.

Publikum fekk sjå nærbilde av hardt skada menneske og tildekka lik på bårer som redningsmannskapet bar bort. Dei matrielle øydeleggingane var store, særleg på Sjømannsskolen som vi fekk vite var nyleg blitt oppussa etter «tyskernes herjinger der oppe». Ulykka ramma tyskarane hardast, og Filmavisa slo fast at det var tyskarane sjølve som var skuldige i ulykka på grunn av «skjødesløshet under innlastingen av ammunisjonen.» Denne påstanden blei illustrert ved arkivbilde frå innlastinga, som Filmavisa hadde sendt i ein tidlegare revy. Kommentaranane til reportasjen synest å vere laga med utgangspunkt i Aftenposten si dekning av ulykka, ettersom bruken av ord og referansar var svært like. Også Aftenposten ymta i ingressen om at tyskarane sin «uforsiktighet» i handteringa av ammunisjonen var årsaka til ulykka, sjølv om avisa lenger nede i teksten skreiv at politiet ikkje kunne slå fast kva som var årsaka til ulykka.¹⁰¹ Filmavisa brukte uttrykk som «skjødesløshet» og «uforsiktigheit», noko som står i

¹⁰⁰ «Referatet er i 1951 en sentral nyheitssjanger, og mange av referatene er kronologiske. Bare titlene er som oftest nyheitsvinklet. (...) Journalisten starter altså med omstendighetene og det som allerede er kjent.» Hjeltnes (red.) 2010:251.

¹⁰¹ «Over 40 drepte ved katastrofen ved Grønolia» var overskrifta på fyrstesida i Aftenposten sitt morgonnummer 18. august 1945: «Mange hardt såret. Nesten hundre personer på lægevakt og sykehus. Årsaken ennå ikke klarlagt. Etterforskingen pågår. Tyskernes uforsiktighet under arbeidet var samtaleemne på bryggen. Store skader på beboelseshus i nærheten. (ingress slutt) Den katastrofe som rammet Oslo ved eksplosjonsulykken i Grønolia i går har mange felles trekk ved ulykken i Filipstad 19. desember 1943. Det er i begge tilfelle ulykker på Oslos brygger hvis årsak er lossing eller lasting av tysk ammunisjon. I begge tilfelle er det et stort antall drepte og sårede og det er millionskade på båter, lagerhus, løftekraner og beboelseshus i nærheten av eksplosjonsstedet. (...) Etter de opplysninger som foreligger seint i natt er det omkommet mellom 40 og 50 mennesker. Man vet med sikkerhet at 14 av dem som oppholdt seg på bryggeområdet har mistet livet, derav 8 tyskere. Om bord på lekerne oppholdt det seg mellom 20 og 40 personer, vesentlig tyskere. Alle disse er omkommet. Nesten hundre mennesker ble brakt til lægevakt og sykehus og flere døde av de sår og andre skader de hadde pådratt seg. (avsnitt) Man kan ennå ikke med sikkerhet si hva som er årsak til katastrofen, og det er også uklart om hvorvidt eksplosjonen inntraff på

kontrast til og utfordrar andre førestellingar ein kunne ha om «tyskarane». Borte var det ein kan kalle «preussisk disiplin» og «Ordnung muss Sein», og tilbake stod ei førestelling om den slåtte fienden, redusert til ein slumsete udisiplinert gjeng.

Heimsending av dei tyske troppene var blant dei mest synlege elementa i oppryddinga, og sommaren 1945 viste Filmavisa 2000 tyske soldatar som gjekk om bord i skip på hamna i Drammen for å bli sendt tilbake til Tyskland:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Mange soldatar går av tog. Fleire hundrede soldatar på kaia, Jantje Fritzen i bakgrunnen. Soldatar i full oppakning går bortover kaia. Nærbilde av soldat med hjelm, tygg tyggis. Soldat med hjul på bagasjen. Soldatar i rekke på veg opp landgangen. Båtens akter, påskrift «Jantje Fritzen Emdem». Landgangen blir firt ned. Allierte soldatar på kaia. Tyske soldatar langs rekka på båten. Båten går ut frå kai.</p>	<p>(marsj) «Endelig har det kommet, det øyeblikk det norske folk har drømt om og sett frem til. Dagen da tyske soldater tar avskjed med det landet som de altfor så lenge har herjet og terrorisert. De kom som erobrere, som slagne menn drar de tilbake. En amerikaner ser interessert på en tysker som har satt hjul på bagasjen sin. Han har visst ikke regnet med noe større befordringsmidler når han kommer hjem. Utskipningen er nå i full gang. Hver uke sendes det av gårde omkring 30.000 mann. Her er det 2000 som kommer fra Heistadmoen ved Kongsberg og lastes om bord i Drammen i damperen Jantje Fritzen. Det er ikke mye igjen av storsnutetheten nå. Grå og tause kommer de ruslende og klyver oppover landgangen. Så glir båten ut fra kaien. Men det er ingen som vinker farvel, ingen avskjedsrop. Og sangen har de nok helt glemt bort. Det er ingen som vil savne dem, disse grønnkledde, gid vi aldri mer må få se dem igjen!»</p>

Revynr. 11/1945/08 «Tyskerne forlater Norge» (38 meter)

I reportasjen fekk publikum sjå «det øyeblikk det norske folk har drømt om og sett frem til. Dagen da tyske soldater tar avskjed med det landet som de altfor så lenge har herjet og terrorisert.» I denne reportasjen kommenterte Filmavisa at dei slagne tyske soldatane ikkje var «storsnuta» lenger, ei framstilling som er nokså parallell til frontkjemparane som ikkje var «så brautende lenger» nokre veker før. Innslaget bør sjåast i samanheng med at i same utgåva av Filmavisa fekk sjå korleis okkupasjonsmakta hadde «herjet og terrorisert» i reportasjen om opninga av massegravene på Falstad (11/1945/03). Reportasjen frå kaia i Drammen blei truleg godt mottatt av publikum. I alle fall kunne ikkje Aftenposten skjule ein viss skadefryd over at okkupantane var på veg ut av landet: «Herlig er bildet av den amerikanske soldaten som uanfektet tygger sin tyggegummi like i ansiktet på de første tyske soldater som nu i titusener forlater Norge på tyske skip.»¹⁰²

bryggen eller i lekteren. Det siste antas å være det riktige, men det antydes også muligheten av at eksplosjonen er skjedd på land rett ned for den ene kranen. (...)

¹⁰² Aftenposten 31. juli 1945.

Året etter markerte Filmavisa at den siste kontingenten av tyske krigsfangar forlèt Norge: «Denne gangen besøker vi leiren på Vallemyrene ved Porsgrunn hvor de siste 2 – 3.000 av herrefolket nå samles for å vente på skipsleilighet sydover,» kommenterte Filmavisa syrleg, og konstaterte at rollene frå krigens dager var ombytt.¹⁰³ Reportasjen fulgte etter innslaget om minesveiping i Skagerak (sjå ovanfor), og desse to innslaga kunne sjåast på som ein manifestasjon på at oppryddinga etter tyskarane var komen langt.¹⁰⁴

Tyske krigsfangar blei ofte satt til å rydde opp etter seg sjølv, og men noko arbeid måtte lokalbefolkninga ta på seg. I reportasjen «Tyskernes forsvarsverker på Jæren» fekk publikum sjå lokalbefolkningas arbeid med å fjerne pansersperringane på Jæren. Filmavisa fortalde at tyskarane under krigen hadde kommandert politiske fangar og tvangsutskrivne arbeiderar til å sette opp desse steinane som dei trudde skulle kunne stoppe ein eventuell alliert invasjon.¹⁰⁵

Tyske krigsfangar blei satt til arbeid av forskjellig art for å gjenreise infrastrukturen, mellom anna vegarbeid ved Mjøsa:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: (Solfylt dag, snø) Tyske soldatar slår med slegge på kile, hakkar, ber tømmer.	Sekvens 1: (roleg, munter musikk) «Det er adskillig tusen tyske krigsfanger som blir vinteren over i Norge før de utpå våren eller sommeren en gang forhåpentlig for alltid vender hjem til Das Grosse Vaterland. I mellomtiden blir de satt til forskjellige arbeide rundt i landet. Ved Mjøsa for eksempel er nå 1100 av dem beskjeftiget med å bygge ny hovedvei på Østsiden av Vorma mellom Eidsvoll stasjon og nordover til Langset ovenfor Minnesundbrua. Den nye veien blir ca. 11 kilometer lang og bygges i den vanlig 6 meters bredde.
Sekvens 2: Mann måkar snø.	Sekvens 2: Det er ikke akkurat noe lyntempo arbeidet foregår i, men så synest vel heller ikke disse karene at det haster så svært med å bli ferdig, for jo mer de kan dra ut jobben, jo lenger håper de vel de kan bli her.
Sekvens 3: Gruppe med soldatar dreg slede opp ein bakke.	Sekvens 3: For oss er det iallefall hyggelig å se at de kan gjøre noe nytte for seg etter all den skade og ødeleggelser de tidligere har forvoldt.»

Revy nr. 11/1946/06 «Tyske krigsfanger bygger veier ved Mjøsa» (33 meter)

Også i denne reportasjen brukte Filmavisa «Das Grosse Vaterland» med ein ironisk undertone som gav ein førestelling av den slagne fienden; Tyskland var på ingen måte nokon «stor» nasjon. I motsetning til fleire reportasjar som viste korleis nordmenn gjekk laus på

¹⁰³ Revy 30/1946/05 «De siste tyskerne forlater Norge».

¹⁰⁴ Aftenposten meinte at «De flirende tyskere som forlater Norge kunne godt ha vært presentert i en skarpere saus.» Aftenposten 6. august 1946.

¹⁰⁵ Revy nr. 8/1947/02 «Tyskernes forsvarsverker på Jæren» (66 meter)

gjenreisingsarbeidet «med liv og lyst», hevda Filmavisa at desse krigsfangane arbeidde seint for å forsøke å drøye tilbakesendinga til Tyskland. Den tilsynelatande låge arbeidsmoralen blei illustrert i ein kort sekvens der ein fekk sjå ein soldat som sto å måka snø i eit nokså moderat tempo. I andre sekvensar i denne reportasjen kan ein derimot sjå dei tyske soldatane arbeide flittig, men i kommentararane blei publikum *forklart* at det sletts ikkje er noko «lyntempo arbeidet foregår i.» Filmavisa si førestelling av late tyske soldatar var likevel ikkje eintydig, og i andre liknande reportasjar fortalde Filmavisa at tyske krigsfangar sletts ikkje «har ligget på latsiden.»¹⁰⁶

I innslaget «Gjenreisningen av Telavåg»¹⁰⁷ blei det vist til dei store materielle skadene tyskarane hadde gjort under krigen: «Men innover øya er det fremdeles ruiner og atter ruiner, ikke stein tilbake på stein, så en må nok si at herrefolket gjorde grundig arbeid.» Det blei også kommentert at «til hjelp med gjenoppbygningen har stedets folk fått halvannet hundrede tyske krigsfanger.»

Gjennom slike reportasjar dokumenterte Filmavisa øydeleggingane tyskarane var ansvarleg for, og i mange tilfelle refererte ho også til konkret tidfesta hendingar. I Elverum, hadde eit tysk bombefly den 11. april 1940 utraderte store delar av byen. 41 menneske omkom som følgje av angrepet.¹⁰⁸ I reportasjen «Elverum reiser seg fra ruinene»¹⁰⁹ blei det referert til desse hendingane, mens bilda viste den øydelagde byen:

Det er nok ikke bare vår nordligste landsdel, som har sine tunge og nesten uløselige gjenreisningsproblemer. I dag besøker vi Elverum, den en gang så vakre, lille hedmarksbyen ved Glomma, hvor de tyske bombeflyene sådde død og ødeleggelse i aprildagene i 1940. 60-70 større og mindre hus ble lagt i ruiner, og fremdeles frembyr stedet et sørgelig skue. (...)

Liknande referansar til tyske krigsherjingar kan ein også finne i andre reportasjar som primært handla om arbeidet med å gjenreise norske byar. I ein reportasje frå Møre og Romsdal brukte Filmavisa uttrykket «terrorbombing» i omtalen av det tyske angrepet på Molde og Kristiansund. Dette er ei klar framheving av at bombinga i stor grad ramma sivile mål, noko som var i strid med internasjonale avtalar om krigføring.

¹⁰⁶ Tyske krigsfangar blei også satt inn i arbeidet med å legge om løpet til Lågen for å forebygge flaum: «(...) I mer enn en menneskealder har det vært på tale å legge om Lågens løp på denne strekningen, men først nå er planen bragt til utførelse. Under ledelse av norske militære har det fra tidlig i høst vært satt inn i mellom 800 og 1500 tyske krigsfanger i dette arbeidet, og de har såvisst ikke fått ligge på latsiden», ifølge Filmavisa. «Selsmyrene sikres mot flom», revy nr. 18/1946/08 (41 meter).

¹⁰⁷ Revy nr. 19/1946/07, sjå også nedanfor.

¹⁰⁸ Norsk krigsleksikon (1995), artikkelen «Elverum» signert Guri Hjeltnes.

¹⁰⁹ Revy nr. 44/1946/07 (40 meter)

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: (snødekt landskap) Konfeksjonsfabrikken i Molde. Brannstasjonen frå ulike vinklar. Hus i ruinar.</p>	<p>Sekvens 1: (munter musikk) «Vi fortsetter vår lille gjenreisningsreportasje fra Møre og Romsdal. Molde. Her har vi den gjenoppbyggede konfeksjonsfabrikken, byens største bedrift. Og dette er den nye, flotte brannstasjonen. Ved terrorbombingen av "rosenes by" ble 200 hus totalt rasert og like mange skadet.</p>
<p>Sekvens 2: Fangsskuter ligg til kai i Brattvåg, ulike vinklar. Nærbilde av vinsj.</p>	<p>Sekvens 2: I Brattvåg står en rekke nye, prektige fangstskuter på beddingen. Videre kan nevnes at den bedriften som bygger hydrauliske vinsjer til fiskeflåten, har bestillinger nok for mere enn fire år framover.</p>
<p>Sekvens 3: Vrak av tyske krigsfly. Nærbilde av hakekorset på halen av tysk krigsfly. Vrak av mange tyske krigsfly.</p>	<p>Sekvens 3: Dette er en av tyskernes sørgelig berømte krigsanlegg i Norge, flyplassen på Aukra utenfor Molde, hvor det i dag ligger vrakene av en hel armada tyske jagerfly, som de allierte, overensstemmende med kapitulasjonsbetingelsene, har sprengt istykker og gjort ubrukbare.</p>
<p>Sekvens 4: Oversiktsbilde over Kristiansund. Mange korte klipp av hus i ruinar. Gjenreisingskomiteen går i gatene. Oversiktsbilde over mange tyskerbrakker.</p>	<p>Sekvens 4: I de siste april dagene 1940 ble Kristiansund utsatt for kanskje den mest vanvittige terrorbombing krigen i Norge overhodet kan fortelle om. 767 bygninger ble totalt ødelagt. Her har vi byens provisoriske tollbod. Forøvrig tror vi disse bildene vil tale for seg selv og gi et inntrykk av hvordan livet leves i den driftige vestlandsbyen, hvor tyskernes jernhæl truet med å legge alt øde. Dette er "tyskerbyen", Terbovens storslagne gave til kristiansunderne, en samling kummerlige brakker, som herr Reichskommissar senere sendte en blodig regning på til den norske statskasse.</p>
<p>Sekvens 5: Mennesker i oppryddingsarbeid i ruinhaug. Bilde av enkle hus. Kvinne og eit barn ser ut av vindaug mot kamera. Panorama over Kristiansund.</p>	<p>Sekvens 5: Slik ser det i dag ut i Kristiansund, en veldig branntomt, hvor befolkningen er gått i gang med å rydde opp i ruinene, og det er bare vanskelig å vite hvor man skal begynne. Brakker og andre mere provisoriske bygg finnes jo en del av, men det vil nok gå mange år før det igjen reiser seg en virkelig by på de tre øyene Kristiansund ligger på.»</p>

Revy nr. 9/1946/01 «Gjenreisningsreportasje fra Molde, Brattvåg, Aukra flyplass og Kristiansund» (66 meter)

Innslaget viste dei mange ruinane som framleis dominerte bybildet i Molde og Kristiansund, og kva store gjenreisningsoppgåver som ein så smått var i gang med å løyse. Også i denne reportasjen blei ironi brukt som forteljargrep; «Terbovens storslagne gave til kristiansunderne» sto i ironisk kontrast til «en samling kummerlige brakker, som herr Reichkommisar senere sendte en blodig regning på til den norske statskasse.» Bilda av dei spartanske brakkene viste også med all tydelegheit at dette ikkje var snakk om nokon storslagen gåve.

Derimot fekk Filmavisa publikum i ein annan reportasje sjå at det var langt i frå spartanske forhold som Terboven sjølv hadde hatt under si tid på Skaugum. I frå juni 1940 og fram til krigens siste dagar hadde Terboven budd i kronprinsparets residens. Då nederlaget var eit faktum, sprengte Terboven seg i lufta i bunkersa på Skaugum, like før midnatt den 8. mai.¹¹⁰ Før det var klart for gjeninnflytting for kronprinsparet, måtte det ryddast opp på Skaugum. I *Kjempebunkersa på Skaugum* fekk vi sjå Terbovens enorme tilfluktsanlegg:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Vi ser hovudbygninga på Skaugum i det fjerne. Tennishallen.	Sekvens 1: (dramatisk, impressjonistisk musikk) «Vi er i parken på Skaugum. Her er den flotte tennishallen Terboven bygget,
Sekvens 2: I bunkersa. Panserdør som blir lata att. Soldat siktar med gevær gjennom skyteskår. Vi ser gjennom skyteskåret.	Sekvens 2: men det er allikevel en beskjeden ekstravaganse sammenliknet med det eventyrlige tilfluktsrommet som var blitt sprengt dypt ned i fjellet. En veldig panserdør barrikaderer hovedinngangen. Denne beherskes dessuten utenifra gjennom noen spesielle utskorne skyteskår.
Sekvens 3: To menige soldatar går ned ei trapp. Mørk gang.	Sekvens 3: Men, er man først gjennom inngangen så kan man gjerne komme til å gå seg bort i trapper og ganger som til sammen er flere hundre meter lange og som fører til de 50-60 rommene som er innrettet til de forskjellige formål.
Sekvens 4: Vassrør. Pumper. Elektrisk sikringsanlegg.	Sekvens 4: Eget vannverk er selvfølgelig innlagt, og luften ble stadig fornyet fra et imponerende kompressoranlegg. Elektrisitetsverk var det ikke mindre enn to av. De produserte strøm nok til en stor leiegård.
Sekvens 5: Telefonlinjer. Zoom på linjer merka «Bunker 1» og «Bunker 2».	Sekvens 5: Telefonsentralen stod i forbindelse med alle strategiske punkter i Norge, ja, direkte med Berlin for den saks skyld.
Sekvens 6: Kjøken vask. Lyskjegle vandrar over veggane. Eikepanel ca. ein meter opp frå golvet. Zoom lampettar.	Sekvens: Her er kjøkkenet og spisestuen for offiserene. Både her og i Terbovens spesielle suite som vi nu kommer til, er alle møbler fjernet. Dette er Terbovens soveværelse. Salongen var eikepanelt. Og koselige lampetter manglet ikke.
Sekvens 7: Trapp opp til dør. Rom med hol i betonggolvet. Tøyfiller festa i taket. Nærbilde av vegg, golv og trapp.	Sekvens 7: Opp denne trappen gikk Terboven den skjebnesvangre natt, da han endelig skjønte at slaget var tapt. I dette rommet var det han sprengte seg selv og drabanten Rediess i luften. At eksplosjonen var kraftig, viser disse bildene. Oppe i det ramponerte taket kan man enda se filler av det som en gang var Herr Reichskommissars flotte uniform. Det er dystre minner som rulles opp her nede, og man puster unektelig lettet når man atter kan finne veien ut i det fri.»

Revy nr. 25/1945/06 «Kjempebunkersa på Skaugum» (65 meter)

¹¹⁰ Norsk krigsleksikon (1995), artikkelen «Josef Terboven», signert Berit Nøkleby.



Filmavisa viste tøyfiller i taket som skulle vere restar etter Terbovens uniform (revy nr. 25/1945/06).

Reportasjen viste det enorme anlegget som var blitt bygd på Skaugum, med 50 – 60 rom «innrettet til de forskjelligste formål», eit eige vassverk, elektrisitetsverk og ”telefonsentralen stod i forbindelse med alle strategiske punkter i Norge, ja, direkte med Berlin for den saks skyld.” Publikum fekk også sjå at i motsetning til dei fleste nordmenn kunne Terboven også nyte ein viss luksus: ”Salongen var ekepanelt. Og koselige lampetter manglet ikke”. Trass i bilde av ein eikepanelt salong og koselege lampettar så er stemninga i innslaget var fyrst og fremst trykkande og dyster, understøtta av mørke bilde frå bunkersen. Det høvde seg ikkje å triumfere over at ein hadde vunne krigen i eit innslag som viste kor Terboven enda sine dagar, synest å vere Filmavisa sin tanke bak denne dramturgien.

Det hadde vore ein viss tvil knytt til om det verkeleg var Terboven som hadde sprengt seg sjølv i lufta i bunkersen. Sjølv om politiet ikkje hadde eit endeleg bevis, tyda funn i bunkersen på at det var Terboven og restane etter hans uniform som Filmavisa kunne vise

fram.¹¹¹ I alle fall meinte Aftenpostens anmeldar at reportasjen var bevis for Terbovens luksus, og at det var restane etter Terbovens uniform som ein kunne sjå:

Jubileumsnummeret har en ypperlig reportasje fra Terbovens bunker på Skaugum hvor en hel liten «by» er bygd opp under jorden, med eget elektrisitetsverk, eget luft-anlegg, eikepanelt spisestue, små, intime salonger, soveværelser og all annen komfort. At en av disse salongene skulle bli hans eget dødsværelse hadde vel ikke Terboven regnet med. Bildene viser oss hvor han sprengte seg selv i luften. Rester av hans uniform henger ennu og slenger i vinden.¹¹²

Mørkre nede i bunkersen tente som ein metafor for krigen, og det norske folket kunne puste lettare ”når man atter finner veien ut i det fri,” altså når ein hadde lagt krigen bak seg. To veker seinare viste Filmavisa eit muntert innslag frå då kronprinsfamilien flytta inn att på Skaugum, i skarp kontrast til dette innslaget.¹¹³

Den slegne fienden spelte også ei sentral rolle ved Filmavisas dekning av markeringar der ein mintes krigens hendingar. Den 9. april 1946 blei årsdagen for den tyske invasjonen markert i Oslo med mange prominente gjestar til stades i Universitetets Aula:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Norsk splittflagg vaier i vinden. Universitetets aula, inngangen. Mennesker samla på trappa. Kongen og kronprinsparet stig ut av bil, og blir mottatt på trappa av rektor Otto Lous Mohr. Jente sel binders til gammal dame som festar den på kåpa. Soldat kjøpar binders. Fleire kjøper binders.</p>	<p>Sekvens 1: (marsj) «9. april ble minnet i landets hovedstad ved en høytidelighet i Universitetets Aula hvor de kongelige var til stede. Nettopp på denne dagen gikk våre tanker til Kongen og hans hus, i dyp takknemlighet over at han atter er forent med sitt folk. På Aulatrappen ble de høye gjester hilst velkommen av universitetets rektor, professor Claus Mohr. Ellers gikk livet sin vante gang på Oslos gater denne deilige vårdagen. Til minne om de berømmelige bindersene, som en gang var vårt stillferdige lille symbol på parolen, ”Hold sammen!”, solgte Nasjonalforeningen gullbinders til inntekt for Frihetsgaven.</p>
<p>Sekvens 2: Bilde frå 9. april 1945: Tyske tropper marsjerer nedover Karl Johan. Tyske soldatar ulike stadar på Karl Johan. Tyske soldatar på lasteplan og i bilar, alle med våpen.</p>	<p>Sekvens 2: (marsj, militært orkester) Men, husker De 9. april 1940? Med flyvende faner og klingende spill kom våre storsinnede grønnkledde venner for å beskytte oss. Kan vi noen gang glemme det synet som først overveldet oss, lammet vår handlekraft, men som senere sveiset oss sammen til en front som det aldri lyktes tyskerne å bryte. La disse bildene brenne seg inn i vår bevissthet, og la oss aldri slette dem ut, disse</p>

¹¹¹ –«Sløret om Terbovens og Rediess`død begynner no [sic] å lette på seg. Politimester Meyer sa under en pressekonferanse at man enno [sic] ikke hadde det absolutte bevis om Terboven var død eller ikke. Han sa videre at alle indisier pekte på at han var død. (...) Likfunnet som ble gjort under en soldaterlatrine oppe i skogen, viser at restene av det lik som tyskerne forsøkte å gjemme, er Terbovens. Terboven styrtet for en del år siden ned med en flymaskin og fikk et komplisert brudd i armen, slik at han etterpå ble invalid. Han måtte for eksempel ha hjelp til å spise. Den arm som er funnet, er uten tvil Terbovens.» Aftenposten 14. mai 1945 i artikkelen «Tyskerne gjemte Terbovens lik på Skaugum.»

¹¹² Aftenposten 6. november 1945.

¹¹³ Revy nr. 46/1945/01 «Kronprinsparet flytter inn på Skaugum» (34 meter)

Sekvens 3: Britisk flagg på vimpel (på ambassadebygning?) Åtte våpenlause britiske soldatar kjem ruslande nedover gata. To britiske soldatar ruslar nedover gata. Nærbilde av smilande britisk soldat med sigarett bak øyre. Nærbilde av to britiske soldatar. Fleire britiske soldatar utan våpen.

Sekvens 4: Fire krigsfangar i arbeid, opprydding. Krigsfange som brenn bråte. Fire-fem krigsfangar spadar på gjørmete jorde, under oppsyn av soldat.

minnene fra opptakten til undertrykkelsens og lidelsenes uendelige år.

Sekvens 3: (munter marsj) De [tyskerne] kom for å beskytte oss. Mot hva? For disse snille hyggelige karene som kommer slentrende bortover fortauet og nærmest ber om unnskyldning for at de i det hele tatt er her enda?

Sekvens 4: Og slik feirer tyskerne seksårsdagen for innmarsjen i Oslo. Ja, heng i mine herrer, det er dere vel unt!”

Revy nr. 15/1946/07 «9. april mindes i Aulaen» (71 meter)



«La disse bildene brenne seg inn i vår bevissthet», sa Filmavisas kommentatoren mens publikum fekk sjå eit tilbakeblikk på tungt vepna tyske soldatar paradere på Karl Johans gate i april 1940 (revy nr. 15/1946/07).



Som kontrast viste Filmavisa deretter bilde frå notid, kor ein fekk sjå våpenlause britiske soldatar kome slentrande nedover gata (revy nr. 15/1946/07

Eit viktig føremål ved både markeringa av 9. april og Filmavisa si dekning av hendinga var appellen om å halde minne om krigen levande; bilde av tyske tropper som marsjerte nedover Karl Johan måtte «brenne seg inn i vår bevissthet.» Eit sentralt elementet i dette innslaget er påstanden om den kompakte kollektive motstanden mot okkupantane som danna ein «front som det aldri lyktes tyskerne å bryte.» Denne påstanden blei underbygd av bilde som viste Nasjonalforeningen som selde gullbinders som symboliserte samholdet i kampen mot tyskarane under krigen, og kunne kanskje uttrykke ei førestelling om at dette samholdet framleis eksisterte.

Filmavisa vendte seg direkte til publikum: «Men, husker De 9. april 1940», og klipte inn urovekkande bilde frå invasjonssdagen for å illustrere kva publikum måtte minnst. Det Filmavisa framstilte som ei umennesklege tyske krigsmaskin som mekanisk marsjerte nedover Karl Johans gate, blei satt i kontrast til ufarlege våpenlause britiske soldatar som slentra nedover gata: «Disse hyggelige snille karene» blei eit uttrykk for den kameratskap ein burde føle med desse allierte soldatane. Britane blei framstilt med mennesklege trekk, smilande og med ein sigarett bak øyre.

Ein kontrast var det også mellom dei tyske soldatane i stramme uniformer anno 1940, og dei fem – seks tyskarane i fangeuniformer som rusla rundt på eit jorde, mens dei spada i møkkete jord og brann bråte. Den slegne fienden var satt til å utføre eit nedverdiggande arbeid: «Og slik feirer tyskerne seksårsdagen for innmarsjen i Oslo. Ja, heng i mine herrer, det er dere vel unt!», var Filmavisas syrlege kommentar som avslutta reportasjen. Aftenpostens anmeldar var godt nøgd med kvaliteten på Filmavisa, og la også vekt på minnesaspektet ved reportasjen; vi må ikkje gløyme:

«Den norske revyen er glimrende. Det er virkelig morsomt å se hvordan vi etter hvert har utviklet oss til å lage en selvstendig, aktuell og underholdende ukerevy som i løpet av et kvarters tid gir et lite tverrsnitt av de viktigste begivenheter – så langt vi med små midler kan rekke det. (...) 9. april blir minnet med bilder som understreker: vi **må ikke glemme** [Aftenpostens uth.]. Og hvem glemmer den flirende tyskeren som sitter på lasset under inntoget til Oslo?»¹¹⁴

Oppryddinga etter okkupasjonsmakta gjaldt også den tyske æreskyrkjegarden på Ekeberg i Oslo. Tyskarane hadde kort tid etter invasjonen anlagt ein kyrkjegard på Ekeberg, som inntil då hadde vore eit friområde for byen. Under krigen hadde tyskarane ei lang rekkje seremoniar på Ekeberg som markerte invasjonssdagen 9. april og merkedagar for NSDAP. I dei fyrste etterkrigsåra var det eit uttrykt ønskje frå mange hald at dei 3.000 tyske gravene som låg på Ekeberg måtte flyttast, slik at byen kunne få tilbake sitt friområde.¹¹⁵ Våren 1947 tok Filmavisa opp spørsmålet. Reportasjen viste fleire oversiktsbilde av området kring Ekeberg med utsikt over byen, og med desse kommentarane:

«Det skrives og tales så meget om den tyske krigskirkegården på Ekeberg utenfor Oslo om dagen. Og Filmrevyen har derfor tatt noen bilder der oppe for å vise det store areal disse gravplassene opptar nettopp der hvor byens befolkning før hadde sine kjæreste utfartssteder. Det er en enestående utsikt over byen og fjorden her oppefra, og det kan neppe herske mer enn en mening om at denne kirkegården snarest mulig bør flyttes til et annet sted så området igjen blir tilgjort. Spørsmålet er bare, hvor skal den flyttes? Det er naturlig nok ingen som er særlig begeistret på tanken å få slik kirkegård som nærmeste nabo. Men saken må jo en gang få sin løsning. Det er bare å håpe på at avgjørelsen ikke lar vente altfor lenge på seg.»¹¹⁶

¹¹⁴ Aftenposten 16. april 1946.

¹¹⁵ «I Dagbladet for lørdag 11. mai 1946 er det et oppslag som forteller om hvordan tyske soldater, som ennå ikke var sendt hjem til Tyskland, steller og rydder i anlegget på Ekeberg. I artikkelen fortelles det at 5-6 mann under ledelse av en underoffiser kommer hver dag for å luke, klippe gresset og pynte og stelle gravene. I følge Dagbladets oppslag blir det fortsatt, over ett år etter frigjøringen, begravet tyskere på Ekeberg. Det uttrykkes misnøye med situasjonen og kritikk mot den norske unnfalldenheten.» Sjå «Den tyske krigskirkegården på Alfaset, av Bjørn H. Syvertsen. Kjelde besøkt 31.8.2011: <http://www.sondreaker.com/artikkel/artikkel-2006-02.html>

¹¹⁶ Revy nr. 18/1947/06 «Tyskernes æreskirkegård på Ekeberg» (25 meter)

Det sentrale spørsmålet i reportasjen var kvar ein kunne flytte denne gravplassen, ettersom det ikkje var muleg å sende dei til Tyskland.¹¹⁷ «Det er naturleg nok ingen som er særleg begeistret på tanken å få slik kirkegård som nærmeste nabo,» kommenterte Filmavisa, og argumenterte med at byen burde få tilbake eit viktig rekreasjonsområde. Men sjølv om det ikkje blei sagt eksplisitt, så synest det som at problemet ikkje berre var at det var ein alminneleg kyrkjegard som var uønskt som nabo. Problemet blei forsterka ved at det var ein «slik» kirkegård, altså at det var den tyske fienden som låg der.

Spørsmålet om flytting av den tyske kyrkjegarden verserte innan byråkratiet og det politiske systemet i fleire år. I 1951 var Filmavisa igjen ved kyrkjegarden på Ekeberg, og tok gravplassen nærare i ettersyn. I følgje Geneve-konvensjonen hadde styresmaktene plikt til å syte for vedlikehald av slike krigskyrkjegardar i 20 år. Filmavisa kunne derimot vise bilde av ein vanskjøtta gravplass, overgrodd og med fleire øydelagde gravstøtter.

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Pent vèr. Panorering over Ekeberg kirkegård.	Sekvens 1: (dramatisk musikk) «Den tyske krigskirkegården i Norge ligger i sørhellingen av Ekeberg ved Oslo. Under krigen var det få nordmenn som viet dette stedet oppmerksomhet. I dag dukker spørsmålet om hva vi skal gjøre med kirkegården stadig opp.
Sekvens 2: Panorering over fleire gjengrodde gravstøtter, knapt synleg bak høgt gras/ugrass. Ei hand skyver høgt gras til side slik at ei gravstøtte blir synleg. Nærbilde av gravstøtte, namnet er muleg å lese. Fleire gravstøtter på skakke. Steintrapp med fleire avsatsar, høgt gras/vokster synleg.	Sekvens 2: Slik ser den ut i dag. Tidens tann har tæret sterkt på de om lag 3000 korsene, og manglende stell har gjort at frodig natur har dekket det meste av kirkegården.
Sekvens 3: Panorering, utsikt mot fjorden. Bilde av gravkors på velstelt gravplass. Mann går langs rekke med gravkors. Plukkar opp eit kors som er øydelagt.	Sekvens 3: Diskusjonen om denne kirkegården har brakt fram mange forslag om hva som bør gjøres, men slik burde den vel helst ikke se ut. Hva det endelige resultatet blir, er ikke godt og vite, men en kan vel trygt si at i en kulturnasjon er det ikke gravene som skal vise om den døde er venn eller fiende.»

Revy nr. 39/1951/07 «Kirkegården på Ekeberg» (35 meter)

Sjølv om dette innslaget ligg utanfor perioden denne avhandlinga handlar om, har eg valt å ta det med fordi den bidreg til eit interessant perspektiv ved at reportasjen viser ein langt meir mildare tone mot den slagne fienden: «(...) men en kan vel trygt si at i en kulturnasjon er det ikke gravene som skal vise om den døde er venn eller fiende,» kommenterte Rolf Kirkvaag mot

¹¹⁷ Aftenposten 14. januar 1947: «(...) etter at det nu er bestemt at de tyske likene på Ekeberg-kirkegården ikke kan sendes til Tyskland, arbeides det intenst for å få flyttet anlegget til et annet sted. (...) Det vil sannsynligvis ikke bli tale om å spre de 3000 lik på Ekeberg til andre tyske krigskirkegårder rundt om i landet. (...) I henhold til Genf-konvensjonen vil gravene bli vedlikeholdt i 20 år.»

slutten av innslaget. Eg har ikkje ambisjonar om å gje ei inngåande forklaring på denne endringa, men ein viktig faktor var truleg at den politiske konteksten var blitt endra mykje sidan 1947. Fire nye år var gått sidan krigen, og sidan den fyrste reportasjen frå kyrkjegarden blei laga var ein ny vest-tysk stat blitt danna. Dette var eit uttrykk for at Noreg og andre vestlege statar var inne i ein slags normaliseringsprosess i høve til desse som tapte krigen. Ei anna forklaring kan også vere at Rolf Kirkvaag hadde ei nokså forsonleg haldning til korleis ein skulle handsame den tyske fienden og landssvikarane.¹¹⁸ I 1952 vedtok endeleg Stortinget at den tyske krigskyrkjegarden skulle flytte til Alfaset i Oslo.

Omtale og referansar til den tyske okkupasjonsmakta kunne dukke opp som små drypp i mange ulike innslag, stundom også i reportasjar der det kunne vere nokså uventa. Den 8. og 9. august 1945 blei «De alliertes lagseilas» arrangert i Oslofjorden. Kronprins Olavs deltok på sin fyrste regatta etter krigen med seglbåten «Noreg», og det var truleg ein viktig grunn til at konkurransen samla mange tilskodarar samt Filmavisas reportasjeteam. Sjølv om dette var eit sportsinnslag, kunne Filmavisas fyrste kommentarar tyde på noko anna:

Vi ser:	Vi høyrer:
Solrik dag. Seglbåtar på fjorden. Mann ser i kikkert. Seglbåtar på fjorden, fleire klipp.	(roleig musikk) «Det hendte nok under krigen at en så en eller annen lystseiler som var ute å luftet seg på sommersøndagene, men det var gjerne Herr Reichskommissar og hans drabanter, samt våre hjemlige nazistørrelser, som var ute å besudlet farvannet. Men nu er det de karene som virkelig kan [kommentator legg trykk på «kan»] seile som er kommet ombord i båtene sine igjen. Det er et vindunderlig vakkert syn, atter å se alle de hvite seil på fjorden. De første regattaer har vært holdt. Disse bildene er således under KNS internasjonale seilaser forleden dag, med blant andre kronprins Olav som romann ombord i sin gamle seksmeter «Noreg».»

Revy nr. 19/1945/05 "Seilas i Oslofjorden" (19 meter):

Kronprins Olav si deltaking i regattaen var truleg den viktigaste grunnen til at dette innslaget blei laga. Filmavisa prioriterte ikkje det sportslege elementet, og opplyste ikkje om kven som vann regattaen. Men korfor har Filmavisa blanda inn ein omtale av Terboven og «våre hjemlige nazistørrelser», når innslaget tilsynelatande handla om ein regatta i Oslofjorden? Ved å skape ein kontrast mellom dei som Filmavisa meinte «besudlet farvannet» under krigen, og «de karene som virkelig kan seile» blei det vakre frie Noreg på ein solblank sommardag til noko endå vakrare. At Filmavisa valde denne spesielle vinklinga på dekninga av regattaen kan nok ha vore

¹¹⁸ Intervju med Rolf Kirkvaag 23. november 2000.

påverka av at det i den same revyen var innslag om både Quisling i Lagmannsretten og Rinnanbanden.

Samanhengen mellom seglregatta og «nazistørrelser» blei også referert i reportasjen «Seilklubben Ulabrands 50-årsjubileumsregatta» året etter. Også i dette innslaget brukte ein bilde frå sjølve seglregattaen, og merksemda var særleg retta mot kronprinsen og hans seglbåt «Noreg». Filmavisa kommenterte at denne båten var blitt «profanert av selveste Gestaposjefen Fehlis i krigens siste år».¹¹⁹ Implisitt i Filmavisas kommentarar låg påstanden om at kronprinsen og hans seglbåt var noko heilag, som altså gestaposjefen hadde vanheilaga.¹²⁰


Gjennom reportasjar knytt til opning av massegraver, razzia i fangeleirar, tjuvgods på Furulund og ei lang rekkje andre innslag blei det dokumentert kva tyskarane sine ugjeringar under krigen handla om. I ein reportasje frå sommaren 1945 dokumenterte Filmavisa også dei kummerlege forholda som dei russiske krigsfangane hadde levd under i Finnmark:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Panorerer over leiren og fleire bilde inne i leiren for russiske krigsfanger i Finnmark. Allierte soldatar står blant fangane. Lang rekke med store brakker. Stor flokk med fangar ser mot kamera, piggråd i bakgrunnen. Allierte soldatar står blant fangane.</p>	<p>Sekvens 1: (Sørgmodig musikk) «Det hvite helvete ved Nordishavet er de blitt kalt de tyske leirene for russiske krigsfanger i Finnmark. Og et helvete var det man fant, da tyskerne ved kapitulasjonen overga leirene. I brakkene var det is på gulvet, og selv disse hardføre karene fra den russiske ishavsarmè, kunne fortelle om umenneskelig grusomhet og utsultning.</p>
<p>Sekvens 2: Tre svært utmagra fangar ser mot kamera. Halvnært ein fange som knapt har krefter til å gå ned tre trappetrinn frå brakka.</p>	<p>Sekvens 2: Alle bærer de preg av uhyggelige lidelser og savn, og hundrevis av disse karenes kamerater er bukket under, og mange er så medtatt at deres liv knapt står til å redde.»</p>

Revy nr. 08/1945/03 «Russeleir i Finnmark» (17 meter)

¹¹⁹ Heinrich Fehlis hadde vore stasjonert i Oslo mesteparten av krigen, og samarbeidde tett med Terboven. Gestapo byrja med tortur etter ordre frå Fehlis, og han ga ordre til avrettingar utan lov og dom. Eit mislukka fluktforsøk endte med at Fehlis tok sjølv-mord den 13. mai 1945. Norsk krigsleksikon 1995, artikkel om Heinrich Fehlis signert Berit Nøkleby.

¹²⁰ Revy nr. 26/1946/05 «Seilklubben Ulabrands 50-årsjubileumsregatta» (142 meter)



Filmavisa viste bilde av avmagra russiske fangar (revy nr. 08/1945/03)

I denne reportasjen blei visuelle bevis på okkupasjonsmakta sine brotsverk lagt fram for Filmavisas publikum. Til dyster musikk, og med Finnmarks golde landskap i bakgrunnen fekk publikum fyrst sjå ei lang rekke med flyhangar-liknande brakker som hadde husa dei russiske fangane. Ein fekk sjå nærbilde fangar med uthola kjakar, og som det berre var skinn og bein att av. Dei hadde knapt krefter til å gå nokre få steg, og stadfesta kommentarane om utsvelting og grusame lidingar. Reportasjen var eit bevis på eit av okkupasjonsmakta sine brotsverk i Finnmark som fekk eit rettsleg etterspel etter krigen. Ein av dei som blei tiltalt ved en internasjonale militærretten i Nürnberg, var general Lothar Rendulic. Blant anna blei han tiltalt for det som skjedde i Nord-Noreg under krigen, mellom anna brenninga av Finnmark. I eit intervju med NTB 4. januar 1945 forsvarte Rendulic den brente jords taktikk med at «dette var et område hvor enhver bebyggelse, ja hvert hus og hver brønn, hver kai og hver bro var av uvurderlig verdi for Den røde armé og derfor måtte ødelegges, både for å beskytte egne tropper og for Norges skyld.»¹²¹ I 1947 var militærretten i Nürnberg på synfaring i Noreg saman med Rendulic, mellom anna for å sjå resultatet av tyskarane sine herjingar i Finnmark:

«Og her kommer de amerikanske dommere fra militærretten Nürnberg hvor saken mot general Rendulic blir behandlet. Det er dommerne Carter, Wennerstrøm og Burke. Og her er Rendulic

¹²¹ Norsk krigsleksikon (1995), artikkel om Lothar Rendulic, signert Berit Nøkleby.

forsvarer dr. Fritsh. Etter dette fortsetter flyet til Finnmark hvor dommerne skal se resultatet av tyskernes herjinger.»¹²²

Filmavisa var ikkje med på sjølve synfaringa, men innslaget som synte at militæretten kom til Noreg viste at krigshendingane i Noreg også var knytt til det internasjonale rettsoppgjeret. Dei overgrepa som tyskarane hadde gjort i andre okkuperte statar, hadde sine parallellar her til lands – Noreg var med andre ord ein del av den store krigen mot Tyskland. Dommen mot Rendulic fall fyrst i februar 1948. Nürnberg-domstolen dømde han til 20 års fengsel for krigsbrotverk i Sovjetunionen og Jugoslavia, men han blei frifunnen for brenninga av Finnmark. Rendulic slapp ut etter tre år i fengsel.¹²³

Rendulic dukka opp også noko seinare i Filmavisa, om enn noko indirekte. I ein reportasje frå 1. mai-toget i Oslo i 1948 er det særleg verdt å sjå nærare på korleis kommentarar, bilde og musikk blei redigert saman:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Demonstrasjonstoget.	(munter marsj) Sekvens 1 : (...) «Det var mange som trodde at demonstrasjonstoget ville bli avlyst på grunn av værgudene, men de tok skammelig feil. På Youngstorget delte toget seg (...) så møttes de to togene og marsjerte, seksten mann i bredden opp Karl Johan.
Sekvens 2: Demonstrasjonstoget. Banner med påskrift: «Vi kjemper imot enhver form for diktatur» (...) Banner med påskrift «Velkommen til Norge Rendulic – Vi skal dømme deg» Med teikning av mann som heng i ein galge. (...) Banner med påskrift «FOR fred, frihet og folkestyre MOT diktatur, ensretting og «folkedemokrati»». (...)	Sekvens 2: (...) (kun musikk mens vi ser toget med sine banner marsjere). (...)
Sekvens 3: (...)	Sekvens 3: «Ved Universitetet delte toget seg igjen. (...)»

Revy nr. 19/1948/01 «1. Mai 1948» (120 m)

Reportasjen starta med glimt i frå Youngstorget der AUF og fleire andre hadde samla seg til oppmarsj. Hovudelementa i denne relativt lange reportasjen var flaggparaden på Youngstorget, kransnedlegging ved Fernanda Nissens byste i Torshovparken, Samorganisasjonens og Oslo Arbeiderpartis demonstrasjonstog som paraderte, og kort frå Martin Tranmæls 1. mai-tale (med autentisk lyd) på Youngstorget. Innslaget blei avslutta med glimt frå kommunistane sitt noko mindre alternative demonstrasjonstog, og blei runda av med ein referanse til stortingsmann Strand Johansens tale på Grønlands torg kor han i følgje Filmavisa «hyllet kommunistene i alle land.»¹²⁴

¹²² Revy nr 38/1947/05 «Nürnbergdomstolen til Finnmark» (10 meter)

¹²³ Norsk krigsleksikon (1995) artikkel om Lothar Rendulic, signert Berit Nøkleby.

¹²⁴ I følgje Aftenposten samla dette toget 9.000 menneske, mens kommunistane sitt tog samla om lag 3.000. (Aftenposten 3. mai 1948). I Arbeiderpartiets årsberetning for 1948 står følgjande om parolestriden som førte til

«Fager kveldsol smiler» var tonefølgje til den delen som viste kransnedlegginga, elles var paradane akkompagnert av marsjar. Kommentaranane var stort sett knytt til véret og rutene demonstrasjonstoga gjekk. Parolene er eit viktig element i 1. mai-tog som det ofte kan vere eit journalistisk poeng å kommentere, eller i det minste referere. Men då bilda frå det fyrste demonstrasjonstoget viste nærbylde av banner, skjedde det heilt utan kommentarar. To av dei tre bannera, som det er muleg å identifisere teksten til, synest å vere kommentarar knytt til det kommunistiske statskuppet i Tsjekkoslovakia denne våren. Det tredje banneret var knytt til rettssaka mot Rendulic. På dette banneret sto det følgjande: «Velkommen til Norge Rendulic – vi skal dømme deg». Det heile var illustrert av ei teikning som viste ein mann hengande i ein galge. Denne parolen kan vere eit uttrykk for misnøye med at Rendulic ikkje blei dømd for dei brotsverka som han var ansvarleg for i Noreg. Men korfor valde Filmavisa å la dette relativt ekstreme non-verbale uttrykket bli vist for publikum utan kommentarar? Vanlegvis er innslag i Filmavisa ein kombinasjon av bilde og ein samanhengande talestraum. Men i dette innslaget var det eit markert opphald i kommentarane då toget med sine banner passerte kameralinsene. Viste Filmavisa dette banneret som omtalte Rendulic berre fordi det var journalistisk interessant, eller representerte det også ei «meining» som Filmavisa ønskte å fremje? I følgje Paul Messaris og Linus Abraham kan ein gjennom visuell framing fremje meiningar som kunne ha vore meir kontroversielle dersom dei hadde vore sagt verbalt.¹²⁵ Denne delen av innslaget kan vere eit eksempel på ei slik visuell framing, kor Filmavisa viste fram ein hatsk budskap mot Rendulic, men ved at ho lot vere å kommentere.

Eit anna element ved denne reportasjen må også nemnast, sjølv om det ikkje dreiar seg om omtalen den tyske fienden. Publikum fekk nemleg også sjå eit banner i det offisielle 1. mai-tog som var ein skarp kritikk mot det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia. Det var *to* 1. mai tog i Oslo denne dagen, nettopp pga strid om kva parole ein skulle ha om Tsjekkoslovakia. Kommunistane hadde difor sitt eige alternative tog, som Filmavisa viste bilde frå mot slutten av reportasjen. I kommentarane blei det framheva at kommunistrepresentanten Strand Johansen

splittinga av 1. mai-tog: “Når så de kommunistiske partier, også her i landet, stilte seg solidarisk med det tsjekkiske “Folkedemokraties” aksjonskrefter, kunne ikke Arbeidernes faglige Landsorganisasjon og partiet oppfordre til mønstring 1 mai uten å si fra om sin stilling til diktaturet, enrettingen og “Folkedemokratiet”. 1. mai-parolen ble derfor: “For fred, frihet og folkestyre, mot diktatur, ensretting og folkedemokrati.” Denne parole utløste en heftig strid, og det førte da også til splittelse av 1. mai-komiteer. (...) På flere steder ga 1. mai-komiteen etter og sløyfet “Folkedemokratiet” for på den måten å få en enhetlig demonstrasjon. Men diktaturet og ensrettede som kommunistene er, laget de i siste liten egne demonstrasjoner på flere steder. Disse demonstrasjoner viste til overmål hvor få de er i en stormønstring der de skal stå ansikt til ansikt til folket. I Oslo fikk de med 6 fagforeningsfaner og 3.000 deltagere. De øvrige fagforeningsfaner og 12000 marsjerte med i Samorganisasjonens og Oslo Arbeiderpartis demonstrasjon.” Det norske Arbeiderparti, Beretning 1948. 1948:11.

¹²⁵ Messaris, Abraham, 2001.

hadde hylla kommunistar i alle land. I seg sjølv er det ikkje noko oppsiktsvekkande at ein kommunist hylla andre kommunistar, men i denne politiske konteksten kan ein truleg tolke at dette utsegnet var til støtte for kuppakarane i Tsjekkoslovakia. Reportasjen illustrerte på denne måten striden kring Tsjekkoslovakia-kuppet på den politiske venstresida, men ved å unnlata å kommentere banneret som kritiserte kuppet, så kunne det vere vanskelegare å kritisere Filmavisa for å vere partipolitisk unøytral.

Oppgjer med nazismen

I løpet av sine fyrste årgangar gav Filmavisa som vi allereie har sett ein brei omtale av den tyske fienden. Men hadde okkupasjonsmakta sitt særmerkte ideologiske grunnlag, nazismen, ein sentral plass i denne omtalen? Var det fyrst og fremst tyskarane nordmenn hadde kjempa mot under krigen, eller var det nazismen?

Det blei i liten grad referert til nazismen i Filmavisa, men det fantes enkelte døme. I det aller fyrste revyen kunne ein mellom anna sjå skilt med tysk påskrift bli sparka bort og eit portrett av Adolf Hitler bli trampa i sund, det heile blei kommentert slik: «Undertrykkelsens endeløse år er forbi. De forhatte bildene om nazistvelde i Norges hovedstad slettes ut med velrettede spark.» Vidare får publikum sjå at »Den tyske bokhandelen på Karl Johan fikk hard medfart. Tonnevis av nazipropaganda havnet på gaten og videre på søppelhaugen.» Nazismen som ideologi refererte Filmavisa indirekte til, ved at «nazipropaganda havnet på gaten», og at eit portrett av nazismens ubestridde leiar blei trampa sund. Totalitære ideologiar er undertrykkande, så referansen «nazivelde» og «undertrykkelsens endeløse år» då nordmenn levde under naziregimes, kan vere ein kommentar som blei knytt til nazismens ideologi. Men elles går Filmavisa i liten grad inn på det ideologiske innhaldet i nazismen. Det tyktes kanskje unødvendig ettersom nordmenn hadde erfart det gjennom fem års okkupasjon? Derimot blei nazismen knytt til okkupasjonsmakta sine misgjerningar, mellom anna ved massegravene på Håøya og Trandum: «Nazismens vanvittige voldsherredømme avsløres i disse dager i all sin gru. Overalt i landet oppdager man henrettelsesplasser og massegraver.»¹²⁶ Dette blei kopla til NS-folk, «landssvikfanger», som er vitne til «et ugjendrivelig bevis for nazismens barbari.» Det

¹²⁶ Revy nr. 06/1945/03.

blei også referert til andre som falt som «offer for naziveldet», mellom anna ved ei rekkje innslag som omhandla minnesmarkeringar over falne.¹²⁷

Eit sentralt punkt innanfor nazismens ideologi, var rasetekninga og mellom anna teorien om «overmenneske». Dette refererte Filmavisa til i sarkastiske ordelag i ein kommentar til Henry Rinnan som hadde fått ein blåveis kring eine auge: ”Og her har vi igjen denne motbydelige rotten som heter Rinnan. Det var slike overmennesker som skulle herske i det nazistiske paradiset.”¹²⁸ Kommentatoren peikte også på at ein fekk sjå «en del av de torturredskaper som har vært flittigst brukt av Rinnan og hans folk, og som nu fremleggest i retten som ugjendrivelige bevis for de ufattelige mishandlinger som disse mennesker på det mest brutale og kyniske måte har gjort seg skyldig i.»

Nazistane i Nasjonal Samling si sterke interesse for å vise til at partiet førte vidare ein kulturell arv frå norrøn tid blei også kommentert i innslaget «Nazistenes "Snorrebauta" fjernes». Denne bautaen blei avduka av statsråd Gulbrand Lunde den 23. september 1941, på 700-årsdagen for Snorres død.¹²⁹ Innslaget viste korleis Snorrebautaen i Slottsparken blei dregen over ende. Kommentaranne viste klart at det var oppfatta som illegitimt at nazistane hadde forsøkt på å «bemektige seg» denne kulturarva:

Snorrebautaen i Slottsparken fjernes. Altfor lenge har den stått der som et symbol på nazitidens forsøk på å bemektige seg en av våre store kulturberere. Noen pryde var såvisst heller ikke, den lange spisse steinen oppe på haugen. Nå er den altså ute av sagaen.

Ei form for oppgjær med nazismen kan ein til ein viss grad knytte til ein reportasje frå ein såkalla kulturkveld som blei arrangert under leiing av operasongaren Svein Bruun.¹³⁰ Kulturkvelden gjekk føre seg i Universitetets Aula, ein bygning som nokre motstandsmenn hadde satt fyr på den 28. november 1943. Då Bruun vitna i ei rettsak i 1949, vedgjekk han at han sjølv hadde vore ein av brannstiftarane. Men i 1946 var Bruun berre kjent som talentfull operasongar og initiativtakar til kulturkveldane:

Vi ser:	Vi høyrer:
Kari Rudi Fossum på langeleik. Song og dans til "Bendik og Årolilja" og "Sverddansen". Norsk lyrikk,	(norsk folkemusikk) «Under krigen ble det i Sverige arrangert en rekke såkalte Norske kulturkvelder for

¹²⁷ «På Nordre Skøyen utenfor Oslo ble det således forleden avduket et monument over de 24 patrioter, hjemmehørende på Bryn og Østensjø, som falt som offer for naziveldet.» (frå kommentaranne til revy nr. 44/1946/01). Sjå elles hovuddel tre «Minneproduksjon».

¹²⁸ Revy nr. 14/1945/09 (107 m).

¹²⁹ Revy nr. 28/1945/03 (14 m).

¹³⁰ I 1949 vitna Svein Wilhelm Bruun i saka mot Adolf Hoel som var blitt utnemnd til prorektor ved Universitetet i Oslo under krigen. Det blei då kjent at Bruun hadde vore med på brannstiftinga saman med tre unge menn som var knytt til den illegale avisa «London-Nytt». Aftenposten 18. mai 1949.

<p>dans, sang og musikk. Panorama over salen med publikum. Orkester og stort kor. Svein Bruun leiar allsongen.</p>	<p>våre flyktninger. Etterpå ble tanken tatt opp her hjemme med sangeren Svein Bruun som den drivende kraft. I samarbeide med Oslo kommune arrangerte han en rekke slike kvelder, og i høst har han reist land og strand rundt med denne nye og verdifulle form for underholdning. Her er vi i Universitetets aula, som var fylt til siste plass med en slik kulturkveld forleden. Dette er Kari Rudi Fossum som spiller gamle låter på langeleik. Ellers var sangdansene "Bendik og Årolilja" og "Sverddansen" et særlig festlig innslag i kvelden. Programmet omfattet for øvrig norsk lyrikk, sang, ikke minst allsang og musikk. For disse programmene er det hensikten og føre inn hos alle lag i folket som et ledd i den moralske og kulturelle gjenreisning. Her har vi det store felleskor på 250 mann som sang "Norge, mitt Norge" og "Norges fjell". Og til slutt presenterer vi Svein Brun selv, mens han leder allsangen.»</p>
--	---

Revy nr 49/1946//06 «Kulturkveld i Aulaen. Panorama over salen med publikum» (44 meter)

Dette kan tolkast som berre ein reportasje frå eit kulturelt arrangement med ein av landets mest kjende songerar. Men det kan også sjåast i samband med eit oppgjer med krigen, og «nazitidens forsøk på å bemektige»¹³¹ den nasjonale kulturarven som Filmavisa tidlegare hadde omtalt. Heilt sidan stiftinga av Nasjonal Samling hadde partiet lagt vekt på den ”nasjonale kulturarv”, og kor viktig det var å ta vare denne arven. Bondekultur, folkemusikk, folkedrakter og andre liknande kulturelle symbol som NS kunne finne på å knytte til den ”norske ætt” blei framelska av partiet. Denne linja blei ført vidare under krigen. Liknande kulturkveldar kunne like godt ha blitt arrangert under krigen med Quislingregimet si velsigning. Det ein var vitne til i Universitetets Aula var nok derfor ikkje ein redningsaksjon for norske folketradisjonar som stod i fare for å forsvinne. Derimot var det eit forsøk på å ta sentrale nasjonalkulturelle symbol tilbake til gode nordmenn, etter at dei var blitt forderva av nazistane. Det var ikkje berre tale om å gjenreise kulturlivet som hadde lidd under krigen, men det blir direkte knytt til ”den moralske gjenreising”, fri for nazistiske forsøk på påverknad.

I Filmavisa var nazismen elles lite omtalt, og ord som inneheld «nazi» var meir brukt som synonym til tyskarar, NS-folk og som eit generelt skjellsord. Trass i desse døma, så var det reflektert lite rundt nazismen som ideologi i Filmavisa. I reportasjar der tyskarar var involvert, utgjorde rolla som okkupasjonsmakt hovudvekta. Likevel fanst det, rett nok få, andre innslag som hadde andre vinklingar

¹³¹ Sjå ovanfor, revy nr 28/1945/03.

Hiltgunt Zassenhaus – eit symbol på eit anna Tyskland

I 1947 dekkja Filmavisa Hiltgunt Zassenhaus sitt besøk i Noreg.¹³² Zassenhaus kom frå ein familie som tidleg uttrykte opposisjon til nazi-regimet, noko som blant anna førte til at far hennar fekk avskjed som rektor ved ein skule i Hamburg i 1933. Hiltgunt Zassenhaus reiste til København, og var i 1938 ferdig utdanna filolog og tolk i dansk og norsk. Under krigen blei Zassenhaus gjeven ordre om å arbeide som tolk i tyske fengsel og tukthus, og kom på den måten i kontakt med mange nordmenn og danskar som sat i tysk fangenskap. Under dekke av å vere ein lojal nazist, men med fare for sitt eige liv prøvde Zassenhaus å hjelpe desse fangane, mellom anna ved å smugle inn medisin og andre nødvendigeheiter.¹³³ Etter krigen fortsatte Zassenhaus sitt humanitære arbeid og besøkte også Noreg fleire gongar.

I mai 1947 var ho invitert her til lands av Norges Røde Kors, mellom anna for å møte politiske fangar og deira pårørande. I møte med pressa uttalte Zassenhaus at ho representerte «det skjulte Tyskland», opposisjonen mot Hitler-regimet, og såg på invitasjonen som «en moralsk oppmuntring for alle demokratiske krefter i Tyskland.» Ho ba om norsk hjelp til å bygge opp det nye Tyskland, blant anna ved å peike at «demokrati utan brød er ingen enkel sak.»¹³⁴

I september same år heldt Zassenhaus føredrag i Studentersamfundet i Oslo der ho gjentok appellen om hjelp:

Dere spør meg om det fantes et skjult Tyskland, om der i dag finnes demokrater. Ja, det gjør, og de er så mange at Europa ikke kan neglisjere dem. Tyskere som sto sammen i motstand siden 1933 må gis ny tro, nytt håp og en ny chance, en chance til å komme i forståelse med demokratisk ungdom utenfor sitt eget land som førte den samme kamp som dem selv. Før krigen sto vi alene, vi som ytet motstand der nede, og i dag holder det samme på å skje. Derfor retter jeg en appell til alle aktive frihetskjemper om å rekke oss en toleransens og forståelsens hånd.¹³⁵

¹³² Revy nr. 21/1947/08 (25 meter).

¹³³ «Hiltgunt Zassenhaus har i ettertid blitt betegnet som "Tukthusfangenes engel". Men hun var noe langt mer en det. Hun var et av de mange levende bevisene for at selv etter mange år med naziregimets terror og ensretting, var det tyskere som torde ta standpunkt mot regimet - og leve opp til sitt standpunkt. Hun var en lysende representant for "det andre Tyskland". Artikkel om Hiltgunt Zassenhaus av Oddvar Schjølberg, henta frå http://www.aktive-fredsreiser.no/biblioteket/biografier/hiltgunt_zassenhaus.htm. Besøkt 16.09.2011.

¹³⁴ «Fra 1933 til 1945 ble tre millioner tyskere fengslet som motstandsfolk, sier hun, derav lever en kvart million i dag. Churchill kalte oss under krigen «de indre Allierte». Vi var stolte av det den gang, vi er stolte av det i dag, og vi håper at vi fremdeles kan regne med den moralske støtte at vi blir sett på som allierte. Vi trenger en utstrakt hånd fra Europas levende demokratier, om vi skal få kraft nok til den mentale gjenskapelse av Tyskland. Jeg forstår alle som hater Tyskland. Jeg betrakter ikke min egen innsats som annet enn et sonoffer for all den skyld Nazi-Tyskland i dag må bære.» Aftenposten 16. mai 1947. I same utgåve blei det annonsert at Presseklubben skulle arrangere eit møte den 19. mai kor Zassenhaus ønskte å møte sine vener blant politiske fangar og deira pårørande.

¹³⁵ Aftenposten 8. september 1947.

Filmavisa sitt innslag om Zassenhaus sitt besøk i mai 1947 har det dessverre ikkje vore muleg å oppspore i noko arkiv, og kunnskapen om at det eksisterer er basert på Norsk Film sitt arkiv over revyinnslag, der «Hiltgunt Zassenhaus kommer til Norge» er oppgjeve som det siste innslaget i revy nr. 21 i 1947. Korleis Zassenhaus blei framstilt i Filmavisa blir difor berre spekulasjonar. Fordi ein symbolsterk person som Zassenhaus i det heile var representert i Filmavisa, har eg likevel valt å ta dette innslaget i betraktning. Ettersom mange andre innslag tok utgangspunkt i ei norsk vinkling, kan det vere grunn til å tru at Zassenhaus sitt arbeid blant norske fangar under krigen blei nemnt i reportasjen. Dersom Zassenhaus sin appell om og grunngeving for hjelp til å bygge opp dei demokratiske kreftene i Tyskland også er tatt med, ville det bidra til å nyansere Filmavisas omtale av tyskarar, som i stor grad elles var eintydig negativ.

Under tysk fangenskap og terror

Krigen og okkupasjonen påførte Noreg mange tap, og rettsoppgjeret dreide seg mellom anna om at dei skuldige skulle bøte for den skade dei hadde gjort. Hausten 1945 gav Odd Aukrust og Petter Jakob Bjerve ut boka «Hva krigen kostet Norge».¹³⁶ I tillegg til å vise kva materielle kostnader landet var blitt påført, gav dei to sosialøkonomane ei oversikt over kor mange norske menneskeliv som var gått tapt som direkte følgje av krigen og okkupasjonen:

Kategori	Tal:
Falne under krigen i Noreg 1940	847
Falne militære i alliert teneste	ca. 1.200
Falne «frontkjemparar»	625
Omkomne ved krigsforlis	3392
Døde i tysk fangenskap	ca. 2.000
Avretta av tyskarane	ca. 368
Sivile døde ved krigsoperasjonar	ca. 1.000
I alt	ca.9.400

Tabell 3: Tapte norske menneskeliv som direkte følgje av krigen og okkupasjonen.

Desse tala er seinare blitt noko justert, men gjev likevel eit nokså rett bilde av kor mange norske menneskeliv som var gått tapt på grunn av krigshandlingar.¹³⁷ Krigens offer var ein viktig del

¹³⁶ «Hva krigen kostet Norge», Aukrust, Odd og Bjerve, Petter Jakob. Oslo 1945.

¹³⁷ Nøkleby, Berit 1996.

av legitimeringsgrunnlaget for rettsoppgjeret kor ein skulle forsøke å gjenopprette ei form for rettferdig balanse mellom brotsverk og straff.

Filmavisa omtalte krigens offer gjennom ei lang rekkje reportasjar. Denne omtalen spente alt i frå konkrete namn til «hundrevis av frihetskjemper». Dei tapte liv kunne ein ikkje få tilbake, men deira offer skulle heller ikkje vere forgjeves. Det var ikkje berre dei døde som blei omtalt som offer, dette gjaldt også dei som hadde vore i tysk fangenskap eller var blitt utsett for andre lidingar.

For Filmavisa stod truleg Grini i ei særstilling, etter som fleire i redaksjonen sjølve hadde vore fangar der i løpet av krigen. I dei fyrste hektiske frigjeringsdagane var Filmavisa på Grini og kommenterte fangane som sto oppstilt til sin siste appell: «Grini. Hvilken avgrunn av sorg og lidelser innebærer ikke dette navnet for titusener av norske familier. (...) dette arnested for umenneskelig råskap og grusomhet.»¹³⁸ Filmavisa knytta også Grini til andre fangeleirar, mellom anna Falstad, der ein fann «massegraver hvor hundrevis av frihetskjemper fra Norge og andre land ble skutt og gravlagt av Gestapo.»¹³⁹ Ved folketog under «Kongens hjemkomst» kommenterte Filmavisa at «fangene fra Grini og Bredtvedt i tusenvis og atter tusenvis,» til stades.¹⁴⁰



Frå Grini viste Filmavisa fangane oppstilt til den siste appell (revy nr 01/1945/07).

¹³⁸ Revy nr. 01/1945/07.

¹³⁹ Revy nr. 11/1945/03.

¹⁴⁰ Revy nr. 04/1945/05.

Kvinner var lite representert i Filmavisa, men i denne fyrste reportasjen frå Grini blei dei trekt fram som aktive deltakarar i kampen for eit fritt Noreg: «Men Grinis dystre historie kan også fortelle at Norges kvinner kjempet med i denne kampen. Fryktløse, sterke, ukuelige, stod de ved mennenes side, og gjorde sin ærerike innsats i fedrelandets skjebnear.» Ordvalet ”Norges kvinner” i ubestemt form fleirtal kan tyde på at kommentatoren ikkje berre hadde desse grinifangane som bilde viste i tankane, men meinte at også *alle* kvinner og menn som kjempa mot okkupasjonsmakta var heltar. Kvinnene lot seg ikkje undertrykke, og førte ein ærerik kamp mot ei mektig okkupasjonsmakt som gjorde at dei kunne vende heim med «helteglorien om sin panne.»¹⁴¹ Reportasjen blei avslutta med at publikum fekk sjå ein buss med fangar forlate Grini, og i neste klipp svinga bussen inn på plassen framfor Universitetets Aula, der ei stor jublande folkemengde tok dei i mot som heltar.

På denne måten knytte reportasjen eit uløyseleg band mellom ei offerrolle prega av sorg og lidning, og ei helterolle. Trass i denne heltestatusen, kan ein likevel stille spørsmål ved om Filmavisa vurderte kvinnes innsats på lik linje med mennenes motstandsarbeid, eller om dei berre var støttespelarar for sine menn.

I reportasjen «Grinibødlene for lagmannsretten» fekk publikum ein peikepinn på kva slags former for «umenneskelig råskap og grusomhet» som Filmavisa hevda fann stad på Grini.¹⁴² Ifølgje Filmavisa stod der fire tyske gestapistar tiltalt for å ha «brutalt tyrannisert og mishandlet sine vergeløse ofre på Grini.» Fleire av tilhøyrarane var tidlegare grinifangar som fekk «høre at deres plagånder endelig får sin velfortjente straff (...) Tre av Grinibødlene erkjente seg delvis skyldige.»¹⁴³

Frå 1941 til 1945 blei 19.788 fangar registrert på Grini, og majoriteten av desse var norske politiske fanger.¹⁴⁴ I desember 1945 arrangerte Norsk Folkehjelp ein festkveld for nokon av desse politiske fangane, og Filmavisa var til stades. Det gamle Grini-orkesteret stod for underhaldninga. Utsendingar frå Gøteborg var der også «for å kaste øket glans over den vakre gest denne Norges andre hovedstad har vist nettopp dem av oss som har lidd mest under krigen; våre politiske fanger.»¹⁴⁵ Ein av desse hadde også vore med å samle inn midlar til gåver som blei delt ut til dei politiske fangane denne kvelden. Ingrid Haugen var sjølv eit konkret døme på krigens offer, etter sitt fangenskap i Tyskland. Verken i denne eller i andre reportasjar blei

¹⁴¹ Revy nr. 01/1945/07.

¹⁴² Revy nr. 48/1946/07.

¹⁴³ Revy nr. 48/1946/07

¹⁴⁴ Norsk krigsleksikon (1995), artikkel om Grini fangeleir, signert Berit Nøkleby.

¹⁴⁵ Filmavisa 31/1945/06.

nokon av Grini-fangane namngjevne, og slik var det også ved reportasjar frå Falstad og andre fangeleirar.

Dei anonyme ofra var også representert i andre innslag. I «Gjenreisningen av Telavåg» viste Filmavisa korleis dette vesle bygdesamfunnet vest for Bergen forsøkte å reise seg etter krigen:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: I skipsleida inn til Telavåg, Hordaland. Fleire nyreiste naust, kaiene er utbetra.	Sekvens 1 (norsk nasjonalromantisk musikk):«Vi er vest i havet, i leden inn til Telavåg. Utenfor brøler brenningen, men innefor er det lunt og stille, og her ligger hus og sjønøst gjemt mellom bergrabbene. Denne innseilingen gir et godt inntrykk av at gjenreisningsarbeidet er kommet godt i gang her ute. Det er reist flere nøst langs stranden, og kaiene, som alle ble sprengt i stykker, er nå utbedret.
Sekvens 2: Ruinar innover på øya. Bryting av stein til nye grunnmurer.	Sekvens 2: Men innover øya er det fremdeles ruiner og atter ruiner, ikke stein tilbake på stein, så en må nok si at herrefolket gjorde grundig arbeide. Men Telvågingen har mot og vilje, dagen lang brytes stein til nye grunnmurer, og materialer bæres på plass.
Sekvens 3: Tyske krigsfangar i arbeid med på gjenoppbyggingen. Det fyrste våningshuset under bygging. Eigaren av huset, Ivar Arnesen.	Sekvens 3: Til hjelp med gjenoppbyggingen har stedets folk fått halvannet hundrede tyske krigsfanger. Her ser vi det første våningshuset under oppførelse. Selv om en ikke er tømmermann eller snekker av fag, må en selv ta fatt med øks og sag, hvis det skal bli til noe. Dette er den lykkelige eier av huset, Ivar Arnesen Televåg.
Sekvens 4: Kvinne set poteter i jorda.	Sekvens 4: Potetene skal i jorden. Det blir konen som må ta fatt her. Mannen døde i Tyskland, men livsmotet og arbeidsgleden kan ingen ta fra henne.»

Revy nr 19/1946/07 «Gjenreising av Telavåg» (47 meter)

Som ei form for kollektiv avstraffing, hadde tyskarane sendt alle menn mellom 17 og 60 år frå Telavåg til Sachsenhausen, og hadde brent alle hus i bygda. Reportasjen hadde tydelege referansar til desse hendingane, og publikum fekk sjå kor mykje som var lagt i ruinar. Likevel uttrykte Filmavisa optimisme, og uttrykte at gjenreisningsarbeidet var kome langt takka vere lokalbefolkninga sitt pågangsmot. Heilt i slutten av reportasjen fekk publikum sjå ei enke etter ein av dei som hadde blitt sendt til konsentrasjonsleir. I ei noko keitete formulering understreka Filmavisa at livet likevel måtte gå vidare, også for henne som hadde opplevd eit så stort offer. På denne måten gav Filmavisa ei førestelling om at Telavåg-samfunnet ikkje hadde latt seg knekke, trass i dei store ofra krigen hadde påført. Filmavisa hevda at takka vere ein ukuelege vilje hadde telavågingen stått oppreist i sin motstand mot tyskarane, og dette var ein eigenskap som også ville sikre gjenreisinga. På denne måten avrunda fekk innslaget ei optimistisk

avrunding, og framstilte Telavåg-samfunnet blei framstilt som eit føredøme for gjenreisingsarbeidet i resten av landet.



Filmavisa viste fyrst nærbilde av ruinane i Telavåg, og kommenterte det slik: «Men innover øya er det fremdeles ruiner og atter ruiner, ikke stein tilbake på stein, så en må nok si at herrefolket gjorde grundig arbeide.» (Revy nr. 19/1946/07).



Deretter skifta musikken til raskare takt, og Filmavisa viste ein mann som slår med slegge i takt med musikken: «Men Telvågingen har mot og vilje, dagen lang brytes stein til nye grunnmurer, og materialer bæres på plass.» Revy nr. 19/1946/07.

Enkelte av krigens offer stod fram med namn, slik som Arne Tømmerås som var blitt torturert av Rinnan-banden.¹⁴⁶ Andre gav berre krigens offer eit namnlaust ansikt, slik som tidlegare grini-fangar, ei enke frå Telavåg eller russiske krigsfangar. Ved frigjeringa av Noreg var det omlag 78.200 krigsfangar i Noreg. Om lag 75.000 frå Sovjet, 1.600 frå Polen og 1.600 krigsfangar frå Jugoslavia. Krigsfangane utførte slavearbeid for okkupasjonsmakta, og levde under svært kummerlege kår i fangeleirar. Sovjetiske krigsfangar fekk den dårlegaste behandlinga, og i løpet av krigen døydde minst 13.000 av dei.¹⁴⁷ Filmavisas publikum fekk eit sterkt inntrykk av denne brutale mishandlinga i reportasjen frå den russiske fangeleiren.¹⁴⁸ Russiske krigsfangar var også representert i fleire andre innslag våren 1945. Filmavisas publikum kunne sjå russiske krigsfangar få humanitær hjelp på Colosseum kino, ta del i ei russisk gravferd og fekk sjå frigjevne russiske krigsfangar forlate Noreg.¹⁴⁹ Reportasjene der det blir peikt på krigens offer viste ofte også okkupasjonsmaktas brutale framferd og «umennesklig grusomhet». Filmavisa viste til dei lidningane som ofra måtte halde ut, og dette kan forsterke bildet av ofra sin innsats som gjer at dei på mange måtar også blei framstilt som heltar.

Så langt i denne delen har vi retta merksemda kring Filmavisa si dekning av ulike sider ved rettsoppgjeret og opprydding etter krigen. Desse reportasjane kan også sjåast på som eit teikn på at demokratiet var i ferd med å bli re-etablert etter fem års diktatur. Det fyrste stortingsvalet på ni år blei gjennomført hausten 1945, og dette markerte ein viktig milestolpe i overgangen til demokratisk styresett. Filmavisa var til stades i Gamle Logens store sal for å følgje oppteljinga av stemmene ved valet i Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Listebærarar på gata, gjev stemmesetlar til forbipasserande, med bandoler med påskrift, Høgre, Det norske arbeiderparti, Kristelig Folkeparti.	Sekvens 1: (munter musikk) «Diktaturets tid er forbi. Det norske folk har fått igjen selvbestemmelsesretten og 8. oktober gikk vi til valgurnen for å kåre våre stortingsrepresentanter for kommende 4-årsperiode. Det lot ikke til at listebærerne hadde glemt overtalelsens kunst i fra gamle dager. Det var den rene tungetaleridyll utenfor de enkelte stemmelokaler. Man ble belesset av stemmesedler av alle politiske avskygninger, men i konvoluttene skulle det bare legges en.

¹⁴⁶ Sjå Reportasje fra den beryktede Rinnan-banden (14/1945/9).

¹⁴⁷ Artikkel om «Krigsfanger» i Norsk krigsleksikon (1995), signert Berit Nøkleby.

¹⁴⁸ Revy nr. 08/1945/03 «Russeleir i Finnmark» (17 meter)

¹⁴⁹ (03/1945/04) «Russisk begravelse», (05/1945/07) «Russiske krigsfanger forlater Norge», og (06/1945/07) «Russiske krigsfanger i Colosseum».

Sekvens 2: Inne i vallokale. Mann ved manntalsbenk. Fleire personar står ved lang rekke av manntalsbenkar. Kontroll for å sjå at veljarane står i manntalet.

Sekvens 3: Kvinne går inn i valavlukke. Kvinne legg stemmesetel i urne. Glimt frå oppteljinga i Den store salen i Gamle Logen. Valurne tømt utover stort bord. To kvinner i arbeide med oppteljinga. Valstyret med mellom anna disponent Stranger.

Sekvens 4: Aftenposten sitt valbarometer på husfasade. Glimt frå oppteljinga. Aftenposten sitt valbarometer.

Sekvens 2: Så måtte man gjøre det man var kommet for, nemlig å treffe det rette valg. Det ble særlig nøye kontrollert at man stod oppført i manntallet, for det er jo adskillig som ikke var funnet verdige til å stemme denne gang.

Sekvens 3: Stemmeboksene var blitt sterkt modernisert, det klarte seg med denne enkle lille innretningen. Og så kommer det høytidelige øyeblikket da stemmeseddelen blir lagt i urnen. Det var vel noe av en skjebnens ironi, at opptellingen i Oslo foregikk i det samme lokalet hvor Quisling for kort tid siden fikk sin dom. Det var i Logens store sal, hvor alt for øvrig fikk på høyst tradisjonell måte. Med et imponerende tellekorps som arbeidet under høytrykk fra tidlig morgen til langt på natt, mens valgstyret med disponent Stranger i spissen med opphøyet verdighet overvåket seremonien.

Sekvens 4: Avisene hadde naturligvis gjort store forberedelser til valget. Her er Aftenpostens valgbarometer hvor de forskjellige partier som iherdige fasadeklatrere. Slik var det i Logen, hvor de flittige telledamene tellet og tellet. Og de små mennene klatret etter som bunkene av stemmesedler vokste. Slik endte det første stortingsvalget etter krigen.»

Revy nr 22/1945/11 "Stortingsvalget 1945" (48 meter)



Kommentatoren understreka at det blei nøye sjekka at veljarane stod i manntalet (revy nr 22/1945/11).

Så var alt tilsynelatande som i gamle dagar, det vil seie før krigen. Diktaturet var over, kunne Filmavisa slå fast, og dei nye makthavarane skulle få sin demokratiske legitimitet. Stortingsvalet 1945 var både ei reell politisk handling og eit symbol på gjeninnføringa av det demokratiske styresettet. Leiaren i valstyret, disponent (og formann i Oslo Høgre) Rolf Stranger, stod som ein symbol på den verdige måten Filmavisa meinte valet var blitt gjennomført på. Dette var ei gledesstund for ”det norske folk”, og ”vi” kunne gå til valurna for å kåre ”våre” stortingsrepresentantar. Men, denne lyse augneblinken blei satt opp mot dei mørke kreftene som var blitt overvunne. I ein tone av understatement peikte Filmavisa på dei mange som var blitt frådømd stemmeretten. Desse er ikkje lenger fullverdige medlemmar av ”det norske folk”. At oppteljninga også føregjekk i same lokalet kor Quisling fekk dommen sin, understreka kontrasten mellom det gode og det vonde. Det kan vere desse poenga som Aftenposten sikta til i si anmelding av innslaget: ”Valgreportasjen hadde gode *poenger* (Aftenpostens uth.), men man savnet et kompleks av nærbilder som kunne gi føling av den intense spenning om hvor det syvende mandat ville havne.”¹⁵⁰ Det er forståeleg at Aftenposten hadde ankepunkt mot Filmavisas nokså overfladiske dekning av sjølve valresultatet generelt og for Oslo spesielt. Filmavisa hadde premiere fleire dagar etter at valresultatet var kjent, og det kan vere årsaka til at dette ikkje blei framheva i like stor grad som framstillinga av valet i seg sjølv som ei viktig hending for re-etableringa av demokratiet.

Rettsoppgjeret - Hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer

Viktige milestolpar i re-etableringa av demokratiet var eit underliggende tema i fleire av Filmavisas reportasjar, både før og etter denne valreportasjen. I så måte var rettsoppgjeret eit viktig ledd i denne demokratiseringa. Gjenreising av tilliten til Noreg som ein rettsstat var ei sentral politisk målsetjing, og styresmaktene måtte difor gjennomføre eit rettsleg oppgjer som både måtte vere legitimt, men også bli *oppfatta* som legitimt. Dette kravet gjaldt både med omsyn til at dei som verkeleg var skuldige i landssvik blei dømde passeleg strengt, og at den juridiske prosessen fylgde rettsstatlege prinsipp. Vi skal identifisere kva slags *tolkingsramme* Filmavisa plasserte rettsoppgjeret inn i innanfor det vi kan kalle ei *Landsvikframing* og ei *Tyskarframing*, som skjematisk kan framstillast slik:

¹⁵⁰ Aftenposten 16. oktober 1945.

Reasoning devices/Argumentasjon						Framing devices (selection)/Framing						
Frame	Problem definisjon	Tema	Årsak til problemet	Ansvar	Løysing	Moralsk grunnlag	Følelsmessig grunnlag	Kulturelt motiv	Metafor / stereotyp	Leksikalsk val	Visuelt bilde	Musikalsk bilde
Landssvikar-framing	Dei som stod på tysk side under krigen svikta landet	Korleis skal vi reagere på landssvik?	Landssvikaranes krigshandlingar, maktovertaking	Styres-maktene	Straffe landssvik ved å gjennomføre et rettsoppgjjer som er strengt og ein rettsstat verdig	Gjere det rette	Forakt, hemn, rettferd, skam, avsky, kyniske, framsto utan anger.	Det gode mot det vonde	Det gode mot det vonde. Mørke og lys.	«Et ugjengdrivelig bevis på nazistenes barbari». «Rettfærdighe-ten skjjer fyldest». «Degenerert» «Brautende»	Massegraver, Rinnan-banden og andre med alvorleg landssvik-tiltaler i rettsalen	dramatisk
Tyskarframing	Den tyske okkupasjo-nen	Kva skal vi gjere med tyskarane?	Tyskland sine krigshandlingar i Noreg.	Styres-maktene	Sende dei fort ut av landet	Det er det rette	Hemn, forakt. Hån og latterleggjering av tyskarane. Feige	Umennesk-lege	Barbar. Rengjø-ring «Herrefol ket»	«Nazismens vanvittige voldsbereddom me». Kyniske, umennesklike	Udisiplinerte, vandalisme, tortur, hånleg razzia	Dramatisk for å underbygge alvoret, men også sminter musikk for å latterleggjere

Figur 10: Rettsoppgjjeret, hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer, 1945 – 1949.

Filmavisa omtalte landssvik på fleire arenaer, blant anna gjennom reportasjar frå ulike rettssalar kor saker med alvorlege tiltaler skulle handsamast, og kor det mellom anna dreide seg om statskupp, høgforræderi og utstrakt bruk av tortur. Dette *utvalet* av rettsaker Filmavisa valde å dekke kan naturlegvis forklarast utifrå alminnelege nyheitskriterium, kor desse sakene blei vurdert som dei mest vesentlege og, for å låne Filmavisa sine eigne ord i Quislingsaka; sensasjonelle.

Filmavisa tok også publikum med til åstadar etter krigsbrotverk, blant anna ved massegraver der NS-medlemmar var blitt kommandert til å grave fram lik. Desse blei framstilt som landssvikarar som meir eller mindre var direkte medansvarlege for desse krigsbrotverka, saman med den tyske okkupasjo-nen. Filmavisa framstilte slike reportasjar og innslag kor ein rekonstruerte torturering av norske motstandsmenn som *synlege bevis* for ugjerningane som kommentatoren også *fortalde* om. Dette var også ein del av grunnlaget for det rettsoppgjjeret mot landssvikarane dreide seg om: Å straffe dei som var skuldige i at Noreg var blitt okkupert og dei ugjerningane som var blitt gjort gjennom fem år.

Krigen og fyrst og fremst *landssvik* var det sjølvstg det grunnleggande problemet som låg til grunn for at ein i det heile skulle ha eit rettsoppgjjer, og her blei tolkingsramma for rettsoppgjjeret avgrensa til dei som var *årsaka til problemet*; altså dei som hadde svikta landet sitt i ein kritisk situasjon. Dei som publikum fekk sjå på tiltalebenken, og dei som Filmavisa viste var satt til å opne massegraver var døme på landssvikarar. Men eit viktig spørsmål når ein skal vurdere korleis desse blei brukt innanfor landssvikframingen er om desse blei framstilt som *representative* for dei mange tusen som blei tiltalt for landssvik? Svaret på det er langt på veg nei, i alle fall når det gjeld reportasjene frå rettssakene. Både rettssakene mot Quisling, Rinnan-banden, Sundlo m.fl var framstilt som nokså særmerkte i rettsoppgjjer-samanheng. Ei noko anna framstilling kan ein derimot spore i reportasjene der vi fekk sjå *anonyme* NS-folk var satt til å

grave opp lik, noko som til ein viss grad kan tolkast som at desse vi fekk sjå var representative for NS-medlemmar og landssvikarar.

Men fordi Filmavisa retta merksemda kring dei mest alvorlege formene for landssvik, var det andre former for «utilbørleg» samarbeid med okkupasjonsmakta som forblei i mørkre. Der var til dømes ingen reportasjar om dei 100.000 til 200.000 nordmenn som hadde utført arbeid for tyskarane, og heller ingen innslag om dei som hadde tent gode pengar på handel med okkupasjonsmakta. Filmavisa identifiserte ikkje desse gruppene som ein del av landssvikframingen. Sjølv om fleire både dengong og seinare har stilt spørsmål ved om ikkje fleire av desse hadde gjort seg skuldige i brotsverk som var minst like alvorleg som eit menig medlemsskap i NS, så skjedde det berre unntaksvis at tyskararbeid blei vurdert strafferettsleg under rettsoppgjeret.¹⁵¹

Vi har sett at Filmavisa framstilte det rettslege oppgjeret som den rette løysinga på kva ein skulle gjere med landssviket og landssvikarane, og som ein prosess som tilfredstilte juridiske krav. Filmavisa hevda endåtil at saka mot Quisling var blitt ført på ein måte som omverda beundra, og at andre saker blei også gjennomført på ein måte som var ein rettsstat verdig. I dei fleste av rettssakene Filmavisa dekte, var det også ei aktuell problemstilling for retten om den skulle ta i bruk den gjeninnførte dødstraffa. Filmavisa gav uttrykk for at dei alle truleg var skuldige i høve tiltalen, i nokre tilfelle også før rettssaka starta, og at dei strenge straffeutmålingane var både rimeleg og rettferdig. Dette kan ein også sjå i samanheng med korleis ho framstilte dei alvorlege brotsverka dei tiltalte var anklaga for. Framståande NS-medlemmar blei knytt til brutale drap på motstandsfolk under krigen, og kor lika var blitt respektlaust lagt i massegraver som Filmavisas publikum var vitne til bli opna. I andre saker blei det også referert til og demonstrert ulike former for tortur. I frå Grini og andre fangeleirar kunne publikum sjå krigens offer. Slike reportasjar hadde to funksjonar; «gode nordmenn» skulle få bevis for illgjerningane som okkupasjonsmakta og deira medløpararar var ansvarlege for, og NS-folk skulle ikkje kunne ha mulegheit til å fornekte dei grusome brotsverka dei direkte eller indirekte hadde vore med å støtta.

Gav Filmavisa noko *forklaring* på korleis så mange mange svikte landet sitt og i så stor grad slutte opp om den nazistiske ideologien? Etter 1945 forsøkte ei lang rekke vitskapsfolk, forfattarar og andre å finne svar på dette kompliserte spørsmålet. Var det berre rein og skjer opportuniste blant dei som ville sikre si eiga karriere og økonomi ved å satse på den som lenge såg til å vinne krigen, eller kunne ein finne svaret blant meir grunnleggande årsaker? Fleire tok

¹⁵¹ Sjå Dahl 20:2005 i Dahl og Sørensen, 2005. Sjå også Dag Ellingsen 1993.

i bruk psykologi for å finne ei forklaring på oppslutnaden til nazismen.¹⁵² Til ein viss grad blei det også brukt såkalla mentalundersøkingar i enkelte landssviksaker, men også mot «tyskertøser.» I ein tale til sjukepleiarkongressen i august 1946 hevda statsråd Aaslaug Aasland at: «Hvis vi hadde hatt en bedre åndssvakeforsorg, så hadde vi ikke hatt så mange medlemmer av NS».¹⁵³ Dette utsegnet synest ikkje å ha vekt debatt, noko som kan tyde på at dette ikkje var ei særleg omstridd førestelling i si samtid.

Filmavisa si forklaring på dette vanskelege spørsmålet gav også ei førestelling om at det verkeleg var noko grunnleggande galt med desse som svikta landet sitt og sine landsmenn. I saka mot Rinnan-banden blei fleire av dei tiltalte framstilt med typiske psykopatiske trekk - som løgnaktige, kjenslekalde, kyniske og utan anger.¹⁵⁴ Filmavisa meir enn antyda at enkelte medlemmar av banden var i mental ubalanse, og det blei påstått at Rinnan var degenerert. I dei fleste reportasjane om Quisling var Filmavisa noko meir atterhalden i sine eksplisitte karakteristikkar, men i enkelte innslag blei han framstilt som verkelegheitsfjern og stormannsgal. Vi veit også, utan at dette blei referert til i Filmavisa, at Quisling si hjerne blei undersøkt i eit forsøk på å finne ut om ein hjernesvulst kunne vere årsaka til hans handlingar under krigen.¹⁵⁵ Liknande hjerne-undersøkingar skal også ha blitt gjort mot enkelte frontkjemparar.¹⁵⁶

Ei gruppe som etter krigen blei utsatt for eit utanom-rettsleg oppgjær for det som blei karakterisert som eit «seksuelt landssvik» var dei såkalla «tyskertøsene». Avisspaltane var fylt med påstandar om at desse var mindre begava og seksuelt abnorme, noko som skulle vere ei forklaring på korfor dei hadde innlete seg med fienden. I Filmavisa sin reportasje frå interneringsleiren på Hovedøya blei ei slik framstilling av desse kvinnene indirekte stadfesta. Kommentaranane slo fast at svært mange av kvinnene hadde kjønnsjukdomar, noko som for mange kunne tolkast som eit resultat av at desse kvinnene verkeleg var seksuelt abnorme.

Til denne landssvikframingen var det også knytt ulike *moralske vurderingar* kor Filmavisa levna liten tvil om at den rettslege prosessen også samsvarte med det som var moralsk rett å gjere. Den hadde også ein *kjenslemessig basis* kor Filmavisa mellom anna hevda at

¹⁵² Forfattern Sigurd Hoel forsøkte å finne ei forklaring på oppslutnaden om nazismen i boka «Møte ved milepelen» (1947), inspirert av psykologen Wilhelm Reich sine teoriar. Professor Gabriel Langfeldt, mellom anna kjent som sakkunnig i saka mot Knut Hamsun, undersøkte visse typer landssvikarar, og skal ha funne at mange kunne bli definert som psykopatar. Asbjørn Jaklin (2011:219)

¹⁵³ Aftenposten 6. august 1946.

¹⁵⁴ I boka «De dødsdømte» (2011) drøftar Asbjørn Jaklin dei 25 norske statsborgarane som blei dømde til døden i eit psykologisk perspektiv.

¹⁵⁵ Sjø Ingar O. Skalpe «Undersøkelsen av Quislings hjerne» i Tidsskrift for den Norske Legeforening 2004; 124:3239 – 41. Sjø også Dahl HF: «Quislings hjerne». Dagbladet 4.2.2005.

¹⁵⁶ Inger C Stridsklev «Quisling» Tidsskriftet for den Norske Legeforening 2005; 125:1539.

Quisling hadde påført *skam* over det norske folk. Reportasjene om Rinnan-banden er prega av *avsky* retta mot dei tiltalte, som Filmavisa framstilte på ein måte som gjorde at dei framstod utan *anger*. Tvertom ser det ut som fleire av bandemedlemmane er stolte over kva dei har gjort. Alle desse kjenslene kan nok grunnkje ei ønskje om hemn, eller i alle fall ei streng straff.

På mange måtar blei dette framstilt som ein klassisk kamp mellom «det gode» og «det vonde». I denne kampen representerte «Vi» som til slutt vann krigen dei gode kreftene, mens landssvikarane satt på tiltalebenken, viss ansikt «lyste av ondskap.» Dette var lysets seier over mørkre, og kor fokuset var retta mot dei vonde. Filmavisa latterleggjorde dei som under krigen hadde tilrive seg makta og som no stod for retten, og omtalte dei i sarkastiske ordelag. Filmavisa slo fast gong etter gang at rettsprossessen var rettferdig ved at «rettferdigheten skjer fyldest».

Det gjennomgåande visuelle bilde som var karakteristisk for landssvikframingen var henta frå rettssalane kor dei fekk sin dom. Men også bilde som Filmavisa heldt fram som *bevis* for ugjerningane, var ein viktig del av denne framingen, både frå opning av massegraver og rekonstruksjon av tortur. Det musikalske bilde understreka stemninga i reportasjene og rettsoppgeret som ei dramatisk og skjellsetjande hending i norsk historie.

Det blei med andre ord teikna eit svært negativt bilde av NS og andre som på ulikt vis hadde svikta landet. Mykje av det same kan seiast om Filmavisas framstilling av den tyske okkupasjonsmakta, som jo var den utløysande faktoren for at ein i det heile hadde eit rettsoppger. I *Tyskarframingen* var det dei som representerte dei vonde kreftene som var ansvarlege for «nazismens voldsheredømme» gjennom fem år, anten det var Gestapo eller allminnelege tyske soldatar. Å få tyskarane ut av landet så fort som råd, var løysinga som blei ofte framheva av Filmavisa, både i ord og bilde. I fleire reportasjar blei dei omtalt som «herrefolket» som ein sarkastisk referanse til nazistanes raseideologi. For kontrasten mellom denne ideologiens påstand om at dei tilhørde i høgareståande «herrefolk» og måten allminnelege tyske soldatar blei framstilt på var stor: Dei var feige, slumsete og brutale, eller sagt med Filmavisas ord - dei var som lavareståande «barbarar.» I tillegg blei enkelte av dei høgare tyske offiserane blei framstilt som kalde og kyniske; kort sagt «umenneskelege». Utifrå ei slik førestelling av okkupasjonsmakta var det heller ikkje uventa at enkelte mineryddingsreportasjar ymta om at tyskarane sine liv sletts ikkje hadde like stor verdi som andre.

Den *kjenslemessige basisen* er gjennomgåande prega av hemn, hån og latterleggjering, som ein tydelegast kan sjå i innslag kor ei anonym masse av tyske soldatar blei tvunge til ulike former for opprydding, eller gjennom meir eller mindre fornedrande *razzia*. Det *visuelle bilde* som underbygger denne tolkingsramma var på mange måtar ei paradering av bevis for

ugjerningar som okkupasjonsmakta hadde gjort. Tjuvgods på Furulund og lastebilkolonner med øydelagde radioapparat nedover landets paradegate kan samtidig også tolkast som ei form for triumfering over at «gode nordmenn» no hadde vunne kontrollen. Ansiktet av Oscar Hans, omtalt som «bøddelen», og opninga av massegraver var også ein sentral del av dette visuelle bildet. Det *musikalske bilde* underbygde steminga i slike alvorlege og sorgtunge reportasjar, mens munter musikk auka latterleggjeringa av tyske soldatar på ufrivillig springmarsj nattestid.

Filmavisa kopla tyskarane med NS-folk, som spelte den skammelege rolla som okkupasjonsmakta sine «lakeiar» innanfor landssvikframingen. Filmavisa omtalte NS-folk i forakt, viste fram massegraver, torturinstrument og andre former for det ho framstilte som bevis for brutalitet og umennesklege handlingar dei var ansvarleg for. Det er grunn til å tru at dei sterke bilda som blei vist i desse reportasjane kunne påverke opinionen i retning av å ønskje eit strengt oppgjær. Jon Elster peikte på fleire faktorar som kunne styrke kravet om hemn ved eit overgangsoppgjær, blant anna kor grove brotsverka var og overgrepa sitt absolutte og relative omfang. Elster la også vekt på at utbreiing om kunnskap om overgrepa styrka kravet om hemn. I så måte fekk truleg Filmavisa hemntanken til å flamme opp, ikkje berre gjennom bruken av sterke bilde frå ulike krigsbroverk, men også hennar fordømmende ord om av okkupanten og «landssvikarane».

Elster peikte også på at dersom ein i eit overgangsoppgjær kunne identifisere seg med ofra, kunne også det styrke tanken om hemn. Filmavisas framstilling av krigens offer var i stor grad knytt til dei som anten var fengsla i fangeleirar, torturert eller drept. Dette var ikkje det ein kalla passive offer, men nordmenn som hadde ytt motstand mot regimet. Det er grunn til å tru at Filmavisa sitt publikum i stor grad identifiserte seg med denne gruppa av krigens offer. Ikkje berre som pårørande, eller at ein elles kjente til nokon som hadde lidd same skjebne, men også ved at mange truleg hadde kjennskap til nokon av dei som hadde vore på den andre sida, i okkupasjonsmaktas teneste. Korleis blei minne etter krigens offer framstilt i Filmavisa blir eit sentralt spørsmål i neste hovuddel.

Del 3: Minneproduksjon

Som vi såg i den fyrste hovuddelen utgjorde innslaga om minneproduksjonen etter krigen ein stor del av Filmavisa sine reportasjar i åra 1945 – 1949. Vi skal i denne hovuddelen analysere korleis det som hende under krigen blei framstilt i Filmavisa. Dette vil i fyrste rekkje gjelde reportasjar som er knytt til ulike former for minneseremoniar etter dei som blei drept under krigen. Filmavisa hadde mange innslag som fell under denne kategorien. Ein sentral del av analysen vil difor vere identifisere om det er *ulike grupper* av krigens offer som er utgangspunktet for desse seremoniane, og i kva grad vi kan finne *likheitstrekk* ved desse reportasjane.

I tillegg til dei mange innslaga som dreier seg om minneseremoniar er det også fleire andre reportasjar kor Filmavisa fortalte om kva som skjedde under krigen som årsak til at *denne* brente byen skulle gjenoppbyggast, *denne* saboterte brua skulle reparerast eller liknande. Kva var Filmavisa tolkingsrammer for si forteljing om krigen?

Gravferder og avduking av minnesmerke

Billedhoggarane hadde travle tider i dei fyrste etterkrigsåra. «Hele landet over reiser det i denne tid minnesteiner, som skal holde levende for oss erindringen om dem som ga sitt liv i kampen for frihet og fred,» rapporterte Filmavisa i ein reportasje frå hausten 1946.¹ Minneskrift var som regel hogd inn i stein, og det var ikkje noko tilfeldig valt materiale: Det skulle vare, minnet etter dei avlidne skulle leve vidare for dei komande generasjonar. Det blei reist mange monument til minne om dei som døydde som følge av krigshandlingar, men noko fullstendig nasjonal oversikt over alle desse krigsmonumenta finst ikkje. Derimot veit vi at Filmavisa i frå mai 1945 til mai 1949 viste avdukinga av ei lang rekkje krigsmonument. Avdukinga av slike minnesmerke passa godt til Filmavisa sine tekniske avgrensingar. Sjølv hendinga var meldt på førehand, og det som skulle skje var enkelt koreografert og lett å fange opp for kamera. Dessutan var ofte kongefamilien eller andre prominente personar til stades, slik at nyheitskriterium som «vesentleg» og «interessant» også kunne seiast å vere oppfylt. I tillegg til reportasjar kring avdukingar av minnesmerke, var det også fleire andre innslag der minneseremoniar etter hendingar under krigen var eit sentralt element. Dette gjeld til dømes

¹ Filmavisa 44/1946/01 «Kronprinsen avduker minnesmerke over 24 falne på Nordre Skøyen».

ein reportasjen som viste då destroyeren «Arendal» kom til Oslo. Den hadde med seg 400 urner med aske av nordmenn som døyddde i England under krigen.²

Avdukingar av minnesteinar og andre minnehøgtider etter krigens offer utgjorde difor ein relativt stor del av Filmavisa sine reportasjar. Men kva var det ein skulle minnest? Kven var desse som i følgje Filmavisa «ga sitt liv i kampen for frihet og fred»? Kva slags tolkingsramme gav Filmavisa med omsyn til kven dei avlidne var, kva verdiar dei hadde døydd for, og kva skulle deira offer bety for dei komande generasjonane? Ein nærmare analyse av ein utvalt del av dei relativt mange reportasjane frå slike minnehøgtider kan bidra til å gje svar på desse og andre nærliggande spørsmål.

Reportasjane kring slike minnehøgtider var ein sentral del av Filmavisa si forteljing om krigen. Filmavisa sin produksjon og formidling av minner frå krigen var også ein del av minneproduksjonen som foregjeikk i ei lang rekkje medium dei fyrste etterkrigsåra, til dømes gjennom bøker og filmar. Det er sjølvsagt vanskeleg på peike på fellestrekk ved denne minneproduksjonen utan ei større komparativ undersøking, noko som fell utanfor ramma for denne avhandlinga. Likevel bør vi forsøke å setje Filmavisa sine innslag inn i eit vidare perspektiv i høve til korleis dei som døyddde på grunn av krigen blei omtalt. Det store minneskriftet «Våre falne» (1949) kan gje oss ein peikepinn på kva ein frå mellom anna sentralt politisk hald meinte burde vere sentrale føremål ved ein slik minneproduksjon i dei fyrste etterkrigsåra.³

«Føremål» er her skriven i ubestemt fleirtal, fordi det kunne vere mange ulike føremål. Forfattarane av boka «Våre Falne» blei gjeve i oppdrag av regjeringa i 1945 om «å utgi et minneskrift om dem som falt eller omkom på grunn av krigen.» Det blei nedsatt ein redaksjonskomité av representantar for Stortingets presidentskap, Forsvarsdepartementet, handelsdepartementet, Sosialdepartementet og Universitetet i Oslo. Komitéen valde statsråd Aaslaug Aasland i Sosialdepartementet til leiar. Minneskriftet skulle innehaldet korte biografiar med bilde av dei falne og dessutan «oversikter over den norske innsats på de viktigste kampområder.» Då samleverket var ferdig, inneheldt det biografiar om ca. 11.000 nordmenn der krigshandlingar var årsaka eller ei viktig medverkande årsak til at dei døyddde.»⁴

² «400 urner med aske av nordmenn kommer til Norge» (19/1945/07).

³ «Det er et vakkert og statelig (sic) monument den norske stat reiser for våre falne med dette verk.» skreiv Aftenposten då fyrste band blei utgjeve i 1949. Aftenposten 13. desember 1949.

⁴ Under arbeidet dukka det opp tilfelle der det var vanskeleg å avgjere om den døde skulle takast med i minneskriftet eller ikkje: «Det ville være både vanskelig og lite tiltalende for å forsøke å gjennomføre en snever definisjon av begrepet «De Falne». Redaksjonskomitéen har slått fast som en alminnelig retningslinje at alle som døde under krigen, skal være med, for så vidt som krigshandlinger var årsaken eller en vesentlig medvirkende

Otto Lous Mohr, professor og tidlegare Grini-fange,⁵ skreiv i førordet at føremålet ved samleverket var å vise «en stolt takknemlighet mot disse våre landsmenn som foretrakk lidelser og død forat ikke vold og løgner skulle herske iblant oss.» Dei som overlevde krigen hadde også ei plikt til «å føre deres livsgjerning videre», skreiv Mohr, og sjølv om tida som gjekk kunne tilsløre enkelte hendingar, så «skal minnet om det enkelte menneskes offerdød for Norge alltid holdes levende og varmt. Heri ligger dette samleverks idé, i pakt med den respekt for menneskeliv og menneskeverd som er all virkelig kulturs særkjenne.»

Mohr gjev også ei tolkningsramme for korleis dei 11.000 biografiane burde bli lest og forstått. Dei avlidne hadde utvist «edel troskap og manns mot» og ofra livet sitt «av kjærlyghet til vårt elskede land (...)» I følgje Mohr var dette eit *bevisst* val, ved at dei «foretrakk lidelser og død for at ikke vold og løgner skulle herske iblant oss». Mohr gav med andre ord lite rom for andre tolkingar og mindre heroiske forklaringar, til dømes om nokon av dei avlidne døde rett og slett fordi dei var på feil stad til feil tid.

Mohr meinte at biografiane måtte bli sett i lys av kven dei hadde kjempa i mot. Ein hadde sloss most sjølvve vondskapen, som gjennom sine «gemene og nederdrektige» kampmiddel som tortur og konsentrasjonsleirar hadde vist sin «kyniske forakt for menneskeverd og menneskeliv». Mot slike vonde krefter kunne ein aldri vere forsonlege, for då ville ein svikte alle dei som hadde døydd for fedrelandet, meinte Mohr. Difor var det også viktig at ein aldri gløynde krigens offer og heltar, mellom anna «våre sjømenn– de som «følte hvor de fór, at landets lykke var ombord» - hvor gemene og nederdrektige var ikke de kampmidler som de rolig – som en selvfølge – stadig på ny trosset!»⁶

Mohr satte dei som falt under krigen inn i ei heroisk tolkningsramme, og dette berører også eit anna føremål ved dette samleverket; ein skulle også halde i hevd eit minne om *motstand* mot okkupasjonsmakta. Chr. A. R. Christensen var ein av redaktørane for «Våre falne.» Han kom tidleg med i det organiserte motstandsarbeidet under andre verdskrigen, og då det fyrste hemmelege råd blei oppretta på seinsommaren 1940 fekk Christensen ansvaret for opplysnings- og propagandaarbeidet. Christensen hadde også eit kortare fangenskap på Grini i 1943.⁷ I det innleiande kapitlet under tittelen «Heimefronten» skreiv Christensen om korleis motstandsarbeidet på norsk jord mot okkupasjonsmakta blei til.» Etter ein famlande fyrste fase,

årsak til deres død.» Førord av Otto Lous Mohr på vegner av Redaksjonskomitéen, «Våre Falne» 1-3:1949, fyrste band.

⁵ Otto Lous Mohr var seks månader i fangenskap på Grini. Artikkel om Otto Lous Mohr. i Store norske leksikon. Henta frå www.snl.no/nbl_biografi/Otto_Lous_Mohr/utdypning (Sett 28.02.2012)

⁶ «Våre Falne», band 1. 6:1949.

⁷ Artikkel om Chr. A. R. Christensen i Store norske leksikon.

reagerte nordmenn flest instinktivt med eit ønskje om å gjere motstand, hevda Christensen. Ein sta vilje til ikkje å la seg bøye og kjensla av at kvar enkelt hadde eit ansvar og ei plikt var eit karakteristisk trekk ved motstandsørsla under heile okkupasjonen, meinte Christensen.⁸ Han hevda at motstandsarbeidet i denne fyrste perioden var famlande og prega av planløyse, og nokon «front» var enno ikkje skapt før tyskarane pressa på for å avsetje Kongen gjennom riksrådsforhandlingane.⁹ Christensen hoppa over sjølv forløpet i riksrådsforhandlingane, som var eit ømtåleleg og omstridd tema både i den umiddelbare etterkrigstida og i norsk krigshistorie, og konsentrerte i staden seg om kva følgjer tyskarane sin nazifiseringspolitikk skapte. Christensen hevda at Kongen var landets mest respekterte mann, og meinte at forsøket på å avsetje han og erstatte han med Quisling skapte klare skiljelinjer. Christensen påsto at det låg i nordmenn flest sin natur å reagere instinktivt med motstand mot okkupantane.¹⁰ På den andre sida av skiljelinjene fann ein dei som slutta opp om NS, og desse var det i utgangspunktet noko galt med meinte Christensen:

På den ene side strømmet til N.S. de svake og moralsk mindreværdige, streberne, opportunistene, psykopatene og forbryterne (og også en del forvirrede, velmenende folk som senere trakk seg ut igjen) – på den annen side hardnet kampviljen og det ble klarere hva striden gjaldt. For dem som ikke fra før kjente den tyske og internasjonale nazisme, ble det en nyttig anskuelsesundervisning å se hvem det var av norskfødte kvinner og menn som støttet den, og hvordan de gjorde det, å se dumheten, korrupsjonen og forråelsen.¹¹

Christensen understreka likevel at dei som slutta opp om nazismen var få i høve til den breie motstanden mot okkupasjonsmakta. Det danna seg etter kvart ein «front» der haldninga var at ein ikkje skulle ha noko med okkupasjonsmakta og quislingregimet å gjere. Christensen trakk fram læraraksjonen, Kyrkjias si avvisande haldning til nazismen, og idrettens boikott av «nyordninga» som viktige uttrykk for denne haldninga.¹² I tillegg hadde Høgsterett si

⁸ Våre Falne, band 3. 1949:3-4.

⁹ Våre Falne, band 3. 1949:6. Som vararepresentant til Stortinget for Venstre møtte Christensen opp under riksrådsforhandlingane som gjekk føre seg mellom Stortingets presidentskap og dei tyske okkupasjonsstyresmaktene mellom 13. juni og 18. september 1940

¹⁰ «Og hvordan så forhandlingene forløp, var resultatet iallefall i høyeste grad egnet til å skape klare linjer. Ikke bare «avsatte» tyskerne landets meste avholdte og høyest respekterte mann, Kongen; de innsatte også den mest forhatte og foraktede av alle, Quisling. Det var et slag i ansiktet på det folk som skulle «vinnes for nasjonalsosialismen.» I løpet av de nærmest følgende månedene ble da også skillelinjene trukket tydelig opp.» Våre Falne, band 3. 1949:7-8.

¹¹ Våre Falne, band 3. 1949:8.

¹² «[idrettens boikott] som fikk nesten hundre prosent tilslutning blant 300.000 medlemmer, og som ble opprettholdt like til krigens slutt, tross alle løfter og trusler. (...) Det ble jo om ikke lenge krevd langt større innsats og offer enn dette å la være å delta i stevner, og idrettsungdommem kom bl.a. til å spille en meget framskutt rolle ved oppbyggingen av Mil.org. Men en skal ikke undervurdere hva det betydde at konkurranseidretten i Norge offisielt ble lagt død i protest på dette meget tidlige tidspunkt. Det var en gest som virket sterkt og hadde stor betydning for holdningskampen, ikke minst naturligvis for all ungdom.» Våre Falne, band 3. 1949:13.

nedlegging av verva sine hausten 1940 stor innverknad på motstandskampen, meinte Christensen.¹³

Samleverket «Våre Falne» satte med andre ord krigen inn i ei bestemt tolkingsramme kor ein framstilte motstanden mot okkupasjonsmakta og NS-regimet som ein brei «front» som det store fleirtalet av nordmenn stilte seg bak, både gjennom ulike profesjonar og organisasjonar, men også som individ. Denne massive motstandskampen var også årsaka til at fleire tusen nordmenn døydde. Føremålet med «Våre Falne» var altså å dokumentere og forklare korfor dei 11.000 døydde, og bidra til å halde minnet etter dei levande. Mohr meinte at nordmenn skulle heidre minnet, og i dette låg det også ei *plikt* til å halde fram kampen for eit fritt og gjenreist Noreg.

Vi har no skissert korleis dette nasjonale minnesverket omtalte krigens offer og kampen mot okkupasjonsmakta. Dette kan danne eit referansepunkt for den vidare analysen av Filmavisa der vi skal forsøke å gje eit svar på kva slags tolkingsramme vi kan identifisere i reportasjar der minnet frå krigen er eit sentralt element. Dette gjeld i fyrste rekkje reportasjar knytt til minneseremoniar, og med utgangspunkt i framingteori skal vi analysere innslaga for å forsøke å gje svar på ei rekkje spørsmål: Kven var dei falne, og kva hendingar frå krigens dagar var knytt til dei som skulle minnast? Korleis blei desse hendingane referert til under seremonien, både verbalt og visuelt? Kven og kva representerte dei som heldt tale under seremoniane, og kva valde Filmavisa å sitere? Kvar fann minneseremonien stad, og hadde det symbolsk tyding? Sjølv om det var relativt mange reportasjar frå slike minnehøgtider, hadde Filmavisa sjølv sagt berre kapasitet til å dekke ein utvald del av dei mange minneseremoniane som gjekk føre seg rundt om i landet. Det vil difor vere interessant om vi kan avdekke eit mønster i dette utvalet, om det var særskilde hendingar under krigen som var knytt til minneseremoniane eller liknande. Ein nærmare analyse av reportasjar frå slike minnehøgtider skal bidra til å gje svar på desse og andre nærliggande spørsmål.

Hansteen og Wickstrøm – offer og heltar

Dei to fagforeingsmennene Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm blei avretta i september 1941 av tyskarane. Denne hendinga refererte Filmavisa til i fleire reportasjar, men i fyrste omgong skal vi nøye oss med å sjå nærare på to av desse innslaga. Bakgrunnen for hendinga var følgjande: Viggo Hansteen (1900 - 1941) hadde i sin vore ungdom medlem av Mot Dag og

¹³ Våre Falne, band 3. 1949:16-17.

NKP. Frå 1935 var han LOs juridiske konsulent. Hansteen fekk ei sentral rolle i LO då tyskarane utpeikte Jens Tangen til å bli LO- formann 28. september 1940. LOs linje blei i det skjulte utpensla av Hansteen og gjekk ut på å motarbeide alle forsøk frå NS si side på å overta fagrørsla, men elles tilpasse seg den tyske okkupasjonsmakta for å bevare fagorganisasjonen på egne hender. Tyskarane blei etter kvart klar over Hansteen si sentrale rolle i LO. I samband med den såkalla Melkestreiken den 8. og 9. september 1941 og innføringa av unntakstilstanden i Oslo den 10. september 1941 gjekk tyskarane til aksjon mot fagrørsla. Tidleg om morgonen den 10. september blei Hansteen, Tangen og forbundsformann Larsson i Jern- og metallforbundet arrestert. Også klubbformann ved jarnbedrifta Skabo i Oslo, Rolf Wickstrøm (1912 – 1941), blei arrestert. Wickstrøm hadde 1. mai same året stått i spissen for nedlegginga av arbeidet på Skabo, noko bedrifta sin direktør hadde rapportert til Gestapo. Etter en summarisk standrett blei Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm avretta om ettermiddagen same dagen som unntakstilstanden blei innført.¹⁴

I minnesverket «Våre falne» (1949) karakteriserte redaktør Chr. A. R. Christensen avrettinga av Hansteen og Wickstrøm som eit vendepunkt i motstandskampen mot tyskarane:

Begivenhetene gjorde et voldsomt inntrykk på befolkningen. Det var ikke første gang tyskerne eksekverte dødsdommer, men det var første gang de brukte dette ytterste middel overfor andre enn folk som var anklaget for spionasje eller andre ting som i følge folkeretten kan straffes med døden. Dette var mord. (...) I første omgang virket det lammende: at slikt kunne skje i Norge! Det var med ett kommet en annen tone av alvor og uhygge over kampen, og i neste omgang førte det til at motstandsviljen hardnet, at forbitrelsen vokste. (...) Tyskerne hadde latt masken falle, de representerte nå åpent den brutale maktanvendelse. Derfor var tiden også forbi for den åpne politiskjuridiske kampform vi tidligere hadde brukt. Den kostet for store ofre, og det var tydelig at den ikke lenger hadde noen hensikt. Folket *var* vekket, linjene så klare noen kunne ønske det. Fra nå av ble motstanden – med visse karakteristiske unntak – tvunget under jorden. Vi hadde nådd konspirasjonens fase for alvor, det virkelige illegale arbeid begynte.»¹⁵

Den 3. juli 1945 kunne Aftenposten melde at ein hadde funne dei jordiske levningane etter Hansteen og Wickstrøm, etter at Oscar Hans hadde ført leitemannskapet fram til staden der dei to var nedgravd: «Alle som var til stede, måtte beundre de to nordmenns rolige og verdige holdning i deres siste minutter,» uttalte Hans.¹⁶

Laurdag den 14. juli blei urnene etter Hansteen og Wickstrøm bisatt under ein omfattande seremoni. Urnene blei fyrst ført til festsalen i Folkets Hus, og sidan blei dei køyrt vidare til Vår Frelzers Gravlund og plassert side om side eit stykke frå Henrik Wergelands grav.

¹⁴ Artiklar om Hansteen og Wickstrøm i Norsk krigsleksikon (1995), signert Tore Pryser.

¹⁵ Våre falne, band 3. 1949:24-25.

¹⁶ Aftenposten 3. juli 1945.

Det heile blei kringkasta i radio.¹⁷ I talen i Folkets Hus sa redaktør Gunnar Ousland at avrettinga av dei to hadde verka samlande på tvers av klasser og vekt motstandsviljen i det norske folk.¹⁸ Diktaren Arnulf Øverland heldt minnetale ved Hansteens grav og sokneprest Welle ved Wickstrøms grav. Øverland sa mellom anna at motstandskampen var avhengig av at nokon var villige til å ofre livet.¹⁹ Filmavisa sin reportasje byrja med bilde av prosesjonen på veg til Vår Frelzers Gravlund:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Prosesjon langs gate. Korps i uniformer går fyrst. Bil følgjer etter. Stor menneskemengde står langs prosesjonsvegen. Eit stort følgje etter bilen, stort sett menn i rekker på 5-6 stykker i breidda. Fleire berer faner.</p>	<p>Sekvens 1: (sørgmodig musikk) «De to første offer for tyskernes voldsherredømme i Norge, var Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm, som ble skutt under unntagelsestilstanden i september 1941.</p>
<p>Sekvens 2: Blomsterlagd urne bærast fram av fire menn på gravplass. Urna settest ned ved blomar, mikrofonstativ ved sidan av.</p>	<p>Sekvens 2: Lørdag 14. juli ble urnene med de to martyrs aske ført til Vår Frelzers gravlund, og bisatt under overveldende deltagelse.</p>
<p>Sekvens 3: Bilde av Arnulf Øverland. Bilde av publikum, flest menn, nokre kvinner. Alvorlege ansikt.</p>	<p>Sekvens 3: Hele Norge bærer i dag sorg for disse to, sa Arnulf Øverland, som talte ved Hansteens grav.</p>
<p>Sekvens 4: Bilde av sokneprest Ivar Welle. Bilde av blomsterkrans, «fra KONGEN» står det på sløret. Norsk flagg senkar seg over urna, omgitt av blomster.</p>	<p>Sekvens 4: Ved Wickstrøms grav, talte sogneprest Welle. Bisettelsen formet seg som den mest gripende manifestasjon for kampen om Norges frigjørelse. De var de første som falt i denne kampen, og mange er det som har delt deres skjebne, men gjennom tårer, lidelser og savn, har veien gått mot en ny og lykkelig fremtid, bygget på frihet og rettferd.»</p>

Revy nr. 10/1945/04 «Hansteens og Wickstrøms bisettelse» (41 meter).

¹⁷ Aftenposten siterte frå Arnulf Øverland si tale: «Et helt folk bærer i dag sorg for de to. Men ikke bare sorg. Også stolthet. Vi har nok hatt våre forrædere, og meget usseldom og ufyselighet har vi vært vitne til. Men vi har også hatt menn blant oss, som ved sin ubøyelige holdning, sitt kampmot og sitt offerberedskap har vasket skammen av oss og ved sitt eksempel og viste oss veien til seier og frihet. Man kryper ikke fram til friheten på sine knær, man seirer aldri ved bare å bøye unna, bare å holde med, bare å motta ørefiker og løpe ærend for fienden. Når vi holdt ut gjennom hele mørketiden, var det fordi vi hadde tilstrekkelig mange blant oss som var villige til å bringe det offer som måtte til. Det ble et blodoffer. (...) Det er ikke alltid det verste å dø. Det kan være verre å bli sittende tilbake. Det har han nok tenkt på, men han var også klar over at han måtte påta seg ansvaret. Og han har vel tenkt: Kirsten greier det. Hun greier det for barnas skyld. Og barna har henne. Den som kjemper for et helt folk og vet hva det kan koste, kan heller ikke spre sine nærmeste. Han må av den kvinne han lever sammen med, forlange den samme heroisme som han forlanger av seg selv. Hansteen visste at han kunde gjøre det. Det var grunnen til at han tok sin dom med den inderlige ro og sjelsstyrke han bevarte til det siste.» Aftenposten 16. juli 1945.

¹⁸ Ousland sa vidare at: «Aldri før i vår historie har mennesker og klasser stått hverandre så nær som de gjør i dag, da vi sammen har kjempet for menneskets frihet og ret. Vi har lært at det som samler oss, er langt større og mer avgjørende enn det som skiller oss. Skulde vi i framtiden ha vanskelig for å se det, skal vi huske 10. september 1941 og de to henrettede og lover hverandre at deres blodoffer ikke skal ha vært forgjeves. Derfor skal deres minne leve blant oss, så lenge frie nordmenn rår i Norge». Aftenposten 16. juli 1945.

¹⁹ Aftenposten 16. juli 1945.

Til liks med reportasjane ovanfor var krigens offer det sentrale element også i dette innslaget. Likevel var det ein ekstra dimensjon ved denne reportasjen. Avrettinga av Hansteen og Wickstrøm var knytt til fleire seremoniar som Filmavisa dekte, med taler for dei avlidne og andre høgtideleg utførte symbolske handlingar som fylgde eit *rituelt* mønster lik mange andre gravferder. Ritual er ei handling som har en symbolsk betydning og ei stilisert form som gjentakast bevisst frå gong til gong. I religiøs samanheng har eit ritual eit eksistensielt, meiningsskapende innhald, og nettopp dette aspektet ved ritualet gjev det dets sosiologiske betydning.²⁰ Bisettelsen av Hansteen og Wickstrøm kan sjåst på som eit ritual som var eit ledd i ein sorgprosess der dei pårørande forsoner seg med at deira kjære er døde, samtidig som det er eit uttrykk for eit felleskap mellom dei avlidne og dei som lever vidare; eit «Vi». Innhaldet i dette «Vi» kan samtidig vere knytt til *fleire* typer fellesskap; til dømes menneskeheten, nasjon, slekt, religion eller ei rekkje andre fellesskap.

Til kva slags fellesskap blei Hansteen og Wickstrøm knytt til ved denne seremonien som Filmavisa viste? Dette spørsmålet er sentralt når det gjeld kva slags tolkingsramme vi kan plassere denne reportasjen i. Ei tolking vil basere seg på kven som aktivt (gjennom taler, kransnedlegging el.l) eller passivt var deltakande, kva blei sagt eller sunge, og kva ikkje-verbale symbol som kan observerast i revyinnslaget.

Til liks med andre innslag, har det vore ønskeleg å hente inn støttekunnskap frå andre kjelder i eit forsøk på å tolke innslaget betre. Aftenposten synest å ha inspirert Filmavisa sin kommentator ved fleire høve, difor skal vi til ein viss grad også sjå på reportasjen som stod på trykk i Aftenposten den 16. juli. Aftenposten sin reportasje frå gravferda starta med seremonien i Folkets Hus, og fortalde at det der blei lagt ned kransar frå det offisielle Noreg; mellom anna Kongen, Kronprinsen og regjeringa, og i tillegg var der kransar med «mektige bånd i Norges, Sveriges, Danmarks og Finnlands nasjonale farger. Alle med skjønne ord, alle med en siste hilsen til de to.» Filharmonien spelte og eit kor frå Skabo, som var verksemda der Wickstrøm var tillitsmann, sang. Dei to blei ført «til sitt siste hvilested langs en æresallé av arbeiderungdom med florumvunne faner.»²¹

Filmavisa viste ikkje noko frå seremonien i Folkets Hus, men starta sitt innslag med bilde frå prosesjonen gjennom Oslos gater på veg til Vår Frelzers Gravlund. Eit musikk-korps gjekk fyrst, fulgt av bilen med urnene og eit stort gravfølge, stort sett menn i rekkjer på fem-seks stykker i bredda. Fleire bar faner frå den fagrørsla som dei to hadde bakgrunn frå. Langs

²⁰ Artikkelen «Ritual» i Store norske leksikon, signert Per Kværne (www.sn�.no besøkt 23.1.2011).

²¹ Aftenposten 16. juli 1945.

med prosesjonsvegen stod ei stor menneskemengde. Neste bilde var frå Vår Frelzers Gravlund der urnene blei satt ved sidan av eit mikrofonstativ. «Hele Norge bærer i dag sorg for disse to, sa Arnulf Øverland, som talte ved Hansteens grav,» kommenterte Filmavisa, mens publikum kunne sjå Øverland ved mikrofonen.²² Ein såg nærbylde av Kirsten Hansteen og fleire andre som var til stades. Deretter sokneprest Ivar Welle, og eit nærbylde av ein krans med påskrifta «fra Kongen» på bandet.

Kommentatoren slo fast at «Bisettelsen formet seg som den mest gripende manifestasjon for kampen om Norges frigjørelse,» og viste til at Hansteen og Wickstrøm var dei fyrste av dei mange som falt i denne kampen. Innslaget blei avslutta med at norske flagg blei senka over urnene som var omgitt av blomstrar.

Hansteen og Wickstrøm blei omtalt som «martyrar», eit uttrykk som opphavelig er knytt til dei som ofra livet sitt for si religiøse overtyding. I denne konteksten var det «kampen om Norges frigjørelse» og «en ny og lykkelig fremtid, bygget på frihet og rettferd» som Filmavisa hevda var den idealistiske grunnen for at desse to ofra livet sitt. Filmavisa knytte dei samtidig til ein del av eit fellesskap med alle dei andre som har «delt deres skjebne,» og som hadde falt i motstandskampen. Gravferda kan difor også tolkast som eit uttrykk ei kollektiv sorg over *alle* dei som hadde døydd i denne kampen, og ikkje berre dei to som blei gravlagt. Filmavisa sine leksikalske val, bildeutsnitt og ei lang rekkje andre element understøtta og satte reportasjen inn i ei overordna *motstandsframing*, kor Hansteen og Wickstrøm blei framstilt som heltar som falt som martyrar i kampen for fedrelandet.

Ved å vere til stades, viste det deltakande publikum eit teikn på sorg og respekt for Hansteen og Wickstrøm. Det er vanskeleg å identifisere enkeltpersonar i innslaget, men faneborger frå fagrørsla og kransar frå kongehus og regjering var eit uttrykk for fellesskap dei avdøde blei knytt til; arbeidarrørsla og det re-etablerte demokratiets viktigaste institusjonar. Talaren Arnulf Øverland hadde teke del i motstandskampen, og hadde vore fleire år i tyske konsentrasjonsleirar. Øverland hadde også sympatiar til den politiske venstresida, så det difor neppe tilfeldig at han heldt gravtalen. Filmavisas referanse til Øverlands tale om at heile Noreg bar sorg for dei to, blei forsterka av bilde av kransar med påskrifta «fra KONGEN» som symboliserte at heile det norske folket var takksame for det desse to gjorde. Øverlands utsegn var nok ikkje heilt presis, all den stund fleire titusen nordmenn var under etterforsking for landssvik. Utsegnet om «hele Norge» var ei tilsløringa av desse realitetane.

²² Dette er nesten identisk med ordlyden i Aftenpostens reportasje: «Hele Norge bærer i dag sorg for de to, sa Arnulf Øverland i sin mektige gravtale.» Også Aftenposten omtalar dei som martyrar.

Det blei framstilt som at Wickstrøm og Hansteen *medvite* hadde ofra livet sitt for fedrelandet, at dei var «martyrar» som villeg gjekk i døden med opne auge. Men var det verkeleg slik Wickstrøm og Hansteen hadde tenkt i 1941? Begge visste nok at fagforeiningsarbeidet kunne vere risikabelt, men påstanden om at dei endåtil skulle vere villig til å ofre livet synest å vere berre spekulasjonar. Ei slik framstilling passar godt inn i ei motstandsframing kor dei to var noko meir enn krigens offer, men også to modige nasjonalheltrar.

Denne framstillinga av dei to fagforeiningsmennene som heltar har visse likskapar med Aftenposten sin reportasje frå gravferda. Aftenposten skreiv at Wickstrøm og Hansteen «høgreiste gikk i døden for» sine ideal; «Retten, Friheten og Sannheten», og refererte til Øverland som hevda at Hansteen, «tok sin dom med den inderlige ro og sjelsstyrke han bevarte til det siste.»²³ Dette var også det same Oscar Hans hadde uttalt då han viste kor leitemannskapet kunne finne levningane etter Hansteen og Wickstrøm. Det å møte døden med ro og verdigheit passa godt inn i, og styrka heltebilde av de to ofra. Det bør likevel stillast spørsmål ved om Hans var eit truverdig vitne. Det er vanskeleg å slå fast i detalj kva som skjedde den korte tida frå dei to blei arrestert til avrettinga fann stad, og ikkje minst like vanskeleg er det å vite i kva sinnstemning dei var i dei siste timane. Filmavisa gjentok heller ikkje Øverland sin påstand i sin reportasje frå gravferda, men la vekt på det skjellsettande ved hendinga ved at Hansteen og Wickstrøm var dei «de to første offer for tyskernes voldsherredømme.»²⁴ Førestellinga av Hansteen og Wickstrøm som modige heltar blei forsterka av denne karakteristikken av fienden som mektig og brutal.

Året etter blei det laga eit minnesmerke etter Hansteen og Wickstrøm, og Filmavisa var på plass då det blei avduka den 10. september 1946:

Vi ser:	Vi hører:
Sekvens 1: Stor menneskemengde. Minnesmerke ved Østre Skytterlag i Oslo. Kronprins Olav i militær uniform helser på fru Hansteen og fru Wickstrøm og sønene deira. Kronprinsen tek plass på stol, nærast talarstolen. Bilde av talarstolen og minnesmeket, begge drapert i norsk flagg. Gunnar Ousland talar. Bilde av publikum med dei to enkene i framgrunnen.	Sekvens 1: (sørgmodig musikk) «Tusenvís av mennesker var samlet ved Østre skytterlag der Kronprins Olav hilste på fru Hansteen, fru Wickstrøm og deres kjekke gutter den dagen minnesmerket over de to første norske offer for Gestapos kuler, Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm, skulle avdukes. Det var 10. september, på femårsdagen for deres henrettelse.

²³ «Det var sorgens vemodige stillhet som behersket festsalen i Folkets Hus der deres urner stod helt skjult i et ha av skjønne blomster. Det var stillheten som sitret i lysenes bleke flammer lyste fra «Friheten», »Retten» og Sannheten» langs veggene de kunstneriske uttrykk for de idealer Hansteen og Wickstrøm hadde valgt til ledetråd for sitt liv og som de høyreiste gikk i døden for.» Aftenposten 16. juli 1945.

²⁴ Revy nr 29/1945/04. Hansteens og Wickstrøms bisettelse.

Minnesmerket. Kronprins Olav som sit i framgrunnen av publikum. (...)

Sekvens 2: Avdukning av minnesmerket over Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm. Kronprins Olav i giv akt. Publikum som står. Publikum som sit. Nedlegging av krans. Nærbilde av Kronprins Olav. Nærbilde av to gamle kvinner blant publikum. Mann legg ned kransar ved minnesmerke. Formann Sigurd M. Hansen i Disen Vel overrekker blommar til enkene.

Sekvens 3. Bilde av lita steinrøys i eit kratt. Kronprins Olav ved steinrøysa, tre andre menn til stades. Kvinne kjem og legg blommar på steinrøysa. Nærbilde av steinrøysa med blomsterbukettar. Fleire kjem til og legg ned blomstrar. Nærbilde av minneplata i fjellveggen på den staden der Hansteen og Wickstrøm blei skotne med inskripsjonen: «På dette sted blev de to første martyrer i Norges Frihetskamp 1940 – 1945 Viggo Hansteen, Rolf Wickstrøm, skutt av tyskerne 10/9 1941. Steinvarde markerer deres første gravplass.»

Gunnar Ousland tegnet et varmt og sympatisk bilde av de to frihetskjemperne. (...)

Sekvens 2: Så falt flagget, og avdekket den enkle vakre minnesteinen. Foran monumentet ble lagt ned kranser fra en lang rekke foreninger og institusjoner. Etter avdukingshøytideligheten overrakte formann i Diesens Vel, Sigurd M. Hansen blomster til fru Wickstrøm og fru Hansteen.

Sekvens 3: Fem hundre meter fra veikrysset hvor minnestøtten er reist markerer en steinrøys stedet hvor henrettelsen fant sted. Under en fjellskrent, langt inn i krattskog og villniss, ligger denne plassen. Med Kronprinsen i spissen dro folk innover til dette stedet hvor den ild flammert opp og satte hele den norske motstandsbevegelsen i brann.»

Revy nr 36/1946/10 "Minnesmerke over Hansteen og Wickstrøm" (50 meter)



Kronprins Olav helsar på dei pårørande til Hansteen og Wickstrøm (revy nr 36/1946/10).



Etter seremonien gjekk kronprins Olav til staden der Hansteen og Wickstrøm var blitt avretta (revy nr 36/1946/10).

Reportasjen viste ein storslått seremoni ved Øvre Skytterlag i Linnerudskogane utanfor Oslo. Med Kronprins Olav i spissen var eit par tusen menneske samla der, og redaktør Gunnar Ousland var ein av fleire talarar som heidra dei falne.²⁵ Seremonien starta med at Kronprinsen helste på dei pårørande, og vi fekk sjå redaktør Ousland som heldt ein tale for Wickstrøm og Hansteen. Kronprinsen avduka så minnesmerket som var dekkja av det norske flagget, og dette understreka den nasjonale dimensjonen ved denne seremonien som i følgje Filmavisa markerte hendinga som «satte den norske motstandsbevegelsen i brann.» Sjølv om Gestapo blei nemnt som dei skuldige i illgjerningane, var merksemda også i denne reportasjen fyrst og fremst retta mot at avrettinga av Hansteen og Wickstrøm markerte eit skilje i kampen mot okkupasjonsmakta. På denne måten definerte Filmavisa desse to inn i ein opphøgd posisjon i forteljinga om motstandsrørsla under krigen. Reportasjane frå gravferda og avdukinga ved Øvre

²⁵ "Fem år er det siden det forferdelige hendte som rev ethvert tvilens slør frå våre øyne og som gjorde det klart for oss hvilke bestialske krefter vi var i kamp med. Det var noe mere enn livet kampen gjaldt, mere enn selve den nasjonale friheten, det var hele menneskehetens evige kamp fram mot lyset og friheten som sto på spill. Noen måtte dø om så skulle være. Disse to viste oss veien, vi kunne bare trøstig følge etter. Tusener fulgte og satte livet inn. (...) Freden krever ikkje blodsoffer. Men skal vi vinne den helt ut, så krever den våre ytterste anstrengelser, vi må som Ibsen sa tenke stort. Den minnesteinen som vi avduker nu innvier vi til den same gjerningen. Den skal minne oss om alltid å være på vakt mot tyranniets farer og den skal mane oss til å tenke og handle stort og helhjertet for landet og folket vårt." Frå Ouslands tale, sitert i Aftenposten 11. sep. 1946.

Skytterlag var også noko meir enn ein bakoverskodande omtale av krigens offer. Sjølve seremoniane peikte også til ein viss grad framover i tid, i retning av at dei to skal *minnast*. Dei to var i ei særstilling, kva med dei mange andre?

Dei falnes dag

Ein av dei fyrste større seremoniane som Filmavisa rapporterte frå, viste til den militære innsatsen som norske styrkar hadde hatt i utlandet. Om lag 400 døde nordmenn var kremert forskjellige stadar i Storbritannia under krigen. Dei norske styresmaktene i London vedtok at urnene skulle oppbevarast for å bli sendt til Noreg seinare. Den 11. september 1945 kunne Aftenposten melde at urnene skulle bli sendt til Oslo, slik at dei kunne kome til heimlandet innan søndag den 16. september som skulle vere «Dei falnes dag» i Noreg. Filmavisa var til stades då destroyeren «Arendal» den 15. september kom til Oslo med 400 urner med døde nordmenn. Representantar frå kongehuset, forsvaret og kyrkja hadde sentrale roller under seremonien:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Rekke med flagg på halv stong. Destroyeren Arendal legg til kai. Mange mennesker på kai. Nærbilde av urnene, dekt av norske flagg om blomstrar. Marinesoldatar ber i land kiste. Sjømannsprest Ursin og feltprest Knivelsrud kledd i sivil går fyrst, rekke med marinesoldatar går etter. Kongen, Kronprinsen, prins Harald, biskop Berggrav og høye marineoffiserer gjekk deretter.</p>	<p>Sekvens 1: (sørgmodig musikk) «Flaggene hang på halv stang, da urnene med asken efter de om lag 400 nordmenn, som er døde i England under krigen, kom til Oslo den 15. september med destroyeren Arendal. Det var et gripende øyeblikk da den første kisten ble båret i land av en avdeling marinesoldater. Foran gikk sjømannsprest Ursin og feltprest Knivælsrud. Etterpå fulgte et æreskompani. Kongen, Kronprinsen, prins Harald, biskop Berggrav og høye marineoffiserer sluttet seg til følge. Kisten ble plassert på en katafalk som var reist foran prekestolen.</p>
<p>Sekvens 2: Biskop Berggrav på preikestolen. Nærbilde av rekke med marinesoldatar. Kongen i militær uniform går frå talarstolen og legg krans på kiste.</p>	<p>Sekvens 2: Biskop Berggrav holdt en kort andakt. Derefter talte Kongen. Han trådte så fram til kisten, og la ned en krans i norske farger fra fedrelandet, hvorpå "Gud signe vårt dyre fedreland" tonet utover plassen.</p>
<p>Sekvens 3: Marinesoldatar i giv akt. Kronprins Olav i giv akt, biskop Berggrav og kronprins Harald ved sidan av. Kong Haakon i giv akt, blomstrane i framgrunnen. Oversikt over kista, Kong Haakon med fleire står i giv akt.</p>	<p>Sekvens 3: (vi høyrer «Gud signe vårt dyre fedreland»)</p>
<p>Sekvens 4: Kvinne legg ned blomstrar ved kista. Mange andre sivile i bakgrunnen av kista. Fleire kvinner legg ned blomstrar ved kista. Kvinne støtta av ein mann legg ned blomstrar på kista. Tørker tårer med eit lommeterkle då ho gjekk bort frå kista. Nærbilde av kista, med norske flagg og blomstrar.</p>	<p>Sekvens 4: De mange hundre pårørende som var møtt opp for å motta sine kjære på denne sorgens dag, samlet seg til slutt om kisten, og dekket den med et vell av blomster og kranser.»</p>

Revy nr. 19/1945/07 «400 urner med aske av nordmenn kommer til Norge» (48 meter)

Denne seremonien fann stad på Honnørbrygga som ved fleire høve hadde vore arena for fleire viktige nasjonale hendingar, blant anna då Kong Haakon 7. kom til landet i 1905 og etter fem år i eksil i juni 1945. Representasjonen av kongehuset var med på å opphøge dei pårørande si private sorga til ei nasjonal sorg. Deltakinga av landets fremste marineoffiserar og ein av kyrkja sine fremste menn var også med på å bygge opp under denne nasjonale dimensjonen. Kongen talte på vegner av fedrelandet og la også «ned en krans i norske farger fra fedrelandet, hvorpå *Gud signe vårt dyre fedreland*, tonet utover plassen.» Til slutt fekk publikum sjå pårørande av dei falne, for ein stor del kvinner, djupt bevega legge blomstrar på kista. Dei falne kom frå heile landet, og både arena og symbolske handlingar bidrog til å gjere seremonien til noko som vedkom heile nasjonen. Det mest framtrudane i denne reportasjen er det visuelle bilde av sorga, der publikum fekk sjå pårørande i tårer ta eit siste farvel med sine kjære. Samtidig fekk publikum sjå marinesoldatar i giv akt, og representantar frå det offisielle Noreg som gjennom ulike handlingar uttrykte respekt for den innsatsen dei avdøde hadde gjort for fedrelandet.

Innslaget kan sjåast i samanheng med korleis den offisielle nasjonale minnedagen etter dei falne blei markert over heile landet, mellom anna med høgtidlege tilstelningar i skular og kyrkjer den 15. og 16 september.²⁶ Aftenposten oppsummerte desse dagane slik:

«Det var over hele landet en sterk oppslutning om høytidelighetene. De ble innledet med talene til barna i skoler. Det var ikke meningen å føre sorgen over på de små, men å vekke forpliktelsen i dem, og det lyktes. (...) De to minutters hvile kl. 13 ble overholdt både ute på gater og plasser og i hjemmene. Det var en riktig tanke som kom til uttrykk da alle flagg etterpå ble heist fra halv stang til hel stang, oppstandelsestanken og det stille budskap om seieren ved de dyre offer.»²⁷

Aftenposten var godt nøgd med markeringa, og skreiv at: «Den 16. september bør bli en fast minnedag. Som en ære for de døde, og fordi det vil gi de levende kraft at folkets tanker bevisst samles om det beste i seg selv.»²⁸ I fleire statar hadde ein allereie institusjonalisert ei årleg markering for å minnast falne soldatar eller andre som var drept som følge av krigshandlingar under ulike krigar. Til dømes hadde Storbritannia sin *Armistice Day* den 11. november, der ein hadde seremoniar over heile landet til minne om dei som mista livet under den fyrste

²⁶ Kyrkja har ofte ei sentral rolle i ritual som er knytt til døden, så også ved denne anledninga. I Oslo markerte skuleborna «Dei falnes dag» allereie laurdag den 15. september med minnehøgtider i kyrkjer. Til dømes var Gamlebyen skole samla i kyrkja, der pastor Granborg «forklarte barna verdien av dei falnes innsats», før minnehøgtida blei avslutta med salmen «Alltid freidig.» Ved Majorstuen skole «holdt overlærer Kvarre en liten tale, der han i varme og dypt følte ord fortalte sine elever om den store innsats våre frihetskjemper såvel på utefront som hjemmefront har gjort i disse femårene. De dødes offer har ikke vært forgjeves, sa han, for nu er Norge atter mitt og ditt og frelst og fritt. Minnet over de falne vil i dag og i morgen som i all fremtid bli holdt høyt i ære både blant gamle og unge.» Aftenposten aften 15.9.1945.

²⁷ Aftenposten 17.9.1945

²⁸ Aftenposten 17.9.1945

verdskrigen. I Noreg blei derimot «Dei Falnes dag» ingen årvisst minnesdag. Då spørsmålet igjen var aktuelt i 1946, lot regjeringa vere å ta stilling til om 16. september skulle bli ein fast dato for å minnest dei falne. I staden ønskte regjeringa at minne etter dei falne skulle bli markert i gudstenestene søndag 22. september, slik biskopane hadde foreslått.²⁹

I andakta under seremonien den 15. september knytte biskop Berggrav dei 400 avlidne til eit nasjonalt fellesskap, og hevda at krigen hadde lært nordmenn at «døden ikke er det verste».³⁰ Denne andakta blei det ikkje sitert frå i innslaget i Filmavisa, men biskopens form for legitimering av at så mange unge menn døydde kom til tydeleg til uttrykk seinare, mellom anna i eit innslag frå avdukinga av eit minnesmerke ved Ullern kirke 15. juni 1947. Både Kongen og ein framstående representant frå Forsvaret var til stades, og gav dermed seremonien ein nasjonal dimensjon:

Vi ser:	Vi høyrer:
Ullern kyrkje. Marineoffiser oppstilt ved norsk flagg. Oversikt over publikum. Kong Haakon tek plass på fremste benk. Major Jørgensen på talerstolen som er drapert i norsk flagg. Minnesmerket drapert i norsk flagg blir avduka av major Jørgensen. Nærbilde av minnesmerket som er ei kvinne som held rundt eit barn. På sokkelen står «Til minne om de falne 1940 – 1945».	(sørmodig musikk) «Stadig avdukes det, i by og bygd, nye vakre minnesmerker over krigens falne. Først er vi en junisøndag til stede ved Ullern kirke, hvor tusener og atter tusener av bygdens folk er møtt frem til høytideligheten. Hans majestet Kongen hadde æret sognet med sitt nærver. Major Torleif Jørgensen innledet, hvoretter Kongen holdt avdukingstalen, og blant annet sa at det er bedre å dø under heder, enn å leve i skam. Minnesmerket, som forestiller morskjærligheten, er utført av billedhuggeren Nic Schiøll.»

Revy nr 25/1947/01 «Avsløring av minnestein – Ullern» (21 meter)

Kongens ord om at det var betre å dø med heider, enn å leve i skam blei i ulike variantar gjenteke i andre reportasjar.³¹ Det synest å vere ein underliggende premiss at dei drepte var villige til å risikere livet, og forklaringa på dette blei knytt til fedrelandskjærleik. Dette motivet blei framheva i Filmavisa i ein reportasje i høve at Akershus festning igjen blei opna for publikum den 4. august 1947. Mens Filmavisa gjennom ulike filmklipp viste fram kva publikum igjen

²⁹ «I et rundskriv til landets biskoper meddeler departementet at det etter uttalelser som er innhentet om saken finner at det for tiden ikke bør treffes bestemmelse om å instituere en fast minnedag for de falne. I år vil det ikke bli noen høytidsholdelse av «de falnes dag» i offisielle former, slik som i fjor, men i samsvar med forslag bl. a. fra biskopene, mener departementet at de falne bør minnes ved gudstjenestene søndag 22. september.» Aftenposten 2.9. 1946.

³⁰ Biskop Berggrav understreka også den nasjonale dimensjonen i andakta si: «Hit til denne bryggen stevnet de norske ofte, begynte han. Tenk på hjemkomstens dag i vår, da Kongen satte foten på norsk jord. I dag tar Fedrelandet imot sine døde. De 400 hvis urner kommer nu, hadde hjemmet i hele Norge, fra Halden til Karasjok. Rundt omkring her står familien, far, mor, hustru, barn og søsken. I krans om dem og utover hele Norge står folket, det folk som i tunge, men store år lærte at døden ikke er det verste. Aftenposten 17.9.1945.

³¹ Filmavisa siterte inskripsjonen på eit minnesmerke over falne englandsfarere som var reist ved Bore kirkegård på Jæren (revy nr. 51/1947/04). «Kjemp for alt det du har kjær, dø om så det gjelder.» Desse linjen som var lånt frå salmen «Alltid fredig», som avsluttar med «Da er livet ei så svært, døden ikke heller».

kunne få sjå ved å besøke Akershus festning, reflekterte kommentatoren kring dei dramatiske hendingane som hadde skjedd der under krigen:

Akershus har atter åpnet sine porter for publikum etter at festningen har vært sperret som militært område helt fra krigens første dag. Atter en gang kan byens befolkning fritt spasere omkring under de mektige trekroner i ly av de eldgamle murer og nyte utsikten fra vollene. Og for turister og andre tilreisende har byen fått tilbake en severdighet hvor historiens stolte, og dystre minner taler til en fra hver fotsbreidd jord. Hvem vil vel noen gang kunne glemme den avgrunn av lidelse og savn navnet Akershus innebar i krigens tunge år. Opp til dette stedet, på øverste voll, var det så mange gode nordmenn måtte vandre den siste tunge vei for å sone den brøde – å elske sitt land.³²

Fedrelandskjærleiken blir framheva som årsak til at mange blei avretta ved Akershus festning under krigen. Kommentaren abstraherte okkupasjonsmakta sitt juridiske grunnlag for å dømme nokon til døden til eit spørsmål om synd: At det i det heile skulle vere ei synd (brøde) å elske sitt land, synest å vere urimeleg. Stilt opp i mot det faktum at dette kunne føre til dødsstraff forsterka dette inntrykket. Dette liknar på måten Filmavisa også omtalte Grini-fangar i den aller fyrste filmrevyen:

Grini. Hvilken avgrunn av sorg og lidelser innebærer ikke dette navnet for titusener av norske familier. (...) Den siste appell. Her er noen av de tusen gode nordmenn, hvis eneste forbrytelse var at de elsket sitt fedreland.³³

I fleire reportasjar trekte Filmavisa fram at det ikkje berre var dei falnes offer som skulle minnast, men også den innsatsen dei hadde gjort for fedrelandet. Til dømes kommenterte Filmavisa då Akershus festning i 1947 igjen blei opna for publikum at ein «mintes de falnes store innsats»,³⁴ og under avdukinga av minnesmerke ved Akershus Festning i mai 1949 valde Filmavisa å sitere pastor Dagfinn Hauges tale: «(...) Deretter talte pastor Dagfinn Hauge som hadde vært fengselsprest på Akershus under krigen. Pastoren talte om de henrettede, og han sa om dem: "De ga meget gjennom det de ofret, og vi har vunnet meget gjennom det vi har mistet. (...)»³⁵ Krigens offer blei på denne måten knytt til militær eller sivil motstand mot okkupasjonsmakta. Vi skal difor sjå nærmare på i kva grad Filmavisa koplpar ulike grupper av krigens offer med motstandsarbeid.

³² Akershus festning er atter åpnet for publikum (35/1947/01).

³³ Revy nr 01/1945/07 «Grini».

³⁴ (...) Fylkesmann Ivar Skjånes holdt avdukingstalen og mintes de falnes store innsats (...)» Frå «Trondhjem Bys minnesmerke over falne nordmenn avdukes på Domkirkegården.» (25/1948/02) (28 meter)

³⁵ Revy nr. 19/1949/01 «Kongen avduker minnesmerket på Akershus» (88 meter).

Våre falne sjømenn

Norske sjømenn deltok aktivt i motstandsarbeidet gjennom mellom anna transport av krigsmateriell og andre oppdrag som var viktige for dei allierte si krigføring.³⁶ Dei var også ei gruppe som hadde lidd store tap under krigen. Sjømenn utgjorde om lag 1/3 av alle norske menneskeliv som gjekk tapt som direkte følge av krigen og okkupasjonen. «Sjøfolkenes innsats» var via eit eige kapittel i «Våre Falne», som Øyvind Lorentzen var ansvarleg for. Lorentzen skreiv at norske sjømenn, alle som ein, resolutt stilte seg til disposisjon, villige til å ofre livet for fedrelandet. Denne innsatsen blei sett på med vørndnad verda over, og alle skal vite at dei ikkje ofra livet sitt forgjeves i kampen for fedrelandet og nazismen. Lorentzen meinte difor at «Våre Falne» skulle vere eit bidrag til å heidre minne over dei falne sjømennene.³⁷

Det var også det sentrale tema i Filmavisa sitt innslag «To minutters stillhet i Oslo til minne om de falne sjømenn» i september 1946. Den konkrete bakgrunnen for denne minnesmarkeringa var at Nasjonalhjelpen innleia si Sjømannsveke den 13. september, som også var sjuårsdagen for det fyrste norske krigsforliset, M/S Ronda i september 1939. Nasjonalhjelpen oppmoda kyrkjene til å halde minnesgudsteneste same dagen, og den 16. september skulle kronprins Olav overrekke 3 millionar kroner som var innsamla til bygging av to helseheimar for sjømenn, overført direkte frå Store studio i NRK.³⁸ Falne sjømenn fekk mykje merksemd i desse dagane, noko som også Filmavisa bidrog til:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Trafikk og mange mennesker i eit travelt bybilde. Zoomer inn på kyrkjetårn, klokka viser 12.00. Kirkeklokkene ringer.	Sekvens 1: (musikk; «Den norske sjømann») «Trafikken i Oslos gater gikk sin vanlige gang, slik som den pleier å gjøre en allminnelig hverdags formiddag. Da satte plutselig byens kirkeklokker i med å klemte.

³⁶ «Transporten på havene er en av de viktigste faktorer for en effektiv krigsførsel. En av de ledende menn i denne krig sammenlignet vår handlesflåte med én million mann i kampverdi. Uten vår handlesflåte hadde Storbritannia ikke kunnet få tilstrekkelige forsyninger til krigføringen. Vår frie flåte har derfor vært en mektig faktor i denne krig, dens innsats har vært avgjørende for krigens resultat – at vi fikk vår frihet tilbake.» Våre Falne, «Sjøfolkenes innsats» 1949:11.

³⁷ «Norske sjøfolk på norske skip har i denne krig mer enn noensinne vist verden hvilken fremragende sjøfartsnasjon nordmennene er. De har også vist at nordmennene er villige til å kjempe og ofre livet for sitt lands frihet. Den norske handelsflåte stilte seg etter invasjonen med én gang til disposisjon i kampen for fedrelandet. Senere har den løst sin oppgave i denne kamp på en glimrende måte. De mange som nå sitter tilbake med det store savn etter de pårørende de mistet på sjøen under krigen, kan likevel være forvissnet om at de mange falne – over 4.000 – ikke ofret livet forgjeves i kampen for fedrelandet og mot nazistene. I takknemlig beundring for alt det de norske sjøfolk utrettet i denne krigen, utgir den norske stat denne bok som hedersminne over de falne.» Lorentzen hevda også at «alle våre sjøfolk sluttet opp om vestmaktene i kampen mot nazismen, ikke én sviktet.» Våre Falne, band 1. 1949:11-12.

³⁸ Aftenposten 12. september 1946.

<p>Sekvens 2: Fleire filmklipp av trafikk og mennesker som står stille i gatene i Oslo, mann tek av hatt. To politimenn står og gjer honnør ved uniformshua.</p>	<p>(musikken stoppar) Sekvens 2: Klokken var to minutter på tolv, og som ved et trylleslag ble alt stille. I ærbødig taushet hedret man minnet om de tusenvis som ga sitt liv i frihetskampen. Det var den 13. september, syvårsdagen for det første norske krigsforlis, motorskipet Ronda, som ble minesprengt på vei fra Antwerpen til Kristiansand. 17 liv gikk tapt den gang, da krigen sluttet var tallet 4350 døde norske sjømenn.</p>
<p>Sekvens 3: Provisorisk minnesmerke på Eidsvoll's plass. Mange mennesker rundt. Marinegaster paradere.</p>	<p>Sekvens 3: På Eidsvoll plass utenfor Stortinget var reist et provisorisk minnesmerke med inskripsjon av Bjørnsons ord:" Og mang en sjømanns liv, fikk dødens krans av tang og siv, som burde hatt i gull, sitt navn blant kjempekull» (Musikken, «Den norske sjømann», startar opp att etter at Bjørnson-diktet er lest)</p>
<p>Sekvens 4: Lang rekke med kvinner som ein og ein går fram og legg ned blommar ved minnesmerke. Siste bilde, det norske flagget vaier i toppen av flaggstong.</p>	<p>Sekvens 4: Tusen var samlet rundt minnesmerke, hvor en avdeling marinegaster paraderte og intet sted var friheten mere mett av tragiske minner en her. Hele dagen gjennom ble det lagt ned blomster ved foten av minnesmerket.»</p>

Revy nr 37/1946/01 «To minutters stillhet i Oslo til minne om de falne sjømenn» (41 meter).

Noreg var framleis ikkje dregen med i verdskrigen då M/S Ronda forliste, men likevel var denne dagen utgangspunktet for markeringa. Det var til det siste usikkert kvar i Oslo ein skulle plassere det provisoriske minnesmerket:

Det vil fredag morgen bli reist et provisorisk minnesmerke på Karl Johan eller ved Rådhuset. Minnesmerket, som er tegnet og utført under ledelse av Gunnar Svenssen, forestiller en holme med et sjømerke som vrakrester er slynget opp omkring. På sjømerket henger en krans av tang med innskripsjonen «Ronda» foruten de kjente ord av Bjørnson: Og mang en sjømanns liv – fikk dødens krans av tang og siv – som burde hatt i gull – sitt navn blant kjempe-kull.³⁹

Valet fall til slutt på Eidsvoll plass framfor landets nasjonalforsamling, og dette var eit sterkt symbol på at dette var ein nasjonal seremoni.

Reportasjen starta med allminnelege bybilde der ein såg livet gjekk sin vante gang. Idet klokkene kimte til to minutts stillheit stansa alle opp og blei ståande der dei var. To minutts stillheit var eit ritual som skilde seg frå til dømes avdukingsseremoniar ved at absolutt alle kunne delta uansett kvar ein oppheldt seg i landet. Filmavisa viste såleis fleire glimt frå ulike stadar i Oslo kor ein kan sjå korleis den jamne mann og kvinne utførte dette ritualet, mellom anna ein mann som tok av seg hatten i vørndnad for sjømennene, og dessutan to politimenn som stod i stram giv akt og avga honnør.

³⁹ Aftenposten 12. september 1946.

Den neste sekvensen av reportasjen som var knytt til seremonien ved Eidsvoll plass var også bygd opp på same måten. Ingen prominente namngjevne personar blei trekt fram. Derimot viste Filmavisa bilde av den store menneskemengda som var samla kring minnesmerket. Det heile blei avslutta med ei rekkje kvinner, truleg sjømannsenker, som la ned blomar ved minnesmerket før kameraet zoomar inn det norske flagget på toppen av Stortinget. Reportasjen skapte på denne måten ei tydeleg førestelling av ein samla nasjon, uavhengig av sosial bakgrunn. Den nasjonale dimensjonen blei understreka ved at ein brukte ein av nasjonens fremste diktarar si strofe på minnesmerke. Bjørnstjerne Bjørnson sine ord blei formidla vidare både gjennom sitering i kommentarane og tonsettinga av «Den norske sjømann» som innleia og avslutta reportasjen. Under den delen av innslaget der to minutt stillheit blei markert, var det også opphald i tonefølgje. Dette var eit uvanleg dramaturgisk grep i Filmavisa, og understreka alvoret og det høgtidssame ved seremonien.



Mot slutten av reportasjen viste Filmavisa ei rekkje kvinner som la ned blomar ved minnesmerket på Eidsvoll plass (revy nr 37/1946/01).

Kommentaren viste til at dette er sjuårsdagen for det fyrste norske krigsforliset, dagen då Ronda blei minesprengd. Denne konkrete hendinga var utgangspunktet for seremonien som

representerte alle dei mange sjømenn som «ga sitt liv i frihetskampen.» Seremonien var også starten på Nasjonalhjelpen sin landsomfattande innsamlingsaksjon til støtte for dei etterlatte. På denne måten blei føremålet med seremonien todelt, minna kring dei sjømennene som ofra livet sitt under krigen var samtidig ein implisitt appell til publikum om å bidra til ein solidarisk innsamlingsaksjon notid.

Minne om militære offer

Dei militære var ei anna gruppe der Filmavisa dekte fleire minneseremoniar. Ein av dei allierte sine få militære sigrar i krigens fyrste fase fann stad i Narvik i mai 1940. Kommandanten i Narvik, oberst Konrad Sundlo (sjå revy nr. 17/1947/09), overgav byen til tyskarane utan kamp den 9. april 1940. Dagen etter var kampene om byen i gang. Med sine 5.000 – 6.000 mann var tyskarane underlegne i forhold til dei allierte styrkene. Under general Carl Gustav Fleicher sin kommando stod ca. 8.000 norske soldatar og ein alliert troppstyrke på 24.500 britar, franskmenn og polakkar. Etter harde kampar som kosta 14 sivile livet blei Narvik for ei kort stund gjenerobra av dei allierte den 28. mai 1940. Få dagar seinare trakk dei allierte seg ut av byen, og den 8. juni 1940 rykka tyskarane inn igjen i eit nesten folketomt Narvik.⁴⁰

Dei siste dagane i mai 1946 var Narvik var pynta med britiske, franske, polske og norske flagg til ære for gjestane som kom for å markere årsdagen for gjenerobringa av byen. På hamna låg norske og allierte krigsskip med fleire militære avdelingar ombord. Filmavisa dekte minnehøgtida i eit meir enn sju minutt langt innslag (193 meter) som for det meste var samansett av militære paradar, utdeling av militære utmerkingar og avduking minnesmerke.⁴¹

Innslaget starta med eit opptak filma frå fly som gav ei oversikt over alle dei allierte krigsskipa som låg ved Narvik hamn, samtidig som Filmavisa minte publikum om kva ein skulle markere:

Det ble uforglemmelige dager i den by hvor de allierte hentet hjem sin første seier over tyskerne. Halvparten av byen ligger ennå i ruiner, men de som var med, fikk oppleve Nord-Norges eventyrverden, disse siste solmettede maidagene.

I neste sekvens var bilda frå ei stor militær mønstring av eit æreskompani på Narvik stadion. Der fekk vi sjå generalmajor Arne Dahl dele ut deltakarmedalje til dei norske veteranane frå 1940. Filmavisa fortalde at Dahl takka veteranane for innsatsen i 1940, samtidig som han la

⁴⁰ Artikkel om Narvik i Norsk krigsleksikon (1995), signert Berit Nøkleby.

⁴¹ Militær minnehøgtid i Narvik. Revy nr. 22/1946/07.

vekt på forsvarsviljen i framtida: «[Dahl] håpet at hver mann var rede til innsats om det måtte bli krevet.»

I frå denne seremonien gjekk innslaget vidare til ei stor mottaking for dei framtrede gjestande på den norske ubåtjagaren «Kong Haakon 7.» Filmavisa fortalde i detalj kven vi kunne sjå, i fyrste rekkje norske og allierte offiserar:

Her står til venstre skipets sjef, admiral Briseid i samtale med franske marineoffiserer. Her har vi oberstløytnant Jørgensen og en rekke engelske høgere marineoffiserer. Dette er rådmann Kuvaas fra Narvik og sjefen for gjenoppbyggingen av byen, herr Roald. Endelig ser vi oberst Ole Reistad i samtale med kaptein Pinsvik.

Den neste sekvensen viste bilde frå to seremoniar der dei som falt i 1940 skulle bli heidra. Den fyrste var lagt til den nye kyrkjegarden, med sivile tilskoderar og militære æresvakter rundt gravplassane:

Den følgende dag, 28. mai, som var den virkelige Narvikdagen, opprant med strålende sol fra klar himmel. I formiddagstimene strømmet folk til den nye kirkegården, hvor de falnes minne skulle hedres. Utenlandske og norske militæravdelinger dannet æresvakt rundt de allierte gravstedene. Biskop Krohn Hansen holdt først en kort tale og uttalte bl.a. at selv om seieren den 28. mai 1940 var forbigående, så ga den oss troen på den endelige seier. Så talte en engelsk feltprest, og deretter en fransk feltprest, den siste som forøvrig var med i Narvik i 1940, holdt en tale på norsk. De kranser ble så nedlagt av den britiske ambassadør, Sir Laurence Collier, og deretter fulgte kranser fra franske, polske og norske militære og sivile autoriteter.

Det var tre geistlege som heldt taler ved gravene. Sjølvom desse truleg la vekt på den religiøse dimensjonen ved denne seremonien, valde Filmavisa å parafrasere Biskop Krohn Hansens politiske påstand. Biskopens utsegn byggjer opp om førestellinga av at den kortvarige militære seieren i mai 1940 hadde vore viktig. Seremonien blei avslutta med at det blei lagt ned kransar frå norske og allierte militære og sivile, og deretter reiste alle til ein ny seremoni ved Ørneset. Kommentatoren fortalde at det var der norske og allierte styrker hadde innleia angrepet i 1940:

Etter minnehøytideligheten på kirkegården drog alle ut til Ørneset hvor en minnestøtte er reist på det sted, der general Bethuart landsatte sine to bataljoner fra Fremmedlegionen og den norske bataljon, da angrepet på Narvik ble innledet. Den er reist av franskmennene, og ved avdukingen talte minister Blondel, som overleverte bauten til Narvik by. Her står Fremmedlegionenens sjef, general Magrin-Vernerey med noen av sine folk foran støtten.

Den lange rekkja av seremoniar var enno ikkje over, og i neste sekvens viste Filmavisa militære avdelingar på tilsaman 1100 mann som stod oppstilt utanfor Hotel Royal. Deretter fekk ein sjå at norske og franske militære utmerkingar blei utdelt i det Filmavisa karakteriserte som «en stor og gripende stund, denne besegling av et ubrytelig broderskap med våre allierte, et

farvestrålende skuespill, som aldri vil bli glemt hverken av deltakerne eller Narviks befolkning.» Etter desse lange og omstendelige seremoniane var det militær parade gjennom Narviks gater, og med høge militære gjestar på ærestribuna. Filmavisa viste at paraden hadde stor oppslutnad blant byens befolkning som deltok i hyllesten av dei militære. Ho slo fast at «for publikum var paraden selvsagt en av de største opplevelser i forbindelse med høytidelighetene»

Den lange reportasjen blei avslutta med at Filmavisas fly tok turen til Rombaksbotn. På denne måten fekk publikum med sjølvsyn sjå kva som var bakgrunnen for den to dagar lange markeringa i Narvik: «Vi slutter vår reportasje fra den store minnehøytideligheten i Narvik med disse bilder fra Rombaksbotn, hvor tre store tyske destroyere under gjenerobringen ble jaget inn og gikk på grunn hvor de senere ble vrak,» avslutta Filmavisa.

Dette innslaget utmerkar seg på fleire måtar. For det fyrste er det mykje lenger enn dei fleste innslag som Filmavisa pleide å vise. Prioriteringa av markeringa i Narvik kan sjølv sagt skuldast at Filmavisa ville ha mange filmmeter for å legitimere dei store kostnadane det var å sende ein kameramann så langt nord som til Narvik. Filmavisa hadde nokså lange reportasjar frå Nord-Noreg både veka før og etter minnehøgtida i Narvik, og det er sannsynleg at alle desse innslaga er laga av ein og same kameramann.⁴²

Det var militære personlegdomar og den militære innsatsen som blei mest framheva gjennom heile innslaget. Det var norske og utanlandske offiserar som utførte dei fleste rituelle handlingane, mens Narviks befolkning berre spelte ei statistrolle som publikum. Dei militære gav seg sjølv heider og ros gjennom ei lang rekkje med paradar og seremoniar, og publikum stadfesta denne heideren ved å vere til stades. Det blei utdelt mange militære utmerkingar til norske offiserar, og gav ei framstilling av at den norske militære krigsinnsatsen hadde hatt stor betydning.⁴³

Den sju minutt lange jamne straumen av militære paradar og seremoniar gav eit massivt inntrykk av at det som hendte i Narvik i mai 1940 var svært viktig for utfallet av krigen, kor dei norske veteranane hadde spelt ei viktig og ærefull rolle i allianse med britiske, franske og polske

⁴² «Den flygende hurtigrute. Flybilder av Trondheim, Torghatten (21/1946/04) (128 meter) og «Gjenreisning av Hammerfest» (23/1946/07) (87 meter).

⁴³ Kommentarer til innslaget «(...) General Bethouart foretok utdelingen av de franske utmerkelser. Først ble ordfører Nilsen kalt fram foran fronten av de oppmarsjerte avdelinger og mottok på vegne av byen La Croix de Guerre. Så fulgte utdelingen av utmerkelser til en lang rekke militære og sivile. Her er det generalmajor Arne Dahl, som får kommandørkorset av Æreslegionen og Croix de Guerre med palmer og til slutt det tradisjonelle kyss på begge kinn. Kommandørkaptein Per Askim mottar her de samme utmerkelser. Det er en lang og omstendelig seremoni, som er preget av den høytidelige karakter stundens betydning tilsier. Her har vi til slutt noen av de høyest dekorerte: Nr. 2 er generalmajor Ole Berg. (...)»

styrker. I tillegg trakk Filmavisa fram Biskop Krohn Hansen sitt utsegn som understøttar denne førestellinga. Framstillinga i Filmavisa må ein sjå i forhold til korleis slaget om Narvik har blitt tolka. Kor viktig gjenerobringa av Narvik var psykologisk, militært og politisk kan det sjølvstøtt vere ulike tolkingar kring, mellom anna når det gjeld kva tidsperspektiv ein legg til grunn. Den psykologiske effekten i 1940 kan ha vore store, mens tolkinga av det som skjedde i Narvik kan vere annleis i fredstid, fleire år seinare. Berit Nøkleby skreiv i Norsk krigsleksikon at:

Tapet av Narvik var Hitlers første nederlag i 2. verdenskrig. Men det gikk dårlig for de allierte på kontinentet, og de hadde allerede bestemt seg for å trekke seg ut av Norge. Gjenerobringen av Narvik skulle dels dekke retretten, dels tjene som propaganda overfor den britiske befolkningen, som ellers bare fikk meldinger om nederlag.⁴⁴

Det ligg utanfor ramma for denne avhandlinga å vurdere kor viktig militært og politisk erobringa av Narvik var. Det sentrale her er å vise korleis Filmavisa si framstilling av minnehøgtida i mai 1946 gav ei bestemt tolkingsramme for desse hendingane: Norske styrkar hadde spelt ei sentral og ærefull rolle i slaget om Narvik, og det blei viktig for utfallet av krigen.

Også andre innslag knytt til militære minneseremoniar gav bestemte framinger av den norske militære innsatsen under andre verdskrigen, både generelt men også til konkrete hendingar. I Husebyleiren i Oslo blei det reist eit minnesmerke over åtte gardistar som falt på Lundehøgda i Ringsaker under kampar i april 1940. Filmavisa var til stades då minnesmerke blei avduka av Kong Haakon den 24. juni 1948:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Kong Haakon i militær uniform på veg inn i Husebyleiren i følgje med offiserar. Kong Haakon gjev honnør til Gardekompaniet som oppstilt i giv akt.	Sekvens 1: (sørmodig musikk) «Hans Majestet Kongen var til stede i Husebyleiren ved avdukingen av et minnesmerke over åtte gardister som falt på Lundehøgda i Ringsaker under kamper i april 1940. Hele Garden hadde tatt oppstilling da Kongen inspiserer kompaniene.
Sekvens 2: Kong Haakon inspiserer gardekompaniet.	Sekvens 2: (ingen kommentar)
Sekvens 3: Kong Haakon festar krigsmedalje til enke. Nærbilde av gardist i giv akt.	Sekvens 3: Kongen delte ut krigsmedaljer post mortem til de nærmeste pårørende etter de åtte som falt i kampene.
Sekvens 4: Oversiktsbilde over leiren. Splittflagg vaiaar i vinden.	Sekvens 4: (ingen kommentar)
Sekvens 5: Feltprost Erling Lundtveit ved talarstolen som er drapert i norsk flagg. Bilde av pårørende som lyttar til talen.	Sekvens 5: Avdukingshøytideligheten ble innledet med en kort andakt ved feltprost Erling Ulltveit.

⁴⁴ Artikkell om Narvik i Norsk krigsleksikon (1995), signert Berit Nøkleby.

<p>Sekvens 6: Oberstløytnant Petterson ved talarstolen. Kong Haakon ved talarstolen. Offiserar i giv akt. Monumentet blir avduka, ein gardist i paradeuniform. Kong Haakon gjev honnør til monumentet. Oversiktsbilde av gardetroppen som gjev honnør. Kong Haakon legg ned krans ved minnesteinen og gjev honnør. Kvinne går fram og legg ned blome ved minnesteinen.</p>	<p>Sekvens 6: Gardesjefen oberstløytnant Petterson uttalte at kampene på Lundehøgda betegnet et ærefullt blad til Gardens historie. Før avdukingen holdt Kongen tale og sa blant annet de som falt kjempet som menn i ordets beste betydning. Monumentet som forestiller en gardist i paradeuniform er utført av billedhugger Sigurd Nome. Til slutt la Kongen ned en vakker krans ved minnesteinen.»</p>
--	---

Revy nr 27/1948/04 «Kong Haakon avduker minnesmerke over falne gardister i Husebyleiren» (49 meter)

I innslaget dekorerte Kongen representantar for dei falnes familiar med krigsmedalje. Dette var eit symbol på at heile nasjonen stod saman med dei pårørande i sorga. Heile seremonien og minnesmerket skulle fyrst og fremst heidre minne etter dei åtte falne. Dette blei også understreka i talene som Filmavisa siterte, der Kongen omtalte dei falne gardistane i rosande ordlag som modige heltar.⁴⁵ Oberstløytnant Petterson viste også til at minnesmerke var reist også for at ein skulle minnast sjølve kampane på Lundeshøgda. Seremonien kan difor seiast å vere til ære for alle som kjempa ved dette slaget, ja endåtil alle som ytte motstand mot okkupasjonsmakta.

Også ved denne seremonien var det representantar frå kongehus, militære, og geistlege som var dei sentrale aktørane. Dei pårørande som ein kunne sjå var ikkje muleg å identifisere. På den måten kunne desse anonyme pårørande også symbolisere alle dei som hadde mist sine næraste under krigen. Gjennom andakt og taler blei dei avlidne knytt til ulike fellesskap. Berre i kraft av at Kongen var til stades, knytte han dei avlidne og deira pårørande til Fedrelandet og eit nasjonalt fellesskap.⁴⁶

Kong Haakon var også til stades på Hvalsmoen den 22. september 1946 for å avduke ein minnestein over falne ingeniørsoldatar:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Panorering over soldatar oppstilt på Hvalsmoen. Veteranar, gråhåra, i sivil oppstilt med regimentsfaner, sivilt kledd. Kong Haakon i militær uniform kjem, ledsaga av oberstløytnant Nordli. Kongen helsar på mannskapet. Kongen tek sete under baldakinen midt på seremoniplassen. Ingeniør Krohn</p>	<p>Sekvens 1: (nasjonalromantisk musikk: «Rondane» av A.O. Vinje) «På Hvalsmoen fant det søndag den 22. september en gripende minnehøytidelighet for de ingeniørsoldater som falt under krigen. Under sine gamle regimentsfaner stod en avdeling gråhårede veteraner, og foran dem de danske og svenske gjester</p>

⁴⁵ Aftenposten trykte dagen etter ein lang reportasje frå seremonien, og gav fyldige referat frå fleire taler: Gardesjefen oberstløytnant A.J.T. Peterson sa mellom anna at: «De kamper, hvori gardistene deltok, vil gå over i Norges historie som noen av de mest ærerike. (...)» Deretter talte Kongen: «Minnet om vår trengselstid er kanskje i ferd med å blekne, og vi vil helst trenge erindringen tilbake som en ond drøm. Men vi må aldri la det komme derhen at vi glemmer den tid det så mørkest ut for vårt kjære fedreland. Det skylder vi både de døde og oss selv. Fedrelandets største krav kom til dem vi minnes i dag. De kjempet som menn i ordets beste forstand. De bød fienden den hardeste motstand, og har skrevet sine navn med heder i landets krigshistorie. De ga det største de hadde, de ga sitt liv. La oss alltid ha klart i minnet de tusener av våre landsmenn som ofret sitt liv og blod for den store ting som vi aldri kan sette høyt nok – friheten.» Aftenposten 25. juni 1948.

<p>Holm talar. Barn oppstilt med norske flagg. Kongen stig opp på talerstolen som er drapert med norsk flagg. Kongen avdukar minnesmerket, stor rullestein.</p> <p>Sekvens 2 : (Vi hører Ja, vi elsker). Soldatar står i giv akt. Kongen gjev honnør til uniformshua. Panorering, Veteranar oppstilt.</p> <p>Sekvens 3: Kongen legg ned krans ved minnesmerket. Nærbilde av rullestein, omgitt av blommar og kransar. Kongen delar ut medaljar til pårørande, truleg enker. Nærbilde av minnemedaljar.</p> <p>Sekvens 4: Veteranane og soldatane defilerer for Kongen. (vi hører marsjmusikk).</p>	<p>som var kommet i anledning av høytideligheten. Hans Majestet Kongen, som var ledsaget av overadjutanten oberst Nordli og vakthavende adjutant, major Ording, hilste på mannskapene. Deretter tok han plass under den store baldakinen. Som representant for ingeniørvåpenets tre grener talte ingeniør Krohn Holm. Kongen steg så opp på talerstolen og lyste fred og velsignelse over de falnes minne i det han foretok avdukingen av et minnesmerke. Og så tonet fedrelandssangen utover plassen.</p> <p>Sekvens 2: (Vi hører «Ja, vi elsker»)</p> <p>Sekvens 3 (Vi hører «Rondane»). Kongen la deretter ned den første kransen ved minnesmerket, som er en svær rullestein i rødlig granitt hvor 38 navn står innrisset, deriblant oberst Jens Hertzbergs. Navnene på dem som var falt ble deretter lest opp, og Kongen foretok utdeling av minnemedaljer som de etterlatte mottok, sterkt beveget.</p> <p>Sekvens 4: (Vi hører: militærmarsj) Til slutt defilerte veteranene og hele rekruttstyrken for Kongen, og dermed var hele høytidsstunden over.»</p>
--	---

Revy nr 38/1946/01 «Kongen avduker minnestein over falne ingeniørsoldater på Hvalsmoen». (57 meter)

I dette innslaget var den nasjonale dimensjonen endå meir vektlagt enn ved seremonien i Gardeleiren. Fleire nasjonale symbol var godt synlege, mellom anna var talerstolen drapert med eit norsk flagg, og barn var også oppstilt med kvar sine små norske flagg. I tillegg valte Filmavisa den nasjonalromantiske «Rondane» (A.O. Vinje) til å tonsetje introen og fyrste del av innslaget. Etter Kongens avduking fekk publikum høyre «Ja, vi elsker» mens ein kunne sjå soldatar i giv akt og Kongen som gav honnør.

Innslaget synest å vere oppbygd kronologisk. Det starta til tonane av «Rondane» og med ei panorering over ei oppstilt avdeling unge soldatar og eldre sivilkledde veteranar som alle ventar på at Kongen skal kome til Hvalsmoen. Neste bildesekvens var retta mot Kongen som ein kunne sjå kome til seremonistaden, ledsaga av to offiserar. Det var Kongen som utførte dei mest sentrale seremonielle handlingane. Kongen var kledd i militær uniform, ei klesdrakt som understreka at dette fyrst og fremst var ein militær seremoni. Så helste Kongen på avdelinga av veteranar før han tok sete midt på seremoniplassen. Reportasjens høgdepunkt kom då Kongen steig fram på talerstolen og lyste fred og velsigning over dei falnes minne, før han så avduka minnesmerket. Kommentaranne gjorde då eit opphald på ca. 15 sekund, mens vi fekk høyre dei fyrste strofene av «Ja, vi elsker». Samtidig fekk ein sjå Kongen og avdelinga av unge soldatar i stram giv akt. Til tonane til Rondane fekk ein så sjå Kongen legge ned krans ved minnesmerket

med 38 namn innrissa, kor Filmavisa framheva kanskje den mest kjende av dei falne, oberst Jens Hertzberg.⁴⁷ Filmavisa viste deretter Kongen som delte ut minnemedaljar til dei etterlatne, mange av dei var truleg enker.

Reportasjen var ein sirkelkomposisjon der veteranane også var med i avslutninga. Musikken blei endra til ein marsj mens ein fekk sjå at veteranane og rekruttstyrken defilerte for Kongen. Det avsluttande bilde kan seiast å symbolisere at militærvesenets lange og ærerike tradisjonar skulle bli ført vidare av dei unge som fylgde etter.

Filmavisa omtalte seremonien som «En gripende minnehøytidelighet for de ingeniørsoldater som falt under krigen.» Innslaget hadde ikkje noko eksplisitt imperativ retta mot kva minnet etter dei falne skulle bety for framtida. Det hadde derimot andre reportasjar, til dømes ”Avduking over falne offiserar på den Gamle Krigsskolen i Oslo». Kongehuset hadde også her ei sentral rolle, denne gongen med Kronprins Olav til stades:

Vi ser:	Vi hører:
Sekvens 1: Kronprins Olav stig ut av bilen og blir møtt av militære ved den Gamle Krigsskolen. Kadettavdelinga står i giv akt. Kronprinsen inspiserer kadettavdelinga og helsar på offiserar.	Sekvens 1: (musikk: militær fanfare) «Kronprinsen avduket nylig minnetavlen over falne offiserar på den gamle Krigsskolen i Oslo. Før avdukingen inspiserte Kronprinsen kadettavdelingen
Sekvens 2: Oberstløytnant Rissvold held tale. Kronprinsen held tale. Nærbilde av minnetavle. Kadettavdelinga i giv akt.	Sekvens 2: (musikk «Gud signe vårt dyre fedreland») Krigsskolens sjef, oberstløytnant Rissvold, mintes i sin tale de 53 offiserer som gav sitt liv for Norge. Kronprinsen framholdt at vi som lever i dag ikke må glemme den troskap de falne offiserer viste mot sitt land og folk. Vi må føre arven videre, og la denne minnetavlen inspirerer oss til offer- og ansvarsvilje».

Revy nr 49/1948/08 «Avduking over falne offiserar på den Gamle Krigsskolen i Oslo» (25 meter)

Også denne reportasjen hadde eit gjennomgåande militært preg. Seremonien gjekk føre seg på ein militær arena, og alle var i militær uniform. Innslaget starta til tonane av ei militær fanfare idet ein såg Kronprins Olav kom til den Gamle Krigsskolen. Etter at kronprinsen hadde inspisert kadettavdelinga, endra innslaget karakter. Tonefølge skifta til «Gud signe vårt dyre fedreland» mens kommentarane refererte til minnetalene til oberstløytnant Rissvold og avslutta med Kronprinsens formaning om å ikkje gløyme og appellen om at dei gjenlevande skulle vere villige til å gjere eit like stort offer, blei forsterka med bilde av namna på minnetavla og med nasjonalsalmen som tonefølge.

⁴⁷ Oberst Jens Skjelderup Hertzberg (1877 – 1940) var generalinspektør for ingeniørvåpenet og døydde av skadar han fekk under bombeangrepet på Elverum 11. april 1940. www.speidermuseet.no (besøkt 14.4.2014)

Militære og sivile offer

Dei fleste militære minneseremoniar gjekk føre seg på militært område, og med militære i hovudrolla. Slik var det også på Bømoen på Voss då minnesmerke over falne frå Fjordane regiment blei avduka hausten 1948. Minnesmerke var reist til minne om dei som falt i åra 1940 – 1945.⁴⁸ Mange av dei hadde falt under kampane i Vosse-avsnittet, der nokon av dei hardaste kampane gjekk føre seg under invasjonen i april 1940. Etter krigen satte stortingsrepresentant Nils Lavik (Krf) fram påstandar om at fleire norske offiserar under dei tyske bombeangrepa hadde rømt i panikk, og latt soldatane vere igjen for å kjempe. «Soldatene gikk som sauer utan hyrde,» sa Lavik, som også påsto at fleire offiserar hadde drukke alkohol.⁴⁹ Lavik sine påstandar blei mellom anna sett fram frå Stortingets talarstol under debatten om militærbudsjettet i 1946. Dei militære oppfatta påstandane som ærekrenkande og saka havna i militær forhøyringsrett i april 1948. «Lavik-saka» var blant dei mest oppsiktsvekkande sakene i diskusjonen kring mobiliseringa av forsvaret i 1940. Likevel blei ikkje saka nemnd med eitt ord då Filmavisa viste reportasjen frå avdukinga av minnesteinen på Bømoen, nokre få månader etter rettsforhandlingane.

Vi ser:	Vi høyrer:
Bømoen. Stor menneskemengde samla på ekserserplassen. Minnesteinen drapert i norsk flagg, sju soldatar står æresvakt. Mann på talarstol. Panorama over menneskemengda. Mannskor. Bunadskledde kvinner med blomar i hendene. RosherNielsen ved talarstolen, i uniform. Avduking. Rosher-Nielsen legg ned krans ved monumentet. Mann i sivil legg ned krans. Lang rekkje med bunadskledde kvinner legg ned blomar ved monumentet. Regimentsflagget vaier i vinden.	(sørgeleg musikk) «På Bømoen på Voss ble det nylig avduket en minnestein over falne fra Fjordane regiment. Høytideligheten hadde samlet omlag 4000 mennesker, av de var mange soldater som var inne til mobiliseringsøvelser. Avdukingstalen ble holdt av divisjonssjef generalmajor Rosher Nielsen, og så falt dekket for det vakre monumentet som var utført av billedhogger Lars Fletre.»

Revy nr 34/1948/03 «Minnesmerke over falne fra Fjordane regiment avdukes på Bømoen på Voss» (26 meter).

I reportasjen blei ikkje ettermålet til verken dei falne eller dei offiserane som eventuelt hadde svikta forstyrra av påstandar om at nokon i det norske forsvaret ikkje hadde gjort jobben sin då det gjaldt som mest i 1940. Men på den andre sida blei det heller ikkje sitert noko frå Rosher Niensens⁵⁰ tale eller kommentert noko positivt om motstanden på dette feltavsnittet, slik vi

⁴⁸ På innskrifta står det i versalar: «FJORDANE REGIMENT * DEI GAV LIVET SITT I STRIDEN FOR NOREG I ÅRI 1940-1945. I DJUP TAKKSEMD REISTE FOLKET I HEIM- BYGDENE DEIRA DETTE MINNET I ÅRET 1948. HARDANGER-VOSS-SOGN-SUNNFJORD-NORDFJORD». Kjelde: www.sffarkiv.no (besøkt 14.4.2014).

⁴⁹ Aftenposten 2. april 1948.

⁵⁰ «Ragnvald Roscher Nielsen var en anonym artillerioffiser i generalstaben til han fikk som oppdrag å forhandle den siste, og etter hvert omstridte, våpenstillstandsavtalen med de tyske angriperne 1940. De siste tre krigsårene tilbrakte han som tysk fange i Oslo, Polen og Tyskland.» Store norske leksikon.

tidlegare har sett at gardesjefen omtalte dei kampene som Garden hadde vore involvert i. I kva grad Lavik-saka kan ha påverka Filmavisa si framstilling er vanskeleg å gje svar på, men kommentarane var langt meir avmålte og forsiktige i høve til liknande seremoniar.

I den grad sivile var representert under militære seremoniar, spelte dei ofte ei birolle som etterlatne eller berre som publikum, slik som ved Bømoen. Mange minnesmerke over falne militære var plassert på militært område, men det fanst unntak. Dette gjaldt mellom anna monument som skulle vere minnesmerke etter både militære og sivile. I mai 1948 blei «Trondheim bys Monument over de falne» avduka på Domkirkegården midt i byen. Billedhoggaren Kristofer Leirdal hadde utført mykje av modelleringsarbeidet for skulpturar til Nidarosdomen, og det var truleg av den grunn nærliggande å gje dette oppdraget til han. Det kan også ha talt til Leirdals fordel at han under krigen i skjul for quislingregimet hadde laga statue av motstandsmannen og musikkøyntanten Alfred Eriksen.⁵¹ «Monumentet over de falne» var utført i granitt, og hadde eit sivilt motiv. Då Leirdal blei tildelt oppdraget i 1946 kommenterte Aftenposten skissa til monumentet:

Kunstneren har som første motiv valgt de etterlatte, hustru og barn, og har utformet ideen på en verdig og vakker måte. Teksten over midtfeltet er: DE DØDE FOR OSS. I feltet til venstre står: 300 PATRIOTER FRA TRONDHEIM MISTET LIVET I KRIGEN 1939 – 1945, og i feltet til høyre: ASKEURNENE TIL 34 SOM BLE SKUTT AV NAZISTENE ER SATT NED HER.⁵²

Filmavisa var til stades då dette minnesmerke blei avduka i 1948:

Vi ser:	Vi høyrer:
Panorama ovanfrå over stor menneskemengde (fleire hundre) ved Domkirkegården i Trondheim. Fylkesmann Ivar Skjånes ved mikrofon. Monumentet drapert i norsk flagg. Soldatar held æresvakt ved monumentet. Fylkesmannen avdukar monumentet (motiv; kvinne med barn). Panorering over menneskemengda, alle i sivil, truleg filma frå talarstolen – ansikt synlege. Tre militært kledde menn i giv akt. Generalmajor Rasmus Strugstad ved	(Musikk: Gud signe vårt dyre fedreland, instrumental) «For kort tid siden ble Trondheim Bys monument over frihetskampens ofre avduket på Domkirkegården. Monumentet er utført av billedhoggeren Kristoffer Leirdal. Fylkesmann Ivar Skjånes holdt avdukingstalen og mintes de falnes store innsats. Medlemmer av kompani Linge paraderte. Det ble lagt ned en rekke kranser, blant annet av generalmajor

⁵¹ I 1944 fekk Leirdal bestilling på å lage eit monument over musikkøyntant Alfred Bergiton Evensen. På dette tidspunktet hadde det trådt i kraft ei Quisling-anordning om at alle monument som skulle lagast, fyrst skulle godkjennast av Kulturdepartementet. Føremålet var å hindre at patriotar blei foreviga på denne måten. Ein slik kontroll kunne ikkje Leirdal godta, og han «gjekk under jorda» og laga skulpturen i hemmelegheit. Musikkøyntant Evensen var sjef for divisjonsmusikken i Oslo då krigen braut ut. Då quislingane gjekk inn for å omskape divisjonsmusikken til hirdmusikkorps, satte han seg i mot og blei arrestert. Evensens skrantane helse blei ytterlegare svekka under fengselsopphaldet fordi han ikkje fekk nødvendig medisin mot sukkersyke i fengslet. Evensen døydde i mai 1942, og for å minnast hans haldning og hans store innsats for musikken i sine mange år i Harstad, tok Harstad Mannssangerforening initiativet til å reise eit monument til minne om Evensen i Harstad. I 1945 var statuen ferdig, og fekk plass i «Generalparken» i Harstad. Aftenposten 6. september 1945.

⁵² Aftenposten skreiv dette då det var klart at Kristoffer Leirdal hadde fått oppdraget med å lage dette minnesmerket. Aftenposten 5. september 1946.

mikrofonen held tale. Militært kledd mann og deretter ein sivilt kledd mann (Odd Sørli?) legg ned krans ved foten av monumentet. Bilde av monumentet med ei rekkje kransar ved foten.	Rasmus Strugstad på vegne av forsvaret i Trøndelag, og Odd Sørli for kompani Linge.»
---	--

Revy nr 25/1948/02 «Trondhjems bys minnesmerke over falne nordmenn avdukes på Domkirkegården» (28 meter)

Til tonane av «Gud signe vårt dyre fedreland» fekk ein sjå panorama over truleg fleire hundre menneske samla i Domkirkegården. Dei sentrale seremonielle handlingane avduking, tale og kransnedlegging blei utført av både sivile og militære. Medlemmer av kompani Linge heldt æresvakt ved monumentet. Dette var ei rolle som kompaniet også hadde ved fleire andre liknande seremoniar, og som blei trekt fram av Filmavisa gjennom både bilde og kommentarar. Etter avdukinga panorerte kamera over menneskemengda igjen, denne gongen var ansikta synlege, slik at ein kunne sjå publikums reaksjonar på den alvorstunge stunda. Truleg blei det filma frå ein posisjon nær talarane. Publikum var alle kledd i sivil og spelte ei tilbaketrekt, men likevel nødvendig rolle. Den store menneskehoppen fungerte som ei anonym masse som representerte «oss alle», og som filmavispublikummet kunne identifisere seg med.

Monument til minne om både sivile og militære offer blei reist fleire stadar. I 1946 avduka Kronprins Olav eit minnesmerke over krigens offer i Hønefoss, same dagen som Kongen avduka minnesmerke over falne ingeniørsoldatar på Hvalsmoen like i nærleiken.⁵³ Trass i eit svært dårleg vèr, kunne Aftenposten rapportere om at kronprinsen blei møtt av eit folkehav som ville hylle han og heidre dei falne.⁵⁴ Filmavisa var også til stades, og starta innslaget med bilde av kronprinsen som sjølv sat bak rattet, køyrande med bil gjennom Hønefoss`gater, med panseret overfylt av blomar:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Kronprins Olavs bil i Hønefoss gater, fortauet fylt av mennesker, norske flagg. Panser og tak dekt av blomar. Kronprins Olav ved rattet.	Sekvens 1: (sorgtung musikk) «Det silregnet da Kronprins Olav kom til Hønefoss samme dag for å avduke minnesmerke over krigens offer her. Men hele byen var på benene, og Kronprinsens bil ble formelig begravet der den kjørte frem gjennom gatene.
Sekvens 2: På Nordre torg, kronprinsen handhelsar på ei rekkje sivilkledd menn. Kronprinsen med militær hue, og sivil trenchcoat. Æresparken, rekke med menn	Sekvens 2: På Nordre torg ble han mottatt av distriktets autoriteter, og deretter spaserte han til Æresparken like ved fossen hvor det fem meter høye

⁵³ Same dagen avduka Kongen minnesmerke over falne ingeniørsoldatar på Hvalsmoen, like nord for Hønefoss. (Sjå ovanfor, revy nr. 38/1946/01).

⁵⁴ «Overalt vaiet norske flagg, og allerede et par timer før Kronprinsens ankomst var gatene tilbørlig avspærret og barnetoget var like langt og like festlig som på en 17. mai. Da Kronprinsen kom kjørende med seg selv som sjåfør var 7 – 8000 mennesker samlet i gatene. De var kommet for å hylde landets kronprins og for å hedre de falne. Roser, nelliker, ertebloomster haglet over Kronprinsens bil, som formelig bugnet av blomster i herlige høstfarger da Hans Kongelige høyhet kom til Nordre Torg hvor søte piker fra de fem Ringriksbygder skjenket ham enda flere blomster.» Aftenposten 23. september 1946.

<p>sit på lang rekke. Flaggborg. Ordfører Bentzen på talarstolen som er drapert i norsk flagg. Kamera filmar frå posisjon bak Bentzen, vi ser publikum sit, mange opplåtte paraplyar. Bildet dreiar mot monumentet som er drapert i stort norsk flagg, to soldatar står æresvakt. Rekker med soldatar står bak monumentet. Monumentet drapert. Flaggborg med bunadskledde unge kvinner. Byingeniør Løge på talarstolen, monument og norske flagg i bakgrunnen. Kronprinsen på talarstolen. Publikum står. Kronprinsen går frå talarstolen og til monumentet og avdukar det.</p>	<p>minnesmerket var reist. Ordfører Bentzen ønsket velkommen, og benyttet anledningen til å takke Kronprinsen for hans strålende innsats under krigen. Været var hele tiden like trøstesløst, men allikevel rådet en betagende stemning over begivenheten, med den lange rekken av norske flagg som frihetskampens sørgende symboler. Byingeniør Løge redegjorde for minnesmerkets tilblivelse og takket myndigheter og private for all hjelp. Så talte Kronprinsen og uttrykte sin ærbødighet for dem som falt, enten det var som soldater i uniform eller som sivile. Så falt dekket over det vakre minnesmerke og tonene over "Ja, vi elsker" steg opp mot gråværshimmelen.</p>
<p>Sekvens 3: Kronprinsen og andre militære i giv akt med «Ja, vi elsker» spelast.</p>	<p>Sekvens 3: (Vi høyrer «Ja, vi elsker») De militære avdelinger stod i stram giv akt rundt bautaen som minner oss om fedrelandskjærighet og som skal mane oss til ny kamp om så det gjelder.</p>
<p>Sekvens 4: Soldatar i giv akt. Nærbilde av monumentet. Monumentet, omgitt av soldatar.</p>	<p>Sekvens 4: (Sørmødig musikk) Minnesmerket er utført av Ståle Kyllingstad. Det er formet som et kors, og under et relieff leser man navnene på de falne, 47 militære og 43 sivile.»</p>

Revy nr 38/1946/02 «Kronprinsen avduker minnestein over falne i Hønefoss» (57 meter)

Det kan synest underleg at bildet av jublande mennesker var ledsaga av sørgmodig musikk. Det skuldast truleg at innslaget fekk eit meir alvorstungt preg straks etter at kronprinsen hadde helst på dei Filmavisa kalla «distriktets autoriteter.» Ved sjølve seremoniplassen vandra bildet langs ei lang rekkje med publikum, som for det meste var menn, før kamaraet fokuserte på ordfører Bentzen på talarstolen.⁵⁵ Bentzen takka «Kronprinsen for hans strålende innsats under krigen.» Deretter filma kamera frå ein posisjon bak Bentzen slik at ein kunne sjå utover publikum. Overalt kunne ein sjå «norske flagg som frihetskampens sørgende symboler», slik kommentatoren uttrykte det. Monumentet var drapert med eit stort norsk flagg, og av andre nasjonale symbol kunne Filmrevyens publikum sjå ei flaggborg av bunadskledde unge kvinner. Byingeniør Løge var neste mann på talarstolen, før kronprinsen talte til forsamlinga og heidra minnet dei som falt, både militære og sivile. Så avduka kronprinsen monumentet, og tonefølgje skifta til «Ja, vi elsker». Kommentatoren var taus ei kort stund mens ein kunne sjå at kronprinsen og soldatar sto i giv akt. Deretter blei fedrelandssangen avløyst av det sørgmodige tonefølgje og nærbilde av Ståle Kyllingstad sitt monument som var til ære for både 47 militære og 43 sivile offer som hadde namna sine innrissa. Monumentet var forma som eit kors, og på relieffa symboliserte den kunstneriske utforminga barndommen, ungdommen, manndommen og døden. Filmavisa gav til slutt si tolking av bautaen vi såg: Den skulle minne oss om

⁵⁵ Carl Severin Bentzen (1882 – 1956) var ordfører for Arbeidarpartiet. Under krigen blei han arrestert, og sat i fangenskap på Grini 20. september til 28. november 1944. www.wikipedia.no.

fedrelandskjærleiken. I det låg det samtidig ein appell til dei som levde att om å vere klar til ny kamp, og sjølve vere villige til å ofre livet «om så det gjelder», slik det også heiter i salmen «Alltid fredig» som Filmavisa ofte brukte som tonefølgje. Vi kan også legge merke til at Filmavisa henta mykje inspirasjon til kommentarane frå Aftenpostens reportasje, td.:

(...) Kronprinsen uttalte sin beundring for dem som meldte seg til kampen, og talte i ærbødighet om dem som falt, enten de falt som soldater i uniform eller som sivile.(...) Etter prolog og korsang tok ordfører Bentzen på vegne av Hønefoss kommune imot minnesmerket, idet han uttalte: Denne bauta minner oss om vår fedrelandskjærighet, og den skal mane oss til ny kamp om det så gjelder. (...)⁵⁶

Til ein viss grad gav reportasjen inntrykk av at seremonien var dominert av militære element, både gjennom eit stort oppbod av militære avdelingar, soldatar som æresvakt ved monumentet og seremoniell giv akt etter avdukinga. Berre kronprinsens militære hue var synleg, men truleg skjulte nok kronprinsens trench-coat ei full militæruniform.



Kronprinsen avduka det fem meter høge minnesmerket på Hønefoss (revy nr 38/1946/02).

⁵⁶ Aftenposten 23. september 1946.

Kronprinsen hadde ei sentral rolle under seremonien, mens ordførar Bentzen og byingeniør Lade hadde ei noko mindre sentral rolle. Dersom vi samanliknar dette innslaget med Aftenpostens si dekning av seremonien, finn vi at Filmavisa har utelatt referansar til tre andre som også la ned kransar:

Oberst Just la ned en krans fra hær, marine og luftvåpen, redaksjonssekretær Hasselknippe fra Milorg, og sabotasjegrupper, og sogneprest Asle Enger fra sivile som ble offer for krigen. Til avslutning ble fedrelandssalmen sunget. En gripende høytidsstund var over.⁵⁷

Dersom Filmavisa også hadde valt å vise oberst Just og Milorgs Hasselknippe kunne det ha tilført reportasjen eit endå sterkare militært preg, men redaksjonen kan ha vurdert det slik at referanse til tre talarar var nok. Dette utvalet kan ha vore påverka av at dette innslaget fylgde rett etter ein liknande reportasje frå Kongens avduking av eit monument på Hvalsmoen.

Kongehusets sterke representasjon denne dagen synest å vere karakteristisk for Kongen og Kronprinsens store aktivitet ved slike minneseremoniar. Dette blei gjenspegla i Filmavisa gjennom svært mange liknande reportasjar, sjølv om det var uvanleg at det var *to* nesten like reportasjar i same revyutgåve. Gjennom berre det å vere til stades ved slike seremoniar viste kongehuset både deltaking og empati. Dei etterlatne si private sorg blei gjennom seremonielle ord, handlingar og kongehusets deltaking opphøgd til ei nasjonal sorg. På denne måten kan det ha vakse fram ei særskild nasjonal samkjensle som kan ha styrka kongehusets stilling i folket yttarlegare etter krigen. Måten kongehuset blei framstilt på i Filmavisa forsterka difor kongehusets sterke stilling, og det bidrog til at til dømes Kronprinsen kunne spele på eit nasjonalt fellesskap, eit «oss» og «vi», for å motivere publikum til handling. Dette fekk Filmavisas publikum også høyre ved mange høve, mellom anna frå ein reportasje frå avdukinga av eit minnesmerke ved Nordre Skøyen i november 1946. Filmavisa starta reportasjen med å framheve kor viktig det var å minnst dei som ofra livet sitt under krigen:

Hele landet over reiser det i denne tid minnesteiner, som skal holde levende for oss erindringen om dem som ga sitt liv i kampen for frihet og fred. På Nordre Skøyen utenfor Oslo ble det således forleden avduket et monument over de 24 patrioter, hjemmehørende på Bryn og Østensjø, som falt som offer for naziveldet.⁵⁸

Med utgangspunkt i denne tolkningsramma kor det blei lagt vekt på at dette var heltar som hadde ofra livet, refererte Filmavisa til kronprins Olavs avdukingstale: «Disse menn har gitt oss

⁵⁷ Aftenposten 23. september 1946.

⁵⁸ Revy nr. 44/1946/01 «Kronprinsen avduker minnesmerke etter 24 falne på Nordre Skøyen.» (41 meter).

en forpliktelse, som vi *må* [uth. av kommentator] og *skal* [uth. av kommentator] oppfylle.»⁵⁹ Dette utsegnet kunne tolkast som ei forplikting til «oss alle» om å yte ein god innsats i gjenreisingsarbeid, ei tolking som synest endå klarare i Aftenpostens noko meir utførlege referering av kronprinsens tale.⁶⁰

Det gjekk ikkje fram av reportasjen om alle dei «24 patrioter» var militære eller sivile, men dei militære elementa var godt synlege under Filmavisas reportasje frå seremonien. Kronprinsen var iført militær uniform og Filmavisa fortel at «seks Milorg-gutter dannet æresvakt rundt monumentet.» Dessutan var speidarar og turnerar til stades og «dannet flaggborg under høytideligheten», ei rolle som desse tilsynelatande militært orienterte frivillige organisasjonane også var tildelt ved liknande seremoniar.⁶¹

Bilethoggaren Joseph Grimeland hadde gjeve monumentet eit religiøst tilsnitt ved å forme det som eit lite tempel.⁶² To kvinner var hogd ut på kvar søyle, og på veggen i tempelet var dei falne sine namn rissa inn. På ein sokkel inne i tempelet var ein naken mannsfigur delvis i kne, mens han lyfta eine handa kor han heldt ein fakkell. Figuren kan tolkast som det norske folk som heldt fridomens flamme høgt, sjølv om ein var blitt tvungen i kne.⁶³

Liknande enkel symbolbruk kunne ein også finne igjen i andre minnesmerke laga av Joseph Grimeland. På fridomsdagen 8. mai 1948 var Filmavisa til stades då eit anna av Grimelands kunstverk blei avduka. Denne gongen var det eit minnesmerke over 26 falne ungdommar i Ullevål Hageby som blei reist like ved Ullevål skole. Blant desse var det fleire som hadde blitt avretta ved Akershus festning som tysk represalie etter at Heimefronten den 8. februar 1945 likviderte politigeneral Karl Marthinsen.⁶⁴

⁵⁹ Kommenterar, revy nr. 44/1946/01.

⁶⁰ «(...) Disse menn har gitt oss en forpliktelse, som vi må og skal oppfylle. De tok kampen opp mot dem som ville røve friheten fra oss. Deres død forplikter oss til å føre deres vilje og tanke fram til fullbyrdelse, så deres offer ikke har vært forgjeves. De ga også sitt liv for at folket skulle kunne arbeide seg fram til større lykke og heder, og det står til oss selv å gjøre det, og dermed ofrene verdig.» Aftenposten 4. november 1946.

⁶¹ Speidarar kan ei sjå i liknande rolle i fleire andre innslag, td. «Avsløring av minnestein, Høybråten» (revy nr. 1947/ 25/02): «Også ved Høybråten kapell var det samme søndag stort frammøte av folk var sognet og fra nabobygden Furuset. Her var det oberst Ole Reistad som holdt minnetalen over distriktets falne hvoretter Paulus Johansen foretok avdukingen mens flaggene ble senket, og avdelinger av hjemmefrontmedlemmer, militære og speider stod vakt om minnesmerket.»

⁶² http://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/2/20/Nordre_Skoyen_krigsminnesmerke.JPG

⁶³ Liknande symbolikk kan ein også finne på bautaen på Bømoen, der ein mann held ein lysfakkell høgt og manar oss alle til å stå vakt om fridomen. Bautaen på laga av bilethoggar Lars Fletre, sjå www.sffarkiv.no. Sjå også Revy nr 34/1948/03 "Minnesmerke over falne fra Fjordane regiment avdukes på Bømoen på Voss».

⁶⁴ «Det virket som et sjokk for beboerne i Ullevål Hageby da de om morgenen 11. februar 1945 fikk vite at flere av hagebyens stauteste og modigste unggutter var henrettet at tyskerne,» skreiv Aftenposten i reportasjen sin frå avdukinga i Ullevål Hageby. Aftenposten 10. mai 1948. (sju unge menn frå Ullevål Hageby blei avretta frå 9. og 10. feb. 1945 ifølgje www.wikipedia.no)

Vi ser:	Vi høyrer:
Sol. Panorama, stor folkemengd i Ullevål Hageby. Flagg på halv stang. Bronsestøtta drapert i stort norsk flagg. Innsamlingskomiteens formann, Sigurd Willoch, i sivil dress bak mikrofon ved sidan av bronsestøtta. Publikum, fleire eldre kvinner med blomsterbukett i hendene. Flagg og faner, tropp frå Divisjonsmusikken i giv akt ved støtta. Støtta blir avduka. Helset i uniform stiller seg i giv akt framfor støtta. Publikum, eldre kvinner med bukett. Støtta og Helset. Panorama over publikum.	(sørgmodig musikk) «Flere av de kjekkeste og modigste av ungdommene i Ullevål Hageby ble henrettet av tyskerne. Andre falt i åpen kamp for fedrelandet. Disse 26 har nu fått sitt eget minnesmerke her oppe i Hagebyen, hvor generalløytnant Olav Helset for noen dager siden avduket billedhuggeren Grimelands bronsestøtte. Barnas følelser for de unges frihetshelter var symbolisert så enkelt og lett forståelig i denne minnestøtten, sa han, og det er den oppvoksende slekt som skal knytte båndet mellom fortid og fremtid.»

Revy nr 20/1948/07 «Avduking av krigsminnesmerke over falne ungdommer i Ullevål Hageby» (17 meter)

Til tonane av sørgmodig musikk starta Filmavisa med bilde av ei stor folkemengd ved Ullevål skole, og rundt plassen kunne ein sjå norske flagg på halv stang. Deretter dreide kameraet over til å vise bronsestøtta som var drapert i eit stort norsk flagg. Militærvesenet hadde ei sentral rolle også ved denne seremonien. Generalløytnant Olav Helset føretok avdukinga, og Filmavisa siterte tala hans der han gav si tolking av minnestøttas symbolske betydning for den komande slekta. Ved minnestøtta viste Filmavisa ei avdeling frå divisjonsmusikken i stram giv akt. Det sivile publikum var fyrst og fremst representert av nokre eldre kvinner som la ned blomstrar ved minnestøtta ved slutten av reportasjen.

I innslaget «Minnetavle over falne bryggearbeidere i Pipervika» minte Filmavisa publikum på endå fleire som omkom under krigen. I følgje Aftenposten var fleire hundre menneske til stades då minnetavla over bryggearbeidarane blei avduka den 8. september 1946⁶⁵:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1 : Vippetangen, Utstikker 1. Panorama over stor menneskemengd. Viseformann i komiteen som hadde arbeidd med reisinga av minnetavla, Kjønnik Kjønniksen, ved talarstolen som er drapert i norsk flagg. Publikum sit, stort sett berre menn. Aksel Amundsen held tale, fagorganisasjonens fane i bakgrunnen. Publikum. Fleire menn ved minnesplata, ein av dei held fagorganisasjonens fane. Minnetavla er drapert i norsk flagg, avdukast.	Sekvens 1: (sørgmodig musikk, kanskje Ole Olsens sørgemarsj ⁶⁷) «Ved utstikker 1 ved Vippetangen er avduket en minnetavle over medlemmer av Oslo bryggearbeiders forening som omkom under krigen. Kjønniksen redegjorde for hvordan midlene til tavlene var skaffet til veie. Aksel Amundsen holdt avdukingstalen, og mintes de 24 kamerater, hvorav tre var død i tyske konsentrasjonsleirer, en skutt på Trandum, og 20 omkommet ved eksplosjonsulykken i Filipstad 19. desember 1943.
Sekvens 2: Publikum står, hattane er av. Fagorganisasjonane sine faner senkar seg ved minneplata. Mannskoret «Arbeidsmann» syng. ⁶⁶	Sekvens 2:
Sekvens 3: Hamnestyrets formann og ordførar i Oslo, Arnfinn Vik, ved talarstolen. Mann med fane.	Sekvens 3: Ordfører Arnfinn Vik talte på havnestyrets vegne, og sa at det gjaldt for oss etterlevende å føre de

⁶⁵ Aftenposten 9. september 1946

⁶⁶ Sangforeningen «Arbeidsmann» sang så «Bautar» av Catarinus Elling. Aftenposten 9. september 1946.

⁶⁷ Seremonien blei innleia med Ole Olsens sørgemarsj, spelt av Transportarbeidernes Musikkgruppe. Aftenposten 9. september 1946.

<p>Nærbilde av to frå publikum. Nærbilde av minneplata med overskrifta «GA SITT LIV FOR NORGE.» Kransar og blommar ved foten av minneplata. Mann legg ned krans. Publikum. Kvinne legg ned blommar ved minneplata.</p>	<p>falnes verk vidare. Som avslutning på høytideligheten, ble det nedlagt et vell av kranser og blomster fra de avdødes slekt og venner.»</p>
--	---

Revy nr 36/1946/01 «Minnetavle over falne bryggearbeidere i Pipervika» (31 meter)

I denne sermoneien var det spesielle at det verken var militære styrker eller anna uniformert personell til stades. Det var berre sivilt kledde menneske å sjå blant publikum og ved talarstolen. Fagforeiningane sine menn og Arbeidarpartiet sin Oslo-ordførar var dei sentrale aktørane under sermoneien. Innslaget blei avslutta med eit nærbilde av minneplata med overskrifta: «GA SITT LIV FOR NORGE». Med noko mindre skrift under står det «Under okkupasjonstiden 1940 – 1945.» Endå lenger nede sto det «Død i tyske fengsler» med tre namn lista opp⁶⁸, «Skutt på Trandum» med eitt namn lista opp⁶⁹, og «Omkommet ved eksplosjonsulykken i Filipstad 19. desember 1943» med 20 namn lista opp aller nedst.

Er verkeleg alle desse offer på lik linje, slik minnetavla og sermoneien gjev inntrykk av? Kan alle desse definerast inn i ei offerrolle, der dei alle «ga sitt liv for Norge»? Dei 24 falne bryggearbeidarane døyde under ulike omstende. Det er grunn til å tru at dei fire som døyde på Trandum og i tyske fengsel hadde ytt aktiv motstand mot dei tyske okkupantane, gjennom undergrunnsarbeid eller liknande. Men kva med dei 20 bryggearbeidarane som gjekk på arbeid den 19. desember 1943 lik alle andre dagar? Grunnen til at dei døyde, var at tysk ammunisjon gjekk i lufta. Korfor var dei som døyde som følgje av ei eksplosjonsulykke satt i same offerrolle som dei som falt for tyske kuler på Trandum og dei som døyde i tyske konsentrasjonsleirar? Kva kriterium la ein til grunn, og korleis argumenterte ein for at desse også var offer som «ga sitt liv for Norge»? Havnestyrets formann, ordførar Arnfinn Vik, sa dette om bryggearbeiderne då ha tok i mot minnetavla på vegner av Oslo hamn:

Ordføreren uttalte at havnen er byens ansikt utad. I fredstid formidler den forbindelsen mellom byen og verden utenfor, og under krig er den en utpost. Å være på denne utposten ble for bryggearbeiderne en prøve som de besto med heder, både gjennom sin innsats i hjemmefronten og i sitt daglige arbeid. Ordføreren understreket det som de tidligere talerne allerede hadde nevnt: At en måtte hedre de falnes minne i fremtidens gjerning for å bygge opp det som krigen brøt ned. (...) ⁷⁰

Ordførar Vik argumenterte med at bryggearbeidarane hadde blitt satt på ei prøve gjennom eit særskild vanskeleg arbeid «som de besto med heder», og definerte på den måten arbeidarane inn i «heimfronten». Ordføraren hevda at bryggearbeidarane ytte motstand mot

⁶⁸ Osvald Abrahamsen, Harald Braathen og Alv Thorbjørnsen med fødselsår og dødsår.

⁶⁹ Karl Jacobsen med fødselsår og dødsår.

⁷⁰ Aftenposten 9. september 1946.

okkupasjonsmakta gjennom sitt arbeid. Vik sitt vidare resonnement må ha vore som følgjer: Når dei omkom som følgje av eit uhell ved eit tysk ammunisjonslager, kunne tyskarane haldast ansvarlege for det. Vik konkluderte difor med at bryggearbeidarane hadde ytt motstand, og var eit offer for okkupasjonsmakta. Fagrørsla kunne difor hevde at deira medlemmar hadde betalt ein høg pris for innsatsen sin mot tyskarane. At dei «ga sitt liv for Norge» kunne også tene til å legitimere at fagrørsla skulle ha ein viss maktposisjon etter krigen. Utgangspunktet for seremonien synest å ha vore at *alle* dei 24 falne bryggearbeidarane var offer som gav sitt liv for Norge. Denne framstillinga blei det ikkje stilt spørsmål ved i Filmavisas innslag. Tvertom forsterka reportasjen i Filmavisa denne tolkinga. Det er verdt å merke seg at reportasjen frå Vippetangen var fyrste innslaget i same utgåve som blei avslutta med minneseremonien etter dei to mest kjende fagforeiningsmennene, Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm.⁷¹ Samla sett gav desse to reportasjane ei førestelling om at fagrørsla hadde ofra mykje under krigen.

Ei minnehøgtid av meir nasjonal karakter fann stad like før jul 1947. Den 19. desember kom jagaren Stord til Oslo med dei jordiske leivningane av 50 nordmenn som omkom i tyske fangerleirar til Oslo. Filmavisa fylgde seremonien frå kistene kom i land på Honnørbyggen til dei blei ført opp til Vår Frelsers kirke:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Grått vær. Jagaren Stord ved kai. Marinegastar og soldatar frå Garden stå i giv akt ved ei rekkje kister, drapert i norske flagg. Garden i giv akt. Divisjonsmusikken spelar.	(sørmodig musikk) Sekvens 1: «Jageren Stord kom en av de siste dagene før jul til Oslo med de jordiske levningene av 50 av de norske patriotene som omkom i tyske fangeleire. Et kompani av Garden paraderte på Honnørbyggen, og divisjonsmusikken spilte en sørgehymne da kistene ble båret i land.
Sekvens 2: Marinegastar ber inn land kister.	Sekvens 2: (ingen kommentar)
Sekvens 3: Ei rekkje med offiserar går fyrst i sørgetoget opp Karl Johans gate. Rekkje med soldatar går, passerar Universitetet på veg ned Karl Johan. Fleire likbilar. Sivilt publikum langs med ruta nedover Karl Johan. Kirketårnet til Vår Frelsers kirke.	Sekvens 3: Så satte sørgetoget seg i bevegelse oppover mot Karl Johan. Feltprost Kobro, oberstløytnant Bølling og kronprinsens adjutant kaptein Thurmann-Nilsen gikk nærmest etter kistene sammen med de falnes etterlatte. Mens toget langsomt beveget seg nedover Karl Johan, stanset all trafikk og folk blottet sine hoder. Overalt langs ruten hang flaggene på halv stang. Kistene ble ført til Vår Frelsers Kirke, hvor en gripende minnehøytid fant sted.»

Revy nr. 1947/52/01 «Våre døde Tysklandsfanger føres hjem» (37 meter)

⁷¹ Revy nr. 36/1946/10.

Dei omkomne Tysklandsfangane hadde fått militær eskorte frå dei forlèt tysk jord, og blei mottekne med militær honnør då dei kom heim til Noreg.⁷² Det militære nærværet prega nok ein gong reportasjen, både på Honnørbryggen og i sørgetoget. Einaste synlege sivile innslag var feltprost Kobro og publikum langs Karl Johans gate. Kongehuset var representert ved kronprinsens adjutant Kaptein Thurmann-Nilsen. Filmavisa filma ikkje i Vår Frelzers kyrkje der minnehøgtida heldt fram, og talene og nedlegging av kransar var derfor uteletne. Ei årsak var truleg at det var teknisk langt enklare å filme den delen av minnehøgtida som føregjekk utandørs.⁷³

På same måte som «400 urner med aske av nordmenn kommer til Norge»⁷⁴ markerte dette innslaget ein seremoni av nasjonal karakter. Honnørbryggen, Karl Johans gate og Vår Frelzers kirke var arenaer som var teikn på seremoniens nasjonale dimensjon. I tillegg blei det flagga på halv stang ved Akershus Festning, også det eit framtrekande symbol på nasjonal forsvarsmakt. Dessutan talte statsråd Sven Oftedal på vegner av regjeringa. Etter seremonien til Oslo blei urnene frakta vidare til offerets heimstad kor det skulle bli halde lokale seremoniar.⁷⁵

Filmavisa slo fast at det var «norske patriotar» som no endeleg kom heim, og det er ingen tvil om at desse falt for Noreg. Ei noko anna tolkingsramme finn vi blant ei gruppe som var særskilt utsatt under krigen: Jøidane.

Jødar som offer

I «Hva krigen kostet Norge» var ikkje jødar utskilt som eiga gruppe under oversikta «Tap av menneskeliv», men dei fleste var truleg plassert i kategorien «Døde i tysk fangenskap». 1. november 1948 var Filmavisa til stades då minnestein over 620 norske jødar som blei drept under krigen blei avduka på Helsefyr Gravlund:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Panorama over ei stor menneskemengd. Minnesteinen drapert i norsk flagg, sentralt plassert i stor Davidstjerne. Stor flamme i bakgrunnen. Ved	Sekvens 1: (jødisk song) «Mandag ble det avduket en minnestein på Helsefyr Gravlund i Oslo over 620 norske jøder som mistet livet under tyskernes

⁷² Aftenpostens førehandsomtale: «Urnene blir brakt i land under militær æresbevisning. (...) I følget – som går gjennom Roald Amundsens gate og Karl Johans gate - vil det delta en rekke militære, pårørende og tidligere fanger. (...) På Akershus Festning blir det flagget på halv stang fra kl. 12. til 14, og det anmodes om at det også blir gjort langs ruten sørgetoget vil gå.»

⁷³ I følge Aftenposten talte mellom anna Marineprest J. Kruse, feltprost L. Koren, statsråd Sven Oftedal, generalløytnant Ole Berg i Vår Frelzers kirke. (Aftenposten 20. desember 1947)

⁷⁴ Revy nr. 38/1945/07.

⁷⁵ Aftenposten 17. desember 1947.

<p>talerstolen forstandar Harry Koritzinsky. Bildet av kronprins Olav sitjande i militær uniform.</p>	<p>forfølgelse i okkupasjonstiden. Forstanderen i det mosaiske trossamfunn, Harry Koritzinsky, innledet med en kort tale, der han blant annet rettet takk til kronprinsen for hans nærvær. Selve minne- og avdukingstalen ble holdt av overrabbiner doktor Marcus Melchior. Han uttalte blant annet:</p>
<p>Sekvens 2: Ved talerstolen overrabbiner Melchior. Bilde av to flammande faklar, høgt plassert på stolpar. Bilde av rekker med publikum, sitjande. Rekke av rabbinerar. Sivilt kledd publikum.</p>	<p>Sekvens 2: (autentisk lyd, tale på dansk: «I takknemlighet. I takknemlighet mot Gud for livet han gav Jer. En takknemlighet mot Gud for livet han gav disse hvis navn som står. Og en takknemlig mot Gud fordi det ble dere forunt at reise denne sten.»</p>
<p>Sekvens 3: Minnesteinen blir avduka. Jødiske æresvakter ved minnessteinen. Overrabbiner ved talerstolen, sett bakfrå. To offiserar framfor talerstolen. Bilde av minnesteinen, publikum i framgrunnen.</p>	<p>Sekvens 3: Og så falt dekke for den fire meter høye minnesteinen med inskripsjonen: Reist til minne om de 620 jøder som under den tyske okkupasjonen ble drept her i landet, eller ble deportert og omkom i konsentrasjonsleirene i Tyskland.»</p>

Revy nr. 45/1948/02. «Minnesmerke over norske jøder avduket på Helsefyr Gravlund. Kronprinsen til stede. (34 meter)



Overrabbiner Marcus Melchior heldt avdukingstala ved minneseremonien på Helsefyr Gravlund (revy nr. 45/1948/02).

Kronprins Olav i militær uniform var til stades, men til forskjell frå andre seremoniar, så heldt han ikkje tale. Aftenposten rapporterte at både statsråd Lars Evensen og stortingspresident Fredrik Monsen var til stades, men desse blei ikkje fanga opp av Filmavisas kamera. Denne

minneseremonien gjekk føre seg på gravplassen til det mosaiske trussamfunn på Hølsfyr i Oslo. I følgje programmet for seremonien, var dette ein rituell religiøs seremoni, der berre medlemmar frå det mosaiske trusamfunnet hadde sentrale roller. Minnesmerket var meir enn eit krigsminnesmerke, men nærast eit gravminne for dei som blei deportert og myrda. Etter jødisk ortodoks tradisjon skal gravferda foregå svært raskt etter dødsfallet, noko som her ikkje var muleg. Det er difor grunn til å tru at ein ved planlegginga av seremonien tok særskild omsyn til at omstende rundt drapa på jødane var ei ekstra belastning for dei etterlatte. Det kan til ein viss grad forklare korfor representantar for det offisielle Noreg spelte ei noko tilbaketrekt rolle.⁷⁶

Nasjonale symbol var også noko mindre framstående enn liknande seremoniar. Minnesmerket var drapert av norske flagg, men den store davidstjerna som omkransa minnesmerke var minst like iaugnefallande. Einaste forklaringa kommentarane gav til at jødane «mistet livet» var «tyskernes forfølgelse.» Sjølv om delar av norsk politi hjalp okkupasjonsmakta med å effektuere deportasjonen av jødane, var ansvaret for at dei 620 jødane døydde berre lagt på tyskarane, ingen andre. Heller ikkje inskripsjonen på minnesteinen var heilt tydeleg om årsakssamanheng: «Reist til minne om de 620 jøder som under den tyske okkupasjonen ble drept her i landet, eller ble deportert og omkom i konsentrasjonsleirene i Tyskland.» *Kven* som drap jødane var berre implisitt å lese ut frå inskripsjonen. Det er også grunn til å merke seg Filmavisas introduksjon til reportasjen frå seremonien: «(...) 620 norske jøder som *mistet livet* [min uth.] under tyskernes forfølgelse i okkupasjonstiden.» Bruken av verballedet «mistet livet» var eit mykje meir passivt ordval og form for å skildre kva som skjedde med jødane enn dersom ein hadde brukt «ble drept», slik det stod på inskripsjonen. Dette var ei omskriving av det som står på minnesteinen, og kan ha vore eit forsøk frå redaksjonen på å variere ordbruken, ettersom inskripsjonen blei sitert mot slutten av innslaget. Dette veit vi ikkje noko om, sjølv om det var ein merkeleg måte å skape variasjon på. Men det var likevel ein annan type ordval enn Filmavisa brukte ved dei fleste andre liknande seremoniar: Hansteen og Wickstrøm var «de to første norske offer for Gestapos kuler»⁷⁷, og ungdomane i Ullevål Hageby «ble henrettet av tyskerne»⁷⁸, fortalde i klare ordelag *kven* som drepte. Kan ei forklaring vere at alle i november 1948 «veit» *kven* som hadde drept jødane, slik at det ikkje var nødvendig med ei klar og tydeleg identifisering av dei ansvarlege?

⁷⁶ Programmet for seremonien og elektronisk kommunikasjon (dagsett 16.5.2014) med historikar Bjarte Bruland, fagleg ansvarleg ved det Jødiske museum i Oslo.

⁷⁷ Revy nr. 36/1946/10.

⁷⁸ Revy nr. 20/1948/07.

Endå meir slåande var kommentatorens manglende referanse til motiv, *korfor jødane* «mistet livet» blei ikkje eksplisitt forklart i reportasjen. Slike motiv var heilt fråverande i Filmavisas kommentarar frå Østre Gravlund. Til samanlikning fikk publikum gjennom andre innslag vite at tusenvis av sjømenn «ga sitt liv i frihetskampen»,⁷⁹ 53 offiserar «gav sitt liv for Norge»⁸⁰ og 24 patriotar «falt som offer for naziveldet.»⁸¹

Ved mange andre seremoniar knytta Filmavisa krigens offer til ein større nasjonalt fellesskap. Sjølv om kronprinsens nærvær kan tolkast som eit uttrykk for nasjonal aksept, var det andre faktorar som peika meir i retning av eit jødisk fellesskap som gjekk utover landegrensene, og at dette fellesskapet blei framheva meir enn det nasjonale fellesskap.⁸² Blant anna viste Filmavisa åtte jødar som sto æresvakt ved monumentet, og rabbinerar frå våre naboland var sentrale gjestar blant publikum. Davidsstjerne og andre jødiske symbol var også godt synlege. Verken fedrelandskjærleik eller fridomskamp blei helde fram som årsak til at jødane blei drept. Sjølv om dei fleste av desse jødane sine forfedre hadde budd i Noreg i fleire generasjonar, fall dei så seint som i 1948 på denne måten utanfor det norske nasjonale fellesskapet i Filmavisas framstilling.

Kommunistar som offer

I neste nummer av Filmavisa var vi vitne til avdukinga av ein minnestein over 21 medlemmar av Norges kommunistiske parti si sentralleieing som blei drept under okkupasjonen:

Vi høyrer:	Vi ser:
Panorama over mange faner. Norsk flagg drapert over minnesmerke. Adelstein Haugen ved talarstolen som er drapert med norsk flagg. Mange faner i bakgrunnen. Publikum sit, einskilde med paraply. Emil Løvlien på talarstolen. Rekke med menn, mange faner i bakgrunnen. Minnesmerket blir avduka av Løvlien, og var forma som ein mannsperson. Minnesmerket sett frå ein annan vinkel. Løvlien legg ned krans ved minnesmerke. Mann legg ned krans ved minnesmerke. Bilde av minnesmerke.	(sørgmodig musikk) «På Nordre Gravlund i Oslo ble det nylig avduket en minnestein over 21 medlemmer av Det kommunistiske partis sentralledelse som mistet livet under okkupasjonen. Ved høytideligheten gjorde formannen i minnesteinkomiteen, Adelstein Haugen rede for arbeidet med å reise bautaen. Selve avdukingstalen ble holdt av formannen i Norges kommunistiske parti Emil Løvlien, som skildret de falnes uegennyttige innsats i frihetskampen. Minnesmerket er utført av billedhogger Odd Hilt. Etter avdukingen ble det lagt ned kranser i fra Norges Kommunistiske Parti, og fra en rekke lokallag.»

Revy nr. 46/1948/02. «Minnesmerke over norske kommunister avduket på Nordre Gravlund» (24 meter)

⁷⁹ Revy nr. 37/1946/01.

⁸⁰ Revy nr. 49/1948/08

⁸¹ Revy nr. 44/1946/01.

⁸² «HKH Kronprinsen var til stede. Som representant for Regjeringen såes statsråd Lars Evensen, Stortinget var representert med president Fr. Monsen. (...) Høytideligheten ble avsluttet med «Ja vi elsker». Aftenposten 2. november 1948.



Med fagforeiningsfaner i bakgrunnen heldt Emil Løvlien tale ved avdukinga av minnesmerket etter 21 medlemmer av Det kommunistiske partis sentralleiing (revy nr. 46/1948/02).

Avdukinga av minnesteinen skjedde i samband med markeringa av NKP sitt 25-årsjubileum. Også i dette innslaget valde kommentatoren å bruke det passive verballedet «mistet livet», men det ein fyrst og fremst legg merke til ved dette innslaget var det som skilde det frå andre liknande seremoniar. Verken kongehus eller andre representantar frå det offisielle Noreg var til stades. Ingen prest heldt tale, sjølv om arenaen for seremonien var ein gravplass. Heller ingen militære representantar var til stades slik dei ofte var ved slike seremoniar.⁸³ Det var berre medlemmar av Det kommunistiske partiet som var dei sentrale aktørane gjennom talar, avduking og kransnedlegging. Kva kan forklare dette fråveret ved dette ritualet som var til ære for desse «falnes uegennyttige innsats for frihetskampen,» slik Emil Løvlien skildra det? For Løvlien sine ord var mellom anna mynta på ni kommunistar som var blitt avretta av tyskarane på Trandum, ein avretta ved Akershus festning, to som døydde i konsentrasjonsleir, ein på Grini, ein som blei skoten under arrestasjon, og ein som var blitt torturert til døde.⁸⁴ Blant desse

⁸³ Friheten 4. november 1948 var det ein kort artikkel om monumentet som skulle bli avduka kl. 13.00 den 5. november i Nordre Gravlund, intervju med kunstnaren.

⁸⁴Kjelde: www.nkpmn.org/Historiesidene/FalneSentralt/Falnesentralt.html besøkt 3. mai 2012.

var kjende personar som Henry Wilhelm Kristiansen, og Asle Grepp.⁸⁵ Hadde ikkje desse offera fortent det offisielle Noreg sitt nærvær?⁸⁶ Tre år tidlegare hadde fleire av desse som det no blei reist eit minnesmerke etter blitt bisatt, og den gong var det ikkje berre medlemmar av Norges kommunistiske parti til stades i Folkets Hus. Domprost Johannes Hygen hadde tala, og milorg-gutar hadde heldt æresvakt ved urnene. Blant dei 60 som i 1945 la ned kransar, var Elias Volan på vegner av Landsorganisasjonen, Norsk Idrettsforbund ved arbeidarpartimannen Rolf Hofmo og Heimfrontstyrkenes D.13 ved Rolf Ruud.⁸⁷

Dette kan tyde på at kommunistane i 1945 var langt meir inne i varmen i forhold til eit fellesskap som strekte seg utanfor partiets grenser. Likevel bør dette bildet nyanserast, mykje på grunn av NKP si spesielle rolle under krigen:

Etter den tysk-sovjetiske ikke-angrepspakten i august 1939 og utbruddet av verdenskrigen i september svingte partiet i samsvar med direktivene fra Komintern bort fra "folkefront"-linjen mot fascisme over på en "nøytralitetslinje" med anti-britisk tyngdepunkt. Etter 9.4.1940 gikk NKP derfor imot regjeringens militære motstandslinje og allianse med Storbritannia. Fred med Tyskland, bevaring av mest mulig selvstyre og en klassebasert regjering av "det arbeidende folk" ble partiets paroler sommeren 1940.⁸⁸

Denne avvikande linja i forhold til eksil-regjeringa sin politikk bidrog til at kommunistane i Noreg konsekvent blei helde utanfor heimefrontleinga, i motsetning til dei fleste andre okkuperte land. Etter at NKP frå 1941 gjekk over til «aktiv motstand» mot okkupasjonsmakta, organiserte partiet sjølv militære grupper og utførte sabotasjeaksjonar, ofte på tvers av den "offisielle" sivile og militære motstandsleinga sin strategi. Då freden kom var kommunistane difor ikkje heilt inne i varmen med omsyn til eit «nasjonalt fellesskap», og deira krigsinnsats blei ikkje i særleg grad framheva. Likevel var situasjonen for kommunistane langt betre i 1945 enn i november 1948. I løpet av dei tre åra mellom desse to seremoniane hadde det politiske bilde forandra seg monaleg. Den kalde krigen hadde gjort sitt inntog, og både statsminister Gerhardsen og fleire andre stilte spørsmål ved om kommunistanes lojalitet var knytt til Noreg eller Sovjet. Kommunistane blei i stadig sterkare grad framstilt som potensielle femtekolonner og overtok gradvis rolla som fiendar etter nazistane. Like etter det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia, heldt statsminister Einar Gerhardsen den såkalla «Kråkerøy-talen» (29.

⁸⁵ Asle Grepp var son til Kyrre Grepp (1879 – 1922) onkel til filmfotograf Olav Kyrre Grepp (1926 – 1992). Olav Kyrre Grepp jobba i Norsk Filmrevy 1949 – 1960 (kjelde Aftenposten 16.5.1986 i høve 60-årsdag), og fann partitilhøyrse i NKP.

⁸⁶ Seremonien blei heller ikkje dekt av Aftenposten og Verdens Gang.

⁸⁷ Friheten, 29. oktober 1945. Johannes Hygen vikarierte for Eivind Berggrav i Den Midlertidige Kirkeledelse under krigen.

⁸⁸ Artikkel om NKP i Norsk krigsleksikon (1995), signert Terje Halvorsen.

februar 1948) kor han markerte ei uforsonleg linje overfor Norges Kommunistiske Parti, og skulda partiet for å vere tilhengarar av terror og diktatur, og sa mellom anna at «den viktigste oppgaven i kampen for Norges selvstendighet, for demokratiet og rettsikkerheten er å redusere kommunistpartiet og kommunistenes innflytelse mest mulig.»⁸⁹

Denne politiske situasjonen kan bidra til å forklare at minneseremonien ved Nordre Gravlund tilsynelatande berre var eit partiarrangement og ikkje ei nasjonal hending. Ettersom NKP arrangerte seremonien, *kan* det ha vore eit medvite val frå partiet si side å ikkje invitere verken kongehus eller andre framståande gjestar, men dette har eg ikkje funne dokumentert. I motsetning til både VG og Aftenposten var Filmavisa til stades ved Nordre Gravlund, og formidla minnestunda etter krigens offer frå det politiske partiet som okkupasjonen hadde ramma hardast, og som ein no kunne sjå var omgitt av kulde.⁹⁰

Englandsfarerar

I løpet av krigen var det mange som flykta over Nordsjøen til England. I september 1941 innførte Terboven dødsstraff for forsøk på å flykte til Storbritannia, og det reduserte «englandsfarten» betydeleg, blant anna som følgje av norske angevarar si verksemd. Hausten 1945 gjorde journalisten og forfattaren Sigurd Evensmo «englandsfarere» til eit vidare kjent omgrep gjennom romanen med same namn. Romanen handla om Evensmo sine eigne erfaringar som flyktning under krigen. Fleire tusen klarte å flykte over Nordsjøen, men mange omkom som følgje av forlis eller blei tatt av tyskarane.⁹¹ Ein av desse var «frihetskjemperen og englandsfareren Harald Dølerud»,⁹² slik Filmavisa uttrykte det då ein minnestein etter han blei avduka ved Hval kirkegård i mai 1946. Seremonien var fylgt av bygdefolk og idrettskameratar.⁹³ Evensmo avduka minnesteinen og heldt talen for Dølerud som han hadde forsøkt å flykte saman med på båten *Viggo* i februar 1942. Målet var Shetland, men blant dei 30 ombord var også dei to Rinnan-agentane Bjarne Jenshus og Ingvar Ålberg som varsla Gestapo om fluktforsøket. Harald Dølerud var blant dei 18 som blei avretta ved Trandum, men

⁸⁹ Solumsmoen, Olaf og Larsen, Olav (red) 1967:61-62.

⁹⁰ Heimefront-avisa Verdens Gang og den konservative Aftenposten pleide å dekke minneseremoniar etter krigens offer. Til denne seremonien valde dei å *ikkje* gje spalteplass, noko som bør tolkast i lys av desse avisenes kjølige forhold til kommunistpartiet.

⁹¹ Artikkelen «Englandsfarten» i Norsk krigsleksikon (1995), signert Atle Thowsen.

⁹² Kommentar revy nr. 22/1946/01 «Avduking av minnestøtte over en englandsfarer.»

⁹³ «Det var en gripende høytidelighet. Døleruds idrettskamerater stod æresvakt under idrettslaget "Fossekallens" fane og forøvrig var det stor tilslutning av bygdefolket.» Kommentar revy nr. 22/1946/01.

Evensmo var blant dei som tyskarane ikkje avretta.⁹⁴ Filmavisa hadde fem veker tidlegare hatt reportasje frå Rinnan-rettssaka som pågjekk. Reportasjen kunne såleis minne publikum på englandsfararane sin skjebne og Rinnan-agentane si kyniske angjevarverksemd.

I desember 1947 var Filmavisa igjen på plass ved ein minneseremoni etter englandsfarerar, denne gongen ved Bore kyrkje på Jæren:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Bilde av Bore kirke, mange menneske utanfor Snø på bakken. Eit følgje av kvinner, menn og born samla på gravplassen. Fire menn tek av seg hatten og bøyer hovudet. Norsk flagg drapert over minnesteinen blir avduka Ordførar Nils E. Nilsen står ved minnesteinen, talar. Minnesteinen.	Sekvens 1: (sørmodig musikk) «En gripende minnehøytid fant sted ved Bore kirke på Jæren søndag den 30. november. En skute ble knust til pinneved her rett sør ved Feiestein fyr, en vinternatt 1941, og tolv unge haugesundere mistet livet under forsøk på å komme over til England. En minnestein er nå reist på kirkegården og den ble avduket i nærvær av slektninger og venner og bygdas folk som var kommet for å vise de unge modige karene den siste ære. Ordfører Nils E. Nilsen fra Haugesund takket Klepp kommune som har reist steinen.
Sekvens 2: Panorering over publikum. Minnesteinen med mange kransar ved foten.	Sekvens 2: (ingen kommentar)
Sekvens 3: Nærbilde av rullesteinane; innhogg; «Kjemp for alt det du har kjær, dø om så det gjelder.» Koparplata med namna til dei omkomne. Haugesunds byvåpen på minnesteinen. Minnesteinen med kransar.	Sekvens 3: På hver side av minnestøtten er plassert to rullesteiner fra Borestranden. På en kopperplate står innrisset navnene på de omkomne og på rullesteinene er det innhogg; ”Kjemp for alt det du har kjær, dø om så det gjelder.”

Revy nr. 51/1947/04 «Avduking av minnesmerke over falne englandsfarere på Bore kirkegård på Jæren» (32 meter)

Også ved denne seremonien var det berre lokale aktørar, med ordførar Nilsen frå Haugesund som den mest framståande. Utan omsvaup kommenterte Filmavisa lagnaden til tolv unge menn som forsøkte å kome over til England, men ved Feiestein fyr blei skuta «knust til pinneved» ei vinternatt i 1941. Grunnen til at dei «unge modige karene» omkom kan lesast av inskripsjonane på rullesteinane som Filmavisa siterte: ”Kjemp for alt det du har kjær, dø om så det gjelder.” Desse strofene frå Christian Richardt sin salme «Alltid freidig» var mykje brukt i samanhengar som denne, og fungerte som ei legitimering av døden som møtte dei tolv ved Feiestein fyr.⁹⁵ Samtidig var det eit imperativ til komande generasjonar om å vere villige til å ofre livet slik som desse gjorde for det dei hadde kjær; «fedrelandet.»

⁹⁴ www.warsailors.com besøkt 20.2.2008. Dølerud blei funnen i massegrav på Trandum. Aftenposten 25. juni 1945.

⁹⁵ Dei neste linjene i salmen er: «Da er livet ei så svært, døden ikke heller.» Denne salmen blei også brukt ved barneskular under markeringa av «De falnes dag» i 1945. Aftenposten aften 15.9.1945. Filmavisa brukte salmen som tonefølgje i reportasjen «Avsløring av minnestein, Ullern» 25/1947/01.

Ei veke tidlegare hadde Filmavisa ein reportasje kring minneseremonien etter ein av dei mest kjende nordmennene som kom seg over til England for å føre kampen for Noreg vidare. Forfattaren Nordahl Grieg var både lyrikar og dramatkar, og hadde også markert seg på den politiske venstresida før andre verdskrigen braut ut. Etter ei reise til Sovjet blei han kommunist, og advarte sterk mot framveksten av nazismen og fascimen. Grieg meinte at «Moskva-prosessane» var nødvendige, eit standpunkt som han stod nokså åleine om blant intellektuelle i Noreg. Men då krigen kom 9. april 1940 braut Grieg med det moskvatru NKP si nøytralitetslinje og meldte seg til kamp mot tyskarane. Etter kvart slutta han seg til regjeringas motstandslinje både i ord og handling. Grieg blei knytt til utanriksdepartementet og blei statstilsett diktar på fast løn i London frå sommaren 1940, og fekk gjennom dei norske sendingane i BBC spreidd dikta til sine landsmenn:

I de følgende årene skrev Grieg dikt og reportasjar som ble offentliggjort i Norsk Tidend i London. Men først og fremst ble de lest høyt av Grieg selv i den norske utsendelsen fra BBC klokken 19.30. I disse diktene appellerer Grieg ikke til hat, men til standhaftighet i motgang og til samling om byggende verdier – menneskeverd og demokrati.⁹⁶

I følge Edvard Hoem som har skrive ein biografi om Grieg, gjekk han frå å vere ein revolusjonær skald til ein nasjonal diktar under krigen.⁹⁷Grieg utdanna seg til offiser i Skottland, og i desember 1943 omkom han under eit bombetokt over Berlin. Filmavisa viste ein reportasje frå då minneplata etter Grieg blei avduka utanfor barndomsheimen hans i november 1947:

Vi ser:	Vi høyrer:
Fane i spissen av eit opptog. Stor menneskemengde samla. Forfattaren Sigurd Torstenson held tale, norsk flagg i bakgrunnen drapert over minneplata. Bilde av lyttande menneskemengde. Doktor Audun Schødt avdukar minnesplata. General Rocher-Nielsen i uniform legg ned krans ved minnesplata og gjev honnør. Mann og kvinne legg ned krans ved minnesplata. Direktør Harald Grieg held tale. Minnesplata med mange kransar. Bilde av bjørka og huset. Nærbilde av minnesplata.	(sørgmodig musikk) «Nordahl Grieg - det finnes neppe den nordmann som ikke kjenner hans navn og husker hans dikt. For noen dager siden ble det ved hans barndomshjem, Nøysomheten, på Hop ved Bergen, avduket et minnesplate over denne vår store dikter. Forfatteren Sigurd Torstenson hyllet denne åndens stridsmann, og nevnte den store betydning dikteren hadde for troen og motstandsviljen i vårt folk. Avdukingen ble foretatt av en av dikterens gamle venner, doktor Audun Schødt. General Rocher-Nielsen bar fram forsvarsmaktens takk til kaptein Nordahl Grieg. Til slutt takket dikterens bror, direktør Harald Grieg på familiens vegne, og minnet om Nordahl Griegs kjærlighet til folk og land. Han bar Norge i sitt hjerte, hvor han enn var på denne vidstrakte jord. På minneplaten står: Her hadde Nordahl Grieg sitt hjem, birken der oppe og huset, to

⁹⁶ Artikkel om Nordahl Grieg i Store Norske Leksikon signert Fredrik Juel Haslund. Besøkt 8. mai 2012.

⁹⁷ Hoem, Edvard Hoem, 1989.

	elskende kinn mot kinn, nikker i vestensuset, vår sønn, han er din og min.».
--	---

Revy nr 50/1947/03 «Avsløring av minneplate over Nordahl Grieg avduket ved dikterens barndomshjem på Hop» (43 meter).

Filmavisa underbygde førestellinga om at Griegs dikting under krigen og dramatiske død hadde gjeve han ein særskild posisjon blant nordmenn, og at hans dikt hadde inspirert den norske motstandskampen under krigen. Sjølv om militærmakta var representert ved general Rocher-Nielsen, var det dikteren meir enn soldaten Grieg som seremonien var til ære for. Det viste også kommentatorens ordval: «(...) hans dikt (...), en minneplate over denne vår store dikter (...) den store betydning dikteren hadde (...) dikterens gamle venner (...) dikterens bror (...)». Vi kan ikkje sjå spor etter Griegs revolusjonære dikting frå mellomkrigstida eller referansar til hans kontroversielle «forståing» av Moskva-prosessane. I reportasjen var det «Griegs kjærlighet til folk og land», og hans rolle som inspirator og samlande figur i den nasjonale motstandskampen som blei trekt fram.

Reportasjane frå desse tre minneseremoniar var ein hyllest til dei 320 nordmenn som måtte setje livet til på flukt vestover havet, men illustrerte også kor farleg dette var. Samtidig var dei ei påminning om motstandskampen mange englandsfararar førte vidare frå utlandet.⁹⁸

Minna etter militær innsats

Korleis blei den militære motstanden mot den tyske okkupasjonsmakta omtalt i Filmavisa? Slik som vi har sett ovanfor framheva Filmavisa i reportasjar frå ulike minneseremoniar at dette var ein kamp som førte til store tap av menneskeliv. Vi skal i denne delen sjå nærare på i kva slags tolkingsramme Filmavisa satte den militære innsatsen mot den tyske okkupanten og NS.

Den kollektive oppfatninga av «forteljinga om krigen» omfatta både den sivile og militære motstanden. «Utefronten» var dei norske stridskreftene utanfor landets grenser, og dessutan handelsflåten, Kongen, regjeringa og den sivile administrasjonen i London. Den militære delen av «heimefronten» var organisert i Milorg eller Heimestyrkane (HS) som den etter kvart også blei kalla frå hausten 1944. Starten på Milorg kunne sporast tilbake til hausten 1940, men fyrst i mai året etter blei rammene for den organiserte motstanden klarlagt gjennom danninga av Milorgs Råd. I november 1941 blei Rådet anerkjent av regjeringa Nygaardsvold, og dermed blei Milorg ein del av det norske forsvaret. Heimestyrkane hadde fått ordre om å unngå opne militære konfrontasjonar, og spare seg til eventuelle sluttkampar. Etter kvart vaks

⁹⁸ Norsk krigsleksikon (1995), artikkelen «Englandsfarten», signert Atle Thowsen.

Heimestyrkane til over 30 000 (mars 1945) og ved frigjeringa var talet truleg auka til over 40.000 mann. Under og like etter frigjeringa bidrog heimestyrkane til å fylle maktvakuemet etter tyskarane.⁹⁹

Norges kommunistiske parti fylgde si eiga linje i sitt motstandsarbeid. Etter den tyske okkupasjonen av Noreg, var partiet påverka av venskapsforholdet mellom Tyskland og Sovjet, og sendte ut parolar om å innstille motstanden. Men etter Tysklands invasjon av Sovjet gjekk NKP aktivt inn i motstandsarbeidet frå nyåret 1942. Partiet etablerte sine eigne sabotasjegrupper, og prioriterte sabotasje og geriljakrig i motstandskampen. Heimefrontleinga var redd for at sabotasje kunne føre til represaliar mot sivile, og var noko meir tilbakehaldne med å bruke sabotasje i sitt motstandsarbeid. NKP kom difor ofte i motsetning til Heimefrontleinga på grunn av partiets krav om auka sabotasje.¹⁰⁰

Motstandsørsla sin militære innsats blei omtalt i Filmavisa ved andre anledningar. Dette gjaldt mellom anna i militære paradar som det var mange av. Allereie i fyrste nummer fekk ein sjå heimestyrkane som paraderte på Karl Johan, og nokre veker seinare var Filmavisa tilbake for å filme ein ny parade på Heimestyrkanes dag. Nasjonens hovudgate var kledd til fest då heimestyrkane skulle paradere for Kongen og kronprinsen den 9. juni 1945. To dagar etter Kongens heimkomst skulle freden igjen feirast, og publikum skulle få høve til å ære heimestyrkane og kongehuset gjennom denne stormønstringa :

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Karl Johans gate sett frå slottet retning Stortinget. Banner heng langs gata. Stort publikum. Orkester i front av marsjerande heimestyrkar. Mann ber eit skilt med påskrifta «D22 Trøndelag». Rekker med marsjerande menn i full militær uniform og våpen bak. Mann ber eit skilt med påskrifta «D12 Akershus og Søndre Hedemark» på skilt. Nye rekker med marsjerande menn i full militær uniform og våpen bak.	Sekvens 1: (musikk; ein marsj og pålagt jubel) «Hjemmestyrkenes dag. På foranledning fra Sentralledelsen var avdelinger fra alle distrikter i det sørlige Norge kommet til Oslo for å paradere foran slottet for Kongen og Kronprinsen. Fra samlingsplassene fra Grønlands torg og Akertorget marsjerte nærmere 15.000 mann gjennom gatene. Alltid når hjemmestyrkene viser seg, var jubelen enorm.
Sekvens 2: Nye rekker med marsjerande menn, nokon med nikkere og sivile klede, menn med våpen.	Sekvens 2: (ingen kommentar)

⁹⁹ Arfinn Moland skriv mellom anna følgjande om Heimestyrkane i Norsk krigsleksikon (1995): «I løpet av 1943 fremstod et landsomfattende Milorg-apparat. Den sentrale ledelsen hadde SL med sitt nærmest altomfattende motstandsapparat for å ivareta de forskjellige illegale funksjoner: etterretning, sanitet, forsyning, transport, spioner, samband, dekning og eksport.(...). Siste året ble også Milorg gitt anledning til å foreta en del sabotasjeaksjoner mot utvalgte mål. Frem til høsten 1944 var ikke den militære del av hjemmefronten offentlig kjent som en navngitt organisasjon. Betegnelsen Milorg eller Hjemmestyrkene (HS) ble aldri brukt verken av den jevne nordmann eller av de illegale aviser. Men fra dette tidspunkt blir Hjemmestyrkene den offisielle betegelse på det som innad hittil var blitt kalt Milorg. Første aksjon HS ble tillagt ansvaret for, var kuppet mot rasjoneringskortene i august 1944. Et direktiv av 31.10. s.å. fra forsvarssjefen, kronprins Olav, til Hjemmestyrkene i Norge og hans tale i radio 30.11. bidro til å innarbeide dette begrepet.»

¹⁰⁰ Norsk krigsleksikon (1995), artikkel om Hjemmefronten, skrevet av Ole Kristian Grimnes.

<p>Marsjerande menn sett bakfrå, retning mot slottet. Bilde av jublende barn, viftar med små norske flagg. Marsjerande menn sett bakfrå, retning mot slottet.</p> <p>Sekvens 3: Jublende kvinner og menn. Marsjerande menn og enkelte kvinner, med Raude kors-armbind. Jublende mennesker. Panorama viser lang rekke marsjerande menn. Marsjerande menn på slottsplassen framfor slottbalkongen.</p> <p>Sekvens 4: Nærbilde publikum. 12 fly flyg i formasjon. På kongetribune framfor slottet; Kongen gjev honnør, kronprinsen, begge i militær uniform. Dronning Maud og prins Harald samt tre menn i militær uniform i bakgrunnen. Marsjerande menn passerer framfor desse. Kongen, kronprinsen og to menn i militær uniform gjev honnør.</p>	<p>Sekvens 3: Gutta fra skauen, fra viddene og de mange skjulestedene i og omkring byene, fikk enda en gang bevis for den enestående respekt og beundring deres innsats har vakt landet over, ja hele verden og for den saks skyld.</p> <p>Sekvens 4: Det var alle mulige slags antrekk og se, og bevæpningen var like uensartet, men alle hadde et eller annet utstyr som likevel skaffet en sammensveiset hær av alle de staute kraftige karene, som med livet som innsats har dannet kjernen i det norske folks ukuelige innsats mot undertrykkelse og diktatur.»</p>
--	--

Revy nr 05/1945/04 "Hjemmestyrkene paraderer" (53 meter)

Aftenposten skreiv om planlegginga av denne mønstringa nokre dagar før paraden. Det var berre om lag 1/3 av heimestyrkane som kunne få fri frå oppgåvene sine til å delta på defileringa som Hjemmestyrkenes Sentralledelse (HS) arrangerte, men «til gjengjeld vil man få et fullt representativt inntrykk av hvordan hjemmestyrkene er [Aft. uth.]. Det blir ingen vanlig parade. Karene kommer med ryggsekk og sitt vanlige utstyr.»¹⁰¹

Den nøkterne utrustninga la Filmavisa også vekt på. I frå alle vinklar kunne ein sjå marsjerande menn frå ulike delar av landet i både full militær uniform, nikkers og heimelaga uniformer med gevær på skuldra. Sjølv om uniformene var ueinsarta og bevæpninga lett, så gav den taktfaste marsjen frå 15.000 mann gjennom Oslos gater også eit inntrykk av at her låg det makt bak. Filmavisa meinte at sjølve paraden var eit bevis for at heimestyrkane var høgt respektert for innsatsen sin, og at «gutta på skauen» var kjent og beundra også ut over landets grenser.¹⁰² Filmavisa plasserte på denne måten heimestyrkane inn i eit «Look to Norway»-bilde av utanlandsk beundring. Dersom det faktisk var slik som Filmavisa påsto, at dei også blei beundra i utlandet, så styrka det bildet av at heimestyrkane verkeleg hadde gjort ein stor og viktig innsats under krigen.¹⁰³

¹⁰¹ Aftenposten 8. juni 1945.

¹⁰² «Jeg hadde aldri trodd at det var mulig å bygge opp så store og sterke væpnede styrker i okkupert område under fiendens øyne, og jeg uttaler min anerkjennelse til de menn som har løst denne oppgaven. Hjemmestyrkenes innsats i kampen mot fienden og under frigjøringen vil aldri bli glemt i norsk historie.» (Kongens hilsen til HS, Aft., 11. juni 1945)

¹⁰³ I ein tale den 16. september 1942 sa president Franklin D. Roosevelt mellom anna: "If there is anyone who still wonders why this war is being fought, let him look to Norway. If there is anyone who has any delusions that this war could have been averted, let him look to Norway; and if there is anyone who doubts the democratic will to win, again I say, let him look to Norway." Denne tala skal ha inspirert motstandsørsla i Noreg og i resten av Europa.

Filmavisa tolka massemonstringa som publikum fekk sjå som ei manifistering av samhald der nordmenn med ulike bakgrunn i det skjulte og med fare for eige liv hadde samla seg til motstand. Heimestyrtane hadde danna «kjernen i det norske folks ukuelige innsats», ikkje berre mot ein ytre fiende, men også mot «undertrykkelse og diktatur.» Filmavisa satte på denne måten paraden inn i ei tolkingsramme av krigen kor ikkje berre heimestyrtane, men også den alminnelege mann og kvinne ikkje hadde latt seg kue, men kjempa mot inntrengarane.

Det som hadde vore ein undergrunnsorganisasjon, paraderte no i landets hovudgater og på kinolerretet over heile landet. «Gutta frå skauen» var i ferd med å etablere seg som eit fast uttrykk. Historikaren Arnfinn Moland, leiar av Norges Hjemmefrontmuseum, skreiv følgjande om opphavet til omgrepet:

Gutta på skauen var den gjengse betegnelse på den norske hjemmefronten; stående parat med sine sten guns er dette blitt selve sinnbildet på Milorg-jegerne. Mer enn noe annet har disse tre ordene i ettertid symbolisert vår kollektive oppfatning av motstandskampen. Begrepet oppsto sommeren 1944 i forbindelse med den kampen Hjemmefrontens Ledelse førte mot det man oppfattet som et fordekt forsøk på mobilisering av norsk ungdom til tysk krigstjeneste. En del tusen ungdom unnlot å møte og gikk i stedet i dekning «på skauen». Særlig på Østlandet var antallet relativt høyt. Noen vendte hjem, andre ble sendt til Sverige, mens en del ble værende i de leirene — cellene — som ble dannet i Milorgs regi. (...) Tilværelsen besto, foruten det nødvendige leirarbeidet, av trening, venting og atter venting, mottak av slipp med våpen og utstyr og i heldigste fall litt tobakk og sjokolade.¹⁰⁴

Gjennom reportasjen frå 9. juni-paraden bidrog Filmavisa til å forme innhaldet i omgrepet «gutta på skauen» blant folk flest i dei fyrste fredsdagane. Filmavisa var noko upresis i ordvalet «viddene», etter som dei fleste av «gutta på skauen» bokstaveleg talt gøymde seg i Nordmarka og liknande austlandske skogar nær tettbygde strøk, og ikkje på viddene. Ved å bruke dette ordet «viddene» blei dette aude golde landskapet langt borte frå folk framstilt som noko «gutta på skauen» beherska ettersom dei hadde vore i stand til å skjule seg der, implisitt i motsetning til den tyske fienden. Gutta på skauen blei på denne måten knytt til eit *norsk* landskap og natur som nordmenn var knytt til gjennom friluftsliv og skigåing. Det var der norske folkeeventyr fortalte at troll, vetter og andre mytiske figurar heldt til. Dermed blei «gutta på skauen» endå meir *norske* heltar. Gløymt var det at fjell og karrig landskap ofte blei oppfatta som eit hinder for ferdsel som nordmenn helst skulle vore forutan, i alle fall før ein i nasjonsbygginga si and på 1800-talet romantiserte den ville norske naturen.¹⁰⁵ Tvertom, det at ein under krigen kunne meiste den strabasiøse norske naturen var eit teikn på styrke. I reportasjen blei gutta på skauen

¹⁰⁴ Sjå artikkelen "Gutta på skauen" i Norsk krigsleksikon (1995), signert Arnfinn Moland.

¹⁰⁵ Bogen, Bjarne (1998).

framstilt som heltar som mottok folkets hyllest og Kongens gunst. Men mens den klassiske helten kunne ha ein lagnadstung brist, var «gutta på skauen» plettfrie modige menn.



Filmavisa framheva at «gutta på skauen» var beundra for sin «innsats» under krigen (revy nr 05/1945/04)

Ein kan hevde at nøktern utrustning var eit uttrykk for gode og typiske norske dygder som nøysemd og måtehald. I reportasjen fekk publikum sjå at både antrekk og bevæpning var, som Filmavisas kommentator framheva, svært ueinsarta. Den brokete utrustninga passa godt inn i ei tolkingsramme som tyda på at «gutta på skauen» var eit resultat av dei individuelle vala ei lang rekkje menn tok: Dei tok med seg det dei hadde for hand, og hadde alle frivillig forlète sine kjære for å kjempe mot okkupasjonsmakta i ei form for nasjonal dugnad som dei ikkje var blitt utkommandert til å delta i. Det heile var eit resultat av at mange fylgde si eiga samvitsfulle overtyding om sjølve å ta ansvar for landets framtid. «Gutta på skauen» blei framstilt som heltane som med fare for sitt eige liv tok opp kampen mot tyskarane.

Kva heimstyrkane i røynda tydde reint militært blei derimot ikkje direkte problematisert i dette innslaget. Kommentatoren refererte berre til heimstyrkane sin «innsats», eit uttrykk som Filmavisa brukte ofte når motstandskampen skulle definerast, og som var så generelt at det kunne innehalde nærast kva som helst. Denne nedtoninga av kva heimstyrkane hadde tydd militært kan ein forklare med at så kort tid etter kapitulasjonen var sanninga bak fleire sabotasjeaksjonar utført av heimstyrkane framleis bak hemmelegheitens slør. Men

mykje av «det gutta på skauen» gjorde under krigen passa ikkje så godt inn i ei dramatisk helteframstilling. Venting på slipp, interne kampøvingar for å førebu seg på eventuelle sluttkampar var mykje av det som tida gjekk med til for gutta på skauen. Dessutan var det mange (om lag ¼ av heimestyrkane) som tilslutta seg gutta på skauen så seint som i april 1945, då krigsutfallet allereie var gitt. Heller ikkje det harmonerte så godt innanfor Filmavisas bilde av desse karane som eventyrlege heltar. Då Filmavisa i januar 1946 skulle oppsummere året 1945, tok dei med eit glimt frå paraden, og kommenterte det slik, »(...) I dag paraderer de for sin Konge og sin kronprins. Gutta fra skauen, hvis minne alltid vil være omstrålet av eventyrets glans.¹⁰⁶

Filmavisa avslutta reportasje med å definere «gutta på skauen» som kjerna i heimefronten. Det blei skapt eit bilde av eit trassig folkeferd som gjennom haldingskamp, boikott, læraraksjonen og liknande motstandsarbeid ikkje lot seg knekke, og framstillinga gav lite rom for nyansar. Brakkebaronar, svartebørshandel med tyskarane, politiets rolle under deportasjonen av jødar var blant dei sidene ved okkupasjonstidas Norge som blei utelukka gjennom dette bildet av «det norske folks ukuelige innsats.»

Heimestyrkane hadde allereie to veker tidlegare blitt feira, rett nok i eit noko mindre format. På Chat Noir blei dei servert ei festframsyning med Lalla Carlsen i spissen:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Panorering over fullsatt Chat Noir. Kvinner og menn i sivilt kledd. Ny kameravinkel, fleire armbind på fleire menn er synleg. Lalla Carlsen på scena framfor sceneteppet. Carlsen har kvit kjole, magebelte (truleg i rødt og blått). Nærbilde av heimestyrkesoldat. Panorama over publikum.</p>	<p>Sekvens 1: («Norge i rødt, hvitt og blått», sunge av Lalla Carlsen i bakgrunnen) «Hjemmestyrkene har så visst fortjent litt avspenning i sin lange slitsomme vaktjeneste. Her er vi innbudt sammen med dem på Chat Noir, hvor hele personalet gjør sitt ytterste for å skaffe gutta på skauen en hyggelig stund.»</p>
<p>Sekvens 2: Lalla Carlsen på scena. Etter siste vers blir scentepet dratt i frå. (Instrumental av Rødt, hvitt og blått.) Unge kvinner i drilluniform marsjerer på scena. Nærbilde av heimestyrkesoldat som klappar. Applaus. Scenebilde med drilldamen. Kvinner og menn i sivil bak med små norske flagg marsjerer over scena.</p>	<p>Sekvens 2: Vi høyrer Carlsen synge, autentisk lyd: »(...) for alle vunne slag. Det knitrer igjen over hytte og slott, et flammende merke i rødt og hvitt og blått. Som en regnbuens tegn under skyen, skal det evig i fremtiden stå. Se, det glitrer på ny over byen, i det røde og hvite og blå. La det runge fra gaten og torget, over landet som nordmenn har fått: Du er vårt, du er vårt, gamle Norge! Vi vil kle deg i rødt, hvitt og blått!'''. (Instrumental av Rødt, hvitt og blått.)</p>

Revy nr 03/1945/09 2Hjemmestyrkene på Chat Noir» (34 meter)

¹⁰⁶ Revy nr. 01/1946/01 «1945 Retrospekt».

«Norge i rødt, hvitt og blått» var bokstaveleg talt gjennomgangsmelodien i innslaget fra Chat Noir. Melodien var opphavelig svensk, men i 1941 blei det laga ein norsk tekst til den under tittelen «Det skal lyse igjen over byen». Til denne festframsyninga i fredsvåren 1945 var tredje vers blitt forandra frå å vere eit optimistisk håp om eit fritt land, til den teksten vi kjenner i dag med vekt på at landet igjen var fritt.

Innslaget er blant dei få som har autentisk lyd. Merksemnda var likeleg fordelt mellom heimstyrkane og Lalla Carlsens revynummer. Heimstyrkane var diskre uniformert med eit armband, og synest å ha hatt følgje av sine koner eller kjærestar. Innslaget var ein hyllest til «gutta på skauen» og til fedrelandet, og nådde sitt klimaks idet sceneteppet gjekk opp bak Carlsen, og unge kvinner i drilluniform kom til syne. Det heile blei møtt av begeistra applaus, og gjennom dette innslaget bidrog Filmavisa til at songen «Norge i rødt, hvitt og blått» blei ei «landeplage» og direkte knytt til heimstyrkane sin innsats under krigen.

Filmavisa gav stadig påminningar om heimstyrkane sin aktivitet under krigen. I reportasjen «Amerikansk slippgjeng besøker Norge»¹⁰⁷ var publikum vitne til ein enkel seremoni på Fornebu flyplass der ei gruppe framstående norske offiserar tok i mot ei gruppe amerikanske soldatar. Filmavisa fortalte at desse var ein del av dei «sagnomsuste slippgjenger» som saman med den norske oberstløytnanten Falken hadde hatt ansvaret for flyslippa av våpen og ammunisjon til dei norske heimstyrkane.¹⁰⁸ Noko meir uventa dukka referansane til «gutta på skauen» opp seinare på hausten 1945 under dekninga av «Norgesmesterskapet i orienteringsløp». I ein reportasje frå ein slik konkurranse ville nok dei fleste forvente at ein fekk kven som vant løpet, men det fortalde Filmavisas kommentator ingenting om. I staden la Filmavisa vekt på at det var tidlegare «gutta på skauen» som deltok:

«Vi befinner oss ved post nummer tre i løypen for årets norgesmesterskap i orienteringsløp. Det er midt oppe i hjerte av Nordmarka, nettopp i de traktene hvor "gutta på skauen" hadde et av sine faste tilholdssteder under krigen. Og mange av de som er med i dagens orienteringsløp, har ligget der oppe i månedsvis før for å ta i mot slipp, sende meldinger eller for å drive våpenøvelser (...).»¹⁰⁹

Også i liknande reportasjar var konkurranseelementet i bakgrunnen. I januar 1946 var Filmavisa til stades då Mil.org.foreningen 13.310 arrangerte commandoløp i Lommedalen:

¹⁰⁷ Revy nr. 13/1945/05.

¹⁰⁸ «24 amerikanske flyvere, og medlemmer av dei sagnomsuste slippgjenger som under ledelse av vår berømte landsmann oberstløytnant Falken kastet ned hundrevis av tonn våpen og ammunisjon til de norske hjemmestyrkene.»

¹⁰⁹ Revy nr. 21/1945/07.

Vi ser:	Vi hører:
<p>Sekvens 1: Snølandskap. Fire menn heiser norsk flagg. Nærbilde, mann bles på trompet. Rekker med mange menn i sivil oppstilt. Menn finn fram ski, smører dei. Nærbilde av skilt med påskrift «Start». Fire menn med gevær og kvit kamuflasjeuniform på ski frå start.</p> <p>Sekvens 2: To menn i sivile kleder på ski, stoppar framfor ca. tre meter høg loddrett vegg i løypa. Ein mann med ryggsekk kliv opp på toppen av hinderet, og hjelper to andre opp.</p> <p>Sekvens 3: Nærbilde av gitar blant publikum. Menn blant publikum. Mennene som forserar hinderet. Nærbilde, barn blant publikum. Mennene som forserar hinderet. Nærbilde, fleire ungdomar blant publikum. Nærbilde kvinne blant publikum. Mann på ski ned ein bakke.</p> <p>Sekvens 4: Rekker av menn på ski. Gamal mann. Rekker av menn på ski, på veg mot kamera.</p>	<p>Sekvens 1: (munter marsj) «Hundrevis av sportsstevner ble holdt denne praktfulle vintersøndagen. Her heises flagget før starten i det commandoløpet som ble arrangert i Lommedalen av Milorg.foreningen 13.310. Det var noe i likhet med de gamle militære langrennene hvor deltakerne startet i patruljer på fire mann, men i tillegg til de vanlige øvelser var det innlagt forskjellige hindre, som krevet at man måtte være ikke bare en dyktig skiløper og skytter, men også adskillig av en akrobat.</p> <p>Sekvens 2: Her er det første hindret, en loddrett plankevegg, tremeter høy, som deltakerne skal over med ski, gevær og full pakning.</p> <p>Sekvens 3: Det er vel overflødig å fortelle at publikum fulgte oppvisningen med den mest levende interesse. Det har vel ikke så mye med skiløp å gjøre, men som et ledd i den militære opplæringen er det sikkert av stor betydning.</p> <p>Sekvens 4: Det var i alt vesentlig "gutta fra skauen" som deltok i dette løpet, og det var nok rart for mange av dem å tumle seg i fredelig kappestrid med kameratene i disse traktene, hvor de i krigens dager med dødsdommen stadig hengende over seg, gjorde sin strålende innsats.»</p>

Revy nr: 04/1946/05 «Commandosløp på ski» (55 meter)

Filmavisa tok publikum med ut til det same området der denne Mil.org.-avdelinga hadde gøynt seg i krigens siste fase. Innslaget kunne skape inntrykk av at ein var vitne til ein rekonstruksjon av øvingar som «gutta på skauen» gjennomførte i påvente av frigjeringa. Publikum, både i Lommedalen og i kinosalen, fekk sjå kor dyktige «gutta på skauen» var til å kome seg fram i eit norsk vinterlandskap, skyte potensielle fiendar, og å forsere høge hinder. Filmavisa gav deltakarane eit kvalitetsstempel ved å vise nærbilde av eit begeistra publikum som «fulgte oppvisningen med den mest levende interesse». Referansane bakover i tid til krigens dagar var også tydelege, og kommentaren avslutta med ei eksplisitt hylling av det «gutta på skauen» gjorde under krigen.

Samtidig peika innslaget framover mot oppbygginga av det nye norske forsvaret: Samanhengen mellom idrett og forsvar av landet kunne ein lese i både dette innslaget og

«Norgesmesterskapet i orienteringsløp».¹¹⁰ Den såkalla idrettsfronten si verksemd under krigen hadde ikkje berre dreid seg om boikott av NS si nyordning, hevda Chr. Christensen. Sjølv om idrettsungdomen ikkje deltok i stemne i regi av NS, så fortsatte ein å trene, og fekk etter kvart ei sentral rolle under oppbygginga av Mil.org.¹¹¹

Også i fleire andre reportasjar refererte Filmavisa til Milorg sin innsats under krigen. Ved kronprins Olav si avreise frå Fornebu til Nord-Noreg i juli 1945 paraderte ei æresavdeling av heimestyrkane:

Vi ser:	Vi høyrer:
Kronprins Olav i militæruniform stig ut av ein bil og blir mottatt med militær honnør av fleire offiserar. Kronprins Olav helsar på avdeling som står i giv akt. Kronprins Olav inspiserer avdelinga. Kronprinsen med følge går i båten som fører dei til catalinafly. Sjøflyet tek av.	(Vi høyrer ein munter marsj) «Torsdag 19. juli dro kronprinsen ut på sin langtur til Nord-Norge. Ved sjøflyhavnen på Fornebu hvorfra starten foregikk, paraderte en æresavdeling av den lette bataljon av hjemmestyrkene som er oppsatt i avsnitt 3, Asker og Bærum. Avdelingen utgjør kjernen i en gammel Milorg-gruppe som har gjort seg kjent gjennom ypperlig utførte sabotasjeaksjoner. Under militær honnør, gikk så kronprinsen med følge ombord i båten som skulle føre dem ut til de to norske catalinaflyene Vingtor V og Jøssing II. Og presis klokken ti gikk flyene på vingene for den første etappen til landet der nord som tyskerne brente.»

Revy nr. 10/1945/08 «Kronprinsen reiser til Nord-Norge» (25 meter)

Dette var heilt og fullt ein militær seremoni, utan sivile element. Mens publikum kunne sjå at kronprinsen inspiserer avdelinga, fortalde Filmavisa at styrken «utgjør kjernen i en gammel Milorg-gruppe som har gjort seg kjent gjennom ypperlig utførte sabotasjeaksjoner.» Deretter reiste kronprinsen ifølgje med ein militær delegasjon med to catalinafly som hadde fått dei karakteristiske namna «Vingtor V» og «Jøssing II». Framstillinga av paradeavdelinga og namna på flya viste at «gutta på skauen» også var i ferd med å bli integrert i dei ordinære militære styrkane.

Dette var det siste innslaget i ei utgåve av Filmavisa som i fleire reportasjar hadde minna publikum på tyske krigsbrotverk.¹¹² Det fell difor inn i det same mønsteret at Filmavisa avslutta denne reportasjen med å referere til tyskarane sin brente jords taktikk. Likevel handla ikkje reportasjen så mykje om tyskarane. Fyrst og fremst gav Filmavisa skryt til Milorgs sine

¹¹⁰ Revy nr. 21/1945/07.

¹¹¹ Våre falne, Band 1 1949:13.

¹¹² I «Krigsrett på Lillehammer» (10/1945/02) ser vi ein tysk offiser bli dømd til døden av ein britisk militærdomstol. I same utgåve viste Filmavisa bisettinga av Hansteen og Wickstrøm som tyskarane hadde avretta utan lov og dom.

sabotasjeaksjonar under krigen. Dette var også det sentrale i to reportasjar frå utstillinga «Det illegale Norge» hausten 1945:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Stort sivilt publikum i Håndverkeren. Kongen, kronprinsen og kronprinsesse Märtha i framgrunnen sittande. Ordførar Arnfinn Vik ved talarstolen.</p> <p>Sekvens 2: To menn ved eit lite trykkeri. Plansjar på veggane. Bilde skiftar mellom; Radiosenderar og mottakerar. Jernbaneskinne. Mann opnar kjøleskap som skjuler fem gevær. Lita hytte, delvis kamuflert av granbar. Nærbilde av «lauvhytte». Brukt fallskjerm. Dukke som held stengun med lydtempar. To torpedoar heng på veggen. Restar av bombe. Kamuflert vedkubbe med mine inni heng på veggen. Nedanfor "kaker."</p>	<p>Sekvens 1: (dramatisk musikk) «I Håndverkerforeningens lokaler i Oslo ble det åpnet forleden utstillingen "Det illegale Norge". Kongen og kronprinsen var til stede da ordføreren, Arnfinn Vik, erklærte utstillingen for åpnet.</p> <p>Sekvens 2: Her er et av de berømmelige trykkerier, og videre modeller av forskjellige radiosendere og mottakere. Jernbaneskinner med nedlagte sprenghadninger. Kjøleskap som våpenlager. Tro kopi av tilholdssted for slippgjeng. Og dette er en fallskjerm. Lydløs prøveskytning med stengun. Hjemmelagde torpedoer. Rester av en bombe fra Nybergsund. Øverst en kamuflert veimine, og nederst er sprenghadninger innbakt i kaker.»</p>

Revy nr. 23/1945/05 «Det illegale Norge» (26 meter).

Utstillinga på Håndverkeren blei opna den 17. oktober 1945, og blei seinare flytta til Børsen i Gøteborg under tittelen «Då Norge stred» kor den blei opna av kronprinsparet den 5. desember 1945:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Børsens fasade. Banner over inngangen: "DÅ NORGE STRED". Norsk flagg under og ved sidan av banneret. Gunnar Svendsen og brørne Iversen heng opp plakat for utstillinga. Nærbilde av små barn.</p> <p>Sekvens 2: Kronprinsparet stig ut av bilen. Får blomster av et barn. Kronprinsen i militær uniform, honnørhelsing. Kronprinsparet og landshøvdingen går opp trappa.</p> <p>Sekvens 3: Kronprinsen på talarstolen.</p> <p>Sekvens 4: Kronprinsparet med hale av fotografar etter seg. Oberst Østgård i uniform, med frue. Kronprinsparet ser på utstillinga. Telefon opnast, vi ser innmaten. Kronprinsparet. Mann med høyretelefonar framfor ein kaffikjele. Mannen snur kaffikjelen som er utan botn opp ned. Skrur på innmaten. Kronprinsparet bøyar seg for å sjå betre. Kronprinsparet smilande saman med mann i militær uniform. To menn i militær uniform illustrerar</p>	<p>Sekvens 1: «(...) november ble holdt i Oslo, er overflyttet til Børsen i Gøteborg. Utstillingens tekniske ledelse, brødrene Ragnvald og Josef Iversen og Gunnar Svendsen spikrer opp plakaten utenfor inngangen som siste ledd i det store arbeid de har nedlagt. En liten Gøteborgsia følger interessert med.</p> <p>Sekvens 2: En ung nordmann er den første som overrekker kronprinsessen blomster der hun kommer til Børsen sammen med kronprinsen som skal åpne utstillingen. Her er kronprinsparet ledsaget av landshøvdingen Malte Jacobsson på vei opp til den store bankettsalen.</p> <p>Sekvens 3: Kronprinsen åpner utstillingen med en tale hvori han berømmer Gøteborg for den strålende hjelp nettopp denne by mer enn noen annen har ytet Norge i krigens vanskelige år.</p> <p>Sekvens 4: Etter åpningshøytideligheten er det omvisning på utstillingen. Kronprinsen og kronprinsessen hilser på utstillingens arrangører, og takker dem for godt arbeide. Oberst Østgård og frue er med kronprinsparet på Gøteborgturen. Utstillingen er om mulig enda bedre tilrettelagt enn i Oslo. Her har vi radiomottageren som er innbygget i et vanlig telefonapparat. Og så kommer vi til den berømmelige kaffikjelen, som naturlig nok vekker stor begeistring.</p>

radiosending. Kronprinspartet framfor ein plansje med stort foto av synkande skip ("Blücher"). Sivilt kledd mann framfor presse.	Dette er en helt autentisk rekonstruksjon av en sender hos gutta på skauen. Og endelig har vi den illegale pressen i full virksomhet.»
--	--

Revy nr. 31/1945/01 «Kronprinsparet på den illegale utstilling i Gøteborg» (75 meter).

Dei to reportasjane frå utstillingane var dramturgisk nokså like. I fyrste del blei dei kongelege ønskte velkomen til utstillinga, og i den siste delen ser vi ulike element frå utstillinga. Innslaget frå Gøteborg starta med bilde av Børsens fasade, og publikum fekk sjå initiativtakarane til utstillinga gjere den siste finpussen før det var klart for å ta imot kronprinsparet.¹¹³ Kronprins Olav var i militær uniform og opna utstillinga med ein tale. Filmavisa fylgde så kronprinsparet på omvisninga.

Ei slik utstilling hadde til hensikt å dokumentere det illegale Norge si verksemd under krigen. I begge reportasjane gav Filmavisa publikum eit inntrykk av at dei tok del i denne dokumentasjonen. Sjølv om enkelte sider ved «gutta på skauen» si verksemd nødvendigvis var valt ut til utstillinga, såg kommentarane til Filmavisa heilt bort frå denne seleksjonsprosessen. I staden understreka ein sannhetsgehalten i det publikum no kunne sjå med sine eigen auge, som eit bevis for den illegale verksemda. I frå utstillinga i Gøteborg fekk ein mellom anna sjå «en helt autentisk rekonstruksjon (sic) av en sender til gutta på skauen.», og i frå utstillinga i Oslo fekk ein også sjå «en tro kopi av tilholdssted for slippgjeng».

I Gøteborg fekk vi sjå «den berømmelige kaffikjelen», sabotasjeutstyr og andre smarte innretningar «gutta på skauen» laga for å lure tyskarane. Dette skulle dokumentere korleis norske motstandsmenn klarte å lure ikkje fullt så smarte tyskarar. Mot slutten av innslaget viste Filmavisa bilde av eit synkande skip, «Blücher», på veggen bak kronprinsparet, noko som også var eit symbol på noko ein hadde lukkast med i motstandskampen. Filmavisa refererte til at kronprins Olav takka hjelpa Noreg hadde fått frå Gøteborg under krigen. Dersom vi her samanliknar med Aftenposten, ser vi at avisa la vekt på andre delar av talen, der kronprinsen framheva at idrettsungdomen hadde hatt ei viktig rolle i haldningskampen mot tyskarane og i det illegale arbeidet.¹¹⁴ Filmavisa sitt innslag frå Gøteborg blei avslutta med at kommentatoren

¹¹³ «Børsens balkong er faktisk innesluttet i norske farger, og i kveld ligger fasaden badet i flomlys så ingen skal unngå å finne veien til utstillingen med navnet som lyder som tittelen på en spennende okkupasjonsroman: «Då Norge stred». (...) Det ble på en måte en malerisk og virkningsfull kontrast mellom praktrammen og glimtene fra det underjordiske Norge som jo helst arbeidet i mørket. I dag tåler Hjemmefronten flomlys og full avsløring (...), skreiv Aftenposten 5. des. 1945 Aftennummer om opninga.

¹¹⁴ «I sin tale trakk Kronprinsen nemlig opp bakgrunnen for Hjemmefrontens dannelse med utgangspunktet i det sivile motstandssentrum, Høyesterett, og det militære motstandssentrum, idrettsungdommens front, som ble skapt da tyskerne forsøkte å framtvinge en nazifisering av idrettslivet for derved å skape en virkningsfull brekkstang til nedbryting av det norske folkets motstandvilje mot et politisk system som var både fremmed og fiendtlig. Kampen ble skarpere og voldsommere etter hvert som tyskerne forsøkte å omforme selve folkets ideologiske grunnlag, dets begreper om rett og urett. (...)» Aftenposten 5. des. 1945 Aftennummer.

hevda at utstillinga «vekker stor begeistring» hos kronprinsparet, noko som kan tolkast som ei implisitt oppmoding til publikum om å føle det same.

Filmavisa si begeistring for Milorg, og ulike referanser til kva som foregjeikk i dei norske skogane i krigens slutfase heldt fram. I mai 1946 blei representantar for dei norske heimestyrykane sendt til Danmark for å delta i feiringa av eittårsdagen for frigjeringa.¹¹⁵ Avreise blei markert med ein militær seremoni i skulegarden på Oslo katedralhøgskole. I motsetning til tyske soldatar som Filmavisa ofte omtalte som nokså slumsete, karakteriserte ho desse som «51 stramme karer og tre like stramme damer i blå uniformer og alpeluer fra Milorg foreningen 13222.» Etter at høge offiserar hadde inspisert avdelinga, blei minne frå krigen symbolisert ved at «der fant sted overlevering av gruppens fane som er laget av fallskjermstoff, hentet i Nordmarka etter et slipp.» Innslaget blei avslutta med at troppa marsjerte nedover gatene til brygga for å gå om bord i båten til Danmark.

Den militære innsatsen i 1940 og allierte under 2. vkr.

Det norske forsvarets innsats ved invasjonen i 1940 har vore eit omstridt tema i norsk historie. Sein mobiliseringsordre og eit dårleg utrusta forsvar har av fleire blitt trekt fram som viktige årsaker til det norske nederlaget, våren 1940.¹¹⁶ I kva slags tolkingsramme plasserte Filmavisa forsvarets innsats under krigen? I juni 1947 var Filmavisa med på ei befarings på fleire av dei stadane det hadde vore harde kampar med tyske styrkar i 1940 og rapporterte på følgjande måte:

Filmavisen er med på en interessant befarings av terrenget ved Stryken, Harestua og Bjørgesæter hvor noen av de hardeste kampene i april dagene 1940 fant sted. Oslo forsvarsforening arrangerte befaringsen som ble ledet av oberst Hermansen, som hadde kommandoen over styrkene i dette avsnittet. Det var utarbeidet et stort og oversiktlig kart som obersten brukte for å demonstrere kampenes utvikling.¹¹⁷

Gjennom innslaget kunne publikum følgje synfaring ved dei tre kampstadene. Ved alle desse stadane kunne ein sjå at oberst S.F. Hermansen peika og forklarte på ulike store kart for ein stort skare av interesserte tilhøyrerar, både militære og sivile. Blant desse var presidenten i Norges forsvarsforening, oberst Morck, som også hadde vore Hermansens sjef i 1940. Også

¹¹⁵ Revy nr. 17/1946/04 «Milorg. –gruppe inspiseres før avreise til Danmark» (20 meter)

¹¹⁶ Stortinget oppnemnde den 3. august 1945 ein kommisjon som skulle granske norske styresmakter sine handlingar i 1940. Artikkel om «Undersøkelseskommisjonen av 1945», i Norsk krigsleksikon (1995) signert Hans Fredrik Dahl.

¹¹⁷ Kommentar i innslag nr 24/1947/04 «Kampene ved Stryken gjennomgås av de militære autoriteter».

formannen i Oslo forsvarsforening, godseigar Westbye Ekeberg, var tilstades i Filmavisas reportasje. Filmavisa gav følgjande forklaring på det som hendte i 1940:

Det var søndag den 14. april om kvelden trefningene ble innledet. Fra Stryken gikk turen videre oppover til nordenden av Harestuvannet, hvor nordmennene hadde inntatt sin neste stilling. Oppgaven var her å oppholde fienden så lenge at hovedstyrken fikk tid til å forberede en solid preposisjon ved Bjørgesæter. Her var det så hovedkampen fant sted, tirsdag den 15. april. Etter en strålende innsats måtte stillingen oppgis på grunn av tyskernes fremtreden over Haugsbygda i vest.

Det kan vere nærliggande å tru at det var oberst Hermansen sin versjon av krigshandlingane som Filmavisa ganske ukritisk formidla, og gav publikum ei førestelling av at dei norske styrkane hadde kjempa heltemodig, men måtte dessverre gje tapt mot den tyske overmakta i april 1940.¹¹⁸

Filmavisa viste også andre innslag med referansar til kampene våren 1940, mellom anna i Narvik-området. Vi har tidlegare sett at Filmavisa våren 1946 gav ei omfattande dekning av den storslåtte internasjonale markeringa av seksårsdagen for gjenerobringa av Narvik. Dei norske motstandsstyrkene sin plass blant dei allierte var også eit sentralt element våren 1947 då slaget om Narvik igjen blei markert ved at roret til det britiske slagskipet «Warspite» blei overlevert til Narvik by. Dette skulle vere eit «uttrykk frå kong Georges ønske om at gaven måtte bli et minne om det norsk-britiske våpenbrorskap frå krigens dager og som et tegn på fortidens og fremtidens vennskap mellom de to nasjoner.»¹¹⁹ I «Warspites» ratt overleveres» fekk publikum sjå den britiske marineattachéen kaptein Black køyre til slottet for å overrekke roret til Kong Haakon.¹²⁰ Filmavisa minte publikum på bakgrunnen for gáva: »Ved det store sjøslaget om Narvik, gikk Warspites inn i Ofotfjorden, og trengte de tyske destroyere sammen innerst i Robaksbotnfjorden. Rattet vil få sin endelige plass i Narvik.» Ved årssdagen for sjøslaget ved Narvik, den 13. april 1947, blei roret overlevert til Narvik by. Filmavisa kommenterte:

Vi er i Narvik hvor en flåte på femten store båter ligger og venter på tur ved malmkaien. Men, hva vi ikke ser på dette bildet, er de dobbelt så mange båtene, både krigsfartøyer og handelsskip, som ble senket i april dagene 1940, og som fremdeles ligger på bunnen av havnen. Det er en særlig høytidelighet som er foranledningen til vårt besøk i Narvik i dag. Korvetten Andenes glir inn til

¹¹⁸ Filmavisa sine kommentarar har store likskapar med Aftenpostens reportasje frå synfaringa: «(...) Hovedkampen fant sted ved Bjøresæter tysdag 15. april, og her ble tyskerne stanset og tilføyd et avgjort nederlag, takket være de norske troppers tapperhet og utholdenhet og klok taktisk opptreden. Dessverre måtte stillingen likevel oppgis på grunn av tyskernes fremtreden over Haugsbygda i vest.» Oberst Hermansen heldt også ei tale til minne om dei 15 nordmenn som falt i desse kampene. Aftenposten Aften 9. juni 1947

¹¹⁹ Aftenposten 24. mars 1947.

¹²⁰ Revy nr. 13/1947/02.

dampskipskaaien om formiddagen den 13. april, på sjuårsdagen for det annet store sjøslag ved Narvik, hvor det engelske slagskipet "Warspite" gjorde sånn en berømmelig innsats. (...)¹²¹

Gjennom ein enkel seremoni blei så roret overlevert til Narviks ordførar. Sjølv om det var Warspites innsats som blir framheva, markerte også seremonien ein av dei få militære seierane som norske styrkar tok del i.¹²² Denne reportasjen frå Narvik bør også sjåast i samanheng innslaget Filmavisa viste rett før Warspite-seremonien. Det viste opninga av krigsrettssaka mot NS-obersten Konrad Sundlo som starta dagen etter denne seremonien. Sundlo var tiltalt for å ha handla i strid med ordre, og overgjeve Narvik til tyske styrkar 9. april 1940 utan kamp.¹²³

Den militære innsatsen under krigen førte også til utdeling av heider og ære til både offiserar og soldatar. Ein av dei som fekk æresmedalje på bringa var fenrik Engeland:

Vi ser:	Vi høyrer:
Ei avdeling amerikanske flysoldatar står oppstilt framfor flyhangaren på Fornebu. Halvnært, offiser les frå eit dokument. General Earl Hoag dekorerar fenrik Ivar Engeland. Amerikanske soldatar med stålhjelmer og gevær paraderar. Offiserar gjer honnør til paraden.	(militær marsj) «Samme dag fant det sted en annen høytidelighet på Fornebu. Under utfoldelse av full militær pomp og prakt dekorerte sjefen for Army Transport Command i Europa, brigadegeneral Earl Hoag den norske radiotelegrafisten fenrik Ivar Engeland, med den høye utmerkelsen Distinguish Flying Cross. Etter paraden, paraderte to infanterikompanier med stort orkester og silkefaner for den vesle norske fenriken som virket helt sjenert over all den hyllest som ble han til del. Det er en av guttene vi har grunn til å være stolte av!»

Revy nr. 13/1945/06 «Dekorering av fenrik Engeland» (16 meter)

Bakgrunnen for denne utmerkinga var at fenrik Engeland hadde klart å peile kursen til eit kurerfly med farleg last gjennom vanskelege flyforhold frå Sverige til Skottland. Engeland blei framstilt som ein nøktern helt som berre gjorde det situasjonen kravde, ei framstilling som liknar på Filmavisas framing av «gutta på skauen.».

Den fyrste fredssommaren var ei hektisk tid for utdeling av militære utmerkingar, og Filmavisa fekk festa til filmrullane nokon av dei mest prominente. Nokre veker seinare delte den amerikanske brigadegeneral Owen Summers ut medaljar til høgare norske offiserar, mellom anna den norske forsvarssjefen under krigens slutfase, kronprins Olav:

¹²¹ Revy nr. 17/1947/10 «Warspites ratt overleveres i Narvik» (31 m)

¹²² Filmavisa hadde også andre innslag som minte om militære seierar for dei allierte. Den 12. november 1944 blei det tyske slagskipet «Tirpitz» senka av britiske bombefly utanfor Tromsø. I 14/1945/03 refererer Filmavisa til hendinga mens vi ser vraket så vidt stikke opp som ein holme i Håkøysundet. I 25/1948/01 blir vraket av Tirpitz hogd opp.

¹²³ Revy nr. 17/1947/09, sjå ovanfor.

En høytidelighet på Slottsplassen forleden dag ble Kronprins Olav, av den amerikanske brigadegeneral Owen Summers, utnevnt til Chief Commander of Legion of Merit for fremtredende tjeneste for de alliertes sak. Hans innsats i frigjøringsverket vil bli stående som et lysende eksempel. General Ruge, Riiser-Larsen, Hansteen, Deichman og Strugstad, samt major Ebbesen mottok så av general Summers the Bronze Star for fremragende tjenester under krigen. Etter høytideligheten paraderte de amerikanske tropper for de dekorerte offiserer.¹²⁴

Ved seremonien på Slottsplassen fekk vi også sjå at nokon av dei norske offiserane som i krigens fyrste fase stod for ei militær motstandslinje mot tyskarane fekk militære utmerkingar. Dette var general Ruge og fleire andre som ikkje underteikna æresordet om å ikkje kjempe vidare mot Tyskland. Men bortsett frå at publikum fekk sjå at denne «motstandslinja» blei tildelt heider, skapte dette innslaget også ei anna viktig framing. Det var nemleg ein manifestasjon på at Noreg og dei norske motstandsstyrkene hadde ein plass blant dei allierte. Før general Ruge blei teken til krigsfange, spelte han ei sentral rolle for å manøvrere Noreg inn i dette allianseforholdet.¹²⁵ Dekoringane skjedde gjensidig mellom dei allierte, i fyrste rekkje mellom norske, britiske og amerikanske offiserar, og markerte allianse og venskapsforhold over landegrensene.

Filmavisa viste fleire slike reportasjar. I september 1945 fekk publikum sjå at øverstkommanderande for dei allierte landstyrkene i Noreg, general Sir Andrew Thorne, overrekte ordensteiknet for Commander of the British Empire til øverstkommanderande for dei amerikanske styrkene, brigadegeneral Owen Summers. Dette skjedde på Grønland torg i Oslo, akkompenerert av ein hyllest frå ein stor tilskodarskare.¹²⁶

Også allianseforhold blei markert gjennom fleire paradar, bl.a. viste Filmavisa dei allierte sin seiersparade i august 1945.¹²⁷ Norske, britiske og amerikanske tropper marsjerte oppover Karl Johans gate, med 1000 mann frå kvart land og med alle tre våpengreiner representert. Kong Haakon heldt ei tale til troppene utanfor Slottet. Filmavisa viste i neste utgåve også då 1. ste Airborn Division forlot landet.¹²⁸ Hausten 1945 viste Filmavisa i to revyar dei amerikanske styrkene gjennom paradering og andre ritual publikum til slutt fekk sjå dei gå om bord i båten som skulle ta dei frå Noreg. I eit muntert innslag frå Oslo hamn kunne Filmavisa fortelje at det var oppstått venskap mellom dei amerikanske styrkene og nordmenn:

¹²⁴ Revy nr. 22/1945/02 »Dekorering av norske offiserer« (26 m)

¹²⁵ Artikkel om Otto Ruge, signert Tom Kristiansen (besøkt 25.april 2014) «Som kommanderende general fra 11. april 1940 fikk Ruge ansvaret for å lede de norske styrkene. Hans disposisjoner under felttoget var en forutsetning for Norges senere plass i den store krigsalliansen og sikret ham en fremtredende plass i nasjonens historie.»

¹²⁶ Revy nr. 17/1945/03. Nokre veker seinare viste også Filmavisa då general Thorne forlot Noreg i revy nr. 26/1945/02 «General Thornes avskjed med Norge» (39 meter)

¹²⁷ Revy nr. 15/1945/01.

¹²⁸ Revy nr. 16/1945/02 «1. ste. Airborn Division forlater Norge» (49 meter)

Ordet okkupasjon kan vel ikke sies å ha en lystig klang i norske ører, men den form for okkupasjon som de amerikanske styrkene har praktisert i Norge har ikke desto mindre vært overmåte populær. Nå er de reist, og sorgen er stor og oppriktig. (...) Vi ønsker god tur, og hjertelig velkommen igjen!¹²⁹

Paradene blei satt innanfor ei tolkingsramme der den norske motstandskampen var ein del av den seirande krigsalliansen. I reportasjene frå «Det illegale Norge» fekk publikum sjå ulike middel som skulle ha blitt brukt i ulike sabotasjeaksjonar, som blei trekt fram som ein viktig del av motstandskampen. Kordan blei slike konkrete aksjonar omtalt i Filmavisa?

Sabotører

Sabotasje retta mot okkupasjonsmakta hadde vore ei langt meir synleg form for motstand enn hemmeleg etterretning og våpentrening i dei norske skogane. Ein av dei mest kjende sabotørane var Max Manus. Namnet hans blei viden kjent etter at han skreiv om sine opplevingar frå krigen i *Det blir alvor* (1945) og *Det vil helst gå godt* (1946). Desse bøkene blei selt i over 300.000 eksemplar.¹³⁰ Med bakgrunn frå kompani Linge i Storbritannia kom Manus til Noreg i 1943 med skipssabotasje som spesialitet.¹³¹ Natt til 27. april 1943 klarte han saman med fire andre motstandsmenn å senke Ortelsburg (3800 tonn), og gje «Tugela» (5800 tonn) slagside. Våren 1944 blei Manus ein del av «Oslogjengen», leia av Gunnar Sønsteby (som hadde dekknamnet «nr. 24»). Dette var Sentralleinga i Milorg sin sabotasjegyng, og Manus deltok i fleire aksjonar det siste krigsåret. Mellom anna var han med å senke trosskipskipet «Donau» i januar 1945. Dette skipet hadde tidlegare frakta norske jødar til Tyskland i 1942.

Filmavisa refererte til fleire av Manus sine sabotasjeaksjonar. I juli 1945 viste Filmavisa ein reportasje om vraket av Donau¹³², og i november 1948 viste ho delar av arbeidet med å heve Ortelsburg.¹³³ Filmavisa let oss få vite at: «Det har kostet mye slit å få hevet det tyske dampskipet «Ortelsburg» som norske sabotører senket på Oslo havn i 1943.»

¹²⁹ Revy nr. 23/1945/06 «De amerikanske styrker forlater Norge» (22 meter)

¹³⁰ Max Manus var også livvakt for kronprins Olav då han kom til Oslo 13. mai 1945, og likeein for kong Haakon som kom den 7. juni 1945.

¹³¹ Filmavisa har også eit innslag som refererer til ein sabotasjeaksjon mot ein jarnbane, «Bros penn skiftes ut på Koppang i Østerdalen» (03/1946/05): «(...) Et nytt spenn skal bringes på plass i jernbanebroen ved Koppang i Østerdalen. Ved den store jernbanesabotasjen noen tid før krigen sluttet, ble også denne broen brutt, og skaden ble bare provisorisk utbedret, slik at toget forsiktig kunne snegle seg over.» Sjølv om det var ein del jarnbanesabotasje i krigens siste fase, hadde truleg skipssabotasjen større effekt med tanke på å forsinke tysk trosskipstransport. Sjå artikkelen «Jernbanesabotasje» i Norsk krigsleksikon (1995), signert Tor Arne Barstad.

¹³² Revy nr. 07/1945/05.

¹³³ Revy nr. 48/1948/04.

Også 10.000-tonnaren M/S Troma blei utsatt for ein sabotasjeaksjon. Skipet var bygd i England i 1937 og seinare kjøpt av bergensreiarlaget J. L. Mowinckel. Under krigen blei Troma satt i tysk teneste inntil skipet blei senka natt til 24. november 1944 mens det låg til hamn ved Akers Mek. Verk. Den 28. mars 1946 skulle Troma hevast igjen, og Filmavisa var endå ein gong til stades:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Fleire klipp frå arbeidet med å heve «Troma» på havna utenfor Akers Mek. Verksted i Oslo. Innimellom bilde av publikum som ser på redningsaksjonen. Dykkar går ned i vatnet for å undersøke skipet. Kjølén som stikk opp av vatnet.</p>	<p>(munter musikk) «Bergensbåten "Troma" som ble senket utenfor Akers mek. verksted ved en dristig sabotasjeaksjon i oktober 1944 blir i disse dager hevet igjen. Arbeidet som har pågått i lengre tid følges naturligvis med den aller største interesse både av verkstedets folk og av publikum. Det var mestersabotøren Max Manus som gjennomførte det farlige forehavende. Nå har et par selskap arbeidet i månedsvis for å tette igjen hullene i skrogene, deretter er pumpet luft inn i det, og så stiger den til overflaten som den rene ballong. Dykkerne er stadig nede for å se etter at det provisoriske tettingen holder. Nå skal Troma, som er på 9.000 tonn, snus på rett kjøll, og så begynner reparasjonsarbeidene.»</p>

Revy nr. 15/1946/03 «Troma heves ved hjelp av luft utenfor Akers mek.» (29 meter)

Troma skulle no bli reparert og sett i drift igjen. Ytre sett kan reportasjen synest å vere om gjenreisinga av den norske skipsflåten. I vår samanheng er det derimot meir interessant å analysere korleis Filmavisa refererte til senkinga av Troma under krigen. Publikum fekk vite at båten blei senka «ved en dristig sabotasjeaksjon i oktober¹³⁴ 1944,» og at «det var mestersabotøren Max Manus som gjennomførte det farlige forehavende».

Det var kanskje ikkje urimeleg eller oppsiktsvekkande at Filmavisa understreka at sabotasjeaksjonen mot Troma både var dristig og farleg. Det vi skal legge merke til er at Filmavisa gav Max Manus æra for den vellukka aksjonen. Manus sitt ry som sabotør og motstandsmann var også grunnen til at dei nye eigarane av Troma, A/S Olymp eigd av Einar Lange, ønskte å døype om båten til «Max Manus». Dette kunne Filmavisa melde om i ein reportasje fem månader seinare, då Troma skulle gjerast klar for å bli slept til Antwerpen for reparasjon:

Dette er 10.000-tonneren "Troma", som ble senket av sabotører høsten 1944, mens den lå ved Akers Mek. Verksted og hevet igjen i sommer. Det har vist seg umulig å få båten reparert ved norsk verksted, og forleden kom derfor verdens kraftigste slepebåt; hollenderen "Zwarte Zee" på 4200 Hk., til Oslo for å slepe "Troma" til Antwerpen, hvor reparasjonen skal foretas. Om seks måneder

¹³⁴ Her tok Filmavisa feil. Sabotasjeaksjonen skjedde natt til 24. november 1944.

skal båten være ferdig, og den vil da bli døpt ”Max Manus”, til minne om den mann, hvis navn fremfor noe annet er knyttet til en rekke fantastiske sabotasjehandlingar her hjemme.(...).¹³⁵

Også i dette innslaget var kommentarane meir interessante enn bilda, som stort sett viste Troma sett i frå ulike vinklar. Med munter musikk som tonefølgje fortalte Filmavisa på nytt at Troma «ble senket av sabotører høsten 1944, mens den lå ved Akers Mek.». Litt lengre ut i innslaget fekk publikum vite at skipet ville bli oppkalt etter Max Manus når det var ferdig reparert. På dette tidspunktet var Manus allereie godt kjent som skipssabotør etter at hans to bøker hadde selt i fleire hundretusen eksemplar. Filmavisa sa i denne reportasjen ingenting om kven som utførte sabotasjeaksjonen i 1944, men ved å berre nemne namneendringa gav ho igjen inntrykk av at det var Manus som hadde stått bak senkinga. Dette var ikkje korrekt. Dagen før slepinga av Troma tok til, kan ein lese følgjande i Aftenposten:

Rederiet har fått løytnant Max Manus` tillatelse til å gi båten hans navn. Tillatelsen ble gitt noe motstrebende idet Max Manus fremholdt at han ikke var til stede på det tidspunkt da «Troma» ble senket. Rederiet gjorde imidlertid gjeldende den symbolske betydningen ved oppkallelsen og at man gjerne ville ha vår storsabotørs navn på en båt som er knyttet til en av de store begivenheter i den norske motstandsbevegelsens periode.¹³⁶

Aftenposten blei ved mange høve brukt som kjelde for Filmavisa, men denne gongen veljer ho å ignorere opplysingane om at Manus *ikkje* stod bak sabotasjeaksjonen. Rett nok blei ikkje den feilaktige påstanden frå fem månader tidlegare gjenteken, men den blei heller ikkje retta opp.

Dei som sto bak senkinga av Troma tilhørde ikkje Milorg. Det var den såkalla «Pelle-gruppa» som den 23. – 24. november 1944 sprengde både Troma og fire andre skip som låg ved Nyland og Aker mekaniske verkstadar. Gruppa var leia av Ragnar Sollie (1912–1987) med dekknamnet Pelle. «Pelle-gruppa» opererte i Oslo-området 1944 – 45, og gjennomførte fleire sabotasjeaksjonar utan kontroll og ordre frå Hjemmefrontens Ledelse. Sollie var gjennom heile krigen medlem av NKP, og sto på partiets motstandspolitiske plattform. Medlemskapen skal ha vore av perifer karakter, og Sollie dreiv si verksemd uavhengig av partileiinga.¹³⁷ Då Norsk Hjemmefrontmuseum opna i 1970 blei det arrangert eit møte mellom representantar for «den offiselle heimefronten» og Pelle-gruppa. På møtet hevda Ragnar Sollie mellom anna at

¹³⁵ Revy nr. 36/1946/05 ”Troma” slepes til Antwerpen (33 m).

¹³⁶ Aftenposten Aften 7. september 1946.

¹³⁷ Artikkell om «Pelle-gruppa» i Norsk krigsleksikon (1995), signert Tor Arne Barstad. Sjå også Barstad 1987.

sabotasjegruppa hans hadde bedt om hjelp frå Mil.org., men utan å få noko støtte til sabotasjeaksjonar.¹³⁸

Pelle-gruppa og andre grupper som ytte motstand mot okkupantane utanfor HL sin kontroll har fått langt mindre merksemd i ettertid enn Mil.org. og «gutta på skauen» i norsk krigshistorie. Etter ein langvarig strid blei det fyrst i 2015 reist eit minnesmerke over Pelle-gruppa i Oslo.¹³⁹ Dette innslaget falt inn i eit slikt mønster, der kommunistane sin motstandsinnssats under krigen ikkje passa inn i Filmavisas forteljing om krigen. Derimot blei innssatsen til Manus og andre som fylgde HL sine instruksar framheva.

Det var likevel ikkje slik at kommunistiske motstandsmenn ikkje var representert i Filmavisa. Vi har allereie vist at Filmavisa gav fyldige dekning av Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm i ulike samanhengar.¹⁴⁰ Viggo Hansteen hadde vore medlem av NKP, og hadde framleis nært samband med partiet då han blei arrestert under Melkestreiken. Hansteen hadde rett nok meldt seg ut av NKP pga. partiets politiske linje under Vinterkrigen. Også kommunist sympatisøren Nordahl Grieg var representert i fleire innslag, men han arbeidde for den offisielle HL-linja under krigen. Men felles for desse nemnde innslaga var at både Hansteen og Grieg blir framstilt som partilause og klasselause nasjonale fridomsheltar, deira kommunistiske preferansar blir ikkje nemnt av Filmavisa.

¹³⁸ Sjå også Aftenposten 28. okt. 1970: «Det nyåpnede Norsk Hjemmefrontmuseum på Akershus var mandag den ytre og atmosfære-skapende ramme om en konfrontasjon mellom personer som ofte har hatt forskjellige syn på det som skjedde i Norge mellom 1940 og 1945: Ledere for den offisielle hjemmefront, kommunistiske sabotører og unge norske historikere. Diskusjonen, tvilen, motsetningene fra den gang lever fremdeles videre og kunne lett spores i debatten om krigsårenenes sentrale tema – «aktivistisk» kontra «ansvarlig» norsk motstand mot de tyske okkuperanter.» (...) Tilstede på møtet var også Ragnar Sollie, lederen av den såkalte «Sollie-gruppa» som hadde nær kontakt med kommunistene og som sto bak den store sabotasjen på Aker og Nyland høsten 1944. Skip på til sammen 30.000 tonn ble senket ved én aksjon – like mye som Max Manus senket under hele krigen – men lite er kjent om denne sabotasjebehandling. Sollie fremholdt at hans gruppe, som var på 70 – 75 mann, og andre lignende grupper, var vokst frem nedenfra og hadde fått sin autoritet fra folkene på arbeidsplassene – noen effektiv ledelse over det hele hadde han ikke følelse av at eksisterte under krigen. Støtte fra den «offisielle» hjemmefront hadde gruppene ikke fått. – Mil.org. hadde det utstyr vi trengte, men vi fikk ingenting når vi skulle drive sabotasje – vi måtte skaffe oss alt selv ved «banditt-virksomhet», og disse forberedelsene kostet to menneskeliv før Aker Nyland-aksjonen, sa Sollie. (...) Et av Sollie-gruppens medlemmer, Formo, (...) sa at Sollie-gruppen aldri hadde beskjeftiget seg med kommunistisk ideologi, og selv hadde han ikke betraktet seg som kommunist da han var med i gruppen. H.r.advokat Ole Borge, som satt i Mil.org-ledelsen, sa at organisasjonen så visst ikke var noen «Establishment». Den hadde skapt seg selv og var temmelig godt kontrollert og ledet. Problemet med kommunistene gjaldt ikke lojalitet overfor Mil.org. men overfor den allierte ledelsen i London – den ville ikke kommunisten ikke underordne seg. Om kommunistenes kritikk fordi de ikke fikk hjelp og støtte til sine aksjoner, sa han at Mil.org aldri ble spurt om aksjoner på forhånd og var følgelig avskåret fra å gi hjelp. Fra kommunistisk hold er det imidlertid blitt påstått at det var kontakt før Aker Nyland-gruppen fikk nei til støtte på forhånd, men ros etterpå! Dette kjente Borge ikke noe til.»

¹³⁹ Sjå til dømes dokumentarfilmen «Det siste vitnet», av Morten Conradi og Øystein Rakkenes (2013) om Pelle-gruppa Sjå også debatt ettermælet til Pelle-gruppa versus Oslo-gjengen.: www.dagsavisen.no/nyemeninger/alle_meninger/cat1003/subcat1018/thread287004/#post_287004

¹⁴⁰ I same nummer av Filmavisa er innslaget frå avdukinga av minnesmerke etter Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm.

Kva førestelling av den militære motstanden under krigen gav Filmavisa? Fleire innslag peika på at Milorg og «gutta på skauen» hadde gjort ein betydelig innsats, og Filmavisa hevda at våpenøvingar i skogane hadde skapt «en fulltrenet hær i vindjakke og nikkars» av norske menn som hadde fylgd sitt eige samvit og dugnadsand, og teke opp kampen mot tyskarane. Gjennom fleire reportasjar frå mellom anna commandoløp gav ein eit inntrykk av korleis «gutta på skauen» trente, og utstillinga om «det illegale Norge» etterlet ei førestelling om at sabotasjeaksjonar var ein sentral del av det denne motstandsstyrken gjorde under krigen. Filmavisa minte publikum om fleire konkrete sabotasjeaksjonar som motstandsørsla hadde lukkast med, og skapte på den måten eit inntrykk av slike aksjonar bidrog betydelig til at krigen blei vunnen.

Den militære innsatsen våren 1940 blei berre omtala i eit fåtal reportasjar, og då la Filmavisa vekt på militære seierar i Narvik og «strålende innsats» mot den tyske overmakta i Nordmarka. Nederlag og påstandar om faneflukt høyrde derimot ikkje til i Filmavisas forteljing om krigen.

Vi har sett at dei militære styrkane spelte ei sentral rolle i dei mange seremoniane som føregjekk i tida etter at krigen var over. Militærvesenet er i seg sjølv ein institusjon som er breiddfull av ritual. Symbol og ritual har mellom anna til føremål å skape korps- og avdelingsstoltheit, samhald og fellesskap. Dei kulturelle særtrekk som kjem til uttrykk gjennom seremoniar, minnemarkeringar, paradar, merkedagar, flaggbruk, saluttar og andre symbol og ritual, påverkar også korleis den militære organisasjonen fungerer internt. Dei skal manifestere kva verdiar organisasjonen verdsett, slik som til dømes mot og offervilje.

Men slike seremoniar kan også ha ein annan funksjon ved at dei kan markere eit fellesskap mellom militærvesenet og det sivile samfunn. Dette fellesskapet kom i tida etter krigen til uttrykk på fleire måtar, mellom anna ved val av arena for seremoniane. I staden for ekserserplassar og militærleirar, paraderte til dømes «gutta på skauen» gjennom Oslos gater til folkets hyllest og militære æresmedaljar blei utdelt på Grønlands torg. Dette fellesskapet mellom militærvesenet og det sivile samfunn kom også til uttrykk ved at Kongen eller Kronprinsen var til stades ved enkelte av seremoniane. Når desse delte ut militære æresbevisningar var det på vegner av nasjonen, og som eit symbol på nasjonens takk for mot, offervilje og ei manifestering på at den som fekk medaljen var ein del av nasjonens felles kamp for fridom.

Eit element som ein ved slike seremoniar la vekt på var at den felles nasjonale kampen var eit minne som skulle førast vidare til komande generasjonar. Anne Eriksen har hevda at etter krigen har ein gjennom årlege markeringar blitt påmint okkupasjonstida sine hendingar,

og på den måten også ført vidare ein kollektivtradisjon til barn og unge. Eriksen peika på at i hovudsak blei slike årlege markeringar knytt til 8. og 17. mai.¹⁴¹ Korleis krigens hendingar blei markert desse dagane dei første etterkrigsåra, og i kva grad dette blei ein del av Filmavisas forteljing om krigen skal vi no sjå nærare på.

Offentlege merkedagar blir til

7. juni:

Det var ikkje berre 8. og 17. mai som var aktuelle datoar for årvisse markeringar til minne om krigen. Som vi har vist, blei krigens offer markert gjennom ei rekkje tilstelningar den 16. september 1945. Det var fleire som ønskte at denne datoen skulle bli institusjonalisert som ein offentlig merkedag til minne om krigen, men av ulike årsaker så blei det berre med denne eine gongen. Andre datoar som kunne knytast til andre konkrete og sentrale krigshendingar var meir aktuelle til dette føremålet, mellom anna 7. juni, dagen då kong Haakon VII tilbake til landet etter fem år i eksil. Kongen steig i land nøyaktig 40 år etter Stortingets vedtak som førte til unionsoppløysinga, og la dermed til endå ein dimensjon til feiringa av 7. juni som ein nasjonal høgtidsdag. Filmavisa var til stades ved Honnørbryggen og kunne rapportere at området var svart av folk. Filmavisa karakteriserte dagen på slik:

(...) dagen som dannet klimaks for den vidunderlige tid det norske folk har gjennomlevet siden den tyske militærmaskin brøt sammen. Den skulle bli til virkelighet drømmen vi har båret i våre hjerter. Kongen er kommet tilbake til oss!¹⁴²

Kongefamilien kom med kryssaren «Norfolk» og dei blei tekne i mot av ein armada av småbåtar på veg inn Oslofjorden. I det Kong Haakon gjekk i land, blei han motteken av Kronprinsen, høgsterettsjustitiarius og leiar for Heimefronten, Paal Berg, statsminister Johan Nygaardsvold og fleire andre prominente personar. Filmavisa hadde lagt på lyden av jublande menneske som understreka kommentaren om at Kongen og hans familie blei møtt av ein «hyllest, som syntest ingen ende å ville ta.» I panegyriske og pompøse vendingar slo Filmavisa fast at det var nære band mellom folk og monark: «Hjemme igjen på slottet. Den kongelige familie er atter samlet i Norge, og hele det norske folk favner dem i takknemlig kjærlighet som selve symbolet på beseglingen på Norges fremtid og vår nye lykke».

¹⁴¹ Eriksen 1995:120.

¹⁴² Revy nr. 04/1945/05 «Kongens hjemkomst» (535 meter)

Filmavisa hadde også autentisk lyd frå talene som kronprins Olav og kong Haakon heldt på Honnørbryggen. Kronprinsen talte som landets forsvarssjef, og hylla den militære innsatsen norske styrkar hadde gjort i 1940:

Som Norges forsvarssjef taler jeg, på vegne av de væpnede styrker og handelsflåtens menn, for dem, fra 9. april 1940 og til i dag, hele tiden har fylt fiendens tross, fra krigsmennene som fulgte ditt bud og kjempet i de to lange måneder mot overmakten. Fra de tusener av sjøfolk som har trosset alle farer på åpne hav for å få frem forsyninger av alle slag til alle fronter.

Etterpå talte kong Haakon, som la vekt på å legitimere avgjerda om å gå i eksil. Eit argument som fleire av dei som seinare blei dømd for bistand til okkupasjonsmakta brukte, var at Kongen og regjeringa hadde kapitulert og flykta. Det blei vidare hevda at ein dermed stod fritt til å fylle det politiske tomrommet, og gjere det som ein meinte best kunne forsvare norske interesser, til dømes ved å samarbeide tett med okkupasjonsmakta eller ved å la seg verve til tysk militærtjeneste på Austfronten. Kongen imøtegjekk denne argumentasjonen:

Kjære landsmenn! Denne dag har vært en dag som både jeg og regjeringen så frem til den 9. april. Den dag fikk vi valget mellom å stå som Grunnlovens forsvarere eller å bøye oss. Det er meg en stor glede å kunne si at det var ikke tvil hos mine rådgivere, da vi stod overfor det spørsmål. Vi var alle sammen helt på det rene med at vårt forsvar ikke kunne i lang tid stå imot verdens sterkeste hærsmakt. Men vi ville se våre etterkommere i øynene. Vi ville si: Vi gjorde det vi kunne. Det var med den beslutning at vi nektet å ta imot det tyske forslag. Og hva senere hendte gjennom krigens år, det er historisk allerede. Det var en meget tung dag den dag da vi skulle fatte den beslutning at vi måtte forlate landet. Vi stod overfor det at hvis vi ble i landet, da ville vi bli fanger. Vi ville være fanger og ikke representere det fri Norge. Av den grunn var vi nødt til å fortsette vårt arbeid for Norges frihet utenfor landet.

På ein slik dag var det nok naturleg at Filmavisa ikkje kommenterte slike innfløyte folkerettslege dimensjonar som Kongen referte til. I staden blei denne dagen framstilt som eit uttrykk for nasjonalt samhald og eit ønskje om konsensus. Dette var også noko publikum fekk høyre at Oslo-ordførar Einar Gerhardsen la vekt på i tala si, også den i autentisk lyd:

Da jubelen endelig hadde lagt seg noe, gikk ordføren fram til mikrofon: "I dag vil hele folket hylle sin konge, uttalte han. Republikaneren og den revolusjonere, sammen med monarkisten og den konservative borger. I dyp respekt og varm kjærlighet. Og vi gir et løfte: Dette landet som i kampens år ble oss så dyrebart, skal vi bygge, trygge og verge i trofast samvirke med alle positive krefter i det norske folk.»

Gerhardsen manta til at ein skulle legge bort klassestriden frå mellomkrigstida, og gjennom kongefamiliens triumfferd gjennom Oslos gater syntest det som at ein samla nasjon hylla sin monark. Folketoget som passerte slottsbalkongen noko seinare på dagen gav i følgje Filmavisa eit liknande inntrykk:

Det mest overveldende innslag i feiringen av Kongens hjemkomst var det folketog som om ettermiddagen brakte Kongen sin hyllest i den manifestasjon så samstemmig og spontan som det norske folk aldri tidligere har vært forenet i. Det var norgeshistorie i ordets beste forstand, denne brede mektige floden av norske menn og kvinner som strømmet over Slottsplassen i time etter time.

Folketoget var blitt førehandsomtalt på redaksjonell plass og annonsert i Aftenposten og truleg også i andre aviser. Den 5. juni skreiv Aftenposten at “Kongetoget får en verdig ramme. Arbeidet med byens utsmykning pågår natt og dag”, mens ei annonse same dagen fortalte i detalj kor i togets fleire hundre lag, foreningar og andre grupper skulle stille og kvar dei skulle stille opp før avmarsjen kl. 17.00. Rammene rundt den «spontane» hyllesten som Filmavisa refererte til var med andre ord nøye planlagt på førehand. Det vide spekteret av lag og foreningar som gjekk side om side i Folketoget kunne tolkast som ein samla nasjon som gjekk i takt. Filmavisa framheva enkelte grupper både i ord og bilde:

På Youngstorget paraderer turnerne. Og på Stortorget står prestefronten, et dypt gripende syn.(...) Sykepleierskene hadde ofret sin hårdt tiltrengte frivakt. Lottene fra England hadde fått permisjon, Norge på verdenshavene, kjekke jenter i fargerike bunader, alle vil de være med sammen med bygningsarbeidere, trikkekonduktører, russ og studenter, brannfolk og politi og mange, mange andre som flokket seg under sine forskjellige faner.

Til sist peika Filmavisa på representantar for mange av krigens mange offer, før innslaget blei runda av med reportasjens hovudperson; Kongen:

Veteraner fra 1940, offiserer og soldater, var også med. Og fangene fra Grini og Bredtvedt i tusenvis og atter tusenvis, i sannhet et folketog, en gripende mønstring for ham som har stått som et samlande symbol i det norske folks frihetskamp.

Dette lange innslaget består av fleire framing-element som vi finn igjen i mange andre reportasjar; kongehuset som samlande nasjonalt symbol, vektlegging av nasjonalt samhold, og vedlikehald av minnene om okkupasjonstida der krigens offer spelte ei sentral rolle.

Repitisjon av slike minner om krigens hendingar spelte også ei viss rolle i 1947, då 7. juni blei markert i Oslo med besøk av det britiske hangarskipet *Vengeance*. Filmavisa var til stades, og starta innslaget med å minne om kongefamilien og regjeringa si dramatiske flukt i 1940.

Om bord i hangarskipet befant seg den britiske øverstkommanderende, First Sea Lord som hans tittel er, admiral Sir John Cunningham. Det var denne fremragende representant for den britiske flåte som en junidag for syv år siden i egenskap av sjef på flaggskipet Devonshire førte Kongen, Kronprinsen og regjeringen på den tunge ferd fra Nord-Norge til England.

Resten av innslaget er retta inn mot markeringa av 7. juni, som Filmavisa understreka var «en stor og uforglemmelig dag i vår historie på mer enn en måte». Byen var pynta til fest, men feiringa av dagen var dominert av flåtebesøket i staden for folketog slik som to år tidlegare. Feiringa hadde dermed endra karakter. Filmavisa viste Kongen, Kronprinsen som dei sentrale aktørane i ein militær seremoni som markerte venskapsband mellom Norge og Storbritannia. Kongen dekorerte admiral Cunningham for hjelpa han og Storbritannia hadde gjeve Norge og han sjølv under krigen.¹⁴³

Sjølv om 7. juni var datoen for kongens heimkomst, blei ikkje denne store nasjonale hendinga særskild markert seinare i Filmavisa, og generelt kom dagen i skuggen av både 8. og 17. mai som krigsminnedag.

8. mai

I Filmavisa blei 8. mai 1946 forbigått i stillheit. I høve markeringa av dagen i 1947 blei den aller fyrste utgåva av filmrevyen frå mai-dagane 1945 vist i reprise som eit tillegg til den ordinære Filmavisa. I 1948 viste Filmavisa “Avduking av krigsminnesmerke over falne ungdommer i Ullevål Hageby” som blei avduka den 8. mai.¹⁴⁴ I 1949 var minnesmerket over falne laga ferdig på Akershus festning, og Filmavisas revy nr. 19 dette året starta med å vise ein reportasje frå avdukingsseremonien:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Det norske splittflagg vaiar i vinden. Bilkortesje med Kongen kjem til Akershus festning, soldatar frå Garden i giv akt. Avdeling frå garden oppstilt med aksel gevær.	Sekvens 1: (musikk: «Gud er Gud om alle land lå øde») «Søndag 8. mai, fire år etter frigjøringen ble minnesmerket over 42 patrioter som ble henrettet av tyskerne under krigen avduket på Akershus slott.
Sekvens 2: På avstand ser vi Kongen og følgjet hans går og tek plass blant publikum. Publikum står. Kongefamilien tek plass på ærestribuna. Avdeling frå heimevernet flaggborg bak ærestribuna.	Sekvens 2: (Kongefanfaren) Da Kongen og Kronprinsparet kom til høytideligheten var det samlet representanter for den norske regjeringen, for de tre forsvarsgrenene, for Oslos administrasjon og for diplomatie. De henrettedes etterlatte var også til stede. Et æreskompani fra Garden paraderte ved selve monumentplassen, og en avdeling av Heimevernet dannet flaggborg til høyre for kongefamiliens plasser.

¹⁴³ «Lørdag den 7. juni, en stor og uforglemmelig dag i vår historie på mer enn en måte. Overalt i byen og på havnen vaiet flaggene, og ga en festlig opptakt til dagens feiring. På flydekket ombord i Vengeance var offiserer og mannskaper oppstilt til parade da Kongen og Kronprinsen i formiddagstimene kom ombord for å avlegge et offisielt besøk. Mens "Ja vi elsker" ble spilt, tordnet atter de 21 skuddene fra Akershus. Ledsaget av admiral Cunningham og hans stab inispiserte deretter Kongen og Kronprinsen de oppstilte avdelinger. For de store fortjenester admiral Cunningham under krigen har ydet vårt land dekorerte Kongen ham med Storkors av St. Olav. Admiralens sekretær, kaptein Miller, ble utnevnt til kommandør av den samme orden.» (Revy nr. 24/1947/01).

¹⁴⁴ Revy nr. 20/1948/07.

<p>Sekvens 3: Publikum set seg ned på plassane sine. Oberst Bølling ved talarstolen. Panorama over publikum på plassen ved Akershus festning. Pastor Hauge ved talarstolen, ærestribuna til venstre. Kongefamilien på ærestribuna. Gardens soldatar, kongefamilien og talarstol i bakgrunnen. Publikum.</p>	<p>Sekvens 3: (Start: Gud er gud om alle land lå øde...) Kommandanten på Akershus, oberst Bølling åpnet høytideligheten. Deretter talte pastor Dagfinn Hauge som var fengselsprest på Akershus under krigen. Pastoren talte om de henrettede, og han sa om dem; "De ga meget gjennom det de ofret, og vi har vunnet meget gjennom det vi har mistet." Deretter talte Hans Majestet Kongen:</p>
<p>Sekvens 4: Kongen ved talarstolen, (autentisk lyd). Publikum. Kongen ved talarstolen sett ovanfra. Nærbilde av publikum.</p>	<p>Sekvens 4: (Kongen talar, autentisk lyd)":(..), og erindringen om dem og om alt hva de gjorde vil for all tid være levende i alle fritt nordmenns sinn. Jeg avduker herved bautasteinen på Akershus Festning og lyser fred over våre døde venners minne."</p>
<p>Sekvens 5: Norsk flagg blir avduka (rulla av) av minnesmerke. Minnesmerket flankert av to granittkors. To menn står i giv akt ved minnesmerke. Kongen i militær uniform legg ned krans ved minnesmerke.</p>	<p>Sekvens 5: (vi hører klokkeklang) Etter Kongens gripende tale avduket han minnesteinen som er flankert av to granittkors. To veteraner fra hjemmefronten stod vakt ved disse korsene. Til klangen av gamle Akershus klokke, Liberty Bell, (vi hører klokkeklang) la så Hans Majestet ned en krans fra seg og sin familie.</p>
<p>Sekvens 6: Soldatar i giv akt. Publikum står.</p>	<p>Sekvens 6: («Ja. vi elsker»).</p>
<p>Sekvens 7: Stortingspresident Natvig Pedersen legg ned krans ved minnesmerke. Bukkar. Publikum. Hans Cappelen legg ned krans. Hans Holter legg ned krans. Kongefamilien handhelsar på publikum i fremste rekkje. Kongefamilien går inn i ventande bil. Soldatar i giv akt. Nærbilde av minnesmerke med blomar og kransar. Avsluttar med same bilde av det norske splittflagg i vinden.</p>	<p>Sekvens 7: (vi hører «Gud signe vårt dyre fedreland») Stortingspresident Natvig Pedersen la deretter ned en kransen på Stortingets vegne. Direktør Hans Cappelen la ned kransen fra. Fangesambandet, og generalsekretær Hans Holter på vegne av forbundet for Krigsdeltakere. Minnesmerket over de falne er laget av professor Per Palle Storm, inskriften er "De kjempet, de falt - og gav oss alt."</p>

Revynr 19/1949/01 «Kongen avduker minnesmerke på Akershus» (88 m)

Arena, sentrale personar og val av tonefølgje var alle element som gav denne seremonien ein nasjonal karakter. I tillegg til å vere staden der 42 nordmenn hadde blitt avretta under krigen, var Akershus festning gjennom si fleire hundre år gamle mangslungne historie også eit sterkt nasjonalt symbol. Likeeins spelte Kongen og stortingspresidenten også sentrale roller under seremonien som nasjonens fremste representantar.

Reportasjen Filmavisa sendte var ein sirkelkomposisjon der bilde av det norske splittflagget som vaia i vinden markerte byrjinga og slutten på innslaget. Likeeins kunne ein sjå Kongens ankomst som signaliserte at seremonien skulle ta til, og hans avreise som markerte at seremonien var over. Til tonane av Kongefanfaren blei Kongen og kongefamilien møtt av Garden, det ventande publikum, og pårørande av dei falne. Kyrkja og Forsvaret var representert med pastor Hauge og oberst Bølling som heldt sine taler. Filmavisa siterte pastor Hauge, som peikte på at dei etterlevande var ei stor takk skuldig for det offeret som dei 42 falne hadde gjort.

Deretter refererte Filmavisa siste del av Kongens tale med autentisk lyd, kor han slo fast at minnene etter dei døydde aldri ville bli gløymt. Så blei minnesmerket avduka, og publikum

kunne sjå at Kongen la ned krans og stod i stram giv akt framfor minnesmerket. Publikum som var til stades reiste seg til ære for dei avlidne mens dei song “Ja, vi elsker.” Deretter kunne ein høyre tonane frå den “nynorske nasjonalsongen”, Gud signe vårt dyre fedreland, mens stortingspresident Natvig la ned krans på vegner av nasjonen. Så la Hans Cappelen og Hans Holter ned kransar på vegner av respektive Fangesambandet ¹⁴⁵og Forbundet for Krigsdeltakelse, organisasjonar som representerte meir spesifikke kollektive fellesskap.

I denne reportasjen blei seremonien satt i ei offer-framing, som blei understøtta ved at Filmavisa la vekt på at dei avretta ofra sitt liv “for oss”. Seremoniens offer-framing kan oppsummerast med Arnulf Øverland sine ord som stod på minnesteinen, “De kjempet, de falt - og gav oss alt.” Kongen slo fast at dette offeret kjem vi ikkje til å gløyme, mens ein i tidlegare seremoniar gjerne brukte ordlyden at ein “ikkje må gløyme”. Dette var ein liten forskjell, men kan tyde på at ein meinte at det gjennom fire år hadde vist seg at dei avlidne verkeleg blei erindra, og at det difor var mindre nødvendig med eit slikt imperativ.

8. mai blei ein naturleg dag å avduke minnesmerke over dei falne, både på Akershus festning, og andre stadar i landet. Sjølv om dagen har vore brukt til ulike minneseremoniar etter krigen, har 17. mai i større grad blitt brukt som den dagen der ein minnest sjølve krigen, og kor krigen blei satt inn i eit lengre nasjonalt perspektiv som endra innhaldet i nasjonaldagfeiringa. Den 17. mai 1946 sa statsminister Gerhardsen at etter krigen hadde nasjonaldagen fått eit nytt og rikare innhald.¹⁴⁶ Hadde Gerhardsen rett i at feiringa av 17. mai hadde endra karakter? Vi skal sjå nærare på korleis Filmavisa dekkja 17. mai dei fyrste åra etter krigen for å sjå om vi kan spore det nye innhaldet Gerhardsen refererte til.

17. mai

I 1946 hadde Filmavisa ein 14 minuttar lang reportasje frå feiringa av 17. mai i Oslo som kommentatoren karakteriserte som «... en stor og skjønn opplevelse hvor smilet og gleden var blandet med alvor og vemod.»¹⁴⁷ Karakteristikkane prega også reportasjen, som hadde lange

¹⁴⁵ Norsk samband av politiske fanger (Fangesambandet) var ein interesseorganisasjon for personar som hadde vore i politisk fangenskap under okkupasjonstida 1940-45. Organisasjonen hadde som hovedoppgåve å registrere tidlige fanger i samband med søknadar om engangsstønad/erstatning. Fangesambandet skulle skaffe dokumentasjon, t.d. attester for nasjonal haldning, erklæring om at arrestasjon hadde politisk årsak, eventuelle legeerklæringer, osv. Organisasjonen rekna med at materialet ville bli brukt av Nasjonalhjelpen som grunnlag for utbetalingar.

¹⁴⁶ Revy nr. 19/1946/08 «17. mai i Oslo» (308 meter).

¹⁴⁷ Revy nr. 19/1946/08 «17. mai i Oslo» (308 meter).

alvorstunge passasjar knytt til krigen, etterfylgd av lystige bilde frå russefeiring, barnetog og liknande. Tonefølgje blei brukt til å understøtte innslaget sine skiftande sinnsstemningar.

Til vemodige tonar starta innslaget med “bekransning av gravene til de menn, hvis navn for alltid er knyttet til den 17. mai,” nemleg Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson. Både diktaren Arnulf Øverland og pastor Dagfinn Hauge blei mykje brukt ved slike seremoniar, og slik var det også denne dagen. Øverland heldt tale for “den store frihetskjemper”¹⁴⁸ Wergeland, og Hauge heldt tale for Bjørnson. Personar som hadde vore sentrale i motstandsskampen under krigen prega også det Filmavisa meinte var «dagens mest gripende begivenhet», då General Ruge og sjefsdirektør Gunnar Jahn la ned krans og heldt taler for dei som falt under krigen, både sivile og militære. Filmavisas kommentator fortalte:

Dagens mest gripende begivenhet var minnehøytideligheten på Universitetsplassen, hvor et granbaromtvunnet kors var reist, som symbolsk dekket de mange graver, kjente og ukjente, av våre militære styrker, sjøfolkene og de som på annen måte satte livet inn. Tusener av mennesker hadde samlet seg på plassen, da sjefdirektør Gunnar Jahn trådte fram ved sokkelen og holdt minnetalen over de falne. Så fulgte en lang rekke kranspålegninger, som ble innledet med at general Ruge på vegne av de kjempende styrker bragte en takk og hyllest fra dem som stod sammen i striden. Til slutt kom den lange strøm av slektninger og etterlatte, som bragte en blomsterhilsen til dem som de kanskje savnet mest nettopp på Norges frihetsdag.

Så endra reportasjen seg, og ein fekk ein meir feststemt karakter i det publikum fekk sjå barnetog til tonane av eit korps som spelte «Norge i rødt, hvitt og blått» i marsjetakt, og ein kunne høyre pålagt jubelbrus frå barn:

Alt tidlig om morgenen hadde folk stillet seg opp på fortauene langs Karl Johans gate, det er nå en gang så at en skal se barnetog, det absolutte og ubestridelige høydepunkt i frihetsdagens program. Og et vakrere syn finnes ikke enn denne farveglade, strålende skare av barn i alle aldre, som med tindrende øyne jubler ut sin begeistring. Forbi minnekorsset på Universitetsplassen defilerer toget langsam og alle voksne blottet sine hoder, mens flagg og faner ble senket.

I det Filmavisa viste at barnetog kom inn på Slottsplassen, kunne publikum høyre kommentatoren samanfatte hendinga med følgjande karakteristikkar:

(...) bruset av de unge stemmer under flaggskogen, som stiger opp mot den høyreste skikkelsen og hele Kronprinsfamilien der de står på Slottsaltanen.

Skildringa av Kongen som «den høgreiste skikkelsen» understøtta Filmavisa si tolkingsramme kor Kongen var ein som under krigen hadde stått rakrygga i mot presset frå okkupasjonsmakta, og dette viste undersåttane djup respekt for.

¹⁴⁸ Filmavisas kommentar.

Den lystige delen av reportasjen heldt fram, mellom anna kunne Filmavisa vise frå russetoget som eit eksempel på normalisering, og at no var alle ting slik det pleide å vere på ein slik dag. Så gjekk dagen og reportasjen mot slutten med nokre bilde frå den store folkehopen på plassen framfor Rådhuset:

Så sluttet dagens offisielle program med den store folkefest på plassen foran Rådhuset, hvor det i den vidunderlige maikvelden hadde samlet seg 15 – 20.000 mennesker. Etter at viseordfører Hofmo hadde ønsket velkommen, talte disponent Rolf Stranger for Kongen og understreket at 17. mai i år er den største av alle 17. mai-er vi har opplevd. Etter forskjellig underholdning holdt så ordfører Arnfinn Vik talen for dagen, hvoretter et kor på 1000 mann sang noen av våre kjæreste folkemelodier.

Filmavisa avslutta med å karakterisere denne feiringa av nasjonaldagen med store ord, som «den mest minneverdige frihetsdag i det norske folks historie.» Det er svært mange likskapstrekk mellom Aftenpostens 17. mai-reportasje og Filmavisa sin reportasje som kom veka etter. Aftenposten skildra Kongen som «den høye skikkelsen oppe på Slottsaltanen.»¹⁴⁹ Uttrykket «frihetsdag» blei nemnt tre gongar i Filmavisas reportasje og kan tyde på at grunnlovsdagen blei tilført ei ny og vidare meining. Også dette uttrykket synest å vere «lånt» frå Aftenpostens reportasje frå den 18. mai, som hadde denne overskrifta på fyrstesida:

17. mai samlet hele folket til frihetsfest. Barnetogets første møte med kongen etter frigjøringen. Takken til de falne ga gledens dag nytt, alvorlig innhold.¹⁵⁰

Det som karakteriserer frames er at dei er varige over tid, men her står ein overfor eit eksempel på at frames kan endrast på kort tid. Grunnlovsdagen var med eitt blitt til Fridomsdagen. Det nye og meir alvorlege innhaldet som både Aftenposten og Filmavisa refererte til i 1946 blei også framheva i frå Filmavisas reportasje frå 17. mai i 1947, samtidig som det blei lagt til nye element. Til tonane til «Ja, vi elsker» fekk ein sjå at kransar blei lagt ned ved nye graver på Vår Frelsers Gravlund:

(...) Så går vi vår pilgrimsgang under de mektige løvkronene på Vår Frelsers Gravlund. Vi stanser ved Henrik Wergelands grav, og blotter våre hoder, mens 17.-maikomiteens formann, statsadvokat Brynjulf Bull legger en krans på graven. Så står vi foran det enkle trekorsset på Hansteens og Wickstrøms graver. Og statsadvokat Bull uttrykker i ord det vi alle føler i våre hjerter i denne stund.

¹⁴⁹ «(...) brusert av de unge stemmer under flaggskogen, som plutselig flammer til foran den høye skikkelsen oppe på Slottsaltanen» som Aftenposten skreiv er ein av fleire passasjar som er svært like reportasjane til Filmavisa og Aftenposten. Sjå Aftenposten Aften 18. mai 1946.

¹⁵⁰ «I grunnen falt det så enkelt og naturlig at man på selve den store nasjonale frihetsdag, da et helt folk samles i landsfest for det storverk våre forfedre øvde, også å minne alle de som ofret sitt liv i kampen for vår frihet under siste krig. Det symbolske granbar-omvunne korsset på Universitetsplassen dekket i tankene de mange graver, kjente og ukjente, av våre militære styrker, sjøfolkene og de som på annen måte satte livet inn. Tusener av mennesker hadde samlet seg på plassen.» Aftenposten Aften 18. mai 1946.

Ved Bjørnstjerne Bjørnsons grav synger Olavsguttene. Og ingeniør Hallgrim Torsen tolker vår takk til ham som gav oss Ja, vi elsker.

Nedlegginga av kransar på dei nasjonale diktarane Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson sine graver hadde i mange år vore ein sentral del av liturgien til feiringa av 17. mai i Oslo. Wergeland var mest knytt til Grunnlova frå 1814, og feiringa av 17. mai som nasjonal festdag. Bjørnson hadde vore ein stridsmann for nasjonalt sjølvstende, og var mellom anna knytt til unionsoppløysinga i 1905. Desse to nasjonale ikona var assosiert med to store hendingar i norsk historie. Hansteen og Wickstrøm som no blei innlemma i 17. mai-liturgien representerte den tredje, den norske fridomskampen under okkupasjonen. Dei to fagforeiningsmennene som blei avretta i september 1941 blei no opphøgd, og fekk same seremonielle behandling som dei to store nasjonale koryfèane. Også i våre dagar, i 2015, blir det lagt krans på gravene til Hansteen og Wickstrøm 17. mai.¹⁵¹

Dei nye elementa i seremoniane var eit teikn på at feiringa av 17. mai hadde endra karakter frå før krigen, og at minne etter dei falne under okkupasjonen var i ferd med å bli institusjonalisert som ein sentral del av nasjonaldagen. Etter kransnedlegginga i Vår Frelzers Gravlund var Filmavisa til stades på Rådhusplassen ved det som blei framstilt som innstiftinga av endå ein ny seremoni og kommenterte på følgjande måte:

På Rådhusplassen fant om morgenen sted en høytidelighet som fra nå av skal inngå som fast ledd i 17.-maiprogrammet. Det er en vakker skikk og minnes alle våre falne, sa ordfører Vik som talte fra Rådhusbalkongen. Det bør bli tradisjon av vi begynner frihetsdagen med å stanse opp og tenke tilbake på alle de gode tapre menn som måtte gi sitt liv for fedrelandet.

Den alvorstunge delen av Filmrevyinnslaget blei så avløyst av korpsmusikk i marsjetakt i det Filmavisa viste menneskehavet opp Karl Johans gate i retning av slottet. Etter at publikum hadde fått sett fleire minnestunder bli tileigna dei «gode tapre menn som måtte gi sitt liv for fedreland» under krigen, stod så det tradisjonelle barnetoget for tur. Også det meinte Filmavisa var blitt tillagt ei ny meining.

Vi ser dem gå i tusenvis, med norske flagg i sol og bris, har Gunnar Reiss-Andersen sagt i sitt dikt om 17. mai. Og nettopp dette bilde, som er selve inkarnasjon av den vakreste frihetsdag i verden ble i år et eventyr av skjønnhet, av farger av hele den livsglede som strålte ut av øynene på den store barneskaren. Hva ville vel 17. mai være uten barnetoget, det er det som danner dagens høydepunkt, og er symbolet på vår gjenvunne frihet, enten det er stor-Oslos kjempetog med 30.000 barn eller en beskjeden liten ungeflokk i en grend høyt til fjells eller ytterst ute i havbrynet. (...)

¹⁵¹ 17. mai 2015 var det bekransing av gravene til Wickstrøm og Hansteen, etterfylgd av tale ved Magne Glemdal frå Fellesforbundet, og song av Oslo håndverker sangforening. 17. mai-program for Oslo 2015.

Sidan viste Filmavisa diverse russeløyer, før det offisielle programmet blei avslutta på Rådhusplassen. Frå Rådhusbalkongen kunne ein høyre statsminister Gerhardsen tale med autentisk lyd til den store folkemengda som var samla på Rådhusplassen:

Norge er i den lykkelige stilling at det har en nasjonaldag som er anerkjent av alle som vår eneste nasjonaldag. Ingen annen dag, heller ikke frigjøringsdagen 8. mai kan gjøre 17. mai rangen stridig. Etter frigjøringen har nasjonaldagen vært preget av den umiddelbare gleden og lykken vi føler ved å ha gjevunnet friheten vår. Dagen har fått et nytt og rikere innhold, og den betyr mer for oss enn før. Vi skal vokte oss for å gjøre 17. mai til en dag hvor vi utelukkende fortaper oss i betraktninger om fortiden. Den skal alltid være en kampdag for frihet og selvstendighet, og for framskritt. (...)

Gerhardsens ord blei møtt med jubel frå den store folkemengda. «Vi skal vokte oss for å gjøre 17. mai til en dag hvor vi utelukkende fortaper oss i betraktninger om fortiden,» var ord som Gerhardsen neppe kunne ha brukt dersom arenaen hadde vore ved Hansteen og Wickstrøm sine graver, og ikkje ved Rådhusplassen. Trass i denne advarselen, var budskapet noko av det same vi har sett blei brukt ved seremoniar for dei falne; krigens offer forplikta til felles innsats for gjenreisingsarbeidet.



Frå Filmavisas reportasje frå 1949 fekk publikum igjen sjå kransnedlegginga ved Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm sine graver på Vår Frelzers Gravlund (revy nr 20/1949/07)

Filmavisas 17. mai-reportasje frå 1949 var til forveksling lik reportasjen frå 1947, og starta med sørgmodig musikk og bekransing på Vår Frelzers gravlund: «Det er blitt en kjær tradisjon at vi hedrer våre store avdøde på frihetsdagen,» kommenterte Filmavisa. I denne tradisjonen var kransnedlegging ved Viggo Hansteen og Rolf Wickstrøm sine graver no blitt etablert som ritual ved sidan av Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson. «Frihetskjemperen stod æresvakt ved gravene,» kommenterte Filmavisa mens ein kunne sjå ein mann i stram giv akt, kledd i ei Milorg.-uniform.¹⁵² Sjølv om det store alvorret med dette var over, fortsatte referansene til krigens dager inn i barnetoget:

(...) Det var mange av de små som var utstyrt med bunad i år. Det er et innslag i toget som ved siden av flaggene bidrar til å gi barnetoget et virkelig nasjonalt preg.(...) I spissen for årets 17. mai-tog ble båret et flagg som var en gave fra Handelsmarinen til Oslo by. Flagget har vært brukt under hele krigen. 17. mai har fått større betydning og mening for oss siden vi opplevde 17. mai i 1945. Det er umiddelbar glede og fest i takknemlighet fordi vi lever i et fritt land. Og barna HAR [sic-kommentator legg trykk på «har»] mere greie på dette enn de hadde før. De jubler nok mest for selve jubelens skyld, men de vet hva 17. mai betyr, og barnetoget er i så måte en manifestasjon og appell til oss voksne om å verne om vår frihet. (...) ¹⁵³

Filmavisa slo fast at nasjonaldagen hadde fått ei ny meining, og ho gjorde sitt til at denne endringa blei formidla utover landet, mellom anna ved dekninga av dei nye seremoniane som var blitt innført i hovudstaden. Dessutan påsto Filmavisa at den oppveksande generasjonen hadde fått kunnskap om «hva 17. mai betyr». Så kva «betydde» 17. mai? Kva slags framing konstruerte Filmavisa kring nasjonaldagen?

Filmavisa framet gjennom sine 17-mai-reportasjar nasjonaldagen med utgangspunkt i at okkupasjonen hadde endra denne dagens innhald. Krigen og motstandskampen hadde vist at nasjonalt sjølvstende ikkje var noko ein kunne ta for gitt, men var noko ein måtte kjempe for. Denne tolkingsramma var også det som representantar for det offisielle Norge formidla gjennom dei mange seremonielle handlingane, både denne dagen og ved fleire andre minnesmarkeringar.

Wergeland og Bjørnson hadde før krigen på kvart sitt vis ytt viktige bidrag til innhaldet i tolkninga av kampen om sjølvstende. Under okkupasjonen var det andre som kjempa for nasjonalt sjølvstende, av desse blei Hansteen og Wickstrøm plassert i fremste rekkje, og blei etter krigen plassert, både bokstaveleg talt og symbolsk, side om side med dei to klassiske nasjonaldiktarane i den store Forteljninga om kampen for norsk sjølvstende. I den nye forteljninga spelte dei to fagforeningsmennene ei anna rolle enn Wergeland og Bjørnson. Dei gav ein ny

¹⁵² Revy nr. 20/1949/07 «Bekransning på Vår Frelzers Gravlund» (24 meter)

¹⁵³ Revy nr. 20/1949/08 «Barnetoget 17. mai». (123 meter)

dimensjon til Forteljninga; dei ofra livet for «Fedrelandet». Dette offeret skulle dei som overlevde krigen vere takksame for, men det skulle også forplikte. Den nye forteljninga var ein appell til dei vaksne om å verne om fridomen og forplikte dei som overlevde krigen til å gjere liknande offer dersom det blei kravd. Denne offerframingen kjenner vi igjen i frå ei lang rekkje andre av Filmavisas reportasjar, særleg i tilknytning til avduking av minnesmerke etter krigens falne.

Ordførar Vik uttrykte at det burde bli ein tradisjon å starte feiringa av 17. mai med å minnest dei som gav sitt liv for fedrelandet, og i Oslo blei dette institusjonalisert som eit årleg minneritual, blant anna på Vår Frelzers Gravlund. Bilda frå desse seremoniane spreidde Filmavisa vidare utover landet, og i bygder og byar blei det innført liknande seremoniar på nasjonaldagen. I april 1947 blei 17. mai lovfesta som offentleg høgtidsdag og arbeidsfri dag, og dette er nok ein viktig forklaring på at krigsminnene blei samla og markert på Grunnlovsdagen. Både 8. mai og 7. juni mista etter kvart sin betyding som offentlege minnesdagar, og forblei yrkesdagar som i det store og det heile berre blei markert som offentlege flaggdager.

Kongehuset i krig og fred

I forteljninga om krigen er kongefamilien si rolle i desse fem år eit sentralt element. Vi har allereie sett at Filmavisa gav Kongen og kongehuset ei viktig rolle ved dei mange minneseremoniane i dei fyrste etterkrigsåra, der krigens offer var det sentrale. Vi skal no sjå nærare på korleis Filmavisa framstilte sjølve kongefamilien si rolle under krigen.

I det kronprinsen steig i land på Honnørbyggen den 13. mai 1945, gjekk han også inn i det norske folks bevissthet på ein ny måte. Då Filmavisa i sitt fyrste nummer viste kronprinsens heimkomst etter fem år i eksil, var det det fyrste av fleire hundre innslag dei komande åra der kongefamilien var representert. Til forskjell frå tida før krigen, kunne folket sjå levande bilde av desse celebritetane kvar veke, og kongefamilien fekk dermed ein ny dimensjon som mediefenomen. Publikum kunne sjå korleis kongefamilien løyste sine mange offentlege oppgåver, til dømes når ein by skulle feire jubileum, militære styrkar skulle inspiserast, Stortinget skulle opnast, nasjonale idrettsarrangement skulle avviklast, kunstutstillingar opnast, og ikkje minst; når nokon av krigens offer skulle minnast. Det var særleg kronprinsen som representerte kongehuset ved slike seremoniar, og han hadde ofte rolla som seremonimeister når den kollektive sorga skulle uttrykkast.

Då kronprinsen og seinare kongens heimkomst flimra over lerretet dei fyrste fredsdagane i 1945, markerte det viktige steg i re-etableringa av den gamle orden og viste fram kvar makta låg, og peika i retning av ei normalisering av det norske samfunnet. Under krigen hadde Kongen og hans familie «stått som et samlande symbol i det norske folks frihetskamp», slik Filmavisa uttrykte det ved kongens heimkomst 7. juni, og la til at «hele det norske folk favner dem i takknemlig kjærlighet som selve symbolet på beseglingen på Norges framtid og vår nye lykke»¹⁵⁴ Slike panegyriske og pompøse uttrykksmåtar kunne minne om den personkultus ein seinare kunne finne eksempel på i statar med autoritære leiarskikkelsar. Påstanden om monarkens rolle som nasjonalt samlande symbol blei også underbygd av Gerhardsens tale som Filmavisa siterte.¹⁵⁵

I det frie Noreg blei «Kongens nei» og andre viktige milestolpar knytt til kongens rolle under krigen fortalt. I reportasjane frå kronprinsen og kongen sine hyldningsferder 13. mai og 7. juni fekk filmavispublikummet mellom anna høyre med autentisk lyd kongen si eiga forklaring på sitt kjente «Nei», og hans legitimering av flukta.¹⁵⁶ Kong Haakon refererte her til hans (personlege) avslag på den tyske sendemann Bräuer sitt krav om å utnevne Quisling til statsminister. Dette skjedde på Elverum den 10. april 1940. I ein tale frå London den 8. juli 1940 avslo kong Haakon også anmodninga frå Stortingets presidentskap om å abdisere. Kongens to «Nei» kunne på mange måtar tolkast som eit symbol på hans standhaftige motstand, til dømes i kontrast til presidentskapens noko meir vaklande samarbeidslinje. «Kongens Nei» skal ha verka samlande i haldningskampen mot okkupasjonsmakta. Kong Haakon grunn gav også korfor kongefamilien flykta i eksil og legitimerte det med at dei risikerte å bli tekne til fange, og at dei best kunne arbeide for Noregs sak utanfor landets grenser som «Grunnlovens forsvarere.»¹⁵⁷

Kongefamiliens flukt i april dagane i 1940 var blant dei mest dramatiske kapitla i forteljinga om krigen. Den 16. juni 1946 var Filmavisa på plass i Nybergsund då denne forteljinga skulle rekapituleras. Filmavisa fortalde:

¹⁵⁴ Revy nr. 04/1945/05 «Kongens heimkomst» (535 meter)

¹⁵⁵ "I dag vil hele folket hylle sin konge, uttalte han. Republikaneren og den revolusjonere, sammen med monarkisten og den konservative borger. I dyp respekt og varm kjærlighet. Og vi gir et løfte: Dette landet som i kampens år ble oss så dyrebart, skal vi bygge, trygge og verge i trofast samvirke med alle positive krefter i det norske folk." Filmavisas sine kommentarar til Einar Gerhardsens tale i revy nr. 23/1945/05.

¹⁵⁶ Frå Kongens tale i revy nr. 04/1945/05, sjå ovanfor.

¹⁵⁷ Filmavisa produserte eit tillegg til nr. 28/1945; «Kong Haakon VII 40-årsjubileum 25/11-1945» (235 meter), med taler med autentisk lyd. Forutan Kongen sjølv, talte også mellom anna ordførar Arnfinn Vik som kalte Kongen «vår Grunnlovs fremste forsvarer».

Før krigen var Nybergsund bare kjent som et beskjedent trafikk-knutepunkt i Trysil. Men dagen etter at krigen var brutt inn over Norge skjedde her begivenheter, som fikk navnet Nybergsund til å lyse med ildskrift i avisene over hele den frihetselskende verden.

Sammen med fylkesmann Nordanger og bygdens ordfører, stortingsmann Harald Løbak, kommer her Hans Majestet Kongen til Nybergsund for å være til stede ved avdukingen av en bauta, som er reist av trysilingene til minne om det som fant sted her hin skjebesvangre aprildag.

I dette lille skauholtet var det Kongen og Kronprinsen søkte tilflukt den gang de tyske bombefly forsøkte å ta livet av dem. Skauholtet er nå døpt Kongeskogen, og her var det søndag den 16. juni samlet tusener og atter tusener av mennesker fra nær og fjern. Blant de spesielt innbudte gjester så man stortingspresident Monsen, forhenværende statsminister Nygårdsvold og justisminister i denne regjering, Terje Vold.

Her er steinen som skal avdukes. På den ene side er reist en liten tribune hvor Kongen tar plass. På den annen side er reist en talerstol, hvorfra ordfører Løbak først ønsker Kongen og de øvrige gjester velkommen til høytideligheten. Deretter talte bautakomiteens formann, Karl Bang.

Områdesjef Arne Hammer foretar så avdukingen. Kongen sluttet sin tale med å si at bautaen skal stå som et minne om et folk hvis troskap til sitt fedreland er like sterk som den stein bautaen er laget av. Til slutt talte statsminister Nygårdsvold og nevnte at Kongens navn ved siden av ordet Norge under krigen ble det samlende symbol for ute- og hjemmefront.¹⁵⁸

Filmavisa viste til at Kongens nei den 10. april 1940 fekk «navnet Nybergsund til å lyse med ildskrift i avisene over hele den frihetselskende verden.» Kongens nei fekk dramatiske følger ved at dei måtte søke tilflukt den 11. april då tyske bombefly forsøkte å sette konge og regjering ut av spel. Også ved dette høvet spelte norsk natur på lag med dei gode kreftene. Publikum fekk sjå at det ikkje var nokon bunkers som var redninga, men at det var nærmaste skogholt som måtte gjere same nytta.

Filmavisa la vekt på nasjonalt samhold i framtida, og trakk fram Kongens ord om «at bautaen skal stå som et minne om et folk hvis troskap til sitt fedreland er like sterk som den stein bautaen er laget av.» Innslaget blir runda av med tidlegare statsminister Nygaardsvold som framheva Kongens rolle som «det samlende symbol for ute- og hjemmefront.»

Kongen og kongefamilien blei framstilt som eit samlande symbol også i fredstid, og Filmavisa lot publikum sjå at dei mottok folkets hyllest på fleire måtar. Nokre dagar etter hylldningferda gjennom Oslos gater den 7. juni 1945 var folket atter samla på Slottsplassen:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Tusenvis av jublende mennesker med norske flagg. Kongefamilien på slottsbalkongen. Kong Haakon og kronprins Olav i militær uniform.	Sekvens 1: «En solblank junikveld stod hele kongefamilien atter på slottsbalkongen. Men denne gangen var det ingen parade de ventet på. Det var sangerfolkets mektige mønstring. Et kjempekor av 8000 stemmer som bragte kongehuset sin hyllest.»

¹⁵⁸ Revy nr. 24/1946/07 «Kongen avslører Bautasteinen i Nybergsund.» (52 meter)

<p>Sekvens 2: Ulike oversiktsbilde av koret som syng.</p>	<p>Sekvens 2: (sangkoret syng «Til Kongen», autentisk lyd): «Ditt løfte: Alt for Norge, det har du trofast holdt. Om vi stod frem på torget og ropte på revolt, om våre ord falt krasse, dig ledet ingen vill! Du hørte ingen klasse men hele folket til! Slik skal vår konge være, så rolig og så rank! du er vår egen ære, ulastelig og blank! Selv på den tunge dagen, da skjold og verge brast, og da vår hær var slagen, stod du fremdeles fast! Mot usseldommen, sviket, mot nidings leiesvenn står samlet hele riket: Vi venter dig igjen! Om våpenløse, svake, vi holder ennu stand. Vi venter dig tilbake; her er ditt folk, ditt land!»</p>
---	---

Revy nr. 06/1945/08 «Sangerhyllst på Slottsplassen» (49 meter).

Om lag 150 kor var samla på Slottsplassen for å hylle kongen den 13. juni. På programmet stod mellom anna Griegs fedrelandssalme «Du Herre, som er sterk og stor», Kierulfs «Norges fjelde, Norges beste vern og feste». Men det som Filmavisas publikum fekk høyre, var Arnulf Øverland sitt dikt «Til Kongen» som han skreiv i april 1940. Det var no blitt tonsatt og blei framført for fyrste gong.¹⁵⁹ I dette diktet blir kongen lyfta opp som ein klasselaus skapnad som står over alle typar motsetningar samfunnet, noko som Gerhardsen understreka då han talte ved kongens heimkomst. Han representerte også ein moral og ei haldning då han rank stod og sa nei til tyskarane sine krav. Haakon var konge for alle, og var eit symbol alle kan samlast rundt.

Filmavisas reportasje om Kongens hyldningsferd i Oslo den 7. juni 1945 blei vist landet rundt i løpet av året.¹⁶⁰ Under vignetten «Kongeferden» fylgde Filmavisa også kongens reiser til byane Kristiansand S, Haugesund, Ålesund, Trondheim, Kristiansund N, Molde, Bergen, Stavanger og Arendal i 1945. Reportasjane var fordelt på revynummer 16 og 17 i 1945. I Kristiansand S viste Filmavisa korleis Kongens bilkortesje blei overstrødd av blommar som blei kasta frå ei jublande folkeskare som stod langs med ruta. Vidare fekk publikum sjå paradar av ulikt slag til ære for kongen, og taler av det Filmavisa kalte lokale «autoriteter». Filmavisa viste frå Kristiansand S Kongen som tala «for sjøfolkene og hjemmefronten», og frå Ålesund der han i følgje kommentarane retta ein «spesiell takk for den store innsats ålesunderne hadde hatt for den illegale forbindelse mellom Storbritannia under krigen.»¹⁶¹ Innslaga frå dei andre byane følgde om lag same mønster, og blei avslutta med reportasjen frå Arendal. Dette innslaget stod

¹⁵⁹ Aftenposten 30. mai 1945, førehandsomtale av programmet for konserten. Under konserten blei «Til Kongen» framført to gonger, ettersom både Pauline Hall og Ludvig Irgens Jensen hadde satt tone til diktet. «Den eneste konge som har samlet hele Norge» var Aftenpostens overskrift under omtalen av konserten den 14. juni 1945.

¹⁶⁰ «Kongens hjemkomst til Oslo den 7. juni vil bli stående i folks bevissthet som kanskje den største av alle begivenheter i vår frigjørings saga. I disse dager har imidlertid en rekke av byene kysten rundt opplevet sin egen 7. juni under den triumfferd kongen har foretatt ombord i destroyeren Stord.» (Revy nr. 35/1945/06 «Kongen i Kristiansand S».)

¹⁶¹ Revy nr. 16/1945/08 «Kongen i Ålesund»

i skarp kontrast til domsavseiinga mot Quisling som publikum kunne sjå avslutte same revynummer. Sjølv etter at den offisielle Kongeferda var over, heldt kongefamilien eit høgt tempo i sine representasjonsoppgåver, og i seinare nummer av Filmavisa kunne ein likeeins sjå kongefamilien kaste glans over byjubileum og andre hendingar i ulike delar av landet. Reportasjar frå slike hendingar var også ofte opningsinnslaget i Filmavisa, til dømes då kongen var til stades under Hamardagen og Larviks 275-års jubileum.¹⁶²

Filmavisa refererte også til kongehusets si rolle som samlande symbol i den sivile motstanden, som under krigen uttrykte seg på fleire vis, mellom anna ved at ein bar blomar i knappehólet på kongens fødselsdag. Filmavisa viste at dette ritualet blei gjenteke til ære for han den 3. august 1945. Reportasjen viste den jamne mann og kvinne som hylla Kongen ved å ha på seg kongeblomsten. Dette nasjonale ritualet bygde også opp om ei førestilling om ein kollektiv motstandskamp som alle hadde tatt del i. No, etter krigen, kunne ein markere at ein hadde vore på den rette sida i fridomskampen ved å bere dette stillferdige men synlege symbolet.¹⁶³

I frå fyrste nummer i mai og til nyåret 1945 var kongehuset, i fyrste rekkje kronprins Olav, i gjennomsnitt representert i minst eitt innslag per revy, og denne tendensen heldt fram i 1946. Det kan seiast at kongehusets sterke nærvær på lerretet var eit symbol på at dei legitime styresmaktene tok makta tilbake. Kronprinsfamiliens innflytting til Skaugum var også eit teikn på ei slik normalisering. To veker etter den mørke og dystre reportasjen frå Terbovens bunker¹⁶⁴ var Filmavisa tilbake på Skaugum:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Skaugum. hovudbygninga. Æresportalen over hovedinngangen «Velkommen hjem». Norsk splittflagg. Lita tømmerhytte (Leikestova). Bilkortesjen med Kongefamilien køyrer opp alleen vakta av jenter og gutar, køyre opp framfor hovedinngangen. Kronprins Olav og kronprinsesse Märtha, prins Harald, prinsesse Ragnhild og prinsesse Astrid stig ut av bilen og ønskjast velkomen av ma. tenarskapet og gardens folk. Småborn vinkar med norske flagg. Sekretær Bommen.</p>	<p>Sekvens 1: («nasjonalromantisk» musikk) «Skaugum. Kronprinsparets vakre hjem i Asker ligger og lyser som en virkelig kongsgård fra eventyrene. For tredje gang er det gjort i stand for innflytning. Over hoveddøren som er smykket som en æresport, står ordene "Velkommen hjem". Det norske flagget vaier atter i den klare høstsolen og den festlige lekestuen venter på sine rettmessige beboere. Langs alléen står hjemmefrontgutter og jenter æresvakt, og ved porten inn til selve eiendommen har Garden overtatt det vanlige vaktholdet. Det er en stor dag i dag. Husbondfolket til Skaugum vender hjem igjen. Der kommer bilkortesjen med Kronprinsen selv ved rattet i den første bilen. Kronprinsessen sitter ved siden av ham, og prinsebarna i baksetet. Opp foran inngangsportalen svinger bilen. Kronprinsfamilien stiger ut, og blir hjertelig mottatt av tjenerskapet og</p>

¹⁶² Sjø revy nr. 14/1946/02 og revy nr. 39/1946/01.

¹⁶³ Revy nr. 13/1945/02 «Hele landet bærer blomster på Kongens fødselsdag», sjå også ovanfor.

¹⁶⁴ Revy nr. 25/1945/06.

Sekvens 2: Fakkeltog same kveld til Skaugum.	gårdens folk. I døren venter sekretær Bommen, som har hatt ansvaret for at alt er i orden. Sekvens 2: Om kvelden arrangerte askerbøringene fakkeltog med et par tusen deltagere som fylte den svære gårdsplassen og gressvollen omkring.»
--	--

Revy nr. 27/1945/01 «Kronprinsparet flytter inn på Skaugum» (34 meter)

Filmavisa brukte metaforar frå eventyrfortellingar for å forklare det som publikum såg. Skaugum var som ein kongsgard, og kronprinsen var den norske bonden som kom tilbake og kunne krevje sin rett. Kontrasten til slik publikum kunne sjå Skaugum to veker tidlegare var slående. Den gong låg Skaugum i mørkre, der ein kunne sjå restane av dei vonde kreftene som hadde tilrana seg kongsgarden, men som no låg i ei flaumande haustsol, som eit teikn på at dei gode kreftene vende tilbake.

Filmavisas innslag om innflyttinga på Skaugum kunne likne på Kongens hyldningsferd til slottet, om enn i mindre skala. I fyrste del såg publikum at kronprinsfamilien kom heim att til Skaugum, og i andre del mottok dei folkets hyllest. Filmavisa runda av reportasjen med å vise lyse seier over mørkre endå ein gong, i form av tusenvis av faklar som lyste opp haustkvelden. Kronprinsfamiliens heimkomst kopla Filmavisa også til motstanden under krigen, ved at ein fekk sjå «hjemmefrontgutter og jenter» stå æresvakt på same måte som ved ulike minneseremoniar.¹⁶⁵

Minne om krigen i kunsten

Krigen satte sine spor innan det som blei laga innan litteratur, film og andre kunstnariske uttrykk desse fyrste etterkrigsåra, og ein del av denne produksjonen blei det referert til i Filmavisa. Til ein viss grad spelte kongehuset også ei rolle i reportasjar der krigens hendingar blei satt inn i ei forklaringsramme gjennom ulike kunstnariske uttrykk. Kongefamilien var ofte representert ved opningar av kunstutstillingar og premierer på filmar der det sentrale motivet var krigen. Fleire av dei fyrste etterkrigsfilmane som flimra over kinolerretet bygde på sabotasjeaksjonar og andre dramatiske krigshendingar, og forskjellige kunstutstillingar hadde krigen som sentralt tema.

Kongefamilien var til stades då filmatiseringa av den truleg mest kjende sabotasjeaksjonen på norsk jord hadde premiere i Oslo. Filmavisa gav «Kampen om

¹⁶⁵ Born var ikkje så ofte nemnt i slike kontekstar. I den grad born var nemnt, var det som oftast i rolla som speiderar (sjå også nedanfor). «Speidere, turnere og sangere dannet flaggborg under høytideligheten. Seks Milorg-gutter dannet æresvakt rundt monumentet.» Kronprinsen avduker minnesmerke over 24 falne på Nordre Skøyen. Revy nr. 44/1946/01.

tungtvannet» fyrst førehandsomtale gjennom ein reportasje frå innspelninga av filmen i 1947,¹⁶⁶ og seinare reportasjar frå då filmen hadde premiere året etter, fyrst i Oslo¹⁶⁷ og sidan i Stockholm.¹⁶⁸ Filmen handla om ei gruppe på seks personar frå Kompani Linge sin sabotasjeaksjonen mot tungvatnsfabrikken på Vemork i februar 1943. Jens-Anton Poulsson, Claus Helberg og Fredrik Kayser var med på aksjonen, og spelte seg sjølv i filmen, noko som auka kjensla av autentisitet i denne forteljinga om krigen som kongehuset æra ved sitt nærvær.

Den andre kinofilmvisninga som Filmavisa hadde reportasje frå i desse fire årgangane var den sveitsiske filmen «Siste sjanse» («Die Letzte Chance»). Det kan ved fyrste augekast synest litt uventa at kongefamilien også var til stades ved visninga av ein sveitsisk film; rett nok innbodne saman med eit framstående publikum.¹⁶⁹ Grunnen kan nok ha vore at også «Siste sjanse» var eit krigsdrama, denne gangen var handlinga lagt til italiensk jord. Filmen følgde ein amerikansk og ein britisk soldat som rymde frå tysk fangenskap, og som slutta seg til motstandsørsla mot Mussolini.¹⁷⁰

«Englandsfarere» var eit anna krigsdrama som blei filmatisert, og i januar 1946 var Filmavisa i filmstudio på Jar for å følgje innspelninga. Kommentatoren fortalde om bakgrunnen for filmen, mens publikum fekk sjå frå arbeidet i filmstudio:

Toralf Sandø er regissør for filmen "Englandsfarere" hvis handling er hentet fra boken av samme navn av Sigurd Evensmo. Innspillingen er i full gang i atelieret på Jar. Det arbeides fra tidlig morgen til langt på natt. Her har vi Lauritz Falk som innehar en av hovedrollene i filmen. Her er scriptgirl, lysmester; alle på plass! Det skal prøves på en av scenene. Her er fotografen. Så prøver vi. Gestapisten kommer inn i cellen og brøler: Oppstilling! En av guttene skal hentes til forhør. Og til slutt får vi en liten ferdiginnspilt scene med Jørn Ording og Knut Wigert:

[Scene: To menn ligg side om side i soveposar]:

Wigert: "Du Arild? Åssen er det nå, "Forordningen om englandsfart?"

Ording: "Jo - den som uten tillatelse fra vedkommende myndighet forlater de besatte norske områder i den hensikt å begi seg til en fiendestat, eller områder som er besatt av en fiendestat - straffes med døden."¹⁷¹

I dette klippet viste Filmavisa kor risikabelt motstandsarbeidet kunne vere. Referansane til krigen var også til stades på personlege planet. Skodespelaren Knut Wigert hadde under krigen

¹⁶⁶ Revy nr. 14/1947/05.

¹⁶⁷ Revy nr. 07/1948/01.

¹⁶⁸ Revy nr. 40/1948/08.

¹⁶⁹ «Etter innbydelse av den sveitsiske minister i Oslo, ble det nylig gitt en privat kinoforestilling på Scala hvor den prisbelønnede film "Siste sjanse" ble framvist for en høyst representativ forsamling med Kongen i spissen. Det sees bl.a. medlemmer av corps diplomatique, representanter for regjeringen og forsvarsmakten, likesom en rekke meget framtreddende kulturpersonligheter var tilstede.» (Revy nr. 48/1946/04)

¹⁷⁰ IMDB (Internet Movie Database).

¹⁷¹ Kommentortekst «Englandsfarere» innspilles på Jar» (Revy nr. 06/1946/04)

flykta til England. Der kom han med i Kompani Linge, som under britisk kommando gjekk til angrep på tyske styrkar i Måløy 3. juledag i 1941 (Måløyraidet). Filmen var basert på motstandsmannen Sigurd Evensmo si bok med same namn frå 1945. Bøker og film har vore viktige medium for å formidle forteljinga om krigen til seinare generasjonar, og både ”Englandsfarere” og «Kampen om tungvannet» er blant dei krigsfilmane som har blitt vist fleire gongar på NRK i samband med seinare markeringar av både 9. april og 8. mai.

Målarkunsten var også eit medium som kunne formidle krigsminne, om enn ikkje like «populært» som bøker og film. Dessutan var kunstutstillingar i praksis fysisk stadbundne, men her bidrog Filmavisa sine reportasjar til å formidle dei utover heile landet. Hausten 1945 hadde Filmavisa reportasjar frå opninga av fleire kunstutstillingar, der alle hadde tydelege referansar til krigen. Frå utstillinga til Hans Ryggen viste Filmavisa maleri han hadde laga mens han sat i fangenskap på Grini i krigens siste år.¹⁷² Ein annan kunstnar som uttrykte motstand mot okkupasjonen var Reidar Aulie. Under krigen måla Aulie bilde som den tyske sensuren ikkje kunne godta, mellom anna måleria «9. april 1940» (1940) og »Morgenappell på Grini» (1945), og vinteren 1945 blei han arrestert og sat på Grini til mars 1945. Den 29. september 1945 opna ei utstilling over Aulie sine maleri i Kunstnersamfundet i Oslo.¹⁷³ Filmavisa konsentrerte seg om å vise «Morgenappell på Grini» frå fleire vinklar og presenterte det som eitt av «en rekke dramatiske bilder fra okkupasjonstiden som sterkt og djervt forteller om den tyske terror».¹⁷⁴

¹⁷² Revy nr. 23/1945/02. Utstillinga opna 5. oktober 1945. Aftenposten 4. oktober.

¹⁷³ Aulie provoserte nazistane under krigen, og kunsten hans blei difor forboden. Professor Arne Engelstad skriv i boka, *Interart* om «9. april 1940» eit anna av Aulie sine maleri frå krigen. Det «fikk i årene etter krigen, da det ble trykt opp og mangfoldiggjort, næmest preg av nasjonalt ikon. På den måten er det sammenlignbart med de beste av Arnulf Øverland, Nordahl Griegs og Inger Hagerup, sine krigsdikt, og som også ble publisert rett etter krigen, og som på same måte som Aulies bilde maktet å gi presise uttrykk for kollektive følelser» Engelstad 2000:192-193.

¹⁷⁴ Revy nr. 22/1945/05 «Kunstneren Reidar Aulie» (21 meter)



Filmavisa viste måleriet «Morgenappell på Grini» frå Reidar Aulie si utstilling (frå revy nr. 22/1945/05).

Statens kunstutstilling var ikkje blitt arrangert under krigen, men var i november 1945 igjen tilbake som den store mønstringa av norsk samtidskunst. Av dei tre kunstutstillingane Filmavisa hadde reportasjar frå denne hausten, var det denne kongen og kronprinsparet prioriterte å vere til stades på. Filmavisa meinte at utstillinga gav «et imponerende og mangfoldig inntrykk av hva våre kunstnerer har prestert med positiv arbeidsfront i krigens vanskelige år.»¹⁷⁵ På denne måten blei også kunstnarane plassert inn ei tolkingsramme der ulike delar av det norske folk hadde stått samla og danna ein front mot okkupasjonsmakta.

Minneproduksjon: Hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer

Vi har i denne delen sett korleis Filmavisa gjennom ulike reportasjar mintes krigen. På mange måtar kan vi identifisere i ein overordna *Minneframing* som i frå noko ulike vinklar gav ei førestelling om Forteljninga om krigen. Minneframingen kan delast inn i to tolkingsrammer som var relativt tett samanhengende. Den eine kan vi kalle *offerframing* kor krigens offer er det sentrale. Den andre, *motstandsframingen*, var retta mot kven som ytte motstand mot okkupasjonsmakta, og korleis dette blei gjort. Desse tolkingsrammene kan skjematisk framstillast slik:

¹⁷⁵ Revy nr. 28/1945/01 «Statens 58. kunstutstilling (kongen og kronprinsparet til stades)» 68 meter.

Reasoning devices/Argumentasjon					Framing devices (selection)/Framing							
Frame	Problem definisjon	Tema	Årsak til problemet	Ansvar	Løysing	Moralsk grunnlag	Følelsesmessig grunnlag	Kulturelt motiv	Metafor / stereotyp	Leksikalsk val	Visuelt bilde	Musikalsk bilde
Offerframing	Individuelle og nasjonale tap. Sorg og sakn etter dei/det som ein har mista	Falne norske militære, sjømenn og motstands menn som falt under krigen	Tyskarane og landsvikanerane krigshandlingar	Tyskarane og landsvikanerane	Alle gode nordmenn skal minnst deira offer	Moralsk plikt til å minnst deira offer.	Åre, respekt, beundring for tapper innsats mot unneskeleg fiende	Det gode mot det vonde	Fedrelandskjærleik	«De kjempet, de fält, de gav oss alt»	Minneseremoniar, Kongefamilien og stort publikum til stades, æresvakter	sorgmodig
Motstandsframing	Ingen problem: «[Heimestyrkane] har dannt kjemen i det norske folks ukuelige innsats mot undertrykkelse og diktatur.» Kongen	Gode nordmenn som kjempa for eit fritt land. Kongen			Vi skal heidre heltane	Dei har utvist høg moral	Stoltheit, ære	Det gode mot det vonde	David mot Goliat	«Gutta på skauen» «Strålende innsats»	Vindjakke og nikkars, sabotasje, illegal verksemd. Kongen og kongefamilien	marsj

Figur 11: Minneproduksjon, hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer, 1945 – 1949.

Avdukingar av minnesteinar og andre minnehøgtider etter militære og sivile offer utgjorde ein relativt stor del av Filmavisa sine reportasjar. Eg har funne det nødvendig å ta med så mange eksempel av fleire grunnar. Den eine er basert på målsettinga om å dokumentere og analysere *kva grupper* av krigens offer som desse seremoniane var retta mot. Den andre grunnen er å avdekke i kva grad det er *variasjonar* i reportasjane kring desse seremoniane.

Generelt var slike seremoniar så mange og så einsarta, at dei kan seiast å vere det gjennomgåande *visuelle bildet* i offerframingen. Men kva var det ein skulle minnst? Kven var desse som i følgje Filmavisa «gav sitt liv i kampen for frihet og fred»? Kva slags tolkingsramme gav Filmavisa med omsyn til kven dei avlidne var, kva verdiar dei hadde døydd for, og kva deira offer skulle bety for dei komande generasjonane?

Det visuelle bildet av dei rituelle handlingane viste ein dramaturgi og rollefordeling mellom aktørane som var nokså fast gjennom heile perioden, og blomar og norske flagg var gjennomgåande synlege element ved slike seremoniar. Avdukingar av minnesmerke som Filmavisa hadde reportasjar frå likna på mange måtar det rituelle handlingmønsteret som ein kan finne ved gravferder. Kven som deltok og kva dei representerte har også noko å seie for korleis ein kan tolke minneseremonien. Deltakarane kunne vere passive tilskoderar til dei symbolske handlingane, eller dei kunne ha ei aktiv rolle under seremonien, til dømes ved at dei heldt taler til dei avlidne.

Ein gjennomgang av materialet syner at Forsvaret, Kyrkja og Kongehuset var tre institusjonar som var representert i mange av innslaga. Dei hadde ofte ei aktiv rolle under seremonien gjennom taler, avduking og nedlegging av kransar. Dei andre deltakarane var i mange tilfelle passive tilskoderar som gjennom berre å vere til stades stilleleiande stadfesta det som blei sagt i taler, kransnedlegging og andre symbolske handlingar. Desse passive var ofte

pårørande eller kollegaer til dei avlidne, eller «tusener og atter tusener av bygdens folk», slik som i reportasjen frå avdukinga av minnesteinen ved Ullern.¹⁷⁶

Kven som heldt talene hadde ulik symbolsk tyding, det vere seg representantar frå kongehus, militære, geistlege eller det sivile samfunn. Det var ofte ei viss rollefordeling mellom dei ulike talarane med omsyn til innhald. Verdslege talerar kunne legge vekt på å knytte dei avlidne til ulike verdslege felleskap, mens geistlege la meir vekt på det religiøse fellesskapet.

Seremoniane som Filmavisa formidla fylgde eit nokså fast mønster med sjølv avdukinga som det mest sentrale elementet. Både før og etter avdukinga var det taler, song og musikk. Seremonien blei som regel avslutta med nedlegging av blomar og kransar ved minnesteinen. Blomar kan uttrykke mange kjensler, men sorg, medkjensle og respekt for dei avlidne var dei mest nærliggande symbolske tydingane som var sentrale i den *kjenslemessige basisen* innanfor denne offerframingen.

Bruken av det norske flagget spelte ofte ei viktig symbolsk rolle som uttrykk for det nasjonale fellesskapet, og som teikn på at dei som blei heidra var omsvøpt av nasjonen og folket. Flagget kunne ved starten av seremonien vere heist på halv stang for å uttrykke sorg, mens det mot slutten blei heist til topps som uttrykk for å den religiøse trua på oppstandelsen. Flagget kunne også vere brukt som utsmykking av sjølv seremonistaden.

Sjølv minnesmerket var ofte utført i stein, og dette materialet kan bli tillagt eigenskapar som symboliserte noko evig og uforgjengeleg. Valet av dette materialet kan tolkast som at minnet og ettermælet skal leve for all tid, og at den avlidne skulle bli knytt til Nasjonen, Menneskeheten eller eit anna (kollektivt) fellesskap gjennom ein tidlaus dimensjon.¹⁷⁷

Dramaturgien i reportasjane i Filmavisa fylgde dei ulike minnehøgtidene sitt handlingsmønster kronologisk. Det var såleis lite som skilde dramaturgien i denne type reportasjar frå dei andre offentlege hendingane som Filmavisa dekkja. Dei fleste innslaga starta med at ein viste ein framstående person som kom til staden der minnehøgtida skulle finne stad, samtidig som kommentatoren gav opplysingar om tid, stad og kva som er anledninga for det publikum fekk sjå. Etter denne presentasjonen blei tema utdjupa ved at kommentatoren fortalde

¹⁷⁷ «Steinen har en betydning i de fleste kulturer langt tilbake i historien. I vår egen kultur finner vi bautasteinen, hugget av råstein uten innskrift. Brukt enten som minnestein eller som gravstein. Steinene ble betraktet som steder der sjelene oppholdt seg. Det fortelles at det på Gilja på Island stod en stein som hele slekten dyrket fordi deres skytsånd bodde i den. Siden steinen ble brukt som gravsten er det naturlig å sette den i forbindelse med ideen om udødelighet.» Henta frå «Stein som symbol» av Monika Ettlbrück. www.viten.com/tema/stein/ettel.htm Side besøkt 21.02.2012

kva forhold den prominente personen hadde til dei avlidne, og kva rolle vedkomande hadde under minnehøgtida, til dømes som talar. Bildet viste deretter vekselvis talaren og tilhøyrarane, samtidig som kommentaren refererte til innhaldet i tala og publikums respons. Så fylgde sjølve avdukinga som eit slags klimaks, og deretter nedlegging av kransar og blomar mens kommentatoren fortalte kven som utførte desse handlingane. Sidan gav kommentatoren opplysingar om kven som hadde laga monumentet, kva materiale det var laga av og utforming, og det heile tona ut med referanse til inskripsjon på minnesmerket.

Kven som var dei falne i reportasjene frå desse minneseremoniane, og kva dei representerte seier også noko om korleis Filmavisa framstilte krigen, og kven ho *definerte* som krigens offer. Filmavisa hadde reportasjar frå minnehøgtider til ære for både militære og sivile offer. I alle statar som hadde vore innblanda i krigen blei det i denne perioden reist ei rekkje minnesmerke etter falne militære. Slik var det også i Noreg, sjølv om det var langt færre falne militære her til lands enn på kontinentet. Veteranar frå april 1940, gardistar, ingeniørsoldatar og falne frå Fjordane Regiment er døme på militære som det blei reist minnesmerke etter, og kor Filmavisa hadde reportasjar frå avdukingsseremonien.

Filmavisa hadde også reportasjar frå ei lang rekkje andre seremoniar, og der dei avlidne var sivile. Dette var mellom anna motstandmenn som var blitt avretta av okkupasjonsmakta eller andre som døydde under tysk fangenskap.¹⁷⁸ Enkelte reportasjar var om falne kom frå heile landet, til dømes var seremonien ved Stortinget den 13. september 1946 til minne om alle norske sjømenn som falt under krigen.¹⁷⁹ I andre innslag hadde dei falne meir avgrensa geografisk tilhøyrslø. Til dømes var det i revy nr. 25 i 1947 tre reportasjar der dei falne hadde tilknytning til bydelane Ullern og Høybråten i Oslo og medlemskap i roklubben Ready.¹⁸⁰ Reint bortsett frå at alle «dei falne» Filmavisa refererte til var menn, omfatta omgrepet med andre ord militære og sivile over eit vidt felt. I høve til kven som falt under krigen var det ei viss skeivfordeling med tanke på utval og omfang i Filmavisas reportasjar. Dersom vi legg til grunn kor mange norske menneskeliv som var gått tapt som direkte følgje av krigen og okkupasjonen, synest dei militære å vere noko overrepresentert, mens norske sjømenn som omkom ved krigsforlis (éin reportasje) og jødar (éin reportasje) var underrepresentert.¹⁸¹

¹⁷⁸ Til dømes «400 urner med aske av nordmenn kommer til Noreg» (19/1945/07), «Kongen avduker minnesmerke på Akershus» (19/1949/01)

¹⁷⁹ «To minutts stillhet i Oslo til minne om de falne sjømenn» (37/1946/01).

¹⁸⁰ «Avsløring av minnestein, Ullern» (25/1947/01), «Avsløring av minnestein, Høybråten» (25/1947/01), «Ready – 40-årsjubileum – avsløring av bauta» (25/1947/03).

¹⁸¹ Sjå oversikt over talet på døde som følgje av krigshandlingar fordelt på grupper i Aukrust og Bjerve 1945, (sjå også ovanfor, hovuddel 1).

Dei fleste seremoniane var retta mot ikkje-namngjevne offer, og kan difor seiast å representere større grupper som Filmavisas publikum kunne identifisere seg med, til dømes «sjømenn» eller «norske militære styrkar i utlandet». Nokon få, Wickstrøm og Hansteen, blei likevel identifiserte og framheva som individuelle heltar, men representerte samtidig også dei fleire hundrede nordmenn som blei avretta under krigen.

Felles for alle desse seremoniane var at dei formidla ei kjensle av nasjonal sorg. Dersom ein vil spekulere over ein muleg effekt på publikum, kan ein vurdere om ei slik kjensle er meir nasjonalt integrerande og vedvarande enn nasjonal glede, som kanskje kan vere meir flyktig.

Filmavisa gav publikum ei forståing for at mange av dei som hadde vore krigen offer skuldast at dei hadde ytt motstand mot okkupasjonsmakta. Innanfor ei *motstandsframing* blei denne underbygd av *følelsmessig basis* kor Filmavisa tok i bruk eit breidt register av ulike element. Blant anna kunne det *musikalske bilde* prega av sorgtung musikk få publikum til å føle alvor i seremonien, og kor flittig bruk av salmar som «Alltid freidig» gav ei førestelling om at dei hadde vore villige til å ofre livet for fedrelandet. Val av sitat framheva enkelte delar av budskapet til talarane, og nærbygd av pårørande kunne mane fram empatien blant Filmavisas publikum. Særleg gjennom kommentarane satte Filmavisa desse seremoniane innanfor ei bestemt tolkingsramme: Dei falne norske soldatane hadde kjempa ein heroisk kamp mot ei militær overmakt. Dei sivile ofra hadde også utvist heroisk mot i sin motstand mot okkupasjonsmakta. Alle hadde dei vore villige til å gje livet sitt for fedrelandet. Blant dei mange talene som Filmavisa refererte til, var det ein hovudbudskap knytt til kva publikum burde føle som ofte blei gjenteken: Dei som overlevde krigen hadde ei *moralsk plikt* til å for alltid minnst dei som gav livet sitt for fedrelandet. Ein var også forplikta til å gjenreise landet for å fullføre denne fridomskampen som dei hadde ofra livet sitt for.

Alle reportasjene frå desse seremoniane hadde klare referansar til krigen, og kan seiast å vere ein del av Filmavisas Forteljing om krigen. Det gjeld også andre reportasjar som endå meir eksplisitt var knytt til motstandsarbeid, mellom anna då Filmavisa viste heimestyrkane paraderte oppover Karl Johans gate. Desse blei framstilte som geriljakrigarar som i dugnadsand og drivne av fedrelandskjarleik hadde mobilisert til kamp mot okkupasjonsmakta. Denne førestellinga blei underbygd gjennom ei framstilling kor vanlege norske menn var David som hadde utkjempa den klassiske kampen mellom det gode og det vonde, og som med list hadde nedkjempa Goliat, ei umenneskleg tysk krigsmaskin. Desse såkalla «gutta på skauen» blei framholdt som heltar og eit viktig symbol på motstandskampen. Likeeins blei sabotørar omtalt som modige og dristige, men utan at publikum fekk vite kven det var som hadde utført sabotasjeaksjonene. Det einaste unntaket var Max Manus som var knytt til Milorg, mens

kommunistane sine sabotasjeaksjonar blei anten ignorert eller ikkje identifisert. Filmavisa si framstilling av sabotasjeaksjonar og andre former for illegalt arbeid gav ei førestelling om nordmenn med list og klokskap hadde ført kampen mot ei feig okkupasjonsmakt som kunne la seg lure av smart norsk motstand. Det var likevel ein mektig fiende ein hadde kjempa mot, som tok igjen det den mangla av kløktigheit med brutalitet og råskap.

Det store omfanget av reportasjar frå seremoniar til minne om både sivile og militære falne gav ei førestelling av at krigsmotstanden hadde foregått over ein brei front. Tilhøvet mellom desse «gode nordmenn» som hadde engasjert seg i motstandsarbeid og «landssvikarar» blei framstilt som om det var ein avgrunn mellom dei to gruppene, reflektert i Filmavisas kontrasterande ordval. Motstandsfolk hadde blant anna ført ein «ærefull» kamp, mens dei som hadde svikta landet hadde påført «skam» over sine landsmenn.

Gjennom Filmavisas utval av minneseremoniar ho laga reportasjar frå og måten desse blei framstilt på gav ho ei førestelling om kva som hendte under krigen. Filmavisa la vekt på at minne om krigen hadde lagt til Grunnlovsdagen vår ei ny meining som nasjonal fridomsdag. Dette blei markert i 17. mai-reportasjane kor publikum fekk sjå at Hansteen og Wickstrøm blei opphøgd som nasjonale ikon på lik linje med Bjørnson og Wergeland.

I Filmavisa var Kongen både som institusjon og som menneske ein viktig del av forteljinga om krigen, og ho refererte mellom anna til dei dramatiske hendingane på Nybergsund under Kongens og Kronprinsens flukt i 1940. Under og etter krigen argumenterte ein frå NS-hald for at partiet legitimt hadde grepe makta, ettersom både kongehus og regjering hadde flykta hals over hovud.¹⁸² Det var Kongen, Nygaardsvold og hans regjering som hadde sveke landet, ikkje NS, lydde retorikken. Den 7. juni brukte Kong Haakon si fyrste tale på norsk jord til å grunngje og legitimere flukta, og forklare hans avvisande haldning til tyske krav om abdiksjon. Forsøket frå NS på å så tvil om rettsoppgjerets grunnlag blei på denne måten blankt avvist, formidla med autentisk lyd og levande bilde av Filmavisa. Gjennom Filmavisa blei Kongens handlingar under krigen framstilt som legitime og i heile nasjonens interesse, og Kongen blei omtalt som ein person som hadde vore eit nasjonalt samlande symbol under krigen.

Reportasjen frå 7. juni 1945 var også eit av dei fyrste innslaga der Filmavisas publikum kunne sjå *levande* bilde av Kongen og kongefamilien, og sidan kom det om lag kvar veke nye reportasjar der kongefamilien var representert. På denne måten blei kongefamilien som mediefenomen tilført ein ny dimensjon, og var truleg til stades i publikums medvit i større grad enn før krigen. Filmavisas sine mange reportasjar der kongefamilien hadde ei sentral rolle og

¹⁸² Sjå til dømes om Quislings forsvar i Dahl 2004:456 – 466.

blei framstilt som eit nasjonalt samlande symbol kan difor ha styrka kongehuset sin autoritet til å kunne gje eit visst «godkjenningsstempel» på kva som var den «rette» versjonen av Forteljinga om krigen. Dette gjaldt fyrst og fremst i reportasjar der Kongen eller Kronprinsen i rolla som seremonimeistrar gav ei førestelling om at det var *slik* det illegale arbeidet foregjeikk, det var *desse* som var krigens offer, *dette* var dei lidingane det norske folk blei påført, og motstandskampen mot okkupantane *var* massiv og blei ført på mange frontar. I desse reportasjane gav Filmavisa ei tolkning av *korleis* Forteljinga om krigen skulle bli forstått. I tillegg til reportasjar frå seremoniar, paradar og liknande blei Forteljinga om krigen også fortalt i fleire andre samanhengar der kongehuset var representert. Dette gjaldt mellom anna reportasjar kring opning av kunstutstillingar og premiere på filmar der det sentrale motivet var krigen. Berre i kraft av å vere til stades, kunne det tolkast som at kongefamilien også ved slike høve gav eit godkjenningsstempel på korleis til dømes motstandskampen blei framstilt i ein film som i «Kampen om tungtvannet». Såleis var kongehuset ein sentral del av det *visuelle bilde* som understøtta offerframingen og motstandsframingen.

Filmavisa gav også ein førestelling av korleis forholdet var mellom kongehuset og folket. Gjennom parader og opptog blei Folket framstilt som ei kollektiv masse, som utan atterhald gav Kongen og Kronprinsen sin hyllest for si rolle under krigen. Samtidig blei etterkrigstidas alvorlege gjenreisingsoppgåver også uttrykt, mellom anna gjennom kronprinsens klesdrakt. Kronprins Olav var kledd i militær uniform då han kom tilbake til Noreg som leiar for forsvarsmakta den 13. mai 1945. Sjølv etter at kronprinsen blei avløyst som forsvarssjef 15. juli 1945, så heldt dette militære preget fram ved om lag alle høve der han var representert. Sjølv sagt gjaldt dette innslag som viste kronprinsen ved militære seremoniar, men også ved minnestunder over sivile offer, opningar av kunstutstillingar og andre liknande seremoniar var han kledd i militær uniform. Gjenreising av forsvaret var ei viktig politisk målsetjing, og kronprinsens militære framtoning symboliserte på eit vis denne målsetjinga, men i fyrste rekkje symboliserte den militære uniforma den legitime statsmakta

I talene som Filmavisa siterte frå ulike minneseremoniar blei det hevda at det norske folk no hadde ei *moralsk plikt* ovanfor krigens offer til gjenreise landet. Skulle ein klare å bygge opp landet, ville det krevje forsaking og hardt arbeid. Var det norske folk klar for desse store oppgåvene som låg føre, og var ein villig til å vere solidariske med dei av sine landsmenn som var verre stilt? Dette skal vi sjå nærmare på i neste hovuddel

Del 4: Moralsk og fysisk gjenreising

Gjenreisinga av landet i alle sine ulike former var eit sentralt tema for Filmavisa dei fyrste etterkrigsåra. Landet skulle fysisk gjenreisast på ei rekkje områder, og denne delen er delt inn i tre kapittel som kvar for seg tek for seg korleis Filmavisa dekte gjenreisinga av infrastruktur, næringslivet og forsvaret. Vi skal særleg finne svar på i kva grad Filmavisa identifiserte problem knytt til gjenreisinga, og om ho gav ein førestelling av korleis slike problem kunne bli løyst. Blei til dømes statleg regulering framstilt som eit teneleg middel for å få fart på gjenreisinga av infrastruktur og næringsliv? Gav Filmavisa ei førestellinga av korleis dei knappe ressursane burde fordelast mellom dei ulike gjenreisingsoppgåvene? Som vi såg i førre delen, blei minne om dei som ofra livet sit under krigen knytt til ein påstand om at dei som overlevde krigen hadde eit *moralsk plikt* til å gjenreise landet. Vi skal difor starte med å sjå nærare på korleis slike moralske spørsmål knytt til gjenreisinga blei framstilt i Filmavisa.

Moralsk gjenreisning

Rettsoppgjere dreide seg i stor grad om ”rette” og ”gale” handlingar *under* krigen, og kva som var moralsk rett å gjere *etter* krigen. Den moralske dimensjonen blei også knytt til den fysiske gjenreisinga av landet. Som H. O. Christophersen og fleire andre peikte på, var det nødvendig å oppvise høg arbeidsmoral dersom ein skulle klare å sikre alle husvære og mat på bordet (sjå ovanfor). Også innsamlingsaksjonar som Nasjonalhjelpen stod for og liknande tiltak blei grunngeve med eit moralsk imperativ. Dei var moralsk rette handlingar, i solidaritet med dei som leid og hadde det vanskeleg. Omgrep som plikt og ære blei koplå til kva som var rett å gjere i ein situasjon der landet skulle gjenoppbyggast i brei forstand. Under minneseremoniar og liknande høve blei det også frå kronprinsen og andre understreka at dei som overlevde krigen hadde plikt å betale ei æresgjeld til dei som hadde ofra livet under krigen. Døden var absolutt, og dermed var plikta ein hadde overfor dei som ofra livet sitt også absolutt, kompromiss var ikkje muleg. Denne moralske plikta var derfor eit uangripeleg argument for å krevje forsaking og hardt arbeid for å betale denne æresgjelda, og som avskar eventuelle motargument.

Som vi allereie har sett koplå Filmavisa Nasjonal Samling og partiets medlemmar til alvorlege krigsbrotverk gjennom reportasjar frå utgravingane ved Håøya, Trandum og Falstad. Samtidig gav ho ei førestelling om at det hadde vore ei brei motstand mot okkupasjonsmakta, og at dette var eit tydeleg teikn på høg moral. Dei som hadde handla «rett» under krigen hadde

såleis ei form for moralsk overtak i forhold til dei som hadde vore på den «gale» sida. Likevel hevda ein av dei sentrale figurane i gjenreisingsarbeidet, sosialminister Sven Oftedal, at krigen hadde svekka *arbeidsmoralen*. På eit møte i februar 1946 hevda han at: «I ikke liten utstrekning hadde folket måttet arbeide for fienden og hadde fått et syn på arbeid som står i sterk kontrast til det syn på arbeidet som preger et sunt og normalt samfunn.» Oftedal viste til at produksjonsindeksen var nede i 60 % i forhold til før krigen, og at det berre var arbeid og jamt slit som kunne hindre naud: ”Etter fem år da folket har møtt ethvert arbeidstiltak med motvilje, hvor ethvert spatak på en eller annen måte kom fienden til gode, skal vi nu snu det dit hen at folket forstår, at skal frihetsbegrepene realiseres, må det skje gjennom vår daglige arbeidsinnsats.”¹ Også H. O. Christophersen, leiaren i Opplysningskomitéen for gjenreisinga, fylgde opp Oftedals påstand og peikte på at ein trengde ei moralsk kraft for å gjenreise eit nytt og betre Noreg, og «at hånd i hånd med den materielle gjenreising må det foregå en åndelig og moralsk gjenoppbygging av folket, og dette er et arbeid som det haster med å få satt i gang.»

«Drankere er sabotører»

Då Oftedal heldt tala si, hadde ein allereie sett dei fyrste verknadane av opphevinga av brennevinsrasjoneringa. Alkoholforbruket var på veg oppover, og avhaldsmannen Oftedal såg truleg behovet til auka arbeidsinnsats blant anna i lys av denne utviklinga. Opphevinga av brennevinsrasjoneringa var også eit tema Filmavisa retta merksemda mot i fleire reportasjar. Filmavisa var på plass då Vinmonopolet opna dørene for fritt sal den 2. januar 1946:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Gateur viser klokka 09.50. Få mennesker å sjå på gata. Klokka viser 10.10, få mennesker å sjå.	Sekvens 1: (munter storbandsmusikk) « Det er tidlig formiddag den 2. januar 1946. Vinmonopolet skal åpne for fritt salg men ennå så sent som en times tid før begivenheten finner sted er det mekelig lite mennesker utenfor utsalgene. Det lot virkerlig til at folk hadde tenkt å motta den nye frihet med verdighet og beherskelse,
Sekvens 2: Gateur viser klokka 10.30. Lang kø samlar seg på fortauet.	Sekvens 2: men snart begynte køene å forme seg, og selv om termometeret viste 12-14 grader under null ble det folksomt nok den siste timen.
Sekvens 3: Nærbilde av hyller med flasker, Martini og liknande.	Sekvens 3: Bak de nedrullede gardiner er alt klart til å møte storinnrykket. Hyllene er fulle fra gulv til tak av flasker med de mest forlokkende etiketter, både de i mere overkommelige prisklasser og de dyreste originalmerker. Køen vokser stadig.

¹ Aftenposten 21. januar 1946. Referat frå møte i Bergen om gjenreisingsarbeidet, 20. januar 1946.

Sekvens 4: Mennesker strøymer inn i butikklokalet. Kunder blir ekspedert.	Sekvens 4: Og så blir klokken omsider 11, døren går opp og folk strømmer inn. De fleste var vel klar over at pågangen måtte bli stor den første tiden, men nå spør det bare hvor lenge det tar før publikum faller til ro og forstår at det er varer nok, og at det er både dumt og unødvendig å kaste bort tiden med å stå i Vinmonopolkø.»
---	--

Revy nr 02/1946/06 «Brennevinsrasjoneringen opphevet. Polkø, hyller med flasker» (42 meter)

Dei lange køane utanfor Vinmonopolet var tema i fleire reportasjar i 1946, og Filmavisa var langt mildare i sin omtale av køane i denne reportasjen enn den skulle bli i ved seinare høve. Reportasjen viste korleis køen utanfor eit Vinmonopolutsal vaks den siste timen før butikken opna. Munter storbandmusikk understreka den nokså lette tonen i kommentarane, før ein avslutta med ei noko meir alvorleg formaning i slutten av reportasjen. Den moralske formaninga handla i første rekke om at ein kasta bort verdifull arbeidstid med å stå i kø – som heller burde ha vore brukt på gjenreisingsarbeidet.

Då reportasjen blei sendt den 14. januar 1946, var det klart at dei lange køane ikkje berre gjaldt opningsdagen. Aftenposten hadde tidlegare på leiarplass kalla dei lange køane «midt i beste arbeidstiden om formiddagen» for «en skamplett på folket» og etterlyst tiltak frå Vinmonopolets side som kunne fjerne køane.² Då avisa melde premieren av Filmavisa, etterlyste ho ein skarpare brodd mot alkoholbruken: «Ellers er det en god monopol-reportasje, men den burde også ha vist de sørgelige følger av den «historiske dag» 2. januar. Et besøk i fylle-arresten ville ha gitt reportasjen det nødvendige pepper.»³

Dei lange køane utanfor Vinmonopolet førte også til debatt i Stortinget. Den 22. januar retta Ivar Kristiansen Hognestad (A) ein interpellasjon på vegner av «Stortingets avholdsgruppe»: «Hva akter Regjeringen å gjøre med den alvorlige tilstand som nu syner seg i samband med at rusdrikksalget vart friggitt» Hognestad grunnga interpellasjonen med at dei lange køane hadde «vakt forargelse hos hele folket, [og] minte om statsminister Gerhardsens ord om at det som i dag behøves er arbeid og atter arbeid for å få landet bygd opp igjen. Det virker derfor forstemmende å se de lange køer time etter time utenfor Vinmonopolutsalene.» Sosialminister Oftedal svarte at: «Vi må ikke møte dette med fordømmelse, men med forståelse,

² Leiarartikkel i Aftenposten 8. januar 1946: «Vekk med køene! (overskrift): «Kødannelse foran Vinmonopolets utsalg – midt i beste arbeidstiden om formiddagen - er et uhyggelig syn. Det er en skamplett på folket. Under krigen var det kanskje ikke så meget å si på disse køer. Men det var meget en gjorde under kirgen som ikke må gjøres i dag. Den som i dag står i kø eller leier andre til å stå i kø for seg foran Vinmonopolets utsalg, må være klar over at det store flertall av folket ser ganske annerledes på dette forhold nu enn under krigen. Vi har et sterkt inntrykk av at dommen er streng og alminnelig. vi henstiller så inntrengede vi kan til publikum å avstå fra å medvirke til det triste skuespill som kødannelsen er. (...)»

³ Aftenposten 15. januar 1946.

opplysning og propaganda må skape en folkeopinion mot misbruk. Uten en slik opinion står myndighetene helt maktesløse.»

Noko seinare på våren 1946 fekk Oftedal bruke Filmavisa som ein reiskap for statlege styresmakter i arbeidet med å skape ein opinion mot den auka alkoholbruken. I samband med kampanjen ”Edruskap og Gjenreisning”, arrangerte Opplysningskomiteen for gjenreisningsarbeidet i samarbeid med Sosialdepartementet eit møte på Nationaltheateret den 13. april 1946. I reportasjen frå møtet valde Filmavisa å framheve Oftedal blant dei framstående personane som talte ved arrangementet, og lot han snakke direkte til Filmavisas publikum:⁴

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Alleen fram mot Nationaltheatrets hovudinngang. Ventande mennesker utanfor hovudinngangen. Panorering av publikum i salen.</p> <p>Sekvens 2: Oftedal på talarstolen. Applaus og synkron lyd av tala. Panorering av publikum. Oftedal på talarstolen. "nå steller det norske folk seg dårlig"/Panorering av publikum. Oftedal. "Vekk med fylla"/jubel og applaus (truleg pålagt lyd) frå publikum.</p>	<p>Sekvens 1: (munter-musikk⁵) «Som en opptakt til den store kampanjen under mottoet; ”Edruskap og Gjenreisning”, arrangerte Opplysningskomiteen for gjenreisningsarbeidet i samarbeid med Sosialdepartementet forleden et møte på Nationaltheateret. Hovedtaler var statsråd Sven Oftedal som begynte sin manende appell med følgende ord</p> <p>Sekvens 2: (Musikken stoppar) (original lyd av tala): "Ærede forsamling! Den 23. mars i år fikk vi i Sosialdepartementet et brev fra AS Vinmonopolet. Brevet fortalte følgende: I løpet av det første kvartal, 1946, altså etter at brennevinsrasjoneringen ble opphevet, har Vinmonopolet i detaljsalg solgt vel 3,5 million liter brennevin. Hvis vi fortsetter å drikke brennevin i samme tempo året ut vil vi i 1946 drikke omtrent 70 % mer brennevin enn i 1939. Vårt brennevinkonsum var i 1939 omregnet i ren alkohol 1,11 liter per innbygger. Fortsetter vi i samme tempo som i første kvartal vil dette tallet nå opp i 1,85 liter for hele året 1946. Når vi stilles ansikt til ansikt med slike tall, er det bare en reaksjon blant ansvarsbevisste nordmenn. Overfor en slik kjennsgjerning, reagerer vi spontant: Nå steller det norske folket seg dårlig. Når vi reagerer så raskt, så enig, og så sterkt, er det fordi at vi vet at en så sterk økning i brennevinskonsumet omgående slår ut i sosiale skadevirkninger som ingen er tjent med, som bare er til skam og skade for det norske folket. I denne sammenhengen setter vi en strek over diskusjonen om avhold og forbud. Problemstillingen forenkles, vi slår fast som et renslighetskrav, som et sømmelighetskrav, som et arbeidshygienisk krav: Vekk med fylla!" (pålagt jubel og applaus).</p>

Revy nr 14/1946/08 «Edrueighet og gjenreisning. Statsråd Oftedal taler i Nationaltheatret.» (68 meter)

⁴ Mellom anna Stortingets visepresident Gustav Natvig-Pedersen og general Olaf Helset var blant talarane. Aftenposten 14. april 1946.

⁵ Innslaget blei innleia med same musikk som revy nr. 50/1945/06 «Gøteborgs Luciaprinsesse med sine terner kommer til Oslo».



«Vekk med fylla!» var sosialminister Oftedal sin slående slutt replikk då han fekk tale direkte til Filmavisas publikum (revy nr 14/1946/08).

Statsråd Oftedal refererte til statistikk som viste til at alkoholforbruket vaks, og konkluderte med at dette ville føre til store problem for gjenreisingsarbeidet.⁶ Men i tillegg til statistisk harde fakta brukte han også moralske argumentert: Brennevinsforbruket var til ”*skam og skade for det norske folk*”, og at det var eit ”*sømmelighetskrav*” å få vekk fylla⁷ Dette er blant dei få innslaga som har original lyd, og Oftedal fekk tale direkte til Filmavisas publikum utan at Filmavisa kommenterte det statsråden sa.⁸ I denne reportasjen blei styresmaktene, her representert ved statsråd Oftedal, si tolkingsramme formidla nokså direkte til Filmavisas

⁶ I følge Aftenposten sa statsråden også på at «fyll skaper skoft, og skoft sinker gjenreisningen. Og man må forklare den norske soldat i dag at fyll tilsviner uniformen, den uniform som det under krigen sto sånn glans av. Jeg ber alle dere unge om å være med å stake opp linjene for kva det frå myndighetenes side kan gjøres for å løse fritidsproblemet og heve ungdomsfestene ut av den primitive standard de i dag står på.» Aftenposten 14. april 1946.

⁷ Oftedal advarte mot prognoser som viste at brennevinskonsumet kunne stige frå 1,1 liter rein alkohol per innbyggjar til 1,85 liter i 1946. Til samanlikning viser tal frå SSB at i 1965 drakk nordmenn 3,72 liter rein alkohol per innbyggjar og i 2006 var konsumet auka til 6,46 liter.

⁸ Møtet blei arrangert av ”Opplysningskomiteen for gjenreisingsarbeidet.” Pressesekretær for denne komiteen var Stig Vanberg, som også var pressesekretær for Nasjonalhjelpen. Vanberg var under krigen aktiv i arbeidet med å gje ut den illegale avisa ”Alt for Norge.” Vanberg blei arrestert og sendt til konsentrasjonsleiren Sachsenhausen i 1943 der han blei sittande til krigen var slutt. www.hvitebusser.no

publikum: Alkoholforbruk blei sett i samanheng med gjenreisingsarbeidet, og sjølve auken blei definert som problemet som ville gjere det vanskeleg å gjenreise landet. Dei moralske vurderingar av problemet er tydelege nok; dette er ikkje det rette nordmenn kan gjere i ei slik vanskeleg tid for landet. Den kjenslemessige basisen underbygger dette ved det blir appellert til at nordmenn må føle eit ansvar for å snu denne skammelege utviklinga. Alkoholforbruket definerte Oftedal som «fylla», eit leksikalt val som gjev negative konnotasjonar, og statsrådenens sluttappell gav løysinga på problemet: «Vekk med fylla».

Reportasjen kan også sjåast i samanheng med andre innslag i same revy som viste dei store behova som var på ei rekkje områder. I innslaget som blei vist rett før Oftedals tale fekk publikum sjå i frå Nasjonalhjelpen si innsamling til krigens offer.⁹ I same revy var det også reportasje frå ein hogst-konkurranse som Opplysningskomiteen for Gjenreisningsarbeidet hadde satt i gang. Bustadbygginga trengde tømmer, og i solidaritet med dei som var i bustadnaud, stilte nasjonalt kjende skiløperar opp for å hogge tømmer som gode føredøme.

Det er vel ingen i dag som ikke har hørt om hugst-konkurransen - det enestående tiltaket som ble igangsatt av Opplysningskomiteen for Gjenreisningsarbeidet med umiddelbar og begeistret tilslutning av de av våre gjeveste skiløpere, som samtidig er skaukarer.¹⁰

Kontrasten mellom desse solidariske handlingane og den skamma som Oftedal talte om var påtakeleg. Reportasjane frå Nasjonalhjelpen sin innsamlingsaksjon (sjå også nedanfor) og skiløparane sin dugnad til skogs inneheld ein tydeleg appell retta mot publikum om å gjere det rette i solidaritet med krigens offer. Dersom ein såg desse reportasjene i samanheng med innslaget frå arrangementet i Nationalteatret, bidro dei til å gjere Oftedals appell endå meir kraftfull.

Men trass i både Oftedal sine appellar og Filmavisa sine reportasjar som peika på stigande alkoholforbruk som eit problem, kunne Filmavisa framleis observere lange Vinmonopol-køar like før pinse. Reportasjen starta med å vise til at Vinmonopolet hadde stengt butikkane sine på ubestemt tid. Dette var ein situasjon som faktisk skulle vare i fleire månader inntil utsala igjen blei opna for publikum den 10. juli 1946:

Når disse billedene vises, er det foreløpig slutt med alt som heter Vinmonopolkøer. En var nødt til å ta drastiske forholdsregler og så blev det til at utsalgene inntil videre skulle stenges landet over. Denne reportasje fra fredag før pinse kommer derfor i seneste laget, men vi har allikevel ment det som riktig å vise HVOR [sic, understreka av kommentator] ille det virkelig var blitt. I hovedgater og sidegater, midt ute i kjørebanelen og på fortauene, stod den dagen titusener av mennesker i polkø

⁹ Revy nr. 14/1946/07 «Nasjonalhjelpens bilkortasje på Karl Johan».

¹⁰ Revy nr. 14/1946/04 «Tømmerhogst i Telemark. Pan over skogen. Motorsag, kvisting, barking, Tømmeret kjøres til elva. Måling og merking. Tyskere bygger tømmervei» (58 meter)

for å skaffe seg den ettertraktete vare. Det er ikke vår hensikt, og vi har heller ikke noe ønske om å oppkaste oss til dommere i det vanskelige spørsmål man her stilles overfor. Men en ting kan vel alle være enige om, og det er at disse køene er en utilladelig skandale, som det må bli slutt på. Se på disse uendelige køene, som marsjerer som saueflokker med politiskorte både foran og etter, - overalt finner man dem, - fra tidlig morgen og langt bortimot middagstider, stående og venter, noen millioner bortkastede arbeidstimer spiller ingen rolle i gjenreisningen Norge. Ja, slik er det tragiske inntrykk utlendingene får av Oslos befolkning når de i dag besøker Norges hovedstad. Og det inntrykket tar utlendingene med seg hjem. Slik gjenreiser de sitt land, disse prektige nordmennene, som stod som et lysende eksempel for all verdens nasjoner i krigens dager. Denne filmen er ikke noen avholdspropaganda, - men en ting er iallfall sikkert: det må bli orden i brennevinnsomsetningen. Eller er det ennå noen som ikke er klar over at den nye arbeidsdagen er begynt?¹¹

Tonen i dette meir enn tre minutt lange innslaget er langt meir alvorleg enn reportasjen frå opphevinga av brennevinrsasjoneringa. Også i denne reportasjen blei alkoholforbruk satt i ei tolkingsramme der det framstod som eit problem for gjenreisingsarbeidet. Filmavisa hevda at den verken vil moralisere, eller drive noko form for avhaldspropaganda. Det var kanskje ikkje argument i ein avhaldsdebatt som blei framført, men i staden uttrykte ho moralsk forakt for dei mange som sto timesvis i polkø istadenfor å bruke tida på gjenreisingsarbeid. Kommentaranne karakteriserte situasjonen som ein skandale, og framstilte dei som stod i kø som lite intelligente der dei «marsjerer som saueflokker» for å kjøpe brennevin, mens vi såg at flokkar av menneske blei dirrigert inn på fortauet av politi. Det var ikkje berre gjenreisingsarbeidet som dei lange polkøane kunne setje på spel. Filmavisa rørte også ved publikums kjensle av nasjonal byrgskap: Ho hevda at vi nordmenn var blitt beundra for motstandskampen ein førte under krigen, men no stod landets internasjonale omdøme også i fare for å falme.¹² Innslaget avslutta med å stille spørsmålet om publikum ikkje forsto kor viktig det var med ein felles innsats i gjenreisingsarbeidet. Svaret på dette spørsmålet gav Filmavisa delvis sjølv i den siste reportasjen i denne revyen, kor publikum fekk sjå kva slags arbeidsinnsats som var satt inn i gjenreisninga av Hammerfest.¹³

Dette over tre minutt lange innslaget starta med eit klipp frå fjorårets reportasje frå denne Finnmarksbyen.¹⁴ Kamera panorerte utover ein by som låg i ruinar, og bilda viste med all tydelegheit kor forferdelege tilhøva var. Det var ikkje noko tilbake etter tyskarane. I kontrast til

¹¹ Revy nr 23/1946/01 «Vinmonopolkøer slår alle rekorder». (85 meter) Vinmonopolet sine utsal blei stengt, og opna fyrst igjen 10. juli 1946. Sjå Aftenposten 4. juli 1946.

¹² Sjå til dømes frå Gerhardsens tale 1.9.1946 under kampanjen for Folkeedruskap og fritidskultur, referert i Aftenposten 2.9.1946: «Etter frigjøringen har vi hatt atskillige besøk av utlendinger, uttalte statsministeren innledningsvis. Og det har gledet oss hver gang de kom med anerkjennende ord om Norge og det norske folk for dets standhaftighet under okkupasjonen. Men det har vært ydmykende når de har fremkommet med uttalelser om den utglidning man har vært vitne til, spesielt når det gjelder alkoholmisbruk»

¹³ Revy nr 23/1946/07 «Hammerfest i dag» (87 meter)

¹⁴ Klippet frå 1945-reportasjen frå Hammerfest var opphaveleg ein del av Sigurd Agnells film «Finnmark på kryss og tvers – landet som tyskerne brente» (1945).

desse dystre bilda gjorde Filmavisa eit tidssprang fram til notid i den neste sekvensen og viste resultatet av gjenoppbygginga av byen. Kommentatoren forklarte kva som hadde skjedd: «Mens vinterstormene raste og polarnatten knuget Finmark i sin iskalde favn har det vært utført et kjempearbeide for å reise en ny by av de trøstesløse ruiner.» Med slike harde naturelement å stri med, viste Filmavisa at resultatata var desto meir imponerende, og kontrasten til dei som kasta bort tida i polkø endå sterkare. Det var ikkje berre bilda som viste kontrastane. Filmavisa kommenterte direkte og i moraliserende form dei store forskjellane: «[Finmarkingane hadde] så visst ikke tid til å stå i Vinmonopoløk!» Resten av reportasjen viste framsteg på fleire andre felt, med gjenreiste bustadhus, butikkar og infrastruktur.

Reportasjen frå Hammerfest blei godt motteken av Aftenposten som meinte at «sammenstillingen av bildene fra de trøstesløse ruiner i fjor og den nye byen som reiser seg er et stykke Norgeshistore som ukerevyens hundretusener av tilskuere har godt av å se. De er gjenreisningens historie som her fortelles i glimrende reportasje-bilder og enkle ord.»¹⁵ Både reportasjen frå vinmonopoløkøen og Hammerfest var over tre minutt kvar og var plassert som og fyrste og siste innslag. Denne samansetninga av eit moraliserande negativt innslag om ikkje-ønskeleg adferd i kontrast med ein positiv reportasje knytt til gjenreisninga blei også brukt i andre utgåver av Filmavisa.¹⁶ Dette kan vere eit medvite redaksjonelt grep for å auke effekten av dei to innslaga. Men ei slik samansetning var også vanskeleg å unngå ettersom Filmavisa hadde reportasjar kring gjenreisingsspørsmålet nesten i kvart nummer.

Søndag 1. september 1946 blei avhaldssaka markert over heile landet, og Filmavisa var på plass for å filme kampanjen «for folkeedruskap og fritidskultur» sitt demonstrasjonstog i Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Bilkortesje og stort demonstrasjonstog gjennom Oslos regntunge hovudgater. Faner, plakatar og norske flagg. Fleire klipp frå demonstrasjonstoget.</p> <p>Paroler: «Drikker du på arbeidsplassen, sinker du landets gjenreisning», »Si meg hvordan du bruker din fritid, og jeg skal si deg hvem du er» «Vær så god nordmann: Vekk med fylla!»</p>	<p>(munter marsj) «Over hele landet ble det søndag den 1. september gjennomført en stort anlagt kampanje for folkeedruskap og fritidskultur. I Oslo ble det foruten en rekke større møter arrangert et demonstrasjonstog, som på tross av striregnet hadde samlet en masse mennesker.</p> <p>Etter bilkortesjen, som innledet toget, fulgte de tusener som sluttet opp om de forskjellige avholdsorganisasjoners faner og de store plakater med slagord som tydelig sa fra om demonstrasjonens hensikt.</p> <p>Værforholdene kunne ikke vært stort verre for et slikt demonstrasjonstog, men likevel ble det vellykket.</p>

¹⁵ Aftenposten 18. juni 1946.

¹⁶ Sjå til dømes revy nr 14/1946 ovanfor, som innheldt reportasjen frå statsråd Oftedals manande appell mot alkoholforbruk og eit innslag om langrennselitens frivillige hogstarbeid.

	På et av dagens møter talte statsminister Gerhardsen, som understreket at drankere er sabotører i en tid som krever at vi stiller alle våre evner og krefter til rådighet.»
--	---

Revy nr 35/1946/02 «Kampanje for folkeedruskap og fritidskultur. Demonstrasjonstog i Oslos gater» (26 meter)

Bilde av eit stort demonstrasjonstoget kunne tyde på stor oppslutnad kring saka som sosialminister Oftedal hadde teke til ordet for. Filmavisa understreka også at mange hadde trassa dårleg vør for å delta i demonstrasjonen. Gjennom Filmavisa sine innslag der alkoholforbruk blei knytt til gjenreising, var val av ord som var svært negativt lada nokså vanleg, slik som «saueflokk» og «fylla». I dette innslaget valde kommentarane å trekke fram Gerhardsens tale som han heldt same dagen i Samfunnshuset.¹⁷ Statsministerens harde utfall blei ikkje framstilt berre som ein påstand, men heller som ei skildring av korleis forholda verkeleg var då han stempla drankarane som sabotørar av gjenreisinga. Den moraliserande karakteristikken gav ikkje uttrykk for nokon forståing for dei sosiale årsakene som låg bak alkoholforbruket, derimot hevda statsministaren at dei var forræderar og sosiale utskót som fortente samfunnets forakt. Filmavisa vidareformidla kampanjens hovudbodskap utvetydig, både i kommentarar og ved bilde av paroler som: «Drikk du på arbeidsplassen, sinker du landets gjenreising».

Uttrykket «sabotører» gav konnotasjonar til krigens dagar, og at ein no gjekk til krig mot fylla. I Filmavisas reportasje frå då Avholdsfolkets dag igjen blei markert året etter fekk publikum sjå andre krigsmetaforar. Kampanjen for «Folkeedruskap og fritidskultur» heldt nemleg fram. Søndag 14. september 1947 var avhaldssaka eit sentralt tema ved gudstenestene rundt om i landet, og i Oslo blei det mellom anna avduka minnestein på Vestre gravlund over kjende avhaldsfolk som mista livet under krigen. Statsminister Gerhardsen heldt tale i radioen over temaet «Større ansvar, høyere fritidskultur, mere produksjon» kor talen endte med slagordet: «Fyll er ikke fest. Et edruelig folk er et lykkelig folk.»¹⁸ I Oslo marsjerte avholdsfolket gjennom gatene frå Youngstorget til Rådhusplassen der sosialminister Oftedal heldt tale:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Oversiktsbilde over stor menneskemengde som er i ferd med å stille opp i tog på Youngstorget,	Sekvens 1: (marsjmusikk) «Vekk med fylla, kan stå som et motto for Avholdsfolkets dag i Oslo, og dette

¹⁷ Aftenposten refererte frå møtet under overskrifta «De som misbruker alkohol, er drankere i gjenreisningsarbeidet, uttalte Gerhardsen»: I artikkelen står mellom anna: «Ikke alle kan gjøre like mye i gjenreisningsarbeidet, men vi krever at ingen saboterer. Drankere er sabotører, sa statsministeren.» Aftenposten 2. september 1946.

¹⁸ Aftenposten 15. september 1947.

<p>flagg og faner. Et janisjarorkester i spissen av eit demonstrasjonstog. Fleire bilde frå toget som passerar Universitetsplassen.</p>	<p>landskrav går igjen i alle de plakater som ble båret gjennom byen i det store demonstrasjonstoget fra Youngstorget til Rådhusplassen hvor det var samlet flere tusen mennesker.</p>
<p>Sekvens 2: Vi ser ein plakat i toget med firmamerket for Vinmonopolet og Hakekorset, begge med kryss over. Deretter fleire andre plakatar parolar. Toget sett frå ein annan synsvinkel, igjen fokus på Vinmonopol/hakekors-plakaten. Nærbilde av kvinner og menn som går i toget. Toget på veg inn på Rådhusplassen, flaggborg av mange norske flagg.</p>	<p>Sekvens 2: (ingen kommentar)</p>
<p>Sekvens 3: Nærbilde av statsråd Oftedal som held tale.</p>	<p>Sekvens 3: På Rådhusplassen talte statsråd Oftedal. Han sa blant annet at alkoholforbruket fremdeles er faretruende stort, og vi står ovenfor en vanedannelse i folket som det ikke er lett å få bukt med.».</p>

Revynr. 1947/38/09 «Avholdsfolkets dag» (27 meter).

Filmavisa understreka i bilde og ord at demonstrasjonen hadde stor oppslutnad. Dette kan kallast «power in numbers» framing der det store demonstrasjonstoget viste folkeleg oppslutnad som legitimerede saka. Det som er særleg interessant ved dette innslaget er fyrst og fremst val av bilde frå demonstrasjonstoget. Aftenposten rapporterte om at det var mange parolar, men likevel valde Filmavisa å rette fokuset mot berre ein av dei; ein plakat kor Vinmonopolets firmamerke var sidestilt med eit innsirkla hakekors til inskripsjonene «Vekk med svineriet» og «Vekk med diktaturet.» Den lange talestraumen med forklarande kommentatarar opphøyrde, mens kamera fanga opp bilde av dette banneret i demonstrasjonstoget, ikkje berre ein, men to gonger! Dette var eit dramturgiske grep som Filmavisa sjeldan brukte, og det kan vere ulike forklaringar på korfor det blei brukt nettopp i denne reportasjen. Denne parolen var nok den mest provoserande og var langt skarpare formulert enn dei andre parolane i toget.¹⁹ Redaksjonen i Filmavisa kan derfor ha vurdert denne parolen utifrå journalistiske kriterium som den mest interessante. Men valde redaksjonen å trekke fram denne parolen fordi den var eit uttrykk for ei meining som Filmavisa slutta seg til? I andre reportasjar hadde Filmavisa framstilt alkoholbruk som svært negativt, og til ein viss grad blei det trekt fram som eitt av fleire negative trekk hos den tyske okkupanten og til dømes Rinnan-banden, der ein refererte til omfattande alkoholbruk. Men nettopp fordi det ikkje er knytt nokon kommentarar til desse bildene, så blir svaret på dette spørsmålet berre spekulasjonar. I følge Paul Messaris og Linus Abraham kan ein gjennom ei slik visuell framing fremje meiningar som kunne ha vore meir kontroversielle og møtt meir motstand frå publikum dersom dei hadde vore sagt verbalt. Aftenposten meinte i

¹⁹ Blant parolane var: «Større ansvar – mere arbeid», «Fram for alkoholfritt studentliv», «Nasjonaliser bryggerinæringen», «Freden trygges, landet bygges best når rusdrikk ikkje brygges», «Folkereising for frihet fra fyll», «Ungdomsfylleriet en skam for vårt folk». Aftenposten 15. september 1947.

sin kommentar til demonstrasjonstøget at parolen var usmakeleg, men grunn gav det med at Vinmonopolet ikkje var noko diktatur, ettersom det var ei frivillig sak å handle der.²⁰

Nøysemnd, arbeidsmoral og solidaritet

Spørsmålet om kva moral som burde praktiserast var knytt til langt fleire område enn alkoholforbruk. Det handla også om generelle haldningar som nøysemnd, arbeidsmoral og solidaritet. Filmavisas reportasje frå Hammerfest viste publikum dei gode resultatane frå bustadbygginga i byen i løpet av den fyrste fredsvinteren.²¹ Filmavisa proklamerte: «Overalt arbeides det på spreng». Dei kunne også fortelje kva slags dygder som hadde skapt resultatane. Folk hadde fått tak over hovudet takka vere flid, nøysemnd og høg arbeidsmoral. Store delar av revy nr. 33/1946 var via denne tematikken. Det var viktig å få nok tømmer til husbygging, og i «Instruksjonskurs for skogsarbeidare» (33/1946/03) viste Filmavisa publikum heile prosessen frå blinking til kapping, og med nokså detaljert omtale av korleis dei ulike typer reiskapane blei brukt.



Filmavisa viste i detalj korleis ulike reiskap skulle bli brukt for å utnytte ressursane i skogen (revy nr. 23/1946/03).

²⁰ Aftenposten 15. september 1947.

²¹ Revy nr. 23/1946/07.

Sjølv om reportasjen kan likne på ein instruksjonsfilm, er det sentrale elementet å vise arbeidet med å auke kunnskapen som må til for å utnytte skogens ressursar. Det neste innslaget viste kor delar av tømmeret blei brukt:

Med det samme vi er på skautur, kunne det kanskje være morsomt å se litt på alle de fine hyttene, som er kommet opp rundt omkring i det siste. Pent og hyggelig er det både ute og inne, men det er jo noen som bare har fått opp reisverket enda. Dette er en riktig flott hytte, og her treffer vi på rene luksusvillaen, - bare se dette prektige interiøret. Det er flere av samme slag, - mere eller mindre store, men ordentlig og solid bygget, - slik som folk liker å ha det når en først har råd til det. Det er bare det at det er forbudt å bygge slike hytter for tiden, - våre myndigheter har satt strenge bestemmelser for dem som overtrer denne loven. Det er GJENREISING [utheva av kommentator] landet trenger nå om dagen, - så får vi klare oss enda en stund uten den hytte vi har drømt om.²²

Reportasjen viste fyrst fine nyreiste hytter, både innvendig og uvendig, og kommentarane forklarte at dette var luksus som mange berre kunne drøyme om, illustrert med bilde av ein mann som samla rekved mot slutten av reportasjen. Filmavisa slo fast at slik hyttebygging var ulovleg, og forklarte i neste innslag korfor styresmaktene hadde innført slike restriksjonar. I reportasjen frå losjiskipa som låg til kai på Fillipstad fekk publikum sjå den store sosiale kontrasten til dei ulovlege hyttebyggerane:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>To menn går om bord i skip med sovepose og handbagasje. Mann leverer lyklar til dei to. Kvinne og menn i skipets salong, les bøker og røyker pipe. Kvinne ved lite vaskefat. Vi ser ned i vaskerommet der ei kvinne vaskar klede. Kvinne heng klede på snor oppe på dekk. Salongen, fullt ved alle bord av kvinner og menn som et suppe.</p>	<p>«Å ja, vi er vel alle klar over at det enda vil ta noen år før bolignøden er avhjulpet. Men tak over hodet skal en jo helst ha, og her tar vi en liten tur ombord i de tre logiskipene Oslo kommune har innkjøpt fra Sverige og som nå ligger ute i Fillipstad. Her kommer noen av leieboerne og får nøkkelen til "værelset" sitt av "portneren". Det er plass til førti mennesker i en og to manns lugarer ombord i hver båt, og alle forsøker å innrette seg så bra som mulig. Lasterommet brukes som bryggerhus, og det blir jo fin tork oppe på dekket. I salongen er det jo riktig hyggelig, og leieboerne er sikkert kommunen takknemlig for dette tiltaket, men det er jo ikke akkurat slik de fleste har tenkt å sette bo for resten av levetiden.»</p>

Revy nr 33/1946/05 «Kommunens logiskip ved Filipstad. Dagligliv om bord» (31 meter)

Filmavisa viste i innslaget at hyttebygging ikkje berre var ulovleg i juridisk forstand, men at den var moralsk forkasteleg og usolidarisk i forhold til dei som må leve i trange lugarar på eit losjiskip. Også Aftenposten såg dei to innslaga i samanheng:

²² Revy nr 33/1946/04 «Ulovlig hyttebygging. Hytter av forskjellig størrelse og kvalitet» (35 meter)

Den norske filmrevyen var morsom med flere gode poenger. Den ulovlige hyttebyggingen var satt i skarp kontrast til materialmangelen i Finnmark. Mannen som samlet rekved i fjæra, kan nok ikke på lange tider tenke på noe så luksuriøst som tømmerhytter.²³

Filmavisa omtalte også andre ulovlege handlingar som kunne skade gjenreisingsarbeidet. Handlingar som også handla om moralske dygder av personleg karakter. Dei fyrste etterkrigsåra var prega av strenge reguleringar for å styre ressursane inn mot investeringar i infrastruktur, næringsliv og andre former for gjenreising, blant anna ved å regulere det private forbruket gjennom rasjonering, valutapolitikk og liknande tiltak. Den 4. februar 1946 sendte Filmavisa ein reportasje frå tollstasjonen på Magnor:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Nærbilde av skilt «Magnor». Tog kjem til stasjonen. Passasjerar går av, og inn i ventande bilar. Nærbilde av skilt «Riksgrensen.» Tre tollarar kjem ut av tollbygning. Nærbilde skilt «Magnor tollstasjon». Bilar stoppar. To kvinner går inn på tollstasjonen med bagasje. Passkontroll inne på tollstasjonen. Tollar granskar skinnpung.</p>	<p>Sekvens 1: (hurtig og munter musikk) «Så reiser vi til Sverige. Ved grensestasjonen på Kongsvingerbanen, Magnor, er det mange som går av toget og tar bil til første stasjon på svenskesiden, Charlottenberg, for å prøve å komme utenom vanskelighetene med de strenge valutarestriksjonene. Men tolleren er der jo enten man kommer ved jernbanen eller landeveien, og der blir man gransket fra innerst til ytterst før man slipper inn i det forjettede land. Først er det pass og andre papirer som skal gjennomgås, og så kommer det uungåelige spørsmålet: Hvor mange penger har De med Dem? Det er nå engang bestemt at man bare får ta med noen ganske få kroner.</p>
<p>Sekvens 2: Utandørs, mann held ein ryggsekk. Tollar granskar sko og annan bagasje. To tollarar går i snølandskap.</p>	<p>Sekvens 2: Hvem eier ryggsekken, sier sjåføren, og tenk så er det ingen som vil kjennes ved den. Det er utrolig så mistenksomme disse tollerne er. Ned i skoene kjenner de, og opp i ermene på anorakken, ja, en kan jo aldri vite hvor folk har stukket vekk noen sedler de ikke har tenkt å snakke om. Imens går andre tollere vakt i grensegaten innover skogen</p>
<p>Sekvens 3: Tollar kontrollerer dokumentmappe, dreg ut revepels frå skjult rom. Tobakkspungar på bord. Myntar blir dryssa ut av pung. Tollar granskar ein bil, både motorrom og bagasjerom.</p>	<p>Sekvens 3: Denne mappen er det noe mistenkelig ved. Å nei, det trikset med hemmelige rom går nok ikke. Så den sølvreven får nok ikke eieren synderlig glede av. Ganske alminnelige tobakkspunger, det er bare den ting at de er så påfallende tunge, og det hadde nok sin naturlige årsak. Så skal bilene undersøkes, det er jo mange kroker hvor man kan stikke vekk både det ene og det annet.</p>
<p>Sekvens 4: Tollar kroppsvisterer ei kvinne. Tollar kroppsvisterer ein mann.</p>	<p>Sekvens 4: Ja, så strengt er det i dag at en til og med blir kroppsvistert, vennlig men bestemt. Denne smilende blide karen ser så uskyldig ut som det overhode kan gå an, men tollerne har sine instruksjoner å gå etter, så da hjelper det nok ingen kjære mor. Det verste er at han visst er temmelig kilen denne karen,</p>

²³ Aftenpostens melding av Filmavisa, 27. august.1946.

	men det ser ut til at samvittigheten er i orden, så da går det jo an å ta denne skjærsilden med ro alikevel.»
--	---

Revy nr. 1946/05/05 «Tollstasjonen på Magnor. Tollvisitering» (68 meter).

Reportasjen gav ei førestelling av at tollarane visste om alle mulege tjuvtriks eventuelle smuglarar måtte finne på. Tollarane si nitidige gransking kunne overtyde publikum om at det ikkje nytta å prøve å snike. Innslaget blei avslutta med at tollarane fann gøynde pengar i ein tobakkspung. Den moralske sida av saka blei formidla klart: Du skal ikkje smugle pengar i strid med reglane!

Svartebørshandel var også eit problem som kunne uthole reguleringspolitikken, og eitt år seinare følgde Filmavisa Prispolitiet aksjon for å hindre slik ulovleg innførsel av varer:

Vi ser:	Vi høyrer:
Bussar, Personbilar og lastebilar som blir stoppa på bilvegen og undersøkt av Prispolitiet.	«En kan vel egentlig ikke si at svartebørsen representerer noe alvorlig problem her hjemme lenger. Men det forekommer ennå en del utglidning som Prispolitiet vil ha slutt på. Og derfor rykket de mannsterke ut dagene før jul og gjorde en del fangster, ikke minst blant det bilende publikum. Det er fremdeles noen kjedelige bestemmelser som i alles interesse må opprettholdes en tid fremover. Blant annet skal en ha transporttillatelse fra Forsyningsnemden for å kunne ta med rasjonerte landmannsprodukter. Det var adskillige som hadde glemt i farten, og dermed havnet flere tonn juleflesk hos politiet naturligvis til stor forbitrelse for dem det gikk utover.»

Revy nr 01/1947/05 «Prispolitiet kontrollerer biltrafikken» (29 meter)

Reportasjen likna på innslaget frå Magnor stasjon, og vi fekk sjå at dei som eventuelt vil forsøke å smugle varer inn i landet vil bli stoppa. Filmavisa hevda at ein langt på veg hadde fått bukt med svartebørshandelen, og både forklarte og forsvarte at styresmaktene si regulering av handelen og handheving av strenge restriksjonar var i tråd med fellesskapets interesser.

Filmavisa sine reportasjar kring alkoholforbruk, ulovleg hyttebygging og smugling retta merksemda mot det som kunne hindre gjenreiseing, men i endå større grad retta den merksemda mot det moralsk rette; dugnad, solidaritet og høg arbeidsmoral, slik som i dette innslaget frå Nøsted Bruk:

Vi ser:	Vi høyrer:
Arbeidarane ved Nøsted Bruk samla i kantina. Sverre Pettersen står ved eit bord og talar til forsamlinga. Fleire klipp av nærbilde av arbeidarar som lyttar til Pettersen., Pettersen som held tale. Nærbilde av Pettersen. Bilde av samleband og arbeidsprosessen	(munter musikk) «Arbeiderne ved Nøsted Bruk i Drammen, som fabrikkerer bygningsplater, hadde forleden et møte etter arbeidstidens slutt. Den tidligere klubbformannen, snekker Sverre Pettersen, en av deltakerne i fagforeningens delegasjon, som nettopp er

<p>ved bygningsplater. Arbeiderar legg ferdige bygningsplater i ein stabel. Pettersen som held tale til arbeidarane.</p>	<p>kommet tilbake fra en studiereise i Nord-Troms og Finnmark, holdt foredrag om sine inntrykk fra de nordlige landsdeler. Han foreslo at arbeiderne i seks uker kjørte et ekstra nattskift fra lørdag kveld til søndag morgen for derved å øke produksjonen av bygningsplater til de krigsherjede distrikter. Dette vil bare for denne ene bedrifts vedkommende gi 60 tonn i tilvekst til den vanlige produksjon. Arbeiderne støttet enstemmig opp om forslaget, og samtidig ble det besluttet å appellere til andre bedrifter i bransjen – fabrikkene i Gjøvik og Brummunddal om å treffe lignende tiltak.</p> <p>Det er den riktige gjenreisningsånden. Ingen liker å arbeide overtid, men nå er det nødvendig.»</p>
--	---

Revy nr 37/1946/04 «Forslag om økt produksjon til fordel for Finnmark. Drammensfirma går i brodden. Produksjon av bygningsplater» (24 meter)

Filmavisa viste gjennom fleire reportasjar at infrastrukturen i dei nordlegaste landsdelane var blitt særleg ramma under krigen, og frå politisk hald fekk også gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms stor merksemd (sjå nedanfor). Arbeidarane ved Nøsted Bruk var såleis eit føredøme for den arbeidsmoral og solidaritet som styresmaktene ønskte, og Filmavisa vidareformidla deira appell om auka innsats: «Det er den riktige gjenreisningsånden,» slo Filmavisa fast.²⁴

I oktober 1946, ein månad seinare, var Filmavisa til stades på eit stort møte i Folkets Hus i Oslo kor dei fremste fagforeiningsmenn var samla for å diskutere korleis ein skulle auke produksjonen. Statsminister Gerhardsen var også invitert, og Filmavisa fortalde at han gav si tilslutning til planane om å innføre ekstraskift og overtidarbeid for å få produksjonen opp att på normalt fredsnivå.²⁵ Filmavisa gav i begge desse innslaga inntrykk av at initiativet til ein slik ekstra innsats kom nedanfrå, «frå golvet». Det same gjaldt innslaget frå «Arkitektkurset av 1945»:

”32 arkitekt-studenter tok saken i egen hånd”, kan vi sette som tittel på denne lille reportasjen. Plassmangelen ved Norges Tekniske Høyskoles arkitektavdeling hindret 32 studenter å fullføre sin utdanning. En del av våre fremste arkitekter ved Arnstein Arneberg i spissen tok da, etter oppfordring av elevene, initiativet til det som ble kalt ”Arkitektkurset av 1945”, og her avlegger vi et besøk i Statens Håndverks- og Kunstindustriskole, hvor kurset har vært holdt og hvor de nybakte arkitektenes arbeider er utstilt. Hensikten med kurset var å skaffe elevene de kunnskaper og ferdigheter som måtte til for å gi dem en fullverdig arkitektutdanning på like fot med de arkitekter som blir uteksaminert ved Høyskolen i Trondheim (...). Samtlige 32 er allerede absorbert av gjenreisningen, og flere er alt reist nordover til Finnmark.»²⁶

²⁴ Møtet var 18. september og blei omtalt i Aftenposten 19. september 1946. Også arbeiderane ved Grorud Jernvarefabrikk fylgde oppmodinga frå Nøsted Bruk og kvar mann arbeidde åtte timar ekstra kvar veke. Aftenposten 26. september 1946.

²⁵ Revy nr. 1946/41/04 «Øket produksjon til hjelp for Nord-Troms og Finnmark. Gerhardsen taler på LO-tillitsmannsmøte i Folkets Hus». (24 meter)

²⁶ Revy nr. 1946/34/03 «Unge kunstnere utstiller (Arkitektkurset av 1945)» (62 meter)

Sjølv om dette kurset skulle utdanne desse til å kunne skaffe seg eit varig levebrød som arkitektar, blei også her det ueigennyttige føremålet framheva: Dei var samtlege glødende opptatt av å få landet på fote igjen, og ynskte å bidra til gjenreisinga ved å reise nordover til Finnmark. I fleire av Filmavisas reportasjar var appellen om å yte ein ekstra innsats endå meir eksplisitt. I revy nr. 01/1947/06 var Filmavisa til skogs ein solfylt vinterdag og følgde arbeidet med tømmerhogst. I kommentarane framheva Filmavisa det store behovet for «å skaffe materiale til gjenoppbyggingen, og for å tilfredstille treforedlingsindustriens behov». Filmavisa forklarte at Stortinget no hadde opna opp for at årsklasse 1945 kunne avtene verneplikta med skogsarbeid på gode vilkår. Ho forklarte vidare at dersom 5 - 8.000 av desse valde frivillig skogsarbeid, så ville det vere til stor hjelp i ein vanskeleg situasjon. Argumentasjonen leia fram til følgjande sluttappell retta mot publikum, visuelt underbygd av glade og fornøgde tømmerhoggerar: «Frister ikke disse bildene til å gjøre en slik innsats?»

Ein ekstra innsats for å utnytte skogens ressursar var tema for fleire reportasjar, og ofte appellerte Filmavisa til frivillig ulønna arbeidsinnsats.²⁷ I ei tid der det var knappheit på både pengar og varer, var truleg eiga arbeidskraft den produksjonsfaktoren som lettast var tilgjengeleg. Det er såleis ikkje rart at dugnad var eit nokså vanleg fenomen i desse fyrste etterkrigsåra. For i det heile å få noko større arbeid gjort som ein kunne ha nytte av, kunne det vere heilt nødvendig med slik ubetalt arbeidsinnsats. Dugnad var difor ikkje berre ei solidarisk handling som skulle kome andre til gode. Dugnad hadde også eit element av eigennytte i seg, i dette tilfelle ved at ein kunne sleppe ordinær militærtjeneste.

Filmavisa tona ned denne dualiteten i reportasjene knytt til dugnadsinnsats. Det var den solidariske dimensjonen som i stor grad blei framheva når Filmavisa drog til skogs for å filme frivillig tømmerhogst. Dugnad blei i stor grad også brukt når ein gjekk saman for å samle inn pengar til krigens offer (sjå nedanfor), men også for å gje noko tilbake til dei som hjelpte nordmenn under krigen. Dette kunne ein sjå i ei av dei fyrste filmavisene:

Vi ser:	Vi høyrer
<p>Dansk flagg med skiltet «Danskeved» i bakgrunnen. Vi ser sjauing med store vedlass. Vaksne og born kjem med ved. Lastebil full av ved blir lossa i stor vedhaug. Gitar stablar veden. Vaksne og barn kjem med ved. To gamle damer kjem med nokre kubbar i avisepapir.</p>	<p>(munter musikk) «Vi har velsignet danskesuppen og danskepakken under krigen, men nå er det danskeveden som er parolen. Et beskjedent, men forhåpentlig velkomment uttrykk for vår store taknemlighet ovenfor Danmark. Oppfordringen til å samle inn ved til danskene fikk en enestående tilslutning, særlig i betraktning av den mer enn kritiske brenselssituasjon vi selv står oppe i. Til de 27 samlingsplasser som er opprettet i Oslo og omegn kom</p>

²⁷ Sjå til dømes revy nr. 14/1946/04, «Tømmerhogst i Telemark», 36/1948/04 «Sporveisfolk på tømmerhogst på Falteby i Enebakk» og 38/1947/02 «Vedhogst på Lørenskog».

	folk med det de kunne yte. Fra to-tre vedkubber til svære billass. Til slutt ble det omtrent 2000 favner som etterhånden ble kjørt ned til hovedsamlestasjonen i Filipstad. Særlig speiderguttene har vært strålende flinke og hengt i fra morgen til kveld. Disse bildene fra noen av samlingsplassene viser hvordan folk gikk mann av huse disse dagene. Folk kom med drakjerrer, småbarn slepte på fullstappede ryggsekker, mens disse gamle damene hadde pakket sine siste vedkubber inn i avispapir.»
--	--

Revy nr 06/1945/02 «Danskeveden» (40 meter)

Med bilde av to gamle damer som gav bort sine siste vedkubbar pakka i avispapir, gav Filmavisa kommentarer som framheva både den kritiske brenselssituasjonen i landet og viljen til solidariske og usjølviske handlingar. Damene eksemplifiserte dei som var villige til å dele det vesle dei hadde. Den prekære situasjonen blei illustrert i same revy, og satte denne innsamlingsaksjonen i samanheng med ynskje om å mobilisere folk til innsats for å betre brenselssituasjonen generelt. Norsk Film sin eigen direktør, Kristoffer Aamot, var også leiar for Oslo kommunale vedutval, og Filmavisa fylgde han til skogs:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Børte vann med skog rundt vatnet filma frå båt. Fleire menn i open båt på synfaring. Tømmerstablar. Mann blinkar ut tre. Mann høgg eit tre. Mann sagar ned tre. Hest dreg tømmerlast. Stokkar i tømmerrenne. Tømmer lastast på lastebil.	(musikk «Ved Rondane») «Oslo trenger 405.000 favner ved til vinteren, og hittil er bare sikret 185.000 favner. Oslo kommunale vedutvalg under ledelse av direktør Aamot, det er han som sitter i midten bak i båten, var forleden dag på befaring ved hugstfeltene ved Børte vann i Enebakk, hvor arbeidene drivest i forsert tempo. Det blinkes, hugges og skjærest. Stokkene kjøres sammen i lunder, for så å fraktes ned til Børte vann. Ved utløpet her har man bygget en transportabel renne hvor stokkene fløtes rett ned til veien. Herifra fraktes de med lastebil inn til Oslo.
Sekvens 2: Koier langs ved Børte vann. Tømmer flyt på vatnet.	Sekvens 2: Det er bygget praktiske hytter og koier til hugstkarene, men altfor mange av dem står tomme og venter på de hundreder, ja tusener av folk som nå MÅ melde seg til dette viktige arbeidet, hvis vi ikke skal gå en katastrofe i møte.»

Revy nr 06/1945/04 «Vedtilførsel til Oslo» (40 meter)

Det var vedmangelen i Oslo som var tema, men bilda av skog og den tilhøyrande musikken av Grieg kunne pense tankane inn på behovet for eit nasjonalt løft.²⁸ Denne reportasjen synest å ha eit klart føremål, og det var å mobilisere publikum til å melde seg for å dekke det store behovet for arbeidskraft i skogane. Innslaget blei avslutta med ein sterk appell om at folk måtte

²⁸ Også seinare viste Filmavisa til behovet for ved, til dømes i «Vedsjau i Oslos gater» (04/1946/02): «Brenselssituasjonen er ytterst vanskelig, og man må nok regne med at den blir temmelig prekær ennu i adskillig tid fremover.»

melde seg til teneste. Frykta for katastrofal mangel på brensel og dårleg samvit for ikkje å melde seg til «dette viktige arbeidet» blei brukt for å overtale Filmavisas publikum til å yte ein ekstra innsats.

Filmavisa spelte også på samvitet til publikum i andre reportasjar om frivillig arbeid til skogs. Hausten 1947 var Filmavisa med ei gruppe ungdommar frå Lørenskog skiforening som ein fin haustdag var på vedhogst:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Ti ungdomar hoppar av lastebilplanet, har med økser og sager. Går til skogs i fine omgjevnader. Sol. Mann høgger ned ei nokså ung bjørk. Kvisting. To menn sagnar ned ei gran. Kvisting, barking. To kvinner kledd i skjørt fellar eit tre. Ungdomane tek matpause i solfylte omgjevnader. Mann leikar med hund.</p>	<p>(etter eit innslag frå eit idrettsstemne for ungdom) «Men ungdommen driver ikke bare idrett i sine fristunder. Se bare på disse ungdommene, som riktignok har kommet mer til sjels år og alder, i det de drar ut i skauen på vedhogst. Mer enn noen gang trenger vi hver mann på post når det gjelder å skaffe fram tilstrekkelig tømmer til fabrikkene og ved til husbehov. Så Norsk Film er virkelig glad for å kunne vise hvordan for eksempel Lørenskog skiforening begynner kondisjonstreningen før vinterens konkurranser med å hugge ved for kommunen. Ærlig talt, dere som synest det er koselig å trekke dynen over hodet en søndag morgen; Er det ikke bedre å følge med disse karene innover i skauen? Frisk luft i lungene og et virkelig nyttig arbeid foran seg. Redskapen må vere i orden, for her varer det ikke lenge før de første trærne er i bakken. Senere skal det kvistes og bakes, og alt skal gjøres ordentlig, men så er også samvittigheten god når man rusler hjemover om ettermiddagen. Det er den sikkert også for disse jentene, som tar i et tak i konkurranse med guttene. Det er slett ikke småtterier de får hugget og lagt iløpet av søndagen. Og hva som er dobbelt gledelig; Arbeidspengene for hugsten går i klubbkassen. Så vedhogsten blir virkelig til nytte og glede for mange.»</p>

Revy nr 38/1947/02 «Vedhogst på Lørenskog» (48 meter)

Det heile såg svært idyllisk ut. Ungdom av begge kjønn synest å trivest i selskap med kvarandre, og arbeidet såg ikkje ut til å vere så hardt. Reportasjen blei avslutta med ein hyggeleg rast, og leik med ein hund. Kommentaranane appellerte direkte til publikum ved å bruke pronomenet «dere»: I staden for å ligge å late seg, kan ungdommen gjere noko til nytte for fellesskapet. Filmavisa framheva desse ungdomane som gode føredøme, og det implisitte retoriske spørsmålet var: Vil ikkje gjerne du også få godt samvit etter å gjort slikt arbeid som er til nytte for oss alle? I dette innslaget var det ingen skjulte budskap; Filmavisa agiterte i ord og bilde til auka arbeidsinnsats i ei form som skil seg lite frå reportasjar laga med liknande føremål, men under ein totalitær sensur. Til dømes har Tore Helseth vist at den NS-kontrollerte Norsk Films

revy brukte liknande virkemiddel i sine reportasjar som appellerte til publikum for å yte ein ekstra innsats til skogs for «matauk» eller andre tiltak i ei tid med matriell knappheit.²⁹

Moralsk plikt til å hjelpe krigens offer

«Hatten av for fortiden, jakken av for fremtiden» var blant slagorda som «Opplysningskomiteen for gjenreisning» brukte i sine annonser for sitt arbeid. Bodskapen var at ein skulle ære dei som under krigen hadde gjort store offer og kjempa for norsk sjølvstende ved å brette opp ermene og utvise høg arbeidsmoral i gjenreisninga av landet. Ein parallell argumentasjon blei brukt av dei ulike humanitære innsamlingsaksjonene like etter krigen. «Vi» som nasjon hadde ei moralsk plikt til å hjelpe krigens offer. Dermed hadde blant anna Nasjonalhjelpen³⁰ også ei «forteljing om krigen» som eit viktig element i sine innsamlingsaksjonar.³¹

Våren 1946 rapporterte Filmavisa at Nasjonalhjelpens innsamling til frihetskampens offer var i full gang. Kommentatoren kunne fortelle at »i månedsvis har utrettelige hjerner og hender planlagt og utbygget dette, det mest gigantiske innsamlingsapparat som noen gang er startet i Norge» (Revy nr. 12/1946/04). Filmavisa viste publikum korleis plakatar og anna reklamematriell frå kampanjen blei satt opp i Oslo. Veka etter var Filmavisa i Rjukan, der Filmavisa fortalde at «Norges mørkeste by» feira at sola kom tilbake etter vinteren. Denne tradisjonsrike Solfesten var blitt sløyfa under krigen, men «i år tok borgerne igjen det forsømte». Festen kan tolkast som ein allegori til krigen, og feiringa av lysets seier over mørkrets krefter. Filmavisa avslutta reportasjen med å meddele at inntektene frå Solfesten, som rett og rimeleg var, gjekk til Nasjonalhjelpens «Frihetsgave».³²

Engasjementet for innsamlingsaksjonen var godt planta i redaksjonen ettersom Filmavisas eigen fotograf, Erik Hurum, også var pressesjef for Nasjonalhjelpen. I neste nummer fekk vi sjå at Filmavisas fotograf bokstaveleg talt var med å spreie Nasjonalhjelpens propaganda. Ein kan setje spørsmålsteikn ved om dette var foreineleg med vår eiga tids objektivitetskrav knytt til journalistrolla, men den gong kunne ein sjå annleis på journalistikken.

²⁹ Helseth 2000:138-141.

³⁰ Nasjonalhjelpen var nemninga på «Fellesvalget for humanitært arbeid», oppretta av Administrasjonsrådet i 1940. Gjennom krigen og dei fyrste åra etter satte Nasjonalhjelpen i gang fleire innsamlingar. Etter frigjeringa gjekk Nasjonalhjelpen i spissen for ei innsamling som av tilsaman 103,7 mill. kr., kor 32,3 blei gjeve dels for å avhjelpe naud, dels hjelp til sjølhjelp og dels som såkalla frihetsgåver. Resten ble avsatt i Nasjonalhjelpens Fond for krigens ofre (oppretta 1947). Norsk krigsleksikon (1995), artikkel om «Nasjonalhjelpen» signert Eirin Hagen.

³¹ Aksjonen blei lansert med sending i NRK radio søndag den 17. mars med taler frå mellom anna Kong Haakon VII og Kronprins Olav. «Gjør opp nasjonens æresgjeld til de som ofret alt» sa kronprinsen mellom anna. Sjå Aftenposten 18. mars 1946.

³² Kommenterar revy nr. 12/1946/04 «Nasjonalhjelpens aksjon for Frihetsgaven» (25 meter) og 12/1946/05 «Solfesten i Rjukan» (75 meter).

Ein av Filmavisas andre fotografar, Bredo Lind, gav uttrykk for at ein burde bruke levande bilde for å propagandere «i det godes» teneste.³³ Dersom vi legg til grunn at Lind sitt synspunkt blei delt av resten av redaksjonen, var nok Hurums engasjement for Nasjonalhjelpen og ein reportasje frå det Filmavisa sjølv definerte som ein «propagandatur» uproblematisk av Filmavisa:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Bilde av eit av Catalina-flya til flyvåpnet i ei sjøflyhamn. Oversikt sentrale delar av by sett frå flyet.	Sekvens 1: (pompøs musikk) «Et av Flyvåpenets catalinafly har vært på propagandatur kysten rundt for Nasjonalhjelpen. Formannen i den store innsamlingskomiteen, disponent Trygve Dalseg, skulle konferere med de lokale avdelinger, og pressesjef Hurum skulle ta avisene under ekstra behandling. Overalt ble det kastet ned flyblader med teksten: »Ni tusen nordmenn gav sitt liv for vår frihet, vil du gi en dag av ditt?» Parolen fra Kristiansand til Hammerfest er: Minst en dagslønn. (...)
Sekvens 2: Oversikt Kristiansand. Lettbåt, med det lokale arbeidsutvalg og pressa, på veg ut til flyet.	Sekvens 2: Deretter fortsatte man umiddelbart til Kristiansand. Her ser vi det lokale arbeidsutvalget og pressen på vei ut til flyet. Bakerst i båten sitter fylkesmann Lund. (...)
Sekvens 3: Flyfoto, passerer Lindesnes.	Sekvens 3: (ingen kommentar).
Sekvens 4: Representantar for lokalpressa og Nasjonalhjelpen helse kvarandre på Sola Flyplass.	Sekvens 4: På Sola er representanter for Stavangeravisene og for øvrig en rekke av Nasjonalhjelpens medarbeidere til stede. (...)
Sekvens 5: Flyfoto på veg langs kysten. Mann kaster ut flygeblad frå flyet.	Sekvens 5: Under turen videre oppover Vestlandet går flyet ned i lav høyde over hver by, ja nær sagt hvert bebygget sted. Nye tusener flyblad kastes ut over alt.
Sekvens 6: Flyfoto Telavåg.	Sekvens 6: Men også de som Nasjonalhjelpen skal støtte avlegger vi et lite besøk. Her er vi over Televåg – hvor tyske krigsfanger omsider har fått bygget noen veier, men hvor gjereisningene forøvrig går langsomt. Bare to små hus er hittil blitt reist, men nå når våren kommer, skal det nok bli mere fart i arbeidet. (...)
Sekvens 7: Panorama over sentrale delar av Bergen.	Sekvens 7: Og dette var bare et enkelt lite ledd i Nasjonalhjelpens veldige innsamlingsarbeide til Frihetsgaven.»

Revy nr 13/1946/07 «Nasjonalhjelpens propagandatur med fly langs kysten» (86 meter)

Referansane til krigens offer og den moralske plikta til å bidra var eksplisitt uttrykt, og Filmavisa vidareformidla aksjonens appell om å gje ei dagsløn: «Ni tusen nordmenn gav sitt liv for vår frihet, vil du gi en dag av ditt?» Den vesle tettstaden Telavåg som hadde ofra mykje

³³ Lind 1946.

under krigen blei trekt fram blant dei som Nasjonalhjelpen skulle støtte, og publikum fekk sjå at mykje gjenreisingsarbeid står att.

Gav aksjonen resultat? Utviste nordmenn eit solidarisk sinnelag med krigens offer? Filmavisa svarte stadfestande på spørsmålet då ho i den neste utgåva viste Nasjonalhjelpens bilkortasje på Karl Johan:

Hele landet har stått i Frihetskavens tegn, en enestående manifestasjon om ønsket om å hjelpe krigens ofre. Innsamlingen går videre, men som en foreløpig kulminasjon av de utallige tiltakene i Oslo, bringer vi disse bildene fra den store bilkortasjen, som forleden kjørte gjennom byen. Bare med de største vanskeligheter klarte den å bane seg vei gjennom det sydende, bølgende hav av mennesker, som villig grep i lommene for femogtyvende gang.

Det var biler av alle slag, brannbiler, jeoper, politibiler og vanlige biler, men alle var de pyntet med norske farger og Nasjonalhjelpens plakater, og innsamlerne gikk til sin oppgave med ungdommens mest fantastisk glød. Og da var det ikke lett å komme seg unna.³⁴

Reportasjen viste Karl Johans gate fylt av ei stor folkemengde som tyda på at mange slutta opp om Nasjonalhjelpen sin aksjon. Filmavisa kommenterte at mange også bidrog, og dette kunne overtyde publikum om at dei også burde støtte innsamlingsaksjonen. Filmavisa heldt fram dekninga av Nasjonalhjelpen sine ulike arrangement. I mai var idrettsfolk samla til stemne på Bislett stadion, og russen nytta høvet til samle inn pengar til Nasjonalhjelpen gjennom ulike fantasifulle påfunn.³⁵ I oktober var fleire stortingsmenn til stades då Nasjonalhjelpen sitt fylkesbarometer blei høgtideleg avduka på Eidsvoll plass.³⁶ Tre veker seinare var Filmavisa igjen på vengene saman med Nasjonalhjelpen. Kommentatoren Bjørset med fortid i reklamebransjen opna reportasjen slik:

«Et nydelig lite fly, ikke sant? Kunne De ikke tenke Dem å være den lykkelige eier av et slikt vidunder? Vel, da er det bare å sikre seg flest mulig lodder i H7-lotteriet. Ja, De får tilgi denne grove tekstreklamen i filmrevyen, men det skjer jo bare denne ene gangen, og derfor håper vi det er tilgitt. La oss se om det er noe tess dette flyet: Vi går på vingene fra Fornebu, og drar på en liten tur kysten nedover. (...)»³⁷

Nasjonalhjelpen si verksemd hadde ikkje ein kommersiell karakter, så Filmavisa dreiv nok ikkje tekstreklame i streng forstand.³⁸ Sjølv om ein i dette innslaget lokka med premiar, var det

³⁴ Kommentar til revy nr. 1946/14/07 «Nasjonalhjelpens bilkortasje på Karl Johan» (25 meter)

³⁵ Revy nr 22/1946/03 «Russens dag. Parade. Regn. Publikum rømmer Bisletts tribuner» (61 meter)

³⁶ Revy nr 43/1946/04 «Nasjonalhjelpens fylkesbarometer på Eidsvoll plass. Stortingsmenn tilstede ved høgtideligheten, blant annen Nygårdsvold.» (32 meter)

³⁷ Revy nr 46/1946/01 «Med Nasjonalhjelpens fly til Sørlandet over kysten. Lite sportsfly. Passerer Svelvik, Holmestrand, Langesund, Risør, Arendal, Krisitansand, Mandal, Flekkefjord» (97 meter)

³⁸ Filmavisa viste seinare at Nasjonalhjelpen hadde nådd sitt innsamlingsmål, og trekninga av hovudgevinsten i H7-lotteriet. Revy nr 11/1947/05 «Nasjonalhjelpen» (100 millioner) (25 meter) og 17/1947/02 «Trekningen av hovedgevinstene i H7» (28 meter)

Nasjonalhjelpens argumentasjon for å overtyde publikum om at ein hadde ei moralsk plikt til hjelpe krigens offer som Filmavisa fyrst og fremst vidareformidla. Nasjonalhjelpen fekk utelukkande positiv omtale av sine mange innsamlingsaksjonar, mens andre saker som kunne setje organisasjonen i eit dårleg lys blei ikkje omtalt i Filmavisa. I 1948 blei det retta kritikk mot leiinga av Nasjonalhjelpen, med skuldingar som var så alvorlege at Sosialdepartementet satte ned eit eige granskingsutval. Blant anna så hadde vinnaren av 2.-premien i H7-lotteriet ønskt å få utbetalt pengar istadenfor gevinsten, «Et nytt norsk hjem» som hadde ein verdi av 50.000 kroner. Dette ønskje blei avslått, og det heile endte med at gevinsten blei kjøpt for berre 40.000 kroner av arkitekt Odd Nansen. Denne rimelege prisen kunne nok vere til stor fordel for Nansen som var i ferd med å bygge seg hus, men problemet med denne handelen som fleire peikte på var at Nansen også sat i styret for Nasjonalhjelpen. Granskingsutvalet skulle også sjå på andre påstandar om at sentrale personar i Nasjonalhjelpen skulle ha brukt sine posisjonar til å fremje privatøkonomiske interesser. Sjølv om dette utvalet til slutt slo fast at ingenting kritikkverdig hadde skjedd, var denne saka så oppsiktsvekkande at den burde blitt nemnt av Filmavisa. Saka fekk mange fyrsteside-oppslag i Aftenposten, men blei forbigått i stillheit av Filmavisa.³⁹

Ein bodskap om ein hadde ei moralsk plikt til å hjelpe krigens offer gjaldt til ein viss grad også humanitære aksjonar som gjekk utover landets grenser. Under den store «Gi en dag»-aksjonen våren 1948 følgde Filmavisa gjennom tre påfølgjande utgåver studentar, speiderar, skuleborn og andre som stilte arbeidskrafta si til rådvelde for FN-aksjonen til inntekt for naudlidande born. I utgåvene 10/1948 og 11/1948 såg vi studentar som gjorde ulikt oppryddingsarbeid for mellom anna Oslo sporveier. Kommentaren opplyste at 75.000 kroner blei samla inn til gode føremål. I 12/1948/01 var det skuleborna sin tur:

«Gi en dag-aksjonen blir båret frem på en bølge av oppofrende forståelse og velvilje fra alle hold. Her er det skolebarna som gjør sin innsats. Noen hakker is, andre beskjerer trær og busker, mens atter andre går husmoderen i hånde, og gir seg i kast med teppebank og vinduspussing.»

Reportasjane gav ei førestelling om at aksjonen fekk stor oppslutnad. Også dekninga av Europahjelpen sine ulike aksjonar gav eit liknande inntrykk av at nordmenn utviste solidaritet med dei som var vanskelegare stilt. Filmavisa viste speidarar som samla inn 6000 gåvepakker til Finland, og korleis ein mobiliserte for innsats til naudlidande i Austerrike.⁴⁰

³⁹ Sjå td. Aftenposten 4.6.1948, 7.7.1948, 12.11.1948, 30.12.1948 og 31.12.1948.

⁴⁰ Revy nr. 47/1946/03 «KFUM speidere samler 6000 gavepakker til Finland» (27 meter), 1946/48/01 «Gavepakker fra Oslo til Wien» (17 meter). Sjå til dømes også 25/1946/05 «Europahjelpens bilkolonne på Karl

I tillegg var Filmavisa fleire gonger på Østbanen i samband med flyktningeborn som hadde ferieopphald i Noreg. Til dømes i 28/1948//04 var Filmavisa til stades då 80 spanske flyktningeborn kom til Oslo, og i 35/1948/02 tok ein farvel med desse borna:

«For en stund siden satte 80 spanske flyktningebarn kursen mot Frankrike igjen, etter et seks ukers opphold i Norge. Med norsk flagg i spissen bar det nedover mot Østbanen i følge med pleieforeldrene, for de spanske barna var innkvartert privat på forskjellige kanter av landet. Det var ikke rare greiene med barna når (sic) de kom, men et seks ukers opphold i Norge har nok hjulpet på disse barna som så sårt trengte til skikkelig kost og pleie. Avskjeden på Østbanen ble rørende. Noen og enhver hadde vanskelig for å holde tårene tilbake. La oss nå gå inn for at enda flere spanske barn skal få høve til å komme til landet neste sommer.»

Bilda viste glade born som smilte mot kamera, takksame for hjelpa dei hadde fått. Slik var det også i andre innslag som viste andre naudlindande born som kom til Noreg for ei kortare stund.⁴¹ Reportasjen slutta med eit imperativ om at ein burde hjelpe endå fleire slike born.

Filmavisa knytta den moralske gjenreisinga til kva som var rett eller gale å gjere for å gjenreise landet: Smugling, egoisme og alkoholforbruk var galt, mens flid, dugnad og solidaritet med dei som hadde det vanskeleg var rett. Det nasjonale «vi» som overlevde krigen hadde i tillegg også ei moralsk plikt overfor «Frihetskampens offer» for å byggje opp att fedrelandet (sjå også kapittel om Krigens offer). Denne plikta blei også kopla til eit spørsmål om nasjonal ære, og Filmavisa manta til auka arbeidsinnsats for eit kollektivt løft gjennom å appellere til publikums samvit.

Forholdet mellom den politiske eliten og folket kunne påverke arbeidsmoralen. Dersom den styrande eliten framstod som ei privilegert gruppe som til dømes kunne vere unntatt rasjonering og andre restriksjonar som dei fleste måtte rette seg etter, ville det kunne svekke den politiske legitimiteten. Ingen reportasjar i Filmavisa gjev eit slikt bilde, tvertom gav innslag som «Departementsskirenn» (12/1946/01) konnotasjonar til eit egalitært samfunn.⁴² Den 16. mars 1946 blei det i Oslo arrangert eit skiløp der tilsette i statsadministrasjonen og medlemmar av regjeringa deltok. Filmavisa var til stades for å filme denne tilsynelatande kuriøse hendinga

Johan» (22 meter), 43/1946/02 «Den norske UNRA-komites gave til nødlidende i Europa», 40/1947/03 «Europahjelpens innsamling for Europas sultende barn» (31 meter), 49/1947/07 «Europahjelpen sender sild og tran til Tyskland» (43 meter), og 15/1948/03 «Sykehusbetjeningens idrettslag bidrar til Europahjelpen med show på Ullevål» (24 meter), 18/1949/01 «Grefsrudleiren i Holmestrand. Europahjelpen» (67 meter).

⁴¹ (40/1946/06) «Polske barn med tog til Østbanen» (24 meter), (02/1947/03) «Danske astmabarn kommer til Norge» (15 meter), (11/1947/03) «Danske astmabarn» (85 meter), 20/1947/01 «Norge tar i mot den første kontingent av jøder» (79 meter), (20/1947/02) «Spanske flyktningebarn på Norgesbesøk» (29 meter), (24/1947/05) «De spanske flyktningebarna forlater atter Norge» (19 meter), (28/1948/04) «80 spanske flyktningbarn kommer til Oslo» (27 meter), (35/1948/02) «80 spanske flyktningbarn forlater Norge etter seks ukers ferieopphold» (27 meter), (14/1948/01) «Jødiske flykningbarn får norske pleieforeldre» (48 meter), (43/1948/02) «47 jødiske barn fra Berlin til Norge på ferie» (30 meter).

⁴² Også dei to neste åra viste Filmavisa innslag frå slike departementsskirenn (13/1947/06 og 13/1948/05).

som blei vist i den same revyen som ein lanserte Nasjonalhjelpen sin store innsamlingsaksjon. Filmavisa viste statsminister Gerhardsen og ministrane Lange, Hauge og Fostervold med nikkens og startnummer strene avgårde på ski. Men nettopp ved at ministrane gjekk på ski slik ”vanlege folk” også gjorde, kunne dette «kuriøse» innslaget gje konnotasjonar om at makteliten hadde sitt utspring i folket og dermed hadde ei legitim makt, blant anna til å føre ein politikk for den fysiske gjenreisinga av landet.

Den fysiske gjenreising

Ei sentral målsetjing i Fellesprogrammet var den fysiske gjenreisinga av landet. Brente byar skulle bli bygd opp att, og ein skulle «skaffe gode og tilstrekkelig rommelige boliger for alle». Infrastrukturen skulle gjenreisast, mellom anna for å kunne vere teneleg for eit næringsliv som måtte på fote igjen. I 1945 låg industriproduksjonen på om lag 50 % av 1939-nivået, og i Fellesprogrammet blei det lagt vekt på at ein skulle utnytte landets komparative fortrinn og satse på næringar som kunne skaffe landet valuta, mellom anna rikeleg tilgang til naturressursar som malm, skog og relativt billig elektrisk kraft.⁴³ Noko skilt i frå det sivile liv føregjekk også ei gjenreising av forsvaret, som kravde store ressursar. Ei grunnleggande førestelling var at forsvaret i 1940 hadde vore for svakt til å kunne verje landet mot ein invasjon, og «aldri meir 9. april» blei brukt som eit slagord for gjenreising av eit sterkt forsvar

Fellesprogrammet la opp til sterk statleg styring for å fordele dei knappe ressursane inn mot prioriterte gjenreisingsoppgåver. Rasjonering av forbruksvarer og statleg regulering på ei lang rekkje felt var sett på som nødvendige middel for å nå dei djerpe målsetjingane. Gjenreisinga av landet i alle sine ulike former var eit sentralt tema for Filmavisa dei fyrste etterkrigsåra. I denne delen skal vi i fyrste rekkje vurdere korleis Filmavisa identifiserte kva som var problemet med den fysiske gjenreisinga, og kva kunne vere årsaker til det. Vi skal også sjå på kva moralske vurderingar Filmavisa gav uttrykk for, og om ho skisserte mulege løysingar knytt til den fysiske gjenreisinga. Tok ho til orde for statleg regulering? Burde ein akseptere rasjonering på vanlege forbruksvarer? Kunne Filmavisa rapportere om framsteg som kunne gje grunnlag for optimisme og oppslutnad kring gjenreisingspolitikken?

Eg har delt inn Filmavisa si dekning av den fysiske gjenreisinga i tre underkategoriar som eg vil handsame kvar for seg; a) gjenreising av infrastrukturen, b) næringslivet og c) forsvaret.

⁴³ Fellesprogrammet 1945.

Gjenreising av infrastrukturen

«Restene etter tyskernes herjinger» - Finnmark og utbomba byar

Det gjekk ei stund før Filmavisa kunne vise bilde frå utbomba byar og resultat av tyskaranes brente jords taktikk i Finnmark. Mange av byane som låg meir eller mindre i ruinar etter tyske bombetokt låg langt unna Oslo, og problem med å frakte kameramann og relativt tungt utstyr kan nok forklare korfor dette ikkje skjedde tidlegare. Dessutan var det mykje å filme i Oslo-området, og dei mange kongeferdane var også eit prioritert område som kravde store ressursar sommaren 1945. Finnmark var det området kor øydeleggingane var størst. Titusenvis av finnmarkingar var drivne på flukt, og fleire byar og tettstadar var blitt jamna med jorda. Den 2. august 1945 meldte Aftenposten at Finnmark skulle filmast i tre veker: «Endelig skal vi her sørpå få se resultatet av tyskernes herjinger, endelig skal vi få se hvordan de har lagt landet øde og hvordan vår nordligste landsdel ser ut etter fem lange krigsår», skreiv Aftenposten, og fortalde vidare:

En virkelig god nyhet dukket opp i går ettermiddag. Finnmark skal filmes. Gjentatte ganger har vi etterlyst bilder fra denne delen av landet, nu sist da kronprins Olav reiste nordover, men dessverre uten noen filmfotograf om bord fordi det ikke var plass i maskinene. (avsn) I dag reiser han imidlertid. (...) Sigurd Agnell har i over to år vært en av en av hjemmestyrkenes fotografer. Han har arbeidet i Norsk Film i flere år og er blant annet den ene av de fotografer som fikk anledning til å prøve seg som fargefilmfotografer.

Aftenposten intervjuar redaktør Bjørset om korleis Agnell si reise til Finnmark skulle ordnast i praksis, etter at ein omsider no hadde lukkast med å skaffe fly nordover til ein filmfotograf. Tromsø skulle vere fyrste stopp for Agnell. Her skulle han saman med Gjenreisingsdepartementets Finnmarkskontor og statsråd Gabrielsen i fellesskap planlegge reiseruta vidare. «– Vi håper våre militære myndigheter vil være Agnell behjelpelig med transportene slik at han kan komme raskt fram», avslutta Bjørset.⁴⁴

Agnells reise var *praktisk organisert* slik at han blei nær knytt til dei militære og sivile styresmaktene. Dette påverka truleg *utvalet* nedbrende byar Agnell fekk filma, og seinare vist til Filmavisas publikum. Agnells reise til Finnmark var den fyrste i ei rekkje der Filmavisa sine fotografar fylgde i fotefara til styresmaktene, blant anna «Opplysningskomiteen for Gjenreising» sine mange synfaringar. I eit vidare perspektiv kan det sjå ut som den same

⁴⁴ Aftenposten 2. august 1945. Agnell reiste mellom anna til Kvenangen, Honningsvåg og Hammerfest.

dynamikken gjaldt på fleire områder, der Filmavisa var invitert av styresmaktene til å få servert ei slags «offisiell tolkingsramme» kring ulike hendingar, til dømes interneringsleiren på Hovedøya, sosialminister Oftedals tale for edruskap, osv. Det same gjeld truleg også ved svært mange offisielle markeringar av ulik art som Filmavisa dekte, sjølv om det er vanskeleg å dokumentere i kva grad ho var invitert.

1200 meter med film blei resultat frå Agnell si reise til Finnmark, og etter at han kom tilbake til Oslo fortalde han til Aftenposten at øydeleggingane var langt verre enn han hadde førestelt seg. Men det som forbausa han mest av alt, var finnmarkingane sitt pågangsmot:

Her kommer de hjem og finner en ruinhaug der de før hadde hjemmet sitt. De finner noen steiner – og det er alt. Men tåren tørker på kinnene – og så tar de fatt på å reise hjemmet ditt, bygden sin, fiskeværet ditt eller byen sin. Jeg tror ikke vi her sørpå hadde hatt kraft nok, ikke marg nok i ryggraden til å ta det på samme måten.⁴⁵

I intervjuet gav Agnell uttrykk for ei haldning som ein kan spore i Filmavisa si dekning av gjenreisingsspørsmålet. Det var viktig å vise øydeleggingane og få forståing for kor store oppgåver som måtte løysast. For Finnmark sin del var det særleg viktig at alle nordmenn som hadde problem med å forstå kor vanskeleg menneske i Finnmark hadde, skulle få sjå levande bilde av eit Hammerfest i ruinar, øydelagde bruer og nedhogde telefonstolpar:

Særlig kan de kanskje ha godt av å se filmen, alle de nordmenn som ikke fullt ut forstår hvor vanskelig folk i Finnmark har det. Det finnes dem som 8. – 9. mai sa til disse landsmenn at nu er krigen slutt, nu kan dere reise hjem igjen. Hjem igjen – til hva? Det *er* forståelig at finnmarkingen kan bli litt bitter. Vi har sett byer i grus, vi har sett ruiner mil etter mil – vi har fulgt den tyske terror i en rekke utenlandske kortfilmer og i ukerevyene. Jeg har sett Finnmark og jeg kan trygt si: Såret i Norges panne er like dypt og like blødende.⁴⁶

Angell heldt fram finnmarkingane som eit godt føredøme for nordmenn flest, kor dei med flid og pågangsmot reiste heim for å ta fatt på gjenreisninga. Angell si reise i Finnmark resulterte i filmen «På kryss og tvers gjennom Finnmark – landet som tyskerne brente». Filmene blei vist for fyrste gong den 22. oktober 1945 på ei eiga framsyning på Saga kino, der «Opplysningskomiteen for Gjenreisningen» hadde innbydd personar frå sentraladministrasjonen og andre som hadde direkte tilknytning til gjenreisningsarbeidet. Dette kan kallast ei form for strategisk informasjonsarbeid i regi av «Opplysningskomiteen». I følgje Aftenposten gjorde filmene eit særdeles sterkt inntrykk:

⁴⁵ Aftenposten 24. september 1945.

⁴⁶ Aftenposten 24. september 1945.

(...) Arnulf Øverland leste først sitt gripende dikt fra julen i Sachsenhausen. Etter en konsertavdeling av Ernst Glaser og Kari Aarvold Glaser ble det vist en film opptatt av fotograf Agnell i A/S Norsk Film, «På kryss og tvers gjennom Finnmark – landet som tyskerne brente». Filmen, som er helt gjennom realistisk reportasje fra de ødelagte områder og de første spredte gjenoppbygningstiltak, gjorde et meget sterkt inntrykk på den helt fullsatte sal.⁴⁷

På grunn av lengda (28 minutt) blei ikkje Agnells film vist som ein del av Filmavisa, men blei seinare vist som ordinær kinoframsying. Filmen blei også satt opp i samband med visningar av Filmavisa på Palassteatret.⁴⁸ Det blei også referert til og vist klipp frå denne filmen i seinare utgåve av Filmavisa.⁴⁹ Innslaga i Filmavisa om Finnmark og gjenreisninga der må derfor sjåast i ein kontekst med at det fantes andre filmar om temaet.

I september 1945 viste Filmavisa eit innslag frå Telavåg, og etter kvart blei ulike sider av gjenreisninga av bustadar og anna infrastruktur eit sentralt tema i reportasjane som Filmavisa produserte.⁵⁰ Tyskarane hadde jamna Telavåg med jorda den 30. april 1942 som ei kollektiv straff for at to Sipo-menn var blitt skotne der.⁵¹ Reportasjen i 1945 blei seinare fulgt opp i ein reportasje våren 1946 som viste kor langt gjenreisingsarbeidet var kome i Telavåg (revy nr. 19/1946/06 sjå ovanfor) .

Det tok noko tid før Filmavisa reiste langt avgarde for å vise nedbrende byar og bustadmangelen, og i staden fann ho døme på trange buforhold i nærleiken av Norsk Film sine lokaler i Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
Gymsal. Studentar ligg på golvet i soveposer. Ein student ligg og les. Kø framfor vasken. Barbering, vasking og tannpuss om einannan. Tre studentar sit på golvet og et brødskiver. Mann sit ved krakk og skjerer skiver. Studentar sit på golvet og les i bøker. Kleder heng på ribbeveggen. Studentar sit og les. Student stoppar strømpær. Studentar sit på golvet med ulike gjøremål.	(munter musikk) «Norsk Film var forleden på besøk i gymnastikksalen på Uranienborg skole, og de bildene vil nok bedre enn ord fortelle om de innkvarteringsforhold byen med det store hjerte byr landets studenter. Her skal 100 mann klare morgentoalett ved enslige to vasker. Frokosten blir temmelig primitiv, og for de fleste må gulvet tjene som bord. Denne karen har det jo riktig flott som har fått tak i en taburett. Så kommer kvelden, og studentene tar fatt på hjemmearbeidet. De har ikke så mye som et skap å ha sakene sine i, så alt flyter rundt på gulvet. Men, ribbevegger er det jo, så klærne iallefall kan bli hengt opp. Lesning er naturligvis hovedgeskjeftigelsen, det er jo av bøkene de unge mennene skal øse sin lærdom, men også visse huslige gjøremål må passes. Slik kan det ikke gå! Studentene MÅ [sic, utheva av kommentator] skaffes ordentlig

⁴⁷ Aftenposten 23. oktober 1945.

⁴⁸ Kinoannonser i Aftenposten, 30. oktober og 6. november 1945. Sjå også Brinch og Iversen 2001:211-212 for omtale av filmen.

⁴⁹ Revy nr. 23/1946/06 «Hammerfest i dag» (87 meter).

⁵⁰ Revy nr. 19/1945/01 «Telavåg» (63 meter).

⁵¹ Norsk krigsleksikon (1995), artikkelen «Telavåg», signert Berit Nøkleby.

	husrom og arbeidsbetingelser! Og det må gjøres straks!»
--	---

Revy nr. 18/1945/03 «Studentene må bo i gymnastikksaler» (42 meter)

Filmavisa meinte at «bildene nok bedre enn ord» kunne fortelje korleis studentane hadde det, og viste korleis dei hadde innretta seg under svært spartanske buforhold. Innslaget hadde ein nokså lett og humoristisk tone, både i kommentarane og bruken av bilde. Likevel slutta det med ein alvorleg appell om at noko må gjerast straks for å betre studentane sine buforhold. Nokon månader seinare kunne Filmavisa rapportere at studentane i alle fall hadde fått det litt betre, og hadde fått plass i nokre brakker.⁵² Seint på hausten 1945 hadde Filmavisa ein reportasje frå eit stort byggeprosjekt i Oslo, og hevda at bustadbygginga no var godt i gang:

Vi ser:	Vi høyrer:
Byggekrantar på eit byggeområde. To menn fyller sement i forskaling. Mann med trillebår lasta med stein. Diverse forskalingsarbeid. Oversiktsbilde over bygningar under oppføring. Menn grev grøfter og spikrar bordkledning.	«Gjenreisning og atter gjenreisning er en parole som prentes inn i folk hver dag, hver time. Gjenreisningsproblemet i sin helhet må løses, alt er viktig og alt haster. Men fremfor noe annet er det vel i dag den skrikende bolignøden som avhjelpest. Og den vil bli avhjulpet. Alle krefter er satt inn for å reise nye hjem. I by og bygd vokser nybyggene i veret. Det graves og planeres, det støpest og det murest. Byggmaterialer av alle slags går igjen til det bruk det er bestemt for i et samfunn med fredelige sysler etter at krigsproduksjonenens umettelige svelg omsider er lukket. Det er noen av de nye storbyggene boligselskapet OBOS har satt i gang med kommunal støtte vi her tar en runde til. Arbeidet går med liv og lyst, og det skal ikke vare mange månedene før de første tusen leilighetene er klare til innflytning.»

Revy nr. 27/1945/03 «Boligbyggingen i full gang» (22 meter)

Filmavisa tok publikum med til OBOS sitt store utbyggingsområde ein stad i Oslo, der dei fekk sjå mange arbeiderar i full aktivitet med å reise nye bustadhus. Bilda illustrerte løysinga på bustadmangelen; hardt arbeid og bygging av nye bustadar. Bilda av nyreiste hus synest også å gje grunn til optimisme, og kommentarane slo fast at bustadnaden var eit prioritert område som styresmaktene ville gjere noko med. I Filmavisa blei også gjenreisninga sett i samanheng med ei omfordelinga av ressursar frå ein krigsøkonomi til «et samfunn med fredelige sysler etter at krigsproduksjonenens umettelige svelg omsider er lukket.» Dette utsegnet stod i kontrast til korleis Filmavisa seinare i svært positive ordelag omtalte bruken av store ressursar til gjenreisninga av forsvaret (sjå nedanfor).

I 1946 var reportasjene i Filmavisa som gjaldt gjenreisning av bustadar, fyrst og fremst i frå dei krigsherja byane. I februar var Filmavisa med «Opplysningskomiteen for Gjenreisning»

⁵² Sjå revy nr. 06/1946/01 «Studentene bor i brakker» (31 meter).

og filma ruinar og gjenreising i Åndalsnes, Molde og Kristiansund. Litt seinare fylgde fleire reportasjar frå ulike delar av Finnmark, Telavåg og Elverum.⁵³ Dei fleste av desse reportasjane refererte til krigshandlingane som hadde ført til øydeleggingane (sjå også omtale under Minneproduksjon). Reportasjen frå Åndalsnes starta med panorama over ein by som framleis var prega av den tyske bombinga i 1940:

Vi er med Opplysningskomiteen for gjenreisningsarbeidet på befarung i Møre og Romsdal. Ordføreren peker utover Åndalsnes, et av de mest kjente stedsnavn i fra krigsbegivenhetene i 1940. Enda griner ødeleggelsene mot en hvor enn man snur seg. Her har vi Luftwaffes kai på 40 mål som var tenkt som utskipningskai for transportene til Aukra flyplass. Dette er jernbanestasjonen i Åndalsnes, et av de få mål bombeflyene ikke fikk ram på. Byggevirksomheten er så smått begynt å komme i gang, og det vil nok ikke vare lenge før et nytt Åndalsnes reiser seg av ruinene. For å avhjelpe den mest skrikende bolignød fikk kommune til disposisjon i alt 30 svenskehus, hvorav 20 ble satt opp i selve Åndalsnes og de resterende 10 over i Veblungnes. Også her ble praktisk talt alt jevnet med jorden under bombeangrepet i april 1940. Men også her er befolkningen godt i gang med å bygge stedet opp igjen, og det går fremover med raske skritt. Folk er fornøyd og ser fremtiden i møte med forventningsfull tillit. Her har vi den nye ullvarefabrikken, og dette er den gamle hovedgården på Veblungnes.



Filmavisa var med «Opplysningskomiteen for gjenreising» på mange reiser, her i Åndalsnes våren 1946 (revy nr. 8/1946).

Vi fekk berre sjå eit lite glimt av sjølve Opplysningskomiteen, som spelte berre ei mindre synleg rolle i denne reportasjen. I dette innslaget er det Åndalsnes som har hovudrolla. Etter at publikum fekk sjå ruinane etter krigens øydeleggingar, blei merksemda etter kvart retta mot

⁵³ Gjenreisninga i Åndalsnes, Molde og Kristiansund i revy nr. 8/1946 og 9/1946, Finnmark revy nr. 18/1946, 20/1946, 23/1946, Telavåg revy nr. 19/1946 og Elverum revy nr. 44/1946.

gjenreisingsarbeidet. Vi fekk sjå «svenskehus» under oppføring, fulgt av optimistiske kommentarar om at Åndalsnes snart vil reise seg frå ruinane igjen. Reportasjen gjekk vidare til Veblungnes, litt utanfor sentrum, der vi fekk sjå bilde som illustrerte kommentarane om at nesten alt blei jamna med jorda under bombeangrepet i april 1940. Også her slo Filmavisa fast at gjenoppbygginga gjekk raskt framover. Blant dei mange bilde av bygningar som var i ferd med å bli reist, var det eitt bilde som skilde seg ut; eit nærbilde av blide born som såg mot kamera illustrerte Filmavisas optimistiske utsegn: «Folk er fornøyd og ser fremtiden i møte med forventningsfull tillit».



Bygging av «svenskehus» i Åndalsnes (revy nr 08/1946/01)

Nokre veker seinare sendte Filmavisa ein reportasje frå ein annan krigsherja by:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Solfylt vårdag. Oversiktsbilde som panorerer over øydelagte bustadområder i Laksevåg. Nærbilde av hus i ruinar.	Sekvens 1: (munter musikk) «Gjenreisningsarbeidet går vidare, på alle felter, landet over. Idag besøker vi Laksevåg ved Bergen, som ble utsatt for en rekke voldsomme bombeangrep høsten og vinteren 1944. Store deler av bebyggelsen ble ødelagt.
Sekvens 2: Bilde av tilfluktsrommet på Holen skole. Glimt fra gjenreisningsarbeidet.	Sekvens 2: Den verste ulykken var bomben som traff tilfluktsrommet på Holen skole, bare 150 meter fra den veldige ubåtbunkeren.
Sekvens 3: Handverkarar i arbeid med takteking. Fleire menn grev ut bustadtomt. Mann maler husvegg. Bilde av nybygde hus.	Sekvens 3: Nå er det travel virksomhet blandt ruinene. Laksevåg kommune har vært en av de første i landet, som er gått i gang med en planmessig gjenreisning, det graves bygges, snekres og males, og det ene nye huset

	etter det annet reiser seg der hvor krigen satte sine uhyggelige spor. En hel hær av håndverkere er i sving fra morgen til kveld, og snart vil Laksevågs befolkning atter kunne flytte inn i praktiske, moderne boliger og gjenoppta den daglige tilværelse i vakre, harmoniske omgivelser.»
--	--

Revy nr. 16/1946/01 «Gjenreisning av Laksevåg» (39 meter)



«Den verste ulykken var bomben som traff tilfluktsrommet på Holen skole, bare 150 meter fra den veldige ubåtbunkeren,» kunne Filmavisa fortelje, og viste ruinane etter bombenedslaget (revy nr 16/1946/01).

Noko av den same dramaturgien var det også i reportasjen frå gjenreisninga av Laksevåg, som i innslaget frå Åndalsnes. Til munter musikk fekk publikum fyrst sjå øydeleggingane som følgje av krigshandlingane, deretter arbeidet med å gjenreise byen denne solfylte vårdagen før innslaget tona ut i optimistiske ordelag.

I dei fleste reportasjane som viste byar i ruinar fortalde Filmavisa kven som var skuld i øydeleggingane som blei vist, men dette innslaget var eit unntak frå den regelen. Laksevåg var ein strategisk viktig stad under krigen ved innseglinga til Bergen. Tyskarane etablerte fleire militære installasjonar der, mellom anna ubåtbunkeren «Bruno». Laksevåg hadde derfor fleire militære mål. Filmavisa kommenterte berre at Laksevåg blei «utsatt for en rekke voldsomme bombeangrep høsten og vinteren 1944,» men ikkje at det var våre britiske allierte som stod bak dei øydeleggingane som publikum fekk sjå frå Holen skule. Den britiske bombinga som førte til at mange sivile liv gjekk tapt, mellom anna to lærerar og 60 skuleborn ved Holen skole, blei berre omtalt som «ulykken». Ein kan sjølvsagt spekulere i om ei tilsvarande tysk bombing hadde blitt karakterisert som «ulykke» eller om ein i staden hadde kalla det «terror». Andre

reportasjar der tysk bombing hadde ført til store øydeleggingar og tap av sivile liv kan tyde på det, til dømes brukte Filmavisa uttrykket «terrorbombing» i reportasjen frå Molde og Kristiansund.⁵⁴

Resten av kommentarane i reportasjen kunne vore henta frå Fellesprogrammet. Filmavisa understreka at kommunen var i gang med «planmessig gjenreising» og at innbyggjarane kunne sjå fram til å «flytte inn i praktiske, moderne boliger». Til slutt skapte Filmavisa eit bilde av at alt dette arbeidet ville føre fram til eit framtidssamfunn «i vakre og harmoniske omgivelser.» Ordet «harmonisk» kan vise til at arkitekturen var vel tilpassa, men kan også peike mot eit fredeleg samfunn med harmoniske menneske.

Gjenreisinga av Finnmark blei fulgt gjennom ei rekkje innslag våren 1946. I revy nr. 18/1946/04 var Filmavisas Sigurd Agnell i Korsvika utanfor Trondheim, der flyktningar frå Finnmark var samla før heimreisa nordover. To veker seinare sendte Filmavisa ein nesten fire minutt lang reportasje som viste korleis arbeidet med gjenreisinga gjekk framover i fleire småstadar i Finnmark.⁵⁵

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Solfylt dag. Bekk under vårmeltinga. Panorama over hus som var oppført i Hasvik, delvis snøkledd fjell i bakgrunnen. Fleire menn som arbeider med å spade vekk store snømengder som blokkerar veg. Store mengder med byggemateriale ligg på kaia.</p>	<p>Sekvens 1: (roleig musikk) «Også til Finnmark er våren kommet etter den hardeste vinter i manns minne, og alt våkner igjen til liv. For nå skal det gjenreises som aldri før. Men selv om vinteren har vært hard, så har såvisst ikke folket ligget på latsiden der oppe i den lange, knugende polarnatten. Ute på Sørøy, vest for Hammerfest, hvor det beryktede Lophavet står rett på, er det bygget en hel del hus. Her i Hasvik hvor det var tre små hytter da vinteren for alvor satte inn i fjor. De sliter ennå med snø her ute, veien fra Hasvik til Hasvåg ble holdt åpen helt til mars i år, men er blitt blokkert for alvor, å nå gjelder det å få den åpen igjen så en kan få materialene frem. I Hasvåg er nemlig kaien reparert, og en mengde byggematerialer av alle slag er kommet i land.</p>
<p>Sekvens 2: Fiskerar på kaia sløyer fisk. Fiskeskøyte på veg ut frå hamna.</p>	<p>Sekvens 2: Her har de forresten fått i gang både handel og fiskebruk, og det er livlig på havna når fiskerne kommer inn med fangsten. Til fullt (?) i år er det tatt inn over 140.000 kilo fisk bare på dette ene stedet. En liten 50 fots skøyte har opprettholdt forbindelsen med utenverdenen.</p>

⁵⁴ Laksevåg hadde fleire krigsviktige mål, bl.a. Bergens Mekaniske Verksteders (BMV) store flytedokk og reparasjonsverkstad og Det Bergenske Dampskibsselskabs (BDS) reparasjonsverkstad og bunkersanlegg. Våren 1941 rekvirerte tyskerne store deler av desse anlegga. Omtrent samtidig begynte Danziger Werft og Organisation Todt oppføringen av ubåtbunkeren Bruno. 4.10.1944 angreip 140 britiske bombefly bunkeren og verkstadane. Antiluftskytsen tvang flya til å slippe bombelasta frå stor høgde, med katastrofale følgjer. 194 menneske mista livet, blant dei 60 skoleborn og 2 lærarar ved Holen skole. Artikkelen «Laksevåg» i Norsk krigsleksikon (1995), signert Atle Thowsen.

⁵⁵ Revy nr. 20/1946/01 «Gjenreising i Finnmark. Brakkebebyggelse» (77 meter).

<p>Sekvens 3: Panorering over hus som er oppført i Øksfjord. Sjukehusbrakkas i Øksfjord. Panorering av kai, filma frå sjøen. Panorering av Talvik, hus oppført. Panorering av hus i Bossekop.</p>	<p>Sekvens 3: Over alt har det vært en enestående virksomhet, særlig i betrakning av den harde vinteren. I Øksfjord for eksempel er det bygget over 100 hus, og en sykehusbrakke med plass til 20 pasienter, en gave fra Svenska rødekorset. Dessuten er det ført opp en svær kai og to lagerskur på tilsammen 500 kvadratmeter.</p> <p>På de forskjellige småstedene innover i Altafjorden er det likedan. Dette er Korsnes, hvor det ene hus reiser seg etter det annet. Og her er vi kommet til Talvik. I denne kommunen har ca 2000 mennesker overvintret, og nå gjør de seg klar til det store kraftaket til sommeren. Innerst i Alta, i Bossekop og Bukta, er det kommet opp nærmere 500 bygninger, deriblant skole og sykehusbrakker. 2400 mennesker har overvintret her, og hatt det forholdsvis bra, men mange har også hatt det primitivt og kummerlig i denne vinteren.</p>
<p>Sekvens 4: Gammal mann og kvinne står i dørøpninga til ei lita brakke. Nærbilde av det gamle paret som smiler mot kamera. Bilde av rambukk. (...)</p>	<p>Sekvens 4: Disse to gamle eide før krigen et prektig hus. Her ser vi restene av det. I fjor overvintret de i en avsides fjellhule, i vinter har de bodd i denne vesle fjellboden. Mens rambukken hugget løs på kaihelene, bygget skjæren et rede i toppen av det. Finnmark har også fått sin kirkeskøyte (...)</p>

Revy nr. 20/1946/01 «Gjenreise i Finnmark» (77 meter)

Roleg musikk og ein sildrande vårbekk var anslaget som illustrerte at Finnmark var i ferd med å vakne til liv igjen etter ein tøff vinter. «For nå skal det gjenreises som aldri før», erklærte Filmavisas imperativistisk. Sidan kunne Filmavisa fortelje publikum at finnmarkingane har brukt mørketida godt til gjenreisingsarbeid, trass i vanskelege forhold, før kameraet panorerer over nybygde brakker og hus på Sørøy, og seinare på fleire andre stadar. I detalj fekk publikum vite kor mange hus som var reist i dei forskjellige bygdene. Næringslivet var også i ferd med å vakne til liv etter krigen igjen, og i Hasvåg kan vi sjå fleire menn travelt opptekne med å sløye fisk, og vi får vite at fleire fiskebruk allereie var komne godt i gang. Reportasjen gjev eit bilde av framgang, og at dette i stor grad var finnmarkingane sin forteneste gjennom eigen innsats, trass i vanskelege klimatiske forhold. Mot slutten av reportasjen viste Filmavisa eit gammalt par stå i dørøpninga til i lita fjellbod. Dei to gamle smilte mot kameraet, trass i at dei levde under svært strabasiose forhold, og synest å stå som individuelle døme på nøysame, flittige og hardføre finnmarkingar. Reportasjen gav ei førestelling av eit Finnmark i framgang, og at det var hardt arbeid som var nødvendig for å gjenreise landet.



Filmavisa kunne fortelje om framgong: «I Øksfjord for eksempel er det bygget over 100 hus, og en sykehusbrakke med plass til 20 pasienter» (revy nr 20/1946/01).

Filmavisas reportasjareise til Finnmark konsentrerte seg om dei mest krigsherja stadane, og held fram i neste nummer med ein reportasje frå feiringa av 17. mai i Vardø i 1946. Under krigen låg Vardø midt i krigssona mellom dei tyske og russiske styrkane. Byen var utsatt for i alt 78 ulike russiske og engelske flyangrep mellom juli 1941 og oktober 1944 som var retta mot tyske skip. I angrepa blei over 40 sivile nordmenn drept og store delar av byen blei øydelagt. Under den hardeste, reint russiske, bombinga 23.8.1944 stod store deler av byen i flammer. Tyskarane brann endå fleire hus då dei trakk seg ut av byen, og ved krigens slutt stod mindre enn 1/3 av alle hus igjen i Vardø.⁵⁶

Innslaget starta med hurtigruteskipet *Lofoten* som la til kai i Vardø, natt til 17. mai. Om bord var femti born som kom heim etter å ha vore på tur i Sverige i regi av den svenske Raude Krossen. Til tonefølgje av marsj- musikk heldt reportasjen fram med bilde frå 17. mai-toget:

(...) Musikk var det, barna viftet med flaggene, jublet og ropte hurra, så forsåvidt var alt som før, men byen selv skulle virkelig stemme til glede. Ruiner og atter ruiner var rammen om festlighetene på frihetsdagen, men Vardøs befolkning har tatt fatt på gjenreisningen med ukuelig optimismen og en ny og vakrere by skal snart reise seg av ruinhaugene. (...)

⁵⁶ Artikkelen «Vardø» signert Nils Johan Ringdal, i Norsk krigsleksikon (1995).

Slik som i andre 17. mai-reportasjar var barnetoget eit sentralt element, både visuelt og i kommentarane. Publikum kunne ikkje sjå ruinane som Filmavisa refererte til mens barnetoget passerte, men kommentarane satte feiringa av nasjonaldagen i perspektivet av gjenreisninga. Borna blei vist var såleis symbol på ein optimistisk framtidsvisjon der ein gjennom hardt arbeid skulle skape «en ny og vakrere by» som snart ville reise seg som ein fugl føniks.

Reportasjereisa frå Finnmark blei avslutta to veker seinare med eit langt innslag frå Hammerfest:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Bilde frå Hammerfest hausten 1945. Byen er jamna med jorda.</p> <p>Sekvens 2: Fleire klipp frå arbeidet med gjenoppbygginga, nye bustadhus og butikkar.</p> <p>Sekvens 3: Dampskipskaia der hurtigruta legg til.</p> <p>Sekvens 4: Vi ser det nye posthuset, telegrafan og radiostasjonen. Brannstasjonen og brannbil. Gjenreisningskontoret, sjukehuset og dei kommunale kontor. Arbeids- og bustadbrakker. Folkekjøkkenet. Frå tankanlegget på Rypeklubben.</p>	<p>«Kan De huske disse bildene av Hammerfest fra Finnmarksfilmen ifjor høst. Dødens stillhet hersket i denne verdens nordligste by, hvor der ikke var stein tilbake på stein etter tyskernes forferdelige herjinger.</p> <p>Sekvens 2: Men kom til Hammerfest idag. Mens vinterstormene raste og polarnatten knuget Finnmark i sin iskalde favn har det vært utført et kjempearbeide for å reise en ny by av de trøstesløse ruiner. Til utgangen av mars var det bygget 250 hus, og åtte butikker var kommet i gang. Overalt arbeides det på spreng. Her er virkelig gjenreisning i ordets fulle betydning, de karene som her rydder opp i ruinene, har så visst ikke tid til å stå i Vinmonopoløkø.</p> <p>Sekvens 3: Bygging av kaier har naturligvis vært noe av det aller viktigste, for marterialer og annet gods skulle losses. Den nye dampskipskaia er nå ferdig, og her kommer hurtigruten og legger til. Ved uendelig slit og strev har det nok lyktes å få fram både folk og gods med de små kutterne og skøytene, som hele vinteren igjennom har besørget trafikken på Finnmark, men dette at hurtigruten er kommet i gang igjen er som å gi livsnerven tilbake til landet der nord.</p> <p>Sekvens 4: Postkontoret er flyttet inn i nytt og solid hus, og postmesteren slipper nå å sove i samme rommet som han arbeider dagen lang. Telegrafan har også fått bedre arbeidsvilkår. Dette er den gamle radiostasjonen, som opprettholdt forbindelsen i vinter. Mastene ble knekket av stormen, men antennen ble hengt opp på stumpene, og så gikk det like bra. Brannvesenet har naturligvis veldig betydning i slik tett trebegyggelse. Her ser vi brannstasjonen, og bilen som ble reddet ut av tyskerne. Gjenreisningskontoret holder til i disse brakkene, og her er sykehuset. De kommunale kontorere er blitt samlet i denne store brakken, hvor funksjonærene, tross det veldige arbeidspresset, har det forholdsvis bra. Før satt de faktisk oppå hverandre og arbeidet og sov i de sammen rommene. Det er også sørget for barnas skolegang. Oppe på Blåsenborg er reist en rekke arbeids- og boligbrakker. Det bygges stadig flere for å få plass til alle de fagarbeiderne som på forsommeren ventes sydfra for å delta i gjenreisningen. Folkekjøkkenet er</p>

	naturligvis en populær instistusjon, hvor arbeiderne inntar sine måltider. Pent og rent er det og kosten er god. Vestlandske Petroleums Compagnie har i vinter bygget et provisorisk tankanlegg ute på Rypekubben. Dette lille anlegget har vært av den største betydning i den tiden all transport ble besørget av de små motorfartøyene.»
--	---

Revy nr 23/1946/07 «Hammerfest i dag» (87 meter)

I denne reportasjen starta Filmavisa med å vende seg direkte til publikum, og hjalp på hukommelsen ved å vise klipp frå Finnmark frå hausten 1945. Publikum fekk skode utover eit goldt landskap i ruinar i grått ver. Men så fekk vi sjå bilde frå dagens Hammerfest blenke i vårsola, og kontrasten var stor. Kommentaren gav forklaringa på denne forvandlinga; hard arbeid gjennom ein tøff vinter. Etter ein moraliserande kommentar til dei som ein i same revy hadde sett stå i vinmonopolkø, fekk publikum både sjå og høyre at det var gjort store matrielle framsteg i Hammerfest på mange områder. Resten av innslaget likna såleis på den lange reportasjen som Filmavisa sendte tre veker tidlegare, med svært detaljerte skildringar av det publikum fekk sjå av gjenreisingsarbeid.

På veg sørover igjen var Filmavisa også innom trønderbyane Namsos og Steinkjer saman med «Opplysningskomiteen for Gjenreising». Denne nære koplinga til Opplysningskomiteens arbeid kan forklare korfor Filmavisa sine gjenreisingsreportasjar i stor grad var retta mot dei stadane som var blitt hardast ramma av krigshandlingar. Denne komiteen prioriterte truleg å vise fram den alvorlege situasjonen i desse byane, men også kor store ressursar som var sett inn i gjenreisingsarbeidet. Dette gjaldt også dei to trønderbyane som hadde vore utsatt for bombing i april 1940:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Fleire oversiktsbilde av Namsos. Bygningsmaterialer og falleferdige brakker i bakgrunnen. Bilde frå fleire vinklar av eit stort halvferdig bygg. Gate med "svenskehus" frå fleire vinklar.	Sekvens 1: (munter musikk) «Lydfilmavisens fotografer har fulgt Opplysningskomiteen for gjenreisningsarbeidet på mange ferder landet over i det år som har gått siden krigen sluttet. I dag er vi i Namsos, hvor man fremdeles får et uhyggelig inntrykk ved den totale utslettelse byen var utsatt for ved tyskernes bombing den 20. april 1940. Mer enn fem år er gått siden den gangen, men først nu er den egentlige gjenreisningen såvidt kommet i gang. I mellomtiden har størsteparten av de 1350 innbyggerne som mistet alt de eide fristet den kummerligste tilværelse i falleferdige brakker og skur, eller i restene av det som en gang var en bolig. Noen få provisoriske butikker er kommet opp, og enkelte permanente bygg reiser seg etter hvert men i det store og hele går det sørgelig langsomt. Den skade som er blitt påført byen er beregnet til cirka 50 millioner kroner, så man kan forstå at befolkningen ikke ser så altfor optimistisk på utviklingen. I likhet med andre utbombede norske byer

<p>Sekvens 2: Mange mennsker på kaia i Steinkjer, filma frå båt. (Truleg) gjenreisningskomiteen på synfaring i Steinkjer. Passerer tomter der berre sementtrappene inn til huset står igjen. Ruinar. Fleire ruinar. Einsleg trapp, med nyoppførte hus i bakgrunnen. Små provisoriske hus og brakker.</p> <p>Sekvens 3: Butikkbrakkene. Brakker med "Kafe" og "Restaurant" malt på veggene. "Vi bygger landet" malt på ein einsleg brannmur. Fleire hus under oppføring, stilas ved veggane. Forskalingar til eit brukar over ei elv. Gjenreisningskomiteen på vandring i nybyggjarområde, blant "svenskehus."</p>	<p>har imidlertid også Namsos sin prektige svenskeby bestående av 50 hus. Størsteparten av disse hus ble ført opp på et forholdsmessig tidlig tidspunkt.</p> <p>Sekvens 2: Også Steinkjer, helt innerst i bunnen av Trondheimsfjorden tar vi med i denne reportasjen. Da befolkningen på Steinkjer hørte om bombingene av Namsos, var de klar over at man var i faresonen. Byen var derfor evakuert da kirkeklokkene søndag den 21. april 1940 klemtet alarm. Kort etter kom de tyske flyene og begynte sitt ødeleggelsesverk. Da røkmassene etter uttallige brannene etterhvert spredte seg var det bare svarte ruinhauger igjen av bebyggelsen. Bare 10 prosent av en befolkning på nesten 3000 vendte tilbake til relativt uskadde hjem. Resten måtte finne seg tak over hodet som best de kunne. Her ser vi hvordan 1900 mennesker har bodd hele krigen gjennom. Noen ganske få nybygg er reist også her, men nå har byens myndigheter satt opp en fireårsplan for gjenreisningen som de mener å kunne gjennomføre.</p> <p>Sekvens 3: Her er rekker av de store butikkbarakken, og kafeer og restauranter mangler heller ikke, selv om de ikke ser særlig luksuriøst ut. Vi bygger landet, står det på en brannmur, og det gir et godt inntrykk for det pågangsmot som byens befolkning er besjelet av.»</p>
---	--

Revy nr 25/1946/07 «Gjenreiseing i Namsos og Steinkjer» (93 meter)

Reportasjen starta med oversiktsbilde over Namsos, og kommentarane forklarte at det vi fekk sjå var tydelege spor etter den tyske bombinga i april 1940. Vidare fekk publikum sjå at bustadsituasjonen framleis var alvorleg, og at mange av dei som hadde mista alt dei eigde framleis måtte bu i brakker og skur, eitt år etter krigen slutta. Sjølv om Filmavisa kunne vise ein del nyreiste hus, gjekk dessverre gjenreisninga langsomt. Mange av gjenreisingsreportasjene var prega av ein viss optimisme, men Filmavisas besøk i Namsos var noko pessimistisk i kommentarane og meir retta mot å vise fram dei omfattande problema som byen stod ovanfor.

I neste del av reportasjen klappa fotografen til kai i Steinkjer. Publikum fekk sjå gjenreisingskomiteen gå gjennom branntomter, og Filmavisa minte publikum på dei dramatiske hendingane i april 1940. I følge Filmavisa var likevel Steinkjer noko betre stilt enn Namsos, for «nå har byens myndigheter satt opp en fireårsplan for gjenreisningen som de mener å kunne gjennomføre.» Til slutt fekk vi sjå brakker med «kafe» og «restaurant» malt på veggene, og desse spartanske forholda blei noko humoristisk kommentert, og danna ansatsen til ein optimistisk sluttkommentar: ««Vi bygger landet», står det på en brannmur, og det gir et godt inntrykk for det pågangsmot som byens befolkning er besjelet av.» Både denne og fleire andre reportasjar viste at gjenreisingsarbeidet var i gong, men at det også var eit betydeleg arbeid som gjenstod.

Det som blei framheva som løysinga på problemet var styresmaktene sitt planmessige arbeid med gjenreising, kombinert med innbyggjaranes flid og optimistisk pågangsmot.

Nederland – perspektiv på norsk gjenreising

Nokon og ein kvar kunne ha blitt overmanna av motløyse av dei store gjenreisingsoppgåvene dei stod overfor i 1945, men Filmavisa viste at det var endå verre stilt andre stadar i Europa. Gjennom fleire lange reportasjar viste Filmavisa kva nederlendarane hadde å stri med. I revy nr. 06/1946/06 viste Filmavisa ein svært lang reportasje (ca. seks minutt) frå ulike delar av eit Nederland i ruinar. Kommentatoren forklarte kva publikum fekk sjå:

Gjenreisning, gjenreisning og atter gjenreisning. Det er som vi skulle befinne oss i en malstrøm av problemer og allikevel er det nok dem som er uendelig verre stillet enn oss. Vi bringer her en reportasje fra Holland som i drastiske bilder forteller om de fryktelige ødeleggelser krigen bragte over dette lykkelige arbeidsomme folket. Dette er Nijmegen, kjent fra utallige kommunikeer i krigens siste fase. Mere enn 2200 hus ble totalt ødelagt i denne før så blomstrende byen, og 1300 fikk større skader. Noen få brakker er kommet og livet går videre selv om tilværelsen arter seg temmelig trist for de fleste av byens innvånere. Tusener har måttet innrette seg i tilfluktsrom, men de har da iallefall tak over hodet. Trøstesløst ser det ut, men befolkningen i Nijmegen biter tennene sammen og tar fatt på den overveldene oppgave: Å reise en ny by av ruinene.

Walcheren, Hollands have, fravristet havet ved uendelig slit og møye. Men tyskerne sprengte demningene i et desperat forsøk på å stanse den allierte frammarsj og vannmassene veltet innover den lykkelige øy. Da freden kom tok hollenderne også her fatt på gjenreisningen. Dag og natt arbeidet de for å bygge dikene opp igjen, og ganske langsomt steg Walcheren atter opp av havet. Her ser vi de første resultater. Store strekninger er allerede tørrlagt. Før var her overalt frukthaver og dyrket mark, nå er det død jord og muslinger gror på trærne. Og alle samles i en felles kraftanstrengelse for atter å skape levelige vilkår og bygge opp igjen et samfunn som var dømt til død og undergang. Det er kjempetak som her skal tas, men allikevel er dette bare et enkelt av de gjenreisningsproblemer hollenderne er stillet overfor.

La oss til slutt besøke Wieringermeer, før krigen Hollands stolthet, landets 12. provins, hvor hver kvadratmeter jord var erobret fra havet. Tyskerne åpnet demningene og satte hele landet under vann.

Umiddelbart etter kapitulasjonen begynte hollenderne å pumpe vannet ut igjen og nå ligger Wieringemeer der atter med alle de ødeleggelser vannmassene har forårsaket. Landskaper er totalt utslettet, de store prektige bondegårder er bare ruinhauger. Veiene er dekket av leire og slam.

I ruinene leter folk etter restene av sine eiendeler. Men pågangsmotet og viljen til gjenreisning er like frisk og sterk, atter går pløgen i den sorte fruktbare muld og snart skal en ny lykkelig dag opprinne både for folket i Wieringermeer og hele det hjemsøkte Holland.

Filmavisa starta reportasjen med å gje ei forståelsesramme for det publikum fekk sjå. Sjølv om ein i vårt eige land kunne føle at gjenreisingsoppgåvene var overveldande, så var det småtteri samanlikna med kva oppgåver som nederlendarane stod føre. Innslaget frå Nederland inneheldt dei same elementa som ein kunne kjenne igjen frå gjenreisingsreportasjar frå norske forhold; minne frå krigshendingar, bilde av øydeleggingar, noko som vi fekk sjå hadde ramma sivilbefolkninga hardt. Nederland blei framstilt som noko som hadde vore eit paradys, ein Edens

hage, som var blitt heimsøkt av onde krefter – tyskarane. Men gjennom hardt arbeid og felles innsats ville «en ny lykkelig dag opprinne», slo Filmavisa fast til slutt. Filmavisa knytte nederlendarane til berre positive menneskelege eigenskapar, fyrst og fremst pågangsmot og arbeidsvilje, altså dei same eigenskapane som kunne vere løysinga på gjenreisingsproblema i Noreg. Samanlikninga med Noreg syntes likevel å gå Aftenpostens filmmeldar hus forbi, som ikkje kunne forstå korfor dette innslaget blei vist:

I den norske revyen har man hatt så lite stoff at man har fylt hele siste halvpart med opptagelser fra Nederland! Det er i og for seg interessante opptagelser som forteller om hollendernes vanskeligheter – men i en **norsk** [Aftenpostens uth.] revy har de ingen ting å gjøre slik den normalt bør og skal redigeres. Den eneste unnskyldning hadde vært om teksten hadde hatt tilknytning til gjenoppbyggingen også i Norge. Revyen er ellers preget av at det har vært lite materiale å arbeide med. Reportasjen fra studentenes «brakke-liv» er god.⁵⁷

Nærast som ein direkte svar til Aftenpostens klagemål om manglande relevans, kom Filmavisa med ein ny reportasje frå Nederland noko seinare på våren 1946, rett etter innslaget frå gjenreisninga av Laksevåg (sjå ovanfor). Kommentaranane starta med å forklare hensikta med reportasjen:

Til sammenlikning med hva andre land har å kjempe med av gjenreisningsproblemer viser vi her en del bilder fra den lille hollandske byen Ochten, som i flere måneder lå midt i kampområdet og praktisk talt ble utslettet.

Også i denne reportasjen samanlikna Filmavisa «før» og «no», denne gongen veksla bildet mellom fleire gamle prospektkort av kyrkja og andre delar av byen frå før krigen, og bilde som viste korleis det no var ruinhaugar dei same stadane: «Først ser vi en del av byen som den engang var, og deretter de samme partier som de ser ut idag.»⁵⁸ Til slutt viste reportasjen litt av det møysommelege gjenreisingarbeidet.

Filmavisa heldt fram med samanlikninga mellom Noreg og Nederland. I juli 1946 viste den nederlendarar som kunne nyte badelivet på strender som under krigen hadde vore forbode område, som eit kjærkome avbrekk frå det Filmavisa karakteriserte som «de overveldende gjenreisningsproblemer».⁵⁹ To veker seinare, den 5. august 1946, hadde revy nr. 30/1946 premiere. Revyen starta med eit innslag frå bustadbygging i Oslo, før den viste kor store gjenreisningsproblem Nederland hadde å stri med. Også denne gongen starta Filmavisa med å

⁵⁷ Aftenposten 12. februar 1946.

⁵⁸ Revy nr. 16/1946/02 «Gjenreisning av den hollandske by Ochten» (17 meter).

⁵⁹ «I dag søker befolkningen atter ut til de kjente, kjære steder, og det er vel knapt noen av Europas undertrykte folk, som bedre trenger for en stakket stund å befri seg for den knugende byrde, som de overveldende gjenreisningsproblemer har lagt på dem (...)». Revy nr. 28/1946 /05 «Badeliv i Holland» (33 meter).

forklare at hensikta med reportasjen var å samanlikne norske og nederlandske gjenreisingsproblem. Deretter fekk publikum sjå kva kummerlege buforhold nederlendarane måtte halde ut:

Vi har ofte før i filmrevyen sammenlignet gjenreisningen her hjemme med de vanskeligheter Holland i så måte er stillet overfor. Disse bildene fra livet som det fremdeles i dag leves i mange hollandske byer, forteller med tragisk realitet om de boligproblemer man der har å kjempe med. De søker å skape et hjem i den usleste rønne. Disse menneskene har kanskje ikke annet sted å ligge enn i grisehuset eller fjøset. De fører en tilværelse i den ytterste elendighet, som en ukuelig optimisme holder dem oppe, en aldri sviktende tro på en lys og lykkelig fremtid. Hele deres verden ligger i ruiner, alt har de mistet, men livet går videre, i nye former men alltid med det samme mål: Gjenreisning av et nytt Holland i fredens og frihetens tegn.

Trass i den «ukuelege optimismen» og store arbeidsinnsatsen som Filmavisa hevda prega nederlendaranes gjenreisingsarbeid, viste bilda at problema framleis var så store at mange måtte overnatte i «grisehuset eller fjøset». Dette stod i skarp kontrast til denne revyens fyrste innslag, som var frå bustadbygginga i Oslo. Dette fem minutt lange innslaget starta med eit panorama over det store utbyggingsområdet ved Storo der publikum fekk sjå at fleire fem-etasjers bustadblokker var i ferd med å bli reist:

Fellesferie var slagordet sommeren 1945. Også i år merker vi enkelte etterdønninger fra den store avspenningsperioden, men de sterke jevne stempelslagene i arbeidsrytmen er der igjen som i gamle dager, ikke minst når det gjelder byggevirksomheten. Ved Storo ved Trondheimsveien utenfor Oslo graves det ut til syv svære nye leiegårder, og til våren vil 183 tre- og fire værelses leiligheter stå klar til innflytning. Den gamle koselige Bødkerløkke forsvinner til fordel for nybyggene Brochmannsgt. 12 og 14 med tilsammen 60 fire-værelses leiligheter. På nummer 12 har det alt vært kranselag, og blikkenslagerne holder på med takrennene. Nummer 14 er kommet like langt, her er det skorstenspipene som mures opp. Her skuer vi ut over Maridalsveien 240, et annet av de store byggene som er under oppføring denne sommeren. Det er ikke mer enn rimelig at vi tar dette gruppebildet av gutta som driver her. På Øvre Tøyen er det OBOS som bygger, seks blokker med tilsammen 200 leiligheter, som blir ferdige like over nyttår. Det er godt og varmt mildt i solsteken, men dette er karer som holder tempoet likevel. Så flytter vi over i Iladalen. Prosjektet her omfatter syv blokker med 360 leiligheter. Samtidig med byggingen blir det opparbeidet nye gater. I Maridalsveien 154 blir det nå fullført et bygg med forretninger, kontorer og tyve leiligheter. Det ble påbegynt i 1939, men så kom krigen og først nå er arbeidet gjenopptatt. (...) ⁶⁰

Reportasjen viste solfylte bilde og bygging av bustadblokker frå ulike områder av Oslo, mens kommentatoren fortalde i detalj om fleire hundre leiligheter som no var under oppføring. Ved gjenreisninga av Finnmark kommenterte Filmavisa at det var stor arbeidsinnsats trass i streng kulde, og i dette innslaget var det varmen som var problemet som blei overvunne. Bilda og kommentarane tyda på at det var høg aktivitet og stor framgang. Innslaget kan ha vore ein kommentar til det offentlege ordskiftet kring gjenreisingspolitikken:

⁶⁰ Revy nr. 30/1946/01 «Boligbygging i Oslo» (100 meter)

Bolignøden er skrikende, folk klager, avisenes spalter er fulle av mere eller mindre berettiget kritikk, og det hele ser svært og håpløst ut. Men i mellomtiden arbeides det planmessig og målbevisst, hele det veldige apparatet som skal skape de tusener av nye boliger som trengs, er i full gang, og selv om det ennå vil ta ett par år, vil boligproblemet løses ved en sunn og klok byggepolitikk.⁶¹

Filmavisas kommentar kan vanskeleg tolkast som noko anna enn ei støtte til regjeringa sin bustadpolitikk. Bilda frå ulike delar av Oslo gav ei førestelling om at denne politikken gav gode resultat, og at ein var på rett veg med omsyn til å løyse bustadproblema. Også denne reportasjen blei avslutta med å sjå inn i framtida, symbolisert med eit bilde av små born som leikte utanfor ei bustadblokk som nesten var ferdig. Dersom ein heldt fram med med høg arbeidsinnsats innanfor ramma av ein fornuftig bustadpolitikk, meinte nok Filmavisa at slike born kunne gå framtida lyst i møte:

Barna har også sine bygg-kloss-problemer, i påvente av at den store flotte gården de skal bo i blir ferdig. Det er det første fullførte Obos-bygget i Helgesens gt. 78, hvor innredningsarbeidet nå pågår med full kraft, slik at de 48 to- og tre-værelers leilighetene kan være klar til innflytning i september.⁶²

Aftenposten likte reportasjen: «Særlig oppfinnsomt og morsomt fotografert er nybyggerne i Oslo-distriktet. Sammenlikningen med hvordan hollenderne bor er interessant.» Aftenposten hadde altså forstått at samanlikninga med Nederland hadde noko føre seg.⁶³ Men samanlikninga med Nederland satte den norske gjenreisninga i eit spesielt perspektiv. I fleire reportasjar gav Filmavisa uttrykk for at Noreg stod framfor store gjenreisingsoppgåver, men i Nederland hadde ein langt større problem. Bodskapan i desse reportasjene synest å vere: Kan nederlendarane klare å gjenreise landet sitt, så kan sanneleg vi også klare det! Eller: Sjå kor langt vi er komen med gjenreisninga i Noreg! Samanlikninga mellom gjenreisingsproblema i Ochten og Oslo var likevel misvisande; den eine byen blei satt under vatn, mens Oslo ikkje hadde hatt krigshandlingar som hadde ført til materielle skader av slike dimensjonar.

Nederland var eitt av dei landa som materielt sett var hardast ramma av andre verdskrigen, og langt meir enn Noreg. Det kan difor vere noko rart at Filmavisa samanlikna gjenreisninga i Noreg med Nederland. Ei forklaring kan vere at ein av fotografane i Filmavisa hadde krigserfaringar frå Nederland. Under krigen filma Per G. Jonson den dramatiske landgangen i Walcheren i 1944 (sjå ovanfor). Denne kjennskapet til dette landet kan vere grunnen til at ein valde å legge utanlandsreportasjar til nettopp Nederland.

⁶¹ Revy nr. 30/1946/01 «Boligbygging i Oslo» (100 meter).

⁶² Revy nr. 30/1946/01 «Boligbygging i Oslo» (100 meter)

⁶³ Filmmelding, Aftenposten 6. august 1946.

Ei moderne og planmessig gjenreising

I eit forsøk på å effektivisere bustadbygginga tok entreprenørane i bruk nye byggemetodar. I ein reportasje frå Trondheim presenterte Filmavisa ein av nyvinningane på området. Heller ikkje Trondheim hadde store krigskader, men også denne byen hadde stor bustadmangel. Hausten 1946 var Filmavisa i Trondheim for å lage reportasje om byggeverksemda i byen:

Det bygges landet over. Her er vi i Bymarka utenfor Trondheim, hvor det på Haukåsen skal reises en prektig helseheim for tuberkuløse. Fra Sverige kommer materialer og en stor pengegave, som gjør det mulig å bygge et i alle deler velutstyrt og moderne sykehus.

Så tar vi en tur rundt i selve Trondheim, og ser hvordan det er med byggevirksomheten der. Det er gledelig å konstatere at det ene støperiet etter det andre reiser seg i de forskjellige strøk av byen, noen steder er det industribygg som går i været, men først og fremst er det boligbyggingen det gjelder å få fart i. Innen selve byen regner en med at det når er under oppføring ca. 200 leiligheter og i Strinda, som hører til Trondheim som Aker til Oslo, et lignende antall. Men ennå er det langt igjen, en regner at det trengs minst 2500 leiligheter før bolignøden kan sies å være avhjulpet. Men, fremover går det, kanskje ikke så fort, men iallfall den riktige veien.

Trønderne har forresten begynt med en ny metode med hensyn til det som kalles "monteringsferdige" hus, det vil si hus som fremstilles fabrikkmessig i deler og settes sammen på byggeplassen. Denne metoden består i at man på forhånd støper store plater eller lameller, som utvendig består av en tynn betongplate forsynt med bærende ribber og isolert mellom og over ribbene med treullplater. Under støpingen blir massen vibrert, som det kalles, med elektrisk betongvibratører. Når lamellene er ferdigtørket etter støpingen, er det bare å stable dem på en lastebil og kjøre dem avgårde til byggeplassen. Her har vi en firemannsbolig oppført etter denne metode. Det er lameller både for kjellervegger, utvendige fasadevegger og for etasjeskillere. Hvis metoden holder hva den lover vil den utvilsomt finne stor anvendelse i fremtidens byggevirksomhet. Foreløpig går utgravingen av tomten med liv og lyst. Trondheim kommune står for arbeidet, - legeföreningen i Trondheim har gitt tomten.⁶⁴

Med munter nasjonalromantisk musikk i bakgrunnen, viste reportasjen husbygging i Trondheim, og kommentatoren refererte blant anna til at fleire hundrede leiligheter i sentrum av byen og Strinda var under oppføring. Men sjølv om det var langt att til målet, slo Filmavisa fast at det gjekk framover den rette vegen, om enn ikkje så fort som ein helst skulle ønskje. Publikum ble presentert for noko av grunnlaget for denne optimismen, nemleg ein ny byggemetode som blei kalla monteringsferdige hus. Deretter fekk vi sjå og nøye forklart korleis denne byggemetoden fungerte, før ein til slutt fekk sjå eit døme på sluttresultatet, ein firemannsbustad som var reist og berre mangla innreiing. Denne reportasjen var lada med optimistiske og positivistiske utsegn som understøtta ei tolkingsramme der ein såg lyst på gjenreisinga; «(...) Hvis metoden holder hva den lover, vil den utvilsomt finne stor anvendelse i fremtidens byggevirksomhet,» meinte Filmavisa som hadde fleire reportasjar der dei også la vekt på nye metodar som kunne effektivisere husbygginga og trua på tekniske framsteg som

⁶⁴ Kommenterar, Revy nr. 40/1946/01 «Byggevirksomhet i Trondheim» (40 meter).

heile landet kunne nyte godt av.⁶⁵ I revy nr. 15/1946/04 fekk publikum følgje bygginga av eit monteringsferdig *Stangehus* i Studenterlunden i Oslo, frå byggestart kl. halv ni om morgonen, og fram til at arbeidet med å legge takstein tok til om ettermiddagen. Innslaget blei runda av med eit utsegn som kunne vore henta frå ei salsannonse: «(...) og så tar det ikke lange tiden før huset står ferdig og fristende, ja det er til og med ferdig møblert!» Reportasjen var bygd opp på ein måte, med vekt på tidsbruk og andre detaljar, som kunne overtyde publikum om at dette var eit bevis på denne byggemetoden kunne fungere godt som eit middel i gjenreisninga. Hausten 1946 viste Filmavisa reportasje frå verkstaden på Stange der dei produserte slike ferdighus:

Vi bygger for Finnmark. Ikke brakker eller provisoriske bygg mere, men ordentlige permanente boliger. Det er produksjonen av de såkalte monteringsferdige hus vi her følger. Denne bedriften ligger ved Stange på Hedmark, men det er også ellers en rekke firmaer rundt omkring i landet, som gjør en utmerket innsats i gjenreisningsarbeidet ved å levere denslags hus. Prinsippet er for dem alle, at huset lages ferdig på forhånd i alle detaljer, og så sendes de forskjellige bestanddeler av gårde til Finnmark eller til andre av våre krigsherjede distrikter, hvor delene blir sett sammen til et ferdig hus.

Filmavisa understreka at dette var permanente flotte bustadar, og gjekk kritiske røster i møte:

Det er mange som rynker på nesen av disse fabrikklagde husene, og grunnen er nok at systemet i og for seg smaker av brakkebygg og dermed blir preget av noe visst provisorisk. Det vil imidlertid være høyst urettferdig å trekke noensomhelst sammenligning mellom disse solide, vakre husene, som vil være en pryd i hvilken som helst haveby, og de vi vanligvis kaller tyskerbrakker.⁶⁶

Til slutt fekk publikum sjå eit ferdigmontert *Stangehus*, mens kommentatoren uttrykte håp om at produksjon av slike hus ville bli ein like stor industri her til lands som det ifølgje Filmavisa var blitt i Sverige. Eit innslag i frå 1948 knytta slike ferdighus til den store gjenreisingsplanen for Finnmark, også kommentatoren forsikra publikum om at det gjekk «framover jevnt og sikkert»:

Gjenreisningen av vår nordligste landsdel går framover jevnt og sikkert. Disse bildene tok vi forleden ute på Sørenga utenfor Oslo. Det er montering av ferdighus til Finnmark vi her driver med. En av de mange byggeplassene utenfor landsdelen som er små ledd i den store planen. Det begynner å bli vår også i det høye nord, og det betyr at gjenreisningsarbeidet skyter ny fart. Og hvis alle legger godviljen til skal nok sommeren 1948 skaffe nye hjem for en større kontingent av de evakuerte som i årevis har fristet en omflakkende og rotløs tilværelse.⁶⁷

⁶⁵ Sjå «Arkitektkonkurranse om nye hus til Finnmark» (25/1945/04), «Ferdighus monteres i Studenterlunden» (15/1946/04), «Produksjon av byggeplater i Brummundal» (44/1946/02), «Monteringsferdige hus til Finnmark. Fra verkstedet. Huset ferdigmontert» (46/1946/03), «Montering av ferdighus for Finnmark» (13/1948/02), «Arkitektenes gjenreisingsutstilling i Kunstindustrimuseet», (47/1948/03) «Selvaaghus, Ekeberg» (02/1949/03), «Stortinget besøker Selvaaghuset» (04/1949/04).

⁶⁶ Revy nr. 46/1946/03 «Monteringsferdige hus til Finnmark. Fra verkstedet. Huset ferdigmontert».

⁶⁷ Revy nr. 13/1948/02 «Montering av ferdighus for Finnmark» (20 meter).



I revy nr. 13/1948/02 «Montering av ferdighus for Finnmark» viste Filmavisa menn i arbeid på Sørenga som dømte på korleis ein rundt om i heile landet var med på å gjenreise Finnmark.

I 1947 og 1948 sendte Filmavisa filmminnslag frå mellom anna Kristiansand, Molde, Gjøvik, Kristiansund, Lørenskog, Bodø og Notodden som viste korleis bustadbygginga gjekk framover. Dramaturgien i desse innslaga var nokså lik gjenreisingsreportasjar frå tidlegare årgangar. Dei blei som regel innleia med med referansar til okkupasjonsmakta sine øydeleggingar. Til dømes starta reportasjen frå gjenreisninga av Bodø i august 1948 med kommentarar til bilde av ruinar: «(...) Ennå står mange gapende sår igjen etter tyskernes herjinger. Hvor en snur og vender øyet møter en ruiner, men det arbeides, og skritt for skritt reiser Bodø seg igjen.»⁶⁸

Gjenreisninga av Finnmark blei via særskild merksemd gjennom heile perioden, mellom anna med den svært svært lange (169 meter) reportasjen «Finnmarkshus frå Karesuando over vidda til Galanitu i Norge» som viste kor strabasiøst det kunne vere å få frakta bygningsmateriale til Finnmark, blant anna ved hjelp av reinsdyr.⁶⁹ I 1948 var Filmavisa tilbake i Vardø for å gje publikum ei oppdatering av korleis det gjekk med gjenreisninga av byen.⁷⁰

⁶⁸ Revy nr. 32/1948/03 «Fra gjenreisningen av Bodø» (63 meter).

⁶⁹ Revy nr. 22/1948/01, «Finnmarkshus frå Karesuando over vidda til Galanitu i Norge» (169 meter).

⁷⁰ Sjå også revy nr. 21/1946/01.

Vi ser:	Vi hører:
<p>(solfylt dag): Mange mennesker på kaia i Vardø, hamna full av fiskeskøyter og andre båtar. Panorama over Vardø. Køyrekar med hest og kjerre i Vardøs gater, passerer restar av ruiner. Brakker og nye tomannsbustadar. Norges Banks nye funksjonærbustad under oppføring, stilas langs veggen. Gammalt hus frå før krigen. Tre jenter reier. Reia er festa til fiskehjell. Bilde glir i frå borna vidare til eit panorama over fiskehjellar i rekker så langt auge kan sjå full av tørrfisk. Panorama over Vardøhus festning, byen med Varangerfjorden i bakgrunnen.</p>	<p>(munter musikk). «Vi har av og til tatt dere med på besøk til store og små byer landet over, og denne gang er det Vardø vi har plukket inn i reiseruten vår. Havna her er en av de viktigste fiskehavnene i hele landet, og Vardø i seg selv en både en koselig og trivelig by, hvor hesten er vel så viktig som bil, hvis vi skal se på dem i denne "enorme" [sic] bytrafikken. Vardø slapp så visst ikke uskadd fra krigen, og flere steder i byen kan vi ennå se restene etter tyskernes herjinger. Men, selv om brakkene ennå dominerer bybildet, så reiser det seg nye tomannsboliger flere steder. Og her er Norges Banks nye funksjonærbolig. Et minne fra gamle dager, et som overlevet krigen. Unger i Vardø leker ikke i parker og på grønne plener, nei de har hengt opp husken sin på samme hjell som tørrfischen. Ja kommer du nordover, så glem ikke Vardø, selv om den ligger langt vekk. Den gamle byen med det nye ansiktet har beholdt sine gode tradisjoner, sin gamle Vardøhus festning, og sin vakre beliggenhet ved Varangerfjorden.»</p>

Revy nr. 28/1948/05 «Gjenreisningen av Vardø» (45 meter)

I følge Filmavisa gjekk det bra med Vardø. Filmminnslaget viste stor aktivitet på hamna, og lange rekkjer med tørrfisk var synlege teikn på at næringslivet var i full gang igjen. Publikum fekk sjå krigsruinar, men ikkje i så stor grad som i mange andre tidlegare gjenreisingsreportasjar. Det var openbert at ei ny tid var i emning der brakkene var i ferd med å bli erstatta av nye bustadar. Bilda av barn som leika lystig i ei reie som hang i ein fiskehjell var både artige og kuriøse, og var eit teikn på glede, og tyda på at Vardø var ein god by å vekse opp i. Reportasjen avslutta i eit lokkande turistbrosjyrespråk der ein vendte seg direkte til publikum, før ein runda det heile av med eit slags slagord for det gjenreiste Vardø: «Den gamle byen med det nye ansiktet».

Også enkelte krigsherja byar i sør blei besøkt fleire gonger, mellom anna Molde⁷¹:

Vi ser:	Vi hører:
<p>Panorama over Molde sentrum sett frå eit høgdedrag, med fjorden i bakgrunnen. Store forretningsbygg under oppføring. Gatebilde, fleire klipp viser forretningsbygg under oppføring. Stor utgravd tomt for nye Alexandra hotell. Den nye brannstasjonen (...)</p>	<p>«Vi er i Molde. Været er grått og trist, men det går såvisst ikke utover gjenreisningsoptimismen og arbeidsgleden i denne byen. Den mektige brannen i april 1940 raserte hele forretningstrøket med 180 bygninger og gjorde over 800 mennesker husville. I dag reises det nye Molde i raskt tempo etter den vedtatte reguleringsplanen, og det er kun permanente bygg som oppføres. Over halvparten av de bygningene reguleringsplanen omfatter er nå påbegynt og for størstedelen under tak. Vår lille høstreportasje fra rosens by viser en del av de flotte forretningsgårdene som er vokset opp bare iløpet av det siste året, og en</p>

⁷¹ Sjå revy nr. 09/1946/01. «Gjøvik bygger» (revy nr. 45/1947/03) fylgde etter reportasjen frå Molde.

	får allerede et godt inntrykk av hvordan byens endelige utseende vil bli. (...)»
--	--

Revy nr. 45/1947/02 «Rosenes by reises av asken» (40 meter)

I Filmavisas reportasje frå Molde i 1947 var ruinene frå brannen i 1940 ikkje lenger å sjå. Panoramabilda viste i staden dei nye forretningsbygga som var under oppbygging i byens sentrum. Borte var provosoriske brakker, og både bilde og kommentarar tyda på at gjenreisinga var gått over i ein ny fase som gav grunnlag for den auka gjenreisingsoptimismen som Filmavisa refererte til.

Kommentarane som kopla gjenreisinga til den vedtekne reguleringsplanen gav inntrykk av ei fornuftig offentlig styring av gjenreisingspolitikken. Det var mellom anna institusjonen *Brente steders regulering* som utarbeida planar for gjenreising av Molde og andre krigsherja byar etter krigen. I august 1946 var Filmavisa på besøk ved denne offentlege etaten, og forklarte at den arbeidde «for gjenreising av de bebyggede strøk som ble lagt øde under krigen.»⁷² Etaten blei leia av arkitekt Erik Rolfsen og publikum fekk sjå noko av det arbeidet han var ansvarleg for. Det var reguleringsplanar og gipsmodellar for Molde og fleire andre av dei krigsherja byane Filmavisa besøkte i løpet av sine fire fyrste årgangar.⁷³ Bilde av flotte modellar og arkitektar i arbeid gav eit tillitsvekkande inntrykk, og Filmavisa uttrykte at planlegginga av gjenreisinga var i dei beste hender: «En stab av våre dyktigste folk på området er satt til å løse disse store oppgaver,» og denne tillitserklæringa fylgde Filmavisa opp med å vise detaljerte gipsmodellar over korleis dei krigsherja byane ein gong i framtida skulle bli.

Eit anna nytt og sentralt politisk verkemiddel i offentlig styring av bustadbygginga etter krigen var opprettinga av Den Norske Stats Husbank (Husbanken) våren 1946. Hensikta med banken var at den skulle sikre sosial bustadbygging gjennom billege lån og lang nedbetalingstid. Husbanken gav normer og kvalitetskrav for bygging av standardbustadar, og den sette grenser mot luksusbygging. Målet var at kostnadane ikkje skulle ta meir enn ein femdel av ei vanleg lønsinntekt.⁷⁴ Ein reportasje frå Notodden i 1948 viste synlege resultat av denne nye finansieringsordninga:

Vi ser:	Vi hører:
Fleire glimt av ulike hus etter kvart som dei blir kommentert.	(roleg storbandmusikk) «Boligbygging hører til de aktuelle problemer om dagen. Silkefabrikkens boligbyggerlag på Notodden setter opp disse husene for 38.000. De inneholder fire rom, kjøkken og bad. Denne eneboligen på 72 km ² kom på 50.000.

⁷² I revy nr. 31/1946/04 «Regulering av krigsherjete byer. Modeller og kart» (35 meter).

⁷³ Reportasjen viste planar og gipsmodellar frå Hammerfest, Steinkjer, Narvik, Molde, Kristiansund og Ulvik.

⁷⁴ Furre 2007:132.

	Notodden bygger, det er sikkert. Med Husbanklån har de hittil ført opp i alt 83 hus, og mange under reising. Den hustypen på 67 km ² , som inneholder tre værelser, kjøkken og bad, er beregnet til 32.000 kroner.»
--	--

Revy nr. 41/1948/04 «Boligbygging på Notodden» (19 meter)

Informasjonen i Filmavisas reportasje om både storleik og pris illustrert med bilde av dei ulike hustypene, var på grensa til kva vi i dag ville ha kalt tekstreklame for Husbanken. Moderne storbandsmusikk som tonefølge til reportasjen bidrog til førestellinga om at det var moderne hus publikum fekk sjå. I eit land med både bustadmangel og trangbuddheit var nok desse einebustadane eit freistande mål for mange, men det kravde hardt arbeid. Hardt arbeid var også eit sentralt tema i statsminister Gerhardsens tale ved Thune fabrikk som Filmavisa viste i det neste innslaget: "Økt produksjon vil løse alle våre økonomiske og materielle problemer,» sa mellom anna statsministeren. Bodskapen i dei to innslaga kan derfor ha forsterka kvarandre; med hardt arbeid kan draumen om ein husbankfinasert heim bli verkeleg.⁷⁵

Reportasjen frå Notodden gav eit inntrykk av at Husbanken var ei fornuftig ordning som kunne vere ein del av løysinga på bustadmangelen. Husbanken utvikla seg også til ein viktig reiskap i statleg bustadspolitikk, og i løpet av få år stod den for finansieringa av minst ¾ av dei nye bustadane. Likevel gjekk bustadbygginga treigt i forhold til politiske lovnadar. I november 1945 lova regjeringa Gerhardsen hundre tusen nye bustadar på fire år, men berre vel halvparten av målet (56.000) var nådd ved utgangen av 1949. Det mangla både sement, trelast, fagfolk og ressursar til planlegging.⁷⁶

I kva grad harmonerte realitetane i bustadbygginga med det bilde som Filmavisa gav av gjenreisninga av bustadar i desse fyrste fire etterkrigsåra? Filmavisa sine gjenreisingsinnslag var i stor grad bygd kring same lest gjennom heile perioden. Fyrst får publikum sjå øydeleggingar med referanse til okkupasjonsmaktas herjingar. Deretter ser vi hus under oppføring, gjerne med positiv omtale av arkitektur og funksjonalitet. Kommenterarar som uttrykte ei generell grunnleggjande tiltru til styresmaktens planar og evne til gjennomføring var vanleg. Reportasjene blei gjerne avrunda med ein påstand om at lokalbefolkninga hadde ein indre styrke. På same måte som ein hadde vore «ukueleg» i sin motstand under krigen, utviste dei no ein «ukueleg» innsats. Ingenting, verken iskald polarvinter eller andre hinder kunne knekke dei eller føre til pessimisme. Filmavisa kunne tvertom vise til høgt arbeidstempo, flid og vilje til eit kollektivt løft, og dette gav grunnlag for optimisme. Dersom Filmavisa hadde valt å legge

⁷⁵ Revy nr. 41/1948/05 «Statsminister Gerhardsen taler på Thune fabrikk i Oslo» (orig. lyd). Sjå også nedanfor, kapittelet «Gjenreising av næringslivet».

⁷⁶ Furre, 132-133:2007.

sterkare vekt på til at bustadbygginga i realiteten gjekk seint både i forhold til behov og politiske målsetjingar, kva kunne det ha ført til? Pessimisme? Mismot? Sosial uro? Det ville neppe bidra til å «skape en så sunn og positiv atmosfære rundt oppbyggingen av landet som mulig» slik *Opplysningskomiteen for gjenreisningen* ønskte, og som Filmavisa samarbeidde med.⁷⁷ Sjølv om ein i enkelte reportasjar peikte på visse vanskar, og store uløyste oppgåver, var grunntonen likevel heile tida optimistisk.

Nokon reportasjar inneheldt ein direkte appell om auka arbeidsinnsats, men ikkje alle. I juli 1946 blei Sigurd Agnells «Finnmarksfilm» vist på Palassteatret i samanheng med visninga av Filmavis nr. 28/1946. Aftenpostens filmmeldar, Reidar Lunde, ønskte at filmen i langt større grad skulle appellere til auka arbeidsinnsats:

(...) Sigurd Agnells nye Finnmarksfilm er en interessant reportasje – men kommentarene slappe. Og hva er meiningen med å vise denne gjenreisningsreportasjen uten å slutte med en brennende appell om å støtte arbeidet. Det kan så visst trengs. Som filmen nu er lagt an, sitter man igjen med et bilde av statsråd Peder Holt på sitt kontor i Oslo – uten et ord, uten en manende appell, uten et bilde som viser vei, som setter krav, som gir den rette forståelse av at gjenreisningen av Finnmark er en æressak som ingen nordmann må stå likegyldig overfor.⁷⁸

Trass i denne kritikken: Filmavisa levde stort sett opp til Lunde sine ønskjer i reportasjene om gjenreisninga av både Finnmark og resten av landet.

Gjenreisninga av næringslivet

Dersom landet skulle ha ressursar til bustadbygging og anna gjenreisning, så måtte næringslivet på fote igjen. Slik var situasjonen då freden kom i 1945. Det var behov for import av både produksjonsmiddel og andre varer, så for å halde handelsbalansen fekk gjenreisninga av eksportnæringane særskild merksemd i Fellesprogrammet. Eksportnæringane var også sentrale i Filmavisa si dekning av gjenreisninga av næringslivet. Handelsflåten, fiskeri, kvalfangst, og det industrielle prestisjeprosjektet i Mo i Rana var blant dei sentrale eksportnæringar som Filmavisa synte reportasjar frå.

⁷⁷ Sjå Aftenposten 28. september 1945.

⁷⁸ Filmmelding, Aftenposten 23. juli 1946 signert Rey

Gjenreisinga av eksportnæringar

Eit innslag frå Akers mekaniske verksted frå august 1945 slo an tonen om gjenreisinga av eksportnæringane.⁷⁹ Reportasjen starta med bilde frå arbeidet ved skipsverftet:

Den nye arbeidsdagen er begynt. Jorden venter, skogen venter, maskinene venter, men det er som folk ikke er riktig klar til å ta fatt igjen. Men arbeides må det, og arbeides skal det. Se på disse bildene fra ett av våre store skipsverft, Akers mekaniske verksted. Under krigen ble det sabotert her etter alle kunstens regler, men nå er tiden kommet til at arbeidstempoet skal omlegges til topp ytelse i gjenreisningens og nyskapningens tegn. Det gjelder å få opp farten, føle gleden ved at arbeidet går unna. Det er slutt med den tause innbitte motstanden som preget hver norsk arbeidsplass under krigen. Nå er det OSS SELV [kommentator uth.] vi arbeider for, frie og selvstendige bygger vi en ny og lykkelig fremtid for landet.⁸⁰

Reportasjen viste fleire klipp frå ulike delar av arbeidet, og det ble også lagt på lyd av sveising og hamring nærast for å understreke at her arbeidar ein i høgt tempo. Innslaget bygde opp under ei førestelling om at alle nordmenn ytte motstand ved at dei jobba sakte for tyskarane under krigen. Arbeidarane ved Akers mek. spelte såleis rolla som føredøme for å underbygge Filmavisas appell om at no gjaldt det å omstille seg til auka innsats for fellesskapet.

Filmavisa understreka kor viktig rolle skipsbygginga spelte for landet og gjenreisinga. ”Norske skip fra norske verksted. Det er en av gjenreisningssakens store oppgaver,” innleia Filmavisa ein reportasje som viste korleis Rosenberg Mek. i Stavanger utvida anlegget for å kunne bygge større skip.⁸¹ Mekaniske verkstadar blei ofte besøkt. Filmavisa reflekterte også over sin eigen funksjon for å skape optimisme i innleiinga til ein ny reportasje frå Akers mek. i august 1946:

Så er det ukens gjenreisningsreportasje. Vi bringer disse innslagene i lydfilmavisen fra de forskjellige felter, et barometer som skal fortelle hvor skoen trykker mest. Og når vi riktig føler trang til å friske litt på optimismen tar vi en tur til et av de store skipsverftene våre.⁸²

Det er rett at Filmavisa hadde svært mange reportasjar knytt til ulike sider av gjenreisinga, sjølvom «et barometer som skal fortelle hvor skoen trykker mest» nok ikkje var blant Filmavisa sine mest vellukka metaforar. Trangen til å skape optimisme var i tråd med

⁷⁹ Nokre få andre valutabringande næringar kan vi også spore i Filmavisa, mellom anna eksport av hestar til Polen. Filmavisa hadde reportasje frå Statens Hingsteutstilling kvar vår (sjå revy nr. 17/1946/08, 19/1947/06, 19/1948/03 og 19/1949/02). I revy nr. 19/1947 viser Filmavisa frå Statens Hingsteutstilling på Bjerkebanen, der hestar blei synfart med tanke på eksport til Polen. I revy nr. 49/1947/05 ser vi nokon av desse hestane bli lasta opp i eit skip som skal til Gdynia i Polen. «Ja, slik er det vi oppfyller en del av vår handelsavtale med Polen. 15 millioner kroner skal betales med hester, dvs. at vi kommer til å eksportere omkring 10.000 dyr.» avslutta kommentarane til reportasjen.

⁸⁰ Revy nr. 14/1945/02 «Full damp på Akers mek. Verksted» (28 meter).

⁸¹ Revy nr. 09/1946/03 «Rosenberg Mek. Stavanger. Fra maskinhallen, beddingen, ny kjøll strekkes» (20 meter).

⁸² Revy nr. 32/1946/04 «Med båt langs Akers. Mek.» (34 meter).

«Opplysningskomiteen for Gjenreising» sine målsettingar om at pressa skulle bidra til å spreie optimisme og «skape en øket forståelse for dagens og fremtidens problemer i gjenreisningen med det mål for øye å øke arbeidsinnsatsen.»⁸³

Reportasjen frå Akers mek. heldt fram, og kombinasjonen av bilde frå ulike delar av arbeidsprosessen og kommentarane gav inntrykk av at det er høg aktivitet. Filmavisa delte med publikum sine observasjonar frå Akers mek. «hvor det er båter på hver bedding i hver dokk, ved hver reperasjonskai, og dessuten en hel del som bare venter på tur til å komme til.» Same type bilde gav bakgrunn for kommentarane som minte om frå krigen, for deretter å peike fram mot ei lovande framtid for ein gjenreist flåte:

Halvparten av vår prektige handelsflåte gikk tapt under krigen og tusener og atter tusener av våre staute sjøfolk med dem. Vi bøyer oss i takknemlig hyldest til disse helter som aldri mere skal vende tilbake, men vår gjenreiste skipsflåte skal atter føre det norske flagget over alle verdenshav til ærerikt minne om dem som gav sitt liv for at vi skulle få leve.

På same måte som ved ei lang rekkje minneseremoniar avslutta Filmavisa med ein moralsk appell om auka innsats:

Og derfor går arbeidet i stadig økende tempo ved våre skipsverft, de mål som er satt, SKAL [kommentator uth.] nåes. Og slik må også det billedet være som forteller om gjenreisningsarbeidet i Norge på alle mulige andre områder.

Våren 1946 hadde Filmavisa fleire reportasjar frå oppbygginga av handelsflåten, mellom anna frå Bergens Mek. Verk.

Vi ser:	Vi hører:
<p>Sekvens 1: Halvferdig skip i dokken. Man festar metallplate til krane. Krane i arbeid. Beddingen.</p>	<p>Sekvens 1: (munter musikk) «Trafikken på havet er kommet i gang igjen. Båter kommer og går, men den norske handelsflåte er blitt sørgelig redusert under krigen. Behovet for tonnasje synest uten grenser, og våre skipsverfter har en påkjenning som aldri før. Her besøker vi Bergens Mek. Verksteder hvor parolen naturlig nok er "Bergenske skip til bergenske redere." Byen har tradisjoner og pågangsmot, og nybygging nr. to står allerede på beddingen.</p>
<p>Sekvens 2: Seglskipet Statsråd Lehmkuhl. Nærbilde av skadar i skroget. Skipsklokka. Malingsarbeid langs sida på Lehmkuhl.</p>	<p>Sekvens 2: Dette er skoleskipet "Statsråd Lehmkuhl", som gjennomgår en større oppussing. Båten ble under krigen selvfølgelig overtatt av herrefolket, og de for fram med den som tyskerne hadde for vane å gjøre. Nå er den snart seilklar, og så drar den avsted på tokt med 200 unggutter ombord, som skal lære godt</p>

⁸³ Aftenposten 28. september 1945. Sjå også Verdens Gang 28. september 1945.

<p>Sekvens 3: Stort skip på beddingen, klar til sjøsetjing. Mann i arbeid på dekk. Mann sveiser. Fleire glimt av sveisearbeid. Mann maler på skipet. Skipet sett mot baugen.</p> <p>Sekvens 4: Mange mennesker på kaia, paraplyar. Mann tek i mot blomsterbukket frå kvinne. Flaske knusast mot skipsbaugen. Skipet glir nedover baugen, menneskerflokk i framgrunnen. Akter når sjøflata. Skipet glir vidare ut i sjøen. Mange menn vinkar med hatten mot skipet. Skipet sjøsett.</p>	<p>sjømannskap for senere å hevde Norges ry som verdens ledende sjøfartsnasjon.</p> <p>Sekvens 3: Her har vi verkstedets første nybygging etter krigen, klar til å sjøsettes. Det er en båt på 5500 tonn, som ble bestilt av tyskerne under krigen, men det hastet jo ikke så svært med å få den ferdig. Det kan hende at arbeiderne drev litt sabotasje så lenge krigen varte, men det merker man såvisst ikke noe til idag. Det er tempo og den rette arbeids glede hos alle mann, og hver enkelt setter alt inn på å vise at han kan klare den jobb han er blitt betrodd.</p> <p>Sekvens 4: Den store dag er kommet og nybyggingen skal gå av stabelen. Det er den første større båt som sjøsettes i gjenreisningens tegn. Og det seremonielle følger god gammel tradisjon, Blomster overrekkes, champagneflasken knuses mot baugen, og hurraropene runger mens det stolte skip glir nedover beddingen. Det er bare en ting som avviker fra reglementet. Denne båten får ikke noe navn i dåpen. Saken er at den som fiendtlig eiendom er overtatt av staten, og det er ennå ikke foretatt noen bestemmelse over hva som skal gjøres med den. En ting er imidlertid sikkert: Vi har fått en ny og verdifull tilvekst til den norske handelsflåte.»</p>
--	--

Revy nr. 13/1946/05 «Handelsflåten gjenreises» (65 meter)



Filmavisa viste at arbeidet med å gjenreise handelsflåten var i gang (revy nr. 13/1946/05).

Reportasjen starta med bilde av eit halvferdig skip i dokken, og ein mann som festar ei metallplate til ein heisekrane. Kommentaranne innleiar med å referere til den skade krigen hadde påført landets viktigaste eksportnæring, og dei enorme oppgåvene som no stod for dør for våre

skipsverft. Likevel var tonefølgje muntert, som for å understreke at det vi no fekk sjå gav grunn til optimisme. Filmavisa underbygde sin eigen påstand om at bergensarane var driftige ved å vise at skip nummer to allereie låg i beddingen. Så forlot reportasjen beddingen for ei kort stund og viste bilde av skuleskipet Statsråd Lemkuhl som låg til kai. Det kom ikkje eksplisitt fram i kommentarane, men kombinert med det oppussingsarbeidet ein kunne sjå på skuleskipet, fekk publikum inntrykk av at «herrefolket» hadde vore slurvete med Statsråd Lemkuhl under krigen. Etter dette stikket mot okkupasjonsmakta, såg kommentarane optimistisk framover mot ei tid då Noreg igjen får skulle bli ein leiande sjøfartsnasjon. Så vendte bilde igjen tilbake til arbeidet på skipdokken, men kommentarane ville ikkje sleppa taket på krigen og sivil motstand. Også i denne reportasjen blei det påstått at nordmenn jobba sakte for å svekke tyskarane, men no var haldninga til arbeid endra. Mange relativt hurtige klipp som viste menn i sveisearbeid underbygde påstanden om at det no var høgt arbeidstempo. Filmavisa viste resultatet av arbeidsinnsatsen i siste del av reportasjen. På tross av regn og dårlig vær, viste bilde at mange mennesker var møtt opp på kaia for å sjå det nye skipet gå av stabelen. Til lyden av fanfaremusikk og hurrarop blei skipet sjøsett, og Filmavisa konkluderte med at gjenoppbygginga av den norske handelsflåten var godt i gang. Tre veker seinare kunne Filmavisa enda ein gong melde om nye framsteg:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Nærbilde av livbøye med påskrift, "Pacific Express". Båten i open sjø. Mann i maskinrommet smører stempel som går opp og ned. Motorerens rotor går rundt. Skipets kaptein setter seg ved skrivebordet i hans romslege lugar. Tar av telefonrøret og ringer. Telegrafisten sender morse i radiorommet. Matsalongen. Røykesalongen med sofa og fleire lenestolar. Kunst på veggane og stor blomsteroppsats på salongbordet i luksuskabin. Vanleg kabin. Skipsoffiser gjev honnør til splittflagget som blir heist på dekk. Båten i rom sjø.</p>	<p>(musikk, Souza-marsj) «Gjenreisningen av den norske handelsflåte går fremover med kjempeskritt. Forleden dag kom en av de siste nybygningene til Oslo for første gang "Pacific Ekspress" tilhørende rederifirmaet Bjørn Bjørnstad & Co. Skipet er på 4200 tonn og med en fart på 17 1/2 knop på full last er den verdens hurtigste fruktbat. Det er nemlig i den farten båten skal gå, og nå har det nettopp losset nesten 120.000 kasser frukt fra Sydamerika i svenske havner. Båten er bygget ved Kookums verksted i Malmø og er innredet etter de mest moderne prinsipper. Dette gjelder ikke minst de ypperlige bekvemligheter for passasjerer og mannskap. Her besøker vi kapteinen i hans lugar, og dette er radiorommet. Det er ikke plass til mer enn 12 passasjerer, men de har det gjengjeld så komfortabelt som man kan ønske seg. Her er vi i spisesalongen, og derfra kommer vi over i røykesalongen. Forøvrig er det en stor dekkveranda og romslig promenadedekk og flott svømmebod. Slik ser de mer ordinære kahyttene ut. Alt i alt er "Pacific Express" et fartøy både rederiet og landet kan være stolt av. En verdig representant for den norske handelsflåte.»</p>

Revy nr: 16/1946/07 "Pacific Express. Moderne fruktbat." (58 meter).

Kommentatoren starta med å forklare at publikum igjen skulle få sjå at det gjekk fort framover med gjenreisinga av handelsflåten. Innslaget er ein sirkelkomposisjon og starta med nærbilde av ein livbøye med påskrifta *Pacific Express*, og deretter fekk publikum sjå skipet segle forbi i open sjø. Både i ord og bilde fekk publikum deretter sjå at den nye tilveksten til handelsflåten hadde alle moderne fasilitetar ein kunne ønskje seg. Neste klipp var frå maskinrommet der ein mann smørte eit stempel som gjekk opp og ned, og publikum kunne sjå at motorens rotor gå rundt mens kommentaren fortalte at skipet var verdas hurtigaste fruktbat. Til bakgrunnsmusikken av ein feiande Souza-marsj fortsatte Filmavisa omvisninga om bord i skipet, og kommentarane framheva det moderne ved alt ein fekk sjå. Interiøret blei kommentert som «bekvemmelig» og ein fekk inntrykk av at arbeidsplassane var funksjonelle, illustrert ved mennesker i arbeid med meir eller mindre moderne apparat. Reportasjen blei avslutta med bilde av ein skipsoffiser som gav honnør til det norske splittflagget som blei heist på dekk, eit symbol på at handelsflåten hadde fått ein ny tilvekst. Kommentaren konkluderte med at *Pacific Express* hadde den norske handelsflåten grunn til å vere stolt av, før publikum til slutt såg *Pacific Express* segle forbi i rom sjø.

Dei leksikalske vala understøtta ei optimistisk tolkingsramme kring gjenreisinga. Reportasjen var spekka med positivt lada ord som kunne ha vore henta frå eit salsprospekt – ordet «moderne» var eit teikn på framsteg og «hurtigste» var ei samanlikning med andre skip, blant anna i utanlandsk eige. «Ypperleg» tyda på at skipet var av svært god kvalitet. Heile reportasjen bygde opp om den positive påstanden den innleia med, og «en av de siste nybygningene,» tyda på at *Pacific Express* berre var eitt av fleire nye tilskot til handelsflåten.

Seinare reportasjar viste andre sider ved gjenoppbygginga av handelsflåten, kor både vitenskapen og styresmaktene engasjerte seg sterkt for å finne løysingar. Ved NTH i Trondheim blei publikum presentert for ein ny skipsmodelltank for utvikling av skipsteknologi.⁸⁴ I den same revyen fekk publikum vite at styresmaktene i Oslo hadde gjeve ei tomt på Sjursøya til Nyland verkstad, slik at det der kunne bli etablert «et stort og modern skipsverft.»⁸⁵

Sjøsetting av nye norske skip var likevel det mest synlege teiknet på gjenreisinga av handelsflåten. Filmavisa vendte seinhaustes 1946 endå ein gong tilbake til Akers mek. Denne

⁸⁴ Revy nr. 19/1946/04 «Skipsmodelltanken i Trondheim» (43 meter) Filmavisa kommenterte at og under leing av ingeniør J. K. Lunde, «arbeides det under høytrykk med løsningen av viktige oppdrag for gjenoppbyggingen av vår handels- og fiskerflåte.»

⁸⁵ «(...) De store planer om utvidelse av Oslo havn er kommet et langt skritt nærmere sin løsning. (...) har myndighetene nå endelig avgitt Sjursøya til ny tomt for et stort og moderne skipsverft. (...)» Kommentar til revy nr. 19/1946/02 «Nyland verksted flytter til Sjursøya» (47 meter).

gongen for å sjå skipet *Bataan* gå av stabelen: «Det var ikke så lite av en begivenhet på Akers mek. Verksted, da verftets hittil største nybygning, og den første etter krigen, forleden gikk av stabelen. (...) ”Bataan” ble påbegynt i 1939, men hverken rederi eller verksted hadde interesse av å fullføre den under krigen (...),» kan tolkast som ein referanse til at nordmenn arbeidde seint med å byggje skipet, som ein del av den sivile mostanden under krigen. Nokre månader seinare var Filmavisa med *Bataan* på prøvetur:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Solfylt dag. Vi ser <i>Bataan</i> i open sjø seglar mot kamera. Skipet på dekk, Oslo i bakgrunnen. Fire menn oppstilt på dekk, blant anna Rudolf Olsen og direktør Åmundsen ved Akers. mek.. Matros ved roret. Skipets dekk. Kaptein Holmsen i uniform på brua. Fleire klipp frå Salongen. Lenestolar, blommar på bordet, måleri på veggane. Åtte matrosar har matpause i salongen. Tre menn i arbeid i maskinrommet. Motorens mange stempel går opp og ned. Nærbilde av stempel. Nærbilde av baugen med skipets galionsfigur. Nærbilde av baugen som skjerer seg framover vasskorpa. Heile skipet i open sjø.</p>	<p>(marsj-musikk) «Så drar vi på prøvetur med den største og prektigste båt som noen gang er bygget i Norge, Fred. Olsens "Bataan", som også er blitt betegnet som verdens vakreste 10.000-tonner. Her står til venstre skipsreder Rudolf Olsen og direktør Åmundsen ved Akers mek. verksted som har skapt et mesterverk av skipbygningskunst i denne fullkomne båt. På broen står kaptein Jens Holmsen, fører av det stolte skip. En rundtur i Bataans salonger er en vandring gjennom de skjønneste interiører, hvor norske kunstnere på alle områder har samarbeidet om å skape en harmonisk og verdig helhet også i denne del av skipets innredning. Mannskapsbekvemlighetene er mer velutstyrt enn på noen annen båt. Alikevel er det vel maskinrommet som fremfor alt er verkstedets stolthet. De veldige dieselmotorene som under prøveturen ga skipet en fart på 19 mil utviklet 10.800 hestekrefter. På prøveturen ble skipet høytidelig overlevert rederiet. Om få dager legger det ut på sin første tur i farten på vestkysten av Amerika, og et stoltere fartøy har aldri ført Norges flagg på de syv hav.»</p>

Revynr. 19/1947/05 «Bataan - Verdens vakreste 10.000 tonner - går prøvetur» (40 meter)

Oppbygninga av reportasjen likna på innslaget om *Pacific Express*. Bildet viste skipet fyrst i open sjø, omtalen av salongane blei illustrert med bilde av matrosar som hygga seg der, og nærbilde av motorens stempel i arbeid underbygde omtalen av den høge farten. Innslaget skilde seg likevel noko frå *Pacific Express*-reportasjen, fordi denne gongen var det ein norsk skipsbygger som hadde stått for arbeidet. Publikum fekk sjå sentrale namngjevne norske personar, og heile reportasjen framstod som ei oppvisning i kva norsk skipsbyggingsindustri kunne få til. «Verdens vakreste», «mesterverk», «fullkomne», «skjønneste», «harmonisk og verdig» «velutstyrt» og nyordet «mannskapsbekvemlighetene» var nokon av dei mange panegyriske ord og vendingar reportasjen var overstrødd med. Det heile blir avslutta med følgjande svulstige salutt; «(...) et stoltere fartøy har aldri ført Norges flagg på de syv hav.» mens vi kunne sjå skipet segle inn i horisonten/framtida.

Kvalfangsten var også ei viktig eksportnæring, og Filmavisa hadde eit fast innslag kvar haust der publikum fikk vere med på å ta farvel med kvalfangarane før dei reiste til Sørishavet. Dei fekk også vere med på å ønskje dei velkomen heim kvar vår.⁸⁶ Hausten 1947 var Filmavisa enda ein gong på plass i Sandefjord. Reportasjen starta med å ein refleksjon over publikums forventningar:

Det er vel kanskje dem som synest det er rart at Filmrevyen ikke tidligere i høst har bragt noen reportasje av en så viktig begivenhet i norsk næringsliv som utrustningen av hvalfangstflåten for kommende sesong, men denne gang har vi ventet med vilje helt til siste mann skulle av gårde.

Filmavisa viste deretter kvalfangerar i småbåtar på veg ut til *Thorshavet*, og passerte underveis kvalbåtane som publikum blei fortalt var «bygget etter de mest moderne prinsipper».⁸⁷ Thorshavet var bygd i Belfast, men sjølv om omtalen av skipet var noko meir nøktern enn den norskbygde Bataan, blei den omtalt svært positiv.⁸⁸ Filmavisa fortalde at Thorshavet var «Norges nyeste og største - ikke bare kokeri - men skip i det hele tatt. Det er på 25.000 tonn og har kostet 30 millioner kroner å bygge,» mens publikum kunne sjå at kvalfangarane tok farvel med sine næraste. Filmavisa viste ikkje noko av interiøret slik som i reportasjene frå Pacific Express og Bataan, men publikum blei fortalt om fasilitetane om bord mens ein kunne sjå at *Thorshavet* blei slept ut fjorden ut mot det opne havet:

Det er sikkert det flottest utstyrte kokeri som noensinne har gått til fangsfeltet. Det er bare 1- og 2-mannslugarer ombord, røkesalong, kino, bastubad, og varm- og kaldluftsventilasjon i alle rom. Skipet er utstyrt med radar og radiopeileanlegg (...)

På same måte som i reportasjen om Bataan kunne publikum til slutt sjå *Thorshavet* på veg inn i horisonten: «Og så drar den ut mot havet, den svære ruggen, som skal hevde vår ubestridde førerstilling i moderne hvalfangst.» Både reportasjane frå Bataan og Thorshavet bygde seg dramaturgisk opp mot ein avsluttande, nærast konkluderande kommentarar som peikar i retning av byrgskap kring det store nasjonale «Vi».

Det nasjonale «Vi» var også eit omgrep som Filmavisa brukte i innleiinga til reportasjen om ei anna viktig eksportnæring våren 1946; nemleg fiskeria:

⁸⁶ Revy nr. 42/1946/01 «Hvalfangerne drar ut. Kokerier på havna. Mannskapet tar avskjed» (42 meter), (21/1947/02) «Hvalfangerne vender hjem» (30 meter), (43/1947/02) «Thorshavet, Norges nyeste og største hvalkokeri- Går avsted til fangsfeltet» (59 meter), (19/1948/06) «Hvalfangerne vender hjem til Sandefjord» (46 meter), (44/1948/02) «Det nye hvalkokeriet Thorshøvdvi til Sandefjord» (40 meter).

⁸⁷ Kommentar til revy nr. 43/1947/02 «Thorshavet. Norges nyeste og største hvalkokeri. Går avsted til fangsfeltet» (59 meter).

⁸⁸ www.thor-dahl.lardex.net/skip/skipstekst/1947_thorshavet.htm (Besøkt 3.mai 2013)

Vi begynner å få igjen våre utenlandske fiskemarkeder og på Skoltegrunnskaaien i Bergen er det hektisk virksomhet før Englandsbåten skal gå.

Filmavisa viste fiskekassene som fekk siste påfyll av is før dei blei spikra igjen, og svingt ned i lasterommet til lasteskipet *Jupiter* som låg klar til avgang. Både bilde, kommentarar og musikk i høg takt viste at det var stor aktivitet:

Arbeidet går med liv og lyst, og gamle skjeggete gubber haler i trossene så det er en fryd å se, men så er det også mye god valuta vi får igjen for den fisken vi sender ut..

Alle desse reportasjene gav indikasjonar på at det gjekk framover med viktige eksportnæringar som hadde havet som fellesnemnar.

Fellesprogrammet la også opp til vidare utnytting av billeg energi for å skaffe både arbeidsplassar og utanlandsk valuta. Planane kring bygginga av jarnverket i Mo i Rana blei fyrste gongen omtalt i Filmavis under Kong Haakons reise til Nord-Noreg sommaren 1946.⁸⁹ Same hausten følgde Filmavisa styret på synfaring i området der *Norsk Jernverk* skulle ligge. Reportasjen gav eit godt inntrykk av at dette var eit industriprosjekt av store dimensjonar. Filmavisa viste oversiktsbilde over store skogar som måtte hoggast for å gje plass til jernverket, malmkaier som skulle utbyggast, og «til slutt tar vi et utsyn over Selfors hvor en fremtidig bymessig bebyggelse vil bli lagt, og i løpet av de kommende år vil vokse opp en helt moderne hageby.»⁹⁰ Eitt år seinare, i september 1947, var Filmavisa tilbake i Mo i Rana, og viste kor langt arbeidet var kome, med skogrydding, bygging av kaier og anleggsvegar, før reportasjen blei avslutta med bilde av dei veldige fossane som skulle gje krafta til jarnverket.⁹¹ Filmavisa unnlot å nemne at prosjektet var ein god del forseinka i forhold til planane, sjølv om dette blei grundig diskutert i Stortinget allereie sommaren 1947. Tvertom så hevda Filmavisa at: «Arbeidet med det veldige prosjektet går sin gang, jevnt og sikkert.» Det skulle likevel vise seg at bygginga av jarnverket til slutt tok heile ni år (ikkje tre år, som opphavelag planlagt). Det blei også langt dyrare enn planlagt, og hadde kosta 500 millionar (utgreiinga frå 1945 stipulerte med 207 millionar) då det opna i 1955.⁹²

⁸⁹ Revy nr. 29/1946/02 «Mo i Rana. Oversikt over Jernverkets nye tomter. Kongen tilstede.» (25 meter).

⁹⁰ Revy nr. 43/1946/01 «Mo i Rana. Styret på Befaring» (70 meter).

⁹¹ Revy nr. 36/1947/02 «Jernverksplanene i Mo i Rana» (62 meter).

⁹² Sjø Grønlie 1973.

Gjenreising av heimeindustrien

Etter krigen var det eit nasjonalt mål i følgje Fellesprogrammet å verte sjølforsynte på ei rekkje områder. Derfor var det også viktig å byggje opp næringsverksemd som kunne forsyne den heimlege marknaden med varer. Det gjaldt ikkje minst den viktige tekstilindustrien som skulle forsyne landet med klede. Våren 1946 var Filmavisa på besøk ved Arna fabrikk utanfor Bergen. Reportasjen starta med å referere til kor vanskeleg denne bransjen hadde hatt det under krigen, men at det no var grunn til optimisme for framtida.

Tekstilindustrien har arbeidet under uhyre vanskelige forhold både i krigsårene og i den tid som senere er gått, men nå ser det ut til at krisen er overvunnet og det arbeides som aldri før for å dekke det skrikende behov som gjør seg gjeldende. Denne reportasjen fra en av Norges største og mest moderne tekstilfabrikk gir grunn til en berettiget optimisme på dette området.⁹³

Resten av den cirka fire minutter lange reportasjen viste ulike delar av arbeidsprosessen. Filmavisa hevda at alt tyda på at fabrikkene var moderne. Innslaget var dominert av bilde av maskiner, ikkje av mennesker. Både bilde og kommentarar gjorde det tydeleg at maskinene sparte arbeidskraft, og Filmavisa viste arbeidsprosessen i detalj for å understøtte påstanden om effektivisering. Publikum blei forklart at «Matingen foregår automatisk, slik at tilførselen av ull blir jevn. Det er også automatisk overføring fra den ene til den andre av de tre karemaskinene.» Litt etter fekk publikum sjå spindelmaskiner der «hver av dem har 380 spindler og betjenes av - én arbeider,» og dei kunne sjå denne eine arbeideren i arbeid. Deretter viste Filmavisa oversiktsbilde over ein av dei store salane kor dei «hypermoderne helautomatiske vevstolene» stod på rekke og rad. Neste klipp viste ei kvinne i arbeid med vevstolane: «En enkelt arbeiderske betjener seks slike stoler hver, og hver stol kan produsere fra 20 til 50 meter tøy per dag, alt etter kvaliteten.» Farbrikken produserte også kunststoff, og publikum fekk sjå silkeveveriet: «Dette er silkeveveriet. På grunn av råstoffmangel er produksjonen her mindre enn under krigen, da kunstsilkefabrikken på Notodden bare delvis kan dekke behovet.» Til munter musikk viste Filmavisa arbeidsprosessen med å produsere kunstsilke, før kommentatoren til slutt vendte seg direkte til publikum med følgjande optimistiske kommentar: «Skal vi etter dette håpe på en ny dress i år?»

Filmavisa trakk fram Arna fabrikk som eit døme på at tekstilindustrien var på veg ut av krise. Dei arbeidde hardt for å dekke det innanlandske behovet, og Filmavisa viste at fabrikkene i Arna var godt rusta til å møte eventuell konkurranse, ikkje minst på grunn av

⁹³ Revy nr. 19/1946/03 «Tekstilindustrien og gjenreisningen – et besøk i Arna fabrikk.» (65 meter)

moderne og effektive maskiner. Alt dette gav Filmavisa grunn til å framheva at det var grunnlag for optimisme også i denne bransjen.

Allereie veka etter viste Filmavisa fram endå eit teikn på at det gjekk framover med norsk næringsliv. Filmavisa dekkja opninga av *Den norske uke* i Oslo, og innslaget starta i gatene med marsj-musikk i bakgrunnen. Publikum fekk deretter sjå at Kronprinsparet steig ut av ein bil omkransa av ei stor menneskemengde på veg inn til den høgtidelege opninga av utstillinga i Håndverkerforeningens lokaler i Oslo. Dette var «den første beskjedne varemessen her hjemme etter krigen», fortalde kommentatoren. Vi fekk vidare opplyst at statsråd Holt i opningstalen sa at overskotet frå utstillinga skulle gå til hjelp til born og gamle i nord-Troms og Finnmark. Så fekk vi sjå sjølve utstillinga:

Vi ser:	Vi høyrer:
(...) Ei sofagruppe med bord og tre lenestolar. Øyrelappstol og stålamp, bokhyller og lampettar. Ryggsekkar og vesker, keramikk. Nærbilde av keramisk figur.	(korps spelar marsj – opptogmusikk) «(...) 24 større og mindre firmaer fra forskjellige kanter av landet har stilt ut en rekke nyttige og til dels meget vakre ting. Dette gjelder ikke minst møbelindustrien, men ellers var en mengde andre produkter å glede seg over: Vesker, kofferter, ryggsekker, keramikk, forskjellige sorter konserver og meget annet. Størsteparten av de utstilte varer er riktignok ennå ikke kommet ut på markedet, men utstillingen viser at det går fremover, at retningen er riktig og farten upåklagelig.»

Revy nr 20/1946/04 «*Den norske uke åpnes*» (44 meter)

Reportasjen viste tydeleg at *Den norske uke* var eit nasjonalt arrangement med bidrag frå heile landet til utstillinga.⁹⁴ Kronprinsparet og til ein viss grad også statsråd Holt bidrog til å skape blest kring tilskipinga, og Filmavisa viste fram kva norsk industri var i stand til å produsere eitt år etter krigens slutt. Sjølv om ikkje alle produkta var å få kjøpt, konkluderte Filmavisa med at det gjekk framover.⁹⁵

Produksjon av slike forbruksvarer reduserte importbehovet, og det var difor eit viktig bidrag til å betre nasjonaløkonomien. Det var likeeins viktig at store investeringar slik som hus i størst muleg grad var basert på norskproduserte varer. Hausten 1946 var Filmavisa hos Berger Langmoens fabrikk som produserte bygningsplater.

⁹⁴ «Varemessen «Den norske uke» i Håndverkeren er bare et av de mange tegnene som viser at industriens hjul er kommet godt i gang igjen, slik at norsk produksjon snart kan skaffe oss de fleste av de varene som vi ønsker oss, (...)» skreiv Aftenposten, 25. mai 1946.

⁹⁵ I 1948 viste Filmavisa også ein reportasje frå ei liknande varemesse i Bergen: «(...) Riksmessen i Bergen har etter forholdene fått stor tilslutning, og publikuminteressen er levende. Riksmessen i Bergen er et positivt tiltak som viser at landets produksjonsliv er kommet godt i gang igjen etter krigen,» kommenterte Filmavisa. Varemessa blei opna av Kong Haakon. Revy nr. 23/1948/01 «Åpning av den norske varemesse i Bergen» (62 meter)

Framstilling av bygningsplater er et av de aller viktigste ledd i gjenreisningsarbeidet. Våre forskjellige bedrifter i denne bransje arbeider da også under høytrykk. Vi besøker her vår mest moderne fabrikk på området, Berger Langmoens store anlegg i Brummunddal, hvor det først ble opptatt full drift fra vårparten i år.

Reportasjen følgde eit kjent mønster; publikum fekk sjå produksjonsprosessen i detalj fram til bygningsplatene blei pakka for eksport eller sendt til norske byggjeplassar. Slike bilde frå det Filmavisa karakteriserte som ein moderne fabrikk kunne skape eit inntrykk av at ein kunne klare å tilfredsstille det store behovet for bygningsmateriale som gjenreisninga kravde. Andre reportasjar same hausten viste også at arbeiderar ved liknande fabrikkar var villige til å arbeide overtid for å stette behovet.⁹⁶ Trass i denne innsatsen låg husbygginga langt etter både behov og politiske planar.

Rasjoneringa av forbruksvarer

Rasjonering av forbruksvarer var eit viktig grep frå styresmaktene si side for å pense den økonomiske aktiviteten inn på investeringar i næringslivet. Det burde vere nokså lett å forstå korfor det var nødvendig med denne forma for økonomisk regulering. Men etter fleire år med krigens vareknappheit kunne det også skape misnøye at det enno ikkje var over, og at viktige varer framleis var rasjonert. Filmavisa gav i fleire reportasjar uttrykk for at rasjonering var nødvendig, men ho peika også på teikn som kunne tyde på at det snart kunne ta slutt. Like før den fyrste fredsjula var Filmavisa på besøk ved Freia Schokoladefabrikk. Til munter musikk i bakgrunnen fekk publikum sjå at store mengder sjokolade blei framstilt ved samlebandet:

Bedre og bedre dag for dag, het det i den gamle visen. Og nettopp det er det vi skulle synge nå om dagen. For, det er vel de fleste enige om, at vi har all grunn til å være takknemlige for hvordan ting har utviklet seg her hjemme siden 8. mai. Se nå bare på disse hyggelige bildene her. Det var et ord som livsviktig som forfulgte oss gjennom hele krigen. Og det var naturligvis ikke lovlig å lage slik luksus som drops og sjokolade til andre enn herrefolket og dets drabanter.

Heller ikke i denne reportasjen kunne Filmavisa la mørke minner frå okkupasjonstida ligge, og bygde opp under førestellinga om at «herrefolket» karra til seg materielle goder på kostnad av nordmenn flest. Materiell framgong var eit viktig legitimeringsgrunnlag for styresmaktene, og Filmavisa hevda at ein også hadde grunn til å vere takksame for korleis utviklinga hadde vore på dette området. Innslaget var både eit synleg bevis på framgong, men bar også bod om ei

⁹⁶ Revy nr. 44/1946/02 «Fabrikasjon av bygningsplater» (66 meter). Sjå også revy nr 37/1946/04 «Forslag om økt produksjon til fordel for Finnmark. Drammensfirma går i brodden. Produksjon av bygningsplater» (24 meter) (sjå ovanfor).

lysare framtid: «Foreløpig blir det naturligvis ikke så mye [sjokolade] til hver enkelt av oss, selv om fabrikkene kjører for fullt, men myndighetene har lovet at det ikke skal gå så svært lenge til også denne rasjoneringen kan oppheves,» avslutta kommentarane til bildet av store berg med sjokolade. Likevel måtte ein vente heilt til 1950 før det blei slutt på rasjoneringa av sjokolade.

Etter krigen var det også rasjonering på kokekar og kjøkenutsyr av aluminium, men allereie i slutten av november 1945 blei det spekulert i om styresmaktene snart ville oppheve rasjoneringa av slike aluminiumsartiklar. Men sjølv om produksjonen var i ferd med å ta seg opp, trudde salssjef Mürer i Norsk Aluminium Company at det framleis kunne gå fleire månader før utvalet ville bli så stort at forbrukarane fritt kunne velje og vrake.⁹⁷ På nyåret 1946 laga Filmavisa ein reportasje frå ein aluminiumsfabrikk i Holmestrand for å sjå om forbrukarane snart kunne få kjøpt nye kokekar:

Vi ser:	Vi høyrer:
Aluminiumsbarrer. Ulike delar av produksjonen. (...) Pakking av kaffikjeler.	(bossanova-musikk) «Dette er aluminium. Forsyningsmyndighetene forteller at det nå ikke er lenge til vi atter får kjøkkentøy i fritt salg. Titusener av husmødre ser derfor med udelt glede fram til den dag da de kan få gå til anskaffelse av et nytt regiment av skinnende blanke aluminiumskjeler- og kasseroller. Filmrevyen har derfor villet bringe på det rene om produksjonen av disse ettertraktede saker også kan makte å tilfredstille behovet. Disse bildene fra de store aluminiumsfabrikkene i Holmestrand gir grunn til å se for trøstningsfullt på situasjonen. Det er full drift i alle avdelinger vi kommer til etterhvert som vi følger produksjonen. (...) Endelig har vi en liten forsmak på de utstillingene vi snart venter å få se i butikkvinduene. Så er det bare å pakke alt inn og sende det til kundene.»

Revy nr. 02/1946/04 «Aluminiumsproduksjonen i full sving» (79 meter)

Reportasjen fylgde etter vanleg dramaturgi produksjonen frå råvare til ferdig produkt. Lett bossanova-musikk understreka at produksjonen gjekk føre seg med moderne og rasjonelle arbeidsmetodar. Filmavisa meinte at bilda frå Holmestrand gav forbrukarane grunn til å kunne sjå optimistisk på situasjonen. Reportasjen blei avslutta med freistande bilde av korleis dei ferdige produkta ville presentert for kundane når rasjoneringa blei oppheva.

Var det grunnlag for denne optimismen? Jarnvarehandlarane gav uttrykk for at ein liten produksjon av slikt kjøkenutstyr under krigen hadde ført til et stort etterslep, og at det framleis

⁹⁷ «Behovene er nemlig så kolossalt store, at kjøpmennene muligens må sette i gang en midlertidig privat rasjonering og selge på grunnlag av sin egen vurdering av de ulike behov», uttalte Mürer til Aftenposten 29. november 1945.

ville ta fleire månader før etterspurnaden kunne bli dekt.⁹⁸ I januar 1946 oppheva styresmaktene ein del av rasjoneringa av kjøkenutstyret i aluminium. Sjølv om produksjonen kom opp på førkrignivå, var det framleis stor misnøye med tilbodet mange månader seinare. Ei rekkje aluminiumsprodusentar såg seg derfor nøydde til å forklare situasjonen i august 1946:

Produksjonen er også nu, praktisk talt kommet opp i førkrignivået, og publikum kan derfor ikke forstå at man ikke ser mer aluminium kjøkkentøy i forretningene. Mange får derfor en forstemmende fornemmelse av at kjøpmennene holder varene tilbake for å selge dem under disken. Så er selvfølgelig ikke tilfelle.⁹⁹

Også aluminiumsprodusentane forklarte situasjonen med produksjonen under krigen hadde vore for låg til å dekke behovet. For å dekke etterspurnaden måtte produksjonen bli langt større enn førkrignivået. Det kunne derfor gå lenger tid enn reportasjen i frå Holmestrand kunne tyde på, før «husmødrene» kunne velje fritt blant aluminiumskjelar.

Husmødre spelte også ei rolle i ein av dei få reportasjene der ein kan finne kritikk av matrasjoneringspolitikken. Våren 1948 la Melkesentralen fram ein såkalla rasjonaliseringsplan for omsetjing av mjølk i Oslo. Som følge av planen, skulle talet på utsalsstadar for mjølk bli redusert ved at $\frac{3}{4}$ av dei skulle bort. Planen førte til store protestar, og fem store kvinneorganisasjonar danna ein aksjonskomité for å arbeide mot framlegget.¹⁰⁰ Den 3. mars samla dei 10.000 demonstrantar for å protestere mot planen. Ein av initiativtakerane var formannen i Aker Kvinneråd, Ingeborg Schjelderup, som talte til demonstrantane og Aftenposten rapporterte:

Vi skal også huske på at denne plan som kalles en rasjonaliseringsplan, rammer det brede lag av folket mest – hver dag, uke for uke, år etter år. (...) Meningen med denne demonstrasjonen er å appellere til Prisdirektoratet som nu skal avgjøre saken. Vi stoler fullt og fast på at Prisdirektoratet ikke vil skuffe oss, men treffe en avgjørelse som virkelig er til gagn for oss.¹⁰¹

Filmavisa var til stades under demonstrasjonen, og laga følgjande reportasje:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Oversikt over menneskehav på plassen framfor Oslo rådhus.	Sekvens 1: (marsjmusikk) «Nærmere 10.000 husmødre hadde samlet seg på plassen foran Oslo rådhus, da fru Ingeborg Schjelderup ønsket

⁹⁸ «Direktør Eriksen i Norsk Jernvarehandlars Forening måtte melde at kjøpmennenes lager var små som følge av liten produksjon under krigen (...). «en må ikke vente at behovet kan bli dekket på mange måneder ennå.» Aftenposten 15. januar 1946. Aftennummer.

⁹⁹ Melding frå ei rekkje aluminiumsprodusentar. Aftenposten 28. august 1946 Aftennummer.

¹⁰⁰ Aksjonskomiteens medlemmar: Oslo Hjemmenes Vels formann Bolette Hagemann, Oslo krets av Norges Husmorsforbunds formann, Solveig Aubert, Aker krets av Norges Husmorforbunds formann, fru Tordis Undersrud, Oslo Kvinneråds formann, Johanna Thorén og Aker kvinneråds formann, Ingeborg Schjelderup. Aftenposten Aftenutg. 3. mars 1948.

¹⁰¹ Aftenposten 4. mars 1948.

<p>Sekvens 2: Nærbilde av Ingeborg Schjelderup som talar. Kvinner med plakatar. Menneskehavet, berre kvinner. Linda Sørensen ved talarstolen. Menneskehavet, lyttande kvinner. Rekke med kvinner (dei fleste tykkjest å vere over 50 år) som held plakatar med parolar framfor seg (mens vi høyrer frå Schjelderups tale). Ulike klipp av enkelte kvinner som viser fram parolar. Nærbilde av ulike plakatar. Menneskehavet.</p> <p>Sekvens 3: Demonstrasjonstog på veg opp Karl Johans gate, politi til hest. Demonstrasjontoget på veg opp Løvebakken. Bildet dreier fokus mot Stortinget.</p>	<p>velkommen til den store protestdemonstrasjonen mot den nye rasjonaliseringsplanen for melkeomsetning i Oslo. Etter henne talte fru Linda Sørensen, fru Johanna Thorèn og fru Solveig Aubert, og alle hadde de mange alvorsord og si de bestemmende myndigheter. La oss høre litt av en av talene:</p> <p>Sekvens 2: (Ingeborg Schjelderup, autentisk lyd:) "Vi er ikke bakstrevere, tvert i mot hilser vi framskritt og praktisk forenkling med glede, men da må forenkling skje til fordel for alle parter. Men denne rasjonaliseringsplanen slik den foreligger fra melkeorganisasjonene sin side, søker bare å skaffe dem, produsentene, fordeler, mens den på den annen side tar levebrødet fra strevsomme mennesker og viser en likefrem forakt for bykvinnens tid og arbeidsbyrde med strek under."</p> <p>Sekvens 3: Etter at fru Schjelderup til slutt hadde lest opp en resolusjon, oppfordret hun samtlige deltakere i demonstrasjonen til å gå i tog til Stortinget. Det ble en oppmarsj av de sjeldne. På toppen av Løvebakken ble det gjort holdt, det ble viftet med plaktatene samtidig som det lød taktfaste rop opp til folkets kårne.»</p>
--	---

Revy nr. 11/1948/01: «10.000 husmødre demonstrerer mot den nye rasjonaliseringsplan for melkeomsetningen i Oslo» (35 meter)



Filmavisa viste nærbilde av Ingeborg Schjelderup som talte ved demonstrasjonen (revy nr. 11/1948/01).

Bilda frå det store menneskehavet på Rådhusplassen viste med all tydelegheit den store oppslutnaden protestane hadde. Det store talet som deltok i protesten understreka betydninga.

Demonstrasjonen var i hovudsak retta mot Østlandets Melkesentral, noko som også kom klart fram i Schjelderup sin tale. Marsjen til Stortinget viste også at husmødrene ønskte at styresmaktene skulle gripe inn mot rasjonaliseringsplanen. Ein av talararane under demonstrasjonen, Solveig Aubert, hevda at ho følte seg tvungen til å presisere at det ikkje var Prisdirektoratet husmødrene protesterte mot, men det var Prisdirektoratet dei *appellerte* til.¹⁰² I Aftenposten kom det klart fram at aksjonskomiteen overleverte ein resolusjon til Prisdirektoratet, noko som var eit sentralt føremål ved demonstrasjonen.¹⁰³ Sjølv om desse demonstrantane i fyrste rekkje protesterte mot mjølkeorganisasjonane sine planar, var det samtidig også ein kritikk mot styresmaktene som hittil ikkje hadde gripe inn mot planane. Mykje av denne kritikken blei borte i Filmavisa sin reportasje ved at publikum ikkje fekk vite kven som var adressaten for resolusjonen.

Styresmaktene var også adressat for ein ny protestdemonstrasjon i hovudstaden 12. desember 1948. Forsyningssituasjonen i Oslo blei kritisert frå fleire hald, og mange klaga på at det var mangel på rasjonerte matvarer som kjøt, ost og egg. Filmavisa var på plass, og laga følgjande reportasje frå demonstrasjonen:

Vi ser:	Vi høyrer:
Oversikt, stor folkemengde ved Løvebakken. Nærbilde, kvinner og born går i demonstrasjonstoget. Demonstrasjontoget går opp gate, på veg over Stortingsgata, Nationalteatret i bakgrunnen. Menneskemengde i ferd med å løyse seg opp på Rådhusplassen.	(marsjmusikk) «Som protest mot forsyningssituasjonen har mellom 3 - og 4.000 husmødre i Oslo gått i demonstrasjonstog. Det var til begynne med ikke så lett å få noen til å gå i spissen, men omsider satte toget seg i bevegelse fra Løvebakken. Det var rettet en appell om et stille tog, og det var det, selv da det gjorde et lite holdt utenfor statsministerens bolig i St. Olavs gate. Derfra fortsatte husmødrene til Rådhusplassen, og der ble demonstrasjonstoget oppløst og hver gikk stille og rolig til sitt.»

Revy nr. 51/1948/06 «Husmødre demonstrerer mot forsyningssituasjonen i Oslo» (21 meter)

Dersom ein samanliknar denne reportasjen med innslaget som dekka demonstrasjonen retta mot rasjonaliseringsplanen for mjølkeomsetning, vil ein finne fleire ulikskapar. Publikum fekk ikkje

¹⁰² Aftenposten 4. mars 1948.

¹⁰³ Resolusjonen som blei overlevert Prisdirektoratet hadde ein noko større omfang enn utsnittet av Schjelderups tale som Filmavisa viste: «Husmødre, melkekunder i hele Stor-Oslo samlet på Rådhusplassen onsdag 3. mars, protester mot Østlandets melkesentrals rasjonaliseringsplan for melkeomsetning i vår by. Vi er ikke bakstrevere, tvert i mot hilser vi framskritt og praktisk forenkling med glede, men da må forenkling skje til fordel for alle parter. Men denne rasjonaliseringsplanen slik den foreligger fra melkeorganisasjonene sin side, søker bare å skaffe dem, produsentene, fordeler, mens den på den annen side tar levebrødet fra strevsomme mennesker og viser en likefrem forakt for bykvinnerns tid og arbeidsbyrde. Vi henstiller til det ærede Prisdirektorat som har avgjørelsen i denne sak, å se med velvilje på vår protest. La oss få beholde våre melkeutsalg og spare tid og arbeid.» Aftenposten 4. mars 1948.

vite kven som stod bak demonstrasjonen. Filmavisa fortalte berre at det er «3- 4000 husmødre». I reportasjen frå mars 1948 fekk publikum derimot vite at det var Ingeborg Schjelderup og fleire andre namngjevne kvinner som gjekk i spissen for demonstrasjonen. Dette blei understreka med nærbylde av desse kvinnene, og publikum fekk også høyre frå Schjelderups tale. I reportasjen frå desember blei det tvertom kommentert at det var vanskeleg å få nokon til å ta ansvar for å gå i spissen for demonstrasjonen, mens innslaget viste eit oversiktsbylde over ei tilsynelatande noko rådvill menneskemengde ved Løvebakken. Filmavisa forklarte berre at «forsyningssituasjonen» var årsaka til demonstrasjonen, mens i reportasjen frå mars kunne publikum høyre at Ingeborg Schjelderup til ein viss grad fekk argumentere for korfor dei demonstrerte mot dei nye planane for mjølkeomsetning i byen. I dette innslaget fekk publikum også sjå fleire plakatar med appellar og parolar, og det var nesten dobbelt så langt som reportasjen frå demonstrasjonen mot forsyningssituasjonen i desember.



Fleire tusen kvinner samla seg til demonstrasjonstog på Løvebakken (revy nr. 51/1948/06).

Demonstrasjonstog som samla fleire tusen husmødre var i seg sjølv ein god grunn til å lage begge desse reportasjene. Men det er grunn til å tru at forsyningssituasjonen var eit langt meir

alvorleg samfunns spørsmål enn at det blei færre mjølkeutsal. Korfor var det så stor forskjell på desse reportasjene? La oss fyrst sjå om vi finne noko av svaret i konteksten.

I løpet av 1948 kunne ein i avisspaltane lese om misnøye med rasjoneringa av viktige matvarer. Ofte var det dei som hadde ansvaret for familiens innkjøp av mat, med andre ord husmødrene, som førte denne kritikken i pennen. I Oslo var ein ikkje nøgde med styresmaktens politikk på området. Det kom for lite, og det kom ofte for seint. Til dømes hadde forsyningsstyresmaktene førespegla rasjoneringar på (fem?) egg som skulle kome til byen i august 1948, men desse kom fyrst fram til julebaksten.¹⁰⁴ Forsyningsminister Hønsvald provoserte nok også husmødre då han lot seg avbilde i *Alle Kvinner* framfor julebaksten til kona si. Vi må sjølv sagt i alle samanhengar ha i mente at Aftenposten var knytt til opposisjonspartiet Høgre, og det gjeld også når vi les korleis avisa kritiserte statsråden:

«Nam nam, fine saker», sier forsyningsminister Hønsvald, han smaker på sin kones julebakst. Slik lyder underskriften til et helsidesbilde av forsyningsministeren utenpå et av ukebladene denne uke. Det kunne være fristende å kommentere dette, men vi avstår fra det, da vi går ut fra at husmødrene greier det meget bedre selv.¹⁰⁵

Mangel på alminnelig kjøtt førte til at forsyningsstyresmaktene måtte ty til å tilby kvalkjøtt som eit substitutt, men også det var problematisk. I Aftenposten kunne ein like før jul lese følgjande under overskrifta «Sterk misnøye med ernærings situasjonen»:

Aldri har husmødrene skrevet flittigere til redaksjonen enn i disse grå og temmelig magre førjulsdager. Uttallige har utøst sin vrede over forsyningsministerens ubetenksomhet med fotografiet av julebaksten. Og like mange er kommet i harnisk over hvalkjøttet. Bruke dyrebar valuta til hvalkjøtt, som vi selv har eksportert – var det ikke bedre at vi fikk et skikkelig kjøttmåltid for pengene, heter det.¹⁰⁶

Også kvinneorganisasjonar uttrykte misnøye med rasjoneringa, og Norges Husmorforbund fekk i stand eit møte med fungerande forsyningsminister Evensen den 11. desember 1948 med krav om at ernærings situasjonen måtte bli handsama av Statens Ernæringsråd «sett ut fra helsemessige hensyn» før jul. Dei viste til at fettrasjonen var for knapp, osterasjonen for liten, og at kjøtt, egg og mjølk ofte var mangelvare.¹⁰⁷ Under møtet peikte husmorforbundet på at:

¹⁰⁴ «En rekke virkelig oppbrakte husmødre har besøkt Aftenposten og luftet sin misnøye med eggrasjoneringen. – Eggene, som vi skulle hatt i august, kommer først i disse dager, sier de. Men når vi så kommer for å hente dem og forteller at vi har kastet de gamle rasjoneringskortene, nekter kjøpmennene å levere fra seg eggene – er det mening i å skaffe folk denslags ekstraergrelser på toppen av alt det andre vi har å stri med i disse dagene.» Aftenposten Aften 11. desember 1948.

¹⁰⁵ Aftenposten 7. desember 1948.

¹⁰⁶ Aftenposten Aftenr. 9. desember 1948.

¹⁰⁷ Aftenposten Aftenr. 11. desember 1948.

(...) hjemmene var en viktig del av produksjonslivet, og at husmødrene var ikke bare konsumenter. Det var husmødrene som sørget for at familiens helse og arbeidskraft ble holdt ved like, og det kunne ikke nytte med 4-5-årsplaner, hvis det var noe i veien med arbeidskraften. Det kunne heller ikke gå lenger alltid å la hjemmene komme i siste rekke, først etter at anstalthusholdninger, handelsflåten, offentlige bedrifter og private fabrikker var dekket.¹⁰⁸

Denne vanskelege balansegangen mellom forbruk og investeringar var ikkje særmerkt for Noreg. Også styresmaktene i andre europeiske land måtte gjere dei same avveiningane i sin gjenreisingspolitikk. Eksportunderskot og det såkalla «dollargapet» var eit problem som fleire europeiske statar opplevde i dei fyrste etterkrigsåra. Kalde vintrar, særleg 1946/47 med påfølgande uvanleg tørr sommar var heller ikkje gunstig for gjenreisinga, og fleire stadar i Europa kunne ein sjå teikn på naud som kunne føre til sosial og politisk uro uttrykt gjennom streikar og demonstrasjonar. Dette gjaldt særleg statar som Frankrike og Italia, der kommunistane stod relativt sterkt. Frykt for at sosial uro skulle gje grobottn for kommunisme var også blant grunngevingane for Marshall-hjelpa.¹⁰⁹ I tillegg var 1948 eit år der den kalde krigen slo inn for fullt, med kommunistisk kupp i Tsjekkoslovakia i februar og Berlin-blokaden i juni 1948. Luftbrua med forsyningar til Vest-Berlin kravde også store ressursar som gjorde det endå vanskelegare for Vestmaktene å forsyne sin eigen folkesetnad med forbruksvarer.¹¹⁰

Dette var i store trekk situasjonen tidleg i desember 1948 då enkelte tok til orde for å demonstrere mot forsyningssituasjonen i Oslo. Mykje hadde endra seg sidan mars. Var det eit teikn på sosial uro? Var misnøyen ved forsyningssituasjonen av ein så alvorleg karakter at radikale krefter, les: kommunistar, kunne slå politisk mynt på den? Same dag som møtet mellom fungerande forsyningsminister Evensen og Norges Husmorforbunds formann Engelhart var tillyst, meldte Aftenposten at alle borgarlege husmororganisasjonar tok avstand frå massedemonstrasjonen. I staden ville dei avvente resultatet av møtet med forsyningsministeren. Kvinnene som i mars hadde stått bak mjølkeaksjonen var blitt oppmoda til å stille seg i spissen for ein ny protestdemonstrasjon, men dei ville i staden prøve direkte dialog med styresmaktene.¹¹¹ Ingeborg Schjelderup uttalte:

Jeg får hundrevis, ja tusenvis av brev og henvendelser fra folk som vil at jeg skal sette meg i spissen for en demonstrasjon. (...) men jeg sier nei. Det medfører et stort ansvar, det krever megen omtanke og store forberedelser, om det hele skal holdes på et saklig nivå. Og vi håper at myndighetene skal vise oss så stor forståelse at de ikke tvinger oss ut i en ydmygende demonstrasjon, ydmygende både

¹⁰⁸ Aftenposten 13. desember 1948.

¹⁰⁹ Sjå til dømes Milward, Alan S. (2006), «The Reconstruction of Western Europe 1945 -51».

¹¹⁰ Milward 2006.

¹¹¹ Husmorforbundet var godt nøgde med møtet med forsyningsministeren. Det fekk lovnad om auka rasjonar og at Husmorforbundet skulle få møte forsyningsstyresmaktene kvar 14. dag for å bli tekne med på råd. Aftenposten 13. desember 1948.

for dem og oss. Etter vår mening er en demonstrasjon en så alvorlig sak at vi må være varsomme med å gripe til en slik utvei.

Aftenposten slo fast at:

(...) ingen ansvarlig husmororganisasjon sto bak tanken om massedemonstrasjon. Iallfall ingen *borgerlig* [Aft. uth]. Men vi ser av Friheten at 1100 navngitte husmødre i disse dager har undertegnet en henvendelse til Regjeringen om mer mat. Om noen fra den leiren skulle ha utkastet tanken om et demonstrasjonstog, tør vi ikke si.¹¹²

Dagen etter møtet mellom forsyningsminister Evensen og Norges Husmorforbunds formann Engelhart gjekk demonstrasjonstoget i Oslos gater. Aftenposten skreiv om demonstrasjonen i, ein kort artikkel utan bilde med overskrifta «Vi kjøper ikke hvalkjøtt!» Avisa skreiv at demonstrasjonstoget mot forsyningsstyresmaktene ikkje blei nokon massemanifestasjon. Dei kunne melde at då toget gjekk i frå Løvebakken, gjekk demonstrantane berre tre og tre i rekker. «Ingen ledet, det hele så nærmest planløst ut,» hevda Aftenposten. Fleire slutta seg til toget undervegs, «og det var en ganske anselig mengde som stanset foran Rådhuset, der teten dannet talekor: «Vi kjøper ikke hvalkjøtt, vi kjøper ikke hvalkjøtt.»! Avisa spekulerte i kven som var dei ansvarlege bak demonstrasjonen:

Hvor deltagerne politiske hørte hjemme, er ikke godt å si. Men den som beveget seg litt mellom demonstrantene, hørte bemerkninger som tydet på at mange deltagere var kommunister. At deltagerne selv stiller visse forventninger til sin innsats til løsning av forsyningsproblemet, skulle en bemerkning, notert da toget oppløstes, kanskje kunne tyde på: «Ja, hjelper ikke dette får vi fortsette neste søndag!»¹¹³

Det er ikkje oppsiktsvekkande at den konservative Aftenposten ufarleggjorde situasjonen ved å latterleggjere demonstrasjonen og at dei ymta om at kommunistar stod bak.¹¹⁴ I ein svært liten notis i aftennummeret refererte rett nok Aftenposten til at «En av demonstrasjonstogets deltagere har ringt oss i formiddag og presisert at det var folk av alle politiske partier og fra alle samfunnsklasser som deltok i demonstrasjonstoget i går.»¹¹⁵ I ein kronikk i Verdens Gang av Sigrid Stray, eit sentralt medlem i Norges Venstrekvinnelag, kan også tyde på at demonstrasjonen hadde noko breiare støtte enn det Aftenposten fyrst antok. Stray skreiv under overskrifta «Det er grunn til å demonstrere»:

¹¹² «Friheten» var Norges Kommunistiske Parti si avis.

¹¹³ Aftenposten 13. desember 1948.

¹¹⁴ Den kommunistiske avisa Friheten hevda at demonstrasjonen var eit resultat av ein notis som hadde stått i Morgenposten med ei oppmoding om å møte opp denne søndagen. Friheten 13. desember 1948.

¹¹⁵ Aftenposten 13. desember 1948, aftennummer.

Etter i 9 år å ha følt savn og mangler, forlanger folk variasjon i kostholdet, de vil erstatte de slitte klærne med nye, og de vil ha et hjem som de er vant til. Misnøyen går i første rekke ut over arbeidslysten. (...) Mangelen på varer for det daglige behov går i første rekke ut over husmødrene, som står for familiens forsyninger. Hittil har de vært tålmodige (...) Demonstrasjonen i Oslo søndag er utvilsomt et varsel om at tålmodigheten nå er slutt. Ingen hadde tenkt seg en jul som denne.¹¹⁶

Det var altså uklart kor brei politiske støtte demonstrasjonen i desember hadde, og om kommunistane verkeleg stod bak i den grad Aftenposten ymta om. Dette kan truleg forklare korfor Filmavisa var så uklare med omsyn til dekninga av demonstrasjonen, og at «det var til begynne med ikke så lett å få noen til å gå i spissen,» også refererte til at ingen av dei førespurde kvinneorganisasjonane var villige til å stå bak. Omtalen av manglande leiarskap gav også eit førestelling av at demonstrasjonen ikkje hadde brei støtte, og var langt i frå ein kraftfull protest mot styresmaktene. Det blei underbygd med at demonstrasjonen mangla ein skikkeleg sluttappell på Rådhusplassen, men at den der gjekk i oppløysing ved at deltakarane til slutt gjekk «stille og rolig til sitt»

Eit par år tidlegare, den 21. mars 1946, hadde Filmavisa vore til stades under ein noko meir spontan aksjon der husmødre også hadde vore i hovudrolla. Også denne gongen dreide det seg om matmangel. Bakgrunnen for reportasjen var at hamnearbeidarane nekta å losse tomatlasta til det spanske skipet «Dicto» som ein protest mot Franco-regimet. På den fjerde dagen til kais var tomatane i ferd med å bli overmodne, og dette fekk husmødrer til å reagere. Etter lange krigsår der ferske tomatar var mangelvare, og misnøyen blei retta mot politikarane som ikkje greip inn mot hamnearbeidarane sin aksjon. Etter ei kort rådslaging på Tullinløkka satte fleire hundrede kvinner kursen mot Stortinget, der ein ei mindre gruppe fekk overlevert ein protestresolusjon til visepresident Natvig-Pedersen. Etterpå samla kvinnene seg på Løvebakken og satte kursen mot Filipstad der Dicto låg. På veg mot tomatbåten slutta fleire tusen kvinner seg til demonstrasjonstoget.¹¹⁷

Filmavisa sin reportasje starta med å vise demonstrasjonstoget gå langs Karl Johans gate der enkelte kvinner bar plakatar med påskrifter som: «Er vi kommet frå nazidiktatur til bryggediktatur?», «Hvem styrer landet, Stortinget eller bryggearbeiderne?», «Vi krever handling av Regjeringen.» Slik kommenterte Filmavisa aksjonen:

¹¹⁶ Verdens Gang 16. desember 1948. Stray hadde vore formann i Norske Kvinners Nasjonalråd (1938-1946) og hadde som framstående jurist vore ein aktiv motstandar av «det planøkonomiske system.» Stray er mest kjent for si rolle som Knut Hamsun sin forsvarar. (SNL)

¹¹⁷ Følgjande resolusjon blei overlevert: «Er det demokrati vi har kjempet for i disse fem år kan vi forsvare overfor UNRRA og en verden i hungersnød å la vedifulle næringmidler gå til spille? Risikerer vi ikke ved denne aksjonen at vi senere går glipp av tildelingen av matvarer fra verdensforsyningen?» Aftenposten Aften 21. mars 1946.

Det var hverken fryktinngydende eller særlig imponerende det demonstrasjonstoget husmødrene i Oslo foranstaltet som protest mot at tomatlasten ombord i dampskipet "Dicto" ikke ble losset, selv om plakatenes innhold var truende nok. Pent og pyntelig holdt de seg langs den ene fortauskanten på Karl Johan for ikke å gå i veien for trafikken. På Løvebakken utenfor Stortinget ble det gjort holdt. En deputasjon fikk foretrede for presidentskapet og overrakte en protestresolusjon. Folk flest mente nok at damene dermed var fornøyet med sin aksjon, men de skulle snart få oppleve noe annet. Demonstrasjonstoget fortsatte nedover mot bryggene og bestemmelsesstedet var ikke til å ta feil av: Tomatbåten Dicto som lå klar til avgang. Det var et syn som bragte gemyttene i kok, og stemningen steg faretruende. Det var ikke lenger tvil om at demonstrantene hadde alvorlige hensikter. Som på et gitt signal gikk damene til storm på landgangen, og myldret inn på dekket. Politiet gjorde et svakt forsøk på å stoppe denne åsgårdsreien, men fant det snart nådeligst å la damene få sin vilje. Og husmødrene gjorde som vel ingen i sin villeste fantasi hadde drømt om: De losset virkelig Dictos tomatlast på 225 tonn eller godt og vel 20.000 kasser på under 4 timer. (...) Denne unge damen trekker i overall for riktig å ta fatt. En underlig opplevelse var det å se tusenvis av kvinner i alle aldre og alle samfunnslag stå skulder ved skulder og ta imot kassene som ble lempet over skipsrekken i en ustanselig strøm (...).¹¹⁸

Denne spontane aksjonen fekk stor merksemd, også i utlandet.¹¹⁹ Sjølv om aksjonen i fyrste rekkje dreide seg om tomatar, hadde den også ein alvorleg politisk undertone kor ein retta kritikk mot styresmaktene si handtering av hamnearbeidarane sin boikott. Denne kritikken er kan ein delvis spore i Filmavisa reportasje ved at ein kan sjå fleire plakatar i demonstrasjonstoget. Men kommentarane hadde ein annan karakter. I fyrste del var demonstrasjonstoget verken «fryktinngydende eller særlig imponerende», og kvinnene gjekk «pent og pyntelig.» Då kvinnene satte i gang og losse, var dette noko «ingen i sin villeste fantasi kunne drømt om» og en «underlig opplevelse.» Kommentatoren kan nok ha dekning for at det som hendte var heilt uventa, og at synet av kvinner som i timesvis stod og sjaua i land tomatkasser var noko ein aldri hadde sett maken til. Men gjennom kommentarane blei aksjonen framstilt som noko kuriøst, og med det så blei også kritikken som blei retta både mot regjeringa og hamnearbeidarane i stor grad ufarleggjort og delegitimert. Boikotten retta mot Franco-regimet og regjeringas handteringa av hamnearbeidarane sin aksjon var ei komplisert politisk sak. Dette kan vere årsaka til at Filmavisa prøvde å framstå som «upolitisk» ved at ho heller retta merksemda mot det ho framstilte som ein kuriøs hending. I denne tida var politikk framleis eit område som var dominert av menn, og det kan forklare korfor ein slik aksjon med politiske undertonar kunne bli framstilt som noko kuriøst når den blei gjennomført av kategorien «husmødre».

Demonstrasjonane i 1946 og 1948 viste at gjenreisninga langt ifrå var uproblematisk, men det var liten kritikk å spore mot den politikken som blei ført i Filmavisas reportasjar. For

¹¹⁸ Revy nr. 12/1946/06 «Oslos husmødre stormer spanskebåten» (63 meter).

¹¹⁹ «At begivenheten har vakt den største oppmerksomhet i utlandet viser de mange telefoner til avisene frå Sverige, Danmark og England. Oslos husmødre pynter nok opp på førstesidene i atskillige av de store avisene i utlandet i dag.» Aftenposten 22. mars 1946.

å løyse gjenreisingsproblema diskuterte Stortinget korleis ein kunne effektivisere arbeidsinnsatsen, og tidleg i 1948 nedsatte det *Sentralkomiteén for økt arbeidseffektivitet*. Denne komitéen stod bak publiseringa av foredrag, brosjyrer og anna matriell retta mot både husmødre og andre grupper for å skape auka forståing for betydninga av større arbeidsinnsats med særleg tilknytning til gjenreisninga av landet.¹²⁰ I november 1948 innstilte regjeringa Gerhardsen på at denne komitéen skulle få nye løyvingar også for 1949.

Denne vanskelege balansegangen mellom forbruk og investeringar blei ikkje direkte problematisert i Filmavisa, men ved to høve denne politisk relativt heite hausten 1948 stilte ho bokstaveleg talt opp som mikrofonstativ for statsminister Gerhardsen som talte om behovet for auka arbeidsinnsats. Fyrste gongen var tidleg i oktober, då statsministeren var på besøk ved Thunes mekaniske verksted i Oslo:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Stor forsamlingslokale med filma frå bak i rommet. Stort publikum. Statsminister Gerhardsen på talarstolen framme i lokalet, stort norsk flagg heng på veggen bak.</p> <p>Sekvens 2: Nærbilde av Gerhardsen i det han startar talen. Kledd i dress og slips. ("mer og dele") Vi ser publikum, sit på stolar. Berre menn. Publikum filma bakanfrå, Gerhardsen på talarstolen i det fjerne. Nærbilde av Gerhardsen. Same bilde som i starten av innslaget - applaus.</p>	<p>Sekvens 1: (ikkje musikk): «Statsminister Gerhardsen var nylig på Thunes mekaniske verksted i Oslo og talte til arbeiderne.</p> <p>Sekvens 2: (Gerhardsen: original lyd): "Økt produksjon vil løse alle våre økonomiske og materielle problemer. Det vil spare oss for inflasjon. Gjøre fordelingsproblemet lettere fordi det blir mer å dele. Være den eneste sikre vei til en bedre levestandard. Føre til lavere skatter, og til hurtigere opphevelse av rasjonering og kriserestriksjon. Selvom byrdene i denne tida av mange kan føles tunge, og vanskene er mange, så er det også mange lyspunkter. Vi bygger ut landet i denne tida, i et tempo som aldri før. Vi skaper varige verdier som vil komme oss alle til gode i framtida. Vi skal fortsette dette byggende arbeidet. Samle kreftene om å nytte ut landets og folkets muligheter, og med det legge godt grunnlag for en lykkeligere framtid.» (applaus)</p>

Revy nr. 41/1948/05 «Statsminister Gerhardsen taler på Thune fabrikker i Oslo» (46 meter)

Reportasjen gav statsministeren høve til å tale direkte og utan Filmavisas fortolkande kommentarar, ikkje berre til arbeidarane ved Thune, men også direkte til Filmavisas publikum. Vi fekk sjå nærbilde av arbeidarane som sat stille og lytta, og viste sin tilslutnad til Gerhardsens argumentasjon og appell om auka arbeidsinnsats ved å applaudere. Det norske flagget i bakgrunnen av Gerhardsen og hans flittige bruk av pronomena «vi», «våre» og «oss» understreka den nasjonale dimensjonen ved budskapet hans. Dette innslaget blei også sendt i

¹²⁰ Sjå td. «Aktuelle økonomiske problemer: 10 populær-foredrag ved universitetslærere» arrangert og utgitt av Sentralkomiteen for økt arbeidseffektivitet i samarbeid med Universitetet i Oslo. 1948.

årskavalkaden for 1948, og Filmavisa føyde til følgjande kommentar: «Det låg en sterk appell i statsministerens tale som gjelder like mye for året 1949.»

Kampanjen for auka arbeidsinnsats heldt fram utover hausten 1948, samtidig som misnøyen med rasjoneringane framleis gjorde seg gjeldande. Den 24. november var Gerhardsen igjen på bedriftsbesøk, denne gongen hos kommentator Wilhelm Bjørsets tidlegare arbeidsgjevar, Askim Gummivarefabrikk. Både Aftenposten og Filmavisa var til stades. I Aftenposten kunne ein lese at Gerhardsen tok opp dilemmaet mellom forbruk og investeringar:

Etter krigen da 1/6 av vår realkapital var gått til spille, kunne vi velge mellom å la vår gjenreisning gå langsomt og forbruke i det daglige den aller største del av vår inntekt. Men vi vet at uten å bygge produksjonsmidlene opp igjen, uten å gjenreise handelsflåten, fiskeflåten, fornye vårt produksjonsmaskineri skapes der ikke et trygt grunnlag å holde levestandarden oppe og bedre den i fremtiden. Vi må unnvære noe og gjøre en økt innsats i dag for å sikre bedre kår for fremtiden. De aller fleste har vært enige i hovedtrekkene for det som er blitt kalt stabiliseringslinjen. (...) For å få en større produksjon må vi øke effektiviteten pr. arbeider. Vi må også gjøre radikalt slutt på den innstillingen at det gjelder å gjøre minst mulig. Vi må arbeide full dag og hver dag.¹²¹

Denne delen av Gerhardsens tale var ikkje med i Filmavisa dekning av bedriftsbesøket. Den vanskelege balansegangen mellom forbruk og investeringar blei i langt mindre grad problematisert i Filmavisa enn i Aftenposten. I staden var det appellen om auka innsats, og lovnaden om at dette kunne føre til større rasjoneringar som blei vektlagt. Med ein feiande Souza-marsj som bakgrunnsmusikk starta reportasjen med at Filmavisas publikum fekk sjå utover møterommet til Askim Gummivarefabrikk som var fullsatt, stort sett av mannlege arbeidarar. Filmavisa gav ein kort introduksjon, mens vi i bakgrunnen kan høyre at forsamlinga klappa. Deretter viste Filmavisa Gerhardsen på talarstolen frå same kameravinkel i resten av innslaget:

Statsminister Gerhardsen har vært på besøk hos Askim Gummivarefabrikk. Etter å ha sett på produksjonen, holdt han en tale og sa blant annet (applaus): «I det hele må hver enkelt av oss stille seg spørsmålet: Hva kan jeg gjøre for å øke innsatsen? Svaret må bli forskjellig, alt etter den plass en har. Men det som er felles for oss alle er dette: Ved å bruke vår fantasi, våre evner og vår vilje, kan hver enkelt av oss gjøre noe for å øke innsatsen, og økt innsats i dag gir bedre kår i morgen. Her vil kanskje noen spørre om det kan gis noen sikker garanti for det? Vi vet jo alle at all nyttig produksjon kommer hele folket til gode, enten i form av større tilgang å forbruksvarer eller i form av økt tempo i gjenreisningen eller begge deler. I dag er vel så at de fleste er opptatt av ønsket om større tilgang på alminnelige forbruksvarer, mat, i første rekke kanskje middagsmat og pålegg, og klær av ulike slag. Handelsdepartementet og Forsyningsdepartementet har tatt opp arbeidet med spørsmålet om å kunne gi bestemte tilsagn om større rasjoner av visse forbruksvarer, svarende til en eventuell produksjonsøkning som kan føre til en bedring i vår valutasituasjon. Her skulle det i såfall ligge en klar spore til en samlet innsats.»¹²²

¹²¹ Gerhardsen, sitert i Aftenposten 25. november 1948.

¹²² Revy nr. 49/1948/02 «Statsminister Gerhardsen besøker Askim Gummivarefabrikk» (68 meter).



Statsminister Gerhardsens tale blei møtt av applaus frå ein fullsatt sal ved Askim Gummivarefabrikk (revy nr. 49/1948/02).

Gerhardsens budskap om at ein måtte forsake noko for å investere i produksjonsmidlar var langt mindre synleg i Filmavisas reportasje enn appellen om auka arbeidsinnsats. Gjennom bruken av pronomer som «vi» og «oss alle» appellerte statsministeren til eit nasjonalt felleskap. Budskapet om auka arbeidsinnsats samsvarte også med liknande appellar Filmavisa hadde formidla tidlegare, og Aftenpostens filmmeldar skreiv at publikum kunne sjå: «Et meget godt opptak er hentet fra statsminister Gerhardsens besøk på Askim hvor statsministeren – i direkte lydgjengivelse – kommer med sin appell om økt innsats i produksjonen.»¹²³ Om enn noko uklart formulert, så hevda Gerhardsen at auka arbeidsinnsats kunne gje meir mat på bordet. Denne lovnaden hindra likevel ikkje 3-4.000 husmødre frå å gå i protestdemonstrasjon i Oslos gater veka etter.

Gjenreisinga av kommunikasjonane

Filmavisa var forsiktig med å vurdere investeringar og forbruk i samanheng, men var ofte påpasselege med å knytte revyinnslaga til ein tematisk framing med merkelappen «gjenreising» klistra til reportasjen. Ved eit besøk til ein Globoid-fabrikk, sa kommentaren også at det var eit medvite val at gjenreising skulle vere eit fast innslag:

¹²³ Aftenposten 3. desember 1948.

Jeg har gjerne pleiet å ha med et besøk i en eller annen industriell bedrift i den ukentlige filmrevyen, og i dag gjenopptar vi denne serien. Vi kan kanskje ikke akkurat henregne denne produksjonen til kategorien gjenreisning i etterkrigstidsforstand, men det produktet som her blir til har iallefall sin store betydning i en ganske bestemt slags gjenreisning. Det er nemlig framstillingen av noe så samfunnsgavnlige som hodepinetabletter i en av våre største fabrikker for farmasøytiske produkter.¹²⁴

Ulike former for betring av kommunikasjonane var også blant dei reportasjene som lett hamna i denne kategorien. Nye flyselskap og nye flyruter var eit teikn på framgong som Filmavisa gav stor merksemd.¹²⁵ I reportasjar som handla om gjenreisning av kommunikasjonslinjer og infrastruktur var referansane til krigens hendingar ofte eit viktig journalistisk poeng og dramaturisk grep. Tidleg i 1946 var Filmavisa til stades då det blei satt på plass eit nytt spenn på jarnbanebrua ved Koppang:

Vi ser:	Vi høyrer:
Oversikt, arbeid på det gamle bruspennet. Bruspennt sett nedanfrå. Nærbilde av skinner og sviller som demonterast. Det gamle bruspennet blir lyfta bort med krane. 10 - 20 menn i arbeid. Det nye bruspennet blir lyfta på plass med heisekrane. Oversikt over brua.	(munter musikk) «Det er ikke noen stor begivenhet våre filmfotografer er med på. Et nytt spenn skal bringes på plass i jernbanebroen ved Koppang i Østerdalen. Ved den store jernbanesabotasjen noen tid før krigen sluttet, ble også denne broen brutt, og skaden ble bare provisorisk utbedret, slik at toget forsiktig kunne snegle seg over. Det fikk klare seg foreløpig. Men nå er det selve gjenreisningen som er begynt, og hele det store innviklede kommunikasjonsapparatet skal gås etter i alle sine enkelte ledd. Derfor er det vi bringer denne lille reportasje fra en i og for seg nokså betydningsløs begivenhet. For det er nemlig et eksempel på det planmessige, målbeviste arbeidet som nå drives landet over for å slette krigens og bygge landet opp igjen i fredens signede tegn. Det er folk som kan sine ting, disse karene, som i løpet av noen få timer fjerner det provisoriske brospennet og bringer det nye på plass uten at det oppstår den minste forsinkelse i trafikken.»

Revy nr. 03/1946/05 «Nytt brospenn settes inn i Koppangbroen» (35 meter)

Det var truleg Tressa bro på Koppang som ble vist i reportasjen. Det var ei bru som ble sprengt ved ein sabotasjeaksjon som ledd i Operasjon Grebe i januar 1945.¹²⁶ Referansen til «den store

¹²⁴ Revy nr. 37/1947/05 «100 millioner globoidtabletter om året» (53 meter).

¹²⁵ Sjå til dømes revy nr. (30/1945/07) «Flyruten til Stockholm åpnes», (04/1946/01) «Flyrute til USA åpnes», (14/1946/02) «DNL åpner ruten Oslo – København», (15/1946/02) «American Airlines System flyrute New York – Oslo», (15/1946/06) «Flyruten Oslo – London», (18/1946/01) «DNL åpner rute på Marseille», (21/1946/04) «Den flygende hurtigrute. Flybilder av Trondheim, Torghatten, Brønnøysund, Harstad, Tromsø», (39/1946/09) «DNL åpner flyrute på Paris», (49/1946/07) «Flyruten Oslo – Marseille», (22/1947/01) «Flyruten Oslo – Stavanger – Prestwick åpnes», (41/1947/07) «Åpningen av flyruten Oslo – Roma», (17/1948/04) «Flyselskap fra Danmark, Sverige og Norge går sammen i SAS».

¹²⁶ Tressa bro ble sprengt i januar 1945 som eit ledd i Operasjon Grebe. wikipedia.org/wiki/OddvarDobloug. Besøkt 6. august 2014.

jernbanesabotasjen» i bunden form eintal kan tyde på at Filmavisa meinte at denne operasjonen var godt kjent for publikum. Men hovudvekta i reportasjen var lagt på arbeidet publikum fekk sjå med utskiftinga av bruspenet. Denne, ifølgje Filmavisa nokså bagatellmessige hendinga, blei satt inn som eit element i den store gjenreisnings-framingen. På same måte som gjenreisninga av handelsflåten, krigerja byar etc, så blei dette framstilt som endå eit eksempel på ein gjenreisningspolitikk som både var planmessig og målbevisst over heile landet. Og som vi kan sjå av reportasjen, så skjer dette både smidig og smertefritt på Koppang ettersom arbeidet blei gjort av flinke folk.

Ein reportasje frå Strømmen verksted (revy nr. 05/1946/01) eit par veker seinare bar i seg ein lovnad om at ein også skulle kunne kome hurtig fram på det fornya jarnbanenettet. Der blei dei såkalla «lyntoga» produsert:

Gjenreisning av kommunikasjonene. Alt materielle er nedslitt, det må hel og full fornyelse til. Norges Statsbaner kunne allerede for et helt år siden prøvekjøre det første sett av de nye, flotte lyntogene, og her besøker vi Strømmen Verksted, hvor dette hypermoderne befordringsmiddel nå produseres på løpende bånd. Aluminium er det materiale vognene bygges av, duraluminium, like sterkt som stål, smidig, lett og holdbart.

Også desse kommentarane starta med å setje produksjonen av lyntog inn i ei gjenreisningsframing. Desse lyntoga bar alle kjenneteikna for å vere moderne, ja faktisk «hypermoderne», meinte Filmavisa. «Lyntog» kan tyde på at dette er raske tog (publikum fekk også vite at sjølve produksjonen gjekk raskt), og bruken av duraluminium synest å vere noko for framtida ettersom materialet skulle ha svært gode eigenskapar. Resten av reportasjen er slik som mange andre fabrikkbesøk, med glimt frå ulike delar av arbeidsprosessen fram til det ferdige produktet: «Og slik ser de ut i trafikken, disse praktfulle togene, som vi har all grunn til å være stolte av,» konkluderte kommentatoren. Sjølv om det var arbeidarane på Strømmen som produserte desse toga, gav Filmavisa altså uttrykk for at «Vi» som nasjon indirekte var med på å byggje dei.¹²⁷

Til liks med mange andre gjenreisingsreportasjar rapporterte Filmavisa i panegyriske ordelag om nasjonal framgong også på dette området, og på ein måte som ein kan karakterisere som nokså utilsjørt propagandistisk. Men var det slik at all framgong var positiv? Var Filmavisa kritisk til alle sider av gjenreisninga, eller blei alle framsteg udelt positivt omtalt? Ein må leite godt for å finne Filmavisa heve ei kritisk røyst, men ved eitt høve klarte ikkje Filmavisas kommentator å halde seg innanfor det ein med rimelegheit kunne kalle for objektiv

¹²⁷«Vi» er også medeigerar av det statlege togselskapet der toga skal inn i trafikk.

journalistikk. Hausten 1946 publiserte Aftenposten og andre aviser fleire lesarinnlegg om kraftlinjene som var planlagt å skulle gå frå Hol i Hallingdal og gjennom Nordmarka til Oslo. Nesten 30.000 menneske gjekk i demonstrasjonstog til Rådhuset i Oslo den 28. november 1946 i protest mot planane.¹²⁸ Dette var ein av dei fyrste store demonstrasjonane i Norge etter den andre verdskrig. Filmavisa kom med eit lite tilslørt partsinnlegg i saka i revyen 4. november. Ein lang reportasje som viste ulike deler av Nordmarka, ispedd nokre plansjar som skulle illustrere kvar kraftlinjene skulle kome hadde følgjande kommentar:

Det er en av de fine søndagene vi har hatt så mange av i høst, og Oslos store turpublikum møter trofast opp i køen på Majorstuen for å starte på den vanlige Nordmarksturen. (...) Det er imidlertid ikke en vanlig søndagstur vi er ute på i dag. Norsk Filmrevy vil gjerne komme med sitt lille innlegg i diskusjonen om innføringen av kraften fra Hol til Oslo.

Slik kommer ledningen til å gå. Rett gjennom Nordmarka. Den andre tykke streken viser ledningen fra Nore.

Men la oss fortsette turen vår. Her er vi kommet til Fyllinga og ser utover Bjørnsjøen.

Og her treffer vi på den nye ledningsgata, som brutalt brøyter seg frem i storskogen. Nei, om forlatelse, det mente jeg ikke å si. Denne reportasjen skal ikke være noe partsinnlegg. Det er bare en orientering for de menn som har avgjørelsen i sin hånd.

Så er vi på Kikut og deretter på Bjørnholt.

Og denne utsikten viser hvordan gaten i dag ser ut mellom disse to stedene. Foreløpig er den 45 meter bred, men den skal etter planen hugges ut til det dobbelte.

Så drar vi innover mot byen igjen. Slik ser det ut ved Aurtjern ikke langt fra Ullevålsætra, og Skjennungsåsen har fått sin brede flenge.

Ennå er det jo ikke kommet opp noen ledningsmaster i denne gaten, men for å ha et sammenligningsgrunnlag har vi tatt noen bilder av Noreledningen der den kommer ned ved Søkerdalen Kapell. Sammenligningen er forresten ikke helt riktig, for Noreledningen er montert på master, mens Holsledningen er prosjektert med veritable tårnoppbygg.

Jeg gjentar at dette ikke er noe partsinnlegg, men det er nå allikevel vemodig for en gammel naturelsker å kjenne kvelertaket av den moderne teknikk midt inne i Nordmarkas eventyrverden.¹²⁹

Det var inga tvil om at hovudstaden trengde denne tilførselen av kraft, men motstandarane la fram eit alternativ som dei meinte ville vere meir skånsamt for Nordmarka, mellom anna at kraftlinjene skulle gå i jordkabel i delar av strekninga. Filmavisas reportasje viste korleis arbeidet allereie var kome i gang med hogging av traségater for å gje plass til kraflinjene. Sjølv om enkelte bilde på eit vis «talte for seg», måtte publikum også førestelle seg korleis det ville bli. Filmavisa viste derfor nokre bildemontasjer som skisserte korleis det ville bli, slik at

¹²⁸ Sjå Aftenposten 29. november 1946.

¹²⁹ Revy nr. 43/1946/06 «Skal Nordmarka ødelegges av ledningsgatene fra Hol?» (106 meter).

publikum kunne samanlikne med dagens «urøyvde» natur, og viss kraftledingane kom ein gong i framtida. Filmavisa brukte negativt lada ord om planane, slik som ledningsgata som «brutalt brøyter seg frem», og Nordmarka blir som ein kropp med «brede flenger» og som det blir teke «kvelertak» på. Dette sterke ordvalet fekk kommentatoren til å reflektere over sin eigen journalistikk: «Nei, om forlatelse, det mente jeg ikke å si. Denne reportasjen skal ikke være noe partsinnlegg. Det er bare en orientering for de menn som har avgjørelsen i sin hånd.» Men sjølvst var dette «slett skjulte polemikk mot kraftledningsprosjektene» slik også Aftenposten skreiv i si anmelding av denne revyen, og ikkje ei objektiv «orientering» mynta på menn med avgjerande makt.¹³⁰ Det veit nok også Filmavisa, sjølv om kommentatoren hevda at det ikkje var noko partsinnlegg.

Filmavisa pleide å setje likskapsteikn mellom modernisering og framgong. I denne reportasjen retta Filmavisa kritikk mot modernitetens baksida, men dette var nærast unntaket som stadfesta regelen. For Filmavisa var positive til moderne teknikk og metodar som kunne bidra til materielle framsteg for landet på alle områder; ferdighus kunne vere ein metode som kunne få fart på bustadbygginga, handelsflåten blei gjenreist «etter de mest moderne prinsipper», tekstil-industrien hadde fått «hypermoderne vevstolar, osb. For framover gjekk det på dei fleste felt, både i eksportindustrien og i næringslivet som var retta inn mot den heimlege marknaden. Endåtil for rasjonerte forbruksvarer kunne Filmavisa rapportere om at det var teikn til lysning.

I kva grad Filmavisa gav eit «rett» bilde av situasjonen var sjølvst vanskeleg for sjåarane å vurdere den gongen. Utval av saker, korleis desse blei journalistisk vinkla og ordval i reportasjen er sjølvst faktorar som må drøftast for å kunne gje eit svar. Men vi kan også drøfte det Filmavisa viste opp mot realhistoriske parameter. Sjølv om Filmavisa spådde at nye teknikkar i byggebransjen ville få fart på bustadbygginga og gjere slutt på bustadkrisa, viste statistikken at tempoet var langt etter politiske lovnader, og ikkje i stand til å fylle det store behovet. Dei mange reportasjane frå skipsverft tyda på høg aktivitet i gjenreisninga av handelsflåten, og dette samsvarar godt med utviklinga i dei fyrste etterkrigsåra. Målt i tonnasje kom handelsflåten raskt på 1939-nivå, og vaks vidare til å bli ei viktig valutånæring igjen. Filmavisa viste også at hjula var i ferd med å kome godt i sving igjen i industrien, som trass i ulike problem også kom relativt raskt opp på førkrignivå. Utbygginga av det store

¹³⁰ I filmmeldinga skreiv Aftenposten 5. november 1946: «Det virkelige lyspunktet i reportasjen var opptakene fra Nordmarka og den slett skjulte polemikk mot kraftledningsprosjektene. Det ble festet flere mer og mindre kjente idyller til filmbåndet» (E. Bj. sign.)

industriprosjektet i Mo i Rana gav Filmavisa positiv omtale gjennom fleire reportasjar, og var framstilt som eitt av fleire eksempel på at hjula var i ferd med å kome godt i sving igjen i industrien. Rett nok er det noko underleg at Filmavisa unnlot å nemne at prosjektet var ein god del forseinka i forhold til planane, noko som blei grundig diskutert i Stortinget allereie sommaren 1947. Likevel stemmer nok det generelle bildet Filmavisa gav av framgong i industrien nokså overeins med den reelle utviklinga. Industriproduksjonen steig frå om lag 69 % prosent av 1939-nivå i 1945 til 115 % allereie i 1947.¹³¹

Gjenreisinga av forsvaret

Ei av dei store gjenreisingsoppgåvene etter krigen gjaldt forsvaret. Korleis blei gjenreisinga av forsvaret omtalt i Filmavisa?

Forsvarsevne og forsvarsvilje

Kva var årsaka til at Tyskland raskt og relativt lett kunne erobre Noreg i 1940? Dette var eit sentralt spørsmål som Undersøkelseskommissjonen av 1945 skulle granske.¹³² For mange var svaret gitt på førehand, lenge før kommissjonen kom med si innstilling i 1946. Som følgje av små løyvingar på 1930-talet til det militære var forsvaret i 1940 altfor svakt til å kunne stå imot ein invasjon. I 1945 var det derfor ein utbreidd oppfatning i det politiske miljøet at landet raskt måtte byggje opp att eit sterkt og truverdig forsvar, og dei neste åra skulle det vise seg at forsvaret fekk ein relativt stor del av statsbudsjettet. Samtidig måtte ein erkjenne at eit truverdig forsvar ikkje berre kunne lite på eigne krefter, ein måtte også skape alliansar med andre statar.¹³³

I ei gjenreisingstid der det var rasjonering og strenge prioriteringar, stod styresmaktene overfor fleire dilemma. Skulle ein utsetje kjøp av militært utstyr til økonomien var blitt betre, og i staden bruke meir pengar på husbygging, import av produksjonsutstyr eller liknande presserande oppgåver? Eller var gjenreisinga av forsvaret så viktig at ein måtte velje granatar framfor vegbygging? Til liks med andre gjenreisingsområder, var det derfor viktig å skape forståing i opinionen for løyvingane til forsvaret, og at dei blei oppfatta som fornuftig bruk av dei knappe ressursane. Blei pengane som til slutt blei løyvd til forsvaret brukt effektivt til å

¹³¹ SSB historisk statistikk. www.ssb.no/a/histstat/sm/sm_194910.pdf

¹³² Stortinget oppnemnde den 3. august 1945 ein kommisjon som skulle granske norske styresmakter sine handlingar i 1940. Undersøkelseskommissjonen av 1945, artikkel i Norsk krigsleksikon signert Hans Fredrik Dahl.

¹³³ «Landets forsvar bygges opp etter de erfaringer krigsårene har gitt, så det kan være et vern for landet og oppfylle våre internasjonale militære forpliktelser.» Fellesprogrammet 1945.

byggje opp militær slagkraft, var dermed eit legitimt spørsmål som Filmavisa kunne bidra til å gje eit «svar» på, eller i det minste ei førestelling om.

Gjennom dei fyrste fire årgangane var gjenreisinga av forsvaret eit tema i mange innslag. Militærøvingar, innkjøp og utprøving av militært matriell var blant det som Filmavisa festa til filmrullane. I august 1945 viste Filmavisa dei fyrste stega i gjenreisinga av forsvaret:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Marsjerande soldatar på Bardufoss flyplass. Nærbilde av oberstløytnant Reistad som gjev ordrer. Marsjerande soldatar. Nærbilde av Reistad. Marsjerande soldatar, nokon kledd i nikkers. Nærbilde av Reistad. Marsjerande soldatar marsjerer mot kamera, filma nedanfrå.</p>	<p>(militær marsjmusikk) «Fra Bardufoss flyplass i Troms ledet oberstløytnant Ole Reistad det norske luftforsvarets siste motstand i 1940 med speiding og bombing av de tyske stillinger i narvikavsnittet. I dag er Reistad igjen sjef for de norske styrkene der oppe. Han har samlet frivillige fra hele landet, og eksersisen går med liv og lyst. De er ikke så rart medvendt [sic] med uniformen ennå. Guttene går mest i sine egne klær eller det de i farten har få tak i, men humøret og gløden er i orden. Slik bygger vi opp den nye norske hæren, og de guttene som står under oberstløytnant Reistads kommando blir nok ikke den dårligste kontingenten til vår nye forsvar.»</p>

Revy nr. 33/1945/04 «Oberstløytnant Ole Reistad leder eksersisen» (21 meter)

Filmavisa set reportasjen inn i ei forklaringsramme der det vi kan sjå var eit døme på korleis ein skulle byggje opp den nye norske hæra. Hovudpersonen i innslaget var oberstløytnant Reistad som var eit kjent militærnamn, og hadde mellom anna utdanna norske flygerar i Little Norway i Canada. Kommentaranene minte også om at Reistad hadde vore med i kampane i Narvik-området, og gjennom eit understatement konkluderte med at hans militære kvalitetar var svært gode. Soldatane som vi kan sjå marsjere har gjort sine individuelle val for eit kollektivt gode; dei var frivillige frå heile landet som hadde meldt seg til teneste for fedrelandet. Manglande uniformer kan gje assosiasjonar til «gutta på skauen», og understreka bildet på denne frivilligheiten. Reportasjen blei avslutta med ein kommentar som gav eit optimistisk syn på gjenreisinga av forsvaret, mens vi kan sjå soldatane marsjere mot oss som eit teikn på makt, orden, disiplin, samhald og forsvarsvilje.

Uttrykket «med liv og lyst» brukte Filmavisa ofte og gav ei førestelling om glødande entusiasme kring ulike former for gjenreisingsarbeid. Dette gjaldt også denne og fleire andre reportasjar kring gjenreisinga av forsvaret. «Det gjelder jo nå for Norge å bygge opp et forsvar helt fra grunnen av», meldte Filmavisa i ein reportasje frå den norske befalskulen på Melsåker utanfor Stockholm nokre veker seinare. Til dette føremålet var våre svenske naboar til hjelp, og det svenske og norske flagget vaiar side om side i opningsbildet som symbol på dette samarbeidet. Bakgrunnen for reportasjen var overleveringa av 102 norske uteksaminerte fenrikar som hadde gått gjennom eit forsvarskurs i Sverige. Filmavisa argumenterte for kor

viktig dette kurset var for gjenreisinga av forsvaret: «Seks årsklasser er helt uten militær opplæring, og av dem skal det nå skapes gode soldater. Og nettopp her er det de norske soldatene fra Melsåker vil kunne gjøre en verdifull innsats ved utbyggingen av vårt forsvar.»

Dei norske soldatane viste fram kva dei hadde lært under kurset framfor eit publikum av framstående representantar for det norske og svenske forsvaret, samt det svenske kongehuset og kyrkje. Før øvinga starta, viste Filmavisa fyrst nærbylde av den svenske prins Gustav Adolf. Deretter fekk publikum sjå norske og svenske representantar parvis side om side, på same måte som flagga i opningsbildet:

(...) general Ruge sammen med den svenske armeinspektøren generalmajor Ryhman. Videre har vi general Berg sammen med den svenske oberst Cavalli, og endelig den norske oberst Bull.(...) General Ljung, den svenske forsvarssjefen, innfant seg til de avsluttende stridsøvelser, og den varme norgesvennen biskop Aurlen¹³⁴ var også blant tilskuerne.

Deretter var det ca. 40 sekund opphald i kommentarane mens Filmavisa viste ulike bilde frå øvinga, med pålagt lyd av skot og kanondrønn. Filmavisa konkluderte optimistisk med at: «Det er fart og presisjon over øvelsene, og det er ingen tvil om at disse offiseraspirantene vil gjøre stor nytte for seg i den overgangstiden som nå venter før den endelige utforming av Norges forsvar kan ta fatt.»

Filmavisa gav på denne måten ei førestelling om at gjenreisinga av forsvaret syntes å vere på rett veg, sjølv om ein var i ei reorienterande fase kort tid etter krigens slutt. I seinare reportasjar hadde sjølve den militære øvinga ein endå meir sentral plass. I desember 1947 var Filmavisa «et sted i Norge» for å filme luftvernartilleriets siste manøver det året. Til musikken av ein militær marsj fekk publikum fyrst sjå diverse moderne krigsutstyr rulle forbi, og ta oppstilling før manøveren blei satt i gang:

Vi ser:	Vi høyrer:
Vi ser forskjellige militære køyretøy rulle ut av militærleiren på Tromøya. Batteriet går i stilling og batterisjefen gjev ordrer. Vi ser frå øvinga, kanoner blir avfyrt og nærbylde av regimentsjef oberst Nagel. Nærbylde av ildgjeving frå kanoner.	(militær marsjmusikk) «Luftvernartilleriets øvelser nærmer seg sin avslutning for i år, og en av filmrevyens fotografer har vært et sted i Norge for å følge de siste manøvrene. Det er skarpskyting som skal foregå, og vi rykker ut med fullt matriell, kanoner, siktebiler, radiobil, verkstedvogner og så videre. 800 mann skal være med i dagens manøvre. Batteriet går i stilling. Det tar ett halvt minutt å gjøre det klart til skudd. Batterisjeften gir sine instruksjoner, og så lyder ordren; På plass! Regimentsjefen oberst Nagel inspiserer og kontrollerer ildgivingen. Først er det

¹³⁴ Biskop Gustaf Aulén mottok i 1946 Storkorset av Sankt Olavs Orden ”for særlig fremragende fortjenester av Norges sak under krigen”. Verdens Gang 27. november 1946.

	skyting med lette kanoner mot et (vi høyrer skot) mål slept av fly. Resultatet av skytningen blir automatisk registrert og går like automatisk til kanonene hvor de kan avleses av denne sinnrike anordningen. Så kommer turen til de store kanonene. Ildgivningene ledes fra et sentralsikte som er batteriets øye og mekaniske hjerne.»
--	---

Revy nr. 51/1947/03 «Luftvernartilleriet avslutter årets øvelse på Tromøya» (51 meter)

Lyden av kanonsalver gav eit meir verkelegheitsnært inntrykk av øvinga, og Filmavisa viste noko av det forsvarsbudsjettet blei brukt til av nytt militært utstyr. Kommentaran framheva at utstyret bar alle moderne kjenneteikn; det går raskt å rigge på plass, resultatet av skytinga blir «automatisk» registrert og vidarformidla til kanonene der dei kan avlesast av denne «sinnrike anordningen.» Til slutt får vi vite at ildgjevinga blir styrt av eit sentralsikte «som er batteriets øye og mekaniske hjerne.» Denne militærøvinga gav Filmavisas publikum ei oppvisning i teknologisk utvikling på det militære området, og gav ei førestelling om at ein var i ferd med å byggje opp eit norsk forsvar som var betre rusta enn i 1940. Reportasjen synest å vise at evnen til å forsvare landet mot potensielle fiendar var godt ivareteken ved hjelp av slikt moderne krigsmatriell som den moderne krigstidsalder kravde.¹³⁵

At vi no levde i «Den moderne krigstidsalder», var også den forklaringsramma Filmavisa satte gjenreisinga av forsvaret i gjennom fleire reportasjar. Dette gjaldt også ein av dei fyrste reportasjane som viste teikn til gjenreisinga av det nye forsvaret. Ved Hærens bilskole si øving i Grefsenåsen ved Oslo blei både utstyr og mannskap satt på harde prøver, ifølge Filmavisa:

Vi ser:	Vi høyrer:
Rekke av bilar parkert ved forlegninga. Bilane køyrer frå forlegninga. Lastebilar og motorsyklar forlet forlegninga. (...) vi ser ein lastebil på veg ned ein bratt bakke i eit hogstfelt. Nærbilde av lastebilens framhjul mens den køyrer ned bratt bakke. Lastebil sakte på veg ned bratt hogstfelt. (...)	(militær marsj) «I den moderne krigstidsalder er Hærens bilskole en institusjon av aller største betydning. Den holder til ved en tidligere tysk forlegning ved Oslo, og omfatter mellom 250 og 300 mann. (...) Vi blir med en spesialkolonne som skal ut å trene i terrengskjøring. Oppi Grefsenåsen har instruktørene lagt noen riktig utspekulerte løyper som ser temmelig halsbrekkende ut for alminnelig dødelige. Det er ikke materiellet som her skal prøves, det holder nok, nei, det er et avsluttende ledd i selve sjåførutdannelsen, og guttene får her den beste anledning til å vise at de virkelig kan mestre de svære vognene selv under de vanskeligste forhold. (...)»

Revy nr 42/1945/03 «Hærens bilskole» (56 meter)

¹³⁵ Sjå også til dømes revy nr. 36/1946/08 «Panserskole på Trandum» (50 meter) og 20/1946/03 «Radar demonstreres på Fredriksvern» (28 meter).

I 1922 hadde det vore 30.000 hestar i det norske forsvaret, og i 1945 var det framleis fleire tusen hestar som var «innrullert». Sett i lys av dette, var nok Filmavisas reportasje eigna til å imponere publikum, der dei fekk sjå sjåførane meistre sjølv svært vanskelege løyper. Sjølv om enkelte innan Forsvaret hevda at kløvkompaniet burde spele ei viss rolle også i framtidens norske forsvar, var det satsinga på motoriserte stridskrefter som vann fram, og Hærens bilskole var eit ledd i denne moderniseringa.¹³⁶

Også til sjøs foregjekk det ei oppbygging og modernisering av forsvaret. Filmavisa viste fram nye krigsskip i fleire reportasjar, og i desember 1946 viste ho torpedojageren *Bergen* på veg inn Puddefjorden, før den blir ønskt velkomen av ei stor menneskemengde på Skoltegrunnskaia i Bergen:

Torpedojageren "Bergen", den nyeste tilvekst til vår flåte, kom til fastsatt tid inn Puddefjorden. Fartøyet kan i fulltrimmet stand gjøre 32 knop. Det er utstyrt med alle de tekniske fullkommenheter som krigsteknikken har velsignet oss med. Her legger det til ved Skoltegrunnskaia, hvor det var samlet mange mennesker som ville hilse på gastene og beundre det vakre krigsfartøyet. Ordfører Hendel ønsket skipssjefen kapteinløytnant Holthe velkommen. Kapteinløytnant Holthe takker. Skipet bærer Bergen bys våpenmerke på broen.¹³⁷

Den nye jagaren blei omtalt med mange positivt lada ord, som alle gav inntrykk av at det var ei god investering. Skipet var raskt, og mange var møtt fram for å vise sin vørndnad for det. Filmavisa slo fast at det var eit vakkert krigsfartøy som var «utstyrt med alle de tekniske fullkommenheter som krigsteknikken har velsignet oss med.» Det kan vere vanskeleg å sameine dette utsegnet med ein kommentar Filmavisa gav berre eitt år tidlegare i ein reportasje frå bustadbygginga:

Byggmatrialer av alle slag går igjen til det bruk det er bestemt for i et samfunn med fredelige sysler etter at krigsproduksjonens umettelige svelg omsider er lukket.¹³⁸

Kva kan årsaka vere til desse tilsynelatande motstridande kommentarane? Ei enkel forklaring kan vere at det var ikkje Filmavisa vanlege kommentator, Wilhelm Bjørset, som kommenterte innslaget frå Bergen. Ei noko meir truleg forklaring kan vere at i løpet av året som var gått var den internasjonale situasjonen endra. Forholdet mellom dei tidlegare krigsallierte USA og Sovjet var blitt meir spent, og vårt naboland i aust meir og meir blei sett på som ein militær

¹³⁶ Mellom anna oberstløytnant Bjart Ording var talsmann for at det burde vere plass for hestar også i det nye norske forsvaret. Som offiser var Ording blant anna adjutant for kong Haakon, og tenestegjorde for kongen i London og som kavalerioffiser ved den norske brigaden i Dumfries i Skottland. wikipedia.org/wiki/Bjart_Ording Besøkt 6. august 2014.

¹³⁷ Revy nr. 48/1946/07 «Torpedojageren "Bergen" inn fjorden til Bergen» (30 meter). Skipet var i Bergen den 30. november og 2. desember 1946 og blei adoptert av byen under ei høgtideleg markering.

¹³⁸ Revy nr. 48/1945/03 «Boligbyggingen i full gang» (22,5 meter)

trussel. Dette kan ha ført til synet på forsvaret hadde endra seg, og at i Filmavisas redaksjon førestilte seg at det var nødvendig å byggje opp eit sterkare forsvare enn det ein hadde førestilte seg hausten 1945. Filmavisas uttrykk «nyeste tilvekst» refererte til den pågåande matrielle oppbygginga av forsvaret som ho viste fleire døme på. I juni 1947 var det Oslo sin tur til å adoptere ein jagar:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Offiserar og mannskap marsjerer på brygga, jagaren Oslo i bakgrunnen. Norsk splittflagg i front. Marsjerar forbi Rådhuset. Kyrkjetårnet til Vår Frelzers kirke. Mannskapet på veg inn i kyrkja. Matros i giv akt ved kanonstilling på jagaren. Offiserar og mannskap oppstilt på bryggja, vendt mot jagaren. Admiralane Horve, ordførar Vik og fleire offiserar inspiserer mannskapet. Admiral Horve talar til mannskapet. oversikt over Rådhusbryggja med stort publikum til stades, norske flagg heist på flaggstengene. Ordførar Vik ved talarmikrofonen, norsk flagg i bakgrunnen. Ordførar Vik avslørar det norske flagget og Oslos byvåpen kjem til syne. Kapteinløytnant Andresen. Nærbilde av modellen av jagaren Oslo.</p>	<p>(militær marsj) «Lørdag den 31. mai kom jageren "Oslo" til Norges hovedstad for å bli adoptert av navnebyen, og søndag morgen begynte den høytidelige feringen av begivenheten med at offiserer og mannskap i samlet tropp marsjerte gjennom byens gater til Vår Frelzers kirke for å overvære høymessen. Senere på dagen foregikk så selve adopsjonshøytideligheten. Besetningen med sine offiserer stod oppstilt på bryggen hvor de ble inspisert av blant annet admiralane Horve og Danielsen, og Oslo bys ordfører Arnfinn Vik. Admiral Horve holdt deretter en kort tale hvorpå de forskjellige autoriteter bega seg ombord, Ordfører Vik bragte marinen en takk fordi at den hadde latt Oslo by få anledning til å adoptere den prektige jager. Han foretok så avdukingen av byens våpen som hadde fått sin plass oppunder kommandobroen. Skipets sjef, kapteinløytnant Andresen svarte på talen og overrakte på besetningens vegne en modell av jageren, og sluttet med å ønske byen hell og fremgang.»</p>

Revy nr 23/1947/01 «Byen Oslo adopterer jageren Oslo» (37 meter)

Innslaget starta med bilde av offiserar og mannskap som marsjerte med det norske splittflagget i front på veg mot Vår Frelzers kirke. På denne måten blir bandet mellom forsvaret og kyrkja markert. At ein by adopterete eit krigsskip kan tolkast som eit uttrykk for at forsvaret ikkje var ein institusjon på sidan av det sivile samfunnet, men vere eit «folkets forsvar», integrert i samfunnet.¹³⁹

I tillegg den pågåande materielle oppbygginga av forsvaret, viste Filmavisa fleire reportasjar frå militære øvingar. Det gjaldt i fyrste rekkje det nyoppretta Heimevernet. Ei av erfaringane frå andre verdskrigen var at den tyske invasjonsstyrken møtte liten lokal motstand. Tanken bak Heimevernet var å opprette ei hær som kunne bli hurtig mobilisert og yte motstand inntil ordinære stridskrefter kunne kome til. Etter planane som blei laga i sluttfasen av andre verdskrigen, skulle Heimevernet ha Heimefronten som modell. Styrken skulle bestå av eit stort antall soldatar spreidd over heile landet, og desse skulle ha både våpen og utrustning lagra i

¹³⁹ Sjå også revy nr. 44/1948/07 «Kongen og kronprinsen inspiserer jagerne "Oslo", "Trondheim", og "Stord" (54 meter).

heimen. Den 6. desember 1946 vedtok Stortinget å opprette Heimevernet, og allereie i februar 1947 var Filmavisa på Terningmoen for å dekke denne nye styrken gjennomføre øvingar. Publikum fekk sjå kaptein Knut Haukelid gje ordre til uttrykning for å avverje eit angrep av «fientlege» fallskjermtropper. Til stades under øvinga var heimevernsleierar frå heile landet som fekk sjå heimevernsoldatane demonstrert ulike typar bombekastarar og gjennomføre kampar i terrenget.¹⁴⁰

I februar 1948 var Filmavisa endå ein gong til stades for å filme ei heimevernsøving, denne gongen i Drøbak og Frogn:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Snødekt landskap heimevernsoldatar på ski rykker fram med gevær i handa, legg seg ned i skytestilling. Kravlar fram i snøen. Motorsyklist på veg ned bakken, køyrer i retning av kamera. Soldat ligg i stilling, klar til å skyte. Bilkolonne kjem i vegen (vi høyrer dynamittsmell og geværsmell). Glimt av soldaten som skyt. Grantre sperrar vegen framfor bilkolonnen. Soldatar rykker fram på ski mot bilane. Fiendlege soldatar med hender i været, flammer på lasteplan. Soldatane stiller opp i rekker framfor kommandant major Holm. Nærbilde major Holm og områdesjef Dirro. Nærbilde av drøftande offiserar.</p>	<p>(militær marsj) «Heimevernavingdelingene i Drøbak og Frogn holdt forleden helg noen høyst realistiske øvelser. Her rykker de ut for å stoppe en fiendtlig kolonne med forsyninger som er rapportert å skulle passere bygda. En motorsykel slipper uantastet gjennom, men i det samme bilene kommer til syne opp i bakken er det at det skjer. Veien sperres med grantrær som sprenges over ende med dynamitt. Det blir en kort kamp, og lasten blir stukket i brann. Fienden innser at det ikke nytter med motstand, og strekker våpen. Den brennende lasten blir veltet ned av vognene Kuppet er heldig gjennomført, og styrkene vender tilbake til utgangspunktet for aksjonen. Major Holm takker guttene for god innsats. Og dette er områdesjefen ingeniør Dirro. Etter manøveren blir alle enkeltheter drøftet av lederne.»</p>

Revy nr 10/1948/10 «Heimevernet i Drøbak og Frogn holder øvelse» (36 meter)

Reportasjen viste ein aksjon som det også kunne tenkjast at Heimefronten kunne ha utført under krigen. I klassisk «norsk» snøkledd landskap fekk publikum sjå heimevernsoldatar i kvite kamouflasjekleder rykke hurtig fram på ski. Værna med gevær la dei seg i skytestilling, klare til stoppe fienden. Oppdraget var klart, dei skulle stanse ein fiendleg kolonne under framrykking. Bilkolonnen ble synleg, og publikum fekk høyre eit (pålagt) smell frå dynamitt som blei brukt til å velte eit tre for å sperre vegen. Deretter følgje dramatiske scener med kamphandlingar før kolonna blei stansa og lasta øydelagt. I den filmatiserte versjonen enda kamphandlinga godt for dei norske styrkane, og den såkalla fienden overga seg. Reportasjen gav ei førestelling om at ein var langt meir førebudd enn i 1940, og at ein no kunne vere i stand til å stoppe fienden.

Mange av Heimevernet sitt befall var utdanna ved Kompani Linge i Storbritannia under krigen, og dei var ofte trent for den type gerilja-aksjonar som Filmavisa viste eksempel på.

¹⁴⁰ Revy nr. 01/1947/05 «Hjemmevernets øvelser på Terningmoen» (43 meter).

Saman med Milorg-folkene bidrog det til at HV opererte med to ulike taktiske retningslinjer. Den eine var utarbeida i Storbritannia, og slo fast at HV skulle beskytte mot kupp og overraskande angrep, og den andre var uoffisiell og gjekk ut på at HV skulle kunne drive geriljakrigføring.¹⁴¹

Denne reportasjen gav assosiasjonar til gerilja- og sabotasjeaksjonar under krigen, men den skulle også gje publikum innblikk i korleis det nye heimevernet trente. Kommentatoren la vekt på at dei militære øvingane var realistiske, og Filmavisa gjorde også sitt beste for å framstille det så realistisk som råd, med både pålagt lyd av dynamittsmell, nærbilde av «fienden» og last som blei satt i brann. Filmavisa viste også andre reportasjar frå Heimevernet sine øvingar, mellom anna på Krokskogen og på Godlia i Oslo.¹⁴² Ho fylgde også Jegerkorpset på øvingar, og publikum fekk sjå eit kompani frå Garden på ein tre-dagers utmarsj frå Heistadmoen til Gardeleiren i Oslo. Oppgåva for kompaniet «gikk blant annet ut på snarest mulig undersøke skogtraktene i Hokksund, Mjøndalen og Lier etter eventuelle fiendtlige fallskjermssoldater.»¹⁴³

Filmavisa viste også filmklipp frå fleire av Garden sine meldingsløp, som var ei form for aktivitet i skjeringspunktet mellom idrett og militærøving. Hausten 1947 fekk publikum sjå ein av Gardens store øvingar med 615 deltakande soldater. Meldingsløpet omfatta fleire disiplinær som hadde til hensikt å øve militær allsidigheit, og Filmavisa meinte dette gav løpet «en forsvarsmessig tilsnitt av stor betydning». Publikum fekk sjå klipp frå ulike postar i øvinga.¹⁴⁴ Denne forma for militær idrett var nært i slekt med dei «Commandoløpa» som Filmavisa tidleg viste reportasjar frå. Commandoløp var ein ny form for hinderløp kor det var lagt inn hinder i form av piggrådsperringar og barrikadar, samt militære disiplinær som skyting, handgranatkasting, måloppdaging og så vidare. Commandoløp blei brukt som soldattrening under den andre verdenskrigen. I oktober 1945 hadde Filmavisa ein reportasjen frå «det første militære norgesmesterskap i Commando-løp.»¹⁴⁵ Til lyden av ein feiande militærmarsj fekk publikum sjå at soldatane blei satt på strabasiose prøver i ei løype med 60 – 70 hinder. Til slutt

¹⁴¹ Hansen 2007:23. Då Heimevernet blei opna opp for vernepliktige og frivillige var mannskapsmengda over alle forventningar. Rundt 40.000 vernepliktige blei innrullert, ikkje 20.000 som ein hadde rekna med. Talet på frivillige var også langt høgare dei 10.000 det var rekna med. Då dei fyrste øvingane blei sett i gang hausten 1946 var den totale styrken omtrent 100.000 mann.

¹⁴² Sjå revy nr. 32/1948/01 «Heimvernøvelse på Krokskogen» (58 meter) og 39/1948/04 «Heimevernøvelse på Godlia» (37 meter).

¹⁴³ Sjå revy nr. 33/1948/07 «Jegerkorpset holder mobiliseringsøvelse ved Oslo» (78 meter), og 48/1948/07 «Gardens utmarsj fra Heistadmoen til Gardeleiren» (49 meter).

¹⁴⁴ Revy nr. 44/1947/07 «Gardens meldingsløp» (50 meter). Sjå også revy nr. 43/1946/03 «Miltærløp Huseby. Kronprinsen til stede» (84 meter) og 45/1948/06 «Gardens militærløp i Sørkedalen» (45 meter).

¹⁴⁵ Revy nr 44/1945/05 «Norgesmesterskap i Commando-løp».

viste Filmavisa at konkurransen blei sett av prominente tilskoderar, mellom anna «kronprinsen som gjennomgikk løypen sammen med general Ruge».¹⁴⁶

Filmavisa gav inntrykk av at det nye norske forsvaret gjennom det ho definerte som realistiske militære øvingar og innkjøp av moderne militært utstyr var i ferd med å bli godt rusta til å stå i mot eventuelle angrep mot ein potensiell ikkje-namngjeven fiende. I tillegg til manlege soldatar, viste Filmavisa at også kvinner meldte seg frivillig til forsvaret:

Vi ser:	Vi høyrer:
<p>Sekvens 1: Kvinner i sivil hoppar ut av militær transportbil. Kvinnene går i depotet der dei får utdelt militært utstyr av kvinneleg offiser. Kvinnene held opp uniformer fram for seg, rister på hovudet og ler. Kler på seg uniform. Nærbilde av militærstøvlar på golvet. Forskjellige militære kleder blir slengt oppå støvlane til ein haug av utstyr. Kvinne står og held ein stabel med fanget fullt av militære kleder, rister på hovudet og ler. Kvinne får håret klippa. Stor haug av hår ligg på golvet.</p>	<p>(militær marsj) Sekvens 1: «Vi er på Jørstadmoen ved Lillehammer. Her kommer de første kvinnelige elever til det såkalte K-kurset som skal skaffe våre militære en ekstra tilgang på sambandssoldater. Antrekket er ennå høyst sivilt her de hopper ut av bilene på plassen foran depoet, men snart skal vi se på store forandringer. Det er ikke lett å finne passende klær til alle. Bukser må damene ha når de skal eksersere å trene i soldatdisipliner. Skjorten er stor ja, men god og varm. Utstyrhaugen vokser, støvler, battledress, skjorte, slips, undertøy, sovepose, ryggsekk og til slutt kommer vaskevannsfatet. K-soldatene må ikke ha for langt hår. Her hjelper ingen bønner, lange lokker og uniform passer dessverre ikke sammen. Offeret ser ikke helt fornøyd ut, men bare vent, under tjenesten blir hun glad for at det er lett å holde i orden.</p>
<p>Sekvens 2: Bilde utandørs. Lang rekkje av kvinner i uniform marsjerer på snøkledd veg. Nærbilde av kvinneleg fenrik som gjev ordre om avdeling holdt. Rekke av kvinnelege soldatar adlyder ordren. To manlege offiserar møter tre kvinnelege soldatar. Ei kvinne viser teikn til giv akt. To andre gjev giv akt og neier samtidig. Mannleg offiser smiler mot kvinnene.</p>	<p>Sekvens 2: Eksersisen går alt riktig bra. Humøret er utmerket og sportsånden er i orden hos de norske jentene. Første tropp under kommando av en kvinnelig fenrik. Avdeling holdt! Jo, det går bra. En skulle såvisst ikke tro at denne avdelingen har vært her bare noen få dager. Soldatene skal lære hilsing og honnør for offiserer. Giv akt! En neier, en hilser og en begge deler, men de gjør det riktig pent.</p>
<p>Sekvens 3: Bilde innandørs. Fleire kvinner i uniform sit og blir instruert av mannleg offiser om våpen som ligg på bordet framfor han. Nærbilde av kvinner som følgjer med på instruksjonen. Kvinneleg befal prøver å setje saman ein sten gun mens mannleg instruktør ser på.</p>	<p>Sekvens 3: Litt kjennskap til våpen må de kvinnelige soldatene ha for å kunne forsvare seg selv. Her får de undervisning av en erfaren offiser fra Lingekompaniet. Han viser dem sten gun. Elevene følger interessert med, og her ser vi en av befalet prøve de ervervede kunnskaper.</p>
<p>Sekvens 4: Bilde utandørs. Kvinneleg soldat med gevær på skuldra vandrar fram og tilbake over veggen. Nærbilde av kvinneleg vaktkommandør som gjev militær helsing. Nærbilde av kvinneleg vakt. Vaktkommandøren gjev militær helsing og går vidare.</p>	<p>Sekvens 4: Vaktkommandøren kommer til inspeksjonen med vaktskiltet om halsen. Alt i orden i leiren? I orden, vaktkommandør.</p>
<p>Sekvens 5: Bilde frå kjøken. Kvinner lagar mat. Bilde frå kantina full av kvinnelege soldatar som et.</p>	<p>Sekvens 5: Vi nærmer oss spisetid, og det er travelt i kjøkkenet. Det skal mye mat til så mange sultne jenter. Og appetitten er i orden etter en sånn slitsom dag. Matsignalet er gått, skal si det smaker.»</p>

Revy nr 11/1946/03 «Kvinner i Forsvaret» (63 meter)

¹⁴⁶ Sjå også revy nr. 09/1946/05 «Militært Commado-løp ved Fredrikstad» (50 meter).

I reportasjen viste Filmavisa korleis nokre vanlege kvinner i løpet av kort tid blei forvandla til soldatar. Innslaget starta med at publikum fekk sjå kvinner i sivil kome til Jørstadmoen, hovedleiren for Hærens sambandstjeneste, utanfor Lillehammer. Forvandlinga starte allereie i depotet. Både filminnslag og kommentarar understreka det nye og uvante i situasjonen med kvinner i forsvaret. Militære klede og hårklipp var en del av forvandlinga før dei marsjerte ut som soldatar. Kvinnene reagerte på den noko uvante situasjonen med knising og latter. Sjølv om kvinnene følgde nøye med i instruksjonane dei fekk, viste Filmavisa at det ikkje var gjort i en handvending å gjere soldatar av kvinnene. Innslaga som viste kombinasjonen av neining og militær helsing hadde eit skjær av komikk. Likevel såg det ut som at kvinnene klarte seg nokså bra som soldatar, og reportasjen blei avrunda med eit bilde som mang ein soldat kan kjenne seg igjen i; eit måltid i ei fullstappa kantine.

Ettersom kvinnene berre fekk «litt kjennskap til våpen», kan sjå ut som at det ikkje var forventa at dei skulle bli opplært til å bli like kvalifiserte («gode») soldatar som sine mannlege kolleger. Dei skulle berre bidra til å «skaffe våre militære en ekstra tilgang på sambandssoldater.» Men langt viktigare var at reportasjen viste at vanlege kvinner var velkomne til å gjere ein militær innsats. Det gjekk ikkje eksplisitt fram av reportasjen at dette var kvinner som har meldt seg til frivillig innsats. I tillegg til at dei på denne måten bidrog til å styrke forsvarsevnen, var dei også eit symbol på ein sterk forsvarsvilje.

Høgst frivilleg var også det arbeidet lottene i Norges Lotteforbund (NLF) gjorde. Sidan stiftinga i 1928 hadde forbundet arbeidd med å førebu norske kvinner til å kunne overta visse delar av mennenes oppgåver i tilfelle krig. Under andre verdenskrigen bidrog lottene til sanitetsteneste, forpleining, transport og hjelp til krigsfangene. Den 31. oktober 1947 blei det underteikna ein avtale mellom NLF og Heimevernet om samarbeid. Nokre få veker seinare var Filmavisa til stades i Bækkelaget kirke der 50 lotter avla det høgtidelege Lotteløftet kor ein lova truskap til ved Guds hjelp å verne fedrelandet: ¹⁴⁷

Vi ser:	Vi hører:
Lotter i uniform på veg opp kyrkjegolv, flaggborg. Feltprest Koren ved altertavla. To lotter. Ei lotte nedanfor preikestolen. Vi ser lottene bakfra mens dei går opp i til alteret. Prest Koren, lotter i bakgrunnen. Lotter sit på kyrkjebenkar. Fomann Ørner held tale,	(lavmælt kyrkjeorgelmusikk) «I Bækkelaget kirke utenfor Oslo fant forleden sted en gripende begivenhet i det 50 lotter avla det høytidelige Lotteløftet. Feltprest Koren forettet og holdt en sterk og manende tale til lottene. Etter talen gikk lottene opp til alteret og avla løftet. Formannen i Norges Lotteforbund, fru Trine

¹⁴⁷ «Som medlem av NLF lover jeg å verne om hjem og fedreland – og aldri glemme nestekjærlighetens bud. Dertil hjelpe meg Gud». Lotteløftet; www.lottene.no (besøkt 13. juni 2013).

altertavle i bakgrunnen. Lotter sit på kyrkjebenkar. Nærbilde av lotter. Lottene forlet kyrkja.	Ørner, rettet til slutt noen ord til lottene, og leste lotteappellen fra kordøren. Etter at høytideligheten var avsluttet, forlot atter lottene kirken i samlet tropp.»
---	---

Revy nr 46/1947/05 «Lottene avgir sitt troskapsløfte i Bækkelaget Kirke» (30 meter)

Filmavisa viste ofte innslag om forsvaret si tilknytning til kyrkja, slik var det også i denne reportasjen. Lågmælt kyrkjeorgelmusikk i bakgrunnen understreka at kyrkja var arenaen kor lottene avla løftet sitt i ein seremoni leia av feltprest Koren. Reportasjen var endå eit eksempel på frivillig oppslutnad kring forsvaret og forsvarsvilje. Kvinnelege soldatar og lotter viste at forsvaret av landet ikkje (lenger) berre var ein tradisjonell mannleg arena.

Også andre grupper var villige til å gjere sin del til forsvaret av landet, mellom anna speidarane, som også hadde nære band til både forsvaret og kyrkja. Sommaren 1948 var 12.000 speidargutar samla til internasjonal speidarleir i Mandal, og Filmavisa følgde dagleglivet i leiren i ein omlag fem minutt lang reportasje:

Vi ser:	Vi høyrer:
Sekvens 1: Oversiktsbilde over speidarleiren. Speidarane står opp og lagar frukost og andre ulike gjeremål (...)	Sekvens 1: (militær marsjmusikk) (...) «Klokken syv går reveljen, og da går det ikke lenge før de første pustehodene stikker nesen ut av teltet. Det er en time til flaggheisningen, og meget skal gjøres. Her skal vaskes, både hals og ører, og her skal kokes kaffe og det skal spises (...)
Sekvens 2: Oberst Wilson saman med pastor Brekke (...) Vi ser speidarane marsjere til stranda for å bade (...)	Sekvens 2: Hver morgen hadde speiderlederne møte for å diskutere dagens program, og i dette møtet deltar den engelske speidersjefen oberst Wilson sammen med den norske speidersjefen pastor Brekke. (..)
Sekvens 3: Speidarane marsjerer med stor flaggborg. Kongen og kronprins Olav i militære uniformer går over sletta i spissen for kongefamilien. Kronprinsen går saman med speidarar. Folkehavet av speidarar, flaggborg i bakgrunnen. Kronprinsen på talarstolen, to "vaksne" speidarar står æresvakt. Publikum på sletta. Bildet panorerer over publikum og til talarstolen der Kongen står. Kongen spaserar med speidarsjefen og speidarleiarane, resten av kongefamilien følgjer. Kongen snakkar med speidargut. Kongen går saman med speidarleiarar.	Sekvens 3: En dag kom hele kongefamilien på besøk, og speiderne marsjerer opp med sine mange hundre norske flagg. Kongeskipet Norge har ankret opp på havnen, og her kommer kongen, kronprinsen, kronprinsessen og prinsebarna med sin spesielle æresvakt inn i leiren. (jubel). Kronprins Olav, som er speiderforbundets høye beskytter, holdt en kort tale hvor han blant annet kommer inn på hvilken betydning det har å hjelpe hverandre. Jeg er glad for, sier kronprinsen, at speiderne har satt denne oppgaven i høysetet. Kongen taler også til speiderne, og takker dem for deres innsats i krigens vanskelige år. De kongelige spaserer så rundt i de forskjellige deler av leiren, og mang en speidergutt husker nok den dagen hvor kongen håndhilste, ikke bare på lederne, men flere av speiderguttene. Og så var kongebesøket slutt, et besøk som sammen med alt annet som skjedde i denne store leiren har gjort dette til en opplevelse for de tusener på tusener av gutter som fikk anledning til å være med.»

Revy nr 29/1948/01 «12.000 speidergutter til internasjonal speidarleir i Mandal» (114 meter)

Slik som i reportasjar frå ulike militære øvingar, hadde også dette innslaget militær marsjmusikk i bakgrunnen. Reportasjen starta med eit oversiktsbilde over den imponerande store speidarleiren, før publikum fekk sjå frå leiren tidleg ein morgon. På same måte som i ein militærleir kan vi sjå at gutane stå opp på kommando frå relveljens signal. Deretter fekk vi sjå at gutane var i ferd med å tileigna seg kunnskapar som også ville vere nyttige i militær samanheng. Nærleik til naturen, matlaging og hygiene var viktige ferdigheitar som ein soldat i felt ville vere avhengig av å ha kunnskap om. Gutane blei gjennom heile reportasjen også framstilt som svært disiplinerte, til og med når dei skal til stranda for å bade, ser vi dei marsjere av garde.

Filmavisas reportasjar viste fleire døme på dei nære banda mellom speidarrørsla, kyrkja og forsvar: «Hver morgen hadde speiderlederne møte for å diskutere dagens program, og i dette møtet deltar den engelske speidersjefen oberst Wilson sammen med den norske speidersjefen pastor Brekke». Oberst John Skinner Wilson fortener ein nærare presentasjon. Wilson var mest kjent for at han under andre verdskrigen var leiar av Kompani Linge. Før krigen hadde han også vore leiar i den internasjonale speidarorganisasjonen Boy Scout International Bureau. I 1932 hadde Wilson vore i Mandal på Norges Speidergutt Forbunds landsleir som leiar for den engelske kontingenten. Fleire av dei som var med i Kompani Linge var tidlegare speidarar, blant anna Knut Magne Haugland som var med under Tungtvann-aksjonen på Vemork.¹⁴⁸

Filmavisa viste også at at speidarrørsla hadde nære band til Kongehuset. Hovedbolken i innslaget var nemleg via kongefamiliens besøk i leiren. Med Kong Haakon i spissen, kom heile kongefamilien vandrane over leirsletta. Kronprins Olav var speidarrørsla sin høge beskyttar, og steig opp på den høge talarstolen der han kunne sjå utover eit hav av speidarar og norske flagg. I talen peikte han på kor viktig det var at speidarrørsla hadde solidariske handlingar som si viktigaste oppgåve.¹⁴⁹

Denne store mønstringa av tusenvis av speidarar kan på mange måtar tolkast som uttrykk for ei kollektiv and, kor dei løfta i flokk. Ei langt mindre forsamling var til stades i Håndverkeren ved opninga av oslospeidarane si utstilling, våren 1948. Også her var kronprins Olav og prins Harald æresgjestar:

¹⁴⁸ John Skinner Wilson var i politiet i Calcutta og var allereie engasjert i speidarrørsla då han i 1921 blei rekruttert av Robert Baden-Powell til å leie *The World Bureau of the World Organization of the Scout Movement*. Wikipedia.

¹⁴⁹ Neste innslag er revy nr. 29/1948/02 «Internasjonal pikespeiderleir i Borre i Vestfold» (72 meter), men der var ikkje kongefamilien på besøk. Speidarar var representert i ei rekkje innslag. Sjå td. revy nr. 36/1945/04 «Speiderpikene får besøk av lady Baden-Powell» (19 meter), (17/1946/05) «Speidernes St. Georgs dag. Tog på Karl Johan» (14 meter). Dessutan er speidarane representert ved ei lang rekkje minneseremoniar og innsamlingsaksjonar (sjå ovanfor).

Vi ser:	Vi hører:
<p>Kronprins Olav og prins Harald med følge på veg inn i Håndverkerens lokaler. Prins Harald finn plassen sin, øvrige gjestar står. Kronprinsen og prinsen sit seg ned lengst framme i lokalet. Rogtvedt på talarstolen. Speidargutar i bakgrunnen. Publikum. Nærbilde av kronprins Olav og prins Harald. Kretsjeften på talarstolen. Publikum. Kronprins Olav går til talarstolen. Publikum. Kronprins Olav talar (autentisk lyd frå tala). Prinsen høgg over stakk. Speidarar på scena. Dei kongelige gjestane går gjennom utstillinga. Prinsen tek på seg høyretelefonar. Speidarar ved kortbølggeapparat. Prinsen prøver å kaste line. Speidarar ved "teltleir".</p>	<p>(musikk «Gammal Jegermarsj») «Kronprins Olav og prins Harald kommer her til den store speiderutstillingen som ble åpnet i Oslo for noen dager siden. De ble møtt av kretssjefen, oberstløytnant Knutsen, og mens speiderguttene dannet broderkjede rundt hele lokalet var Kjell Rogtvedt oppe på talerstolen og leser en riktig frisk og morsom prolog. Kretssjefen ønsker deretter de kongelige gjester velkommen, og nevner at det er første gangen arveprinsen er hos dem. Kronprins Olav erklærer deretter utstillingen for åpnet: (autentisk lyd) "Og venner,[sic] erklærer jeg oslopedernes utstilling i Håndverkeren 1948 for åpnet." Og så som et synlig bevis på at så er skjedd, hugger prins Harald over den stakken som har holdt broderkjeden sammen. Speiderguttene er deretter med i en del små tablåer hvoretter de kongelige gjester er de første som går gjennom utstillingens mange avdelinger. Her er det mange ting som interesserer, ikke minst prins Harald, som også benytter anledningen til å avlytte en morsesending på speidernes eget kortbølggeapparat. Og her trener prins Harald til å kaste line slik enhver speider må kunne hvis han vil ha livredningsmerket. Speidernes motto er jo: Vær beredt!»</p>

Revy nr 17/1948/02 «Speiderutstillingen åpner i Håndverkeren» (42 meter)

Også i dette innslaget viste Filmavisa prins Harald omgjeven av jammaldrande speidarar, og publikum fekk sjå at han prøvde ut både kortbølgjesendar og å kaste med line. Kunnskap om slike apparat og reiskapar kunne vere viktig dersom ein igjen skulle kome i ein situasjon der ein måtte kjempe for landet sitt. Det var derfor ikkje berre speiderrørsla si uniformering, vektlegging av disiplin og at leiarane ofte hadde offiserbakgrunn som ga konnotasjonar til det militære. I andre innslag fekk publikum også sjå at speidargutar øvde i militær idrett. I ein reportasje frå ei slik øving starta kommentarene med å peike på at dette var noko også soldatar gjorde:

Vi ser:	Vi hører:
<p>Vi ser ca. 10 – 14 år gamle gutar passere ulike hinder i skogen.</p>	<p>(rask musikk) «Det er nok ikke bare de store gutta som driver med Commandoløp. Her har vi speiderne i Ullern distrikt utenfor Oslo som konkurrerer i denne nyeste sportsgrenen. Se på disse hinderne guttene skal klare. Det er nok ikke akkurat sport for mammadalder. Denne passasjen var vrien, og mange jumpet like godt i elven og svømte forbi. Her kommer det mest spennende. Guttene skulle slenge seg over elven ved hjelp av en lang line. Og rett som de var, midt ute i elvefare smalt en dynamittladning og sendte en veldig vannsprut rett opp på stakkaren. Det var adskillige som i beflippelsen slapp taket og måtte svømme til land. (...) Slike konkurranser byr på ypperlige sport, og gir</p>

	de fleste anledning til både å trene og herde kroppen, og oppleve snarrådighet og mot.»
--	---

Revy nr 42/1947/07 «Commandoløp for speidergutter i Ullern distrikt» (43 meter)



Ein speidargut på sprang ut i løypa ved starten av eit commandoløp (revy nr. 40/1948/06).

Også året etter viste Filmavisa eit innslag frå commandoløpet for speidargutar, ein reportasje som til forveksling likna denne frå Ullern med omsyn til kommentarar og bruk av bilde.¹⁵⁰ Publikum fekk sjå speidargutane forsere vanskelege og til dels dramatiske hinder. Konkurransen og sportselementet er vektlagt i kommentarane, og det kan nok vere for drygt å kalle dette opplæring av «barnesoldatar». Likevel kan ei slik «anledning til både å trene og herde kroppen, og oppleve snarrådighet og mot», i slike former og omgjevnader gje konnotasjonar til geriljakrigføring, og kan seiast å vere eit uttrykk for dyrking av forsvarsevne og forsvarsvilje.

Til ein viss grad kan noko av det same også seiast om turnstemnene som Filmavisa viste ei lang rekke av kvar vår. Turnidretten i Noreg hadde sine førbilde frå Tyskland og Sverige, i fyrste rekkje med utgangspunkt i tyskaren Friedrich Ludvig Jahn (1778-1852) og svenskane Per Henrik Ling (1776 – 1839) og Hjalmar Ling (1820 – 1886) sine idear. Jahn ville gjenreise det tyske folket – styrke og forbetre sine landsmenn etter nederlaget i Napoleonskrigane, og han meinte at turn kunne vere eit godt verkemiddel. Dei aktivitetene dei fyrste turnarane dreiv

¹⁵⁰ Sjå revy nr. 40/1948/06 «Commandoløp for speidergutter (40 meter).

med var hopp, løp, kast, bryting, kampeleiker, symjing og bøylehest. Desse øvingane kunne alle ha eit militært førebuaende tilsnitt. Per Henrik Ling ville "motvirke nedbrytende krefter i samfunnet ved hjelp av patriotisme og fedrelandssinn og å utdanne, forme og skolere kroppen til en harmonisk enhet med riktige øvelser". Sonen Hjalmar Ling systematiserte og førte farens idéer vidare. Dette skapte ei fastere ramme om gymnastikksystemet. Det formelle blei i seg sjølv målet, og Ling sitt namn blir gjerne forbunde med ribbevegg og linjegymnastikk. Norges Gymnastikk og Turnforbund blei skipa i 1890, og hadde allereie frå starten av med seg element frå både Jahns og Lings metoder. Dei siste åra før 2. verdskrig var gode arbeidsår som gav seg utslag i ei stadig aukande medlemsmasse (25.000). I 1946 hadde Turn-forbundet 40.000 medlemmar.¹⁵¹

Linjegymnastikk var eit sentralt element i Filmavisa sine reportasjar frå turnstemner. Desse reportasjen var nokså like i struktur og dramaturgi, og starta ofte med defilering inn på ein stadion av fleire tusen turnerar som bar norske flagg. Sidan var det oversiktsbilde som viste at dei ulike troppene utførte synkrone turnrørslar. Det var inndelt i barne- kvinne- herre og veterantrupper, og kommentarane refererte som regel til at oppvisningane blei møtt med begeistring og beundring blant publikum. Kommentarane frå *Det 24. vestlandske turnstevne* som føregjekk på Bergen stadion i 1948 var typisk:

(...) Det ble en imponerende defilering av 3.000 gymnasiaster, og her er det ikke mangel på takt og presisjon. Det var et vakkert syn de 10.000 tilskuerne var vitne til.¹⁵²

Reportasjar frå turnstemne var det mange av.¹⁵³ Slike massemonstringar hadde visse estetiske kvalitetar som filmkamera nokså enkelt kunne å fange opp. Fokuset var ikkje retta mot individet, men mot massen. Dette kunne vere eit uttrykk for fellesskapet og styrken ein hadde dersom ein løfta i flokk og gjekk i takt. Det er nærliggande å trekke ein parallell til det «kollektive løft» som mange såg på som nødvendig for at ein skulle lukkast med gjenreisninga av landet.

¹⁵¹ <http://www.gymogturn.no> .(besøkt 18. juni 2013). Norges Gymnastikk- og Turnforbund har i dag ca. 85.000 medlemmar.

¹⁵² Revy nr. 23/1948/02. «Det 24. vestlandske turnstevne i Bergen» (32 meter).

¹⁵³ Sjø revy nr. 21/1946/02 «Turnstevne på Bislett. Innmarsj og oppvisning. Kronprinsfamilien tilstede» (61 meter), (45/1945/04) «Turnernes elitekorps» (37 meter), (25/1946/03) «Turnstevne for barn i Haugesund» (24 meter), (22/1947/08) «Barneturnstevne i Fredrikstad» (50 meter), (23/1947/03) «Det store kretsturnstevnet i Drammen» (45 meter). Dessutan like utanfor tidsramma for denne avhandlinga; (22/1949/08) «Turnoppvisning i Haugesund» (52 meter), (23/1949/08), «Turnstevne i Sarpsborg» (48 meter).

Nye alliansar

Trass i både forsvarsvilje og oppbygging av forsvarsevne så kunne det norske forsvaret ikkje berre lite på eigne krefter. Ei sentral erkjenning etter andre verdskrigen var at landet måtte søkje ei eller anna form for forpliktande forsvarssamarbeid med våre utanlandske vener, men om det skulle ta utgangspunkt i våre allierte frå andre verdskrig eller andre konstallasjonar var lenge uklart. Dette var i nokså liten grad tema i Filmavisa. I tillegg til enkelte minnesreportasjar,¹⁵⁴ var reportasjar frå utanlandske flåtebesøk noko som til ein viss grad kan relaterast til temaet. Enkelte av desse reportasjene kan seiast å skode bakover i tid, der kommentarane til Filmavisa tolkar det som publikum fekk sjå som ei symbolsk handling for å markere at Noreg hadde vore ein fullverdig del av alliansen som gjekk seirande ut av andre verdskrigen.¹⁵⁵

Det norske Tysklandsbrigaden var eit resultat av at Noreg var på den seiarande sida. Tysklandsbrigaden blei fyrste gong nemnt i Filmavisa i revy nr. 41/1946/06 i ein reportasje frå rekrutt-leiren Steinkjersannan:

Norsk Filmrevy begynner i dag en reportasje om de norske troppene, som settes opp til vaktjenesten i Tyskland. Vi besøker rekrutt-leiren på Steinkjersann hvor gutta fra Trøndelag får sin opplæring. (...) Ja, dette var Trønderleiren. Neste måned følger nye opptak.

Lovnaden om nye reportasjar blei fylgd opp, og minte publikum om det norske bidraget til okkupasjonen av Tyskland.¹⁵⁶

I åra før Noreg til slutt valde å bli medlem i den nye forsvarsalliansen Nato, viste Filmavisa reportasjar frå fleire felles militære øvingar med utanlandske styrkar, samt frå britiske, amerikanske og svenske flåtebesøk. Dette var ein politisk og diplomatisk gest mellom vener, men utan at det nødvendigvis bar bod om eit framtidig forpliktande samarbeid.¹⁵⁷ Filmavisa la vekt på at desse paraderande utanlandske styrkane blei tekne godt imot av jublande

¹⁵⁴ Sjå til dømes ovanfor, Filmavisas kommentar i revy nr. 22/1946/07 «Militær minnehøgtid i Narvik. Polsk, fransk, engelsk og norsk deltagelse». (193 meter): (...) «Etter avdukingen av minnesteinen var det oppstilling av de militære avdelinger, ialt 1100 mann, utenfor Hotel Royal, hvor det ble utdelt en rekke franske og norske utmerkelse. Det var en stor og gripende stund, denne besegling av et ubrytelig borderskap med våre allierte, et farvestrålende skuespill, som aldri vil bli glemt hverken av deltakerne eller Narviks befolkning.»

¹⁵⁵ Sjå til dømes ovanfor, 13/1947/02 «Warspites» ratt overleveres.»

¹⁵⁶ Sjå revy nr. (02/1947/01) «Tysklandsrekrutter på Heistadmoen» (57 meter), (03/1947/05) «Den 1. norske militærkontingent til Tyskland reiser fra Porsgrunn» (44 meter), (08/1947/01) «General Hansteen besøker de norske tropper i Tyskland» (21 meter), (10/1947/06) «Med de norske styrker til Tyskland» (213 meter), (25/1947/05) «Norske Tysklandssoldater på permisjon i Amsterdam» (48 meter), (09/1948/01) «Tropper fra Tysklandsbrigaden vender hjem» (30 meter), (02/1949/04) «Tysklandsbrigaden, Lindenburgerheden» (59 meter).

¹⁵⁷ Sjå til dømes revy nr. (23/1946/03) «Franske destroyere i Oslo. Parade for kongen» (65 meter), (12/1947/02) «Alliert militærøvelse i Elverum» (45 meter), (40/1947/05) «Nordiske vernepliktige offiserer møtes til kappestrid i Enebakk» (30 meter), (19/1948/02) «Amerikanske flåtebesøk i Bergen» (81 meter), (27/1948/07) «Nordiske soldatveteraner marsjerer på Karl Johan» (26 meter), (32/1948/05) «Svensk flåtebesøk i Oslo» (68 meter) (41/1948/08) «Amerikansk flåtebesøk i Oslo» (13 meter).

nordmenn langs gatene. Til dømes då den svenske flåten var på besøk i Oslo i 1948, viste Filmavisa at publikum fekk lov til å kome om bord i Gøta Lejon: «Det kvinnelige innslaget under besøket var stort, og la oss med det samme nevne at for eksempel Gøta Lejon førte en besetning på 575 stramme karer,» kommenterte Filmavisa før reportasjen blei avslutta med at publikum fekk sjå ei kvinne sitje på fanget til ein matros: «Det tok heller ikke lang tid før kontakten var i orden.» Det var med andre ord framstilt som heilt uproblematisk at norske kvinner stifta nærare kjennskap med utanlandske soldatar, berre det ikkje var den tyske fienden.

Kven som var fienden og kven ein skulle alliere seg med var lenge uklart i det politiske Noreg like etter andre verdskrigen. Fleire tok til orde for eit skandinavisk forsvarsforbund, og frå februar 1948 blei det innleia forhandlingar på øvste politiske hald mellom Noreg, Danmark og Sverige kring dette spørsmålet. Eit problem som det skulle vise seg uråd å løyse var Sverige sitt ønskje om nøytralitet ikkje lot seg sameine med Noreg og Danmark sine interesser om å knytte ein slik allianse til vestmaktene, mellom anna for å kunne sikre seg våpenforsyningar frå USA.¹⁵⁸ Forsøket på å danne ein skandinavisk allianse blei berre nemnt i ein reportasje. Filmavisa kommenterte opninga av den siste forhandlingsrunda i Oslo i januar 1949:

Det militære samfund i Oslo var siste helgen i brennpunktet for verdens interesse. Delegasjoner til de skandinaviske forsvarsforhandlinger fra Danmark, Sverige og Norge omfattet foruten statsforsvars- og utenriksministrene også representanter for de tre lands nasjonalforsamlinger, landenes ambassadører i Moskva, London og Washington og militære sakkyndige. Tallrike journalister fra inn- og utland var møtt fram for å følge det avgjørende møtet på nært hold. Statsminister Gerhardsen ledet forhandlingene. Utenriksminister Lange i samtale med den svenske utenriksministeren. Sjef for forsvarsstab generaløytnant Ole Berg. Og ved det norske bordet ses videre Hambro, Smith-Ingebrigtsen, Holm og Torp. Den svenske delegasjonen talte 14 mann. Her sitter de samlet, unntatt ministrene som var plassert ved hovedbordet. Det danske bordet. Alle venter på at fotografene kan bli ferdige, og forhandlingene kan ta til. Ved hovedbordet ser vi den danske utenriksministeren Rasmussen, den svenske forsvarsministeren Adam Fogt, utenriksminister Ryden og statsminister Erlander. Forsvarsminister Hauge i samtale med utenriksminister Lange. Og så endelig, den tidligere svenske utenriksminister Rikard Sander. Men så har ikke pressefotografene stort mer de skal ha sagt, for som tegn på at forhandlingene skulle begynne blir prosjektørlysene slått av.¹⁵⁹

Reportasjen gav ikkje publikum noko informasjon om sentrale forhandlingstema, men gav berre uttrykk for at møtet var viktig, understøtta av bilde av framstående politikarar, diplomatar og militære frå dei ulike delegasjonane.

Ei anna viktig årsak til at desse forhandlingane stranda, var mellom anna det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia i 1948. Filmavisa hadde to reportasjar frå Tsjekkoslovakia dette året. Den fyrste var frå FNs generalsekretær Trygve Lie sitt besøk i Praha

¹⁵⁸ Furre 2000:136.

¹⁵⁹ Revy nr. 06/1949/01, «Osломøtet- Nordiske forsvarsforhandlinger» (63 meter).

i månedsskiftet januar/februar. Bilda var frå hans pressekonferanse i det tsjekkiske utanriksdepartement, og publikum fekk høyre Lie i samtale med utenriksminister Jan Mazaryk (begge på engelsk). Med autentisk lyd fekk publikum også høyre at Mazaryk ønskte velkomen og at han refererte til at Lie no oppfylte løftet om å besøke Praha, eit løfte han gav Mazaryk i Londen under den andre verdskrigen. Lie takka, og sa vidare at Tsjekkoslovakia var kjent som ein freds- og fridomelskande nasjon som han ønskte skulle få ei framgongsrik og fredeleg framtid.¹⁶⁰ Sidan dette opptaket blei gjort og fram til denne Filmavisa hadde premiere den 19. februar hadde spenninga mellom kommunistar og ikkje-kommunistar i den tsjekkiske regjeringa auka, og Lies sitt utsegn om ein «freds- og fridomelskande nasjon» kom snart kome i eit ironisk lys. Den neste reportasjen frå Tsjekkoslovakia kom to veker seinare då det kommunistiske kuppet var eit faktum. Filmavisa innleia den nesten fire minutt lange reportasjen slik:

Fra den nasjonaliserte tsjekkoslovakiske ukerevyen, Kino Kronijca, har vi mottatt denne reportasjen fra begivenhetene omkring Tsjekkoslovakias skjebnetime. Den norske filmavisen øver ingen sensur, men en filmreportasje fra det som i disse dager foregår i Tsjekkoslovakia, ville kanskje tatt seg noe annerledes ut sett fra et nøytralt synspunkt.¹⁶¹

Den norske Filmavisa vakta seg vanlegvis vel for å framstå som noko anna enn «nøytral» og «objektiv», i alle fall i eigne auge. I denne reportasjen synest det likevel å vere vanskeleg for Filmavisa å halde seg til denne erklærte nøytrale redaksjonelle linja. Dei valde å sende den tsjekkoslovakiske filmavisa slik den låg føre, men med eigne kommentarar til. Dermed sa ein indirekte at denne tsjekkiskproduserte vekesrevyen var subjektiv og sympatiserande med dei kommunistiske kuppemakarane. Den norske filmavisa var likevel svært forsiktig, og gav ikkje nokon vidare analyse kring forholda i Tsjekkoslovakia utover å referere til hendingane, bilda måtte tale for seg sjølv. Faktisk var Filmavisa så referererande i stil at ho lot publikum høyre i 50 sekund kva Gottwald sa med autentisk lyd – på tsjekkisk! Publikum fekk også høyre (i 30 sekund) den nye leiaren i Nasjonal Front, Antonin Zabodovsky, lese opp ein proklamasjon, også det på tsjekkisk og utan oversetjing av noko slag.¹⁶² Reportasjen blei avslutta med å

¹⁶⁰ Revy nr. 08/1948/04, «Trygve Lie i Tsjekkoslovakia» (35 meter). «Lie holdt pressekonferanse i det tsjekkiske utenriksdepartementet. Vi skal høre samtalen mellom Trygve Lie og hans gamle venn, utenriksminister Jan Mazaryk: (autentisk lyd) (...) Lie: «Czechoslovakia is very well known all over the world, famous as a peaceloving and freedomloving nation. And I wish that Czechoslovakia a prosperous future, and peace and security.» Mazaryk: Thank you, general secretary, very kind!»

¹⁶¹ Kommentartekst til revy nr. 10/1948/06 «Tsjekkoslovakias skjebnetime» (125 meter):

¹⁶² Kommentartekst til revy nr. 10/1948/06 «Tsjekkoslovakias skjebnetime» (125 meter): «Fra den nasjonaliserte tsjekkoslovakiske ukerevyen, Kino Kronijca, har vi mottatt denne reportasjen fra begivenhetene omkring Tsjekkoslovakias skjebnetime. Den norske filmavisen øver ingen sensur, men en filmreportasje fra det som i disse dager foregår i Tsjekkoslovakia, ville kanskje tatt seg noe annerledes ut sett fra et nøytralt synspunkt. Vi ser Prahas

referere til generalstreiken den 24. februar, og sidan viste ikkje Filmavisa fleire reportasjar knytt til det oppsiktsvekkande kuppet i Tsjekkoslovakia.¹⁶³

Den kalde krigen på veg mot frysepunktet var derfor bakteppet for dei skandinaviske forsvarsforhandlingane som til slutt braut saman tidleg på nyåret 1949. Noreg sine sikkerheitspolitiske problem var med dette framleis ikkje løyst. I staden valde Stortinget våren 1949 å knytte Noreg vestover, i allianse med Storbritannia og USA. Den 4. april 1949 skulle Atlanterhavspakta underskrivast, og Filmavisa var til stades då den norske delegasjonen reiste frå Gardermoen. Til lyden av ein militær marsj kan vi sjå delegatane smile mot kamera i det dei stig inn i flyet som skal ta dei over Atlanteren:

Torsdag den 31. mars om ettermiddagen reiste den norske FN-delegasjonen fra Gardermoen. Delegasjonen skal til Lake Sussex og andre avdeling til FNs tredje hovedforsamling. Selskapet smiler til fotografen før avreisen med blant annet justisminister Gundersen, redaktør Smitt-Ingebrigtsen og utenriksministeren.

Reportasjen ble avslutta med å forklare kva som var utanriksministeren sitt ærend: «Utenriksminister Lange skulle til Washington for å undertegne Atlanterhavspakten på Norges vegne.»¹⁶⁴ Slik blei den viktigaste avgjerda i norsk utanrikspolitikk etter krigen, ein avtale som hadde til føremål å hindre krig og med påfølgjande behov for gjenreising og kanskje rettsoppgjær, kommentert av Filmavis - med éi einsleg setning.

kommunister samle seg i store skarer på plassen foran det gamle rådhuset. Statsminister Clement Gottwald holdt her sin store programtale. La oss høre hva han har å si: (Gottwald i ca. 50 sekund tale på tsjekkisk - autentisk lyd). Neste dag fulgte nye masse møter. Det største av dem ble holdt i Prahás messehall (vi hører den tsjekkiske filmrevyen sin kommentator snakke på tsjekkisk). Også her talte statsminister Gottwald. Etter en diskusjon som varte i flere timer, leste det kommunistiske parlamentsmedlemmet Zabodovsky, den proklamasjon som omsider ble vedtatt. (Vi hører Zabodovsky tale (ca 30 sekund) på tsjekkisk) Og et tredje møte drøftet man nedsettelsen av et aksjonsutvalg innenfor den nyopprettede såkalte Nasjonal Front. Også her var statsminister Gottwald til stede. Og likeledes den nye leder av den Nasjonale Front, Antonin Zabodovsky. Den kommunistiske fløy innen det katolske folkeparti var representert av dr. Peter som er medlem av parlamentet. Som en særlig manifestasjon for å understreke de nye krav, besluttet aksjonskomiteen å erklære en times generalstreik. Tirsdag den 24. februar klokken 12 middag, stoppet derfor arbeidet i fabrikker og kontorer landet over (...).»

¹⁶³ I enkelte større norske byar blei ein reportasje, truleg laga av filmselskapet Metro, frå Jan Masaryk si gravferd vist som tillegg til Filmavis nr. 13/1948. Norsk films katalog over revyutgåver.

¹⁶⁴ Revy nr. 15/1949/01 «FN-delegasjonens avreise fra Gardermoen i anledning undertegnelse av Atlanterhavspakten» (20 meter).

Moralsk og fysisk gjenreising - Hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer

Sjølv om gjenreisinga her er delt inn på ulike samfunnsområde, var det visse felles trekk ved Filmavisa si framstilling kor vi kan identifisere ein overordna *gjenreisingsframing*, som skjematisk kan framstillast slik:

Reasoning devices/Argumentasjon						Framing devices (selection)/Framing						
Frame	Problem definisjon	Tema	Arsak til problemet	Ansvar	Løysing	Moralsk basis	Kjenslemessig basis	Kulturelt motiv	Metafor/stereotyp	Leksikalsk val	Visuelt bilde	Musikalsk bilde
Dugnadsframing	Landet ligg nede materielt	Korleis skal landet bli gjenreist?	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Auka arbeidsinnsats	Moralsk plikt	Kjensle av solidaritet. Nasjonalt samhald	Verdien av å yte ein innsats for andre	Den nye arbeidsdagen	«Går på med liv og lyst» vs. «sabotører»	Glade barn. Store folkemassar. Kollektive dugnadsaksjonar frå «vanlege folk» vs vinmonopolke	Marsj
Gjenreisingsframing	Landet ligg nede materielt	Korleis skal landet bli gjenreist?	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Planmessig oppbygging, auka arbeidsinnsats	Moralsk plikt overfor dei som ofra livet under krigen	Ære og kjensle av solidaritet	Verdien av å yte ein innsats for andre	«Den nye arbeidsdagen er begynt.»	«Gjenreising» «frie og selvstendige bygger vi en ny og lykkelig fremtid for landet.» Positive superlativ	Ruinar, svenskehus, menn i arbeid i solskin reiser nye hus	Marsj, nasjonalromantisk
Næringslivsframing	Næringslivet er sterkt svekka pga krigen	Korleis skal næringslivet bli gjenreist?	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar og vanstyre	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Planmessig oppbygging, auka arbeidsinnsats	Moralsk plikt	Stoltheit, ære, flid, nasjonalt samhald	Verdien av å yte ein innsats for oss alle	moderne	«Moderne, planmessig. «Norske skip fra norske verft.» Positive superlativ	Nye hus, maskiner, materiell framgang	Marsj, moderne jazz.
Forsvarsframing	Landet manglar eit forsvar som kan stå imot angrep	Korleis skal forsvaret bli sterkt nok?	Tysk okkupasjon som bevis	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Bygge opp nytt og moderne forsvar	Moralsk plikt å forsvare landet	Stoltheit, ære, nasjonalt samhald	Verdien av å forsvare landet	Aldri meir 9. april	«Det er fart og presisjon over øvelsene.» «Det er utstyrt med alle de tekniske fullkommenheter som krigsteknikken har velsignt oss med.» «den prektige jager.» «[Commandoløp] gir de fleste anledning til både å trene og herde kroppen, og oppleve snarrådighet og mot.»	Militerøvingar, commandoløp marsjering, speidarleir	«Gammel jegermarsj» og andre militære marsjar, fanfare

Figur 12: Moralsk og fysisk gjenreising, hovudtrekk i Filmavisas tolkingsrammer, 1945 – 1949.

Gjennom sine reportasjar framheva Filmavisa at landet materielt sett låg nede, og årsaka til dette problemet var den tyske okkupanten og implisitt deira norske medløparar som i tillegg til bombing av norske byar og andre krigshandlingar var ansvarlege for eit styresett som hadde ført til materielle manglar i dei fleste sektorar. Løysinga på problemet var fyrst og fremst auka arbeidsinnsats, og ansvaret for at ein skulle lukkast med gjenreisinga la Filmavisa i fyrste rekkje på den jamne mann og kvinne.

Denne framingen blei underbygd på noko ulike måtar innanfor dei ulike sektorane, men den *moralske basisen* var nokså lik, anten det gjaldt gjenreising av næringsliv, forsvaret eller infrastruktur. I slike reportasjar gav Filmavisa ei førestelling om at dei som overlevde krigen hadde ei *moralsk plikt* overfor krigens offer til å gjere sitt ytterste for å gjenreise landet. Den *kjenslemessige basisen* la vekt på at dette var eit spørsmål om ære og kor nasjonalt samhald og solidaritet både var rett og nødvendig i ein kritisk situasjon for landet.

Dei mange gjenreisingsreportasjene var som ein føljetong der dei enkelte reportasjene blei satt inn i ein tematisk gjenreisings-frame, også med eksplisitte kommentarar om at publikum no skulle få sjå «ukens gjenreisingsreportasje». I kvar utgåve tok ein pulsen på korleis det gjekk med gjenreisinga og viste ein kva store oppgåver som låg føre, men også kva framsteg som blei gjort og som kunne gje grunn til optimisme. Utvalet av reportasjar var påverka av at Filmavisa fylgde i fotspora til Gjenreisingkomiteen sine reiser til nedbrente byar, og dermed blei resultatet av tyske krigshandlingar visualisert. Det *visuelle bilde* som understøtta gjenreisingsframingen blei på mange måtar difor prega av kontrastar; «før-bilde» av ein by i ruinar samanstillt med eit «no-bilde» kor nye hus var blitt reist. Dei mange reportasjane frå Nederland, satte norsk gjenreisingspolitikk i perspektiv og var også ei form for kontrast. Dei gav ei førestelling om at det stod endå verre stilt i Nederland, og viss nederlendarane kan klare å gjenreise landet sitt, så kan også nordmenn klare det. Elles var bilde av menn i arbeid med å reise hus fulgt av ei *musikalsk bilde* der det i marsjetakt gjekk framover. Dei *leksikalske vala* var også i samsvar med opplysningskomiteens ønskje om at Filmavisa skulle bidra til å spreie informasjon og optimisme kring gjenreisingsarbeidet. Kommentaranene vende seg til publikum med eit moralsk imperativ om at det «må jobbes», samtidig som at Filmavisa satte sin lit til at problema «vil bli avhjulpet». Men opplysningar om at bustadbygginga i verkelegheita ikkje gjekk så raskt som styresmaktene hadde planlagt, heldt Filmavisa utanfor denne tolkingsramma.

Også gjenreisinga av næringslivet blei omtalt i optimistiske ordelag. Dei *leksikalske vala* var prega av mykje bruk av superlativ og ord som var positivt lada kring det publikum fekk sjå. Her la Filmavisa særleg vekt på det *moderne* ved det som blei vist. Det *visuelle bilde* var dominert av nærbilde av maskiner og samleband i ulike delar av arbeidsprosessar ved fabrikkar, kor det *musikalske bilde* prega av raske rytmer også understøtta ei førestelling av at arbeid gjekk *hurtig*. Filmavisa la også vekt på at skipa som blei bygd ved norske verft var «bygget etter de mest moderne prinsipper». Gjenreisingframingen blei understøtta av ein *kjenslemessig basis* av nasjonal stolheit i reportasjar kring gjenreisinga av den viktige handelsflåten, kor båtavløp blei omtalt som bevis på at «Vi» igjen var verdas leiande sjøfartsnasjon. Også ved gjenreisinga av næringslivet blei kjenslene knytt til krigens offer brukt; «men vår gjenreiste skipsflåte skal atter føre det norske flagget over alle verdenshav til ærerikt minne om dem som gav sitt liv for at vi skulle få leve,» var eit karakteristisk utsagn som både manta til optimisme, auka innsats og høg arbeidsmoral.

Appellar om ueigennyttig innsats i solidaritet med dei som var verre stilt var det mange av, og dette var sentralt i ein *dugnadsframing* som var understøtta om lag på same måte som den overordna gjenreisingsframingen. Reportasjar som var knytt til innsamlingsaksjonar,

dugnadar, eller andre solidariske handlingar var mellom anna prega av eit *visuelt bilde* som viste store folkemassar. Dette kan kallast «power in numbers»-framing der til dømes store demonstrasjonstog kunne vere eit bevis på at slike, ofte nasjonale målsettingar, hadde stor folkeleg oppslutning, samtidig som det appellerte til publikum om å slutte opp. Det visuelle bilde som understøtta slike appellar var ofte glade born og unge som utførte dugnad, fulgt av eit muntert *musikalsk bilde* som understreka at dugnaden gjekk lett som ein lek. I slike reportasjar vendte Filmavisa seg i eksplisitt til publikum, nærast i håp om at kjensler som skam, ære, moralsk plikt og frykt for vedmangel gjennom ein kald vinter skulle utløyse dugnadsanden. Ein appell om solidaritet var på denne måten ein sentral del av den *kjenslemessige basisen* som underbygde dugnadsframingen. På denne måten blei den fysiske gjenreisinga også knytt til ei form for *moralsk* gjenreising, som blant anna var underbygd av metaforar frå krigens dagar. Filmavisa gav tydeleg uttrykk for at dei som stod i polkø var «sabotørar» som kasta vekk tid som skulle vore brukt til gjenreising. Sjølv om enkelte reportasjar var retta mot smugling og andre problem som viste at det Filmavisa heldt fram som moralsk høgverdig også hadde ein motsats som kunne vere til hinder gjenreisinga, var dei fleste innslag heldt fram som positive føredøme på kva arbeid som måtte til i ei vanskeleg tid. Det var i det heile få reportasjar som knytte gjenreisingsspørsmålet til noko negativt, og Filmavisa uttrykte stor tillit til at styresmaktenes politikk skulle føre fram til gode resultat.

Styresmaktene hadde også ansvaret for at landet skulle få eit gjenreist forsvar som kunne stå i mot fiendtlege angrep. Den tyske okkupasjonen hadde synleggjort problemet, og «aldri meir 9. april» var ei implisitt meining for Filmavisa sine reportasjar på dette området. Menn som marsjerte mot kamera i takt marsjmusikk var det *visuelle bilde* på eit nytt forsvar som var i ferd bygd opp att. Bilde frå fleire militære øvingar var fulgt av stolte kommenterar som framheva den *moderne* teknikken ved krigsmateriellet som publikum fekk sjå i aksjon. I tillegg til *forsvarsevnen* gav Filmavisa også ei førestelling av at *forsvarsviljen* hadde brei oppslutnad. Ein fekk sjå frivillige kvinner og menn stille seg til teneste for forsvaret, barn som trente på å bli soldatar og byar som adopterte krigsskip. Sjølv om forsvaret av landet var ei alvorleg sak, gav Filmavisa ei førestelling av at det føregjekk med «liv og lyst» anten det var menige soldatar eller gutespeidarar som streva seg fram i ei hinderløype.

Kven det nye forsvaret var retta mot synest å berre vere ein «potensiell» fiende. Ein kan knapt finne spor etter den kalde krigen i Filmavisas reportasjar. Sjølv då utanriksminister Lange reiste til USA for å skrive under på Atlanterhavspakta, unnlot Filmavisa å forklare landets radikale brot med nøytralitetspolitikken.

Konklusjon

I innleiinga til denne avhandlinga reiste vi følgjande hovudproblemstilling: *I kva grad bidrog Filmavisa til å legitimere det re-etablerte demokratiets gjenreisingspolitikk?* For å kunne svare på denne overordna problemstillinga, har avhandlinga vore strukturert kring tre delproblemstillingar: 1) *Korleis framstilte Filmavisa det norske rettsoppgjeret?* 2) *Kva var Filmavisas minneproduksjon om krigen?* og 3) *Korleis framstilte Filmavisa det ein kan kalle den fysiske og moralske gjenreisinga av landet?* Desse skal vi no gje svar på.

I vår gjennomgang av den norske Filmavisa sine fire fyrste årgangar etter andre verdenskrig har vi sett at den passar inn i Baechlin og Muller-Strauss sin filmavis-definisjon med omsyn til regularitet, samansetning, aktualitet, lengde, innhald og formidlingsmodus. Baechlin og Muller-Strauss sine internasjonale undersøkingar viste at dette var ein nokså vid sjanger. Dette gjaldt mellom anna med omsyn til innhald, der den politiske konteksten kunne spele ei viktig rolle, til dømes om det var fred eller krig.

Noreg var i desse etterkrigsåra prega av gjenreisingspolitikk og rettsoppgjeret, og i fyrste hovuddel såg vi at dette også var tema som var sentrale i Filmavisas reportasjar. I det fyrste etterkrigsåret var Filmavisa oppteken av å skode bakover i tid til dei fem tunge åra, og kor meir enn kvart fjerde innslag kunne knytast til hendingar under krigen. I dei neste årgangane dreide innhaldet gradvis over mot kategoriar som ein vanlegvis kan knytte til fredstid med blant anna sport/idrett som ein av dei største. På denne måten var innhaldet i slutten av undersøkingsperioden i ferd med å bli «normalisert». Likevel var hovudtendensen i desse fire årgangane at krigen hendingar satte eit betydeleg preg på Filmavisa.

I analysen av dei over 1400 reportasjane har vi særleg retta merksemda mot tre kategoriar. I den fyrste kategorien, *Rettsoppgjeret*, kartla vi innslag som var knytt til re-etablering av dei demokratiske institusjonane, det juridiske oppgjeret etter krigen, og det ein kan kalle ei militær og sivil opprydding. *Minneproduksjon* var den andre kategorien kor vi analyserte kordan Filmavisa framstilte krigen, både når det gjaldt konkrete hendingar, og symbol som kunne knytast til krigen. Den tredje kategorien, *Gjenreisinga*, dreide seg fyrst og fremst om det som føregjekk i notid; korleis næringslivet kom i gang igjen etter krigen, brente byar blei bygd opp att, og tiltak for å betre infrastrukturen. Under same kategori analyserte vi også innslag som omhandla gjenreisinga av forsvaret. I tillegg til denne fysiske gjenreisinga, var det fleire som i denne tida peika på at det var nødvendig å oppvise høg arbeidsmoral dersom

ein skulle klare å få landet på fote igjen. Det ein kan kalle moralsk gjenreising var difor også teke med i denne kategorien.

Den kvantitative undersøkinga viste at meir enn 2/3 av Filmavisa sine reportasjar den fyrste årgangen fall under desse kategoriane, og i løpet av heile fireårsperioden gjaldt dette om lag halvparten av alle innslaga. Store landssviksaker mot sentrale personar og den fyrste oppryddinga etter okkupasjonsmakta la beslag på mykje av sendetida til Filmavisa i den fyrste årgangen, kor nesten kvart femte innslag fall innanfor kategorien Rettsoppgjeret. Ein kan finne enkelte reportasjar frå rettssaker i dei neste årgangane også, men mot slutten av perioden var denne kategorien nesten heilt borte frå lerretet.

Noko av den same tendensen kan vi sjå når det gjaldt Filmavisas Minneproduksjon. I den fyrste årgangen var krigens hendingar eit sentralt tema i nesten kvar tredje reportasje. Det ville nok vere noko rart om ein skulle halde oppe eit så høgt tal også i dei komande årgangane, i konkurranse med anna type stoff. Men sjølvom frekvensen minka noko i dei neste årgangane, heldt Filmavisa minnet om krigen levande gjennom heile undersøkingsperioden. Det var gjennomsnittleg minst eitt innslag i denne kategorien i annakvar utgåve av Filmavisa i perioden mellom mai 1946 til mai 1949.

Det var vanskeleg å trekke eit klart skilje mellom kategoriane Rettsoppgjeret og Minneproduksjon. På mange måtar var reportasjar frå til dømes rettssaker også ei form for minneproduksjon der Filmavisa skapte ei førestelling om ulike sider ved krigen. Til ein viss grad kan ein hevde at reportasjar kring gjenreisinga av landet inneheldt eit liknande aspekt, ved at Filmavisa gav publikum ei førestelling om gjenreisingsperioden, som ein seinare kunne finne spor etter i den kollektive erindringa kring korleis ein bygde opp att landet. Gjennom heile perioden blei publikum mint på at det var knytt ein moralsk dimensjon til gjenreisinga, mellom anna med omsyn til eit krav om arbeidsinnsats. Gjenreisinga av hus, vegar og annan infrastruktur hadde ei stabilt brei dekning i Filmavisa frå fyrste stund. Arbeidet med å få hjula i gang i næringslivet var relativt lite dekt den fyrste årgangen, men fekk seinare ein meir sentral plass i Filmavisa. Opprustinga av forsvaret og alliansebygging blei dekt med reportasjar frå mange militærøvingar og framvisning av nytt militært utstyr. Gjenreisinga heldt seg stabilt som tema gjennom heile perioden, og med rundt 1/4 av tilfanget var spørsmålet om korleis ein skulle få landet på fote igjen ei problemstilling som publikum møtte på i kvar einaste utgåve av Filmavisa.

Filmavisa gav med andre ord Rettsoppgjeret, Minneproduksjon og Gjenreisinga ei massiv dekning, og med utgangspunkt i denne kvantitative undersøkinga gjekk vi eit steg vidare i å analysere *kordan* desse reportasjane kunne tolkast. I den vidare analysen måtte vi ta omsyn

til dette mediets spesielle formidlingmodus, kor blant anna kombinasjonen av levande bilde med kommentarar og musikk kunne påverke reportasjens tolkingsramme og meiningsproduksjon. I Filmavisa var det kommentarane som var det elementet som fyrst og fremst skapte meaning. Forholdet mellom forteljarstemma og bilde varierte. I nokon innslag var kommentarane eksplisitt knytt til det publikum såg, til dømes ved å fortelje namnet på personar vi såg. I andre innslag synest derimot dei levande bilda meir å vere illustrasjonar til det som blei sagt i kommentarane. Felles for alle innslag var det likevel at kommentarane var forklarande, i den forstand at kommentatoren synest å vere allvitande og på den måten avgrensa tolkningsrommet. På denne måten kan vi plassere Filmavisa innanfor det Bill Nichols kallar den *ekspositoriske modi*, der forteljarposisjonen er forklarande i høve til det publikum ser og høyrer.

I denne avhandlinga har vi fyrst og fremst vore opptatt av korleis vi kan tolke Filmavisa som ein *tekst*, kor kvar reportasje har mange meiningsberande element som kan ha fleire funksjonar. Vi har difor leita etter element i Filmavisa som kunne gje publikum ei førestelling om rettsoppgjeret, minnene om krigen og ulike sider ved gjenreisninga.

Dette er grunnen til at vi har teke utgangspunkt i *framingteori* kor det blir lagt vekt på at saker blir framstilt innanfor visse *tolkingsrammer*, og at publikum av den grunn kan ha ein tendens til å *tolke* desse sakene innanfor slike tolkingsrammer. I følgje denne teorien bidreg visse leide-trådar i teksten til å skape ei forståing av hendingar og sorterer inntrykka våre slik at verda framstår som forståeleg. Slike tolkingsrammer bidreg til å 1) definere og avgrense problemet, 2) identifisere årsaka til problemet, 3) gje grunnlag for moralske vurderingar, og 4) antyde løysingar og tiltak. Dette blir underbygd med forskjellige «verkemiddel» som vi kan lese ut av teksten. I Filmavisa kunne slike verkemiddel vere mellom anna det ein kan kalle den kjenslemessige basisen, kor teksten kunne gje uttrykk for at ein bør føle «skam» dersom ein ikkje ville hjelpe sine hardt råka landsmenn. Bruken av metaforar/sterotypiar, slik som «hjelpplause offer» og kva slags leksikalske val som ein lese ut av teksten var sjølvstøtt verkemiddel som kunne underbygge tolkingsramma. Sjølv om kommentarane var det elementet som fyrst og fremst skapte meaning, måtte vi i analysen også legge vekt på at Filmavisa viste levande bilde som kunne vere akkompagnert av «sørgmodig», «dramatisk» eller annan type musikk som kunne underbygge tolkingsramma. Vi har identifisert følgjande tolkingsrammer, som skjematisk kan framstillast slik:

Reasoning devices/Argumentasjon						Framing devices (selection)/Framing						
Frame	Problem definisjon	Tema	Årsak til problemet	Ansvar	Løysing	Moralsk grunnlag	Kjenslemessig grunnlag	Kulturelt motiv	Metafor/ stereotyp	Leksikalsk val	Visuelt bilde	Musikalsk bilde
Landssvikar-framing	Dei som sto på tysk side under krigen svikta landet.	Korleis skal vi reagere på landssvik?	Landssvikar-anes krigshandlingar, maktovertaking	Styresmaktene	Straffe landssvik, gjennomføre eit rettsoppgjer som er strengt og ein rettsstat verdig	Gjere det rette	Forakt, hemn, rettferd, skam, avsky, kyniske, framsto utan anger.	Det gode mot det vonde	Det gode mot det onde. Mørke og lys.	«Et ugjen-drivelig bevis på nazistenes barbari». «Retterdigheten skjer fyldest». «Degenerert» «Brautende»	Massegraver, Rinnan-banden og andre med alvorleg landssvik-tiltale i rettsalen	Dramatisk
Tyskar-framing	Den tyske okkupasjonen	Kva skal vi gjere med tyskarane?	Tyskland sine krigshandlingar i Noreg.	Styresmaktene	Sende dei fort ut av landet	Det er det rette	Hemn, forakt. Hån og latterleggjering av tyskarane. Feige	Umenneskelege	Barbar. Ren-gjoring. «Herrefolket»	«Nazismens vanvittige voldsherredømme» Kyniske, umenneskelige	Udisiplinerte, vandalisme, tortur, hånleg razzia	Dramatisk for å underbygge alvoret, men også munter musikk for å latterleggjere
Offer-framing	Individuelle og nasjonale tap. Sorg og sakk etter dei/det som ein har mista	Falne norske militære, sjømenn og motstands menn som falt under krigen	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar	Tyskar-ane og lands-svikarane	Alle gode nordmenn skal minnast deira offer	Moralsk plikt til å minnast deira offer.	«Ere, respekt, beundring for tapper innsats mot umenneskeleg fiende	Det gode mot det vonde	Fedre-lands-kjærleik	«De kjempet, de falt, de gav oss alb»	Minne-seremoniar, Konge-familien og stort publikum til stades, æresvakter	Sorgmodig
Motstands-framing	Ingen problem	Gode nordmenn som kjempa for eit fritt land. Kongen			Vi skal heidre heltane	Dei har utvist høg moral	Stoltheit, ære	Det gode mot det vonde	David mot Goliat	«Gutta på skauen» «Strålende innsats» «det norske folks ukuelige innsats mot undertrykkelse og diktatur.»	Vindjakke og nikkere, sabotasje, illegal verksemd. Kongen og konge-familien	Marsj

Reasoning devices/Argumentasjon						Framing devices (selection)/Framing						
Frame	Problem definisjon	Tema	Årsak til problemet	Ansvar	Løysing	Moralsk grunnlag	Kjenslemessig grunnlag	Kulturelt motiv	Metafor/ stereotyp	Leksikalsk val	Visuelt bilde	Musikalsk bilde
Dugnads-framing	Landet ligg nede materielt	Korleis skal landet bli gjenreist?	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Auka arbeidsinnsats	Moralsk plikt	Kjensle av solidaritet. Nasjonalt samhald	Verdien av å yte ein innsats for andre	Den nye arbeidsdagen	Glade barn og unge «Går på med liv og lyst» vs. «sabotører»	Store folke-masset. Kollektive dugnads-saksjonar frå «vanlege folk» vs vimmono-polke	Marsj
Gjenreisings-framing	Landet ligg nede materielt	Korleis skal landet bli gjenreist?	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Planmessig oppbygging, auka arbeidsinnsats	Moralsk plikt overfor dei som ofra livet under krigen	«Ere og kjensle av solidaritet	Verdien av å yte ein innsats for andre	«Den nye arbeidsdagen er begynt.»	«Gjenreising» «frie og selvstendige bygger vi en ny og lykkelig fremtid for landet.» Positive superlativ	Ruinar, svenskehus, menn i arbeid i solskin reiser nye hus	Marsj, nasjonal-romantisk
Næringsliv-framing	Næringslivet er sterkt svekka pga krigen	Korleis skal næringslivet bli gjenreist?	Tyskarane og landssvikaranes krigshandlingar og vanstyre	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Planmessig oppbygging, auka arbeidsinnsats	Moralsk plikt	Stoltheit, ære, flid, nasjonalt samhald	Verdien av å yte ein innsats for oss alle	moderne	«Moderne, planmessig. «Norske skip fra norske verft.» Positive superlativ	Nye hus, maskiner, materiell framgong	Marsj, moderne jazz.
Forsvars-framing	Landet manglar eit forsvar som kan stå imot angrep	Korleis skal forsaret bli sterkt nok?	Tysk okkupasjon som bevis	Styresmaktene og alle gode nordmenn	Bygge opp nytt og moderne forsvar	Moralsk plikt å forsvare landet	Stoltheit, ære, nasjonalt samhald	Verdien av å forsvare landet	Aldri meir 9. april	«Det er fart og presisjon over øvelsene.» «Den prektige jager.» [Commandolop] gir de fleste anledning til både å trene og herde kroppen, og oppleve snarrådighet og mot.»	Militer-øvingar, maskinløp marsjering, speidarleir	«Gammel jegermarsj» og andre militære marsjar, fanfare

Figur 13: Tolkingsrammer i Filmavisa, 1945 – 1949.

I hovuddel to forsøkte vi å finne svar på den fyrste delproblemstillinga: Korleis framstilte Filmavisa det norske rettsoppgjeret? I denne analysen tok vi med innslag som var knytt til re-etablering av dei demokratiske institusjonane, det juridiske oppgjeret etter krigen, og ei militær og sivil opprydding.

Filmavisa plasserte det juridiske rettsoppgjeret innanfor ei tolkingsramme vi kan kalle for *Landssvikarframing*, kor ho framstilte det som den rette løysinga på kva ein skulle gjere med landssvikarane, og som ein prosess som var ein rettsstat verdig. Filmavisa omtalte landssvik på fleire arenaer, blant anna gjennom reportasjar frå ulike rettsalar kor saker med alvorlege tiltaler

skulle handsamast, og kor det mellom anna dreide seg om statskupp, høgforræderi og utstrakt bruk av tortur. Filmavisa tok også publikum med til åstadar etter krigsbrotverk, blant anna ved massegraver der NS-medlemmar var blitt kommandert til å grave fram lik. Desse blei framstilt som landssvikarar som meir eller mindre var direkte medansvarlege for desse krigsbrotverka, saman med den tyske okkupanten. Filmavisa framstilte slike reportasjar og innslag kor ein rekonstruerte torturering av norske motstandsmenn som *synlege bevis* for ugjerningane som kommentatoren også *fortalde* om.

Filmavisa sitt *utval* av rettssaker ho valde å dekke oppfylte sjølvstøtt sentrale nyheitskriterier, ettersom dette var vesentlege nyheiter. Samtidig gav dette utvalet også visse rammer for Filmavisa si framstilling av kva som var landssvik. Dei fleste var nok klar over at dette var dei mest alvorlege sakene, og ikkje typiske for det store talet av rettssaker som fann stad under resten av Rettsoppgjeret. Men ein kan likevel spekulere vidare i om Filmavisa si framstilling som viste bilde av smilande medlemmer av Rinnan-banden, ein Dønnum i ein rettssal kor torturreiskapar blei lagt fram som bevis, eller anonyme NS-medlemmar framfor massegraver kunne påverke publikums førestelling om *kven* landssvikarane var og *kva* ugjerningar hadde dei gjort. Fleire av reportasjane gav ei førestelling om at det verkeleg var noko grunnleggande galt med desse som svikta landet sitt og sine landsmenn. Quisling blei framstilt som virkelegheitsfjern, og andre blei omtalt som «rotter» og framstilt med psykopatiske trekk, både som løgnaktige, kalde, brutale, kyniske og utan anger. Framstillinga av desse landssvikarane var på denne måten lite nyansert og stereotypisk. Sjølvom publikum nok klarte å skilje desse høgt profilerte landssvikarane frå «vanlege» landssvikarar, kan det tenkast at desse stereotypiane hadde ei ibuande gravitasjonskraft som på eit ubevisst plan trekte publikum i retning av ei endå meir negativ førestelling av «vanlege» landssvikarar.

Landssvikarane blei omtalt i fordømane, hånlege og foraktfulle ordelag, men noko eksplisitt forklaring på korfor ein hadde svikta sine landsmenn gav ikkje Filmavisa. For korleis kunne Filmavisa på den eine sida hevde at det låg i nordmenns natur å kjempe så heroisk at ein var villig til å ofre livet sitt for fedrelandet, samtidig som fleire titusen andre nordmenn stod tiltalt for landssvik? Dette syntes å vere eit paradoks som var vanskeleg å forklare på nokon annan måte enn at det kunne vere noko grunnleggande galt med landssvikarane, kanskje noko «unorsk». Rinnan var degenerert, hevda Filmavisa, og gav inntrykk av at fleire av hans bandemedlemmar var i mental ubalanse.

Ei form for avvik blei også vektlagt i Filmavisa si framstilling av dei kvinnene som hadde hatt eit forhold til tyske soldatar. I denne tida gjekk desse såkalla tyskertøsene gjennom eit utanom-rettsleg oppgjær for det som blei karakterisert som eit «seksuelt landssvik».

Avisspaltane var fylt med påstandar om at desse var mindre begava og seksuelt abnorme for å forklare korfor dei hadde innlete seg med tyskarane. Filmavisa gjengav ukritisk styresmaktens påstand om at $\frac{3}{4}$ av desse jentene hadde kjønssjukdomar, noko som underbygde påstanden om at desse jentene verkeleg var lausaktige og seksuelt abnorme. I andre reportasjar blei norske kvinner sin flørt med allierte soldatar derimot framstilt i positive ordelag

Filmavisa knytta landssvikarane til den tyske okkupasjonsmakta på ulike måtar, både som delaktige i konkrete krigsbrotverk, og som «fiendens skjendige handlingere». Innanfor ei *Tyskarframing* blei tyskarane også framstilt negativt, anten det var menige soldatar eller gestapistar. Ofte omtalte Filmavisa dei som «herrefolket» med ein sarkastisk referanse til nazistanes raseideologi. For kontrasten mellom denne ideologiens påstand om at dei tilhørde i høgareståande «herrefolk», og måten allminnelege tyske soldatar blei framstilt på var stor: Dei var feige, slumsete og brutale, eller sagt med Filmavisas ord: Dei var som lavareståande «barbarar.» I tillegg blei enkelte av dei høgare tyske offiserane framstilt som kalde og kyniske; kort sagt «umenneskelege». Det at tyskarane blei satt til livsfarleg minerydding og utsatt nedverdige nattlege razziar blei framstilt som legitimt. Sjølv om overraskande nattlege razziaer gjerne kunne bli framstilt som ein metode som var nødvendig for å finne tyske krigsforbryterar, blei slike aksjonar i større grad omtalt med eit sterkt element av hemnlyst retta mot tyskarane.

Sjølv om både tyskarane og landssvikarane blei framstilt i eit svært negativt lys, så kan ein i Filmavisas reportasjar identifisere ein noko meir hatsk tone retta mot landssvikarane. Kva kan vere årsaka til det? At eit land blei okkupert av ei framand makt var historisk sett ikkje uvanleg og noko ein kunne «forstå», ettersom andre statar per definisjon kunne vere ein potensiell fiende. Men at landsmenn, som i utgangspunktet skulle vere nokon ein spelte på lag med, valgte å svikte sine landsmenn var historisk sett mykje meir uvanleg og langt vanskelegare å forstå. Kjenslene retta mot landssviket og landssvikarane var difor sterke: Det var Quisling og landssvikarane som Filmavisa meinte hadde bragt skam over landet, ikkje tyskarane. Rettsoppgjeret blei framstilt som ei klassisk konflikt; det gode mot det vonde som sat på tiltalebenken. Men i motsetning til Judas Iskariot som i følgje Matteus angra på forræderiet sitt, gav Filmavisa ei førestelling om at både Rinnans «lokkeduer» og andre landssvikarar var utan anger. Dette må sjåast i lys av reportasjar som viste fram massegraver, torturinstrument og andre former for det ho framstilte som bevis for handlingar landssvikarane var ansvarleg for. Fråveret av anger for desse umenneskelege handlingane dei var ansvarlege for underbygde landsvikframingen om at rettsoppgjeret burde gjennomførast strengt.

Men fordi Filmavisa retta fokuset mot dei mest alvorlege formene for landssvik, var det andre former for «utilbørleg» samarbeid med okkupasjonsmakta som forblei i mørkre, utanfor tolkingsramma. Der var til dømes ingen reportasjar om dei mange nordmenn som hadde utført arbeid for tyskarane, og heller ingen innslag om dei som hadde tent gode pengar på handel med okkupasjonsmakta. Sjølv om fleire både dengong og seinare har stilt spørsmål ved om ikkje mange av desse hadde gjort seg skuldige i brotsverk som var minst like alvorleg som eit menig medlemskap i NS, så blei ikkje desse gruppene identifiserte som ein del av problemet innanfor Filmavisa sine tolkingsrammer for landssvik.

I hovuddel tre gav eg svar på den andre delproblemstillinga; *kva var Filmavisas minneproduksjon om krigen?* I denne analysen tok vi med innslag som viste korleis Filmavisa framstilte krigen, både konkrete hendingar og symbol som blei knytt til krigen. Her la vi særleg vekt på å finne korleis Filmavisa framstilte dei mange seremoniane som tok utgangspunkt i krigen.

På mange måtar kan vi identifisere ein overordna *Minneframing* som i frå nokon ulike vinklar gav ei førestelling om kva som hendte under krigen. Minneframingen kan delast inn i to tolkingsrammer som var relativt tett samanvovne. Den eine kan vi kalle *offerframing* kor krigens offer er det sentrale. Den andre, *motstandsframingen*, var retta mot kven som ytte motstand mot okkupasjonsmakta, og korleis dette blei gjort.

Reportasjar som viste avdukingar av minnesteinar og andre minnehøgtider var så mange og så einsarta, at dei kan seiast å vere det gjennomgåande *visuelle bildet* i offerframingen. Kongehuset, forsvaret og kyrkja var ofte representert ved desse seremoniane, og desse tre sentrale institusjonane i det re-etablerte demokratiet spelte ofte ei aktiv rolle gjennom taler, avduking og nedlegging av kransar. Dei andre deltakarane var i mange tilfelle passive tilskodarar som gjennom berre å vere til stades stilleiande stadfesta det som blei sagt i taler og andre symbolske handlingar. Kven som heldt talene hadde ulik symbolsk tyding, det vere seg representantar frå kongehus, militære, geistlege eller det sivile samfunn. Det var ofte ei viss rollefordeling mellom dei ulike talarane med omsyn til innhald. Verdslege talarar kunne leggje vekt på å knytte dei avlidne til ulike verdslege felleskap, mens geistlege la meir vekt på det religiøse fellesskapet. Bruken av det norske flagget spelte ofte ei viktig symbolsk rolle som uttrykk for det nasjonale fellesskapet.

Kven som var dei falne i reportasjene frå desse minneseremoniane, og kva dei falne representerte seier også noko om korleis Filmavisa framstilte krigen, og kven ho *definerte* som krigens offer. Dersom vi legg til grunn kor mange norske menneskeliv som var gått tapt som

direkte følgje av krigen og okkupasjonen, synest dei militære å vere overrepresentert, mens norske sjømenn som omkom ved krigsforlis og jødar er underrepresentert i Filmavisas reportasjar. Dei fleste seremoniane var retta mot ikkje-namnngjevne offer, og kan difor seiast å representere ei større gruppe som Filmavisas publikum kunne identifisere seg med, til dømes «sjømenn» eller «norske militære styrkar i utlandet». Nokon få, Wickstrøm og Hansteen, blei likevel identifisert og framheva som individuelle heltar, men representerte samtidig også dei fleire hundrede nordmenn som blei avretta under krigen. I 17. mai-reportasjane fekk publikum sjå at Hansteen og Wickstrøm blei opphøgd til nasjonale ikon på lik linje med Bjørnson og Wergeland. I slike reportasjar la Filmavisa vekt på at minne om krigens offer hadde tilført Grunnlovsdagen ei ny meining som nasjonal fridomsdag.

Filmavisa gav ei tolkingsramme for kven dei avlidne var, kva verdiar dei hadde døydd for, og kva deira offer skulle bety for dei komande generasjonane. Gjennom den gav Filmavisa publikum ei forståing for at mange av dei som hadde vore krigens offer skuldast at dei hadde ytt motstand mot okkupasjonsmakta. Innanfor ei *motstandsframing* blei denne underbygd av ein *følelsmessig basis* kor Filmavisa tok i bruk eit breidt register av ulike element. Blant anna kunne det *musikalske bilde* prega av sorgtung musikk få publikum til å føle alvoret i seremonien, og kor flittig bruk av salmar som «Alltid freidig» gav ei førestelling om at dei hadde vore villige til å ofre livet for fedrelandet. Val av sitat framheva enkelte delar av budskapet til talarane, og nærbylde av pårørande kunne mane fram empatien blant Filmavisas publikum. Særleg gjennom kommentarane satte Filmavisa desse seremoniane innanfor ei bestemt tolkingsramme: Dei falne norske soldatane hadde kjempa ein heroisk kamp mot ei militær overmakt. Dei sivile ofra hadde også utvist heroisk mot i sin motstand mot okkupasjonsmakta. Alle hadde dei vore villige til å gje livet sitt for fedrelandet. Blant dei mange talene som Filmavisa refererte til, var det ein hovudbudskap knytt til kva publikum burde føle som ofte blei gjenteken: Dei som overlevde krigen hadde ei *moralsk plikt* til å for alltid minnast dei som gav livet sitt for fedrelandet. Ein var også forplikta til å gjenreise landet for å fullføre denne fridomskampen som dei hadde ofra livet sitt for. Ein kan seie at Filmavisa knytte minneproduksjonen og gjenreisinga saman i ei tolkingsramme som kan oppsummerast i «Opplysningskomiteen for gjenreisning» sitt slagord: «Hatten av for fortiden, jakka av for fremtiden»: I denne tolkingsramma var den sentrale budskapet at ein skulle ære dei som under krigen hadde gjort store offer og kjempa for norsk sjølvstende ved å brette opp ermene og utvise høg arbeidsmoral i gjenreisinga av landet.

Alle reportasjene frå desse minneseremoniane hadde klare referansar til krigen og kan seiast å vere ein del av Filmavisas Forteljing om krigen. Det gjeld også andre reportasjar som

endå meir eksplisitt var knytt til motstandsarbeid, mellom anna då Filmavisa viste heimestyrkane paradere oppover Karl Johans gate. Desse blei framstilte som geriljakrigarar som i dugnadsand og drivne av fedrelandskjarleik hadde mobilisert til kamp mot okkupasjonsmakta. Denne tolkingsramma blei underbygd gjennom ei framstilling kor vanlege norske menn var David som hadde utkjempa den klassiske kampen mellom det gode og det vonde, og som med list hadde nedkjempa Goliat, ei umenneskleg tysk krigsmaskin. Desse såkalla «gutta på skauen» blei framholdt som heltar og eit viktig symbol på motstandskampen. Likeeins blei sabotørar omtalt som modige og dristige, men utan at publikum fekk vite kven det var som hadde utført sabotasjeaksjonene. Det einaste unntaket var Max Manus som var knytt til Milorg, mens kommunistane sine sabotasjeaksjonar blei anten ignorert eller ikkje identifisert.

Det store omfanget av reportasjar frå seremoniar til minne om både sivile og militære falne gav ei førestelling av at krigsmotstanden hadde foregått over ein brei front. Tilhøvet mellom desse «gode nordmenn» som hadde engasjert seg i motstandsarbeid og «landsvikarar» blei framstilt som eit dualistiske forhold, reflektert i Filmavisas ordval. Motstandsfolk hadde blant anna ført ein «ærefull» kamp, mens dei som hadde svikta landet hadde påført «skam» over sine landsmenn.

Reportasjen frå då Kongen steig i land etter fem år i eksil var eit av dei fyrste innslaga der Filmavisas publikum kunne sjå *levande* bilde av Kong Haakon og kongefamilien, og sidan kom det om lag kvar veke nye reportasjar der kongefamilien var representert. På denne måten blei kongefamilien som mediefenomen tilført ein ny dimensjon, og var truleg til stades i publikums medvit i større grad enn før krigen. I Filmavisa sine mange reportasjar kor kongefamilien hadde ei sentral rolle og blei framstilt som eit nasjonalt samlande symbol kan difor ha styrka kongehuset sin autoritet til å kunne gje eit visst «godkjenningstempel» på kva som var den «rette» versjonen av Forteljinga om krigen. Dette gjaldt fyrst og fremst i reportasjar der Kongen eller Kronprinsen i rolla som seremonimeistrar bidrog til å gje ei førestelling om at det var *slik* det illegale arbeidet hadde foregått, det var *desse* som var krigens offer, *dette* var dei lidningane det norske folk blei påført, og motstandskampen mot okkupantane *var* massiv og blei ført på mange frontar. I desse reportasjane gav Filmavisa ei tolkning av *korleis* Forteljinga om krigen skulle bli forstått. Såleis var kongehuset ein sentral del av det *visuelle bilde* som understøtta offerframingen og motstandsframingen. Samtidig kan fleire reportasjar der kongehuset spelte ei viktig rolle knytast til spørsmålet om legitimering av makt i det re-etablerte demokratiet. Til dømes kan heimestyrkane si paradering oppover Karl Johans gate opp mot

slottet tolkast som ein måte å synleggjere makta på, og med folkets hyllest som understøtta ei tolkingsramme som legitimerte det re-etablerte demokratiet.

I hovuddel fire forsøkte vi å finne svar på den tredje delproblemstillinga; korleis framstilte Filmavisa det ein kan kalle den fysiske og moralske gjenreisinga av landet? Sjølv om gjenreisinga her var delt inn på ulike samfunnsområde, var det visse fellestrekk ved Filmavisa si framstilling kor vi kan identifisere ein overordna *gjenreisingsframing*. Gjennom sine reportasjar framheva Filmavisa at landet materielt sett låg nede, og årsaka til dette problemet var den tyske okkupanten og implisitt deira norske medløparar, som i tillegg til bombing av norske byar og andre krigshandlingar var ansvarlege for eit styresett som hadde ført til materielle manglar i dei fleste sektorar. Løysinga på problemet var fyrst og fremst auka arbeidsinnsats, og ansvaret for at ein skulle lukkast med gjenreisinga la Filmavisa i fyrste rekkje på den jamne mann og kvinne.

Denne tolkingsramma blei underbygd på noko ulike måtar innanfor dei ulike sektorane, men den *moralske basisen* var nokså lik, anten det gjaldt gjenreising av næringsliv, forsvaret eller infrastruktur. I slike reportasjar gav Filmavisa ei førestelling om at dei som overlevde krigen hadde ei *moralsk plikt* overfor krigens offer til å gjere sitt ytterste for å gjenreise landet. Den *kjenslemessige basisen* la vekt på at dette var eit spørsmål om ære og kor nasjonalt samhold og solidaritet både var rett og nødvendig i ein kritisk situasjon for landet.

I august 1945 hadde samlingsregjeringa utnemnd det den kalla «Opplysningskomitéen for gjenreisning» som var sett saman av representantar frå regjeringa, pressa og dei sentrale partane i arbeidslivet. Filmavisa og andre delar av pressa skulle gje sitt bidrag til denne komiteens opplysningskampanje kring gjenreisingsarbeidet. Dette var ei oppgåve som Filmavisa synest å ha teke svært alvorleg. For henne var det eit uttalt mål at ho ville vise kva store gjenreisingoppgåver som låg føre, men også kva framsteg som blei gjort som kunne gje grunn til optimisme. Ulike sider av gjenreisingsarbeidet var tema i ei eller fleire reportasjar i kvar einaste utgåve. Filmavisa si framstilling av gjenreisinga blei mellom anna påverka av at ho fylgde i fotspora til Gjenreisingkomiteen sine reiser til nedbrende byar. I desse reportasjane filma fotografane øydeleggingane etter tyske krigshandlingar, og gav ei førestelling av kva store problem landet stod overfor. Men Filmavisa gav også eit visuelt bilde av kva som var løysinga på gjenreisingsproblemet. Dette var til dømes bilde av menn i arbeid med å reise hus fulgt av ei *musikalsk bilde* som underbygde ei førestelling av at det gjekk framover i marsjetakt. Dei *leksikalske vala* var også i samsvar med opplysningskomiteens ønskje om at Filmavisa skulle bidra til å spreie informasjon og ikkje minst optimisme kring gjenreisingsarbeidet. Filmavisa

framheva at det var «Vi» som bygde landet, og at det var nødvendig å løfte i flokk skulle vi lukkast som nasjon. Kommentaranene vende seg til publikum med eit imperativ om at det «må jobbes», samtidig som at Filmavisa satte sin lit til at problema «vil bli avhjulpet».

Filmavisa pleide å setje likskapsteikn mellom det moderne og framgong, og det gjaldt innanfor alle sektorar. Nærbilde av maskiner og raske, korte filmklipp mellom ulike delar av arbeidsprosessane understreka at arbeidet gjekk hurtig og gav ei førestelling om at moderniseringa økte produktiviteten, til glede for eit land med stor varemangel. Også reportasjar i frå militærøvingar gav ei førestelling om at moderne våpen var ein viktig del av gjenoppbygginga av ein sterk forsvarsevne. Filmavisa gav også ei førestelling av at forsvars*viljen* hadde brei oppslutnad med kvinner og menn som frivillig stilte seg til teneste for forsvaret, barn som med «liv og lyst» trente på å bli soldatar og byar som adopterte krigsskip. Det visuelle bilde i mange reportasjar var i stor grad retta mot menneskemassar. Individet blei på eit vis borte i eit menneskehav ved til dømes store opptog eller linjegymnastikk-oppvisning. Dette understøtta ei tolkingsramme der ei form for kollektiv målsetjing var viktigast, mens individet mest av alt hadde sin verdi som eit tannhjul i det store gjenreisingsmaskineriet og etter kva nytte ein kunne gjere for fedrelandet.

Den fysiske gjenreisinga av landet knytta Filmavisa til det ein kan kalle ei moralsk gjenreising med appellar om høg arbeidsmoral og ueigennyttig innsats i solidaritet med dei som var verre stilt. Det *visuelle bilde* var gjerne glade born og unge som utførte dugnad, fulgt av eit muntert *musikalsk bilde* som understreka at dugnaden gjekk lett som ein leik. I slike reportasjar og i innslag frå minneseremoniar etter krigens offer vendte Filmavisa seg eksplisitt til publikum i trua på at kjensler som skam og ære skulle få dei til å føle ei moralsk plikt som skulle utløyse dugnadsanden.

I reportasjar kring alkoholforbruk, ulovleg hyttebygging og smugling retta Filmavisa ein harmdirrande moralsk peikefinger mot feil prioritering av tidsbruk og andre ressursar som ho meinte kunne hindre gjenreisinga. Men innanfor gjenreisingsframingen retta Filmavisa i endå større grad merksemda mot det som blei framheva som det moralsk rette; dugnad, solidaritet og høg arbeidsmoral. Det var i det heile få reportasjar som knytte gjenreisingsspørsmålet til noko negativt, og Filmavisa uttrykte stor tillit til at styresmaktenes politikk skulle føre fram til gode resultat. Kvinner som protesterte mot forsynings situasjonen blei ufarleggjort, og framstilt meir som ein kuriositet enn som ein reell kritikk mot styresmaktenes gjenreisingpolitikk.

På denne måten gav Filmavisa ei førestelling av at styresmaktenes politikk på dette området var fornuftig og noko som skapte materiell framgong. Filmavisa lovde at dei problema

som ein såg ville «bli avhjulpet», og satte bilde frå fabrikkar og husbygging innanfor ei tolkingsramme som påsto at hjula var godt i gang igjen i næringslivet, og at folk ville få tak over hovudet takka vere god arbeidsinnsats, men også styresmaktenes planmessige og fornuftige gjenreisingspolitikk. Denne politikken framstilte Filmavisa med andre ord som noko som burde nytte borgarane sin tillit og lojalitet, ja som legitim. Dette gjaldt også for rettsoppgjeret, som blei framstilt som moralsk rett og gjennomført i pakt med ein rettsikkerhet som var ein rettsstat verdig. Bilde frå opning av massegraver, utbomba byar og andre krigsbrotverk samanstillt med reportasjar som synte Rinnan og andre tiltalte som tilsynelatande var utan anger, bidrog til å legitimere eit strengt rettsoppgjeret. Den same funksjonen hadde dei mange minneseremoniane, kor publikum både fekk sjå dei pårørande etter krigens falne, og nærast føle deira tunge sorg og kjensle av tap. Også reportasjar som blant anna viste kongefamilien vende tilbake til landet etter år i eksil og utnemninga av samlingsregjeringa i 1945 blei satt innanfor tolkingsramma kor denne maktovertakinga var uproblematisk og legitim. I sum kan vi difor gje følgjande svar på hovudproblemstillinga: *Filmavisa satte det re-etablerte demokratiets gjenreisingspolitikk innanfor ei tolkingsramme kor både rettsoppgjeret og den fysiske gjenreisninga blei framstilt som fornuftig og rettvis, og som noko alle nordmenn burde slutte opp om, og at ho i stor grad bidrog til å legitimere denne politikken. Dette blei understøtta ved at minnene etter krigen blei satt i ei tolkingsramme kor nordmenn hadde ei moralsk plikt til å gjenreise landet og for alltid minnast dei som gav livet sitt for fedrelandet.*

I slike analyser av ein medietekst kan ein ofte finne motstridande tolkingsrammer, og det kan difor vere eit sentralt poeng å finne kva tolkingsramme er det som kan seiast å ha vore dominerande. Men blant dei åtte tolkingsrammene som vi har identifisert i Filmavisa har vi ikkje funne nokon som er i strid med kvarandre. Tvertom så var argumentasjonen og måten dei ulike tolkingsrammene blei understøtta på nokså lik og konsistent, der til dømes tolkingsrammene av gjenreisninga og rettsoppgjeret blei *forsterka* av Filmavisas offerframing og motstandsframing. Filmavisa lagde med andre ord ei nokså *einsretta* tolkingsramme for korleis ein skulle forstå rettsoppgjeret, gjenreisninga og minnene etter krigen.

Denne einsrettinga kan forklarast mellom anna ved å sjå på kva utval av hendingar ein valde å lage reportasjar kring, og kva aspekt ved desse hendingane Filmavisa la vekt på, til dømes innanfor gjenreisingsframingen. Vi har tidlegare å peika på det nære sambandet mellom Filmavisa og den såkalla Opplysningskomiteen for gjenreisning som ein faktor som kan bidra til å forklare Filmavisa si tolkingsramme av gjenreisninga. I denne komiteen var dei som var ansvarlege for gjenreisingspolitikken tungt representert, med statsråd Jens Chr. Hauge i spissen. I ein klassisk kommunikasjonsmodell kan vi plassere Filmavisa som Sendar. Det som likevel

synest klart er at løfte ho gav til Opplysningskomiteen for gjenreising gav sterke føringar for Bodskapen ho presenterte for publikum. Både i innhald, formidlingsmodus og frekvens kan ein særleg karakterisere Filmavisa sine mange gjenreisingreportasjar som ein systematisk måte å kommunisere på som synest å ha til føremål å forme publikum si haldning i samsvar med Opplysningskomiteen for gjenreising sine interesser. Kva måte Filmavisa kommuniserte på, og spørsmålet om kven som var sendar eller «den eigentlege sendar» vil nok enkelte knytte til eit spørsmål om dette var ei form for «propaganda». Det er på sida av denne avhandlinga si problemstilling å slå fast om Filmavisa var propaganda eller ei, men hennar løfte til denne komiteen om å bidra til skape ei positiv haldning til gjenreisingsarbeidet kan nettopp vere ein god grunn til nemne eit uttrykk som propaganda i denne samanhengen.

I vår tid er nok propaganda eit negativt lada uttrykk som mange truleg forbind med at ein gjennom media brukar løgn og andre uheiderlege middel for å skape ei forvrengt bilde av verda, med den hensikt å manipulere publikum sine haldningar. Denne førestellinga om propaganda er ofte knytt til totalitære regime med utstrakt kontroll over media, slik som til dømes NS-regimet som systematisk forsøkte å bruke den norske filmrevyen under andre verdskrigen som ein (propaganda-)reiskap for å få det norske folket til å slutte opp om nyordninga.

Det finst mange ulike oppfatningar eller definisjonar på «propaganda», blant anna at det berre er ei skildring av kommunikasjonsprosessen kor sendaren har til hensikt å overtyde mottakaren. Lat oss sjå Filmavisa i lys av Encyclopædia Britannica sin definisjon:

Dissemination of information—facts, arguments, rumours, half-truths, or lies—to influence public opinion. Propaganda is the more or less systematic effort to manipulate other people's beliefs, attitudes, or actions by means of symbols (words, gestures, banners, monuments, music, clothing, insignia, hairstyles, designs on coins and postage stamps, and so forth). Deliberateness and a relatively heavy emphasis on manipulation distinguish propaganda from casual conversation or the free and easy exchange of ideas. The propagandist has a specified goal or set of goals. To achieve these he deliberately selects facts, arguments, and displays of symbols and presents them in ways he thinks will have the most effect. To maximize effect, he may omit pertinent facts or distort them, and he may try to divert the attention of the reactors (the people whom he is trying to sway) from everything but his own propaganda.¹

Det som synest klart er at sjølv om Filmavisa blei fødd i tida då demokratiet og ei fri presse blei re-etablert, gav truleg hennar løfte til Opplysningskomiteen sterke føringar for det ho presenterte for publikum: Filmavisa hadde ein formålsretta kommunikasjon; den skulle ikkje berre opplyse om, men også skape entusiasme kring gjenreisinga. Gjennom ein paternalistisk

¹ www.academic.eb.com (Encyclopædia Britannica).

og forklarande voice-over ser det ut som ein forsøkte å overtyde publikum om at det var ei moralsk plikt og materielt sett heilt nødvendig å ta i eit ekstra tak å bidra til gjenreisinga. Filmavisa var lojal og ukritisk overfor styresmaktenes politikk, og gav ei førestelling om at den var den rette for å løyse problema som okkupasjonstida hadde påført landet gjennom eit selektivt utval av reportasjar i den forstand at dei aller fleste var retta mot materielle framsteg. Svart arbeid, korrupsjon eller liknande fenomen som kunne undergrave gjenreisinga blei stort sett ignorert av Filmavisa. Heller ikkje i framstillinga av det juridiske oppgjeret etter krigen var Filmavisa kritisk til styresmaktenes politikk. Sjølv om det fantes nok av saker der det kunne reisast tvil om både rettsgrunnlaget og straffereaksjon, blei rettsoppgjeret framstilt som rettferdig og at det oppfylte alle krav om rettssikkerhet. Måten Filmavisa presenterte gjenreisinga og rettsoppgjeret kan difor seiast å falle innanfor denne definisjonen av propaganda.

Filmavisa fungerte såleis som ein reiskap som opererte i samsvar med målsettingane til Opplysningskomiteen for gjenreising, men dette stod ikkje i motsetning til haldninga som fleire medarbeidarar stod for, nemleg at dette mediet *burde* etter beste evne bidra til å gjenreise landet. Difor kunne truleg medarbeidarane i Filmavisa oppfatte Opplysningskomiteens føringar som uproblematisk i høve til prinsippet om redaksjonell fridom. Ein av Filmavisa sine fotografar, Bredo Lind, meinte at som medium hadde Filmavisa eigenskapar som gjorde ho særdeles godt eigna til å opplyse, og at ho difor kunne vere eit godt verkemiddel for å byggje landet. Lind hevda at levande bilde var eit språk som alle kunne forstå, og at kombinasjonen av levande bilde, lyd og musikk kunne gje lydfilmaviser ei suggesiv slagkraft. Dette grunn gav han med å hevde at den «er bygd på fakta uten tilsetning av «fiction»», og at dette var ei framstillingsform som skapte ein tillit blant publikum. Denne tilliten meinte Lind skuldast at kameraet i seg sjølv var objektivt, og at publikum trudde mest på det dei kunne sjå med sine egne auge.

Lind peikte her kva effekt han trudde eit medium som Filmavisa kunne ha på publikum, utifrå førestellinga om at det levande bilde hadde ei overtydande kraft. Tittelen til denne avhandlinga peikar på den same problemstillinga. Den refererer til kommentarane til reportasjen frå opninga av massegravene på Håøya og Trandum, der publikum fekk sjå «et ugjendrivelig bevis på nazistenes barbari.» Også i fleire andre reportasjar la Filmavisa fram visuelle «bevis» for brotsverk som ho sa okkupasjonsmakta og landssvikarar var skuldige i, både frå rettssalar, lager med øydelagde radioapparat og tjuvgods for å nemne nokon. Også når det gjaldt dei mange gjenreisingsreportasjene fekk publikum med sine egne auge sjå «bevis» for at det gjekk framover på mange felt.

Vi veit sjølvsagt at alle medium, også dei som har levande bilde, har verkemiddel som er i stand til å skape ulike førestellingar av verda kring oss. Nokon av dei er så langt unna «verkelegheita» at dei på ingen måte kan sjåast på som vassette «bevis» i den forstand Lind legg til grunn. Det kan likevel hende at publikum oppfatta Filmavisa som svært truverdig; både fordi ein kunne ha lett for å tru på det ein såg med sine eigne auge, men også fordi den hevda at den var partipolitisk nøytral.

Denne avhandlinga har ikkje hatt ambisjonar om å måle kva *effekt* Filmavisa hadde på publikum. Derimot har den vist at Filmavisa framstilte sentrale politiske saker innanfor visse tolkingsrammer, og i følge framingteori kan publikum ha hatt ein tendens til å *tolke* Filmavisas reportasjar innanfor dei same tolkingsrammene. Det er naturleg i slutten av denne avhandlinga å peike på vidare forsking som kan utvide kunnskapen om korleis rettsoppgjeret, forteljinga om krigen og gjenreisinga blei framstilt i media. Filmavisa opererte i eit medielandskap kor avisene var viktige medium, dominert av ein stor flora av partiaviser. Vi veit framleis lite om avisene sine tolkingsrammer kring desse sentrale politiske spørsmåla, og om ein til dømes kan ein finne partipolitiske skiljelinjer eller nasjonal konsensus i avisspaltene. Her gjenstår det store oppgåver for framtidige forskarar.

Litteratur og kjelder

17. mai-program for Oslo 2015. Oslo kommune, 2015

Aktuelle økonomiske problemer: 10 populær-foredrag ved universitetslærere (1948) Utg. av Sentralkomiteen for økt arbeidseffektivitet i samarbeid med Universitetet i Oslo. Oslo.

Andenæs, Johs. (1979) *Det vanskelige oppgjøret. Rettsoppgjøret etter okkupasjonen*, Oslo, Tanum.

Andenæs, Johs. (1987) *Et liv blant paragrafer, juridisk stridsspørsmål slik jeg så dem*, Oslo, Gyldendal.

Andenæs, Johs. (1994) *Straffen som problem*, Halden, Exil.

Aukrust, Odd (1945) *Hva krigen kostet Norge*, Oslo, Dreyer.

Baechlin, Peter og Muller-Strauss, Maurice (1952) *Newsreel Across the World*, Paris, UNESCO.

Baldwin Van Gorp, Culture and Protest in Media Frames (2014:75-90) I *Media and Revolt – Strategies and performances from the 1960s to the Present*. Kathrin Fahlenbrach, Erling Sivertsen and Rolf Werenskjold (eds.).

Barstad, Tor Arne (1987) *Pelle-gruppa - sabotører på Østlandet 1944 -45*, Oslo, Cappelen.

Bentsen, Morten (2004) «Henlagte saker I Kristiansand politidistrikt 1945 -51» i Dahl og Sørensen (red.) *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo, Pax.

Berggrav, Eivind (1945) «Folkedommen over NS» i *Kirke og Kultur* 1/1945, Oslo.

Brazier, Eirik (2004) «Tjeneste for fienden med våpen i hånd» i Dahl og Sørensen (red.) *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo, Pax.

Brandal, Nikolai (2004) «En rettstat verdig» Oppgjøret i Stortinget 1945 - 50» i Dahl og Sørensen (red.) *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo, Pax.

Brinch, Sara og Iversen, Gunnar. (2001) *Virkelighetsbilder. Norsk dokumentarfilm gjennom hundre år*. Oslo, Universitetsforlaget.

Bogen, Bjarne (1998) *Mellom tradisjon og modernisering*, Oslo, Novus

Bordwell, David og Thompson, Kristin (2013) *Film Art: An introduction (10. utg.)*, New York, McGraw-Hill.

Bordwell, David og Thompson, Kristin (1997) *Film Art: An introduction (5. utg.)*, New York, McGraw-Hill.

Borge. Bård H. (2002) *De kalte oss naziyngelel. NS-barnas historie 1940-2002*, Oslo, Det norske Samlaget.

Dahl, Hans Fredrik m.fl., (1993) *Utskjelt og utsolgt - Dagbladet gjennom 125 år*, Oslo, Aschehoug.

Dahl, Hans Fredrik (red.) (1995) *Norsk krigsleksikon*, Oslo, Cappelen.

Dahl, Hans Fredrik «Quislings hjerne». *Dagbladet* 4.2.2005.

Dahl, Hans Fredrik (2004) *Quisling – en norsk tragedie*, Oslo, Aschehoug.

Dahl, Hans Fredrik og Sørensen, Øystein (2004) «Et parti av lovbrytere» i Dahl og Sørensen (red.) *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo, Pax.

Dahl, Hans Fredrik og Sørensen, Øystein (red.) (2004) *Et rettferdig oppgjør – Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo, Pax.

de Figueiredo, Ivo (2004) «Et rettferdig oppgjør? Etterkrigsoppgjøret som rettslig og historisk problem» i Dahl og Sørensen (red.) *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo, Pax.

Det norske Arbeiderparti, Beretning 1948 (1948), Oslo.

de Vreese, Claes (2005) “News Framing: Theory and Typology” I *Information Design Journal* (13). London.

Eide, Martin og Rasmussen, Terje (1985) «Kildene, makten og æren» i *Nytt Norsk Tidsskrift* (4), Oslo.

Ellingsen, Dag (1993) *Krigsprofitørene og rettsoppgjøret* Oslo, Gyldendal.

Elster, Jon (2004) *Oppgjøret med fortiden*, Oslo, Pax.

Engelstad, Arne (2000), *Interart: gjennom epokene med litteratur, bildekunst og musikk*, Bergen, Fagbokforlaget.

Entman, Robert (1993) “Framing. Towards Clarification of a Fractured Paradigm” I *Journal of Communication* (43), London.

Entman, Robert (2003) *Projections of Power: Framing News, Public Opinion, and U.S. Foreign Policy*, Chicago, University of Chicago Press.

Entman, Robert (2007) “Framing Bias: Media in the Distribution of Power” I *Journal of Communication* (57), London.

Entman, Robert, Matthes, Jörg et al. (2009) “Nature, Sources, and Effects of News Framing” i *The Handbook of Journalism Studies*, New York, Routledge.

Eriksen, Anne (1995) *Det var noe annet under krigen, 2. verdenskrig i norsk kollektivtradisjon*. Oslo, Pax.

Evensmo, Sigurd ([1967] 1992) *Det store tivoli. Film og kino i Norge*. Oslo, Gyldendal.

Fahlenbrach, Kathrin, Sivertsen, Erling and Werenskjold, Rolf (eds.). (2014) *Media and Revolt – Strategies and performances from the 1960s to the Present*, New York, Berghahn Books.

Fellesprogrammet, (1945).

Fielding, Raymond (1978) *The March of Time, 1935 – 1951*, New York, Oxford University Press.

Furre, Berge (2007) *Norsk historie 1914 – 2000*, Oslo, Det norske samlaget.

Giertsen, Børre (red.) (1946) *Norsk Fangeleksikon, Grinifangene*, Oslo, Cappelen.

Gitlin, Todd (2003) *The Whole World is Watching: Mass Media in the Making & Unmaking of the New Left*. Berkeley, University of California.

Gogstad, Anders Chr. (2003) *Men seier'n var vår*, Bergen, Institutt for samfunnsmedisinske fag, Universitetet i Bergen.

Grønlie, Tore (1973) *Jern og politikk 1945—1955. AS Norsk Jernverk — beslutningsprosessen fra plan til produksjon*, Bergen, Universitetsforlaget.

Hall, Stuart (1973) *Encoding and decoding in the television discourse*, Birmingham, Centre for Contemporary Cultural Studies, University of Birmingham.

Hansen, Stig Jarle (2007) *Doktrineutforming i Heimevernet 1970-2000*, Oslo, Abstrakt forlag.

Hardy, Forsyth (1979) *Grierson on documentary*, London, Faber and Faber.

Helseth, Tore (2000) *Filmrevy som propaganda. Den norske filmrevyen 1941 – 45*, Oslo, Universitetet i Oslo.

Hjeltnes, Guri (red) (2010) *Norsk presses historie – band 3: Imperiet vakler*, Oslo, Universitetsforlaget.

Hoel, Sigurd (1947) *Møte ved milepelen*, Oslo, Gyldendal.

Hoem, Edvard (1989) *Til ungdommen, Nordahl Griegs liv*. Oslo, Gyldendal.

Jaklin, Asbjørn (2011) *De dødsdømte*, Oslo, Gyldendal.

Jakobsen, Jan Åsmund (1993) *Norsk filmrevy årgang 1949: en filmsosiologisk innholdsanalyse*. Oslo.

Kulturstatistikk 2013, (2014) Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

Lind, Bredo (1946) ”Fotografiet som psykologisk dokument i krig og fred” i *Bildet lever. Oslo kamera klubbs fotokavalkade 1921 – 1946*, Oslo, Grøndahl.

Lippmann, Walter, (1922) *Public Opinion*, New York, Harcourt, Brace.

Luihn, Hans (1999) *De illegale avisene i Norge 1940 – 45*, Oslo, Nasjonalbiblioteket.

Lunde, Leikny (2003) «*Filmproduksjonens økonomiske vilkår i Noreg*. Hovudfagsoppgåve for cand.polit.grad, UiB, Bergen.

Løtvedt, Jan Alfred (1996) Working in newsreels i Smither, Roger and Klaue, Wolfgang (eds) (1996): *Newsreels in Film Archives - A Survey Based on the FIAF Newsreel symposium*, Wiltchire.

McKernan, Luke (ed.) (2002) *Yesterday`s news: the British cinema newsreel reader*, London, British Universities Film & Video Council.

Messaris, Paul og Abraham, Linus (2001) «The Role of Images in Framing News Stories”. S. 215 -226 I “*Framing Public Life – Perspectives on Media and Our Understanding of the Social World*” Stephen D. Reese, Oscar H. Gandy, Jr. , August E. Grant. New Jersey.

- Middelthun, Kari (1992) *Svidd gummi: Viking-Askim 1920-91*, Rakkestad, Valdisholm.
- Milward, Alan S. (2006) *The Reconstruction of Western Europe 1945 -51* London, Routledge.
- Mortensen, Rolf (red.) (1946) *Bildet lever. Oslo kamera klubbs fotokavalkade 1921 – 1946*, Oslo, Grøndahl.
- Musser, Charles (1990): *The emergence of cinema : the American screen to 1907*. New York.
- Nichols, Bill (1991) *Representing Reality: Issues and concepts in documentary*, Bloomington, Indiana University Press.
- Nichols, Bill (2001) *Introduction to documentary*, Bloomington, Indiana University Press.
- Nino, Carlos Santiago (1996) *Radical Evil on Trial*, New Haven, Yale University Press.
- Nøkleby, Berit (1996) *Skutt blir den-: tysk bruk av dødsstraff i Norge 1940 – 45*, Oslo, Gyldendal.
- Nøkleby, Berit (2004) *Krigsforbrytelser: brudd på krigens lov i Norge 1940-45*, Oslo, Pax.
- Olsen, Kåre (1998) *Krigens barn: De norske krigsbarna og deres mødre*, Oslo, Forum Aschehoug.
- Om landssvikoppgeret* (1962), Justis- og Politidepartementet, Gjøvik/Mariendal.
- Pedersen, Terje A. (2006) *Tyskerjenter i Norge. Reaksjoner og klippeaksjoner, 1940 – 1946*, Universitetet i Oslo.
- Pedersen, Terje A. (2012) *Vi kalte dem tyskertøser*, Oslo, Scandinavian Academic Press.
- The Penguin Film Review nr. 8 (1949), London
- Pronay, Nicholas og Spring, D.W. (eds.) (1982): *Propaganda, politics and film 1918-45*. London.

Pronay, Nicholas og Wilson, Keith (eds.) (1985): *The Political Re-education of Germany and her allies after World War II*. London.

Reese, Stephen, Gandy, Oscar and Grant, August (2001) *Framing Public Life*, New Jersey/London, Lawrence Erlbaum Associates.

Reinaas, Trond. (1980) *Isfront – silkefront? Oslopressen og holdninger til landssvikoppgjøret 1945-1948*, hovedoppgave i historie, Trondheim.

Scheufele, Dietram og Tewksbury, D. (2007) “Framing, agenda setting, and priming: the evolution of three media effects models”. I *Journal of Communication* (57), London.

Sellereite, Bente (1983): *Filmavisen 1945 - 1963 - folkeopplyser med levende bilder*. Trondheim.

Senje, Sigurd (1986) *Dømte kvinner: tyskerjenter og frontsøstre 1940 – 1945* Oslo, Pax.

Skalpe, Ingar O. (2004) «Undersøkelsen av Quislings hjerne» i *Tidsskrift for den Norske Legeforening*; 124:3239 – 41.

Smither, Roger and Klaue, Wolfgang (eds) (1996): *Newsreels in Film Archives - A Survey Based on the FIAF Newsreel symposium*, Wiltshire.

Solomon, Robert C. (1993) *The passions: Emotions and the Meaning of Life*, Indianapolis, Hackett.

Solumsmoen, Olaf og Larsen, Olav (red) (1967): *Med Einar Gerhardsen gjennom 20 år*, Oslo.

Stridsklev, Inger C. (2005) «Quisling» i *Tidsskriftet for den Norske Legeforening*; 125:1539.

Sørensen, Bjørn (1996): “The voice of reconstruction: the Norwegian postwar newsreel” i Smiter and Klaue (eds.), *Newsreels in Film Archives - A Survey Based on the FIAF Newsreel symposium*, Wiltshire.

Tankard, James W. (2003) "The Empirical Approach to the Study of Media Framing. Perspectives on Media and our Understanding of the Social World" i *Framing Public Life*, Reese, Stephen, Gandy, Oscar and Grant, August, New Jersey/London, Lawrence Erlbaum Associates.

Van Gorp, Baldwin, (2014) "Culture and Protest in Media Frames" (2014:75-90) i *Media and Revolt – Strategies and performances from the 1960s to the Present*. Fahlenbrach, Kathrin, Sivertsen, Erling and Werenskjold, Rolf (eds.), New York, Berghahn Books.

Vaale, Lars-Erik (2004) *Dommen til døden*, Oslo, Pax.

Vesaas, Tarjei (1945) *Huset i mørkret*, Oslo, Gyldendal.

Våre falne: 1939 - 1945 (I-IV) (1949 – 1951) Oslo, Grøndahl.

Werenskjold, Rolf (2006) "Utenriksjournalisten Ingebrigt Løberg" i *Pressehistoriske skrifter* (6).

Werenskjold, Rolf (2012) *That`s the Way it is? Medienes rolle i proteståret 1968*, Oslo, Universitetet i Oslo.

Østbye, Helge og Ture Schwebs (2007): *Media i samfunnet*. Oslo: Samlaget. 5 utg.

Østbye, Helge m.fl. (2007): *Metodebok for mediefag*. Oslo, Fagbokforlaget. 3. utg.

Aviser

Aftenposten, diverse årgangar.

Dagbladet, diverse årgangar.

Friheten, diverse årgangar.

Verdens Gang, diverse årgangar

Sunnmørsposten, 8. mai – 1. juli 1945.

Bergens Tidende 8. mai – 1. juli 1945.

Kjelder på World Wide Web:

www.aktive-fredsreiser.no
www.ballade.no
www.academic.eb.com (Enclycopædia Britannica)
www.falstadsenteret.no
www.gymogturn.no
www.hvitebusser.no
www.lottene.no
www.snl.no (Store Norske leksikon)
www.nkpmn.org
www.rinnanbanden.no
www.sffarkiv.no
www.speidermuseet.no
www.strindahistorielag.no
www.thor-dahl.lardex.net
www.wikipedia.no
www.viten.com

Film

Agnell, Sigurd (1945) *Finnmark på kryss og tvers – landet som tyskerne brente* (dokumentarfilm).

Conradi, Morten og Rakkenes, Øystein (2013) *Det siste vitnet* (dokumentarfilm).

Arkiv:

Norsk Film AS – katalog over Norsk Filmrevy 1945 – 1963.

Munnlege kjelder:

Intervju med Knut Jørgen Erichsen, 24.11.2000.

Intervju med Rolf Kirkvaag, 23.11.2000.

Intervju med Sigurd Tønsberg 19.10.2004

Intervju med Ragnar Ulstein, 15. mars og 6. april 2000

Telefonsamtale med Kari Mette Bjørset Ringen, 1.10.2010.

Vedlegg: